Oversikta viser dei tiltak som barnevernet har sett i verk etter omsorgsovertakinga, samt opplysningar om ev. samvær. Det er kun i ei av omsorgsovertakingane det er dokumentert tiltak i ettertid.

3.3.4 Barnevernet sitt oppfølgingstilsyn med fosterheim

Barnevernet skal føre tilsyn med fosterheim for å vurdere om denne fungerer til det beste for barnet. Tabellane syner kommunen sine 13 omsorgsborn som var plasserte i fosterheim/institusjon 2013-2015, derav 5 nye i kontrollperioden. Ein av desse er over 18 år i 2015.

Kommunen hadde pr 31/12-2015 3 omsorgsbarn plasserte i kommunen, 7 omsorgsbarn plasserte i andre kommunar og 2 på institusjon. I tillegg hadde kommunen 8 frivillig plassert/ettervern, men desse er ikkje med her. Tabellen nedanfor viser barnevernet sitt antal oppfølgingsbesøk av fosterheim.

		Oppfølgingsbesøk		
Klientnr	**Fosterheimskommune**	**2015**	**2014**	**2013**
1	Hareid	0	2	2
2	Nordfjord	3	3	
3	Nordfjord	2	4	
4	Over 18 i år 2015		2	
5	Institusjon			
6	Institusjon			
7	Giske	3	2	6
8	Giske	4	2	4
9	Ålesund	0	1	1
10	Ålesund	2	5	1
11	Volda	1	1	
12	Volda	3	4	
13	Volda	2	2	2

Dei som framstår med raud skrift har hatt for lite tilsyn/besøk, og tabellen tek hensyn til ev. plasseringar midt i året

Det er to plasseringar frå desember 2015, og det kan forklare kvifor tilsyn ikkje har vore utført. Vi har ikkje funne dokumentasjon på at det i nokon av sakene har vore beslutta å ha 2 tilsyn pga at barnet har vore i fosterheim i over 2 år og at forholda er stabile.

3.3.5 Politiattest

Det interkommunale barnevernet sine rutinar tilseier at barnevernskonsulentane ansvar for å krevje politiattest av oppdragstakarar som skal ha utbetalt godtgjersle frå Volda kommune som vertskommune. Dette gjeld fosterheimar, besøksheimar og tilsynsførar mv. Kontorpersonale ved barnevernet registrerar motteken attest ved å hake av i fagsystemet Familia, samt handsame attesten etter gjeldande regelverk om oppbevaring/makulering. Attesten skal ikkje registrerast som innkomen post i Familia. Politiattestane vert oppbevart på mappene til oppdragsansvarleg i lag med teiepliktsskjema, timelister mv.

3.4 Vurdering

Tiltak før omsorgsovertaking-tiltaksplanar:

Av rettleiaren frå BLD går det fram at tiltaksplanar er eit viktig verktøy i barnevernsarbeidet av fleire grunnar; den faglege kvaliteten kan verte styrka på fleire måtar gjennom aktiv bruk av tiltaksplanar, dei sikrar openheit og tydelegheit som er særs viktig innanfor ei teneste der mange er ambivalent til å motta hjelp og slike planar gir auka forutsigbarheit noko som er vesentlege element i forhold til klientane sin rettstryggleik.
Barnevernstenesta i Volda hadde utarbeida tiltaksplanar for 6 av dei 7 borna som vart omsorgsovertekne i kontrollperioden 2013-2015. I alle desse sakene er det sett i verk fleire tiltak over fleire år.

I ei sak er det ikkje registrert tiltak i perioda før omsorgsovertaking utover beredskapsheim/institusjon, og her mangla det også tiltaksplan.

Tiltak etter omsorgsovertaking:
I 6 av 7 saker forelåg det omsorgsplan, dvs. at det mangla i ei sak. Det er eit krav at det skal ligge føre foreløpig omsorgsplan ved omsorgsovertakelse, og endeleg omsorgsplan skal ligge føre innan to år etter vedtak i fylkesnemda. Dette er forøvrig same sak som mangla tiltaksplan, jfr ovanfor.

Det låg føre lite eller ingen dokumentasjon i klientmappene om tiltak retta mot opphavlege foreldre/heim, og evt. tiltak med tanke på tilbakeføring. I flg barnevernsleiar vert mange foreldre følgt opp sjølv om dette ikkje er registrert i klientmapper/fagsystem, og at mykje av kontakta forgår pr. telefon. Det vert og vist til at nokre foreldre ønskjer ikkje å ha kontakt med barnevernet, men at det er kontakt med foreldra i forbindelse med samvær, opptil fleire gongar pr. år. Det er uråd å kontrollere påstandane, og om det er sett inn tiltak for å hjelpe foreldre etter ei omsorgsovertaking då det ikkje er dokumentasjon/kontrollspor.

Kontrollen viste at 4 av omsorgsbarna i kontrollperioden vart plassert i fosterheim innan familie/nær relasjon.

Oppfølgingsbesøk:
Barnevernstenesta har ikkje oppfylt kravet om stadlege besøk i fosterheim/oppfølging av barnet i kontrollperioden. Kravet er 4 besøk i fosterheimen pr år, alternativt 2 besøk for dei som er har vore plasserte i meir enn to år. I 2013 var det manglar i oppfølging for 4 av 6 omsorgsbarn, i 2014 var det manglar ved 8 av 11 omsorgsbarn og i 2015 var det ikkje tilfredsstillane oppfølging av 9 av 10 omsorgsbarn.

Politiattest:

Kontrollen på stikkprøvebasis synte at rutinen kring innhenting av politiattest fungerte, men det er ikkje etablert rutine for makulering når arbeidsforholdet er avslutta.
Volda kommune har plassert sine omsorgsborn også i andre kommunar, og det er ikkje vurdert desse kommunane sine rutinar i høve innhenting av politiattest, då tilsynsansvaret ligg til opphaldskommunen/fosterheimskommunen og ingen krav til at omsorgskommunen skal bli orientert.
Iflg forskrifta skal politiattestane oppbevarast så lenge vedkomande er tilsett i oppdraget, og deretter makulerast.

3.3.3 Konklusjon

Kommunen har tilfredstillande rutinar i høve utarbeiding av tiltaksplanar, men planar mangla i ei av sju saker.

Ved seks av sju omsorgsovertakingar i kontrollperioden var det sett i verk eit eller fleire tiltak over tid i heimen før omsorgsovertaking. Det ligg utanfor dette prosjektet å vurdere type tiltak og omfang.
I ei sak var det ikkje sett i verk tiltak før omsorgsovertaking. I denne saka har omsorgsovertakinga vorte omgjort til hjelpetiltak etter eit år, og er fortsatt eit hjelpetiltak.

Det mangla omsorgsplanar for ei av sju omsorgsovertakingar.

Det låg føre lite eller ingen informasjon i høve tiltak eller oppfølging av opphavlege foreldre/heim etter omsorgsovertakinga. Av dei 7 omsorgsovertakingane i kontrollperioden var 4 plasserte i familie/nære relasjonar.

Barnevernet si lovpålagte oppfølging av fosterheim/omsorgsbarn har ikkje fungert tilfredstillande etter gjeldande regelverk, då barna(fosterheimane) ikkje har hatt tilstrekkeleg med årlege oppfølgingsbesøk. Iflg. barnevernsleiar er det i 2016 sett i verk tiltak kring dette.

Politiattest i høve fosterheimsplasseringar der det interkommunale barnevernet v/Volda kommune er oppdragstakar vert innhenta og oppbevart, men kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld makulering.

4 PROBLEMSTILLING 2:

Fylgjer kommunen regelverket mht. tilsynsførarrolla ?

4.1 Innleiing

Tilsyn og kontroll i høve barn i fosterheim, er ei svært viktig oppgåve for barnevernet og tilsynsførar. Dette for å følgje opp korleis barnet har det etter at det er fatta vedtak om omsorgsovertaking og vert plassert i ny heim/institusjon. Kontrollen omfattar rutinane kring regelmessig tilsyn og kontroll ved fosterheimen, samt tilsynsførar si rapportering til barnevernet. Barnevernet i fosterheimskommunen har ansvar for at tilsynsførar vert oppnemde og at det vert utført tilstrekkeleg med lovpålagte tilsyn.

Tilsynsførar skal ha ei uavhengig rolle i forhold til både fosterfamilie og barnevern.

Rapporten tek utgangspunkt i fosterheimsforskrifta som var gjeldande fram til 2014, då kommunen ikkje har endra praksis.

4.2 Revisjonskriterium

4.2.1 Tilsynsførar-tilsyn med barn i fosterheim

Det er barnevernstenesta i fosterheimskommunen som har ansvaret for at det blir ført tilsyn, og skal umiddelbart etter fosterheimsplassering oppnemne tilsynsførar. Alle born som er plassert i fosterheim skal ha ein tilsynsførar, og det skal gjennomførast tilsyn frå tidspunktet omsorgsovertakinga skjer fram til barnet har fylt 18 år. Ved oppnemning av tilsynsførar bør barn over 7 år få høve til å uttale seg før tilsynsførar vert valt.

Tilsynet har som formål å kartlegge og vurdere korleis fosterheimen fungerer og omsorga barnet får i fosterheimen, for å sjå om føresetnadane for plasseringa vert følgt opp.

Tilsynsførar skal føre tilsyn med barnet så ofte som nødvendig og minimum fire gongar pr år. Første besøk skal skje så raskt som mulig etter plassering, og anbefalt innan 14 dagar. Tilsynsførar skal etter kvart besøk skrive rapport frå besøket. Rapporten skal sendast til barnevernstenesta i den kommunen som har ansvaret for at tilsyn vert utført. Dersom dette er ein annan kommune enn omsorgskommunen skal det sendast kopi til omsorgskommunen.

4.2.2 Tilsynsførar-tilsyn med barn i institusjon

I forskrift om tilsyn med barn i barnevernsinstitusjon går det fram av § 3 at *«fylkesmannen i det fylket institusjonen ligger har ansvaret for at det blir ført tilsyn i overensstemmelse med denne forskriften»*. Tilsynsmyndigheita skal sjå til at institusjonen tek i vare dei føresetnader som ligg til grunn i barnevernstenesta eller fylkesnemnda sine enkeltvedtak for det enkelte barn. Ved tilsynet skal tilsynsmyndigheita ha kontakt med det enkelte barn, og når alder/modning tilseier det skal barnet spørjast om sitt syn på opphaldet.

Det skal vere minst fire besøk pr. år, derav to uanmeldt. Tilsynsrapport skal sendast institusjon og statleg regional barnevernsmyndigheit. Omsorgskommunen får ingen rapport.

4.2.3 Tilsynsførar-uavhengigheit, politiattest og rapportering

Av retningslinjer for fosterhjem kap. 12 går det fram av 12.3 at:
Tilsynsføreren skal ha en uavhengig rolle i forhold til barneverntjenesten og fosterforeldrene, jf. fosterhjemsforskriften § 8, tredje ledd. Det er barneverntjenesten som oppnevner tilsynsførere og tilsynsførerordningen er administrativt knyttet til barneverntjenesten. Ut over dette bør tilsynsfører ikke ha noen tilknytning til barneverntjenesten. Det er således som en hovedregel ikke adgang til å oppnevne ansatte i barneverntjenesten som tilsynsførere. Rent unntaksvis, dersom det ikke er mulig å finne kvalifiserte tilsynsførere som ikke har tilknytning til barneverntjenesten, vil det kunne være mulig å oppnevne en tilsynsfører som er ansatt i barneverntjenesten. Det er som en hovedregel heller ikke adgang til å oppnevne slekt, venner eller bekjente av fosterforeldrene som tilsynsførere.
Fosterheimsforskrifta §§ 8 og 9 gir vidare informasjon om korleis tilsynet skal utførast.

Tilsynsførar krav til politiattest
Forskrift til politiattest § 4:
Kommunen skal kreve politiattest etter barnevernloven § 6-10 første ledd fra personer som skal utøve tilsyn med barn i fosterhjem etter barnevernloven § 4-22.

Tilsynsrapportar - innhald:
Krav til innhald i tilsynsrapportane er heimla i fosterheimsforskrifta § 9. Rapporten skal gi ei vurdering av barnet sin situasjon, og kva forhold vurderingane bygger på, og om det har vore samtaler med barnet (det skal leggast til rette for samtale utan at fosterforeldra er tilstade).

Oppsummering
- Barn i fosterheim skal ha oppnemnd tilsynsførar, og det skal gjennomførast minimum fire tilsyn pr. år av tilsynsførar. Når barnet har fylt 15 år kan tal besøk reduserast til 2 gongar pr. år forutsatt at omsorgskommunen har samtykka
- Barn plassert i institusjon har ikkje krav om eigen tilsynsførar, men Fylkesmannen i institusjonskommunen har ansvar for tilsyn med institusjon og barn. Tilsynsrapport går til statleg regional barnevernsmyndigheit
- Det skal skrivast rapport frå tilsynsbesøket i fosterheim, og som skal gå til omsorgskommunen
- Tilsynsførar bør ikkje ha tilknyting til barnevernet eller fosterforeldre
- Tilsynsførar må legge fram politiattest
- Tilsynsrapportane skal innehalde ei vurdering av barnet sin situasjon. Kva forhold desse vurderingane bygg på, og om det er lagt til rette for åleine samtalar med barnet.

4.3 Tilsynsførarrolla

4.3.1 Kontroll av tilsynsførarordninga

Kommunen har tilsynsansvar for 34 barn pr. 31/12-2015, av dette 3 omsorgsborn frå Volda kommune og 31 barn frå andre kommunar

Kommunen har pr 31/12-2015 plassert 7 omsorgsborn i andre kommunar og desse har fått oppnemnd tilsynsførar av fosterheimskommunen. Barnevernstenesta har eit eige tilsynsansvar med fosterheimen i desse tilfella (sjå eige pkt 3.3.4). I tillegg er 2 plassert i institusjon, og for slike plasseringar gjeld ikkje ordninga med tilsynsførar.

Tabellen nedanfor viser tilsynsbesøk utført av oppnemnd tilsynsførar:

Tilsynsbesøk – tilsynsborn i Volda kommune:

			Tilsysnrapportar- tilsynsførar		
Klientn	**Omsorgskommune**	**Fosterheimskommu**	**2015**	**2014**	**2013**
1	Volda	Volda	2	4	
2	Volda	Volda	4	3	
3	Volda	Volda	2	1	0
4	Klæbu	Volda	0	ia	ia
5	Skodje	Volda	4	4	9
6	Stranda	Volda	4	4	
7	Sula	Volda	3	7	
8	Ålesund	Volda			
9	Selje	Volda	4	5	3
10	Selje	Volda	4	5	3
11	Vanylven	Volda	0		
12	Fræna	Volda	3	4	3
13	Fræna	Volda	3	4	3
14	Ålesund	Volda	4	1	1
15	Ålesund	Volda	2	0	0
16	Ålesund	Volda	2	0	0
17	Ålesund	Volda	5	0	0
18	Ålesund	Volda	3	2	1
19	Ålesund	Volda	3	2	1
20	Steinkjer	Volda	4		
21	Vanylven	Volda	0	0	2
22	Sande	Volda	4	4	2
23	Sande	Volda	4	4	2
24	Haram	Volda	2	2	0
25	Skodje	Ørsta	3		
26	Vanylven	Ørsta	2	0	2
27	Ålesund	Ørsta	4	4	4
28	Ålesund	Ørsta	4	3	4
29	Sandefjord	Volda	4	4	4
30	Sandefjord	Volda	4	4	4
31	Ålesund	Ørsta	3	0	0
32	Ålesund	Ørsta	3	0	0
33	Ålesund	Ørsta	2	1	2
34	Ålesund	Ørsta	1		

Dei som framstår med raud skrift har hatt for lite tilsyn, og tabellen tek hensyn til ev. plasseringar midt i året.

Omsorgsbarn i andre kommunar:

			Tilsysnrapportar- TF		
Klient	**Omsorgskommune**	**Fosterheimskommu**	**2015**	**2014**	**2013**
1	Volda	Hareid	2	2	1
2	Volda	Nordfjord	4	3	
3	Volda	Nordfjord	5	3	
4	Volda	Over 18		4	
5	Volda	Giske	1	0	3
6	*Volda*	Giske	1	0	3
7	*Volda*	Ålesund	2	0	1
8	*Volda*	Ålesund	2	3	4

Dei som framstår med raud skrift har hatt for lite tilsyn, og tabellen tek hensyn til ev. plasseringar midt i året.

Det er ikkje etablert rutiner for å dokumentere uavhengigheit.

Politiattest vert ikkje registrert i journal på klient, men ligg i mapper på oppdragstakar. Dette er kontrollert på stikkprøvebasis.

4.4 Vurdering

Tilsynsbesøk:

Kommunen hadde tilsynsansvar med 34 barn som er plasserte i Volda kommune pr 31/12-2015, men ei av sakene gjeld plassering 15/12 og tilsyn kjem derfor ikkje før i 2016. Alle tilsynsborn som er plasserte i Volda har oppnemnd tilsynsførar pr. 31/12-15, men i fleire tilfeller har det gått lang tid frå plassering til oppnevning av. Regelverket anbefalar at første tilsyn bør finne stad innan 14 dagar.

Tilsyn av uavhengig tredje person er ein kontroll med fosterheimen som kjem i tillegg til den kontrollen barnevernet sjølv skal utføre. Tilsynsførar skal minimum besøke fosterheimen fire gongar i året.

Kontrollen avdekka at under halvparten har hatt tilfredsstillande tilsynsbesøk i 2015, i 2014 var det også under halvparten. Dette var ei klar forverring i forhold til år 2013, då det var tilfredsstillande tilsynsførarordning i over to tredjedelar av sakene. Oversikta viser at tre born ikkje har hatt tilsyn i det heile teke i 2015, og det eine barnet hadde heller ikkje tilsyn i 2014. Dei to andre har kome til kommunen i 2015, hhv i juni og november.

Volda kommune hadde plassert 8 barn i andre kommunar som kjem inn under tilsynsførarordninga (institusjonsplasserte skal ikkje ha tilsynsførar), der ein var over 18 år i 2015. 5 av 7 har ikkje hatt tilfredsstillande tilsyn frå fosterheimskommunen i 2015, og 4 av

desse har heller ikkje hatt tilfredsstillande tilsynsordning noko år i vår kontrollperiode. 3 av desse barna var heilt utan tilsynsførarbesøk i 2014. Samla var det 7 av 8 omsorgsbarn som ikkje hadde tilfredsstillande tilsyn frå fosterheimskommunen i 2014, medan tilsvarande tal for 2013 var 4 av 5. Dette viser at tilsynsførarordninga ikkje har fungert for fleirtalet av borna det enkelte år, og verst var det i 2014. Det er likevel snakk om berre ei lita bedring for 2015.

Fleire av omsorgsbarna har hatt lite tilsyn både frå barnevernet og tilsynsførar, men det er ikkje avdekka omsorgsbarn som har vore utan tilsyn frå nokon av instansane eit år. Det er imidlertid avdekka tilfeller av at barn ikkje har hatt tilsyn frå barnevernet, og kun 2 tilsyn frå tilsynsførar og motsatt. Ser ein på begge ordningane skal det minimum vere 8 oppfølgingar/tilsyn i året (dersom det ikkje er gjort vedtak om reduksjon). I 2015 hadde 6 av 10 frå 2 til 4 besøk, medan ingen hadde 8 slik regelverket tilseier.

Volda kommune skal ha kopi av alle tilsynsrapportar der borna er plasserte i andre kommunar, og ein må anta at det derfor ikkje er gjennomført fleire tilsynsbesøk enn det som er registrert/ligg føre. Volda kommune skal ha kopi av alle tilsynsrapportar for omsorgsbarna som er plasserte i andre kommunar, og har ansvar for å følgje opp rapporten og umiddelbart sørge for å følgje opp forhold som gir grunn til bekymring. Dette er eit viktig ansvar for å sikre barnet sitt behov. Det er viktig at barnevernet følgjer opp og purrar på manglande tilsyn hjå fosterheim også utanfor eiga kommune, sjølv om det er fosterheimskommunen sitt ansvar å oppnevnte tilsynsførar og få ordninga til å fungere.

Tilsynsførarordinga – uavhengigheit - politiattest
I flg. fosterheimsforskrifta skal tilsynsførar ha ei uavhengig rolle i forhold til både barnevernstenesta og fosterheimen. Barnevernsleiar opplyser at dei ikkje har noko form for å dokumentere tilsynsførar si uavhengigheit. Det er derfor uråd å kontrollere om tilsynsførar er tilstrekkeleg uavhengig.

Ifg. barnevernsleiar er kommunen si rutine at barnevernskonsulentane har ansvar for å krevje politiattest . Kontorpersonale ved barnevernet registrerer motteken attest ved å hake av i fagsystemet Familia, samt handsame attesten etter gjeldande regelverk om oppbevaring/makulering. Attesten skal ikkje registrerast som innkomen post i Familia. Politiattestane vert oppbevart på mappene til oppdragsansvarleg i lag med teiepliktskjema, timelister m.v. (same prosedyre som ved fosterheim og besøksheim og liknande.)
Det er ikkje etablert rutine for makulering av attestane når oppdragstakar sluttar.

Barnevernsleiar har opplyst at dei vil innføre uavhengigheitserklæringar frå 2016, og innhente politiattestar.

Tilsynsrapportar:
Rapportane skal gi ei vurdering av barnet sin situasjon. Det skal gå fram kva vurderingane av barnet sin situasjon bygg på, og om det har vore samtaler med barnet. Det skal leggast til rette for samtale med barnet utan at fosterforeldra er tilstade, når alder og kommunikasjon

gjer dette muleg. Det vart brukt forskjellige malar av tilsynsførarane, der det var ferdig utarbeida ledetekstar. Ikkje alle dekker krava til innhald i rapportane, m.a. manglar det i enkelte tilfelle opplysningar om kor vidt det har vore samtalar med barnet utan andre tilstade. Enkelte rapportar er «tynne» medan andre er fyllestgjerande, og dette skil seg frå tilsynsførar til tilsynsførar. Barnevernet bør følgje opp at rapportane har tilfredstillande innhald slik at barnevernet som har omsorgsansvar kan vurdere om fosterheimen fungerer tilfredstillande .

4.3.3 Konklusjon

Barnevernet si oppfølging av tilsynsførarordninga av barn plasserte i fosterheim i Volda kommune vert ikkje tilfredsstillande fylgt opp, då meir enn halvparten av tilsynsborna ikkje har fått dei rettmessige tilsyn i 2015 og 2014. Barnevernet må også vurdere om rutiner for oppnevning av tilsynsførar i eiga kommune er god nok då kontrollen viser at det i ein del tilfeller går lang tid mellom plassering og oppnevning.

Oppfølging av kommunen sine omsorgsbarn som er plasserte i fosterheim i andre kommunar har heller ikkje vore tilfredsstillande. Barnevernstenesta må derfor skjerpe rutinane kring oppfølging av tilsynsførarar.

Det er relativt stor variasjon på kvaliteten på tilsynsrapportane. Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp ev. forhold som kjem fram i rapportane, og det er derfor viktig at rapportane sitt innhald er dekkande for intensjonen med tilsynsordninga bl.a. samtalar med barnet. Manglande rapportar/tilsyn må følgjast opp.

Det vart ikkje dokumentert eigenvurderingar eller andre tiltak m.o.t. vurdering av tilsynsførar si uavhengigheit til barnevern og fosterforeldre, og det er derfor ikkje muleg å kontrollere om tilsynsførarane er tilstrekkeleg uavhengig både barnevernstenesta og fosterheimane.

Kommunen har rutinen kring innhenting av politiattestar, men kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld makulering.

5 ARBEIDSGODTGJERSLE OG UTGIFTSDEKNING – fylgjer kommunen regelverket

5.1 Innleiing

Kommunane sentralforbund (KS) gir kvart år ut veileiande satsar for arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning. Arbeidsgodtgjersla er skattepliktig for mottakar, men utgiftsdekninga er skattefri forutsett at ein nyttar KS sinesatsar. Utbetaling utover KS-satsar må dokumenterast særskilt, og grunngjevast. Vi har registrert at det vert dekka utgifter utover KS-satsar, og etter innspel vil vi kartlegge omfanget av dette, og evt. bruk av frikjøp i arbeid i staden for arbeidsgodtgjersle. I denne samanheng ser vi berre på utbetalingar for 2015.

5.2 Revisjonskriterium

KS veiledende satser for fosterhjem per barn per måned fra og med 1.juli 2014

Alder	Utgiftsdekning	Arbeidsgodtgjøring	Samlet godtgjøring
0-6	4 766	7 440	12 206
6-11	5 920	7 440	13 360
11-15	6 470	7 440	13 910
15 år og eldre	7 030	7 440	14 470

KS veiledende satser for fosterhjem per barn per måned fra og med 1.juli 2015

Alder	Utgiftsdekning	Arbeidsgodtgjøring	Samlet godtgjøring
0-6	4 870	7 600	12 470
6-11	6 040	7 600	13 640
11-15	6 600	7 600	14 200
15 år og eldre	7 175	7 600	14 725

I flg. BUF dir. (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet) kan det i ei overgangsperiode ver behov for forsterking og tettar oppfølging av barnet ved t.d. frikjøp frå arbeid for fosterforeldre. Det går fram av eksempelsamling at det dette er å vurdere som arbeidsgodtgjersle og er skattepliktig.

5.3 Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning - fakta og vurdering

5.3.1 Fakta

I utgangspunktet skulle undersøkinga belyse total kostnader pr. fosterbarn. Det interkommunale barnevernet/Volda kommune brukar ikkje økonomidelen av Familia, og heller ikkje mulegheitene som er i Agresso der arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning vert registrert fortløpande og dei fører heller ikkje manuelle «klientkort». Barnevernsleiar opplysar at det no er iverksett ein prosess for å ta i bruk økonomidelen i Familia.

Det er litt ymse korleis dette vert gjort i dei andre kommunane på Søre Sunnmøre og det er derfor ikkje muleg å få noko samanlikninga med andre kommunar over totale kostnader pr omsorgsbarn, men vil samanlikna omfang av utgiftsdekning, arbeidsgodtgjersle og frikjøp i arbeid så langt dette er muleg.

KS kjem med nye satsar gjeldande frå 1.juli kvart år. Tabellen nedanfor viser fosterheimsgodtgjersle etter statens satsar, kommunen si utbetaling av fosterheimsgodtgjersle og frikjøp av fosterheim som er utbetalt direkte eller til arbeidsgivar. Det er teke omsyn til antal månader for dei som har hatt redusert år. I denne oppstillinga er det også med godtgjersle til fosterheimar etter frivillig plassering, sjølv om dette vert definert som hjelpetiltak.

Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning 2015 – Volda barnevern

Klient	KS-sats arb.godtgj.	KS-sats utg.dekn.	Utbet arb.godt.	Utbet utg.dekn.	Frikjøp	Sum kostnad	Arb/frikjøp/ utg.dekn utover KS-sats
(65, 72, og Ste	270 720	248 880	693 709	352 605		1 046 314	526 714
42,34	180 480	156 840	595 680	274 860		870 540	533 220
32	90 240	71 760	180 480	69 452		249 932	87 932
37	90 240	85 230	180 480	135 745		316 225	140 755
55	90 240	78 420	410 261	78 420		488 681	320 021
13	90 240	85 230	451 080	85 230		536 310	360 840
152	90 240	71 760	285 600	85 230		370 830	208 830
96 eller 105	150 400	119 500	254 754	119 500		374 254	104 354
11	90 240	85 230	270 720	85 230		355 950	180 480
82	90 240	85 230	172 880	85 230		258 110	82 640
49 eller 52	90 240	85 230	180 480	85 230		265 710	90 240
3	90 240	85 230	90 240	85 230		175 470	-
79	90 240	85 230	90 240	85 230		175 470	-
74	90 240	85 230	90 240	12 000		102 240	-73 230
6	90 240	78 420	287 940	126 790		414 730	246 070
186	90 240	57 816	91 200	57 816		149 016	960
Sum	1 774 720	1 565 236	4 325 984	1 823 798	-	6 149 782	2 809 826

Tabellen tek hensyn til reduserte satsar KS der det er gjort plassering i året (2015). Kommunen har i tillegg 2 born plassert i institusjon, og kostnader til desse plasseringane er ikkje med.

Tabellen ovanfor viser kommunen sine utgifter til arbeidsgodtgjersle, utgiftsdekning og frikjøp som kommunen har omsorg for eller som er frivillig plassert eller på etterven. Totalt utgjer kostnadane kr. 6.149.782,-, herav kr. 4.325.984,- i arbeidsgodtgjersle og kr. 1.823.798,- i utgiftsdekning. Kommunen har ikkje kostnader til frikjøp.

Samla utbetalingar utover KS sine satsar er kr. 2.809.826,-.

Det er i tabellen ikkje teke med kostnadar til avlastning/besøksheimar då det har vore vanskeleg å få fullstendig oversikt over dette.

Samanlikning med andre kommunar:

Arbeidsgodtgj. og utg.dekn utover KS-sater pr barn
Kommunane på Søre Sunnmøre

Utbetaling til fosterfamilie	*barn	Herøy	Hareid	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	1	251476	91946		130904	386510	526714	181600
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	2	128105	229905		0	209551	533220	45120
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	3	348431	424122		353010	184130	87932	164926
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	4	4170	90240		492324	181680	140755	0
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	5	522298	0		172945	103478	320021	488190
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	6	8149	347728		172385	90240	360840	180360
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	7	16574	287080		220750	314556	208830	0
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	8	5099	-18180		220750	60582	198784	129450
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	9		242760		128064	61160	180480	65407
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	10		-17468		90240		82640	157680
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	11		-17468		137998		90240	329962
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	12		153966		52756		0	272678
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	13		-1385		93690		0	
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	14				22334		-73320	
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	15				275712		246070	
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	16				0		960	
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	17				0			
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	18				280264			
		1284302	1813246	0	2844126	1591887	2904166	2015373
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats pr barn		160538	139480	0	158007	176876	181510	177254

* Barn plassert hos familie som ikkje mottek arb.g.gjersle er halde utanfor

Tabellen viser meirutbetalinga utover KS-sine satsar for det einskilde omsorgsbarn i dei respektive kommunane. Samla utbetalingar for kvar kommune, og gjennomsnittleg meirutbetaling pr. omsorgsbarn. Hareid kommune har ei meirutbetaling på ca 140` i gjennomsnitt pr. omsorgsbarn. Sande kommune har ikkje meirutbetaling, og Volda har mest meirutbetaling med ca. 180` i gjennomsnitt pr. omsorgsbarn.

5.3.2 Vurdering

Kostnadar utover KS sine satsar utgjer i overkant av 2,8 mill. og gjeld utbetaling til 17 av dei 21 omsorgsbarna. Det er då ikkje medrekna utgifter til kjøp av klede , utstyr, dekking av barnehage/SFO, feriereisetilskot o.l utbetalt til fosterforeldre. I tillegg kjem kostnader for dei som er i institusjon.

I Volda er det berre 4 av 21 som har arbeidsgodtgjersle iht KS sine satsar. Her er store variasjonar; den høgaste utbetalinga er 451' og 410' for eit barn, fleire har mellom 254' til 297' pr barn og andre igjen har rundt 180' for eit barn. Høgaste arbeidsgodtgjersle utbetalt til same fostermor er på 693', men denne familien har tre fosterbarn. Ei fostermor har utbetalt 595' for to fosterbarn.

Når det gjeld utgiftsdekning er det 10 av 21 som har dekning etter KS sine satsar, og 1 som har under KS-sats (kan ha samanheng med oppseiing av engasjementet fordi fosterheimen då har lønn i oppseiingstida medan utgiftsdekninga vert stoppa). For dei som har ekstra utgiftsdekning varierar utbetaling utover KS-sats frå 35'-59'. Utbetaling utover KS- sats for utgiftdekning skal grunngjevast og med særskilt dokumentasjon for å kunne utbetalast skattefritt. Vi har ikkje vurdert dette nærare no, då det ikkje inngår i prosjektet.

Samanlikna med dei andre kommunane er gjennomsnittleg meirutbetaling pr. barn høgast i Volda med eit snitt på 181'. Samanlikna med dei andre kommunane er gjennomsnittleg meirutbetalingar pr. barn lågast i Hareid (snitt på 139') med unntak av Sande som ikkje betaler ut meir enn KS - sine satsar. Volda kommune har ikkje etablert rutinar for

registrering av alle utgifter pr. fosterbarn, og det er derfor ikkje muleg å samanlikne kommunane sine totale kostnader i høve omsorgsovertaking.

BUF dir. dekker utbetalingar utover kommunal eigenandel på kr 30.600 pr mnd (2015) m.o.t. arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning, men legg til grunn at ved frikjøp frå arbeid skal det ikkje betalast arbeidsgodtgjersle i tillegg.

5.3.3 Konklusjon

Det er betalt ekstra arbeidsgodtgjersle utover KS sine satsar ved 17 av 21 tilfelle med tildels betydelege beløp og samla utbetaling utover standardsatser utgjer kr. 2.551.264,-.

Når det gjeld utgiftdekning er det utbetalt utover KS-sats i nær halvparten av tilfella, utbetaling utover KS-sats varierar frå 35'-59' pr barn.

Samanlikna med dei andre kommunane er gjennomsnittleg meirutbetaling pr. barn høgast i Volda.

6 SAMANLIKNING MELLOM KOMMUNANE PÅ SØRE SUNNMØRE

6.1 Innleiing

Barnevernet i kommunane rapporterer til Fylkesmannen 2 gangar pr. år (pr 30/6 og 31/12), og til SSB/KOSTRA ein gang pr. år (pr 31/12). Rapporteringa til Fylkesmannen skjer ved at barnevernet legg tala inn i rapporteringsskjema som ligg på Fylkesmannen si heimeside. Rapporteringa til KOSTRA skjer ved innsending av kryptert fil frå fagsystemet.

6.2 Fakta

6.2.1 Stillingar

Barnevernstenesta i Volda er ein del av det interkommunale barnevernet mellom Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda, samarbeidet oppretta 01.01.2014 og lokalisert i Volda kommune. I kommunen si rapportering til Fylkesmannen går det fram at kommunen hadde 5 stilling i 2.halvår 2015, det same vart rapportert i 2. halvår 2014 og 4,4 stillingar pr. 2.halvår 2013.

Nedanfor har ein samanlikna innrapporterte tal til Fylkesmannen (raud) og KOSTRA (blå). Kontrollperioden er 2013-2015.

Rapportert Fylkesmann 2. halvår

	Herøy	Hareid	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta	Sum Interkomm. Barnevern	Årsmelding IK BV
2015	6,5	5	2	6,5	3,4	9,3	7,1	27,9	31,3
2014	7,5	5	2	6,5	3,4	8,3	6,1	25,9	
2013	7,1	4,4	2	6,5	3,4	7,6	6,4	24,9	

Rapportert KOSTRA

	Herøy	Hareid	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta	Sum Interkomm. Barnevern	Årsmelding IK BV
2015	7,5	6	2,4	7,5	3,4	10,3	8,1	31,9	31,3
2014	7,3	6	2,2	7,5	3,4	8,8	9,5	31,8	
2013	7,1	4,5	1,8	6,5	3,4	7,5	7,3	25,8	

Samanlikning mellom SSB og fylkesmannen si rapportering viser avvik både i 2014 og 2015

Tabellen over viser kva den einskilde kommune har rapportert. For kommunane som inngår i det interkommunale barnevernet er det laga til ei sum kolonne for å sjå den rapporterte informasjon opp mot årsmeldinga til samarbeidet. I flg. årsmelding for 2015 var det 31,3 stillingar til den lovpålagte barnevernstenesta. Dette er tilnærma som rapportert til KOSTRA, men vesentleg høgare enn sum rapportert til Fylkesmannen. I tillegg har dei om lag 30 stillingar til arbeidet med einslege mindreårige flyktningar i Volda og Ørsta.

6.2.2 Nøkkeltal

I tillegg til stillingar vert enkelte nøkkeltal innrapportert både til Fylkesmannen og KOSTRA/SSB. Tabellane nedanfor viser nøkkeltal henta frå rapporteringa til Fylkesmannen (raud) og nøkkeltal frå KOSTRA/SSB (blå).

Samanlikning mellom tabellane viser avvik på dei fleste kontrollpunkta. Det var spesielt store avvik i rapporteringa for kommunane Ørsta og Hareid .

Nøkkeltal henta frå rapporteringa til fylkesmannen:

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Interkomm. Barnevern	Årsmelding IKBV
Stillingar(fag+merkantil)	6,5	3,4	2	6,5	5	9,3	7,1	27,9	31,3
Gjennomgåtte meldingar	53	23	21	44	70	65	82	261	
Henlagte meldingar	2	0	5	4	5	11	10	30	
Antal nye undersøkelser	51	23	16	40	65	54	72	231	255
Henlagte undersøkelser	23	15	3	22	38	27	48	135	
Vedtak om tiltak	19	15	6	12	17	35	27	91	
Total ant born i hjelpetiltak	69	16	20	47	29	85	74	235	169
Tiltaksplan	61	13	15	40	25	76	66	207	
Antal born under omsorg	10	7	2	16	15	12	14	57	59
Born med omsorgsplan	10	7	2	14	11	9	14	48	
Ant.born med tilsynsansvar	15	7	5	12	14	32	18	76	76
Akuttvedtak				2				2	

Nøkkeltal henta frå grunnlagsdata barnevern KOSTRA:

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Interkomm. barnevern	Årsmelding IK BV
Stillingar(fag+ merkantil)	7,5	3,4	2,4	7,5	6	10,3	8,1	31,9	31,3
Antal nye meldingar	54	23	21	44	70	67	82	263	
Antal henlagte meldingar	2	0	5	4	6	11	10	31	
Antal nye undersøkelser	52	23	16	40	64	86	72	232	255
Henlagte undersøkelser	23	14	0	19	35	24	46	124	
Vedtak om tiltak	20	15	6	12	15	54	30	91	
Total antal barn i hjelpetiltak	70	16	20*	48	29	87	79	243	169
Barn med tiltaksplan	57	13	16	37	25	75	66	203	
Antal barn under omsorg	10	7	2*	15	16	14	13	58	59
Born med omsorgsplan	9	7		14	10	9	12	45	
Barn med tiltak nettv.sam	14	9	6		9	15	11	35	
m/andre tenester									

Vi har valt å nytte KOSTRA-rapporteringa som grunnlag for berekning av nokre nøkkeltal med unntak av Sande, der KOSTRA-rapportering manglar. Der vert det nytta rapporterte tal til Fylkesmannen.

Tabellen nedanfor viser anna relevant informasjon, som er henta frå KOSTRA-rapporteringa, og som vert nytta i våre berekningar ved samanlikning av kommunane.

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
Antal barn med hjelpetiltak	88	29		65	42	115	94
Antal barn med omsorgstiltak	12	8		17	17	17	16
Antal barn med tiltak	100	37	25	82	59	132	110
Andel barn m /barnevernstiltak ift barn 0-17 år	5	6,2	5,1	3,9	4,9	6,8	4,6
Andel barn m /barnevernstiltak plassert 0-17 år	1,1	1,8		1,7	1,9	2,4	1,8
Innført intern kontroll i barneverntenesten	1	1	1	1	1	1	1
Benyttet brukarundersøkelse siste år	0	1	1	1	1	1	1
Barn 0-17 år	1999	595	487	2083	1207	1941	2375
Folkemengd	8972	3256	2559	8430	5189	9037	10677

Berekna nøkkeltal på bakgrunn av grunnlagsdata i KOSTRA- rapportering :

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
Andel nye meldingar pr barn 0-17 år (%)	2,7	3,9	4,3	2,1	5,8	3,5	3,5
Undersøkelser pr årsverk	6,9	6,8	6,7	5,3	10,7	5,4	8,9
Born m/tiltak pr årsverk	9,3	4,7	8,3	6,4	4,8	8,4	9,8
Born under omsorg pr årsverk	1,3	2,1	0,8	2,0	2,7	1,4	1,6
Undersøkelser pr barn 0-17 år (%)	2,6	1,9	3,3	1,9	5,3	2,9	3,0
Barn med hjelpetiltak pr barn 0-17 år (%)*	3,5	2,7	4,1	2,3	2,4	4,5	3,3
Antal barn under omsorg pr barn 0-17 år (%)	0,50	1,18	0,41	0,72	1,33	0,72	0,55

6.3 Vurdering og konklusjon

Det er registrert avvik mellom rapportering til KOSTRA og rapportering til Fylkesmannen når det gjeld bemanning for alle kommunane utanom Vanylven. Det er vidare registert avvik mellom rapportering til Fylkesmannen og til KOSTRA når det gjeld utvalte nøkkeltal. Det er berre Vanylven kommune som har same tal i begge rapporteringane.

Når det gjeld andel nye meldingar pr. barn 0-17 år så har Ulstein lågast, deretter Herøy, og Hareid har mest meldingar. Born med tiltak pr. årsverk er høgast i Ørsta, og med Herøy tett

under. Lågast er Vanylven og Hareid, men også her er det variasjonar mellom rapporteringane for alle kommunar unnateke Vanylven. Barn under omsorg pr. årsverk er høgast på Hareid, medan Sande er lågast. Avvik mellom rapporteringane gjer også utslag her.

Berekna nøkkeltal på bakgrunn av KOSTRA-rapportering viser at Hareid har mest undersøkingar i forhold til barn 0-17 år, med 5,3 % av barn i denne aldersgruppe. Ulstein lågast med 1,9 %, og dei andre på ca. 3%. Barn med berre hjelpetiltak, i denne aldersgruppa utgjer 3,5 % for Herøy, der Volda har mest hjelpetiltak med 4,5 %, og Ulstein og Hareid minst med hjelpetiltak (2,3/2,4 %). Våre berekningar samsvarar ikkje med Kostra då vi tek utgangspunkt i antal barn med hjelpetiltak, medan Kostra tek med også barna som har omsorgstiltak.

Når det gjeld barn under omsorg sett i forhold til antal barn i den aktuelle aldersgruppa, har Hareid flest barn under omsorg (1,33 % av born 0-17 år) medan Ørsta og Herøy har 0,5 %. Sande har lågast med berre 0,41 % av born mellom 0-17 år under omsorg.

Dei fleste kommunane bør gå gjennom rapporteringane til hhv Fylkesmann og KOSTRA, og vurdere kva som er årsak til avvika i rapporteringane. Siktemålet må vere å få lik rapportering.

7 DRIFTSUTGIFTER - barnevernstenesta

KOSTRA- tala i høve barnevernstenesta er basert på netto driftsutgifter til funksjonane 244 «Barnevernsteneste», 251 «Barnevernstiltak i familien» og 252 Barnevernstiltak utanfor heimen». Utrekningane er basert på tal kommunen har innrapportert til SSB og tala i tabellane på neste side er henta frå kommunen sitt rekneskap.

Oversikta nedanfor viser utviklinga på driftsutgifter til barnevern pr. innbyggjar i alderen 0-17år for kommunane på Søre Sunnmøre og gjennomsnittet for land og fylke for perioden 2009-2015. I dei fleste tilfelle såg ein en svak auke i netto driftsutgifter. Sande hadde dei lågaste utgiftene knytt til tenesta medan Vanylven hadde dei høgaste. Herøy hadde også relativt låge utgifter samanlikna med fylke og landsgjennomsnitt og kommunane på Søre Sunnmøre som inngår i den interkommunale barnevernstenesta (Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda).



7.1 Rekneskapstal henta frå kommunane fordelt på funksjon

Ein har sett nærmare på rekneskapen til kommunane og samanlikna tala for 2015. Nedanfor går det fram ei oversikt som syner netto driftsutgifter fordelt på dei ulike funksjonane 244 barnevernstenesta,251 barnevernstiltak i familien og 252 barnevernstiltak utanfor heimen. Ein har også samanlikna tala med utgiftene som går fram i KOSTRA. Som siste kolonnen i tabellen under viser, såg ein differansar mellom rekneskapstala og kva som har vore rapportert i KOSTRA. Størst differanse såg ein på Hareid og i Vanylven. Det er uklart kva som skuldast den store differansen , men det kan ha samanheng med feilrapportering.

	Innbyggjarar 2015 0-17 år	244 Barneverns teneste	Pr. innbyggjar	251 Barneverntiltak i familien	Pr. innbyggjar	252 Barneverntiltak utanfor familien	Pr. innbyggjar	SUM (244+251+252)	SUM pr innbyggjar	Tal i frå KOSTRA	Differanse mellom rekneskap og kostrarapportering
Herøy	2021	4 525 762	2 239	3 430 216	1 697	5 151 367	2 549	13 107 345	**6 486**	**6 482**	4
Ulstein	2054	5 774 382	2 811	1 334 936	650	11 062 408	5 386	18 171 726	**8 847**	**8 723**	124
Ørsta	2390	5 733 745	2 399	1 798 131	752	10 544 459	4 412	18 076 335	**7 563**	**7 744**	- 181
Volda	1971	4 773 617	2 422	432 269	219	10 077 151	5 113	15 283 037	**7 754**	**7 889**	- 135
Hareid	1136	3 564 773	3 138	667 154	587	5 830 273	5 132	10 062 200	**8 858**	**8 209**	649
Sande	494	1 163 156	2 355	497 944	1 008	397 503	805	2 058 603	**4 167**	**4 230**	- 63
Vanylven	617	1 930 212	3 128	334 680	542	4 505 804	7 303	6 770 696	**10 974**	**11 400**	- 426

244 Barnevernsteneste

Funksjon 244 gjeld kostnadar til drift av barnevernstenesta, dette gjeld bl.a. sakshandsaming som vert gjennomført av tilsette eller personell som er engasjert i barnevernstenesta, barnevernsberedskap/barnevernsvakt, utgifter til sakkyndig bistand/advokat til utredning og saksbehandling, og utgifter til tolk. Hareid kommune brukte ca. 3,6 millionar, tilsvarande kr 3 138,- pr. innbyggjar i alderen 0-17år, og hadde dei høgaste kostnadane pr. innbyggjar. Sande og Ørsta hadde dei lågaste kostnadar på funksjonen med hhv kr 2355,- og 2 399,- pr. innbyggjar.

251 Barnevernstiltak i familien

På funksjon 251 går det fram utgifter til tiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet. Dette gjeld bl.a.: • Utgifter til hjelpetiltak for barn og familie • Utgifter til plasser i sentre for foreldre og barn • Tiltaksstillingar i barnevernstenesta

Hareid kommune var blant dei med lågast kostnad med berre kr 667 154,- eller kr 587,- pr innbyggar 0-17 år. Herøy brukte mest knytt til denne funksjonen med kr 1 697 pr. innbyggjar 0-17 år. Volda brukte minst med berre kr 219,- pr. innbyggjar.

252 Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet

Funksjon 252 viser utgifter til tiltak når barnet har plasseringstiltak frå barnevernet. Dette gjeld bl.a.: • Utgifter til tiltak som fosterheim, akuttplassering, institusjon, bufellesskap. • Utgifter til hjelpetiltak satt i verk i tillegg til plassering • Tilsynsfører i fosterheim

Økonomisk rapportering viser motsett kostnadsbilde i forhold til funksjon 251. Sande og Herøy har dei lågaste utgiftene samanlikna med nabokommunane. Sande brukte berre 805,- kr pr. innbyggar 0-17 år og Herøy brukte kr 2 549,- . Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda hadde alle ca. kr 4 400-5 400 pr. innbyggjar, og der Hareid brukte kr 5 132,- pr innbyggar 0-17 å . Vanylven hadde dei høgaste kostnadane kr 7 303,- pr. innbyggar 0-17 år. Det er ikkje undersøkt årsaka til dei store forskjellane, om dette kan vere tunge enkeltsaker eller ein generell trend.

7.2 Vurdering og konklusjon

KOSTRA-rapportering av økonomiske data frå kommunane viser at Hareid kommune nyttar kr 587,- pr. innbyggar 0-17 år på barnevernstiltak i heimen, der Herøy kommune brukar mest med kr 1 697,- og Volda minst med kr 219,-. Når det gjeld barnevernstiltak utanfor heimen brukar Hareid kommune kr 5 132,- pr. innbyggar 0-17 år, medan Vanylven brukar mest med kr 7 303,- , og Sande minst med kr 805,- . Samanlikninga kan indikere at dei som brukar mykje ressursar på tiltak i heimen (førebyggande) får dette igjen i form av mindre omsorgsovertakingar. Omsorgsovertaking kan vere kostbart jfr tabell nedanfor.

Tabellen nedanfor viser kommunane sine utgifter til hjelpetiltak (funksjon 251) og omsorgsplassering (funksjon 252) pr. barn under tiltak. Antal barn er henta frå KOSTRA-rapportering jfr tabell s 29 med unntak av Sande der rapportering til Fylkesmannen er lagt til grunn.

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Interkomm. barnevern
Antal barn med hjelpetiltak	70	16	20	48	29	81	79	243
Antal barn under omsorg	10	7	2	15	16	14	13	58
Utgifter til hjelpetiltak (251) pr barn med tiltak	49003	20918	24897	27811	23005	4969	22761	19637
Utgifter omsorgsplassering(252) pr barn under omsorg	515137	643686	198752	737494	364392	713763	811112	658199

Berekninga viser at Volda hadde dei lågaste utgiftene knytt til hjelpetiltak pr barn med tiltak med kr 4 969,- medan Herøy hadde dei høgaste med kr 49 003 pr. barn under tiltak. Når det gjeld utgifter knytt til omsorgsplassering hadde Ørsta dei høgaste utgiftene med kr 811 112,- pr. barn med omsorgstiltak, medan Sande hadde dei lågaste utgiftene med kr 198 752,-. Volda kommune brukar lite på hjelpetiltak pr. barn med tiltak, og er blant dei med høgaste kostnad pr barn som er omsorgsplassert (Ørsta og Ulstein har høgare kostnadar).

8 ANBEFALING

7 Barnevernstenesta må etablere rutiner som sikrar at det vert utarbeida omsorgsplanar for alle omsorgsbarn (førebels eller endeleg plan), det same gjeld tiltaksplan.

8 Det må vurderast om regelverket vert fulgt når det gjeld oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking.

9 Barnevernstenesta må følgje opp rutinane i høve egne oppfølgingsbesøk og passe på at oppnemnd tilsynsfører gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at barna får det tilsynet det har krav på.

10 Det bør etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.

11 Det bør etablerast rutinar som sikrar at politiattestar vert makulert etter opphør av tilsetjingsforholdet.

12 Rapporteringa til Fylkesmann og SSB (KOSTRA) må kvalitetssikrast og samsvare.

9 RÅDMANNEN SI TILBAKEMELDING

Rådmannen vil innleiingsvis presisere at det er viktig med fokus på dei ulike tenesteneområda gjennom forvaltningsrevisjon. Samtidig kan det vere greit å ta med seg at barnevernet er eit svært krevjande område å gjere faglege skjønsmessige vurderingar av kvalitet og praksis når dette skal gjerast utan å engasjere ekstern barnevernsfagleg kompetanse. Innanfor tilsynsordninga ligg dette til fylkesmannen og direktoratet.

Barnevernet opplever stadig større krysspress der ressursane må konkurrere om tid til barn og krav til oppfølging av forskrifter, tidsfristar og kontroll. Samtidig er dette ei teneste der store ressursar kan verte utløyste utan forutgåande planlegging der ein må handle akutt.

Det hadde vore ynskeleg at analysen kunne konsentrere seg om 2016 etter at vi har fått eit normalt driftsår for den nye felles barnevernstenesta. Det har vore ein stor prosess å samle fire barnevern til eitt, og drifta ber preg av at ein har hatt eit par år med implementering og interimstilstand. Åra 2014 og 2015 har såleis vore særskilt krevjande år. Erfaringar tilseier 2-3 år i ein slik omorganiseringsprosess.

Både Fylkesmannen og Rådmannen har sterkt fokus på rapportering på viktige parameter for tenesta, og dei siste rapportane frå barnevernstenesta viser positiv utvikling.

10 VÅRE KOMMENTARAR

Til avsnitt 1:

På generelt grunnlag vil vi presisere at det går ikkje inn under forvaltningsrevisjon å gjere skjønnsmessige vurderingar av kvalitet og praksis når det gjeld barnevernet sine vurderingar og vedtak. Våre vurderingar bygg på kartlagte fakta som er framstilt i tabellane i rapporten, og som vi har henta frå dokumentasjon som er gjort tilgjengeleg for oss.

Til avsnitt 3:

Barnevernsområde er eit særs viktig område, og uavhengig av organisatoriske endringar må ein sikre at systemet **til ei kvar tid** fungerar iht gjeldande regelverk. Det er uheldig hvis endringsprosessar fører til manglande oppfølging slik at rettstryggleiken til barn/foreldre ikkje vert ivareteke.

Alle forvaltningsprosjekt vil få ei oppfølging etter ei gitt periode, og då vil denne gjennomgangen vise at alt er på plass.

11 LITTERATURLISTE

- Lov om barnevernstenester (barnevernslova), 1992, sist endra 2015
- Forskrift om fosterheim (2003) Barne og familiedeptartementet, sist endra i 2014*
- Rutinehåndbok for barnevernstjenesten i kommunane, 2006
- Veileder: Oppfølging av foreldre med barn/ungdom plassert i fosterhjem eller på institusjon, 2009
- Veileder: Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barnevernstjenesten, 2006.
- Veileder Tilsyn med barn i fosterheim 02/2015 (*ikkje nytta pga at kommunen ikkje har endra praksis)

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Arkivsak nr.:	2016/2012
	Arkivkode:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
160/16	Kommunestyret	15.12.2016

PLAN OG RETNINGSLINER FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2019

Kontrollutvalet si tilråding:
Kommunestyret vedtek Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019 i samsvar med utgreiinga, og at denne gjeld inntil ny plan ligg føre.

Vedleggsliste:
Sak 29/16 i kontrollutvalet - Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019 - Volda kommune

Saksopplysningar/fakta:
Saka vert å handsame av kommunestyret med tilråding frå kontrollutvalet.

Utskrift av endeleg vedtak:
Vest kontrollutvalssekretariat v/Jostein Støylen

U T S K R I F T

F R Å

M Ø T E P R O T O K O L L

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Volda kommune	29/16	217	02.12.2016

SAK 29/16 PLAN OG RETNINGSLINER FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2019

Vedlegg:

Vest Kontroll. 18.11.2016. *Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019 – Volda kommune.*

Saksopplysningar
Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

For vidare saksopplysning viser ein til vedlagte utkast til Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019 – Volda kommune.

Utkast til retningsliner for gjennomføring
Utkast til retningsliner for kontrollutvalet si gjennomføring av selskapskontroll, jf. pkt.6 i utkast til Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019:

1. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyresak **PS 113/16 Rutine for eigarskapsstyring** vert følgt.
2. Kontrollutvalet skal utføre selskapskontrollar pålagde av kommunestyret.
3. Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Dette vil normalt bygge på kommunen sin eigenkontroll, **jf. PS 113/16.** Kontrollutvalet kan

ut frå eigne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.

4. Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemane og sekretariatet), kommunen sin revisor og utførande revisor.
5. Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.
6. Kommunen sin revisor skal normalt utføre selskapskontrollar på vegne av kontrollutvalet. Dersom kommunen sin revisor også er revisor i selskapet som vert kontrollert, skal kontrollutvalet vurdere om andre skal utføre kontrollen.
7. Dersom kommunen/kommunane sin revisor utfører selskapskontrollen, gjeld denne si betalingsordning for kontrollen og kommunen/ane betalar.
   Dersom andre enn kommunen/kommunane sin revisor eller kontrollutvalet sitt sekretariat utfører selskapskontrollen på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn og kompetanse, vert betalinga for kommunen å dekke ut frå faktiske kostnader.
8. Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningsliner, innanfor lovverket sin rammer, om spesielle tilhøve skulle tilseie det.
9. Kontrollutvalet sin leiar og/eller nestleiar evt. den leiaren delegerer til, representerer kontrollutvalet i generalforsamling og representantskap.
10. Innsyn i selskap er avgrensa av type selskap, og kontrollutvalet sitt innsyn er i samsvar med gjeldane lov og reglar:
    - Kommunelova § 80: Kontrollutvalet har rett til å krevje dei opplysningar som er nødvendig for kontroll i alle heileigde aksjeselskap og aksjeselskap kommunen eig saman med andre kommunar/fylkeskommunar og interkommunale selskap.
    - For selskap kommunen eig saman med private, så vil kontrollutvalet sin innsynsrett verte avgrensa etter offentleglova. Dvs. ein kan ikkje krevje innsyn der det gjeld næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private. Dette inneber at protokollar frå styret i deleigde kommunale selskap ikkje kan krevjast innsyn i, då desse ikkje er omfatta offentleglova eller innsynsrett etter kommunelova.
    - Kommunen kan ha rett til innsyn i selskap om det går fram av selskapsavtalen og/eller vedtektene i selskap kommunen eig saman med private. Avtalen seier *kva* ein har rett til innsyn i.
    - For kommunen sin revisor gjeld same rett til innsyn som for kontrollutvalet.

Samrøystes innstilling
Kommunestyret vedtek Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016 – 2019 i samsvar med utgreiinga, og at denne gjeld inntil ny plan ligg føre.

VOLDA KOMMUNE -
KONTROLLUTVALET

Rett utskrift
Åram 02. desember 2016

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Ada Elise Håberg
Konsulent

Utskrift til:
Kommunestyret
(Saka skal gå direkte frå kontrollutvalet til kommunestyret)

Dato: 18.11.2016
Arkiv: 217

Kontrollutvalet

SAK 29/16 PLAN OG RETNINGSLINER FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2019

Vedlegg:
Vest Kontroll. 18.11.2016. *Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019 – Volda kommune.*

Saksopplysningar

Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

For vidare saksopplysning viser ein til vedlagte utkast til Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019 – Volda kommune.

Utkast til retningsliner for gjennomføring

Utkast til retningsliner for kontrollutvalet si gjennomføring av selskapskontroll, jf. pkt.6 i utkast til Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016-2019:

1. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyresak **PS 113/16 Rutine for eigarskapsstyring** vert følgt.
2. Kontrollutvalet skal utføre selskapskontrollar pålagde av kommunestyret.
3. Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Dette vil normalt bygge på kommunen sin eigenkontroll, **jf. PS 113/16.** Kontrollutvalet kan ut frå eigne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.
4. Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemane og sekretariatet), kommunen sin revisor og utførande revisor.
5. Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.

Postadresse: 6149 Åram
Organisasjonsnr: 987 829 257
Bankkonto: 3910.26.35373
E-postadresse: post@vestkontroll.no
Telefon: 70030440
Telefaks: 70030449
Mobil: 90187950
Kontrollutvalssekretariat for kommunene: Hareid, Herøy, Sande, Selje, Ulstein, Vanylven, Volda, Vågsøy, Ørsta

6. Kommunen sin revisor skal normalt utføre selskapskontrollar på vegne av kontrollutvalet.
   Dersom kommunen sin revisor også er revisor i selskapet som vert kontrollert, skal kontrollutvalet vurdere om andre skal utføre kontrollen.
7. Dersom kommunen/kommunane sin revisor utfører selskapskontrollen, gjeld denne si betalingsordning for kontrollen og kommunen/ane betalar.
   Dersom andre enn kommunen/kommunane sin revisor eller kontrollutvalet sitt sekretariat utfører selskapskontrollen på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn og kompetanse, vert betalinga for kommunen å dekke ut frå faktiske kostnader.
8. Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningsliner, innanfor lovverket sin rammer, om spesielle tilhøve skulle tilseie det.
9. Kontrollutvalet sin leiar og/eller nestleiar evt. den leiaren delegerer til, representerer kontrollutvalet i generalforsamling og representantskap.
10. Innsyn i selskap er avgrensa av type selskap, og kontrollutvalet sitt innsyn er i samsvar med gjeldane lov og reglar:
    - Kommunelova § 80: Kontrollutvalet har rett til å krevje dei opplysningar som er nødvendig for kontroll i alle heileigde aksjeselskap og aksjeselskap kommunen eig saman med andre kommunar/fylkeskommunar og interkommunale selskap.
    - For selskap kommunen eig saman med private, så vil kontrollutvalet sin innsynsrett verte avgrensa etter offentleglova. Dvs. ein kan ikkje krevje innsyn der det gjeld næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private. Dette inneber at protokollar frå styret i deleigde kommunale selskap ikkje kan krevjast innsyn i, då desse ikkje er omfatta offentleglova eller innsynsrett etter kommunelova.
    - Kommunen kan ha rett til innsyn i selskap om det går fram av selskapsavtalen og/eller vedtektene i selskap kommunen eig saman med private. Avtalen seier *kva* ein har rett til innsyn i.
    - For kommunen sin revisor gjeld same rett til innsyn som for kontrollutvalet.

Forslag til innstilling:
Kommunestyret vedtek Plan og retningsliner for selskapskontroll 2016 – 2019 i samsvar med utgreiinga, og at denne gjeld inntil ny plan ligg føre.

Jostein Støylen
Dagleg leiar

Postadresse: 6149 Åram
Organisasjonsnr: 987 829 257
Bankkonto: 3910.26.35373
E-postadresse: post@vestkontroll.no
Telefon: 70030440
Telefaks: 70030449
Mobil: 90187950
Kontrollutvalssekretariat for kommunene: Hareid, Herøy, Sande, Selje, Ulstein, Vanylven, Volda, Vågsøy, Ørsta

PLAN

OG

RETNINGSLINER

FOR

SELSKAPSKONTROLL

2016 - 2019

VOLDA KOMMUNE

Innhold

1. INNLEIING 3
2. LOVVERK 3
   Selskapskontroll 3
   Innsynsrett 4
3. SELSKAPSKONTROLL 4
4. ORGANISASJONSFORMER FOR KOMMUNALE VERKSEMDER 7
5. EIGARSKAP - KOMMUNEN SI OPPFØLGING AV SELSKAP 9

Rutine for eigarskapsstyring 9

1. Etablering av selskap og nye engasjement 9
   1.1. Strategi for kva ein vil oppnå med eigarskapet/engasjementet 9
   1.2. Val av selskapsform 9
   1.3. Finansiering / eigenkapital til oppretting av selskapet 9
   1.4. Krav om innsyn 9
2. Endringar av kommunen sin eigarandel i selskap og endringar av vedtekter 9
   2.1. Strategi for vidare eigarskap 10
   2.2. Økonomisk utvikling 10
   2.3. Kommunen sin representasjon i eigarorgan 10
   2.4. Generalforsamling og representantskap 10
   2.5. Kommunen sin kontroll av eigarskap og økonomiske engasjement 10
3 Oppfølging av selskapa 10
   3.1. Generell rapportering 10
   3.2 Enkeltrapportering 11
4. Representasjon i styre og generalforsamling/representantskap 11
5. Opplæring og oppfølging 12
   5.1 Opplæring 12
   5.2. Oppfølging 12
6. Løpande dialog med eigarrepresentantane 12

6. KONTROLLUTVALET SI GJENNOMFØRING OG RAPPORTERING AV SELSKAPSKONTROLL 13

1. INNLEIING

Kommunane organiserer i stadig aukande grad den kommunale verksemda i fristilte organisasjonsmodellar utanfor den ordinære kommunale forvaltninga.

Dette kan vere for å

- effektivisere av drifta
- få klarare ansvarsforhold
- trong for å samarbeide med andre om tenesteproduksjon
- investering med tanke på økonomisk profitt
- investering pga. samfunnsansvar (t.d. å sikre arbeidsplassar) og/eller for å støtte lokalt initiativ.

Denne meir komplekse organiseringa av kommunal verksemd ligg utanfor kommunestyret si direkte styring og administrasjonssjefen sitt internkontrollansvar.
Dette kan gi utfordringar for styring, og reiser spørsmål knytt til kontroll og tilsyn.

Eit viktig verkemiddel for å sikre demokratisk styring og kontroll av selskapa/samarbeida kommunen har eigarskap i, er selskapskontroll. Dette er ei av oppgåvene som er pålagt kontrollutvalet.

2. LOVVERK

Internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar er regulert i lov og forskrifter:

- **Lov om kommunar og fylkeskommunar**.
- **Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.**
- **Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.**

Lov og forskrifter inneheld reglar for kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Selskapskontroll

Heimel for selskapskontroll finn ein i

- **Lov om kommunar og fylkeskommunar** (kommunelova, kapittel 12)
  └> **§ 77 nr. 5**, som fastset at «*kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.*»

- **Forskrift om kontrollutvalg i kommunar og fylkeskommunar** (kontrollutvalsforskrifta)
  └> **§ 13 første lekk** med tilsvarande formulering som koml. § 77 nr. 5.
  Etter **§ 13 andre lekk** skal det «*..minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll.*»
  Kommunestyret vedtek planen, jf. **§ 13, andre lekk**.

Kontrollutvalsforskrifta § 13 må sjåast i samanheng med koml. § 80.

Innsynsrett

Kommunelova § 80 regulerer innsynsretten til kontrollutvalet og til utførar av selskapskontrollen i interkommunale selskap og styre etter § 27 i koml. og i aksjeselskap der ei kommune åleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eig alle aksjar.
Utførar av selskapskontrollen kan vere ein annan vald aktør enn revisor. Jf. Forskrift om kontrollutval § 13. 3. 3. lekk.

Kommunelova § 80 slår fast at kontrollutval og revisor (den som utfører kontrollen, jf. forskr. § 13. 3. lekk) har rett til å krevje opplysningar som er nødvendig for å utøve kontroll. Kommunestyret kan regulere omfanget av kontrollutvalet og revisor sin kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskapet. Mellom anna ved å fastsette kva dokument som skal til kontrollutval og revisor.

Kontrollutvalet og revisor (den som utøver selskapskontroll på vegne av kontrollutvalet) har rett til å vere tilstade i **generalforsamling, representantskap** og andre **tilsvarande organ.** Det er óg heimla i lov at kontrollutvalet og revisor, **skal ha varsel** når det skal vere møte.

Det er viktig at kontrollutvalet tek stilling til om dei vil nytte seg av møteretten slik dei held seg orientert om selskapa og som eit ledd i sin kontroll.

I prinsippet kan ein gjennomføre selskapskontroll i alle organisasjonsformer.
Omfanget vert regulert av eigarforholdet. Sjå pkt. 4 Organisasjonsformer.
Innsyns- og undersøkingsretten til kontrollutvalet (og/eller revisor) er knytt til

- interkommunale styrer etter koml. § 27 og interkommunale selskap (IKS-lova)
- heileigde kommunale selskap
- dotterselskap av desse

3. SELSKAPSKONTROLL

EIGARSKAPSSTYRING

Korleis kommunestyret forvaltar eigarskapane sine er viktig for å sikre god kvalitet på tenester og god forvaltning av dei kommunale verdiane.

For å sikre tilstrekkeleg demokratisk styring og kontroll med eigarskapane, er det ein føresetnad at kommunen utarbeider overordna system og retningsliner for utøving av eigarstyringa. Dette kan mellom anna vere rutinar for rapportering, evaluering og oppfølging av eigarskapane. Det er viktig at kommunen er tydeleg på kva *strategi og målsetting* den har for dei ulike selskapa dei eig i. (Sjå pkt.5 i denne planen EIGARSKAPSSTYRING - KOMMUNEN SI OPPFØLGING AV SELSKAP)

Kontrollutvalet skal (som heimla i) sjå til at det vert gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap, dvs. selskapskontroll.

Selskapskontroll er eit verkty for å sjå til at forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser er i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Samt er i samsvar med aktuelle lover og reglar. (Sjå figur 1)

Selskapskontroll kan ein dele inn i:

- eigarskapskontroll
- forvaltningsrevisjon
- undersøkingar

Ein selskapskontroll vil ofte kombinere element frå eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. *Formål, problemstillingar* og *metodisk tilnærming* er det som primært skil dei ulike undersøkingane frå kvarandre.

- EIGARSKAPSKONTROLL

I selskapskontroll er eigarskapskontroll obligatorisk. Den kan utførast av alle som har nødvendig kompetanse og er uavhengige.
Her fokuserer ein på *korleis kommunen utøver eigarstyring*, som t.d. i kva grad kommunen utøver kontroll med selskapa i tråd med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing.

Tydeleg s*trategi og målsetting* kommunen har for dei ulike selskapa dei eig i, er ein føresetnad for at kontrollutvalet kan gjennomføre eigarskapskontroll. Difor er utgangspunktet for eigarskapskontrollar å undersøke om kommunen *har* etablert konkrete føremål eller føringar for eigarskapane, i form av eigarskapsstrategi og/eller eigarskapsmelding. (Sjå kommunestyresak **86/16** Rutine for eigarskapsstyring).

I ein eigarskapskontroll kontrollerer ein mellom anna om den som representerer kommunen sine interesser i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ, treff avgjersler som samsvarar med lovverk samt med kommunen sine vedtak og føresetnader for forvaltning av eigarinteressene.

- FORVALTNINGSREVISJON

Forvaltningsrevisjon er valfri. Den er pr. definisjon revisjon og må difor utførast av revisor.

Det vil vere aktuelt å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon dersom t.d. funn i den obligatoriske eigarskapskontrollen, gjer at kontrollutvalet meiner det er behov for nærare undersøkingar. (Politiske vedtak og/eller føringar samt tips kan óg føre til at ein gjennomfører ein forvaltningsrevisjon).
Forvaltningsrevisjon fokuserer på aktivitet og resultat i selskapet med systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

For å kunne gjennomføre ein forvaltningsrevisjon i eit selskap, kan kontrollutvalet nytte sin rett til innsyn i selskapet anten ved heimel i lov eller ved samtykke.

- UNDERSØKINGAR

Undersøkingar som ikkje fyl formelle kriterium for revisjon, vert óg nytta som ein del av selskapskontroll. Desse er valfri.
Det kan vere aktuelt dersom det er behov for å sjå på tilhøve utan at ein treng å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon. Dette er kontroll av beskrivande karakter som ikkje fordjupar seg slik ein forvaltningsrevisjon gjer. Til dømes der ein i kombinasjon med eigarskapskontroll, gjer undersøkingar som i tillegg til å sjå på eigarskapsforvaltning, ser på delar av sjølve drifta i selskapet. T.d. samanlikning av korleis har utviklinga av gebyr vore i det aktuelle selskapet samanlikna med tilsvarande andre selskap eller etter nasjonal norm?

For å kunne gjennomføre ei undersøking i eit selskap, kan kontrollutvalet nytte sin rett til innsyn i selskapet anten ved heimel i lov eller ved samtykke.

Figur 1: Lovheimlar og undersøkingsformer i omgrepet selskapskontroll

• Kommunelova └> § 77 nr. 5 └> § 80 • Kontrollutvalsforskrift └> § 13	OBLIGATORISK EIGARSKAPSKONTROLL: Kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap. DØME PÅ PROBLEMSTILLING: I kva grad utøver kommunen kontroll med selskapa i tråd med etablerte normer og vedtak for god eigarstyring og selskapsleiing.
	VALFRI FORVALTNINGSREVISJON: Systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader. DØME PÅ PROBLEMSTILLINGAR: I kva grad viser nøkkeltala ei forsvarleg økonomisk drift? I kva grad etterlever selskapet regelverket for offentlege anskaffingar?
	VALFRI UNDERSØKING: Undersøkingar av meir beskrivande karakter utan formelle kriterium for revisjon. Komplementerar ofte eigarskapskontroll. DØME PÅ PROBLEMSTILLING: Korleis har uviklinga av gebyr vore i det aktuelle selskapet samanlikna med tilsvarande i andre selskap?

4. ORGANISASJONSFORMER FOR KOMMUNALE VERKSEMDER

Organisasjonsform og lovheimel	Type organ	Eigarar	Eigarorgan	Kontrollutvalet sine verktøy	Innsyn
Kommunalt føretak (koml. kap. 11)	Forvaltningsorgan. Kommunen kan avgjere at utvalde tenesteområde kan organiserast som kommunalt føretak. Føretaket er framleis ein del av kommunen	Kommunen	Kommune styret	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon.	Fullt innsyn jf. koml. § 77.
Interkommunalt samarbeid (koml. § 27)	Forvaltningsorgan. To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver.	Kommunen	Kommune styret	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon.	Fullt innsyn jf. koml. §§ 77 og 80
Vertskommunesamarbeid (koml. §§ 28a, 28b og 28c)	Forvaltningsorgan. Ein kommune overlèt utføringa av lovpålagde oppgåver til ein vertskommune	Kommunen	Kommune styret	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon.	Fullt innsyn jf. koml. § 77 (gjeld vertskommune).
Interkommunalt samarbeid (koml. § 27) - Eige rettssubjekt dvs. selskapet utøver eigaransvaret.	To eller fleire kommunar samarbeider om felles oppgåver, og opprettar eit styre for samarbeidet. Fullmaktene til styret vert gitt i samarbeidsavtale/vedtekter.	Kommunen	Kommune styret	Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre	Fullt innsyn jf. koml. §§ 77 og 80
Interkommunalt selskap (IKS) (IKS-lova)	Eige rettssubjekt som er regulert av IKS-lova. Eit IKS er eit selskap der berre kommunar kan delta, men det er rettsleg og økonomisk åtskild frå deltakarkommunane.	Kommunen	Representantskap	Generelt tilsyn. Selskapskontroll (både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon).	Fullt innsyn jf. koml. § 80.
Aksjeselskap (AS) – heileigd av kommunale aktørar (aksjelova)	Eige rettssubjekt	Kommunen	General forsamling	Generelt tilsyn. Selskapskontroll (både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon).	Fullt innsyn jf. koml. § 80.
AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar (aksjelova og allmennaksjelova)	Eige rettssubjekt.	Kommunen og private aktører	General forsamling	Generelt tilsyn. Selskapskontroll (eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn).	Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.
Samvirkeforetak (SA) (samvirkelova)	Eige rettssubjekt. Samvirkeføretaket er ei samanslutning med hovudføremål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmene ved at desse deltek i verksemda til føretaket, som forbrukarar, leverandørar eller liknande.	Medlemmene	Årsmøte	Generelt tilsyn. Selskapskontroll (eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn).	Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.
Stifting (stiftingslova)	Eige rettssubjekt. Med stifting blir det forstått at ein formuesverdi er stilt til rådvelde for eit bestemt føremål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annan art. Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formuesverdien som er overført til stiftinga.	Ingen, sjølveigande	Styret	Ingen, dersom ikkje noko er avtala.	Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

Val av organisasjonsform
Kommunen bør ta utgangspunkt i kva oppgåver som skal utførast og føremålet med val av organisasjonsform. Sidan organisasjonsform gir konsekvensar for korleis kommunen kan styre og gjennomføre kontroll og tilsyn med selskapa, er dette viktige omsyn som kommunestyret må tenkje gjennom når dei tek stilling til korleis den kommunale verksemda skal organiserast. Stiftingsforma er den organisasjonsforma kommunestyret og kontrollutvalet bør vere spesielt merksame på, grunna det avgrensa høvet til kontroll og tilsyn.

Kontrollutvalet skal fylgje med på sakene i kommunestyret knytte til etablering av selskap, og då om kontroll- og tilsynskonsekvensane er vurdert.

Kommunestyret har i sak **PS 86/16** vedteke **Rutine for eigarskapsstyring**.
I høve val av organisasjonsform heiter det i pkt. 1.2:

«Ved val av selskapsform må det vurderast kva selskapsform som er best egna til å oppnå målsetjingane med eigarskapet. Kva ansvar/risiko tek kommunen ved val av denne selskapsform, og gir denne selskapsforma tilstrekkeleg innsynsrett og representasjon i styrande organ for kommunen? Kva behov ligg til grunn for oppretting og drift av selskapet?»

Og vidare om krav til innsyn i pkt. 1.4:

«I IKS, selskap etter § 27 og i heileigde kommunale aksjeselskap har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 80.
Ved oppretting av andre selskapsformer skal kommunestyret vurdere om kommunen skal krevje rett til innsyn i selskapet, jf koml. § 77, 5. lekk. Slik innsynsrett skal normalt krevjast. Rett til innsyn må takast inn i selskapsavtalen eller i vedtektene.»

Selskapskontroll kan illustrerast som i figur 2 under.



Figur 2: Modell for selskapskontroll

5. EIGARSKAP - KOMMUNEN SI OPPFØLGING AV SELSKAP

Kommunestyret har i sak PS **113/16** vedteke **Rutine for eigarskapsstyring:**
«Volda kommune godkjenner «Rutine for eigarskapsstyring» slik desse framgår av saka»

Rutine for eigarskapsstyring

1. Etablering av selskap og nye engasjement

Bakgrunnen for at kommunen engasjerer seg som eigar i eit selskap skal gå fram av etableringsvedtaket. Ved etablering av selskap skal ein spesielt vurdere dei forholda som går fram av punkta under:

1.1. Strategi for kva ein vil oppnå med eigarskapet/engasjementet

Det skal gå klart fram kva formål og strategi kommunen har for oppretting av selskapet, og om formålet kan oppfyllast innanfor eksisterande organisasjonsstruktur.

1.2. Val av selskapsform

Ved val av selskapsform må det vurderast kva selskapsform som er best egna til å oppnå målsetjingane med eigarskapet. Kva ansvar/risiko tek kommunen ved val av denne selskapsforma, og gir selskapsforma tilstrekkeleg innsynsrett og representasjon i styrande organ for kommunen? Kva behov ligg til grunn for oppretting og drift av selskapet?

Selskap som driv konkurranseutsett verksemd i tillegg til monopolverksemd, bør som hovudregel skilje ut den marknadsretta delen av verksemda for å unngå rolleblanding og kryss-subsidiering.

1.3. Finansiering / eigenkapital til oppretting av selskapet

Kommunen skal budsjettere med midlar til eigenkapital / tilskot til opprettinga. Om behov skal det også budsjetterast med ytterlegare tilskot i økonomiplanperioden.
Kostnads- og ansvarsfordeling mellom eigarane skal definerast.

1.4. Krav om innsyn

I IKS, selskap etter § 27 i koml. og heileigde kommunale aksjeselskap har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 80.
Ved oppretting av andre selskapsformer skal kommunestyret vurdere om kommunen skal krevje rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 77, 5. lekk. Slik innsynsrett skal normalt krevjast.
Rett til innsyn må takast inn i selskapsavtalen eller i vedtektene.

Ved tilsegn om kommunale garantiar, næringstøtte og andre tilskot skal kommunestyret vurdere om det skal krevjast rett til innsyn i selskapet / organisasjonen, jf. koml. § 77, 5. lekk. Slik innsynsrett skal normalt krevjast.

2. Endringar av kommunen sin eigarandel i selskap og endringar av vedtekter

Ved endringar i vedtekter eller eigarstruktur i selskap der kommunen er inne som eigar, skal ein spesielt vurdere dei forholda som går fram av punkta under:

2.1. Strategi for vidare eigarskap

Det skal vurderast om selskapet framleis oppfyller formålet som ligg til grunn for eigarskapet/engasjementet.

2.2. Økonomisk utvikling

Følgjande forhold skal spesielt vurderast:

- Er innskoten kapital i behald?
- Er det naudsynt med utviding av eigenkapitalen og eventuelt innskot av ny eigenkapital?
- Er drifta økonomisk forsvarleg, og i samsvar med regelverket?
- Representerer dagens drift ein økonomisk risiko for eigarane?
- Gjev den økonomiske analysen etter analysemodellen grunn til særskilt oppfølging, og er trenden i utviklinga positiv / negativ?
- Er tidlegare merknader vedkomande drifta følgd opp?

Ved endring av drifta bør ein som hovudregel skilje ut den marknadsretta delen av verksemda for å unngå rolleblanding og kryss-subsidiering.

2.3. Kommunen sin representasjon i eigarorgan

Er kommunen representert i forhold til eigardel eller selskapsavtale? Har kommunen vore representert på generalforsamling eller representantskap? Er det behov for å endre kommunen sin representasjon?

2.4. Generalforsamling og representantskap

Gjev årsrekneskap, årsmelding eller andre saker på generalforsamlinga eller representantskapet grunnlag for å skifte ut eller gjere endringar i styret?
Er forslag til vedtektsendringar i samsvar med lov og kommunen sine politiske vedtak?
Vert det gitt tilbakemelding til kommunestyret frå generalforsamlinga eller representantskapet?

2.5. Kommunen sin kontroll av eigarskap og økonomiske engasjement

Er kommunen sikra rett til innsyn i selskapet i medhald av koml. § 77, 5. lekk? Er det ønskeleg med eit utvida rett til innsyn?
Er det kravd og gjennomført innsyn i selskapet, og er eventuelle avvik i rapportar følgd opp?

Gjev utført administrativ oppfølgjing, jf. pkt. 3, grunn til å vurdere kommunen sitt eigarskap i selskapet?

3. Oppfølging av selskapa

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversikt over dei selskapa som kommunen er engasjert i, kven som til ei kvar tid representerer kommunen som eigar i selskapet og kva føremålet med engasjementet er. Det skal gjennomførast ein årleg kontroll. Utgangspunktet for kontrollen er å følgje opp økonomisk utvikling og strategi med eigarskapet.

Det kan skiljast mellom generell rapportering og enkeltrapportering. Alle rapportar skal som utgangspunkt til kommunestyret. Kommunestyret kan pålegge kontrollutvalet å utføre ytterlegare kontroll.

3.1. Generell rapportering

Generell rapportering skal leggast fram for kommunestyret kvart år. Kontrollen med økonomiske nøkkeltal og kommentarar skal vere grunnlaget i rapporten. Dette er ein generell rapport som

viser status. Kommunestyret kan med bakgrunn i rapporten be administrasjonen utføre vidare kontrollar, jfr. punkt 3.2.

I rapporteringa skal det leggast fram liste over alle selskapa som kommunen har eigardel i. Det vert gjennomført ei administrativ vurdering av kva selskap som vert analysert med oppfølgjingsmodellen, jf. vedlegg. Selskap av liten verdi eller med liten risiko inngår normalt ikkje i denne analysen.

Grunnlaget for analysen er den økonomiske situasjonen til selskapa basert på årsmelding og årsrekneskap frå offentleg tilgjengeleg rapportering. Dersom det gjennom analysen kjem fram særskilde avvik, kan det vere naturleg å ta kontakt med selskapet for nærare avklaring av situasjonen.

3.2 Enkeltrapportering

Kommunestyret kan på bakgrunn av rapporteringa i punkt 3.1, be om at det vert gjennomført eigen utvida rapport for eit enkelt selskap.

4. Representasjon i styre og generalforsamling/representantskap

Generelt:
Ved innstilling av representantar bør det vurderast om det er eit kommersielt selskap eller eit selskap med eit ideelt eller politisk formål. KS anbefalar at ordførar eller rådmann ikkje bør vere medlem av styre. Vidare vert det anbefalt at styremedlemmar i morselskap ikkje bør sitje i styre til dotterselskap.
For å skilje dei ulike rollene bør ein unngå at same person møter i både styret og eigarorganet (generalforsamling og representantskapet).

Styremedlemmar:
Styremedlemmar vert valt av generalforsamling eller representantskapet. KS anbefalar bruk av valnemnd ved val av styremedlemmar.

Følgjande kriterium bør vektleggast ved val av styremedlemmar:

a) kva kompetanse treng selskapet
b) kva erfaring er viktig å få inn i styret
c) tid/kapasitet til å utføre styrevervet
d) mangfald og kjønnsfordeling
e) habilitet

Folkevalde bør registrere alle styreverv i Styrevervregisteret.

Representasjon i generalforsamling/representantskap
KS har i "anbefaling om eigarskap" anbefalt at kommunestyret oppnemner sentrale folkevalde som eigarrepresentantar i generalforsamling/representantskapsmøte.
Oppnemning av sentrale folkevalde til eigarorgan vil bidra til å forenkle samhandling og kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorganet.

Ved val av eigarrepresentantar bør ein vurdere om ein fast folkevald (t.d ordførar) gjennomgåande skal vere kommunen sin representant.

5. Opplæring og oppfølging

5.1 Opplæring

Representantar i styre, representantskap og generalforsamlingar, skal få tilbod om opplæring i starten av ny kommunestyreperiode. I opplæringa skal ein spesielt legge vekt på:

- informere om rettar og plikter representanten tek på seg ved å la seg velje til vervet
- la representanten få innsikt i kva ansvar han/ho kan pådra seg
- orientere om kven ein skal vere lojal overfor som vald representant. I dette ligg å skilje mellom verv der ein skal representere kommunen som eigar og styreverv der ein har ansvar overfor generalforsamlinga/representantskapet og selskapet
- informere om korleis eit selskap er organisert, forskjellen mellom generalforsamling og styre
- få generell opplæring i styrearbeid

Denne opplæringa kan med fordel gjennomførast felles for fleire kommunar.

5.2. Oppfølging

Representantane kan be kommuneadministrasjonen om å få utlevert offentleg dokumentasjon som kommunen har om

- formålet med kommunen sitt engasjement i selskapet
- eventuelle strategiar for eigarskapet
- vedtak i kommunen om forhold som gjeld selskapet
- økonomiske vurderingar som administrasjonen har gjort mot selskapet
- anna relevant informasjon som kan vere viktig for representanten for å kunne utøve vervet

Dei valde representantane skal gjerast kjende med at dei kan nytte den kommunale administrasjonen som støttespelar i utøvinga av vervet dei er valde til å ivareta.

6. Løpande dialog med eigarrepresentantane

Representantane som møter på representantskap og generalforsamling, skal representere kommunen og følgje dei vedtaka som kommunen har gjort enten dette gjeld:

- eit konkret politisk vedtak som gjeld ei spesiell sak som skal til behandling i selskapet
- generelle føringar som gjeld selskapet eller som framgår av grunngjevinga for at kommunen oppretta eller engasjerte seg i selskapet
- generelle retningsliner i kommunen sin eigarskapspolitikk.

Representantane må på eige sjølvstendig initiativ løpande vurdere om:

- saker til handsaming skal drøftast med kommunen på førehand.
- saker som gjeld vedtektsendring, bør leggast fram for kommunen på førehand.
- opplysningar som dei blir kjende med ved utøving av vervet, skal tilbakerapporterast eller vurderast av kommunen,
- ein ynskjer å ha med seg representantar frå administrasjonen til generalforsamling/representantskap.

6. KONTROLLUTVALET SI GJENNOMFØRING OG RAPPORTERING AV SELSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet sitt engasjement i selskapskontroll er avhengig av korleis kommunestyresak **PS 113/16 Rutine for eigarskapsstyring** vert følgt opp frå administrativt og politisk hald i kommunen.

Gjennomføring - retningsliner

1. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyresak **PS 113/16 Rutine for eigarskapsstyring** vert følgt.
2. Kontrollutvalet skal utføre selskapskontrollar pålagde av kommunestyret.
3. Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Dette vil normalt bygge på kommunen sin eigenkontroll, **jf. PS 113/16.** Kontrollutvalet kan ut frå eigne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.
4. Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemane og sekretariatet), kommunen sin revisor og utførande revisor.
5. Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.
6. Kommunen sin revisor skal normalt utføre selskapskontrollar på vegne av kontrollutvalet. Dersom kommunen sin revisor også er revisor i selskapet som vert kontrollert, skal kontrollutvalet vurdere om andre skal utføre kontrollen.
7. Dersom kommunen/kommunene sin revisor utfører selskapskontrollen, gjeld denne si betalingsordning for kontrollen og kommunen/ane betalar.
   Dersom andre enn kommunen/kommunene sin revisor eller kontrollutvalet sitt sekretariat utfører selskapskontrollen på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn og kompetanse, vert betalinga for kommunen å dekke ut frå faktiske kostnader.
8. Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningsliner, innanfor lovverket sin rammer, om spesielle tilhøve skulle tilseie det.
9. Kontrollutvalet sin leiar og/eller nestleiar evt. den leiaren delegerer til, representerer kontrollutvalet i generalforsamling og representantskap.
10. Innsyn i selskap er avgrensa av type selskap, og kontrollutvalet sitt innsyn er i samsvar med gjeldane lov og reglar:
    - Kommunelova § 80: Kontrollutvalet har rett til å krevje dei opplysningar som er nødvendig for kontroll i alle heileigde aksjeselskap og aksjeselskap kommunen eig saman med andre kommunar/fylkeskommunar og interkommunale selskap.
    - For selskap kommunen eig saman med private, så vil kontrollutvalet sin innsynsrett verte avgrensa etter offentleglova. Dvs. ein kan ikkje krevje innsyn der det gjeld næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private. Dette inneber at protokollar frå styret i deleigde kommunale selskap ikkje kan krevjast innsyn i, då desse ikkje er omfatta offentleglova eller innsynsrett etter kommunelova.
    - Kommunen kan ha rett til innsyn i selskap om det går fram av selskapsavtalen og/eller vedtektene i selskap kommunen eig saman med private. Avtalen seier *kva* ein har rett til innsyn i.
    - For kommunen sin revisor gjeld same rett til innsyn som for kontrollutvalet.

Rapportering

I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 15 går det fram korleis rapportering etter gjennomført selskapskontroll skal gjerast.

Rapportering av selskapskontroll skal vere tilpassa omfanget av kontrollen. Etter gjennomført selskapskontroll skal utførar sende rapporten til kontrollutvalet via sekretariatet. Sekretariatet skal sjå til at det er samsvar mellom bestilling og utføring av selskapskontrollen.
Selskap som vert kontrollert samt den som utøver eigarfunksjon for kommunen, skal få høve til å uttale seg om innhaldet i rapporten. Eventuelle kommentarar til rapporten frå desse skal gå fram av den endelege rapporten. Rapporten skal leggast fram for administrasjonssjefen for uttale før den etter behandling i kontrollutvalet vert sendt til kommunestyret.
Etter at kontrollutvalet har behandla rapporten skal den til kommunestyret. Om selskapskontrollen er gjort av revisor, pliktar revisor å møte i kommunestyret under behandlinga av rapporten, jf forskrift om revisjon §19.
Kontrollutvalet rapporterer og om gjennomførte selskapskontrollar og resultatet av desse i si årsmelding.

Oppfølging
Kontrollutvalet kan, om dei finn det nødvendig, foreta etterkontroll av utførte selskapskontrollar, då etter same retningslinene for gjennomføring.
Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak vert følgde opp.

Åram 18. november 2016

VEST KONTROLL

Jostein Støylen
Dagleg leiar

EIGARANDEL SELSKAP SØRE SUNNMØRE

Ajourført pr 21.11.2016

ES (eigarskap) Aksjekapital der det er aktuelt elles merka med X for eigar/medlemskap

Prosent - % Prosent eigardel/aksjar der slike oppoysningar ligg føre

Merka med raudt er opplysningar ein har pr 31.12.2015 eller seinare
Merka med svart er frå tidlegare opplysningar

Selskap	Sum	Hareid		Herøy		Sande		Ulstein		Vanylven		Volda		Ørsta		
		ES	%	BFV	%	BFV	%	BFV	%	BFV	%	BFV	%	BFV	%	
1 Kommunale føretak																
Ulstein Eigedomsselskap KF	100 %							X	100 %							
Sande næringsforum	100 %															
2 Interkommunalt samarb. KL §27																
IK veterinærvakt		X	25 %	X				X	37,50 %							
PP-teneste for Ulstein og Hareid		X	40 %					X	60 %							
IK kveldslegevakt	?	X						X								
PP-teneste for Volda og Ørsta												X		X		
3 Interkommunalt samarb. KL §27. Eige rettssubj.																
Vest kontroll	78 %	X	11,11 %	X	11,11 %	X	11,11 %	X	11,11 %	X	11,11 %	X	11,11 %	X	11,12 %	I tillegg Selje og Vågsøy
4 Vertskommunesamarbeid §28a, 28b og 28c																
Sunnmøre funksjonssamarbeid				X						X		X				
Interkommunal gjeldsrådgivning		X		X						X						
Sunnmøre krisesenter		X	3,62 %	X						X		X				
Interkommunalt legevaktsamarbeid, natt §28b		X	15,78 %	X		X		534389				X		X		
Interkommunal jordmorteneste		X	21,43 %	X												
PPT Sande og Vanylven						X				X						
Hamna dagsenter Volda - Ørsta												X		X		
IK barnevern Søre Sunnmøre		X						X				X		X		
SSIKT - Søre Sunnmøre IKT		X		X		X		X		X		X		X		
Søre Sunnmøre landbrukskontor		X		X				X								
5 Interkommunale selskap																
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS	100 %		14,29 %	X	14,29 %	X	14,28 %	X	14,29 %	X	14,28 %	X	14,29 %	-	14,29 %	
Søre Sunnmøre reinhaldsverk IKS			20,71 %	X	36,16 %	X	10,72 %	X	32,41 %							
Sunnmøre regionråd IKS		X		X	5,88	X		X		X		X		X		
Interkommunale Arkiv for M&R IKS				X	2,51 %					X		X				
Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS	100 %												50 %	-	50 %	
Åkenes/Tafjord Beredskap IKS														297500	5,40 %	
6 Aksjeselskap - heileigd av kommunar																
Fiskåholmen AS	100 %									2.020.000	100 %					
Vanylven Industriutleigebygg AS	100 %									600.000						Under fusjon med Vanylven Eigedom AS
Ulshav AS	100 %							100000	100 %							
Vanylven Eigedom AS	100 %									100.000	100 %					Under fusjon
Vanylven Eigedom AS	100 %									5336600	100 %					
AV-Senteret AS - eig Norsk Nettskole AS	100 %					26000	18,57 %			28000	20 %	50000	35,72 %			
Hareid parkeringsselskap AS	100 %	30000	100 %													
7 AS/ASA deleigd av kommunal/kommunale aktørar																
Tussa Kraft AS		47193000	6,80 %	5613464	16,90 %	280000	0,90 %	22067260	2,94 %	1970000	16,17 %	27042880	6,50 %	78842880	34,83 %	
Sunnmøre Golf AS		750000	34,99 %					300000								
Hareid trafikkterminal AS		440000	36,67 %													

Hareid fastlandsamband AS		84100	1,11 %	104000	1,40 %	36000	?	100000	1,30 %	50000	20 %	45806		20000	0,50 %
Muritunet AS		70000	0,49 %	130000	0,90 %	50000	?	140000	1 %	30000	0,27 %	40000	?	35000	2,44 %
Ørsta Idrettspartk AS															
Rovdefjordsambandet AS		10000	0,44 %	20000	1,10 %	200000	?	50000	2,20 %	1 800 000	13,22 %	300000	0,45 %	10000	0,36 %
Nordøyvegen AS		2000	0,03 %	5000	0,00 %	2000									
Dag og tid AS		500	0,17 %									1902			
Sunnmørsbadet AS	71,42 %			4570000	54,40 %										
Runde miljøbygg AS	22,7 %			1501000	6,80%										
Fosnavåg konserthus AS	50,0 %			8005000	52,80 %										
Sande fastlandssamband				30000	1,50 %	925000		25000	1,40 %	800000	19,94 %				
Høddvollhuset A/L								10000	14,40 %						
Hødd Nordvest AS								10000							
Furene AS		955823	2,12 %	187981	8,10 %	5250	2,10 %	15000	5,30 %	13500	4,77 %	31500		10000	4 %
Ålesund kunnskapspark AS								101500	1,20 %						
Nordvest Maritim								1000							
Høddvoll Stadion AS								8450000	74,20 %						
Ulstein kultur og konferansesenter AS								9000000	50 %						
Bilservice AS								12000000							
Øye Vassverk AL														3000	
Vanylven Utvikling AS										140000	37,74 %				
Reisemål Stryn og Nordfjord AS										10780	2,38 %				
Combisenteret AS										70000	70,00 %				
Vanylven Industriutleigebygg AS										400000	66,67 %				
Volda skisenter AS												208000			
Fefast AS												30632		100000	
Bygderadio Vest AS												25823		6000	9,71 %
Ørsta idrettspark eigedom AS														4056000	66,40 %
Storfjordsambandet ASA														1000	
Ørsta skisenter AS														1000000	30,90 %
Voldsfjordkryssing AS												300000	33 %		
Lean Akademiet AS - nedlagt 11.12.12															
Norske skogsindustrier ASA												2088		1000	0,07 %
Sunnmøre kulturnæringshage AS												60310			
Breiband for alle AS						50000									
Fjord Norge AS						5000									
Kystvegen Måløy - Florø AS		10000		150000	1,10 %	10000				15000	1,12 %				
8 Samvirkeforetak															
Biblioteksentralen		900				600				600				2400	

9 Stifting

Stiftelsar er sjølveigande institusjonar, og der kommunane har gått inn med stiftelsesapital, er kapiten "tapt" i henhold til kommunerekneskapen.
Stiftelsen sitt styre er ansvarleg for stiftelsens drift.

Stiftinga Maritime Nordvest				1000												

10 Lutlag (L/L)

I dei tilfelle kommunane er involvert i lutlag (L/L) må laget syte for omdanning til anten aksjeselskap eller samvirkeselskap.

L/L Hjørungavåg vassverk		33900														
Høydal Vassverk LL												6000				
LL Dalsbygd Vassverk												12720				
LL Dalsbygd Kloakklag												160000				

Det Norske Teateret LL												1000		1000	0,02 %
Tussa Kraft LL												1800000			

Ukjent organisering av flg. selskaps-/ samarbeidstilhøve															
Moltustranda Vassverk SA				3600											
Stemmedalen Vassverk SA				268200											
Herøy Vasslag SA				353350											
Leikanger Grendahus				50000											
Moltustranda Grendahus				439000											
Syvde Vassverk										25000					
Knardal og Årskog Vassverk										5000					
Folkestad Vassverk BA												7500			

Støttesenter incest og seksuell overgrep M&R										X		X			
Øye Vassverk														3000	
IAU Sunnmøre, beredskap for akutt forurensing												X			
Arbeidsgivarkontroll Sunnmøre												X			
Administrativ samhandlingsgruppe Sunnmøre										X		X			
Kompetanseløft Barnevern Sunnmøre												X			
IKT-samarbed Ørsta-Volda												X		X	
Nattlegevakt for Søre Sunnmøre		X		X				X				X		X	
Landbruks- og skogbrukstenesta for Ørsta/Volda												X		X	
Nav-tenesta for Ørsta og Volda												X			
Veterinærtenesta for Ørsta og Volda												X			
Norsk Skjemaforlag														500	
Urke Vassverk														13000	
Driftsass. Vann og avløp i M og R										X					
IUA for Sunnmøre										X					
Samarbeid om energi og klimaplaner på Sunnmøre										X					
Kompetanseløft Barnevern Sunnmøre										X					
LUK på Søre Sunnmøre										X					
Sjustjerna oppvekstsamarbeid										X					

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Andreea Beleuta	Arkivsak nr.:	2016/1937
		Arkivkode:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
253/16	Formannskapet	13.12.2016
161/16	Kommunestyret	15.12.2016

KORRIGERING AV BUDSJETT 2. HALVÅR 2016

Administrasjonen si tilråding:

1. **Frie inntekter vert auka med kr 5.664.000. Av dette utgjer skjønnstilskotet knytt til kommunereforma kr 1.000.000, og vert sett av til bunde driftsfond.**
2. **Integreringstilskot vert auka med kr. 3.143.000.**
3. **Generelle statstilskot vert redusert med kr 375.000.**
4. **Budsjettramma til Opplæring og oppvekst vert redusert med kr 1.500.000.**
5. **Budsjettramma til NAV vert auka med kr. 500.000.**
6. **Renteinntektene vert auka med kr 1.000.000.**
7. **Budsjetterte renteutgifter til Startlån vert auka med kr. 400.000.**
8. **Budsjetterte renteinntekter til Startlån vert auka med kr. 200.000.**
9. **Budsjettert premieavvik (positivt) på kr. 13.692.000 vert endra til negativt premieavvik på 3,5 mill. kr.**
10. **Amortiseringa av tidlegare års premieavvik vert auka med kr 485.600 til kr 7.025.000.**
11. **Budsjettert innbetalt pensjonspremie vert redusert med kr 17.192.000.**
12. **Avskrivingar (utgift) utanom sjølvkostområde vert auka frå kr. 25.580.000 til kr. 29.094.000.**

13. **Avskrivingar (inntekt) utanom sjølvkostområde vert auka frå kr. 25.580.000 til kr. 29.094.000.**

14. **Momskompensasjon drift (utgift) vert sett til kr 12.500.000.**

15. **Momskompensasjon drift (inntekt) vert sett til kr 12.500.000.**

16. **Delkrederavsetning vert sett til kr 500.000.**

17. **Disposisjonsfondet vert styrka med kr 8.246.400.**

18. **Det vert løyvd kr 10.000 til *Kvinnepolitisk tiltak.* Dette blir finansiert ved bruk av formannskapet sin disposisjonskonto.**

19. **Dersom Fellesrådet sine rente- og avdragsutgifter vert mindre enn kr 800.000, så kan det resterande beløpet nyttast til å redusere det akkumulerte underskotet som Fellesrådet har.**

20. **Det vert løyvd kr 640.000 til innkjøp av diverse utstyr på rådhuset, og vert finansiert ved momskompensasjon (kr 128.000) og bruk av ubunde investeringsfond (kr 512.000).**

21. **Det vert løyvd kr 2.083.000 til prosjektet *Lerkane–Storgata, veg og rundkøyring.* Finansiering vert ved momskompensasjon (kr 417.000) og bruk av ubunde investeringsfond (kr 1.666.000).**

22. **Eigenkapitaltilskot til KLP på kr 1.511.542 vert finansiert ved bruk av ubunde investeringsfond.**

Saksopplysningar:

Det vert foreslått å gjere desse endringane på driftsbudsjettet:

Frie inntekter

Rammetilskot og skatt på inntekt og formue utgjer det som vert kalla kommunen sine frie inntekter:

Budsjett	**Opphavleg budsjett 2016**	**Justert budsjett 2016**	**Prognose 2016**
Rammetilskott	244 498 000	249 693 000	258 000 000
Skatteinntekter	212 524 000	208 643 000	205 000 000
Sum frie inntekter	**457 022 000**	**458 336 000**	**463 000 000**

Det er skatteinngangen på landsbasis som er den mest sentrale faktoren på kor mykje vi får i frie inntekter. Dette er fordi vi har utjamning mellom skatterike kommunar og skattefattige kommunar (slik som Volda kommune). Dette er eit element i rammetilskotet. Jo mindre skatteinngangen er på landsbasis, desto mindre vert det å fordele til dei skattefattige kommunane. Volda kommune har skatteinntekter på 168,09 mill kr ved utgangen av oktober, og er ca 3,3 mill kr mindre enn det budsjetterte beløpet for same periode. Volda kommune får kompensert 95% dersom skatteinntektene vert mindre enn budsjettert.

Kommunestyret har som tabellen ovanfor viser, opphavleg budsjettert med frie inntekter på 457 mill kr. i 2016. Regjeringa kom med ny prognose for skatteinntektene på landsbasis ved framlegging av kommuneproposisjonen/revidert nasjonalbudsjett den 6.oktober. Prognosemodellen frå KS viser ei prognose på 463 mill kr ved årets slutt for Volda kommune, og er nesten 4,7 mill. kr. meir enn revidert budsjett.

Denne prognosen inkluderer imidlertid ikkje skjønnstilskot på 1 mill kr som vi har fått knytt til kommunereforma.

Generelle statstilskot

Tabellen under viser budsjetterte generelle statstilskot for 2016:

Generelle statstilskot	**Budsjett 2016**	**Prognose**
Integreringstilskott	25 825 000	28 968 500
Gr.97/investering i skulebygg	1 311 082	1 132 002
Omsorg	3 144 829	2 962 786
Kyrkjebygg	65 309	50 890
Sum	**30 346 220**	**33 115 178**

Integreringstilskot

Prognosen på integreringstilskot er ca kr 3.143.000 meir enn budsjettert.

Generelle statstilskot

Volda kommune får ca kr. 375.000 mindre enn budsjettert.

Finansområdet

Det vert foreslått å gjere budsjettendringar på renteutgifter og renteinntekter knytt til Startlån. Dei budsjetterte renteutgifter vert auka med kr 400.000. Tilsvarande vert dei budsjetterte renteinntektene auka med kr 200.000.

Volda kommune har motteke fleire millionar kroner i ekstraordinære avdrag på utlån så langt i 2016. Dette betalast til Husbanken fyrst når årsoppgjeret er gjennomført. Vi får dermed eit avvik mellom renteutgifter og renteinntekter på *Startlåna*. Dette vert imidlertid kompensert ved at dei ordinære renteinntektene vert større (ekstraordinære avdrag frå kundane blir betalt til Volda kommune sin foliokonto).

Ordinære renteinntekter

Det vert foreslått å gjere budsjettendringar på ordinære renteinntekter. Dei budsjetterte renteinntekter vert auka med kr 1.000.000.

16. juni vert det gjennomført 150 mill av det vedtekne låneopptaket på over 200 mill kr 100 mill kr av låneopptaket er førebels plassert på høgrentekonto. Renteinntektene vil difor ved slutten av året være ca 1 mill kr meir enn det budsjetterte beløpet.

Pensjon

Vi budsjetterer i høve til prognosen vi får frå våre pensjonsleverandørar. Det er vesentleg avvik mellom prognosen ved inngangen til året samanlikna med prognosen ved utgangen av året (når det gjeld KLP).

Amortisering av premieavvik

Amortisering av premieavvik frå tidlegare år var ikkje klart på tidspunktet budsjettet for 2016 vart lagt fram. Amortiseringa vert kr. 7.025.000, og er kr 485.600 større enn budsjettert.

Årets premieavvik

Det er budsjettert med eit *positivt* premieavvik på kr. 13.692.000. Prognosen utarbeidd av KLP viser eit *negativt* premieavvik på ca. 3,5 mill. kr. Dette er eit avvik på ca. 17,2 mill. kr i høve til budsjettert premieavvik, som ein må finne budsjettmessig dekning for.

Innbetalt premie til KLP vert også langt mindre enn det som var prognosen ved inngangen til året. Hovudforklaringa på det er at KLP i stor grad har belasta kommunen sitt premiefond i staden for at kommunen fysisk betalar heile premien.

Vi vil dermed ha budsjettmessig dekning for endringa i forventa premieavvik på 2016. Rådmannen rår til at vi på bakgrunn av dette gjer følgjande justeringar av budsjettet:

- Budsjettert premieavvik (positivt) på kr 13.692.000 vert endra til negativt premieavvik på 3,5 mill. kr (budsjettmessig endring på kr 17.192.000)

- Budsjettert innbetaling av premie til KLP vert redusert med kr. 17.192.000.

Avskrivingar

Avskrivingar har ingen resultateffekt i kommunerekneskapen. I budsjettet for 2016 er det budsjettert slik:

- Avskrivingar (utgift) - kr 29.094.000

- Motpost avskrivingar (inntekt) - kr 29.094.000

Momskompensasjon

Momskompensasjon har heller ingen resultateffekt i kommunerekneskapen. Vi anslår at vi i løpet av 2016 vil få ca. 12,5 mill kr i momskompensasjon (drift), og tilrår at det vert lagt inn i budsjettet slik:

- Momskompensasjon (utgift), kr 12.500.000
- Momskompensasjon (inntekt), kr 12.500.000.

Budsjettjustering sektorane

Det vert vist til månadsrapporten for oktober, og rådmannen foreslår følgjande:

- Budsjettramma til Opplæring og oppvekst vert redusert med 1,5 mill kr.
- Budsjetterte utgifter til NAV vert auka med kr. 500.000.

Helse- og omsorgssjefen opplyser at sektoren forventar eit meirforbruk på ca. kr 2 mill. I fjor på same tid vart Helse og omsorg tilført kr 7,5 mill. Sektoren fekk etter dette eit mindreforbruk på ca. halvparten av dette beløpet ved avslutning av rekneskapen.

Budsjettramma til sektoren auka med ca kr 11 mill frå 2015 til 2016 (sum av ulike tiltak og utover kompensasjon for løn og prisauke). Budsjettramma til sektoren har ikkje blitt redusert sjølv om alle nye tiltak for 2016 ennå ikkje er sett i verk. Samtidig har det oppstått utgifter som ikkje var kjente da budsjettet vart lagt, men samtidig skulle desse utgiftene vere mindre enn dei utgiftene knytt til tiltak som ikkje er sett i verk, slik at sektoren samla sett normalt burde gå med eit mindreforbruk i 2016.

Rådmannen forventa at sektoren har stram styring ut året og legg ikkje opp til at budsjettramma til sektoren vert endra.

Søknad frå Volda kyrkjelege fellesråd

I 2016 har Volda kommune sett av inntil kr. 800.000,- i investeringstilskot for å dekke Fellesrådet sine rente- og avdragskostnadar.

Volda kyrkjelege Fellesråd ber Volda kommune omdisponere unytta investeringstilskot på 2016-budsjettet til ekstraordinært driftstilskot for å dekkje inn delar av akkumulert meirforbruk. Skrivet frå Fellesrådet er med som trykt vedlegg til saka.

Fellesrådet estimerer at rente- og avdragsutgifter vert ca. kr 563.000 i 2016. Rådmannen tilrår at søknaden til Fellesrådet vert innvilga. Rådmannen føresett at Fellesrådet held fram med nøktern drift.

Delkrederavsetning

Delkrederavsetning er avsetning til dekning av tap på kundefordringar (forventa tap). Ein slik avsetning er i tråd med god kommunal rekneskapsskikk.

Avsetning til disposisjonsfond

Det vert foreslått å styrke disposisjonsfond med kr 8.246.400 .

Ein gjer merksam på at dette er ei budsjettert avsetning til disposisjonsfond. Det er den endelige rekneskapen for 2016 som avgjer om det er rom for å gjennomføre den budsjetterte avsetninga.

Oppsummering driftsbudsjettet

Tabellen under viser tilrådingane som vert foreslått på driftsbudsjettet:

	Auka utgifter/reduserte inntekter	**Auka inntekter/reduserte utgifter**
Frie inntekter (rammetilskot og skatt på formue og inntekt)		5 664 000
Intgreringstilskot		3 143 000
Generelle statstilskot	375 000	
Redusert ramme til opplæring og oppvekst		1 500 000
Auka ramme NAV	500 000	
Auke renteinntekter		1 000 000
Premieavvik	17 192 000	
Amortisering av premieavvik	485 600	
Redusert innbetalt pensjonspremie		17 192 000
Renteutgifter Startlån	400 000	
Renteinntekter Startlån		200 000
Avskrivingar (inntekt)		3 514 000
Avskrivingar (utgift)	3 514 000	
Momsutgift driftsrekneskapen	12 500 000	
Momsinntekt driftsrekneskapen		12 500 000
Avsetning til bunde driftsfond (kommunereforma)	1 000 000	
Delkrederavsetning	500 000	
Styrking av disposisjonsfondet	8 246 400	
Sum	**44 713 000**	**44 713 000**

Investeringsbudsjettet

Det vert gjort følgjande endringar på investeringsbudsjettet :

Lerkane – Storgata, veg og rundkøyring

Dette gjeld utføring av støytiltak på bolighus ved rundkøyringa og oppføring av støyskjerm langsmed rundkøyringa. Desse tiltaka har Volda kommune krav om å utføre i tråd med støyanalyser og avtalar med grunneigarane.

Utstyr på rådhuset

Dette er komplettering av investering i samband med oppbygging av rådhuset. Arbeid som inngår i dette er inventar til møterom (videokanon, bord, stolar mm), samt tilordning kantine. Finansiering vert ved bruk av midlar frå forsikringsoppgjeret (er tidlegare sett av til ubunde investeringsfond).

Eigenkapitaltilskot KLP

Eigenkapitaltilskot til KLP på kr 1.511.542 vert finansiert ved bruk av ubunde investeringsfond.

Rune Sjurgard
Rådmann

Henrik Skovly
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

- Alle avdeling og stabsleiarar
- Marija Ostojic
- Sakshandsamar

DEN NORSKE KYRKJA
Volda kyrkjelege fellesråd

Postboks 17
6101
Tlf: 70074090
Kyrkjeverja@volda.kyrkja.no

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Volda 28.09.2016
Vår sakshandsamar: JS
Vår ref.: 15/00008-002
Arkivkode: 112

Søknad om omdisponering av tilskotsmidlar

Volda kyrkjelege fellesråd handsama sak *VKF 34/2016: Omdisponering av kommunale tilskotsmidlar* i sitt møte 22.09.2016 og gjorde følgjande vedtak:

Vedtak, samrøystes:

> *Volda kyrkjelege fellesråd ber Volda kommune omdisponere unytta investeringstilskot på 2016-budjettet til ekstraordinært driftstilskot for å dekkje inn delar av akkumulert meirforbruk*

Fellesrådet har sidan 2012 slite med å dekke inn eit større meirforbruk. Pr. 31.12.2015 var det bokført eit akkumulert meirforbruk på kr. 547.434,-. Hovuddelen av dette skriv seg frå eit etterkrav frå KLP på kr.440.000 i 2012, men òg meirforbruk(driftsunderskot) seinare år slik at ein på det meste hadde eit akkumulert meirforbruk på kr. 761.350,-.

Slikt meirforbruk skal etter reglane dekkast inn gjennom drifta dei to påfølgjande åra etter meirforbruket oppstod. Diverre var meirforbruket så stort at dette ikkje har vore mogleg innanfor fellesrådet sine driftsrammer. Vi har måtte leggje ein lenger plan for slik inndekking. Planen som opphavleg vart lagt gjekk frå 2013 - 2020 med innsparingar på mellom kr. 87.000,- og kr.103.000,- pr. år. Nokre år har vi klart å spare inn meir, andre år har meirforbruket auka. I 2015 auka meirforbruket med 127.758,- til 547.434,-.

Innsparingar over mange år gjev oss redusert handlingsrom og går utover drifta på ulike måtar. Mellom anna fører dette til ein vanskeleg likviditetssituasjon.

Truleg er det betre å ta eit krafttak med større innsparingar over færre år. Fellesrådet har derfor gått inn for følgjande plan for å dekke inn akkumulert meirforbruk gjennom innsparingar i perioden 2016 - 2019:

	2016	2017	2018	2019	SAMLA
Saldo meirforbruk pr.01.01.	547 434	407 434	272 434	137 434	
Innsparing i driftbudsjettet	**140 000**	**135 000**	**135 000**	**137 434**	**547434**
Saldo meirforbruk pr. 31.12.	407 434	272 434	137 434	0	

I 2016 har Volda kommune sett av inntil kr. 800.000,- i investeringstilskot for å dekke fellesrådet sine rente- og avdragskostnadar. Problem med å få Fylkesmannen si godkjenning av kommunal garanti på dei nye investeringslåna i 2016 har ført til at låneopptaka vart forseinka og rente- og avdragskostnadane i år liggje på omlag kr. 563.000.-.

I denne situasjonen ønskjer fellesrådet å søkje kommunen om ei omdisponering av unytta investeringstilskot til ekstraordinært driftstilskot for å dekkje inn delar av det akkumulert meirforbruk. Unytta investeringstilskot i 2016 ser ut til å bli på om lag kr.230.000,-.

Ei slik omdisponering vil redusere meirforbruket vesentleg og føre til at fellesrådet sit at med om lag kr.177.000,- i akkumulert meirforbruk pr. 31.12.2016. Dette er eit beløp som relativt lett let seg dekke inn over to år. Fellesrådet vil på denne måten raskare få eit handlerom i driftsbudsjettet og ein lettare likviditetssituasjon.

Vi søkjer med dette Volda kommune om å få omdisponere unytta investeringstilskot på 2016-budsjettet til ekstraordinært driftstilskot for å dekkje inn delar av akkumulert meirforbruk

Venleg helsing

Jøstein Stråbø
kyrkjeverje

Handsaming (ni røysteføre):

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvoll orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteken, Odd A. Folkestad røysta imot.

Tilråding i formannskapet - 22.11.2016 til kommunestyret:

1. Skulefritidsordningane

Betalingssatsar for skulefritidsordningane frå 01.08.2017:

Sentrum: pr månad i 11 månader	*: 1-3 dagar pr. veke*	*: kr 1 740,-*
	: 4 dagar pr. veke	*: kr 2 270,-*
	: 5 dagar pr. veke	*: kr 2 800,-*
Matpengar pr månad	*: 1-3 dagar pr. veke*	*: kr 111,-*
	: 4 dagar pr. veke	*: kr 163,-*
	: 5 dagar pr. veke	*: kr 205,-*

Dei andre krinsane: pr månad i 10 månader: 16 timar pr veke : kr 2 080,-

I skulefritidsordningar med avvikande opningstid vert betalinga utrekna i høve til prisen for 16 timars opningstid.

Enkelttimesatsen for alle skulefritidsordningane vert sett til kr 120,-.

For alle ordningane vert det gitt same syskenrabatt som i barnehagane.
Barn nr 2: 30%. Barn nr 3: 50%

Det vert ikkje gitt syskenrabatt mellom barnehage og SFO.

2. Volda kulturskule

Betalingssatsar for Volda kulturskule frå 01.08.2017:
Pr semester for undervisning individuelt og i smågrupper: kr 1800,-
Pr semester for instrumentleige : kr 260,-
Pr semester for materiell i kunstskulen : kr 260,-

Det vert gitt 25 % syskenmoderasjon for elev nr 2 og fleire.

Det vert gitt 25 % moderasjon for instrument nr 2 og fleire for elevar som er påmeldt fleire instrument/disiplinar.

3. Barnehagane

Betalingssatsar for Mork, Engeset, Oppigarden, Sollia og Austefjord barnehagar frå

01.01.2017 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 730,-
Matpengar pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 360,-

Betalingssatsar for Folkestad og Lauvstad barnehagar frå 01.01.2017
(med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):
Pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 730,-
Pr. månad i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 2 550,-

Matpengar pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 360,-
Matpengar pr. månad i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 290,-

Syskerabatt for barn nr. 2: 30 % og for barn nr. 3: 50 %
Syskenrabatt gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både kommunal- og privat barnehage.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Ivar Kongsvik	Arkivsak nr.:	2016/1833
		Arkivkode:	231

Utvalsaksnr	**Utval**	**Møtedato**
221/16	Formannskapet	22.11.2016
162/16	Kommunestyret	15.12.2016

BETALINGSSATSAR I SFO, KULTURSKULE OG BARNEHAGAR 2017

Administrasjonen si tilråding:

1. Skulefritidsordningane

Betalingssatsar for skulefritidsordningane frå 01.08.2017:

Sentrum: pr månad i 11 månader	*: 1-3 dagar pr. veke*	*: kr 1 740,-*
	: 4 dagar pr. veke	*: kr 2 270,-*
	: 5 dagar pr. veke	*: kr 2 800,-*
Matpengar pr månad	*: 1-3 dagar pr. veke*	*: kr 111,-*
	: 4 dagar pr. veke	*: kr 163,-*
	: 5 dagar pr. veke	*: kr 205,-*

Dei andre krinsane: pr månad i 10 månader: 16 timar pr veke : kr 2 080,-

I skulefritidsordningar med avvikande opningstid vert betalinga utrekna i høve til prisen for 16 timars opningstid.

Enkelttimesatsen for alle skulefritidsordningane vert sett til kr 120,-.

For alle ordningane vert det gitt same syskenrabatt som i barnehagane.
Barn nr 2: 30%. Barn nr 3: 50%

Det vert ikkje gitt syskenrabatt mellom barnehage og SFO.

2. Volda kulturskule

Betalingssatsar for Volda kulturskule frå 01.08.2017:
Pr semester for undervisning individuelt og i smågrupper: kr 1800,-
Pr semester for instrumentleige : kr 260,-
Pr semester for materiell i kunstskulen : kr 260,-

Det vert gitt 25 % syskenmoderasjon for elev nr 2 og fleire.

Det vert gitt 25 % moderasjon for instrument nr 2 og fleire for elevar som er påmeldt fleire instrument/disiplinar.

3. Barnehagane

Betalingssatsar for Mork, Engeset, Oppigarden, Sollia og Austefjord barnehagar frå 01.01.2017 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 730,-
Matpengar pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 360,-

Betalingssatsar for Folkestad og Lauvstad barnehagar frå 01.01.2017 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):
Pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 730,-
Pr. månad i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 2 550,-

Matpengar pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 360,-
Matpengar pr. månad i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 290,-

Syskerabatt for barn nr. 2: 30 % og for barn nr. 3: 50 %
Syskenrabatt gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både kommunal- og privat barnehage.

Vedleggsliste:
Betalingssatsar i SFO, kulturskule og barnehagar 2016

Saksopplysningar/fakta

Skulefritidsordning
Jfr. opplæringslova § 13-7, skal kommunen ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1. – 4. årssteg og for born med særskilde behov på 1. – 7. årssteg. I lova heiter det at kommunen kan krevje utgiftene dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

Volda kommune har gode skulefritidsordningar, og kommunen tilbyr tenesta ved alle barneskulane. Volda kommune har også differensierte tilbod dei føresette kan velje mellom, noko som også er kostnadsdrivande. KOSTRA-tal viser også at det berre er Vanylven kommune som har rimelegare skulefritidsordning av dei omliggande kommunane. Dette i sum gjer at det er langt frå at foreldrebetalinga dekker kommunen sine utgifter til drift av ordningane.

Ei samanlikning av netto driftsutgifter til skulefritidstilbod mellom kommunar på Søre-Sunnmøre og kostragruppe 11 viser følgjande:

Volda	8888
Vanylven	6236
Ulstein	4004
Herøy	1120
Sande	6576
Hareid	2275
Kostragr 11	4397

*netto driftsutgifter til skulefritidstilbod (215), pr innbyggar 6-9 år (2015)

I KS konsulent sin KOSTRA-analyse vert det peika på at Volda kan ha noko å hente i forhold til å regulere SFO-satsane.



Tabell henta frå KS konsulent sin rapport

Ei samanlikning av satsen for foreldrebetaling viser følgjande:

Kommune	Foreldrebetaling 20 t/v
Vanylven	1980
Herøy	2315
Volda	2270
Sande	2611

Ulstein	2894
Ørsta	2638
Hareid	2580

*Foreldrebetaling SFO: Vekentleg opphaldstid 20 timar, i kroner pr månad (2015)

Volda kommune må ta grep for å redusere netto driftsutgifter til SFO. I denne omgang vert det rådd til ein auke i foreldrebetalinga på 15 %.

Det vert vidare rådd til at satsen for enkelttimar vert frå kr 70,- til kr 120,-

Samanlikna med andre kommunar ligg Volda kommune i øvre sjikt når det gjeld matpengar (kr 205,-). Til samanlikning er prisen for heil plass i Ørsta kommune kr 155,- og Ulstein kommune kr 100,-. Administrasjonen rår difor til å halde matpengane uendra.

Kulturskulen
Musikk- og kulturskuletilbod er heimla i opplæringslova § 13-6 der det heiter at alle kommunar åleine eller i samarbeid med andre kommunar skal ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge. Ein føreset at tilbodet delvis vert finansiert gjennom foreldrebetaling.

Ei samanlikning av elevkontingenten i kulturskulane i nokre omliggande kommunar viser:

Kommune	Årspris	% moderasjon	Moderasjon gjeldande
Herøy	3300	25 % / 75 % / fri	Frå elev og instrument 2, 3 og 4
Hareid	3080 (frå 01.01.16)	15 %	Frå elev og instrument nr 2
Ørsta	3100	25 %	Frå elev nr 3
Volda	3400	25 %	Frå elev nr 2 og instrument nr 2

Administrasjonen ser det som viktig at kulturskulen skal vere tilgjengeleg for alle barn i kommunen. Høge avgifter kan vere med på å støyte elevar vekk, og det er ein av grunnane til at betalingssatsen har vore uendra sidan 2013. Sjølv om Volda kommune framleis ligg noko over andre omliggande kommunar, rår administrasjonen til at elevbetalinga vert auka for å halde tritt med løns- og prisveksten.

Barnehagane
Regjeringa foreslår å vidareføre maksimalpris for foreldrebetaling i barnehage på same reelle nivå som i 2016. Maksimalpris for ein heiltidsplass blir då kr 2 730 og kr 30 030 pr år. Maksimalgrensa vert fastsett i Stortinget sitt årlege budsjettvedtak. Volda kommune krev foreldrebetaling i barnehage tilsvarande maksimal pris på nasjonalt nivå.

Foreldrebetaling vert fastsett i tråd med *Forskrift om foreldrebetaling i barnehager*.
Det står i §1 i *Merknad til Forskrift om foreldrebetaling i barnehager*, at foreldrebetaling for eit deltidstilbod skal settast lågare enn foreldrebetaling for eit heildagstilbod. Deltidstilbod er avtalt opphaldstid under 41 timer per veke. Barnehageeigar står fritt til å bestemme kor mykje lågare prisen for eit deltidstilbod skal vere.

Administrasjonen rår til at matpengane vert auka i tråd med prisveksten.

Syskenrabatt
Kommunen skal syte for at føresette med meir enn eitt barn i barnehage, får reduksjon i foreldrebetalinga. Dette gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både kommunal og privat barnehage. Syskenrabatt omfattar sysken som bur fast saman.

Det vert gitt 30 % syskenrabatt for barn nr 2 og 50 % syskenrabatt for barn nr 3 og fleire.

Reduksjon i foreldrebetaling
Ordninga med gratis kjernetid i barnehage for alle 3-, 4- og 5-åringar frå familiar med låg inntekt blir vidareført. Frå 1. august 2017 er inntektsgrensa foreslått sett til kr 428 000.

Ordninga med rimelegare barnehageplass for familiar med låg inntekt vert også vidareført. Denne ordninga inneber at ingen familiar betalar meir enn 6 % av samla inntekt for ein barnehageplass. I 2017 vil hushaldningar med inntekt under kr 500 500 etter søknad ha rett til redusert foreldrebetaling.

Vurdering og konklusjon:
Med den føreslegne auken i foreldrebetalinga for SFO, vil drifta av ordningane kome nærare balanse. Volda kommune har ei desentralisert skulefritidsordning som er fleksibel for brukarane. Dette gjer at ordninga er kostnadskrevjande, og det er naudsynt å auke inntektene for å kome nærare balanse i drifta. Matpengane i SFO er noko høgare i Volda kommune samanlikna med andre kommunar, og administrasjonen rår difor til å halde matpengane uendra.

Elevbetalinga i Kulturskulen har vore uendra sidan 2013. Ein av grunnane er at Volda har har vore mellom dei dyraste av dei omliggande kommunane. Kostnaden med drifta har stige som ein konsekvens av lønsvekst, og det er administrasjonen si vurdering at elevkontigenten må aukast frå 01.08.2017.

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Skular med skulefritidsordning
Kommunale og private barnehagar
Kulturskulen
Økonomiavdelinga
Rekneskap
Opplæring og oppvekst
Servicekontoret

Klageinstans:

BETALINGSSATSAR I SFO, KULTURSKULE OG BARNEHAGAR 2016

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2015
Kommunestyret vedtek følgjande betalingssatsar:

1. Skulefritidsordningane
Betalingssatsar for skulefritidsordningane frå 01.08.2016:

Sentrum: pr månad i 11 månader	*: 1-3 dagar pr. veke*	*: kr 1 516,-*
	: 4 dagar pr. veke	*: kr 1 977,-*
	: 5 dagar pr. veke	*: kr 2 442,-*
Matpengar pr månad	*: 1-3 dagar pr. veke*	*: kr 111,-*
	: 4 dagar pr. veke	*: kr 163,-*
	: 5 dagar pr. veke	*: kr 205,-*
Dei andre krinsane: pr månad i 10 månader: 16 timar pr veke		*: kr 1 810,-*

I skulefritidsordningar med avvikande opningstid vert betalinga utrekna i høve til prisen for 16 timars opningstid.

Enkelttimesatsen for alle skulefritidsordningane vert sett til kr 70,-.

For alle ordningane vert det gitt same syskenrabatt som i barnehagane.
Barn nr 2: 30%. Barn nr 3: 50%

Det vert ikkje gitt syskenrabatt mellom barnehage og SFO.

2. Volda kulturskule
Betalingssatsar for Volda kulturskule frå 01.08.2016:

Pr semester for undervisning individuelt og i smågrupper	*: kr 1700,-*
Pr semester for instrumentleige	*: kr 250,-*
Pr semester for materiell i kunstskulen	*: kr 250,-*

Det vert gitt 25 % syskenmoderasjon for elev nr 2 og fleire.

Med verknad frå 01.08.2016 vert det innført 25 % for instrument nr 2 og fleire for elevar som er påmeldt fleire instrument.

3. Barnehagane
Betalingssatsar for Austefjord, Engeset, Mork, Oppigarden og Sollia barnehagar frå 01.01.2016 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. månad i 11 månader	*: 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 580,-*
Matpengar pr. månad i 11 månader	*: 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 350,-*

Betalingssatsar for Folkestad og Lauvstad barnehagar frå 01.01.2016 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. månad i 11 månader	*: 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 655,-*
Pr. månad i 11 månader	*: 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 2 480,-*
Matpengar pr. månad i 11 månader	*: 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 350,-*
Matpengar pr. månad i 11 månader	*: 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 280,-*

Syskerabatt for barn nr. 2: 30 % og for barn nr. 3: 50 %
Syskenrabatt gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både kommunal- og ikkje-kommunal barnehage.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 22.11.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek fylgjande betalingssatsar for meklarpakkar/eigedomsopplysningar gjeldande frå 01.01.2017:

Leveringstid – arbeidsdagar	***Pris inkl mva***
1-7 dagar	***kr. 2.015-***
8-10 dagar	***kr. 1.425,-***
11 dagar eller meir	***kr. 530,-***

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2015/2309
		Arkivkode:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
222/16	Formannskapet	22.11.2016
163/16	Kommunestyret	15.12.2016

BETALING FOR MEKLARPAKKAR/EIGEDOMSOPPLYSNINGAR 2017

Administrasjonen si tilråding:
Kommunestyret vedtek fylgjande betalingssatsar for meklarpakkar/eigedomsopplysningar gjeldande frå 01.01.2017:

Leveringstid – arbeidsdagar	***Pris inkl mva***
1-7 dagar	***kr. 2.015-***
8-10 dagar	***kr. 1.425,-***
11 dagar eller meir	***kr. 530,-***

Saksopplysningar/fakta:
Eigedomsmeklarar vender seg jamnleg til Volda kommune, i det dei viser til eiendomsmeglerloven § 3-6 (1) pkt. 8 og ber om eigedomsopplysningar. Opplysningane skal i hovudsak nyttast til presentasjon av eigedomar til potensielle kjøparar. Servicekontoret formidlar opplysningane som til ei kvar tid er å finne i kommunen sitt arkiv, etter fast oppsett skjema. Det er eit klart mål å ekspedere opplysningane snarast råd, for på den måten yte rask og god service og sikre inntektene.

Satsane for 2016 har vore:

Leveringstid – arbeidsdagar	Pris inkl mva
1-7 dagar	kr. 1.965,-
8-10 dagar	kr. 1.390,-
11 dagar eller meir	kr. 518,-

Opplysningar som vert gjeve:

- Godkjende teikningar
- Byggeløyver
- Bruksløyve/ferdigattest evnt mellombels bruksløyve
- Målebrev/skylddeling
- Situasjonskart
- Tomtehistorikk
- Reguleringsplan med vedtekter
- Kommunale avgifter, herunder også eigedomsskatt
- Eventuell restansar (ubetalte krav)
- Opplysningar om tilknyting offentleg eller privat vatn og kloakk
- Opplysningar om vegtilkomst
- Opplysningar om eigedomen har vassmålar/ikkje vassmålar

Den føreslegne auken er i tråd med den forventa løns- og prisauken på om lag 2,5%.

Økonomiske konsekvensar:
Gebyrauken vil kompensere for forventa løns- og prisvekst.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen rår til at betalingssatsen for meklarpakkar/eigedomsopplysningar blir auka i tråd med den forventa løns- og prisauken.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Servicekontoret for oppdatering av informasjon på heimeside

Handsaming:

Varamedlem Erlend Krumsvik tok sete kl. 16.20.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek å godkjenne vedlagte leigeregulativ for kommunale bygg i Volda kommune, datert 18.11.2016. Framlegg til nye leigesatsar gjeld frå 01.01.2017

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kjell Magne Rindal	Arkivsak nr.:	2014/2077
		Arkivkode:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
236/16	Formannskapet	29.11.2016
164/16	Kommunestyret	15.12.2016

LEIGEREGULATIV FOR KOMMUNALE BYGG 2017

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å godkjenne vedlagte leigeregulativ for kommunale bygg i Volda kommune, datert 18.11.2016. Framlegg til nye leigesatsar gjeld frå 01.01.2017

Saksopplysningar/fakta:

Vedlagt ligg sist vedtatt regulativ for leige, datert 26.11.2014. Dette regulativet er utgangspunkt for nytt regulativ. Nytt regulativ er forenkla med færre kategoriar i utleige, samt justerte satsar.

Vurdering og konklusjon:

Alle kostnader skal synleggjerast, og kommunen bør ha eit system der leigetakar av kommunale lokale betaler noko for å få dekt opp av kostnader med bruken. I regulativet er det lagt opp til ei differensiering for å ivareta omsyn til ideelle interesser.

I samband med arbeid kring ny Voldahall er det ikkje lagt til grunn regulering av leige til lag/organisasjonar. MRFK har fast index justering på leige. Det er eit ynskje frå idretten at det blir utført reinhald på laurdagar framover. Kommunen kan utføre dette, men vil då måtte fakturere lag/organisasjonar som har arrangement. Det blir likt fordelt på den som har laurdag og den som har søndag. Satsar for dette er innarbeida i leigeregulativ.

I høve KOSTRA og korrekt synleggjering av kostnader med lokale til lag og organisasjonar mv., så vil alternativ til leige vere at ev gratis bruk skal dekkjast opp ved løyving på kommunebudsjettet som internhusleige som synleggjer kostnadene med bruken av lokala til ulike lagsaktivitetar.

Rådmannen rår til at vedlagte forslag til leigeregulativ vert godkjent.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell Magne Rindal
eigedomssjef

REGULATIV FOR LEIGESATSAR KOMMUNALE BYGG FOR 2015

Samfunnshuset:

Kinosal/Storesal:

Utleige utan billettsal (møter, konferansar og liknande)	Kr 1.500
Utleige inntektsgjevande tilstellingar (basar, tombola og liknande)	Kr 2.000
Utleige inntektsgjevande tilstellingar (lokale konsertar/dans/festivalar)	Kr 3.800
Bryllaup, slektstreff, konfirmasjon og liknande, utan kjøkken	Kr 3.000
Bryllaup, slektstreff, konfirmasjon og liknande, med kjøkken	Kr 4.000
Teateret Vårt	Kr 3.500
Utleige til ikkje lokale aktørar (profesjonelle)	Kr 4.000 + 10%
av inntekter	
Avlysing av kinoframvising	Kr 4.000

Salong m/anretning:

Utleige kvardagar inntil 2 timar	Kr 600
Utleige kvardagar over 2 timar (Ungdomsklubb har forrang)	Kr 800

Sal 1 et.:

Konfirmasjon, barnedåpar, bryllaup, slektstreff og liknande. 2 dagar	Kr 3.500
Bruk berre ein dag	Kr 2.500
Utleige kvardagar utan kjøkken	Kr 1.000
Utleige kvardagar med kjøkken	Kr 1.800
Leige berre av kjøkken	Kr 800
Alle kommunale møter/konferansar og liknande	Kr 0
Omførselhandel (berre sal 1 et.)	Kr 5.000

Lokale i skular/barnehage/andre kommunale bygg:

		Timepris:
Kategori A	Klasserom/grupperom o.l. inntil 30m²	Kr 100
Kategori B	Klasserom/grupperom o.l. inntil 150m²	Kr 150
Kategori C	Gymsalar, bruk av vaksne. Alle grupper (over 18 år)	Kr 150
Kategori D	Gymsalar, bruk av born ikkje tilknytt lag/org (opptil 18 år)	Kr 50
Kategori E	Spesialrom (kjøkken, SFO, Aula, handarbeidsrom)	Kr 150
Kategori F	Svømmebasseng	Kr 250

Fysisk aktivitet for born skal fremjast, slik aktivitet knytt til registrerte idrettslag/organisasjonar betalar ikkje leige for rom i skular/barnehagar fram til 18 år. Dette med unntak av symjebasseng.

Satsar for utrykking av personell:

Dersom driftsteknikar på grunn av leigetakars forhold må tilkallast, fakturerast leigetakar for oppmøte. Det same gjelder dersom leigeforholdet medførar auka reinhaldskostnadar (manglande rydding, fjerning av boss, e.t.c).

Pris for frammøte driftsteknikar pr. gong	Kvardagar	Helg
	Kr 800	Kr 1.000
Pris reinhald pr. påstarta time	Kr 500	Kr 700

Volda 26.11.2014
Kjell-Magne Rindal
leiar Eigedomsavdelinga

VOLDA KOMMUNE

LEIGEREGULATIV KOMMUNALE BYGG FOR 2017

Samfunnshuset:

Kinosal/Storsal:

Utleige utan billettsal (møter, konferansar og liknande)	Kr 1.600
Utleige inntektsgjevande tilstellingar	Kr 3.200
Bryllaup, slektstreff, konfirmasjon og liknande utan kjøkken	Kr 4.100
Teateret Vårt	Kr 3.600
Utleige til ikkje lokale aktørar (profesjonelle)	Kr 4.200 + 10%
av inntekter	
Avlysing av kinoframvising	Kr 4.200

Salong m/anretning:

Utleige kvardagar (ungdomsklubb har forrang)	Kr 800

Sal 1 et.:

Konfirmasjon, barnedåpar, bryllaup, o.l. (inntil 2 dagar)	Kr 3.000
Utleige kvardagar utan kjøkken	Kr 1.100
Alle kommunale møter/konferansar og liknande	Kr 0
Omførselhandel (berre sal 1 et.)	Kr 5.500

Kjøkken:

Leige av kjøkken, aleine eller tilknyting til andre leigeforhold	Kr 900

Lokale i skular/barnehage/andre kommunale bygg:

		Timepris:
Kategori A	Klasserom/grupperom/møterom o.l. inntil 150m²	Kr 200
Kategori B	Gymsalar, bruk av vaksne. Alle grupper (over 18 år)**	Kr 200
Kategori C	Spesialrom (kjøkken, SFO, Aula, handarbeidsrom)	Kr 250
Kategori D	Svømmebasseng	Kr 350

** Kommersielle aktørar betalar for alle aldersgrupper.

Fysisk aktivitet for born skal fremjast, slik aktivitet knytt til registrerte frivillige idrettslag/organisasjonar betalar ikkje leige for rom i skular/barnehagar fram til 18 år. Dette med unntak av symjebasseng.

Reinhald laurdag Voldahallen:

Ekstra reinhald laurdagar i Voldahallen Kr 2.500

Satsar for utrykking av personell:

Dersom driftsteknikar på grunn av leigetakars forhold må tilkallast, fakturerast leigetakar for oppmøte. Det same gjelder dersom leigeforholdet medførar auka reinhaldskostnadar (manglande rydding, fjerning av boss, e.t.c).

Pris for frammøte driftsteknikar pr. gong	Kvardagar	Helg
	Kr 900	Kr 1.200
Pris reinhald pr. påstarta time	Kr 600	Kr 900

Volda 18.11.2015
Kjell-Magne Rindal
eigedomssjef

Handsaming:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

1. ***Gebyr for vatn vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr i høve satsane for 2016.***
2. ***Leigegebyr for vassmålarar aukast med 5% i høve satsane for 2016.***
3. ***Tilleggsgebyr for avlesing av vassmålar, dersom kommunen må på staden og lese av målar, vert vidareført med sats frå 2016.***
4. ***Gebyr for avlaup vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr for hytte/fritidshus, bustad og for næringseigedomar i høve satsane for 2016.***
5. ***Satsane for eingongsgebyr for tilknyting for vatn og avløp er uendra utover satsane for 2016.***
6. ***Kommunalt vatn- og avlaup skal driftast etter sjølvkostprinsippet.***
7. ***Gebyr for feiing vert vedteke etter gjeldande satsar i vedlegg «Gebyrregulativ feiing 2017»***

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Lars Fjærvold	Arkivsak nr.:	2013/2136
		Arkivkode:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
237/16	Formannskapet	29.11.2016
165/16	Kommunestyret	15.12.2016

GEBYR FOR VATN, AVLØP OG FEIING 2017

Administrasjonen si tilråding:

1. **Gebyr for vatn vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr i høve satsane for 2016.**
2. **Leigegebyr for vassmålarar aukast med 5% i høve satsane for 2016.**
3. **Tilleggsgebyr for avlesing av vassmålar, dersom kommunen må på staden og lese av målar, vert vidareført med sats frå 2016.**
4. **Gebyr for avlaup vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr for hytte/fritidshus, bustad og for næringseigedomar i høve satsane for 2016.**
5. **Satsane for eingongsgebyr for tilknyting for vatn og avløp er uendra utover satsane for 2016.**
6. **Kommunalt vatn- og avlaup skal driftast etter sjølvkostprinsippet.**
7. **Gebyr for feiing vert vedteke etter gjeldande satsar i vedlegg «Gebyrregulativ feiing 2017»**

Vedleggsliste:
1. Framlegg til satsar for årsgebyr 2017 for vatn og avlaup

Saksopplysningar/fakta:

Vedlagt fylgjer nytt framlegg til satsar for årsgebyr 2016 for vatn og avlaup.
Bunde fond kloakk er pr. 01.01.2016 positivt med 3,8 mill.kr. Fondet vil ved utgangen av 2016 vere tilnærma oppbrukt. Dette er gjort ved å fakturere berre 1 av to terminar i 2016. Dette er eit grovt estimat då blant anna lønn til tilsette ved vatn og avløp ikkje er fordelt, og reell kalkulatorisk rente og avskriving ikkje er utrekna. Ein foreslår å auke gebyrsats avløp med 5% då investeringsprosjekt som er gjennomført i 2015 og 2016 vil føre til auka kalkulatoriske renteutgifter og avskrivingar. Auken må også sjåast i samanheng med dei førestående

investeringane i dei kommande åra. Dette gjeld m.a sentralreinseanlegget for Volda sentrum, reinseanlegg Morkabygda og reinseanlegg på kommunale utslepp elles i kommunen skal byggast. Ein vel derfor å starte ei lineær opptrapping av gebyr for avløp.

Bunde fond på vassverk er positivt med kr. 645.000 per 01.01.2016. Ved fastsetjing av gebyrregulativ 2016 vert gebyr vatn tilrådd auka med 5 %. Dette gjeld både abonnementsgebyr og forbruksgebyr. Leigegebyr for vassmålarar bør også aukast med 5% då leiga er lav. Det er realistisk at gebyr vatn må trappast opp dei komande åra pga. store førestående investeringar på utskifting av leidningsnett og løysing krisevatn. Ei auke på 5% er derfor ein start på ei lineær opptrapping på gebyr for vatn.

Satsane for eingongsgebyr for tilknyting er uendra utover satsane for 2016.
Avlesingsgebyr for vassmålar dersom kommunen må på staden og lese av målar vert tilrådd vidareført. Dette vert brukt i dei tilfelle der kommunen over fleire år ikkje motteke avlesingskort og difor har stipulert forbruket på eigedomen. For at det skal bli rett gebyr, utfører kommunen sjølv avlesinga av målaren i slike høve.

Det er per 22.11.2016 har Volda kommune følgjande tal på abonnentar på vatn og avløp:

Abonnement:	**Stk.**
Vatn bustad	2615
Vatn næring	321
Vatn fritidseigedom	62
Avløp bustad	2501
Avløp næring	296
Avløp fritidseigedom	4

Prisutvikling på vatn- og avløpsgebyr for ei gjennomsnittleg bustad på 120m^2 har våre som vist i tabellen under:

År	**2015**	**2016**	**2017**
Abonnementsgebyr vatn	Kr. 2.362,-	Kr. 2.884,-	Kr. 3.028,-
Abonnementsgebyr avløp	Kr. 1.391,-	Kr. 1.400,-	Kr. 1.470,-

Prisar er oppgjevne eks. moms. I 2015 og 2016 vart det berre krevje inn halvparten av den oppgjevne summen for å redusere driftsfondet som hadde bygd seg opp over tid.

Feiing
Det er ikkje auka avgift for feiing i høve satsane i 2016, men ein har forenkla satsane noko i høve det som har vore vanleg. Timeprisen for ekstra arbeid er justert til det som er anbefalt av KS (rett nok for brannmannskap, men bør kunne samanliknast for feiarar også.)

Årsaka til at avgifta ikkje er auka er at vi vil bruke av, og redusere driftsfondet som pr. 01.01.2016 var på kr 686.215,-

Vurdering og konklusjon:
Årsgebyr for vatn vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr, og vil gi ei forventa auka inntekt på ca. 0,5 mill. kr. i høve til gebyrnivået for 2016. Det er realistisk at gebyret for vatn må trappast opp dei komande åra pga. store førestående investeringar på utskifting av leidningsnett, oppgradering av vassverk og løysing krisevatn Volda vassverk.

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr for avlaup vert auka med 5% for hytte/fritidshus, bustad og næringseigedomar i høve til satsane for 2016.
Eingongsgebyr for tilknyting vert uendra i høve til satsane for 2016.

Gebyr for feiing vert vedteke som i vedlegget «Gebyrregulativ feiing 2017»

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Revisor
Økonomisjefen
Leiar rekneskap
Sakshandsamar Eli Øye Vassbotn
Servicekontoret

VOLDA KOMMUNE
Teknisk sektor

Volda, 22.11.2016

Gebyrregulativ vatn og avlaup 2017

Vedteke i Volda kommunestyre 15.12.2016, PS sak xxx/15

1. **Gebyr for vatn vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr i høve satsane for 2016.**
2. **Leigegebyr for vassmålarar aukast med 5% i høve satsane for 2016.**
3. **Tilleggsgebyr for avlesing av vassmålar dersom kommunen må på staden og lese av målar vert vidareført med sats frå 2016.**
4. **Gebyr for avlaup vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr for hytte/fritidshus, bustad og for næringseigedomar i høve satsane for 2016.**
5. **Satsane for eingongsgebyr for tilknyting for vatn og avløp er uendra utover satsane for 2016.**
6. **Kommunalt vatn- og avlaup skal driftast etter sjølvkostprinsippet.**

Gebyrutrekning er basert på Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31.05.1974 og nasjonale/ kommunale forskrifter om vass- og avlaupsgebyr.

Alle prisar skal leggast til 25% mva.

1. Årsgebyr

1.1 Abonnementsgebyr

Kommunen sine totale årsinntekter frå abonnementsgebyra skal dekke fylgjande del av kommunen sine samla kostnader for høvesvis vass- eller avlaupstenestene.

Alle abonnentar i same kategori betalar likt abonnementsgebyr. Abonnementsgebyret vert fastsett med ein sum pr. år for fylgjande kategoriar:

Abonnementsgebyr	Vatn	Avlaup
Hytte/ fritidsbustad	Kr. 752,00 pr. år	Kr. 387,50 pr. år
Bustad	Kr. 1317,50 pr. år	Kr. 682,50 pr. år
Næringseigedom	Kr. 1883,00 pr. år	Kr. 1157,00 pr. år

1.2 Forbruksgebyr

Forbruksgebyret vert utrekna på grunnlag av målt eller stipulert forbruk, begge basert på einingspris nedanfor:

Einingspris

Einingspris for vatn	Einingspris for avlaup
Kr. 10,75 pr. m3	Kr. 6,50 ,- pr. m3

Målt forbruk

Forbruksgebyret vert basert på faktisk vassforbruk (vassmålar) og pris pr. m3.
Avlaupsmengda vert rekna lik brukt vassmengde. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten.

Forbruksgebyr ved bruk av vassmålar: • Vatn: Einingspris (kr/m3) x målt forbruk (m3). • Avlaup: Einingspris (kr/m3 x Målt forbruk(m3)

Stipulert forbruk

Forbruksgebyret vert utrekna etter stipulert forbruk og pris pr. m3.
Stipulert forbruk (m3) vert utrekna slik:
Bruksareal BRA x spesifikt forbruk (m3/m2) der:

- Arealet vert utrekna etter bruksareal BRA (m2) etter NS 3940
- Spesifikt forbruk er fastsett til 0,9 m3/m2

Forbruksgebyr; *bustadar:* • Vatn: Einingspris (kr/m3 x stipulert forbruk (m3) • Avlaup: Einingspris (kr/m3 x stipulert forbruk (m3)

Forbruksgebyr; *hytter/ fritidshus:* • Vatn: Einingspris (kr/m3) x stipulert forbruk (m3) x venta brukstid • Avlaup: Einingspris (kr/m3) x Stipulert forbruk (m3) x venta brukstid

1) Venta brukstid vert sett som andel av året etter fylgjande modell:
   - Utleigehytter: venta brukstid = 6 mnd. (50% av året) dvs. faktor 0,5
   - Andre hytter/ fritidshus: Venta brukstid = 6 mnd (50% av året) dvs. faktor 0,5

2. Eingongsgebyr for tilknyting

Eingongsgebyr skal betalast ved tilknyting til offentleg vass- og eller avlaupsnett

	Vatn	Avlaup
Eingongsgebyr for tilknyting av hytte/ fritidshus, einingar/ seksjonar og bustad	**50 kr/ m2 BRA**	**100,00 kr/m2 BRA**
Eingongsgebyr for tilknyting av næringseigedom	**Kr. 25.000**	**Kr. 40.000**

3. Årleg vassmålarleige

Kommunen eig vassmålaren for bustad, gardsbruk i drift, næringsbygg, hytte/ fritidsbustader. Desse abonnentane betalar alle kostnader knytta til installering av målar. Vedlikehald av målaren m.m. vert dekka av vassverket. Det skal betalast ein årleg leige for å dekke desse kostnadane, som varierer med målaren sin storleik etter fylgjande modell:

- ½", ¾" og 1" : kr. **289,00** pr. år
- 1¼ ", 1 1/2" : kr. **495,50** pr. år
- 2" : kr. **1164,50** pr. år
- 3" og 4" : kr. **1575,00** pr. år
- 6" : kr. **1849,00** pr. år

Målarleige forfell til betaling på 1. termin.

Andre abonnentar kjøper og kostar sjølv sin(e) vassmålar(ar), som skal installerast og vedlikehaldast etter kommunen sin tilvising.

4. Tilleggsgebyr

Avlesingsgebyr for vassmålar kr. 640,- dersom kommunen må lese av.

5. Midlertidig bruk av vatn og avlaup

Eigar/ festar av eigedom som midlertidig vert knytt til kommunen sitt vatn og avlaupsanlegg skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, sjå pkt. 1.1 og 1.2.

VOLDA KOMMUNE
BRANNAVDELINGA

Gebyrregulativ feiing 2017

Vedteke i Volda kommunestyre 15.12.2016, PS sak xxx/15

7. **Gebyr for feiing vert vedteke etter gjeldande satsar i vedlegg «Gebyrregulativ feiing 2017»**

Betalingssatsar for feiing og bustadtilsyn gjeldane frå 01.01.2017

Med heimel i brann og eksplosjonsvernlova §28, 2.ledd vert det kravd gebyr for feiing og tilsyn av bustadhus i Volda kommune.

			Eks mva	inkl. mva
1.	Feiing og tilsyn av bustadhus	1 pipeløp	kr. 423,-	528,75
		2 pipeløp	kr. 565,-	706,25
		3 pipeløp	kr. 695,-	868,75

Same avgifta nyttast for fritidsbustadar som har feiing. Feiing skal vere behovsprøvd men vert normalt tilbydd kvart andre år og tilsyn kvart 4. år.

			Eks.mva	inkl.mva
2.	Fabrikkpipe:	pr. time	kr. 882,-	1102,50

			Eks.mva	inkl.mva
3.	Timesats:	pr.time	kr. 835,-	1043,75

Timesats nyttast ved arbeid utanom lovpålagt feiing og tilsyn.
Til dømes kontroll av piper etter pipebrann, fresing av beksot, ekstra feiing og andre ting som ikkje er dekka av den ordinære feieavgifta.

Handsaming:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen fekk sju røyster og vart vedteken, to røysta imot (Sølvi Dimmen og Odd A. Folkestad).

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

Eigenbetaling for kommunale omsorgstenester for 2017 vert slik:

Praktisk bistand, herunder også brukarstyrt personleg assistanse:

G= 92.576,-	**Inntektsgrunnlag**	**2016**	**2017, pr. mnd**
<2G	Inntekt<185.152,-	190,-	200,-*
2 – 3G	185.153,- - 277.728,-	1.020,-	1.200,-**
3 – 4G	277.729,- - 370.304,-	1.390,-	1.500,-**
4 – 5G	370.305,- - 462.880,-	1.750,-	1.800,-**
>5G	462.881,->	2.100,-	2.100,-**
Timesats for enkelttimar, sjølvkostbeløp		357,-	357,-**

Sal av mat:

	Kommentar	**2016**	**2017**
Sal av middag på institusjon og bufellesskap		80	90**
Sal av frukost i inst. og bufellesskap		35	50**
Sal av kveldsmat i inst. og bufellesskap		35	50**
Varm mat levert i privat heim		92	100**
Kald mat levert i privat heim		80	85
Fullkost pr. døgn		150	190**
Fullkost pr. mnd.		4.562	4.900,-**

Tenester:

	Kommentar	**2016**	**2017**
Korttidsopphald på institusjon	Statleg fastsett døgnpris	150	155*
Dagopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	??*
Nattopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	??*
Tryggleiksalarm pr. mnd.	Lik pris i sjustjerna	310	320**
Alarmknapp i bufellesskap	Pr. mnd.	150	150
Leige av bodareal pr. mnd.	Inkl. i husleige for dei i bufellesskap	340	340
Overnatting for pårørande	Legeloftet, Fjordsyn, døgnleige utan kost	270	280
Leige av treningssal	Eksterne personar/grupper, pr. time	250	250
Leige av bibliotek ved kaffistova	Avstengt til lukka arrangement	500	500
	Til konfirmasjonar	1.240	1.300
Leige av kafeteria(kaffistova)		1.340	1.380
Dagsenteret	Kveld og helg, inntil 3. timar	620	620

	Konfirmasjonar mm	1.340	1.380

Dagsenteret for eldre på omsorgssenteret:

		2016	**2017**
Tilbod på dagsenteret(tilbodet inkluderer ***)	Kostnad pr. dag	225	237
***Dagtilbod med aktivisering og underhaldning		62	62
***Transport		65	65
***Middag og kaffemat		99	110
Frukost kjem i tillegg for dei som ynskjer det		35	50**

Kurdøgnpris:

Utrekna etter statlege føringar		**2016**	**2017**
Kurdøgnpris, kommunal kostnad pr. seng pr. natt	Ikkje betalingssats	2.311,-	2.429,-

Hamna dagsenter:

Kva	Pris	Lengd
Ein skuletime, bruk av sanserom inkl. berøringsterapeut.	600,-	45 min
Ein skuletime, bruk av sanserom utan berøringsterapeut	300,-	60 min
Matpengar, lunsj og kaffe mm. Lik sum med frukost x 20/mnd	700,-*	1 mnd

*Alle satsar merka med stjerne vert fastsett i sentral forskrift.
** Satsane merka med to stjerner er prissett gjennom samarbeid med sjustjernekommunane. Satsane som står i kolonne ”2017” er endra frå 2016, men dei statleg fastsette prisane er ikkje vedtekne endå, men når dei er gjort kjende endrar vi desse satsane.

Endringane for alle nye satsar er gjeldande frå 01.01.2017.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Svein Berg-Rusten	Arkivsak nr.:	2014/2184
		Arkivkode:	205

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
238/16	Formannskapet	29.11.2016
166/16	Kommunestyret	15.12.2016

ENDRING AV BETALINGSSATSAR FOR HELSE- OG OMSORGSTENESTER

Administrasjonen si tilråding:
Eigenbetaling for kommunale omsorgstenester for 2017 vert slik:

Praktisk bistand, herunder også brukarstyrt personleg assistanse:

G= 92.576,-	Inntektsgrunnlag	2016	2017, pr. mnd
<2G	Inntekt<185.152,-	190,-	200,-*
2 – 3G	185.153,- - 277.728,-	1.020,-	1.200,-**
3 – 4G	277.729,- - 370.304,-	1.390,-	1.500,-**
4 – 5G	370.305,- - 462.880,-	1.750,-	1.800,-**
>5G	462.881,->	2.100,-	2.100,-**
Timesats for enkelttimar, sjølvkostbeløp		357,-	357,-**

Sal av mat:

	Kommentar	2016	2017
Sal av middag på institusjon og bufellesskap		80	90**
Sal av frukost i inst. og bufellesskap		35	50**
Sal av kveldsmat i inst. og bufellesskap		35	50**
Varm mat levert i privat heim		92	100**
Kald mat levert i privat heim		80	85
Fullkost pr. døgn		150	190**
Fullkost pr. mnd.		4.562	4.900,-**

Tenester:

	Kommentar	2016	2017
Korttidsopphald på institusjon	Statleg fastsett døgnpris	150	155*
Dagopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	??*
Nattopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	??*
Tryggleiksalarm pr. mnd.	Lik pris i sjustjerna	310	320**
Alarmknapp i bufellesskap	Pr. mnd.	150	150

Leige av bodareal pr. mnd.	Inkl. i husleige for dei i bufellesskap	340	340
Overnatting for pårørande	Legeloftet, Fjordsyn, døgnleige utan kost	270	280
Leige av treningssal	Eksterne personar/grupper, pr. time	250	250
Leige av bibliotek ved kaffistova	Avstengt til lukka arrangement	500	500
	Til konfirmasjonar	1.240	1.300
Leige av kafeteria(kaffistova)		1.340	1.380
Dagsenteret	Kveld og helg, inntil 3. timar	620	620
	Konfirmasjonar mm	1.340	1.380

Dagsenteret for eldre på omsorgssenteret:

		2016	**2017**
Tilbod på dagsenteret(tilbodet inkluderer ***)	Kostnad pr. dag	225	237
***Dagtilbod med aktivisering og underhaldning		62	62
***Transport		65	65
***Middag og kaffemat		99	110
Frukost kjem i tillegg for dei som ynskjer det		35	50**

Kurdøgnpris:

Utrekna etter statlege føringar		**2016**	**2017**
Kurdøgnpris, kommunal kostnad pr. seng pr. natt	Ikkje betalingssats	2.311,-	2.429,-

Hamna dagsenter:

Kva	Pris	Lengd
Ein skuletime, bruk av sanserom inkl. berøringsterapeut.	600,-	45 min
Ein skuletime, bruk av sanserom utan berøringsterapeut	300,-	60 min
Matpengar, lunsj og kaffe mm. Lik sum med frukost x 20/mnd	700,-*	1 mnd

*Alle satsar merka med stjerne vert fastsett i sentral forskrift.
** Satsane merka med to stjerner er prissett gjennom samarbeid med sjustjernekommunane. Satsane som står i kolonne ”2017” er endra frå 2016, men dei statleg fastsette prisane er ikkje vedtekne endå, men når dei er gjort kjende endrar vi desse satsane.

Endringane for alle nye satsar er gjeldande frå 01.01.2017.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:
http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-12-16-1349
Rundskriv I-1/2016 om endring av fribeløp og egenandeler for kommunale helse- og omsorgstenester

Samandrag av saka:

Lover og forskrifter regulerer mykje av det kommunen kan ta betalt for når det gjeld helse- og omsorgstenester. Nytt for året er at kommunane i sjustjerna Søre Sunnmøre har samarbeidd om utarbeiding av prisnivå for mange av tenestene innanfor helse- og omsorg. Endringane frå 2016 til 2017 skil seg stort sett på generell prisauke. Samarbeidet mellom kommunane har ikkje medført vesentlege endringar, då Volda har hatt eit prisnivå som har leie relativt likt oppimot det som no vart resultatet etter kommunesamarbeidet på prisfastsetjing.

Saksopplysningar:
Betaling for langtidsopphald på institusjon vert regulert i *"forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester"*. Bebuarane betaler etter inntekt med ulike fråtrekksrettar. Dette er heilt regelstyrt og har såleis ikkje relevans i denne saka. Inntekta til den einskilde styrer også kva ein må betale for praktisk bistand, folkeleg kalla "heimehjelp". Sentral forskrift regulerer satsen for inntekter opp til 2G, som no er kr. 185.152,-. For inntekter over 2G står kommunane meir fritt til prisfastsetjing. I årets framlegg er forslaget frå kommunesamarbeidet lagt til grunn. Den sentrale forskrifta som fastsetter 2017- satsar er ikkje vedteken endå, men lekkasjer om satsane har kome i forbindelse med endringar på betaling for institusjonsopphald der pasientar må dele rom. I framlegg til vedtak er desse tala brukt. Tidlegare år er desse tala først blitt kjende når ny forskrift har blitt sendt ut på nyåret. Her er satsar frå nokre kommunar slik dei var i 2016.

	Abonnement og timesats for praktisk bistand pr. mnd.					
	<2G	2-3G	3-4G	4-5G	>5G	Timesats
Volda 2016	190	1020	1390	1750	2100	357
Ørsta 2016	190	960	1245	1660	2230	300
Ulstein 2016	190	960	1800	1800	1900	309
Hareid 2016	190	1200	1400	1910	2220	271
Vanylven 2016	190	774	1032	1548	1548	258
Herøy 2016	190	1400	1750	2110	2450	350
Sande 2016	190	962	1442	1730	2030	400

Tryggleiksalarm, abonnementskostnad pr. mnd. i 2016							
	Volda	Ørsta	Herøy	Ulstein	Sande	Hareid	Vanylven
Mot alarmsentral	310	370	300	290	225	300	258
I bufellesskap	150	155					

Det er skilnad på det forskrift kallar "dagopphald på institusjon" og det som er dagsenteret for eldre. Dagsenteret for eldre legg vinn på å gi eit fagleg godt tilbod med aktivisering, trening, kulturelle opplevingar, turar, matlaging og mykje meir. Det er sterkt fokus på førebyggande helsearbeid ved å legge til rette for at folk kan bu heime så lenge som råd. "Dagopphald på institusjon" er lite brukt hjå oss, men då blir tilbodet gitt i institusjonsavdeling og innhaldet skil seg frå det dagsenteret kan gi. Dette er forklaring på kvifor det er forskjell på statleg fastsett sats for institusjonsopphald og våre dagsenterprisar.

Hamna dagsenter har bygd opp fleire sanserom og kompetanse på berøring. For mange er bruk av desse romma viktige stimuli for ei positiv utvikling. Prisane gjeld for dei som ikkje er tildelt plass på Hamna dagsenter, men likevel vil nytte seg av tilbodet på Hamna dagsenter.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:
Ikkje konkret utrekna då fleire satsar vert endelege først etter at nye forskrifter er vedtatt sentralt. Ein kan likevel grovt kalkulere samla inntektsauke på ca. 65.000,- om desse endringane vert ståande.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ikkje vurdert

Vurdering og konklusjon:

Dei ulike betalingssatsane for omsorgstenester blir endra årleg. Dei fleste endringane vert justerte på grunn av generell prisauke. Prissamarbeidet kommunane imellom på mange av desse tenestene er fornuftig. Ein fordel er at prisane kan leggast inn i fagsystemet Gerica og fakturerast utifrå tenestene brukarane er tildelt. Dette vil kunne spare merkantilt arbeid. Nokre prisar er uendra frå 2016, andre har fått påslag. Det er ingen nye tenester det vert krevd betaling for i 2017.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jorunn Anne Tomasgard
Helse- og omsorgssjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Servicekontoret
Tildelingskontoret

Klageinstans:

Handsaming:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek å godkjenne justering av avfallsgebyr for 2017 i samsvar med vedlagt gebyrregulativ, datert 29.09.2016.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Eli Øye Vassbotn	Arkivsak nr.:	2014/2066
		Arkivkode:	221

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
239/16	Formannskapet	29.11.2016
167/16	Kommunestyret	15.12.2016

AVFALLSGEBYR 2017

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å godkjenne justering av avfallsgebyr for 2017 i samsvar med vedlagt gebyrregulativ, datert 29.09.2016.

Vedleggsliste:
Særutskrift av sak 08-16: Budsjett 2017, inkl. gebyrregulativ datert 29.09.2016.

Saksopplysningar/fakta:
Representantskapen og styret i VØR vedtok i 2015 ein fireårs plan for å auke materialgjenvinninga frå 39 % i 2015 til minst 50 % i 2018 og 60 % innan 2020.
Auka materialgjenvinning er i tråd med både norsk regjering og EU sine målsettingar. Grunntanken bak er at verdas folketalsvekst og velstandsauke vil gi mangel på enkelte råvare typer på jorda. Fosfor er nemnt, likeså sjeldne jordmetallar som i dag er i bruk m.a. i mobiltelefonar. Råvarer som ein finn i avfall og som kan gå inn i det uendelege kretsløpet og sirkulerast om att og om att.

60 % materialgjenvinning er ambisiøse mål, men dei er råd å nå. I 2014 oppnådde Tyskland 64 % på nasjonalt nivå. Noreg oppnådde 39 %. For å auke materialgjenvinninga, må ein få til ein tilsvarande reduksjon i mengdene som går til energigjenvinning. Dvs at innbyggjarane må verte flinkare til å sortere ut meir frå restavfallet.

Meir enn i dag av papp, papir, drikkekartong, plastemballasje, glass-, metallemballasje, elektro- og mat-avfall må ut frå restavfallet. VØR er godt i gang med å gjennomføre planen. I 2016 kom fjortendagars innsamlinga, eigen behaldar for glas og metallemballasje og større

papirbehaldar utan tillegg i pris. Så langt syner omlegginga positive resultat på materialgjenvinninga.

2017 vert planleggingsåret for utsortering av matavfall, som skal ta til i 2018. Behaldarar må ut til abonnentane og anlegg som skal ta imot matavfallet må byggjast, slik at det star klart til 01.01.2018. Alle obligatoriske henteordningar vert å avgjere i kommunestyra ved forskriftsendring i 2017.

Økonomi.
Gjennomsnittleg renovasjonsgebyr i VØR er 1793,- pluss mva, og er uendra frå 2016 budsjettet.

Budsjettert underskot 2017 på kr 3.063.768,- vert i tråd med regelverket å dekkje av tidligare års overskot. Sjølvkostfondet var ved utgangen av 2015 på kr 5.789.980. Med underskot på sjølvkostområdet renovasjon i 2016 og budsjettert underskot i 2017, reknar vi med tilnærma balanse ved årsskiftet 2017 / 2018. Sjølvkostområdet slam er i tilnærma i balanse, og var på kr 244.000,-ved utgangen av 2015. Av den grunn vert gebyra justerte opp i tråd med venta prisstigning i 2017.

I handsaminga i styret, vart administrasjonen beden om å justere satsane, slik at alle gebyrsatsar inkl mva, er i heile kroner. Dette er gjort i saka til representantskapen og kommunestyra.

Inntektene.
Vi ventar lavare vekst i gebyrinntektene frå bustader i 2017 enn 2015-16. Viktige deler av næringslivet i vårt område er inne i ein lavkonjunktur, og brukte hus ligg lengre på Finn enn tidligare for dei vert selt.

Vi har derimot lagt inn auke i gebyrinntekter frå renovasjon fritidshus, då dette vert innført fullt ut i 2017. Likeeins har vi justert opp gebyra for fritidshusa, då vi ser at 2016 nivået på gebyra ikkje dekkjer kostnadene med tilbodet frå 2017. Satsane våre inkl mva (kr 1063) er likevel godt under nabo og store hyttekommuner som Stranda (kr 1793) Vi også legg opp til levering til nokre få felleskontainarar slik dei har hatt siste fem dra.
Kontainarar må setjast ut frå årsskiftet og regulær innsamling må startast opp.
Vidare har vi lagt inn auka inntekt ved sal over vekta på grunn av sterk prisvekst nedstraums på trevirke og restavfall som vi må ta att hos kundane. Siste to åra har kostnadane på levering av trevirke og restavfall auka med meir enn 25 %, utan at vi har auka prisane tilsvarande.

Slammet.
I år med partal er det ordinær tøming av kloakkslam, og då får vi hovudinntektene våre frå slammet (75 %). Året 2017 er eit oddetalår, der inntektene er lågare. Berre frå dei med tette tankar, kommunale anlegg og dei med årleg tøming.
Det er kostnadene med innsamlinga som avgjer kva vi må ha i inntekter. Vi ventar ein prisoppgang på 2,0 % frå 2016 til 2017 grunna moderat lønsoppgjer og lave driftstoffprisar. Denne prisauken er lagt på gebyra.

Andre inntekter.
Dette gjeld leigeinntekter frå Retura, sal av reinfraksjonar som glas, metall, papir og liknande.
På disse områda ventar vi ingen store overraskingar i høve 2016.

Kostnadane.
Driftsbudsjettet er justert med endringar som følgje av satsingane til representantskapet,

lovendringar, nye kontrakter på levering av avfall og tilrådingar frå SSB og KLP.
Vi har lagt inn moderat lønsvekst og auke i pensjonskostnader som tilrådd frå KLP.
I lønsbudsjettet er planlagt innføring av innsamling matavfall frå 01.01.2018, tatt omsyn til med innleigde ekstra mannskap som skal køyre ut 6500 dunkar. Det vert og auke i bruk av overtid for å produsere utkøyringsgrunnlag og etterregistrering av behaldarar og behaldartype på den enkelte eigedom. Vi er ein liten organisasjon, og dette er ein stor logistikkoperasjon både fysisk ute på rutene og administrativt. Dunkane må ut hausten 2017, klar til bruk i januar 2018. I samanlikning med 2015 rekneskapen, kjem denne auken klart fram.
Satsinga på informasjon og kommunikasjon i samband med omlegginga vi er inne i, held og fram.

Vi har sett ein trend gjennom fleire år med meir bruk av miljøstasjonen, og trur at dette held fram sjølv om det så langt i 2016 er ein volumnedgang på restavfallet.
Vi opplever strengare krav frå mottakarar av avfallet vårt med omsyn til kvalitet. Brennbart restavfall (grovavfall) skal t.d ikkje innehalde potteskår, isolasjon og andre ikkje brennbare fraksjonar. Finn mottakarane slikt avfall i det vi leverar frå oss, vert avfallet returnert eller ein må godta auka pris for akkurat den leveransen. Ved fleire avvik, får ein leveringsnekt. VØR sitt tiltak vil vere fysisk kontroll på det som vert kasta i restavfallet for å få kontroll på avfallsstraumen.

Parallelt får vi krav frå overordna mynde på nye områder. Dette aukar også våre kostnader. Etter forskriftsendring om tiltak mot spreiing av framande arter gjeldande frå 2016, køyrer vi no hageavfallet vårt til Bingsa for å få ein dokumentert varmehandsaming av dette avfallet. Det positive er at ein betre enn før hindrar spreiing av framande arter frå dette avfallet, for verken abonnentane eller vi veit alltid om der er framande arter i avfallet. Akkurat det er komplisert å finne ut ay. Ulempen er at det har auka kostnaden monaleg på denne relativt store fraksjonen, men vi kan ikkje sjå at der er betre alternativ.

Konsekvensane av endringar i avfallsforskrifta §11 går same veg. Krav om ei tryggare og meir dokumentert handsaming av det farlege avfallet er bra for dei som arbeidar med det og i neste ledd skal ta det imot. Avgrensinga på maks 1500 kg farleg avfall frå private, sikrar at ikkje renovasjonsgebyret er med på å øydeleggje for konkurransen i byggmarknaden. Ulempen er at dokumentasjonsplikta aukar kostnadene til VØR merkbart. Mottaksplikta av farleg avfall finansiert av gebyret er av lovgivar avgrensa til 1000 kg pr år, og maks 1500 kg pr år pr abonnent. Maks plikta pr år er uråd å dokumentere utan at alt farleg avfall frå private vert registrert og journalført ved mottak. Konsekvensen er at vi i løpet av 2017, må avgrense mottaket av farleg avfall til eit bemanna mottak på miljøstasjonen i Hovdebygda som tar imot og journalfører avfallet ved innlevering. Mottaka vi har ute i bygdene for denne type avfall, må erstattast med henteordningar og personleg frammøte av abonnent.

Tiltaket kan ikkje sjåast isolert frå mottak av grovavfallet på miljøstasjonen. Stillingar til dette er ikkje lagt inn i 2017 budsjettet, så det vil derfor kome eiga sak til styret seinare.

Andre kostnadsfaktorar i budsjettet er individuelt vurderte i høve kontrakter og behov. Vi har flytande rente, og trur den vert lav også det komande året. For hushaldningsavfallet sin del har vi lagt inn ein kostnadsauke på 25 %, i tråd med resultatet frå siste anbodskonkurranse gjennomført på Doffin i 2016. Kostnadsveksten på levering av restavfall til energigjenvinning gjeld heile Nord-Europa og kjem som eit resultat av at fleire og fleire land sluttar med deponering av avfall og leverar heller avfallet til energigjenvinning. Auka etterspurnad etter energigjenvinning gir auka prisar.

Investeringar —nye tiltak.
Investeringane i 2017 er kopla opp mot ny tomt på Melsgjerdet og førebuinga av mottak for

matavfall, slik som omlastingsstasjon for avfall og behaldarar og utstyr knytt til satsinga på sortering av matavfall. Totalt 10,5 mill i anlegg og 3,3 mill i utstyr. Tiltaka vil kome tilbake tilstyret som eigne saker.

Investeringar i rådgiving knytt til biogass vert vidareført i 2017. Vi håper å få til ei avklaring i løpet av året om anlegg kan realiserast.

Kostra 2016.

Kostratala for 2016 syner slike standardgebyr:

Stranda	*	kr 2869,-
Hornindal	***	kr 2703,-
Vanylven	*	kr 2307.-
Sula	*	kr 2575,-
Ulstein	**	kr 3141,-
Volda/ Ørsta	**	kr 1800,-

* 140L restavfall kvar veke. Papir/papp/plast kvar 4 veke.
** 14 dags innsamling restavfall / papir i 240 1behaldar.
*** Kvar 4 veke restavfall / papir. Annakvar veke matavfall

Vurdering og konklusjon:

Eg rår til at avfallsgebyra vert vedtekne med dei satsane representantskapen har vedteke i sak 08-16, den 29.09.2016.

Rune Sjurgard
Rådman

Utskrift av endeleg vedtak:
Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS, Torvmyrvegen 29, 6160 Hovdebygda
Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6150 Ørsta
Servicekontoret, her for oppdatering av heimesida.
Lysing i «Møre» om utlegging til offentleg ettersyn om gebyrsatsane, då dei er vedtekne.

Handsaming:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

Prisar på tenester ved utviklingssektoren vert vedtekne som vist i vedlegget "Prisar på tenester for 2017, utviklingssektoren".

Heimel for vedtaket er Plan- og bygningslova § 33-1, Matrikkellova § 32, Matrikkelforskrifta § 16, Lov om eierseksjoner § 7 og Forskrift om gebyr for konsesjonsbehandling m.m.

Gebyrsatsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2017.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Jørgen Vestgarden	Arkivsak nr.:	2013/2124
		Arkivkode:	106

Utvalsaksnr	**Utval**	**Møtedato**
240/16	Formannskapet	29.11.2016
168/16	Kommunestyret	15.12.2016

GEBYRSATSER FOR TENESTER ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA, MATRIKKELLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA

Administrasjonen si tilråding:
Prisar på tenester ved utviklingssektoren vert vedtekne som vist i vedlegget "Prisar på tenester for 2017, utviklingssektoren".

Heimel for vedtaket er Plan- og bygningslova § 33-1, Matrikkellova § 32, Matrikkelforskrifta § 16, Lov om eierseksjoner § 7 og Forskrift om gebyr for konsesjonsbehandling m.m.

Gebyrsatsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2017.

Vedleggsliste;
Prisar på tenester for 2017, utviklingssektoren.

Samandrag av saka:
Årleg justering av gebyrsatsane for tenester ved utviklingssektoren.

Saksopplysningar/fakta:
Gebyrsatsane er generelt auka med 3,0 % og foreslått med ei fornuftig avrunding.

Gebyrsatsane for konsesjonshandsaming og deling etter jordlova er satt til høgaste sats som forskrift tillet. Desse vil verte handsama og fakturert av Ørsta kommune grunna felles landsbrukskontor.

Vurdering og konklusjon:
Tabellen under viser storleiken på nokre av dei mest brukte gebyra frå 2016 i nokon samanliknbare kommunar her på søre Sunnmøre.

	Byggesak (einebustad på 200 m^2)	Dispensasjon (politisk handsaming)	Privat regulering (inntil 5000 m^2)	Oppmålings-forretning (750 m^2)
Volda	12 900	16 000	40 200	16 800
Ørsta	13 500	14 000	35 730	15 300
Herøy	10 060	11 431	29 595	17 100
Ulstein	12 700	11 500	31 000	17 316

Som ein ser så ligg vi ganske likt som kommunane rundt oss. På regulering så ligg vi i øvste sjiktet. Vi har hatt ein betydeleg auke i storleiken gebyra (utover den ordinære prisstigninga) dei siste åra grunna kutt i budsjettramma. Oppmålingsgebyret har vi auka med 10 % frå 2015 til 2016 sidan vi ser at dette er tidkrevjande saker og for å nærme oss dei kommunane som har høgare gebyr enn oss. Vi har også hatt ein kraftig auke i gebyret for dispensasjonssaker dei siste åra da dette har vore lågt i forhold til arbeidsmengd og andre kommunar sine gebyr i tilsvarande saker. Viss vi ikkje skal ligge på eit altfor høgt gebyrnivå i forhold til våre nabokommunar, kan ein ikkje ha ein kraftig auke i gebyrnivået. Det er derfor det berre er lagt inn ei lita auke på 3,0 % no.

Dei nye gebyrsatsane ligg uansett godt innafor prinsippet om sjølvkost. Rådmannen rår til at nye gebyrsatsane som er foreslått vert godkjent.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ingen

Økonomiske konsekvensar:
Reduksjon i høve framlegget vil medføre reduserte inntekter og tilsvarande auka balanseutfordring i budsjettet for 2017.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Utviklingssektoren
Servicekontoret for utlegging på heimesida

Prisar på tenester for 2017, utviklingssektoren

Satsar iflg Plan- og bygningslov			Pris 2016	Pris 2017
B Tenester, attestar og liknande som skal betalast etter medgått tid:				
B.1 Attestar o.l:				
For attestar og lignende som kommunen kan krevje gebyr for i medhald av plan- og bygningslova, og som ikkje er spesifisert i regulativet for den einskilde lova kan kommunen krevje gebyr etter medgått tid etter dei satsar som kjem fram av pkt. B.2.				
B.2 Timepris:				
	Timepris vanleg arbeid	eks mva	910	950
	Timepris, arbeid med bruk av måleutstyr	eks mva	1 300	1350
C Gebyr for arbeid etter plan- og bygningslova (§109)				
C.1 Kart og eigedomsoppgåver (§ 5) Kart til plan-, prosjekterings- og dokumentasjonsarbeid:				
For utskrift på papir:	FKB (fylt fargeflate)	Format A4	0	0
	FKB (strekkart)	Format A4	0	0
	FKB (fylt fargeflate)	Format A3	0	0
	FKB (strekkart)	Format A3	0	0
	FKB (fylt fargeflate)	Format A2	330	340
	FKB (strekkart)	Format A2	280	290
	FKB (fylt fargeflate)	Format A1	440	450
	FKB (strekkart)	Format A1	330	340
	FKB (fylt fargeflate)	Format A0	500	520
	FKB (strekkart)	Format A0	430	440
Der grunnlaget blir supplert med informasjon om nedgravne leidningar, skal det betalast 10% tillegg for kvart av tema: V/A, nedgravne el-kablar og signalkablar (tele/TV).				
For kopi av digital kartbase levert på digital form skal det reknast gebyr i samsvar med kommunen sin "Geovekstavtale"		minimum kr	900	1000
Tillegg til ordinært gebyr for kartbase i anna format enn sosi			400	450
C.3 Tiltakssaker (Bygge-og anleggssaker)				
C.3.1 Mindre tiltak på bebygd eigedom som krever søknad og løyve etter PBL §20-2:				
C.3.1.1 Mindre tiltak på bebygd eigedom (jfr PBL §20-2a og byggesaksforskrifta § 3-1):				
	a) Tilbygg		4 100	4200
	b) Oppføring, endring, riving mv av mindre frittliggande bygning		4 100	4200
	c) Riving av mindre frittliggande bygning		2 700	2800
	d) Terasse (inkl. utviding/endring)		3 300	3400
	e) Støttemur		3 300	3400
	f) Bruksendring fra tilleggsdel til hoveddel innanfor ein bueining		3 300	3400

g) Skilt- og reklameinnretning	3 300	3400
h) Antennesystem	3 300	3400

	Pris 2016	Pris 2017
C.3.1.2 Alminnelege driftsbygningar i landbruket (jf PBL § 20-2b og Byggesaksforskrifta § 3-2):		
a) Oppføring, endring, riving m.v - bruksareal inntil 1.000 m2	4 400	4500
b) Tilbygg- byggningens totale bruksareal inkl tilbygg < 1.000 m2	4 400	4500
C.3.1.3 Mellombels bygningar, konstruksjonar eller anlegg (jf PBL § 20-1 j og § 20-2 c):		
Oppføring av mellombels bygningar, konstruksjonar eller anlegg som ikkje skal plasserast for eit lengre tidsrom enn 2 år	4 100	4200
C.3.1.4 Andre mindre tiltak (PBL § 20-2 d)	3 300	3400
C.3.2 Tiltak som krever søknad og løyve etter PBL § 20-1: Saksgebyr for konstruksjon, anlegg og vesentlege terrengendrinar, som er ein integrert del av ein byggesøknad, er medrekna i saksbebyret.		
C.3.2.1 Oppføring av bygning (PBL § 20-1 a)		
a) Bustad og fritidsbygning (bygningstypekode 111-172 og 193-199)	12 900	13300
b) Bueining nr 2 til og med nr 5 i same bygning:	6 400	6600
c) Frå og med nr 6 i same bygning:	3 200	3300
d) Garasje, uthus, naust, (bygningstypekode 181-182) inntil 100 m2	6 000	6200
e) Garasje, uthus, naust, (bygningstypekode 181-182) > 100 m2	8 900	9200
f) Industri- og energiforsyningsbygning, (bygningstypekode 211-229 og 241-249)	18 100	18600
g) Lagerbygning (bygningstypekode 231-239)	9 100	9400
h) Fiskeri- og landbruksbygning (bygningstypekode 241-249)	5 900	6100
i) Kontor- og forretningsbygg (bygningstypekode 311-330)	44 800	46100
j) Samferdsel og kommunikasjon (bygningstypekode 411-449)	39 100	40300
k) Hotellbygning (bygningstypekode 511-519)	48 900	50400
l) Bygning for overnatting (bygningstypekode 521-529)	22 700	23400
m) Restaurantbygning (bygningstypekode 531-539)	17 000	17500
n) Skulebygning (bygningstypekode 611-629)	42 700	44000
p) Museums- og bibliotekbygning (bygningstypekode 641-649)	22 700	23400
q) Idrettsbygning (bygningstypekode 651-659)	38 100	39200
r) Kulturhus (bygningstypekode 661-669)	48 900	50400
s) Bygning for religiøse aktiviteter (bygningstypekode 671-679)	33 000	34000
t) Sjukehus (bygningstypekode 719)	48 900	50400
u) Sjukeheim og primærhelsebygning (bygningstypekode 721-739)	33 000	34000
v) Fengsel, beredskap o.a. (bygningstypekode 819-840)	48 900	50400
C.3.2.2 Tilbygg, påbygg, underbygg og plassering (PBL § 20-1):		
a) Tilbygg, påbygg eller underbygg. Bruksareal < 100 m2	5 400	5600
b) Tilbygg, påbygg eller underbygg. Bruksareal 101 - 200 m2	7 500	7700

c)	Tilbygg, påbygg eller underbygg. Bruksareal > 200 m2	12 900	13300
d)	Tilbygg, påbygg eller underbygg til rein lagerbygning	5 400	5600

For tilbygging av ny/nye bueining(ar) eller tilbygg, påbygg eller underbygg som avgjerande endrar eksisterande bygning, konstruksjon eller anlegg, skal det betalast gebyr som for nybygg.

		Pris 2016	Pris 2017
C.3.2.3 Fasadeendring, bruksendring og ombygging (PBL § 20-1 c-d og g):			
a)	Fasadeendring/ombygging	4 500	4600
b)	Bruksendring - gebyr per nye bueining	6 400	6600
c)	For andre bruksendringar vert det rekna gebyr tilsvarande 30% av opphavleg fastsett gebyr. Kommunen kan krevje at saka vert handsama som ny sak. Kommunen skal i så fall avgjera om det skal fastsetjast reduserte gebyr i høve regulativet jf pkt A4.		

For søknad som samstundes føreset endringar av eksisterande bygning, konstruksjon eller anlegg, skal det i tillegg til gebyr, betalast ektuelt gebyr for endringane.

C.3.2.4 Riving av bygning, konstruksjon eller anlegg (PBL § 20-1 e):			
a)	Riving av bygning < 100 m2	3 300	3400
b)	Riving av bygning > 100 m2	3 900	4000
C.3.2.5 Arealuavhengige tiltak (PBL § 20-1 b, f, h-i og k-l):			
a)	Heis, installasjon eller rehabilitering	3 300	3400
b)	Skorstein, nyoppføring eller rehabilitering, inkl. ildstad	3 300	3400
c)	Gjerde og innhegning	3 300	3400
d)	Skilt eller reklameinnretning	3 300	3400
e)	Mindre terrenginngrep, konstruksjonar og anlegg, veganlegg, parkering, damanlegg, flytebrygger, basseng, brønn, røranlegg o.l	3 300	3400
f)	Vesentlege terrenginngrep, konstruksjonar og anlegg, veganlegg, parkering, damanlegg, flytebrygge, basseng, brønn, røranlegg o.l	8 000	8200
C.3.3 Godkjenning av person som sjølvbyggar (SAK10 § 6-8):			
a)	Handsaming av søknad om sjølvbyggar	1 000	1000
C.3.4 Dispensasjon (PBL kapittel 19):			
a)	For kvart tilhøve av dispensasjon som ikkje krev politisk handsaming	5 000	5200
b)	For kvart tilhøve av dispensasjon som berre krev intern høyring	13 000	13400
c)	For kvart tilhøve av dispensasjon som krev full høyring	16 000	16500
C.3.5 Innhenting av løyve eller uttale/samtykke frå anna mynde (PBL §21-5)			
Løyve eller uttale/samtykke frå anna mynde, eit gebyr per innhenting		1 800	1900
C.3.6 Delingssøknad (PBL § 20-1 m):			

a)	Søknad i regulert område, der grenser er i samsvar med godkjent regulerings- eller utbyggingsplan.	4 000	4100
b)	Søknad i regulert område, der det er andre grenser enn fassett i gjeldande plan eller der desse ikkje er fastlagde.	4 900	5000
c)	Søknad i uregulert strøk. Byggetomt og andre formål.	6 700	6900

		Pris 2016	**Pris 2017**
C.3.7 Endringar i høve til gitt løyve:			
Der det vert gitt lokal godkjenning må det gis gebyr også i samsvar med C.3.3.			
a)	mindre endringar i saker etter pbl §20-2	1 600	1600
b)	mindre endringar i saker etter pbl §20-1	2 700	2800
b)	Større endringar; For sakshandsaming av større endringar i høve gjeve løyve vert det rekna gebyr tilsvarande 30% av opphaveleg fastsett gebyr. Kommunen kan krevje at saka vert handsama som ny sak. Kommunen skal i så fall avgjera om det skal fastsetjast reduserte gebyr i høve regulativet jf pkt A4		
C.3.8 Mangelfull søknad eller melding:			
a)	Etterlysing av manglande dokumentasjon i søknad (gjeld berre for ansvarlege føretak)	1 100	1100
b)	Gjennomgang og retur av søknad som ikkje er korrekt eller inne-held den minimumsdokumentasjon som er kravd i forskrift.	1 100	1100
C.3.9 Igangsettingsløyve:			
	Igangsettingsløyve, eit gebyr per løyve.	2 800	2900
C.3.10 Ulovlege byggearbeid:			
	Dersom meldings- eller søknadspliktige arbeid vert sett i gang eller teke i bruk utan løyve, vert det gitt eit tilleggsgebyr på 50% av fullt handsamingsgebyr minimum Det kan i tillegg vert gitt eit overtredingsgebyr jf byggesaksforskrifta §16	2 800	2900

Private reguleringsplanar og dispensasjonar

		Pris 2016	Pris 2017
1.1 Handsamingsgebyr:			
a)	Handsamingsgebyr	16 000	16500
	Før saka vert teken opp til adm handsaming		
b)	Frådeling til uendra bruk, disp frå byggegrenser/reg.føresegner	8 000	8200
	gebyr for dispensasjon som ikkje verkar inn på andre fagmynde sine innt.		
1.2 Arealgebyr for reguleringsplanar:			
	Viss planutvalget avviser planen, skal det betalast 50% av arealgebyret. Sjå under.		
	Viss saka vert krevd lagt fram for kommunestyre, skal det betalast fullt gebyr uavhening av utfallet av saka.		
2.1 Arealgebyr:			
a)	Fast gebyr inntil 5000m2	24 200	24900
b)	For kvar påbyrja 1000m2 for areal mlm 5001-30000m2	1 500	1600
c)	For kvar påbyrja 10 000m2 ut over 30 000m2	3 100	3200
2.2 Konsekvensutgreiing:			
	Der kommuna er ansvarleg godkjenningsmynde	24 200	24900
	evt utgifter til ekstern fagleg bistand kjem i tillegg		
2.4 Hytteplanar:			
	For hytteplanar som framstår som store flateplanar med låg utnyttingsrad skal det betalast		
	arealgebyr tilsvarande 50% av handsamingsgebyret for kvar ny hytte planen omfattar,		
	viss dette gjev lågare gebyr enn etter punkt 2.2.		
2.5 Dispensasjonar:			
	Dispensasjonssaker med full høyring	16 000	16500
	Dispensasjonssaker med berre intern høyring	13 000	13400
	Dispensasjonsaker som kan takast administrativt	5 000	5200
I tilleg må tiltakshavar koste granskingar som følgje av Kulturminnelova, plan- og bygningslova,			
og evt andre særskilde utgreiingar som måtte bli pålagt som følgje av tiltaket sitt omfang eller lokalisering			

Kart, oppmåling og byggesak

Satsar iflg Matrikkellova

		Pris 2016	Pris 2017
§ 5.1.1 Oppretting av matrikkeleining og festegrunn:			
Areal frå 0 - 2.000 m2		16 800	17300
Areal frå 2.001 - 20.000 m2	auke pr påbegynt da	700	700
Areal over 20.001 m2	etter medgått tid - minstegebyr	28 400	29300
Ved samstundes frådeling av tomter som grensar til kvarandre, er gebyret 80% av ovanståande gebyr frå og med tomt nr. 6.			
§ 5.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn:			
Areal frå 0 - 2.000 m2		3 100	3200
Areal frå 2.001 - 20.000 m2	auke pr påbegynt da	400	400
Areal over 20.001 m2	minstegebyr	10 000	10300
§ 5.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon:			
Gebyr for oppmåling av uteareal på inntil 1 eigarseksjon		12 300	12700
Auke i gebyr for oppmåling av uteareal utover 1 eigarseksjon, pr seksjon		3 300	3400
§ 5.1.4 Oppretting av anleggseigedom:			
Gebyr vert fastsett etter medgått tid - minstegebyr		6 500	6700
§ 5.1.5 Registrering av jordsameige:			
Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid. Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, vert fakturert vidare til rekvirenten.			

	Pris 2016	Pris 2017
§ 5.1.6 Oppretting av tilleggsareal som eigen matrikkeleining som tillegg til eksisterande grunneigedom eller festegrunn:		
Areal frå 0 - 100 m2	14 200	14600
Areal frå 101 - 500 m2	17 500	18000
Areal frå 501 - 5.000 m2	22 200	22900
Areal frå 5.001 - 20.000 m2	30 100	31000
Areal over 20.001 m2 etter medgått tid - minstegebyr	30 100	31000
Der tilleggsarealet kjem frå fleire eigedomseiningar, skal det reknast gebyr for kvar frådelt parsell.		
§ 5.1.7 Oppretting av punktfeste:		
Gebyr for oppretting av matrikkeleining for punktfeste	8 000	8200
Gebyr for oppretting av matrikkeleining for punktfeste der punktfestet er planlagt og koordinatbestemt i jordskiftesak.	3 300	3400
§ 5.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning:		
Satsar etter §§ 5.1.1, 5.1.2, 5.1.4, og 5.1.5 gjeld, i tillegg kjem eit tilleggsgebyr for oppretting av matrikkeleining før fullført oppmålingsforretning.	4 600	4700
§ 5.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering:		
Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, om den må avvisast, ikkje lar seg matrikkelføre pga endra heimelsforhold eller om saka av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert gebyrsatsane sett til 1/3 etter § 5.1 og § 5.2		
§ 5.3.1 grensejustering: Grunneigedom, festegrunn og jordsameige:		
Areal frå 0 - 500 m2	7 200	7400
Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5% av eigedomens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m2). Ein eigedom kan imidlertid ikkje avgi areal som i sum overstig 20% av eigedomens areal før justeringa. For grensejustering til vegformål kan andre arealklasser gjelde.		
§ 5.3.2 Anleggseigedom:		
Volum frå 0 - 1.000 m3	7 200	7400
For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5% av anleggseigedomens volum, men den maksimale grensa er satt til 1.000 m3.		0
§ 5.4.1 Arealoverføring: Grunneigedom, festegrunn og jordsameige		
Areal frå 0 - 2.000 m2	25 700	26500
Areal over 2.001 m2 auke pr påbegynt da	700	700
Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til vegføremål.		

		Pris 2016	Pris 2017
§ 5.4.2 Anleggseigedom			
Areal frå 0 - 2.000 m3		25 700	26500
Areal over 2.001 m3	auke pr påbegynt da	700	700
For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan kun overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanslåing er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.			
§ 5.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning:			
For inntil 2 punkt		3 100	3200
For overskytande grensepunkter	pr punkt	900	900
§ 5.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt/ eller klarlegging av rettigheter.			
For inntil 2 punkt		6 500	6700
For overskytande grensepunkter	pr punkt	1 300	1300
Gebyr for kartlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid. Dersom alle grensene kring eigedomen skal gåast opp, skal det betalast gebyr etter § 5.1.			
§ 5.7 Privat grenseavtale:			
Gebyr vert fastsett etter medgått tid.			
§ 5.8. Andre oppmålingstekniske arbeid.			
Timepris, vanleg arbeid		910	950
Timepris, arbeid med bruk av måleutstyr		1 300	1350
For gebyr som skal reknast etter medgått tid, jf. Regulativet for oppmålingstekniske arbeid som ikkje vert dekt av dei satsane som nemnde ovanfor, skal det nyttast følgande timesatsar. Meirverdiavgift skal eventuelt leggjast til etter gjeldande reglar.			
§ 5.9 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka:			
Gjer rekvirenten under saksgangen endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, opprettheld ein likevel gebyret.			
§ 5.10 Utferde matrikkelbrev:			
Matrikkelbrev	inntil 10 sider	175	175
Matrikkelbrev	over 10 sider	350	350
Maksimalsatsar fastsatt av Statens kartverk			

Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker

Fast sats	**Pris 2016**	**Pris 2017**
§ 2 "For behandling av konsesjonssøknader som nevnt i § 1a) kan det kreves eit gebyr på inntil kr 5.000,-"	5 000,00	5000
§ 2 "For behandling av søknader om delingssamtykke som nevnt i § 1b) kan det kreves eit gebyr på inntil kr 2.000,-."	2 000,00	2000
"Kommunen kan fastsette en lavere gebyrsats. Det kan fastsettes en generell sats, eller satser for enkle/kurante saker og for vanlige saker. Dersom kommunen ikke har fastsatt lavere sats, betales gebyr som nevnt i første og andre ledd"		

Handsaming:

Formannskapet kom med slikt fellesframlegg:

Kommunestyret tek informasjon om fagdag i helse- og omsorgssektoren til vitende.

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom fellesframlegget og tilrådinga frå administrasjonen. Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret tek informasjon om fagdag i helse- og omsorgssektoren til vitende.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Svein Berg-Rusten	Arkivsak nr.:	2016/1923
		Arkivkode:	430

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
235/16	Formannskapet	29.11.2016
169/16	Kommunestyret	15.12.2016

FAGDAG I SEKTOR HELSE OG OMSORG

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek informasjon om fagdag i helse- og omsorgssektoren til vitende og vil innarbeide tiltaket i budsjettet og økonomiplanen for perioden 2017 – 2020.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:
I Lov om kommunale helse- og omsorgstenester
Forskrift om internkontroll for helse- og sosialtenesta
Hovudtariffavtalen kapittel 3 punkt 3.3
Omsorg 2020- Regjeringens plan for omsorgsfeltet 2015-2020. Helse-og sosialdepartementet.
St.meld. nr 29 (2012-2013), « Morgendagens omsorg». Helse-og sosialdepartementet.
St.meld. nr 11 (2014-2015), « Kvalitet og pasientsikkerhet 2013». Helse-og sosialdepartementet.
NOU, 2011:11, « Innovasjon i omsorg». Utval, leiar Kåre Hagen.
St.meld. nr 16 (2010-2011), « Nasjonal helse- og omsorgsplan». Helse-og sosialdepartementet.
St.meld. nr 26 (2014-2015), « Fremtidens primærhelsetjeneste- nærhet og helhet». Helse-og sosialdepartementet.
St.meld. nr 25 (2005-2006), «Mestring, muligheter og mening- framtidas omsorgsutfordringer». Helse- og sosialdepartementet.

SAMANDRAG

Rådmannen har med bakgrunn i positive erfaringar frå andre kommunar bedt om at helse- og omsorgssektoren vurderer fagdag innført i turnusen. Sektor helse- og omsorg i Volda ynskjer å vere ein kvalitets- og kompetanseorganisasjon. Tida vi er inne i er utfordrande i høve retning for tenesteyting, behov for nytenkande løysingar og bruk av velferdsteknologi, då krav og etterspurnad etter tenester er aukande.

Naudsynt kompetansebygging er vanskeleg ved at mest alle tilsette jobbar turnus og arbeidstida går til direkte tenesteyting. Sektoren må ha god effekt av endringstiltaka. Dette vert best sikra gjennom deltaking og medbestemming frå flest mogleg tilsette. Det vert derfor foreslått "fagdag" som verkemiddel, slik at både dei som jobbar turnus og dei som i arbeidstida alltid har pasientansvar, får frigjort tid til å jobbe med kompetansebygging.
Alt endringsarbeid som skjer både med omsyn i dei lovpålagde oppgåvene kommunane skal løyse, endringar knytt til samhandlingsreforma og kommunens ressurssituasjon, krev dette stødig og tydeleg leiing. Å satse på leiarutvikling i lys av dette, vert også ei viktig satsing og ein del av oppfølginga av arbeidsmiljøundersøkinga i helse- og omsorgssektoren.

SAKSOPPLYSNINGAR/FAKTA

Ein viser til prosessnotat økonomi, pkt. q. (K.sak 107/2016): *"Fagdag vert å innføre som eit tiltak for å prioritere kompetanseutvikling og arbeidsmiljøutvikling i omsorgstenestene".*

Det er eit viktig strategisk tiltak å innføre ein fagdag der ein på same måte som i skular og barnehagar, regelmessig samlar personell innanfor ei eining til kompetanseheving, fagutvikling og gjennomgår felles rutinar og utfordringar. Ein ser ei slik samling/ moglegheit heilt naudsynt for å sikre god felles praksis, og ei fagutvikling og kompetanseutvikling som når alle i organisasjonen.

For at dette skal vere gjennomførbart, må ein sette av dagar i turnus der fast tilsette er på jobb, men frikjøpt til å vere med på fagdagen. I noko grad kan ein organisere dette innanfor budsjettramma, men for einingane med konstant pasientbelegg, kan dette ikkje gjennomførast utan bruk av vikarar.
Sektoren jobbar no med oppdatering og vidareutvikling av kompetanseplanar, både på sektornivå og på einingsnivå. På nokre områder, med felles tema, vil det vere tenleg å samle alle til felles informasjon/ kompetanseheving, nokre tema vil ha mest relevans på einingsnivå, då sektoren er stor og mangfaldet av fagområder er stort.

Fagdagen/ kompetanseheving ser ein og som viktig miljøfremjande tiltak og vil vere med å skape motiverte tilsette. Dette vart og skissert i resultatet av arbeidsmiljøundersøkinga som eit viktig satsingsområde framover. Motiverte tilsette er sentralt for å yte gode tenester og gir positivt utslag på jobbnærvær.

Vidare i same sak(Ksak 107/2016) og prosessnotat, pkt.p, står det m.a *"rett teneste på rett nivå og effektiv bruk av ressursane i helse- og omsorgssektoren."* Å køyre naudsynte prosessar og dagleg aktivt ta del i prioriteringar etter dei kommunalt vedtekne prinsippa for nivå på tenester, krev mykje av leiarane i sektoren. Å styrke leiarkompetansen er sentralt for å vere tydelege på retning og prioriteringar, samstundes som ein må dyrke og utvikle dei tilsette til gode tenesteytarar. Det vert satsa på leiarutvikling i sektoren som ledd i oppfølginga av arbeidsmiljøundersøkinga.

Kommuneplanen sin samfunndel – tema tenester:
 Legge til rette for faglege og sosiale møteplassar på tvers av sektorar.
 Tilby leiarutvikling.
 Sikre nødvendig kompetanseheving og legge til rette for eit utviklande arbeidsmiljø.
 Tilby eit introduksjonsprogram for alle nytilsette.
 Jobbe med nærver, prioritere sjukefråversoppfølging, tilby gode seniorpolitiske tiltak og vidareutvikle prinsippa i IA-avtalen om eit opent og inkluderande arbeidsliv.

Helse og miljøkonsekvensar:
Gode tenester i det store nedslagsfeltet for tenesteområda i sektoren, er viktig for god folkehelse i kommunen.

Økonomiske konsekvensar:
Fagdag er ikkje mogleg å gjennomføre i sektoren utan tilleggsløyving. I budsjettframlegg til 2017 er det derfor foreslått løyving på 500.000,- til føremålet.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ikkje noko utover at motiverte tilsette med god fagkompetanse på eige område uansett er eit gode og ein tryggleik i kommunen.

VURDERING OG KONKLUSJON

Volda kommune, sektor helse og omsorg, har mål om å vere ein kvalitets-og kompetanseorganisasjon. Dei tilsette er den viktigaste ressursen i organisasjonen. For at sektoren skal levere fagleg kvalitative tenester, gi tryggleik, vise vilje, ha arbeidsglede, vere medmenneske, vere effektive, inkluderande og nytenkjande, må ein legge til rette for at dei kan utvikle seg mot dette viktige målet.

Ved å legge til rette for at tilsette får auka kompetanse, legg vi til rette for gode tenester og nøgde tilsette. Ved også satse på leiarutvikling, styrker ein moglegheitene for å lukkast i å skape den organisasjonen ein har som mål å ha.

Det er svært viktig å ha ein arena i sektoren for kompetansebygging og arbeidsmiljøutvikling. Fagdagen vert derfor vurdert som svært viktig for å utvikle sektoren. Fagdag og leiarutvikling vert sentrale tiltak i samband med oppfølging av arbeidsmiljøundersøkinga i helse- og omsorgsssektoren. For å få god effekt av fagdagen er det svært avgjerande at det vert laga eit godt program ut frå behov og involvering av tilsette.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jorunn Anne Tomasgard
Helse- og omsorgssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Handsaming:

Teknisk sjef Rune Totland var til stades under handsaminga av saka.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret finn ikkje å kunne løyve kr 893 000 til investering i gatelys for fire husstander langs kommuneveg Vika i Krumsvika.

Eingongskostnad på kr 75.000,- i riving av det kommunale veglysanlegget langs kommuneveg Vika vert dekt over drifta til teknisk sektor.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Rune Totland	Arkivsak nr.:	2016/1928
		Arkivkode:	T51

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
233/16	Formannskapet	29.11.2016
170/16	Kommunestyret	15.12.2016

VEGLYS KRUMSVIKA MØRENETT BYGGER NED LUFTSPENN

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret finn ikkje å kunne løyve kr 893 000 til investering i gatelys for fire husstander langs kommuneveg Vika i Krumsvika.

Eingongskostnad på kr 75.000,- i riving av det kommunale veglysanlegget langs kommuneveg Vika vert dekt over drifta til teknisk sektor.

Vedleggsliste:

1. E-post dialog mellom Teknisk sjef i Volda kommune og Mørenett.

Uprenta saksvedlegg:
Ingen

Samandrag av saka:
Mørenett driv i desse dagar og legg kabel mellom Stramshamn og Folkestad. I den samanheng fjerner dei luftspenn. Veglysanlegget til Volda kommune, i kommuneveg Vika, er i dag ein del av dette luftspennet.

Volda kommune har då valet mellom å investere Kr 893.000 inkl mva i nytt veglysanlegg, eller å la Mørenett fjerne det eksisterande veglysanlegget til ein omtrentleg kostnad på kr 75.000 denne kostnaden kjem på begge alternativa.

Mørenett må ha svar på kva for løysing vi vel innan 03/12-16.

Saksopplysningar/fakta:

Mørenett driv i desse dagar og legg kabel mellom Stramshamn og Folkestad. I den samanheng fjerner dei luftspenn. Veglysanlegget til Volda kommune, i kommuneveg Vika, er i dag ein del av dette luftspennet. Veglyset langs denne vegen vart etablert den gongen Volda kommunale E-verk avgjorde kvar der skulle etablerast veglys. Veglyset kan i dag ikkje reknast som fullgod gatebelysning, då det er over 100m mellom lyspunkta. Det er meir som sporadiske lyspunkt å rekne.

Volda kommune har no valet mellom å investere Kr 893.000 inkl mva (715 000 + mva) i nytt veglysanlegg, eller å la Mørenett fjerne det eksisterande veglysanlegget til ein omtrentleg kostnad på Kr 75.000,-, denne kostnaden kjem på begge alternativa, då det gamle lysanlegget må rivast uansett. Ev investering vil vere ei kapitalutgift ettersom kommunen da vil eige anlegget. Kostnaden med på 75 000 som kjem på uansett vert ei driftsutgift.

Volda kommune kan også velje å ta over det eksisterande anlegget og drifte dette sjølv med stort umiddelbart utskiftings- og vedlikehaldsbehov og krav. Administrasjonen ser ikkje at Volda kommune har kompetanse til å drifte eit slikt anlegg. Vedlikehalds behovet er av såpass stort omfang at det nok sikkert vil koste opp mot kostnaden med nytt veglysanlegg.

Vegen det her er snakk om er i Krumsvika, er 2150 m lang og har i dag 20 lyspunkt. Vegen er i snitt 3 meter brei og har mange svingar. Der er fire husstander med fastbuande langs denne strekninga. Vegen er mykje brukt som turveg for fastbuande på Folkestad.

Der er fleire kommunale vegar i Volda kommune som ikkje har kommunale veglys. Langs nokre av desse vegane bur der meir folk enn det gjer i Krumsvika, som til dømes i Hjartabygda.

Dersom der skal etablerast veglys på strekninga i framtida, vil det koste meir enn kr 893 000 då vi ikkje får fordel av å delta i eksisterande grøft, ilag med Mørenett.

Volda kommune har pr. i dag ikkje nokon politikk på kva for vegar som skal ha kommunalt veglys og kva for vegar som ikkje skal ha det. Dette må vera med i hovudplan for vegar, som skal utarbeidast i løpet av 2017.

VURDERING OG KONKLUSJON

Vurderingar i høve til kommuneplanen:

Helse og miljøkonsekvensar:
Vegen vert mindre attraktiv som turveg i mørketida og kan føre til mindre aktivitet og dårlegare folkehelse på Folkestad.

Økonomiske konsekvensar
Kostnaden med riving kr 75 000 kjem på uansett om ein investerer i nytt anlegg, eller om lysanlegget vert erstatta med nytt anlegg. Dersom kommunen investerer i nytt lysanlegg, vil kommunen få auka investering på kr 893 000 som enten må dekkjast ved ubrukt kapitalfond eller auka låneopptak. Utfordringa med for mange løyvingar som tappar kapitalfondet er at kommunen får svekka likviditet. Vidare medfører redusert kapitalfond redusert finansavkastning. Auka lånegjeld medfører auka kapitalutgifter på ca 35 000 i året.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Det kan verte vanskelegare for nødetatane å orientere seg ved utrykking i mørketida.

Konklusjon:
For befolkning og besøkjande på Folkestad er det ein ulempe dersom veglysa i Krumsvika vert fjerna.

Kommunen har høg lånegjeld. Det er nyleg lagt fram framlegg til budsjett og økonomiplan for 2017 – 2020 der dette prosjektet ikkje var kjent nok i tide til å verte vurdert der. Ei så vidt stor investering som kommunen står fritt til å vurdere, bør sjåast i samanheng med økonomiplanen. Slik at dersom formannskapet vil gå for dette, så bør ein samtidig redusere tilsvarande investeringsbeløp i budsjettet for 2017. Med bakgrunn i fristen frå Møre-nett må saka handsamast i forkant av budsjettet. Det inneber også at formannskapet må gjere vedtak etter hasteparagrafen i kommunelova (§ 13), fordi myndet til å vedta investeringar og finansiere investeringane ligg til kommunestyret. Når det gjeld gatelys bør ein vurdere om investeringa skal gå til strekninga for 4 husstander, eller om ein vil prioritere andre vegstrekningar som har større trafikkbelastning. På den andre sida må ein også vurdere politisk kva ein vil prioritere investeringsmidlar til ut frå eit overordna perspektiv kva behov som er mest presserande i kommunen.

Ut frå ei samla vurdering og med bakgrunn i kommunen sin pressa økonomi, finn ikkje rådmannen å tilrå ei investering på kr 893 000 til gatelys på ei vegstrekning med 4 husstandar. Investeringsnivået i framlegget til budsjett- og økonomiplan er høgt, og det kan hende at kommunestyret i si budsjetthandsaming også vil ta denne ned ut frå ev ynske om å halde nede eigedomsskatten.

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Hei.

Mørenett skal grave i år og neste år, og vi prøver å få med dei leidningsetatane som vi deler stolpar med i dag. Det gjeld veglys og telefon. Årsaka er todelt – det vert rimelegare for alle partar og det vert eit ryddig og mykje meir vedlikehaldsfritt anlegg til slutt. Det er ikkje mogleg for oss å forskottere noko

Kostnaden med berre å legge eit 75 kabelrøyr kjem på ca 280 000, og med 25 stk fundament ca 350 000.

I Krumsvika må der monterast styring og ca 420 m EX på dei stolpane Mørenett ikkje treng lenger. Reknar med at d kommunen ikkje vil ta over blank line, som heng der no. På dei andre stadane vil vi legge kabel til matepunkta.

Har de tid til synfaring?

Vennleg helsing

Oddmund Humberset
Ingeniør
Mørenett AS

+47 91 85 25 60
Oddmund.Humberset@Morenett.no

Fra: Rune Totland [mailto:Rune.Totland@volda.kommune.no]
Sendt: 21. oktober 2016 11:39
Til: Oddmund Humberset <Oddmund.Humberset@Morenett.no>
Kopi: Dag Dårflot <Dag.Darflot@volda.kommune.no>; Arve Folkestad <Arve.Folkestad@Morenett.no>
Emne: SV: Kabelgrøft Vika, Folkestad

Hei, det vart ein høg sum for eit vegstrekk der det bur lite folk. Dette er noko vi i tilfelle må innarbeide i budsjett for 2018, og la politikarane bestemme om dei vil investere 700.000 i krumsviklys. I utgongspunktet ynskje Volda kommune å behalde veglysanlegget slik det er i dag med lågspent i luft på trestolpar.

Dersom veglysa som er der i dag fjernast og ei investering på 700000 er nødvendig for å behalde lys på vegen, vil det verte ei omdømesak for Mørenett om dykk velgjer å gjennomføre nedbygginga av luftspennet.

Med Venleg Helsing

Rune Totland
Teknisk Sjef
rune.totland@volda.kommune.no
Tlf 99465002
www.volda.kommune.no

Fra: Oddmund Humberset [mailto:Oddmund.Humberset@Morenett.no]
Sendt: 20. oktober 2016 15:53
Til: Rune Totland; Asbjørn Aasebø
Kopi: Arve Folkestad
Emne: VS: Kabelgrøft Vika, Folkestad

Hei.

Viser ti l samtale med Rune Totland i dag.

Her er eit budsjett for kostnader på nytt veglysanlegg med 50W LED-armatur:

Kabelgrøft:	2150 m	100	215 000
Nytt stålmastanlegg:	25 stk	20 000	500 000
Sum:			715 000

Gjennomsnittleg avstand vert ca 85 m.

Vi håpar å kome i gang med kabelgrøft i neste veke – veke 43 med graving frå Krumsvikneset mot Krumsvik.
Legg ved forslag til veglys med stålmaster på Krumsvikneset og grøftesnitt.

Vennleg helsing

Oddmund Humberset
Ingeniør
Mørenett AS

+47 91 85 25 60
Oddmund.Humberset@Morenett.no

Fra: Oddmund Humberset
Sendt: 7. oktober 2016 11:35
Til: 'Rune Totland' <Rune.Totland@volda.kommune.no>; Asbjørn Aasebø <Asbjorn.Aasebo@volda.kommune.no>
Kopi: Arve Folkestad <Arve.Folkestad@Morenett.no>
Emne: Kabelgrøft Vika, Folkestad

Hei.

Mørenett ynskjer å starte graving i Vika frå Krumsvikneset mot Folkestad. Vi skal legge kabelrøyr for 22kV-linje og

lågspentnett på strekninga.

Vi ynskjer synfaring før arbeidet startar for å avklare korleis arbeidet bør utførast . Ma ser vi føre oss at det må leggast røyr i stikkrenner.

Vi ynskjer også fleire til å vere med i kabelgrøfta. Bård Lillefosse m fl kan vere interessert i å legge privat vassleidning om prisen vert låg nok. Telenor er ikkje interessert.

Men er kommunen interessert i å kable veglyset? Legg ved eit oversyn for veglys på strekninga. Mesteparten vart bygt i 1984, og der er fellesføring både med Mørenett og Telenor. Eg kan tenkje meg å nytte same modell som i Hjartåbygda for å bygge eit kabelnett – at kommunen kostar kr 100 pr m grøft, 75 kabelrøyr og ein sum for kvart lyspunkt (utlegg, fundament og helst mast med lys i).

Ynskjer snarleg tilbakemelding.

Vennleg helsing

Oddmund Humberset
Ingeniør
Mørenett AS

+47 91 85 25 60
Oddmund.Humberset@Morenett.no

Handsaming:

Teknisk sjef Rune Totland var til stades under handsaminga av saka.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek å løyve Kr 750.000 inkl mva til sikringsarbeid på Dalsbygdvegen.

Investeringa vert dekt slik:

Bruk av ubunde investeringsfond	***kr 600 000***
Momskompensasjon	***kr 150 000***

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Rune Totland	Arkivsak nr.:	2016/1823
		Arkivkode:	Q14

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
234/16	Formannskapet	29.11.2016
171/16	Kommunestyret	15.12.2016

REINVESTERING DALSBYGDVEGEN SIKRING MOT UTRASING.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å løyve Kr 750.000 inkl mva til sikringsarbeid på Dalsbygdvegen.

Investeringa vert dekt slik:

Bruk av ubunde investeringsfond	**kr 600 000**
Momskompensasjon	**kr 150 000**

Vedleggsliste:

1) Kart over aktuelt område
2) Epost frå Eldar Hjelle
3) Foto

Uprenta saksvedlegg:
Ingen

Samandrag av saka:
Ein parsell av Dalsbygdvegen er i ferd med å rase ut. Permanent reparasjon er naudsynt ved første høve. Permanent reparasjon må gjerast av eksterne med stor gravemaskin for etablering av nytt fundament og mur. Det er gjort eit kostnadsanslag på kr 750.000,- inkl mva.

Saksopplysningar/fakta:
Ein parsell av Dalsbygdvegen er i ferd med å rase ut. Dette er til fare for all ferdsel langs vegen og må utbetrast så snart som råd. Det er særskilt stor fare for tyngre køyrety som melkebil og transport til og frå gardane langs vegen. Volda kommune vil gjere umiddelbare tiltak for å unngå ulukker ved å sperre ytterkant av vegen og fylle grøfta i innerkant. Permanent reparasjon er naudsynt ved første høve. Permanent reparasjon må gjerast av eksterne krefter med stor gravemaskin for etablering av nytt fundament og mur. Estimert

kostnad med dette er kr 750.000,- inkl mva. Kva kostnaden vert vil først verte kjent når det er innhenta konkurrerande prisar på arbeidet.

Vurdering og konklusjon:

Utrasinga av Dalsbygdvegen må utbetrast permanent for å sikre liv og helse til dei som ferdast på denne vegen. Dette er eit tiltak der ein ikkje kan vurdere kor vidt tiltaket skal prioriterast eller ikkje. Vegen må vere trygg og i forsvarleg stand for allmenn trafikk.

Tiltaket er så vidt omfattande at det er her er snakk om investering og kan finansierast med kapitalinntekter. Som alternativ til lånefinansiering kan ein bruke av ubunde investeringsfond. Rådmannen rår til at tiltaket vert godkjent og at det vert finansert ved bruk av ubunde investeringsfond.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ikkje å utbetre skade på Dalsbygdvegen vil ha negative helsekonsekvensar for alle som ferdast på og ved vegen, då ei utrasing kan medføre skader og død.

Økonomiske konsekvensar:
Reduserte renteinntekter ved at kapitalfondet vert redusert med kr 600 000.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Utbetring av vegen sikrar at nødetatar kan rykke ut til dei som bur langs vegen, oppom skadestaden.

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Økonomiavdelinga, her
Teknisk for oppfølging


Dalsfjordv
Dalsbygdvegen
Dalsbygdvegen
Dalsbygdvegen
Utrasing av Dalsbygdvegen
N
Situasjonsplan
17.11.2016
Målestokk 1:2000
Volda Kommune

Volda Kommune
V/Ordføraren

Dato : 30.10.2016

Utgliding på Dalsbygdvegen :

Vi har over tid registrert settningar i Dalsbygdvegen på strekkninga mellom Kjyrkjebrua og avkjøyrsla til Myraskogane. Ved nøgnare ettersyn finn ein at støttemur og fylling er i ferd med å gli ut.

Dalsbygdvegen er einaste tilkomst til midtre og øvre del av Dalsbygda , og er soleis svært viktig for all transport. Privat , offentleg og i næring.

Det kan opplysast at årleg går det ca. 500 tonn mjølk , og eit usikkert tal tonn slaktedyr ut av Dalsbygda. Andre vegen går det ca. 300 tonn kraftfor, og ca. 60 tonn kunstgjødsel .

For dei som er avhengige av både leveranse og tilførsel som nemt ovanfor , vil ei utgliding skape store problem.

Vi vil derfor oppmode Ordføraren om å innvitere med relevant personale frå Tekn.avd. til ei snarleg synfaring.

Om ynskjeleg , ta kontakt på tlf. 95747957 eller e-post : hjelle@tussa.com

Med venleg helsing
Eldar Hjelle

Vedlegg : Foto frå den aktuelle staden

Kopi til Tekn.sjef

Handsaming:

Ettersendte dokument 28. november:

- Eldrerådet og Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne. *Melding om politisk vedtak - Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020, datert* 24.11.2016.

Økonomisjef Henrik Skovly, økonomikonsulent Andreea Beleuta og rekneskapssjef Marija Ostojic var til stades under handsaminga av saka.

Odd A. Folkestad, Volda FrP, kom med slikt framlegg:

1. *Budsjettrammene for sektorane for 2017 vert i høve til rådmannens budsjettforslag samla å redusere med kr. 7.000.000,-. – Rådmannen får fullmakt til å fordele korleis budsjettrammereduksjonen skal fordelast på sektorane.*

2. *Det vert i årsbudsjettet for 2017 løyvt kr. 1.000.000,- for trivseltiltak for eldre som bur på eldre-/omsorgsbustader som kommunen driv. Korleis denne løyvinga skal fordelast vert å avgjere av kommunestyret i ei seinare sak som skal handsamast i februar 2017.*

3. *Med tilvising til pkt. 2. og 3 framanfor vert såleis bruk av disposisjonsfondet for saldering av budsjettet redusert frå kr. 18.503.432 til kr. 12.503.432.*

4. *Det er kommunestyret sin intensjon at eigedomsskatten ut økonomiplanperioden ikkje skal aukast frå 2 0/00.*

Partia Raud-grøne (Arbeidarpartiet, Venstre, Senterpartiet og Sosialistisk venstreparti) kom med slikt fellesframlegg:

Nytt punkt 17.

Kommunestyret viser til budsjettdokumenter og ber om ei fagleg utgreiing med forslag til konkrete mål og strategiar for løysing av utfordringane i drifta av Helse og omsorgssektoren. Dette gjeld spesielt i høve til satsing på kvardagsrehabilitering, ressurskrevjande pasientar innanfor demensomsorga, rus og psykiatri og heiltidskultur. Driftsstyret og formannskap vil vere referansegrupper under utgreiingsprosessen. Utgreiinga skal gjerast i samarbeid med partane og vert å legge fram som sak for kommunestyret i juni 2017.

Nye punkt:

26. Felleskjøkkenet. I brev frå Forbrukerrådet 21.4.16 og LMD 22.4.16 er det peika på aukande utfordringar med underernæring av eldre og at kommunane treng ein offensiv mat- og måltidspolitikk. I investeringsbudsjettet er det forslag om utskifting av utstyr på felleskjøkkenet og i omsorgsavdelingane. Kommunestyret vil be om utgreiing av Volda kommune sine mat- og måltidsrutinar og -utfordringar og med konkrete tiltak. Ekstern ekspertise bør nyttast. Framtidige større investeringar blir utsett tilsvarande.

27. Valdskoordinator. For å samordna valdsførebyggande arbeid på Søre Sunnmøre bør det opprettast heil stilling som valdskoordinator i regionen og knytt til politiet og det sams barnevernet. Volda bidreg med minst 20% av stillinga. Dekning disposisjonsfondet.

28. Frivilligkoordinatorar helse og omsorg. Dei to stillingane blir auke frå 20% til 40%. Dekning disposisjonsfondet.

29. Hovudverneombod. Stillinga blir auka frå 20% til 40%. Dekning disposisjonsfondet.

30. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei vurdering av søskenrabatt mellom barnehage og SFO-innan revidert budsjett skal vedtakast.

Dan Helge Bjørneset, H, kom med slikt framlegg, nytt punkt 32:

Kommunestyret ynskjer at Volda kommune skal ha eit sterkare brukarperspektiv på sine tenester. I kommunen sine målkart skal det difor innførast ein kvalitetsindikator for sektorane som ivaretek dette. Positive tiltak som oppretting av pårørandegrupper o.l. skal stimulerast.

Anders Egil Straume kom med slikt framlegg, nytt punkt 33:

Rådmannen utredar kostnadane ved å privatisere barnehagar. Mhht til mulige innsparingar i investeringane i barnehagane.

Formannskapet kom med slikt fellesframlegg:

Nytt punkt 31.
Lokale til ungdomsklubben vert vurdert løyst i samband med rehabilitering av Volda samfunnshus. Inntil vidare vert ungdomsklubben flytta til meir tilfredstillande lokale enn dei har i dag, fortrinnsvis i andre kommunale lokale eller i leigde lokale. Ev. leige av lokale for ei slik mellombels periode vert å dekkje gjennom budsjettkorrigering.

Det vart halde prøverøysting over framlegga frå Odd A. Folkestad:
Punkt 1 fekk 4 røyster (Odd A. Folkestad, Anders Egil Straume, Margrete Bjerkvik og Dan Helge Bjørneset), fem røysta imot.
Punkt 2 fekk fem røyster, fire røysta mot (Jørgen Amdam, Odd Harald Sundal, Sølvi Dimmen og Gunnar Strøm).
Punkt 3 fekk fire røyster (Odd A. Folkestad, Anders Egil Straume, Margrete Bjerkvik og Dan Helge Bjørneset), fem røysta imot.
Punkt 4 fekk fem røyster, fire røysta imot (Jørgen Amdam, Odd Harald Sundal, Fride Sortehaug og Gunnar Strøm).

Røysting (til og med punkt 19 ni røysteføre, frå punkt 20 åtte røysteføre):

Framlegget frå Odd A. Folkestad:
Punkt 1 fekk tre røyster (Odd A. Folkestad, Dan Helge Bjørneset og Margrete Bjerkvik) og fall, seks røysta imot.
Punkt 2 fekk ei røyst (Odd A. Folkestad) og fall, åtte røysta imot.
Punkt 3 fekk ei røyst (Odd A. Folkestad) og fall, åtte røysta imot.

Punkt 4 fekk fire røyster (Odd A. Folkestad, Dan Helge Bjørneset, Margrete Bjerkvik og Anders Egil Straume) og fall, fem røysta imot.

Tilrådinga frå administrasjonen:
Punkt 1 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 2 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 3 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 4 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 5 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 6 i tilrådinga frå administrasjonen fekk fem røyster og vart vedteke, fire røysta imot (Odd A. Folkestad, Anders Egil Straume, Margrete Bjerkvik og Dan Helge Bjørneset).
Punkt 7 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 8 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 9 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 10 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 11 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 12 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 13 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 14 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 15 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 16 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 17 – det vart røysta alternativt mellom fellesframlegget frå Raud-grøn (A, V, SP og SV) og tilrådinga frå administrasjonen. Fellesframlegget fekk seks røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Odd A. Folkestad, Margrete Bjerkvik og Anders Egil Straume).
Punkt 18 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 19 i tilrådinga frå administrasjonen fekk seks røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Odd A. Folkestad ,Anders Egil Straume og Dan Helge Bjørneset)

Margrete Bjerkvik gjekk kl. 16.05, det var åtte røysteføre i framhald av saka.

Punkt 20 i tilrådinga frå administrasjonen fekk sju røyster og vart vedteke, Odd A. Folkestad røysta imot.
Punkt 21 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 22 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 23 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Punkt 24 i tilrådinga frå administrasjonen fekk fem røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Odd A. Folkestad, Anders Egil Straume og Dan Helge Bjørneset).
Punkt 25 i tilrådinga frå administrasjonen fekk seks røyster og vart vedteke, to røysta imot (Odd A. Folkestad og Anders Egil Straume).

Nytt punkt 26 - fellesframlegg frå Raud-grøn liste vart samrøystes vedteke.
Nytt punkt 27 - fellesframlegg frå Raud-grøn liste fekk seks røyster og vedteke, to røysta imot (Odd A. Folkestad og Dan Helge Bjørneset).
Nytt punkt 28 - fellesframlegg frå Raud-grøn liste fekk fem røyster og vedteke, tre røysta imot (Odd A. Folkestad, Anders Egil Straume og Dan Helge Bjørneset).
Nytt punkt 29 - fellesframlegg frå Raud-grøn liste fekk fem røyster og vedteke, tre røysta imot (Odd A. Folkestad, Anders Egil Straume og Dan Helge Bjørneset).
Nytt punkt 30 - fellesframlegg frå Raud-grøn liste fekk seks røyster og vedteke, to røysta imot (Odd A. Folkestad og Dan Helge Bjørneset).

Nytt punkt 31 – fellesframlegg vedk. ungdomsklubben, vart samrøystes vedteke.
Nytt punkt 32 – framlegg frå Dan Helge Bjørneset, vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 33 – frå Anders Egil Straume, fekk tre røyster (Anders Egil Straume, Odd A. Folkestad og Dan Helge Bjørneset) og fall, fem røysta imot.

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

1. ***Skatt på inntekt og formue for 2017 skal skrivast ut i samsvar med maksimalsatsane som Stortinget vedtek.***

2. ***Volda kommune si netto driftsramme i 2017 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.***

3. ***Volda kommune si netto driftsramme 2018-2020 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.***

4. ***Brutto og netto budsjettrammer for sektorane i 2017 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B, med dei tiltaka som framgår av budsjettdokumentet.***

5. ***Brutto og netto budsjettrammer for sektorane i 2018-2020 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B.***

6. ***Investeringar i 2017 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane vert vedteken som vist i budsjettskjema 2A.***

7. ***Det vert i 2017 gjort låneopptak på kr 230.226.400. 5 mill kr av dette beløpet er knytt til Startlån.***

8. ***Investeringar i 2018-2020 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedtekne som vist i budsjettskjema 2A .***

9. ***Ubrukte løyvingar på investeringsbudsjettet for inneverande år (2016) vert overført til 2017.***

10. ***Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen i 2017, jamfør eigedomsskattelova § 2 og § 3 bokstav a).***

11. ***Kommunestyret vel å nytte bustadverdier (formuesgrunnlag utarbeidd av Skatteetaten) som metode ved taksering av bustadeigedomar. Andre eigedomar vert verdsett ved taksering etter eigedomsskattelova § 8 A-2.***

12. ***Skattesatsen i 2017 vert sett i medhald av eigedomsskattelova § 11 og § 13 til 2 ‰.***

13. ***Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.***

14. ***Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar.***

15. ***Nye tiltak og saldering for budsjettåret 2017, vert vedtekne i samsvar med omtale i kapittel 1 i budsjettdokumentet.***

16. ***Løyving frå kraftfondet vert vedteke i samsvar med omtale i kapittel 2.9 i budsjettdokumentet.***

17. ***Kommunestyret viser til budsjettdokumenter og ber om ei fagleg utgreiing med forslag til konkrete mål og strategiar for løysing av utfordringane i drifta av Helse og omsorgssektoren. Dette gjeld spesielt i høve til satsing på kvardagsrehabilitering, ressurskrevjande pasientar innanfor demensomsorga, rus og psykiatri og heiltidskultur. Driftsstyret og formannskap vil vere referansegrupper under utgreiingsprosessen. Utgreiinga skal gjerast i samarbeid med partane og vert å legge fram som sak for kommunestyret i juni 2017.***

18. ***Volda næringsforum må leggje fram møteplan og følgje opp forretningsordenen overfor kommunen som medlem i foreininga for å få utbetalt tilskot.***

19. ***Budsjettet og økonomiplanen vert elles vedteken på dei mål og premissar som framgår av budsjett- og økonomiplandokumentet.***

20. ***Det vert lagt fram enkeltsaker for avklaring av føringar slik dei vart foreslått av den politiske økonomigruppa i sitt framlegg handsama av kommunestyret i K-sak 107/16.***

21. ***Satsane for drifstilskot til private ordinære barnehagar i 2017 vert som vist i tabell nr 2 i saksutgreiinga.***

22. ***Kommunen skal gi kapitaltilskot til private ordinære barnehagar per heiltidsplass ut i frå barnehagebygget sitt byggeår. Satsane for tilskotet vert fastsett av departementet.***

23. ***Satsen for tilskot til private opne barnehagar i 2017 vert som vist i tabell nr 4 i saksutgreiinga.***

24. ***Det vert oppretta ei stilling som prosjektleiar bygg (engasjement på 3 år).***

25. ***Det vert oppretta ei stilling som prosjektleiar teknisk anlegg (engasjement på 3 år).***

26. ***Felleskjøkkenet. I brev frå Forbrukerrådet 21.4.16 og LMD 22.4.16 er det peika på aukande utfordringar med underernæring av eldre og at kommunane treng ein offensiv mat- og måltidspolitikk. I investeringsbudsjettet er det forslag om utskifting av utstyr på felleskjøkkenet og i omsorgsavdelingane. Kommunestyret vil be om utgreiing av Volda kommune sine mat- og måltidsrutinar og -utfordringar og med konkrete tiltak. Ekstern ekspertise bør nyttast. Framtidige større investeringar blir utsett tilsvarande.***

27. ***Valdskoordinator. For å samordna valdsførebyggande arbeid på Søre Sunnmøre bør det opprettast heil stilling som valdskoordinator i regionen og knytt til politiet og det sams barnevernet. Volda bidreg med minst 20% av stillinga. Dekning disposisjonsfondet.***

28. ***Frivilligkoordinatorar helse og omsorg. Dei to stillingane blir auke frå 20% til 40%. Dekning disposisjonsfondet.***

29. ***Hovudverneombod. Stillinga blir auka frå 20% til 40%. Dekning disposisjonsfondet.***

30. ***Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei vurdering av søskenrabatt mellom barnehage og SFO-innan revidert budsjett skal vedtakast.***

31. ***Lokale til ungdomsklubben vert vurdert løyst i samband med rehabilitering av Volda samfunnshus. Inntil vidare vert ungdomsklubben flytta til meir tilfredstillande lokale enn dei har i dag, fortrinnsvis i andre kommunale lokale eller i leigde lokale. Ev. leige av lokale for ei slik mellombels periode vert å dekkje gjennom budsjettkorrigering.***

32. Kommunestyret ynskjer at Volda kommune skal ha eit sterkare brukarperspektiv på sine tenester. I kommunen sine målkart skal det difor innførast ein kvalitetsindikator for sektorane som ivaretek dette. Positive tiltak som oppretting av pårørandegrupper o.l. skal stimulerast.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Andreea Beleuta	Arkivsak nr.:	2016/1294
		Arkivkode:	151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
229/16	Formannskapet	29.11.2016
172/16	Kommunestyret	15.12.2016

ÅRSBUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017-2020

Administrasjonen si tilråding:

1. Skatt på inntekt og formue for 2017 skal skrivast ut i samsvar med maksimalsatsane som Stortinget vedtek.

2. Volda kommune si netto driftsramme i 2017 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.

3. Volda kommune si netto driftsramme 2018-2020 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.

4. Brutto og netto budsjettrammer for sektorane i 2017 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B, med dei tiltaka som framgår av budsjettdokumentet.

5. Brutto og netto budsjettrammer for sektorane i 2018-2020 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B.

6. Investeringar i 2017 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane vert vedteken som vist i budsjettskjema 2A.

7. Det vert i 2017 gjort låneopptak på kr 230.226.400. 5 mill kr av dette beløpet er knytt til Startlån.

8. Investeringar i 2018-2020 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedtekne som vist i budsjettskjema 2A .

9. Ubrukte løyvingar på investeringsbudsjettet for inneverande år (2016) vert overført til 2017.

10. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen i 2017, jamfør eigedomsskattelova § 2 og § 3 bokstav a).

11. Kommunestyret vel å nytte bustadverdier (formuesgrunnlag utarbeidd av Skatteetaten) som metode ved taksering av bustadeigedomar. Andre eigedomar vert verdsett ved taksering etter eigedomsskattelova § 8 A-2.

12. Skattesatsen i 2017 vert sett i medhald av eigedomsskattelova § 11 og § 13 til 2 ‰.

13. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

14. Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar.

15. Nye tiltak og saldering for budsjettåret 2017, vert vedtekne i samsvar med omtale i kapittel 1 i budsjettdokumentet.

16. Løyving frå kraftfondet vert vedteke i samsvar med omtale i kapittel 2.9 i budsjettdokumentet.

17. Kommunestyret syner til budsjettdokumentet og ber om ei fagleg utgreiing med forslag til konkrete mål og strategiar for løysing av utfordringane i drifta av Helse og omsorgssektoren. Dette inneber også løysingar for korleis tenestene i åra framover kan drivast på nivå med samanliknbare kommunar og normert nivå. Driftsstyret og formannskapet vil vere referansegruppe under utgreiingsprosessen. Utgreiinga vert lagt fram som sak for handsaming i kommunestyret i juni 2017.

18. Volda næringsforum må leggje fram møteplan og følgje opp forretningsordenen overfor kommunen som medlem i foreininga for å få utbetalt tilskot.

19. Budsjettet og økonomiplanen vert elles vedteken på dei mål og premissar som framgår av budsjett- og økonomiplandokumentet.

20. Det vert lagt fram enkeltsaker for avklaring av føringar slik dei vart foreslått av den politiske økonomigruppa i sitt framlegg handsama av kommunestyret i K-sak 107/16.

21. Satsane for drifstilskot til private ordinære barnehagar i 2017 vert som vist i tabell nr 2 i saksutgreiinga.

22. Kommunen skal gi kapitaltilskot til private ordinære barnehagar per heiltidsplass ut i frå barnehagebygget sitt byggeår. Satsane for tilskotet vert fastsett av departementet.

23. Satsen for tilskot til private opne barnehagar i 2017 vert som vist i tabell nr 4 i saksutgreiinga.

24. Det vert oppretta ei stilling som prosjektleiar bygg (engasjement på 3 år).

25. Det vert oppretta ei stilling som prosjektleiar teknisk anlegg (engasjement på 3 år).

Det vert vist til budsjettdokumentet for informasjon om føresetnadane og premissane som rådmannen sitt framlegg til årsbudsjett og økonomiplan er bygt på. Under følgjer nokre få tilleggsopplysningar og presiseringar.

Tilskot til private ordinære barnehagar

Frå og med 1. januar 2015 skal kommunen rekne ut tilskot til private ordinære barnehagar ut i frå kommunen sine to år gamle rekneskap. Endringa inneber at tilskotet vert rekna ut ein gang per år, noko som gjer ordninga meir føreseieleg for dei private barnehagane. Det er fortsatt kommunen sine utgifter i eigne kommunale barnehagar to år før tilskotsåret som er grunnlaget for utrekning av driftstilskotet til dei private barnehagane. For tilskotsåret 2017, skal kommunen bruke kommunerekneskapet for 2015 som grunnlag.

Samtidig er det innført endring i utrekning av kompensasjon for pensjons- og kapitalkostnadar for å sikre meir samsvar mellom kostnadane i dei private barnehagane og tilskotet dei får frå kommunen. Kommunen sine pensjonskostnader skal altså ikkje vere med i utrekninga av driftstilskotet, men kommunen skal istaden legge på eit prosentpåslag på 13 % av brutto lønsutgifter i kommunen sine eigne barnehagar.

Tabell nr. 1: Nasjonale satsar for 2017

	Kroner per heiltidsplass drift, inkl. administrasjon
Ordinære barnehager, barn 0-2 år	199 800
Ordinære barnehager, barn 3-6 år	96 300

Bakgrunn for dei nasjonale satsane
Tilskot til private barnehagar er regulert i *Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager.*

Satsane er fastsatt på bakgrunn av Telemarksforskning sitt notat *"Nasjonale satser til private barnehager 2017".*

Tabell nr. 2: Volda kommune sine satsar for tilskot til private barnehagar for 2017

	Kroner per opphaldstime Drift, inkl. adm.	**Kroner per heiltidsplass Drift, inkl. adm.**
Ordinære barnehager, barn 0-2 år	85,76	185 248
Ordinære barnehager, barn 3-6 år	40,65	87 798

Utrekningane viser at dei kommunale satsane for drift inkludert administrasjonspåslag blir kr 185 248,- per barn under 3 år og kr 87 798,- per barn som er 3 år og eldre.

Kapitaltilskot private ordinære barnehagar

I *Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager* står det i §6: Kapitaltilskudd til ordinære barnehager:

"Kommunen skal gi kapitaltilskudd til private ordinære barnehager per heltidsplass ut fra barnehagebyggets byggeår.

Tilskuddet skal beregnes etter satser fastsatt av departementet"

Tabell nr. 3: Satsar for kapitaltilskot til private ordinære barnehagar for 2017

Byggeår	Tilskot per plass
Til og med 2008	8 600
2009-2011	14 400
2012-2014	16 800
2015-2017	20 900

Etter ny *Forskrift om tilskudd til private barnehager* § 6 skal kapitaltilskotet til ordinære barnehagar verte gitt ut i frå barnehagebygget sitt byggeår.

Dersom ein barnehage har fleire bygg med ulikt byggeår, skal kommunen tildele tilskot etter kor mange barn som går i kvart bygg. Barnehagen må difor rapportere om kor mange barn som går i kvart bygg.

Byggeåret reknast ut i frå det året da bygget var ferdigstilt.

Eigar av private barnehagar skal kvart år rapportere om tal barn, alder på barna og opphaldstid i barnehagen pr. 15.desember. Kommunen skal bruke dei private barnehagane si rapportering frå året før tilskotsåret i berekninga av tilskotet til dei private barnehagane.

Tilskot til private opne barnehagar

Tabell nr. 4: Satsar for tilskot til private opne barnehagar for 2017

Arbeidsgiveravgiftssone	6-15 timer
Sone I	20 300

Satsen er fastsatt ut fra regjeringa sitt forslag til maksimalpris for 2017 på 2 730 kroner per måned, med forbehold om at satsen kan verte justert som følge av Stortingets behandling av statsbudsjettet for 2017. Bakgrunn for satsen er utrekningar utført av Telemarksforskning.

Tilskot Volda kyrkjeleg Fellesråd 2017

Kyrkja er ein sjølvstendig juridisk organisasjon som er ansvarleg for si drift innanfor dei tilskota som vert ytt frå kommunen. Dette er følgt opp med ei budsjetteknisk omlegging der tilskotet til Kyrkja vert budsjettert som ei driftsoverføring frå kommunebudsjettet. Det er lagt opp til same aktivitet på drifta som i 2016 korrigert for pris- og lønsutvikling (tilskot på kr.3.676.000 og kr.263.000). Tilskot til husleige kjem i tillegg, og er ein del av tenesteytingsavtalen.

Tilskotta til Volda kyrkjelege fellesråd er auka med 2,5% (som er i samsvar med Regjeringa si prognose for prisstigning i kommunesektoren i 2017). Volda kyrkjelege fellesråd har kome med framlegg til budsjett for 2017 i brev 27. september 2016. Dette er med som trykt vedlegg til saka.

Merk elles følgjande:

- Fellesrådet har estimert at rente og avdragsutgiftene i 2017 til å verte ca kr. 650.000. Dette er lagt inn i rådmannen sitt framlegg til budsjett, og vert utbetalt til Fellesrådet etter dokumenterte utgifter (opp til kr 650.000).

- Fellesrådet har søkt om å få eit ekstraordinært tilskott på kr 500.000 (til vedlikehald). Dette er lagt inn som eit tiltak i rådmannen sitt budsjettframlegg.

Fellesrådet er eit sjølvstendig rettssubjekt, og vedtek sjølv sine eigne investeringar. Den flytande renta er låg no, men dette er sjølvsagt ikkje ein permanent situasjon. Når Volda kyrkjelege fellesråd vedtek investeringar, så må dette gjerast innan dei eksisterande økonomiske budsjettrammene som Fellesrådet disponerer.

Oppretting av stillingar på Teknisk sektor

Rådmannen foreslår å opprette 2 stillingar på teknisk sektor :

- Prosjektleiar bygg - 3 års engasjement
- Prosjektleiar tekniske anlegg - 3 års engasjement

Begge desse stillingane vert finansiert over investeringsbudsjettet og belastar ikkje drifta direkte. Desse må på plass for å ha framdrift for gjennomføring av alle investeringane. Lønskostnadane vert fordelt på fleire investeringsprosjekt.

Tiltak som ikkje har kome med i rådmannen sitt forslag

Alle administrative einingar vart i budsjettprosessen invitert til å kome med forslag til nye tiltak. Tabellen under viser foreslåtte tiltak som **ikkje** er med i rådmannens budsjettframlegg:

Navn på tiltak	Beløp
Styrke grunnbemanning på alle D- og K vakter med ein person, 4,62 årsverk, Kaptein- Klokkarstova	3 044 232
Auke grunnbemanninga med 1 person på alle dagvakter og seinvakter p Otta- og Karvestova, 4,32 årsverk.	2 846 555
Auke einingsleiar i førebygging, rehabilitering og legeteneste frå 70 til 100%	245 602
Auke med 40% stilling for å ta vekk kortvakter, Kaptein- og Klokkarstova	211 297
Frivillegkoordinator 20% knytt til døgnbemanna omsorgsbustader	118 697
Frivillegkoordinator, 20% knytt til sjukeheimen	118 697
Auke stillingsressurs med 60% på Otta- Karvestova for å unngå korte vakter	316 944
Etablere fastlegeheimel nr. 10 på Volda legesenter	500 000
Auke bemanning i barnebustad og avlastingsteneste, to årsverk	1 170 358
Styrke bemanning i heimesjukepleien med 40% stilling	297 298
Styrke bemanning i rus og psykisk helseteneste, behov 150% stilling, foreslått 100%, "manglar" 50%	282 979
Sum Helse og omsorg	**9 152 659**
Auka driftsramme for å dekke snøbrøyting	1 000 000
Auke bemanning med 1 stk ingeniør på Sjølvkost, Avløp	0
Auke bemanning med ein 100% stilling Parkdrift	0
Auke stillingsprosent til 2% for brannmannskapa	70 000
Ny Branningeniør overlapping 3 mnd	178 245
Ny rørleggjar overlapping 3 mnd	134 524
Sum Teknisk	**1 382 769**
Auke stillinga for Hovedverneombod frå 20% til 40%	121 072
Lærlingekoordinator 20% helse- og omsorg	201 786
Sum Personal og organissasjon	**322 858**
Ny politisk sekretær/arkivar - Overlapping 3 måneder ca 110 000 kr	90 000
Sum Kultur og service	**90 000**
Kartleggingar i samband med arealdelen	240 000
Sum Utvikling	**240 000**
SUM totalt	**11 188 286**

Pressa kapasitet

Det vert særskilt stort press på administrasjonen komande år med oppstart av kommunesamanslåingsprosessen med Hornindal kommune. I tillegg er det større prosjekt og prosessar i Volda kommune som vil krevje fokus og spissa innsats. Det er derfor viktig at kommunestyret er klar over dette, slik at dersom det kjem til vedtak om nye utgreiingar eller prosjekt så må andre oppgåver prioriterast ned.

Rådmannen vil minne om at tiltak som kommunestyret ynskjer å prioritere må innarbeidast i budsjettet. Dersom det er tiltak ein gjerne skulle hatt med, og som det ikkje er plass til i 2017, så er det betre at ein kjem attende til dei under budsjetthandsaminga for 2018 i staden for at dei skal utgreiast utan dekning i 2017.

Økonomiske konsekvensar:

Det vert vist til informasjonen i budsjettdokumentet.

Rune Sjurgard	Henrik Skovly
Rådmann	Økonomisjef

Vedleggsliste:

- Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020
- Volda kyrkjelege fellesråd – Budsjett 2017 og ØPL 2017-2020
- Melding om vedtak i Volda kyrkjelege fellesråd – budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020

Klageinstans:

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen
Sektor- og stabsleiarar
Andreea Beleuta
Gunnar Lillebø
Marija Ostojic
Revisjonen

VOLDA KOMMUNE

ÅRSBUDSJETT 2017

ØKONOMIPLAN 2017-2020

Innholdsfortegnelse

FORORD 4
1 INNLEIING 7
2 ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR 14
2.1 FINANSOMRÅDET 15
2.2 FONDSMIDLAR 21
2.3 STATSBUDSJETTET 23
2.4 FRIE INNTEKTER 26
2.5 GENERELLE STATSTILSKOTT 32
2.6 KOSTRA (Volda kommune samanlikna med andre kommunar) 33
2.7 FOLKETALSUTVIKLING 41
2.8 EIGEDOMSSKATT 45
2.9 NÆRINGSUTVIKLING 47
2.10 KOMMUNEREFORMA 51
3 SEKTORANE OG STABANE 53
3.1 INNLEIING 53
3.2 BUDSJETTRAMMER 55
3.3 HELSE OG OMSORGSSEKTOREN 57
3.4 KULTUR OG SERVICESEKTOREN 63
3.5 OPPLÆRING OG OPPVEKSTSEKTOREN 66
3.6 TEKNISK SEKTOR 69
3.7 UTVIKLINGSSEKTOREN 74
3.8 ØKONOMIAVDELINGA 76
3.9 PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA 78
3.10 BARNEVERNTESTA HAREID, ULSTEIN, VOLDA OG ØRSTA 82
3.11 NAV 84
3.12 FELLESOMRÅDET 87
4 INVESTERINGAR 89
HOVUDOVERSIKTER 116

FORORD

Volda kommune har om lag 70 tenester i si portefølje. Staten overfører stadig fleire kompliserte oppgåver utan at dei er fullt ut finansierte. Det siste er ø-hjelp (akuttfunksjon) for pasientar innanfor rus og psykiatri frå nyttår. Tal tilsette har auka med over 70 000 i kommunesektoren totalt siste 10 åra som følgje av dei statlege reformene. Årsverka går til tenesteyting. Dette skaper press på leiingsfunksjonen, og for å sitere Kristin Klemet i Cevita; *"Norske kommuner er underledet"*.

Dei sentrale signala viser at presset på det kommunale handlingsrom vert større i åra framover. Dette må vi sjå i samanheng med det makroøkonomiske perspektivet, demografisk utvikling, folkeflyttingar, sosiale endringar og samfunnstrendar. Behova for auka ressursar veks i offentleg sektor. Offentleg forbruk utgjer stadig større del av fastlandsøkonomien. I 2008 utgjorde offentleg del 51 %, og 58 % i 2016. Påslaget på statsbudsjettet har siste åra lege på om lag 22 mrd. kvart år. I 2018 signaliserer regjeringa at dette må justerast ned til om lag 6 - 7 mrd. Regjeringa viser til Produktivitetskommisjonen si analyse som seier at det er eit potensial for 15 % effektivisering berre i kommunsektoren. I statsbudsjettet for 2017 har regjeringa lagt inn eit krav på 0,5 %. Dette er eit signal om at kommunane sjølve må syte for å skaffe handlingsrom. Dei kommunane som får til det, må arbeide smart, og samtidig må dei gå på akkord med tidlegare politiske prioriteringar der ein ha valt å drive dyrare enn det staten kompenserer for gjennom inntektssystemet. For Volda handlar dette særleg om kor mange skular og barnehagar ein skal drive i framtida. Med andre ord betyr dette at Volda kommune allereie no må leggje ein plan på korleis ein skal drive skular og barnehagar i framtida for å få meir ut av ressursane for å kunne ha moglegheit til å prioritere fellestiltak som idrettshall, kultursatsing i mediebygg og ev symjehall. Rådmannen har forståing for at alle vil ha desse tenestene nærast der ein bur, men når dette er i utakt med storsamfunnet sine prioriteringar, så er det ei grense for kor lenge ein kan stå i mot. For Volda sin del har denne grensa vorte passert for lang tid sidan. Staten har redusert overføringane i det utgiftsutjamnande tilskotet i inntektssystemet som følgje av lågare vekst blant barn og unge, og staten har rekna ut at barnehagane og skulane i Volda skal vere vesentleg billegare å drifte enn det kommunen har lagt opp til. Samanlikna med 2015 får vi no ca 13 millionar lågare utgiftsutjamning. Nesten heile eigedomsskatten går til å kompensere for dette. Dette resulterer i at rådmannen må foreslå å bruke alle reservane til kommunen for å balansere drifta i 4-årsperioden. Dette er ikkje økonomisk berekraftig.

Veksten i frie inntekter vert oppeten av framskriven vekst i utgiftene til tenestene. Særleg er det utviklinga i demografien, veksten i pensjonsutgiftene og underliggjande vekst i ressurskrevjande tenester som er hovudforklaringa til dette. Kommuneøkonomi er komplisert, og det er lett å gå frå analyse til synsing om at det går bra fordi det har gått bra før. Ein styrke er at vi har fått betre økonomisk styring og betre oversikt over økonomien. Det er ei pedagogisk utfordring å forklare at siste åra har gitt oss overskot og fondsoppbygging i hovudsak på grunn av betre skatteinngang over heile landet og lågare pensjonsutgifter enn stipulert.

Rådmannen foreslår få nye driftstiltak i 2017. Dette går hovudsakleg til helse- og omsorgssektoren som er foreslått ein auke på 2 mill. Sektoren sjølv presenterer auka ressursbehov på om lag 12 mill. Det er etter rådmannen si vurdering ikkje mogleg. Det vert særleg krevjande å greie å møte aukande behov med nye løysingar der ein skal dekkje opp dette innanfor dei ressursane kommunen har. Utfordringa er korleis sektoren kan klare å løyse dette, og om dei treng lengre tid på dette slik at dei vil få problem med å halde budsjettet for 2017.

Kommunen har store investeringsbehov og det er foreslått eit ambisiøst investeringsprogram på 721 mill over dei komande 4 åra. Dette innber at vi får ei samla netto auke i langsiktig lånegjeld på om lag 575 mill kr i perioden. Av samla investering og låneopptak er 175 mill relatert til vass- og avløpsanlegg som vert dekt over sjølvkost og ikkje belastar den kommunale drifta. Vass- og avløpssektoren står overfor store investeringar som følgje av miljøkrav og store etterslep på leidningsutskifting. Største enkeltinvesteringa er Øyra skule som vert ferdig i 2017. Utover dette er det hovudsakleg omsorgsbustader, energispareprogram/vedlikehald av kommunale bygg, næringsområdet på Rotset, sentrumsutvikling og infrastruktur for å utløyse ny bustadbygging i Volda sentrum saman med oppgradering av vegsystema. Idrettshallen er teken ut av investeringsbudsjettet og kapitalutgiftene omrekna til driftstilskot til Volda Campus Arena AS. Auka gjeld bind opp framtidig handlingsrom. Samtidig er dette ei avveging av kva tiltak som er nødvendige for å utløyse verdiskaping og innbyggjarvekst. Dette må sjåast i samanheng med funksjonen som vertskommune for høgskule, vidaregåande skule og sjukehus. Kommunestyret bør vurdere om ambisjonsnivået bør reduserast, og iallfall ikkje aukast. Dette særleg ut frå at det må frigjerast ytterlegare midlar til å dekkje husleige i ein framtidig idrettshall, husleige til kultur og kino i Mediebygget, deltaking i bygging av symjehall i dei næraste åra etter økonomiplanperioden. Eigedomsskatten er på 2 promille i 2017. Frå og med 2018 er den på 4 promille i samsvar med gjeldande økonomiplan.

Rådmannen opplever det kommunale inntektssystemet som sentraliserande, og han synest dette er leit med tanke på distrikta. Volda kommune må likevel ta konsekvensen av dette og samle seg om færre barnehagar og skular for å få langtidseffekt av betre ressursutnytting. God ressurs-utnytting må også ha fokus i alle tenesteledd. Det er lagt opp til eit nedbemanningsprogram på 10 millionar i 4-årsperioden. Nytenking og samskaping som innovative arbeidsmåtar må prege arbeidet framover for å få nytta ressursane best mogleg. Det ligg m.a stort potensiale i innovative innkjøp med bruk av leverandørane si kompetanse for å få nye produkt, arbeidsmåtar og lågare kostnader. Dette krev store endringar, og det krev handlingsrom i kvardagen og kompetanse til setje det dagorden og organisere prosessane. Digitalisering har stort potensial, og her må Volda kommune samarbeide med andre kommunar for å ta ut effekt. Rådmannen hadde ynskt at ein fekk rom for eit kompetanseprogram spissa inn mot innovasjon og endringskultur. Rådmannen ser moglegheitene i samanslåinga med Hornindal for å rigge prosessar og kompetanse for å arbeide enda meir innovativt. Kommune-samanslåingsprosessen gir oss moglegheiter, samtidig som den vert arbeidskrevjande og legg beslag på arbeidsressursar framover.

Økonomiplanen byggjer på føringane frå kommunestyret i samband med handsaming av den politiske arbeidsgruppa sin rapport i september. Handlingsprogrammet i kommuneplanen vil verte handsama i ein prosess kopla til neste rullering av økonomiplanen.

1 INNLEIING

Dette kapittelet inneheld:

- Hovudoversikt driftsbudsjettet for komande økonomiplanperiode
- Omtale av tiltak som rådmannen foreslår på driftsbudsjettet
- Omtale av korleis budsjett/økonomiplan vert saldert

Tabellen under er ein komprimert utgåve av hovudoversikt drift for komande økonomiplanperiode (også med som vedlegg i slutten av budsjettdokumentet).

Tekst	Opprinneleg Budsjett 2016	Revidert Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Rammetilskot	-244 498 000	-245 798 000	-271 711 000	-265 845 000	-266 326 000	-266 582 000
Skatt på inntekt og formue	-212 524 000	-212 524 000	-200 000 000	-200 000 000	-200 000 000	-200 000 000
Eigedomsskatt	-16 000 000	-17 000 000	-17 000 000	-34 000 000	-34 000 000	-34 000 000
Andre driftsinntekter	-272 025 678	-273 987 320	-289 945 736	-289 581 736	-289 516 736	-289 430 736
Sum driftsinntekter	-745 047 678	-749 309 320	-778 656 736	-789 426 736	-789 842 736	-790 012 736
Sum driftsutgifter	747 527 916	751 173 058	781 237 821	772 977 821	768 253 105	766 253 105
Brutto driftsresultat	**2 480 238**	**1 863 738**	**2 581 085**	**-16 448 915**	**-21 589 631**	**-23 759 631**
Sum finansinntekter	-6 650 000	-6 776 000	-7 150 000	-7 150 000	-7 150 000	-7 150 000
Sum finansutgifter	43 203 000	39 703 000	52 099 000	62 729 000	68 453 000	72 651 000
Netto finanskostnader	**36 553 000**	**32 927 000**	**44 949 000**	**55 579 000**	**61 303 000**	**65 501 000**
Motpost avskrivninger	-28 530 000	-28 530 000	-28 530 000	-28 530 000	-28 530 000	-28 530 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	**10 503 238**	**6 260 738**	**19 000 085**	**10 600 085**	**11 183 369**	**13 211 369**
Bruk av tidligere års overskot	0	-25 397 311	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-9 487 683	-9 487 683	-18 503 432	-10 103 432	-10 686 716	-12 714 716
Bruk av bundne fond	-3 142 857	-3 142 857	-5 874 297	-5 874 297	-5 874 297	-5 874 297
SUM BRUK AV AVSETNINGER	**-12 630 540**	**-38 027 851**	**-24 377 729**	**-15 977 729**	**-16 561 013**	**-18 589 013**
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	20 000	29 659 811	**0**	**0**	**0**	**0**
Avsetninger til bundne fond	2 107 302	2 107 302	5 377 644	5 377 644	5 377 644	5 377 644
SUM AVSETNINGER	**2 127 302**	**31 767 113**	**5 377 644**	**5 377 644**	**5 377 644**	**5 377 644**
Resultat	**0**	**0**	0	0	0	0

I budsjettforslaget er det lagt opp eit negativt netto driftsresultat på kr 18,9 mill kr i 2017. Vi får dermed ein resultatgrad som er negativ med 2,4% av driftsinntektene. 2017 er saldert ved bruk av 18.5 mill kr av disposisjonsfondet.

Situasjonen betrar seg i 2018. Dette året har vi eit nettodriftsresultat som er negativt med ca 10.6 mill kr (negativ resultatgrad med ca 1,3%). Forklaringa til forbetringa er at det er lagt inn auke i eigedomsskatten frå 2 til 4 promille. Dette inneber ein auke i eigedomsskatten frå å ha budsjettert med 17 mill kr i 2017 til 34 mill kr i 2018.

Sjølv med auke i eigedomsskatt frå 2 til 4 promille i 2018, så er det behov for ytterlegare innsparingar i perioden 2018-2020:

Dette har 2 hovudforklaringar. For det første er det eit veldig ekspansivt investeringsprogram i økonomiplanperioden (med tilhøyrande rente og avdragsutgifter). For det andre har vi kompensasjon for reduksjon i rammetilskot som berre gjeld 2017 (INGAR, vert nærare omtalt i kapittel 2).

Saldering av årsbudsjett og økonomiplan 2017-2020

Tabellen under viser:

- Underskot ved å føre vidare årets drift i økonomiplanperioden (konsekvensjustert budsjett)
- Sum av nye tiltak som er lagt inn i 2017
- Underskot før saldering
- Dei 3 siste linjene viser korleis kvart år er saldert (fordelt på bruk av disposisjonsfond, auka eigedomsskatt og effekt av nedbemanningsplan)

	2017	2018	2019	2020
Konsekvensjustert budsjett (underskot)	15 243 432	32 103 432	37 411 432	39 714 716
Tiltak (se tabell under)	3 260 000			
Sum underskot før saldering	**18 503 432**	**32 103 432**	**37 411 432**	**39 714 716**
Bruk av disposisjonsfond	-18 503 432	-10 103 432	-10 686 716	-12 714 716
Auka eigedomsskatt frå 2018		-17 000 000	-17 000 000	-17 000 000
Nedbemanningsplan		-5 000 000	-9 724 716	-10 000 000
Resultat	**0**	**0**	**0**	**0**

Bruk av disposisjonsfond er ikkje økonomisk berekraftig og kan berre gjerast i ei overgangsperiode. Det er foreslått investeringar for å få effekt på betre ressursutnytting i oppvekstsektoren. Effekten vert å utgreie i samband med eigne saker i forkant av investeringane og vil først kome i åra etter økonomiplanperioden. Eit alternativ for å redusere fondsbruken i perioden kunne vere å overføre barna i barnehagen og elevane ved Austefjord skule til Volda. Det ville gitt ein heilårseffekt på om lag kr 6 mill frå og med 2018 (kr 2,5 mill i 2017). For heile perioden ville det utgjere redusert fondsbruk på om lag 20 mill Føresetnaden er at borna og elevane kan gå inn i allereie eksisterande grupper.

Tabellen under viser nye tiltak som er lagt inn i 2017:

Fagdag helse og omsorg	500 000
Leiarutvikling (helse og omsorg)	200 000
Rus/psykiatri	466 000
Nattevakt	934 000
Kvalifisering Kantina	120 000
Overlapping kultur og service	50 000
Opplæring brannmannskap	150 000
Overlapping branningeniør	60 000
Reinhald	180 000
Tilskot til VTI symjegruppa	100 000
Vedlikehold kyrkja	500 000
Sum	**3 260 000**

Helse- og omsorgssektoren vert foreslått styrka med 2,1 mill. Det er behov for midlar til oppfølging av arbeidsmiljøundersøkinga med særleg fokus på leiarutvikling. Sektoren treng ein arena for kompetanse- og arbeidsmiljøutvikling, og innføring av fagdag vert vurdert som heilt nødvendig. Dette er det gode erfaringar frå andre kommunar. Vidare vert det foreslått å styrke rus/psykitri med kr 466 000 for å finansiere opp ei stilling for å delvis kompensere for bortfall av statlege finansierte prosjektestillingar med 1,5 stilling. Restfinansieringa til full stilling vert dekt innanfor sektoren sine rammer. Det vert også foreslått midlar for å byggje opp ei ekstra nattevaktstilling ved omsorgssenteret, dedikert 3. etg i samband med innføring av øyeblikkeleg hjelp i rus-/psykiatrien. Fullfinansiering av stillinga skjer ved omdisponering av variabel løn til fast løn.

Årsverksramme

Tabellen under viser årsverksramma for 2017:

	Årsverk
Sektor	**2017**
11 – Rådmann	1,00
12 - Samfunn og rådgjeving	1,75
13 - Personal og organisasjonsstab	12,59
14 – Økonomistaben	9,00
20 - Opplæring og oppvekstsektoren	274,11
30 - Helse- og omsorgssektoren	270,98
40 - Kultur og servicesektoren	12,80
50 - Teknisk sektor	57,90
51 – Sjølvkosttenester	4,58
60 – Utvikling	9,00
70 - Barneverntenesta Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta	62,10
Samla stillingsressursar Volda kommune	**715,81**

Auka stillingsressursar frå 2016 til 2017:

Opplæring og oppvekstsektoren:

- 89% auke skuldast i all hovudsak auka barnetal på Mork barnehage, og som følgje av dette krav til auka bemanning
- 45% auke i styrka tiltak. Barn med krav til spesialpedagogiske tiltak eller tiltak etter barnehagelova
- 200% lærarstillingar. Finansiert av statlege midlar
- 150% auka lærarstillingar på Folkestad skule, grunna innlemming av Bjørkedal skule
- 100% lærarstillingar på Volda ungdomsk. finansiert av fylket. Knytt til elevar frå Sunnmørsheimen
- 50% rådgjevarstilling ved Volda læringssenter, jfr. Avtaleverk om rådgjevarressurs over visst antal elevar
- 100% miljøarbarbeidarstilling. Stilling ved Volda læringssenter

- 100% lærarstill ved Øyra skule knytt til særleg ressurskrevjande elevar. Spesialpedagogisk tiltak frå 01.08.2016

Strategiar

Det vert synt til utdrag frå rapporten som tverrpolitisk arbeidsgruppe la fram for kommunestyret i september 2016:

"Det vert synt til samfunnsdelen i kommuneplanen med folkehelse som førande prinsipp. Kva vil ein politisk gjere av endringar når det gjeld prioritering på tenesteområda. Kva kvalitet skal tenestene ha? Kva vil ein gjere av satsingar i drifta og på investeringssida? Korleis skal samfunnet utviklast? Volda har ikkje økonomisk handlingsrom til satsingar, slik at dette må skapast gjennom strategiar og klare hovudgrep. Det er derfor nødvendig med tydeleg politisk retning både på korleis ein vil skape handlingsrom, og kva ein vil bruke dette til.

Dette er politikk og arbeidsgruppa vert utfordra på kva ein politisk vil prioritere i 2017 - 2020 (jfr kommuneplanen sin handlingsdel/økonomiplanen).

Prognosene viser eit veksande folketal i kommunen. Trenden siste åra er at Volda sentrum og Mork har vekst medan bygdene har nedgang i folketalet. Dette er i samsvar med trendane i andre delar av landet. Dersom denne trenden held fram, og berre i løpet av dei komande 5 - 10 åra vil det verte lagt til rette for 250 - 300 nye bueiningar i Volda sentrum. Presset på barnehagar, skular og kommunal service vert dermed auka i sentrum. I eit heilskapleg og langsiktig perspektiv må kommunen vurdere korleis ein skal organisere tenestene og planleggje for utbygging for å tilpasse framtidige tenester til behova og kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

Å møte auka behov med auka ressursar er ikkje berekraftig. Sjølv i helse- og omsorgstenestene der utfordringane ut frå den demografiske utviklinga vil vere størst, så kan vi ikkje møte utfordringane med å tilsette fleire folk og bruke meir pengar. Vi må organisere tenestetilbodet og arbeidet annleis enn før.

Utviklinga framover vil krevje vesentleg større grad av samordning av tenestetilbodet både i sentrum og på bygdene. Områdeorganisering har vore drøfta og kan vere eit aktuelt alternativ til sektororganisering dersom ein gjennom slik organisering utnyttar ressursane meir effektiv enn i dag. Ein bør samtidig vurdere dette opp mot kvar kommunen vel å drive dei ulike tenestene.

Satsingar betyr endring i priortering

Volda kommune har høg gjeld med lang nedbetalingstid. I dag bind dette opp 43 mill av drifta til renter og avdrag. I slutten av gjeldande økonomiplanperiode er dette forventa å auke til 57 mill i året. Dersom renta aukar med 1 prosentpoeng vil samla kapitalutgifter etter desse føresetnadene kome opp i om lag 65 mill

Dagens utgiftsstruktur og kommunen si finansielle stilling viser at det må gjerast klare retningsval dersom Volda kommune skal prioritere større satsingsområde. Dette betyr i

praksis at Volda kommune som eit hovudgrep må velje mellom å halde fram med dagens tenesteprofil eller slå saman skular og barnehagar for å utnytte det økonomiske handlingsrommet. I tillegg må det innafor alle tenesteområde ha fokus på kostnadsnivå og produktivitetsfaktorar. Tidleg innsats og førebygging må vere tungtvegande for å redusere framtidig ressursbehov.

Det er behov for nye investeringar i infrastruktur, rehabilitering av skulebygg og heildøgns omsorgsbustader. Det må skapast økonomisk handlingsrom for dette, og primært bør det skje innanfor tenesteområda ved å byggje slik at ein på lang sikt kan redusere driftskostnadene. Dersom Volda kommune i tillegg skal delta i samfunnutviklingsprosjekt som ny idrettshall og kultur-/kinosal i eit mediehus saman med Høgskulen, så er dette berre realistisk ved at Volda kommune utnyttar alle moglegheitene for å redusere driftskostnadene og kompenserer med auka eigedomsskatt når grensa for driftsreduksjon er nådd."

Den tverrpolitiske arbeidsgruppa konkluderte med følgjande føringar i rapporten (i uprioritert rekkefylgje):

<u>Generelt;</u>

a) Det skal utarbeidast ein nedbemanningsplan for komande 4 årsperiode med siktemål om å redusere lønsutgiftene med kr 10 mill i 2020. Nedbemanningsplanen skal sjåast i samanheng med prosessar på uttak av effekt på samanslåing av driftseiningar der ein opprettheld tenestetilbodet.
b) I prinsippet skal kvaliteten på det samla tenestetilbodet skjermast, men dersom resultatet vert at ein avstår frå å ta ut effekt av samanslåing av einingar, så skal ein også redusere standarden på lovfesta tenester og redusere eller ta bort frivillige tenester.
c) I ein overgangsfase til ein får effekt av utgiftsreduserande tiltak, og for å prioritere tiltak som skal gi effekt på drifta, kan det budsjetterast med bruk av fondsmidlar i drifta.
d) Identifisere førebyggjande tiltak og tidleg innsats som kan redusere vekst i utgiftene på tenesteområda og prioritere slike tiltak.
e) Drifta av tenestene skal som hovudregel ikkje overstige normert nivå. Unntak må vurderast dersom det er særlege forhold som dokumenterer det, og da må ev tillegg over tid dekkjast inn ved reduksjon på andre tenesteområde.

<u>Oppvekst:</u>

f) Utgreie plan for bygging av ein ny barnehage i Volda sentrum som erstattar alle dei kommunale barnehagane i Volda sentrum.
g) Utgreie om ein kan nytte arealet der Nilletun ligg i dag til barnehage, anten ved nybygg eller rehabilitering av eksisterande bygningsmasse.På lengre sikt innleie samarbeid med Ørsta kommune om mogleg tenestesamarbeid på skuledrift for krinsane i Hovden og Furene.
h) Rehabilitere og byggje ut Volda ungdomsskule og utgreie å samle alle ungdomsskulane i denne skulen.

i) Avklare løysing for kroppsøving og symjetrening for elevane i Volda sentrum. Kroppsøvingslokale kan vere aktuelt å vurdere i samla anbod for rehabilitering og utbygging av Volda ungdomsskule. Når det gjeld symjeanlegg er det naturleg å tenkje eit langsiktig samarbeid med Høgskulen i Volda, da dette er dyre anlegg å byggje og drive, og eit samarbeid kan gi ein vinn-vinn situasjon for begge partar.
j) Planleggje for å byggje ut Bratteberg skule og leggje ned Vikebygda skule. Bygningsmassen og arealet ved Vikebygda vert å utgreie kva det kan nyttast til.
k) Utgifter til skuleskyss i kommunen skal dekkje dei utgiftene Volda kommune er pålagt og innanfor fylkeskommunen si ordning for skuleskyss.
l) Vurdere tiltak som kan redusere behovet for spesialpedagogiske tiltak, slik at vi kjem på nivå med samanliknbare kommunar.
m) Gjennomføre ein prosess saman med Hornindal kommune for å utgreie organisering av skule- og barnehagetilbodet for Austefjord og Hornindal basert på optimal utnytting av ressursane. Ørsta kommune bør også inviterast med i prosessen for Bjørkeområdet.
n) Snarast råd reforhandle avtalen med Ørsta kommune om refusjon for Bjørkeelevane ved Austefjord skule.
o) Vurdere tiltak for å redusere nettoutgifter til skulefritidsordninga (SFO) for å nærme oss nivået til samanliknbare kommunar.

Helse- og omsorg:

p) Rett teneste på rett nivå og effektiv bruk av ressursane i helse- og omsorgssektoren. Dette skal takast omsyn til både organisatorisk og bygningsmessig og ved bruk av teknologi. Samarbeidet med frivillige og pårørande skal vidareførast og setjast i system i utvikling av tenestene i sektoren.
q) Fagdag vert å innføre som eit tiltak for å prioritere kompetanseutvikling og arbeidsmiljøutvikling i omsorgstenestene.

Utvikling:

r) Prioritere infrastrukturtiltak for å utløyse nye bustadfelt i sentrale delar av Volda, der
s) det er press på bustadmarknaden, og som gir auka innbyggjartal og auka innbyggjartilskot til kommunen.

Kultur og idrett:

t) I samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune og idretten planleggje med sikte på å byggje ny idrettshall med to speleflater i ein eller to byggjesteg. Ein føresetnad for å arbeide vidare med prosjektet er at det er politisk tilslutning til å frigjere økonomisk handlingsrom til det.
u) I samarbeid med Høgskulen i Volda og Statsbygg planleggje med sikte på å realisere kultursal og kino som fleirbruksrom der Volda kommune inngår leigeavtale. Ein føresetnad for å arbeide vidare med prosjektet er at det er politisk tilslutning til å frigjere økonomisk handlingsrom til det.

Økonomi:

v) Eigedomsskatten vert vidareført. Skattesatsen skal haldast på eit nøkternt nivå og vert vurdert i samband med økonomiplanhandsaminga kvart år og i høve til kommunen sitt

finansieringsbehov og nivået på samla skatt og kommunale avgifter samanlikna med andre kommunar.

Kommunestyret vedtok i K-sak 107/16 at prosessnotatet frå den politiske arbeidsgruppa skulle leggjast til grunn i det pågåande budsjett- og økonomiplanarbeidet.

2 ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR

Vi skal i dette kapitlet sjå på faktorar som er avgjerande for den økonomiske handlefridomen vår:

- Finansområdet
- Fondsmidlar
- Statsbudsjettet for 2017
- Frie inntekter
- Generelle statstilskott
- Folketalsutvikling
- Eigedomsskatt
- Næringsutvikling
- Kommunereforma

Vi skal i tillegg sjå på Volda kommune i høve til andre kommunar (KOSTRA).

Tabellen under viser budsjettskjema 1 A for komande økonomiplanperiode. Budsjettskjema 1A viser kor mykje som kan fordelast til drift etter at det er teke omsyn til netto finans-kostnader og netto avsetningar. I resten av kapittel 2 er det gjort grundig greie for føresetnadane som ligg til grunn utrekning av budsjettskjema 1A.

	Opprinnelig budsjett 2016	**Revidert budsjett 2016**	**Budsjett 2017**	**Budsjett 2018**	**Budsjett 2019**	**Budsjett 2020**
Skatt på inntekt og formue	-212 524 000	-212 524 000	-200 000 000	-200 000 000	-200 000 000	-200 000 000
Ordinært rammetilskudd	-244 498 000	-245 798 000	-271 711 000	-265 845 000	-266 326 000	-266 582 000
Sum frie inntekter	**-457 022 000**	**-458 322 000**	**-471 711 000**	**-465 845 000**	**-466 326 000**	**-466 582 000**
Eigedomsskatt	-16 000 000	-17 000 000	-17 000 000	-34 000 000	-34 000 000	-34 000 000
Andre direkte og indirekte skatter	-700 000	-700 000	**-700 000**	**-700 000**	**-700 000**	**-700 000**
Andre generelle statstilskudd	-30 346 220	-30 486 220	-35 439 000	-35 075 000	-35 010 000	-34 924 000
SUM disponible inntekter	**-504 068 220**	**-506 508 220**	**-524 850 000**	**-535 620 000**	**-536 036 000**	**-536 206 000**
Renteinntekter	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000
Utbytte Tussa	-3 000 000	-3 126 000	-3 500 000	-3 500 000	-3 500 000	-3 500 000
Avkastning plasseringar	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Renteutgifter	18 073 000	18 073 000	25 395 000	28 568 000	30 092 000	32 521 000
Avdrag på lån	25 000 000	21 500 000	26 574 000	34 031 000	38 231 000	40 000 000
Netto finanskostnad	**36 473 000**	**32 847 000**	**44 869 000**	**55 499 000**	**61 223 000**	**65 421 000**
Avsetning til disposisjonsfond	0	29 639 811	0	0	0	0
Bruk av tidl. års overskot	0	-25 397 311	0	0	0	0
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0	0	0
Til bundne avsetninger	700 000	700 000	700 000	700 000	700 000	700 000
Bruk av disposisjonsfond	-9 487 683	-9 487 683	-18 503 432	-10 103 432	-10 686 716	-12 714 716
NETTO AVSETNINGER	**-8 787 683**	**-4 545 183**	**-17 803 432**	**-9 403 432**	**-9 986 716**	**-12 014 716**
Til fordeling drift	-476 382 903	-478 206 403	-497 784 432	-489 524 432	-484 799 716	-482 799 216
Sum fordelt drift fra skjema 1B	476 382 903	478 206 403	497 784 432	489 524 432	484 799 716	482 799 216
Resultat	0	0	0	0	0	0

2.1 FINANSOMRÅDET

Volda kommune hadde ei slik samansetjing av langsiktig gjeld for dei 3 siste åra:

Langsiktig gjeld	**2015**	**2014**	**2013**
Pensjonsforpliktingar	848 548 841	839 559 270	793 808 720
Lånegjeld (inklusive sertifikatlån)	779 692 344	762 753 455	770 986 977
Sum langsiktig gjeld	**1 628 241 185**	**1 602 312 725**	**1 564 795 697**

Dei kommunale rekneskapsreglane vedkommande pensjon blei endra i 2002. Som eit resultat av dette er pensjonsforpliktingar no definert som langsiktig gjeld i balanserekneskapen til kommunen, jamfør tabellen ovanfor.

Ein kan grovt sagt seie at den langsiktige lånegjelda til kommunesektoren kan delast inn i 2 kategoriar, sjå tabellen under. Vi har ordinære lån som vert nytta til å finansiere investeringane til kommunen. Desse utgjer ca 724 mill kr ved slutten av 2015. Den andre kategorien er Startlån, og er Husbanklån (ca 55 mill kr) som etter bestemte vilkår blir lånt ut vidare til innbyggjarane. Avdrag og renteutgifter som vi betalar til Husbanken, skal i prinsippet vere lik avdrag og renter vi mottar frå låntakarane.

Volda kommune si langsiktige gjeld til låneinstitusjonar ved utgangen av 2015 var som vist i tabellen under:

Langsiktig lånegjeld	**2015**	**2014**	**2 013**
Ordinære lån (*)	724 061 311	697 360 343	708 998 849
Startlån	55 631 033	65 393 112	61 988 128
Sum langsiktig lånegjeld	**779 692 344**	**762 753 455**	**770 986 977**

Kommunen har ein strategi der alle lån vert etablert med flytande rente. I staden for å ha ei pt-rente, der man må følgje tett med for å ha ei rente som er god og marknadsrett (noko som kan vere krevjande å gjennomføre over tid), er det valt å knytte renta på låna i porteføljen til 3M nibor. Låna blir då renteregulert kvar 3. månad lik 3M nibor med justering for ein *margin*. Kommunen har valt å leggje rentereguleringsdatoen til IMM (den 3. onsdagen i hhv. mars, juni, september og desember). Kommunen følgjer opp at den til einkvar tid gjeldande margin er god og marknadsrett .

I det opphavlege budsjettet for 2016 var det gjort vedtak om låneopptak på ca 204 mill kr. Framdrifta på investeringsprosjekta indikerte imidlertid at det kun var naudsynt å gjennomføre 150 mil kr av dette låneopptaket i 2016.

Tabellen under viser samansettinga av kommuna si låneportefølje pr i dag:

	Saldo pr 10.11.2016	**Utløpsdato**
Sertifikatlån	130 136 000	Mars 2017
Kommunalbanken flytende margin	175 725 521	desember 2025
Kommunalbanken flytende margin	170 000 000	desember 2025 (*)
Kommunalbanken flytende margin	79 621 790	desember 2025
Kommunalbanken flytende margin	87 683 000	juni 2030
Kommunalbanken flytende margin	40 000 000	mars 2031
Kommunalbanken flytende margin	21 525 000	desember 2036
Kommunalbanken flytende margin	19 370 000	september 2037
Kommunalbanken flytende margin	150 000 000	Juni 2041(*)
SUM	**874 061 311**	

(*)= *Inngått avtale om fastrente i perioden 21-desember 2016-21. desember 2023*

Vi ser av tabellen ovanfor at vi har over 874 mill kr i langsiktig lånegjeld. Vi betalar minimumsavdraget på 21,5 mill kr før jul, og vil etter dette ha ordinær lånegjeld på ca 852 mill kr ved åres slutt.

Det er lagt opp til investeringar på ca. 721 mill kr i komande økonomiplanperiode. Dette talet inkluderer prosjekt som er under arbeid (som Øyra skule) og prosjekt innan sjølvkost området.

Finansiering investeringsprosjekter	**2017**	**2018**	**2019**	**2020**	**SUM per rad**
Moms kompensasjon	-45 890 600	-27 226 600	-20 616 600	-14 686 600	**-108 420 400**
Bruk av lån	-225 226 400	-179 781 400	-117 841 400	-89 521 400	**-612 370 600**
SUM per kolonne	**-271 117 000**	**-207 008 000**	**-138 458 000**	**-104 208 000**	
SUM alle år	**-720 791 000**				

Finansieringa er som det går fram av tabellen over. Ein må vere merksam på at abonnentane betalar finanskostnadane på sjølvkostprosjekta.

Låneopptaka i økonomiplanen vert større enn det som går fram av tabellen ovanfor. Dette har 2 forklaringar.:

- For det første var låneopptaket for 2014 ikkje gjennomført fordi Volda kommune var ROBEK kommune det året. Dette utgjer ca 49,5 mill kr.
- For det andre er ikkje heile det vedtekne låneopptaket for 2016 gjennomført. Det opphavlege låneopptaket er avkorta med ca 54 mill kr

Tabellen under viser planlagde låneopptak i komande økonomiplanperiode, inkludert dei 2 kulepunkta ovanfor. Prognose på gjeldsutviklingen går også fram av tabellen:

Lånegjeld	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**	**2020**
1. januar		852 500 000	1 154 699 000	1 300 449 000	1 380 059 000
Låneopptak		328 773 000	179 781 000	117 841 000	86 761 000
Avdrag		26 574 000	34 031 000	38 231 000	40 000 000
31 desember	**852 500 000**	**1 154 699 000**	**1 300 449 000**	**1 380 059 000**	**1 426 820 000**

Her er utvikling av langsiktig gjeld i økonomiplaperioden illustrert grafisk:



Finansutgifter

Tabellen under viser prognose for finansutgifter i komande økonomiplanperiode:

	2016	**Revidert budsjett 2016**	**2017**	**2018**	**2019**	**2020**
Rente utgifter	17 273 000	17 273 000	24 595 000	27 768 000	29 292 000	31 721 000
Rente Startlån	800 000	800 000	800 000	800 000	800 000	800 000
Sum renter	18 073 000	18 073 000	25 395 000	28 568 000	30 092 000	32 521 000
Avdrag	25 000 000	21 500 000	26 574 000	34 031 000	38 231 000	40 000 000
Sum finansutgifter	43 073 000	39 573 000	51 969 000	62 599 000	68 323 000	72 521 000

Rentevilkår

Rentevillkåra på dagens låneportefølje (kolonna for 2016) i tabellen over er som følgjer:

- 3 mnd nibor +0,32% for sertifikatlånet
- 3 mnd nibor+ ein margin på 0,7% for alle låna i Kommunalbanken. Marginen kan når som helst endre seg

Volda kommune har valt å nytte renteswappar (rentebyteavtaler) ved etablering av fastrente. Dette er ein fleksibel og god måte å inngå rentesikring på. Hovudforklaringa til dette er at det lenge har vore billegare enn å nytte tradisjonelle fastrentelån, der både kreditten, renterisikoen og avdragsstruktur inngår i eit produkt. Renteswap/rentebytteavtale er ein kontrakt mellom ein bank og kommunen om byte av rente. Ein slik avtale inneber byte av fast rente mot flytande/kort rente, som i kommunen sitt tilfelle er 3M nibor.

Volda kommune har 2 rentebyteavtalar på til saman 100 mill:

- Volda kommune betaler fast rente på 4,33% til banken (av eit beløp på 50 mill kr). Banken betaler flytande rente (3 mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill kr til Volda kommune. Denne rentebytteavtalen har sluttidspunkt desember 2018.
- Volda kommune betaler fast rente på 4,47% til banken (av eit beløp på 50 mill kr). Banken betaler flytande rente (3 mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill kr til Volda kommune. Denne rentebytteavtalen har sluttidspunkt juni 2021.

Formannskapet har i tillegg vedtatt å binde renta på 2 av låna (på til saman 320 mill kr) i Kommunalbanken. Dette er eit tradisjonelt fastrenteprodukt. Avtalane trer i kraft 21.12.2016, og har ei varigheit på 7 år. Rentevilkåra er ei effektiv rente på 2,26%.

Tabellen over har til ein viss grad tatt høgde for at det er eit visst etterslep på investeringar. Ein vil kome tilbake til ny prognose på rente og avdragsutgifter i samband med 1. tertial-rapport 2017/korrigering av budsjett 1. halvår.

Dette er prognosen på gjennomsnittleg rente på vår låneportefølje:

- 2,13 % i 2016
- 2,22 % i 2017
- 2,14 % i 2018
- 2,07 % i 2019
- 2,20 % i 2020

Prognosen føreset at det ikkje vert inngått nye fastrenteavtalar i perioden, samt at alle nye lån vert tatt opp til flytande rente i perioden 2017-2020.

Avdrag

Volda kommune budsjetterer med minimumsavdrag på sine langsiktige lån. Verdien av

anleggsmidlane (bygningar, transportmidlar etc.) og levetida til desse, er avgjerande for kor mykje vi må betale i årlege avdrag. Minimumsavdrag kan bli rekna ut ved 2 ulike metodar, forenkla metode eller avansert metode. Volda kommune nyttar metoden som gir den lågaste avdragsbelastninga pr år (avansert metode).

Forslag til ny kommunelov er sendt på høyring. I forslaget til ny kommunelov vert det lagt opp til at det ikkje lenger er lov å nytte denne modellen. Dette vil føre til fleire mill kr i auka årlege avdrag for Volda kommune, men vil ikkje få effekt før ny kommunelov trer i kraft i 2020.

Lånegjeld delt inn i kategori

Det er ikkje all gjeld som belastar kommune sin økonomi. Vi har mellom anna lån knytt til investeringar på sjølvkostområdet (vatn og avlaup). Innbyggjarane betalar renter og avdrag knytt til desse låna. Investeringar på omsorgsområdet (som sjukeheim og omsorgsbustader) der staten finansierer delar av investeringane er eit anna døma. Figuren under viser kommunen si lånegjeld pr 31.12.2015 delt inn i disse kategoriene:



Diagram 1. Ordinære langsiktig lånegjeld

Figuren under viser at det er 77 % av kommunens i låneportefølje som direkte belastar kommunens økonomi ved utgangen av 2015. Denne andelen kommer nok til å auke framover, ikkje minst som eit resultat av investering i ny Øyra skule. Men det vert også lagt opp til store investeringar på sjølvkostområdet (vatn og avlaup). Her vert det vist til kapittel 4 for meir informasjon.

Finansinntekter

Tabellen under viser dei budsjetterte finansinntektene for dei neste 4 åra:

	2016	2017	2018	2019	2020
Renteinntekter formidlingslån	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
Ordinære renteinntekter	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Utbytte Tussa	-3 000 000	-3 500 000	-3 500 000	-3 500 000	-3 500 000
Verdiauke obligasjonsfond m.m.	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Sum	**-6 600 000**	**-7 100 000**	**-7 100 000**	**-7 100 000**	**-7 100 000**

Renteinntekter Startlån (Husbanken)

Renteinntektene er det låntakarane betalar i renter. Dette skal samsvare nokolunde med det kommunen har i renteutgifter til Husbanken. Men det viser seg at renteinntektene har vore lågare enn renteutgiftene.

Ordinære renteinntekter

Det er budsjettert med 1,5 mill kr pr år i økonomiplanperioden.

Utbytte Tussa

Volda kommune har 484 aksjar i Tussa (15,96 %). Dette er såkalla B-aksjar som ikkje er fritt omsettelege og berre kan eigast av kommune eller fylkeskommune. Volda kommune har saman med dei andre eigarane inngått ein aksjonæravtale som skal gjelde i 6 år. Kommunen har hatt eit langsiktig siktemål med eigarskapen i Tussa. Kommunen har også finansielt motiv for å vere eigar i Tussa, og det er viktig å signalisere overfor selskapet at kommunen har forretningsmessig forventing om at Tussa Kraft AS leverer økonomiske resultat som gjer at Volda kommune får ei tilfredsstillande avkastning av den kapitalen som er stilt til rådigheit for selskapet. Dersom Tussa Kraft AS ikkje greier å levere resultat etter Volda kommune sine forventingar i aksjonæravtaleperioden, bør kommunen vurdere sitt strategiske eigarskap i selskapet.

Volda kommune fekk ca 3,1 mill kr i 2016. Det er budsjettert med utbytte på 3.5 mill kr pr år, og utgjer kr 7.231 pr aksje. Dette er noko større enn dagleg leiar har signalisert, og ein kjem tilbake til dette ved handsaming av 1. tertialrapport for 2017.

Aktiva (plasseringar obligasjonsfond, pengemarknadsfond)

Det er budsjettert med ei avkastning på ca 1,5 mill kr pr år. Ved utgangen av september 2016 så har porteføljen ein verdi på ca 58,1 mill kr.

2.2 FONDSMIDLAR

Det er 4 ulike fond i kommunerekneskapen:

- Bundne driftsfond
- Ubundne driftsfond (inkludert disposisjonsfond)
- Ubundne investeringsfond
- Bundne investeringsfond

Volda kommune har ved utgangen av 2015 om lag 127,3 mill kr på ulike fond:

	2015	**2014**	**2013**	**2012**
Disposisjonsfond	31 956 285	11 960 136	270 274	11 504 701
Bundne driftsfond	23 880 691	26 224 058	28 479 488	31 880 097
Ubundne investeringsfond	65 214 241	63 104 108	63 364 839	65 301 182
Bundne investeringsfond	6 271 377	12 152 130	23 268 662	22 085 326
Sum	**127 322 594**	**113 440 432**	**115 383 263**	**130 771 306**

Bundne driftsfond

Bundne driftsfond kan berre brukast til bestemte formål i driftsrekneskapen. Pr. 31.12.2015 hadde Volda kommune i overkant av 23,8 mill kr i bundne driftsfond (fordelt på 121 ulike fond). Dei store fonda her er:

- Sjølvkost området kloakk er på 3,8 mill kr
- Sjølvkostområdet vassverk er på kr 645 000.
- Fond for kompensasjonsmidlar for næringslivet i Volda (auka arbeidsgjevaravgift) utgjer ca 2,5 mill kr.
- Konsesjonsfond for kraftfondet utgjer 1 363 000
- 4.25 mill kr bunde driftsfond knytt til integrering av flyktningar.

Disposisjonsfond

Tabellen under viser utviklinga til disposisjonsfondet i perioden 2013-2015:

	2015	**2014**	**2013**
Disposisjonsfond	31 956 285	11960136	270 274

Disposisjonsfond kan nyttast fritt på både investering og driftsbudsjettet. Eit viktig føremål til disposisjonsfondet er å kunne møte utgifter som det ikkje er tatt høgde for, som til dømes:

- Plutseleg auke i den flytande renta. 1%-poeng renteoppgang inneber ca 7 mill kr. i meirutgifter for Volda kommune sine innlån.
- Lønsoppgjeret vert dyrare enn det som var føresetnaden
- Auke i talet på ressurskrevjande brukarar

All bruk av disposisjonsfond må vedtakast av kommunestyret.

Som vi ser av tabellen ovanfor, utgjorde disposisjonsfondet nesten 32 mill kr ved utgangen av 2015. Desse 3 punkta vil påverke disposisjonsfondet i 2016:

- Kommunestyret vedtok det opphavlege budsjettet for 2016 i desember 2015. Her var det vedtatt å bruke ca 9,5 mill kr av disposisjonsfondet.
- Kommunestyret vedtok i juni 2016 å sette av heile overskotet for 2015 (ca 25,4 mill kr) til disposisjonsfondet.
- Kommunestyret vedtok ved korrigering av budsjett for 1. halvår 2016 å sette av ytterlegare kr. 4 242 500 til disposisjonsfond.

Disposisjonsfondet vil etter dette utgjere ca 52,1 mill kr. Det er den endelege rekneskapen for 2016 som avgjer om det er rom for å gjennomføre (heilt eller delvis) den budsjetterte avsetninga til disposisjonsfond (punkt 2 og 3) ovanfor. Ved saldering av rådmannen sitt framlegg for årsbudsjett 2017/økonmiplan så er det ein føresetnad at heile den budsjetterte avsetninga til disposisjonsfond i 2016 vert gjennomført.

Ubundne investeringsfond

Ubundne investeringsfond kan nyttast til eigen- eller del–finansiering av kommunale investerings prosjekt. Fonda utgjer samla 65,2 mill kr ved 31.12 2015.

Dei ubundne investeringsfonda til Volda kommune skriv seg i hovudsak frå sal av Volda kommunale el-verk og Tussa-aksjar (utgjer i overkant av 59,6 mill kr ved utgangen av året). Desse midlane vart i si tid likviditetsmessig plassert i finansmarknaden (aksje, obligasjon og pengemarknadsfond). Ved eventuell bruk av investeringsfonda til å finansiere investeringar må plasseringa i obligasjon - og aksjemarknaden bli tilsvarande redusert.

Det er om lag 0,5 mill kr på fond momskompensasjon generert frå investeringar, medan fond mindreforbruk frå tidlegare år er på om lag 5 mill kroner.

Bundne investeringsfond

Bundne investeringsfond kan berre brukast til bestemte formål i investeringsrekneskapen, og er på kr 6 271 377,- ved utgangen av 2015. Dette er ein reduksjon på ca 5,9 mill kr i høve til 2014. Hovudforklaringa til reduksjonen er at fondet ”nedbetaling Husbanklån” (som var det største fondet i 2014 med kr 10.941.463) vart redusert i 2015 til kr. 4 029 336.

2.3 STATSBUDSJETTET

For kommuneopplegget i 2017 er det lagt opp til ein realvekst i frie inntekter på kr 3,625 mrd. Priskompensasjon frå 2016 til 2017 kjem i tillegg. Det er imidlertid lagt inn fleire føringar på beløpet på kr 3,625 mrd:

- Endringar i befolkningssamansetninga gjev kommunesektoren utfordringar som medfører meirutgifter. Kr 2 mrd. skal finansierast innanfor veksten i frie inntekter.
- Overslag viser at auken i kommunane sine samla pensjonskostnader er om lag kr 750 mill i 2017. Desse auka kostnadane må dekkast av veksten i dei frie inntektene.
- I tillegg kjem satsingar på tiltak som er finansiert frå veksten i frie inntekter på i alt kr 600 mill:

  - kr 150 mill skal gå til tidleg innsats i grunnskulen
  - kr 300 mill skal gå til auka satsing innanfor rusomsorg
  - kr 100 mill skal gå til ei auka satsinga innanfor habilitering og rehabilitering
  - kr 50 mill skal gå til ei auka satsing på helsestasjonar og skulehelsetenesta

Det inneber at det er eit handlingsrom for kommunesektoren på kr 275 mill innanfor det samla beløpet frå veksten i fri inntekter.

Skatteøren i kommunane vil for 2017 vere 11,8 prosent, og dermed uforandra frå 2016. For kommunane sine samla inntekter er skattedelen 40 prosent også for 2017.

Anslaget på skatteinntektene for kommunane for 2017 bygger blant anna på føresetnader om ein sysselsettings- og lønsvekst på høvesvis 0,7- og 2,7 prosent frå 2016 til 2017.

Den nominelle veksten i skatteinntekter for kommunane frå 2016 til 2017, er berekna til 2,3 prosent. Den moderate skatteveksten har sin bakgrunn i den ekstraordinære meirskatteinntektene i 2016.

Kommunal deflator er ein indeks for berekning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter. Lønsvekst og prisvekst på kjøp av varer og tenester ligg til grunn for deflatoren. I statsbudsjettet blir inntektene i kommunesektoren prisjustert, slik at endringar i inntektene er basert på realverdiar. For berekning av realvekst i kommunesektoren blir det lagt til grunn ein vekst i deflatoren på 2,5 prosent, kor overslag på lønsveksten inngår med 2,7 prosent og tel nær 2/3 av den samla deflatoren. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerka tilskot i statsbudsjettet.

Helse og omsorg

Opptrappingsplan for rus

I 2017 blir ei ytterlegare bevilling til rusområdet føreslått. Kr 300 mill av veksten i frie inntekter er grunngitt med auka satsing på rusområdet. Midla blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp.

Helsestasjon og skulehelsetjeneste

Det er foreslått ein auke i rammetilskotet på kr 50 mill knytt til satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta. Fordelinga av midlane blir gjort ut i frå talet på innbyggarar som er 19 år eller yngre. Alle kommunane er garantert eit minimumsbeløp på kr 100 000.

For kommunar som kan dokumentere at dei har nytta tilskotet i tenesten, er det i tillegg foreslått å løyve kr 101 mill i øyremerka tilskot over Helse- og omsorgsdepartementets budsjett.

Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering

Kr 100 mill av veksten i dei frie inntektene er knytt til ei auka satsing på habilitering og rehabilitering. I tillegg er det foreslått å øyremerke kr 100 mill til opptrappingsplanen, kor kr 91 mill er eit nytt øyremerka stimuleringstilskot for kommunane over Helse- og omsorgsdepartementets budsjett. Midla i opptrappingsplanen er lagt opp til å auke til kr 300 mill innan 2019.

Dagaktivitetsplassar for demente

Gjennom øyremerka tilskot på kr 45 mill er det føreslått for 2017 å legge til rette for om lag 750 fleire dagaktivitetsplassar for personar med demens.

Tilskot til rekrutteting av psykologar

Tilskotet til kommunar som tilsett psykologar aukar med kr 20 mill.

Øyeblikkelig hjelp

Frå 2017 får kommunane ei plikt til å by på øyeblikkelig hjelp (døgnopphald for brukarar med psykisk helse- og rusproblematikk). Den kommunale plikta gjeld berre for pasientar og brukarar som det er mogleg for kommunen å greie ut, behandle eller yte omsorg til. Regjeringa føreslår å innlemme kr 86,5 mill i kommunenes rammetilskot til dette føremålet.

Ressurskrevande tenester

For 2017 blir kompensasjonsgraden vidareført, det vil seie 80 prosent av netto utgifter som ligg over innslagspunktet.

Innslagspunktet for å få kompensasjon blir prisjustert med 2,4 prosent (anslaget i veksten i lønsutgiftene frå 2015 -2016) . I tillegg vil innslagspunktet auke med kr 50 000 ut over dette, noko som gjev eit innslagspunkt på kr 1,157 mill Dette vil representere ei innstramming på kr 330 mill

Omsorgsplassar

Regjeringa føreslår eit investeringstilskot til om lag 1 800 heildøgns omsorgplassar i 2017. Personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming er målgruppa for ordninga. Det blir foreslått å endre investeringstilskotet

slik at det berre blir gitt støtte til prosjekt som aukar det totale talet på plassar i ein kommune frå og med 2021, med ei gradvis innfasing av den nye ordninga i budsjetta for 2017 - 2020.

Sosialhjelp

Stortinget har vedtatt å innføre plikt for kommunane om at dei skal stille krav om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad etter sosialtenestelova. Dette vil i første omgang gjelde mottakarar av sosialhjelp som er under 30 år. Regjeringa føreslår å løyve kr 60 mill over rammetilskotet til kommunane, for å dekke meirkostnadane deira som ei følge av denne innføringa.

Frivilligsentralar

Ansvaret for tilskotet til frivilligsentraler blir overført til kommunane i 2017. Tilskotet frå Kulturdepartementet er for 2017 på kr 131 mill og er innlemma i rammetilskotet, med forsslag om ei auke på kr 20 mill.

Skule

For å motverke fråfall i skulen på lang sikt, er kr 150 mill av dei frie inntektene føreslått løyvd til tidleg innsats i grunnskulen. Midla blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for grunnskule. Eit lovforslag om tidleg innsats vil bli sendt på høyring.

Integrering

Ekstratilskot til kommunar som buset flyktningar, er føreslått vidareført i 2017. Det same er ekstra eingongstilskot per einsleg mindreårig som blir busett i 2017.

2.4 FRIE INNTEKTER

Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. For å oppnå dette målet vert det ved fordelinga av rammetilskotet teke omsyn til strukturelle ulikskapar i kommunane og fylkeskommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning). Rammetilskotet utgjer saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane fritt disponerer innanfor gjeldande lover og forskrifter. Det vert også gitt eit skjønstilskot for å korrigere for forhold som ikkje blir ivaretekne godt nok i fordelingssystemet elles. Inntektssystemet inneheld i tillegg verkemiddel som utelukkande er grunngjevne med regionalpolitiske målsetjingar.

Tabellen under viser kor mykje Volda kommune kan vente å få i frie inntekter i 2016-2020.

	Prognose 2016	**2017**	**2018**	**2019**	**2020**
Innbyggjartilskot	203 290 000	211 051 000	211 718 000	212 194 000	212 448 000
Utgiftsutjamning	11 293 000	4 673 000	4 680 000	4 685 000	4 687 000
Inntektsgaranti (Ingar)	3 562 000	6 540 000			
Saker særskilt fordeling	1 280 000	1 749 000	1 749 000	1 749 000	1 749 000
Inntektsutjamning	42 338 000	47 698 000	47 698 000	47 698 000	47 698 000
RNB	1 129 000				
Sum rammetilskott	**262 892 000**	**271 711 000**	**265 845 000**	**266 326 000**	**266 582 000**
Skatteinntekter	200 000 000	200 000 000	200 000 000	200 000 000	200 000 000
Sum frie inntekter	**462 892 000**	**471 711 000**	**465 845 000**	**466 326 000**	**466 582 000**

Under følgjer nærmare omtale av dei mest sentrale elementa (Overskrifta for kvart hovudelement har raud farge):

Brutto innbyggjartilskot

I utgangspunktet vert innbyggjartilskotet fordelt med likt beløp pr innbyggjar for alle kommunane. Innbyggjartilskotet var kr 23.313 per innbyggjar i budsjettframlegg for 2017, og utgjer kr. 211.051.000 for Volda kommune. Dette talet er endeleg fordi det er innbyggjartalet per 01.07.2016 som er grunnlaget for innbyggjartilskote.

Det samla innbyggjartilskottet vert fordelt mellom kommunane ved at det vert teke omsyn til utgiftsutjamning, inntektsutjamning, samt ein del andre forhold.

Inntektsutjamning

Utjamning av skatteinntekter skjer løpande gjennom året. Dette medfører at kommunane 7 gonger i året får utjamna skatteinntekter sine. Systemet fungerer slik:

- Kommunane får kompensert 60 % av differansen mellom eige skattenivå og skattenivået på landsbasis.

- Kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet blir trekt 60 % av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

- Kommunar som har skatteinntekter under 90 % av landsgjennomsnittet, får i tillegg kompensert 35 % av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Ordninga blir finansiert ved at alle kommunar får eit trekk tilsvarande det tilleggskompensasjonen kostar.

Det er skatteinngangen på landsbasis som er det viktige for Volda kommune med omsyn til korleis dei frie inntektene utviklar seg gjennom året:

- Dersom skatteinntektene aukar med 10 mil kr, så får dette ein nettoeffekt på kr 500.000 for Volda kommune. Forklaringa på det er at vi får kr 9,5 mill kr mindre i inntektsutjamning.

- Dersom skatteinntektene vert redusert med 10 mil kr, så får dette ein nettoeffekt på kr 500.000 for Volda kommune. Forklaringa på det er at vi får kr 9,5 mill kr meir i inntektsutjamning.

Jo større skatteinntektene er på landsbasis, dess meir vert det å fordele til dei skattesvake kommunane som Volda kommune.

Det er viktig å presisere at dette er ei prognose. Dei endelege skattetala for 2017 (og dermed inntektsutjamninga) er ikkje klare før februar 2018.

Utgiftsutjamning

I tenesteytinga er det til dels store kostnadsskilnader mellom kommunane. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadane som dei sjølve ikkje kan påverke. Det gjeld til dømes aldersfordelinga, og strukturelle og sosiale tilhøve i kommunen. Denne kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med vekter. Gjennom kostnadsnøkkelen, og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar kommune berekna, og deretter blir tilskotet fordelt til kommunane etter deira varierande utgiftsbehov. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling – det som blir trekt inn frå nokre kommunar blir delt ut att til andre kommunar.

Utgiftsbehovet blir endra når nye sektorar eller tilskot blir inkludert i utgiftsutjamninga, t.d. når øyremerka tilskot blir innlemma i inntektssystemet, når oppgåver blir overført mellom forvaltningsnivå, eller når særskilte fordelingar går over til å bli fordelt etter kostnadsnøkkelen.

Indeks for berekna utgiftsbehov for kvar kommune

Kostnadsnøklane blir brukte saman med kriteriedata til å lage indeksar for berekna utgiftsbehov for kvar kommune. Det er desse indeksane departementet tek utgangspunkt i når utgiftsutjamninga for kvar kommune skal reknast ut. Indeksane for alle kommunane kjem frå.

I indeksen for berekna utgiftsbehov er landsgjennomsnittet 1,00. Kommunar med ein indeks som er større enn 1,00 har eit utgiftsbehov per innbyggjar som er større enn landsgjennomsnittet, mens kommunar med ein indeks som er mindre enn 1,00 har eit utgiftsbehov som er mindre enn landsgjennomsnittet. For eksempel har ein kommune med indeks 0,99 eit berekna utgiftsbehov som er ein prosent lågare enn landsgjennomsnittet, mens ein kommune med ein indeks på 1,07 eit berekna utgiftsbehov som er sju prosent høgare enn landsgjennomsnittet.

Utgiftsutjamninga skjer ved eit fråtrekk i innbyggjartilskotet for dei kommunane som har eit berekna utgiftsbehov som er lågare enn landsgjennomsnittet (dvs. dei meir lettdrivne), eller ved eit tillegg i innbyggjartilskotet for dei kommunane som har eit berekna utgiftsbehov som er høgare enn landsgjennomsnittet (dvs. dei er meir tungdrivne). Storleiken på fråtrekket eller tillegget er differansen mellom berekna utgiftsbehov per innbyggjar i kommunen og gjennomsnittleg utgiftsbehov per innbyggjar på landsbasis, summert for alle innbyggjarane i kommunen.

Korreksjon for elevar i statlege og private skular

Somme kommunar har elevar i statlege og private grunnskular. Desse elevane har ikkje kommunane utgifter til. Det er difor ei trekkordning for elevar i statlege og private skular i inntektssystemet. Trekkordninga fungerer slik at det blir trekt inn eit beløp frå kvar enkelt kommune for dei elevane kommunen ikkje yter grunnskuletenester til. Det totale beløpet som er trekt inn på landsbasis blir så fordelt ut igjen til alle kommunar etter kommunane sin del av det berekna utgiftsbehovet (kostnadsnøkkelen). Korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular er dermed ei ordning som omfordelar midlar mellom kommunar.

Tabellen under viser satsane:

Kategori	Sats pr elev	
Vanleg undervisning	kr	91 300
Spesialskular	kr	287 300
Skular med opphald	kr	303 500

Tala for Volda kommune er:

kr. 2.556.000 (Trekk som er utrekna ut i frå tal på elevar som Volda kommune har i statlege og private skular).
minus tilbakeføring samla trekk (kr 3.170.000)
= kr 614.000 (omfordeling statlege og private skular)

Dersom Volda kommune hadde hatt 0 elevar i statlege og private skular, så ville vi fått tilbakeført heile beløpet (kr. 3.170.000). Vi får tilbakeført kr 614 000 (3.170.000-2.556.000=614 000).

Kostnadsnøklar

Ein kommune som er på landsgjennomsnittet har ein indeks på 1. Volda kommune har ein indeks på 1,009 i 2017. Dette inneber at Volda kommune har høgare utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet (0,9% over landsgjennomsnittet). Volda kommune blir etter dette vurdert som ein kommune som er litt tungdriven, og får kr. 4 673 000 i utgiftsutjamning i 2017.

	Vekt	**Antall**	**Antall**	**Utgifts-behovs-indeks**	**Tillegg/ fradrag i utgiftsutj**	
					kr per innb	**1000 kr**
0-1 år	0,0053	119 509	193	0,9340	-17	-158
2-5 år	0,1420	249 420	372	0,8626	-971	-8 788
6-15 år	0,2674	629 357	1 161	1,0669	889	8 051
16-22 år	0,0224	464 714	965	1,2009	224	2 027
23-66 år	0,1029	3 015 909	4 906	0,9408	-303	-2 744
67-79 år	0,0550	535 842	999	1,0782	214	1 937
80-89 år	0,0754	176 414	341	1,1179	442	4 002
over 90 år	0,0379	44 464	116	1,5088	959	8 683
Basistillegg	0,0190	329	0,6162	1,0839	79	718
Sone	0,0102	20 533 635	58 000	1,6336	321	2 910
Nabo	0,0102	9 332 455	23 511	1,4570	232	2 099
Landbrukskriterium	0,0021	1	0,0027	1,5396	56	510
Innvandrere 6-15 år ekskl Skandinavia	0,0072	46 161	66	0,8269	-62	-561
Norskfødte med innv foreld 6-15 år ekskl Skand						
Flyktninger uten integreringstilskudd	0,0082	143 765	138	0,5551	-181	-1 643
Dødlighet	0,0448	31 096	45	0,8369	-363	-3 290
Barn 0-15 med enslige forsørgere	0,0161	126 902	192	0,8750	-100	-906
Lavinntekt	0,0101	253 412	286	0,6527	-174	-1 579
Uføre 18-49 år	0,0063	91 374	102	0,6456	-111	-1 005
Opphopningsindeks	0,0093	217	0	0,3041	-322	-2 914
Urbanitetskriterium						
Aleneboende 30 - 66 år	0,0189	441 527	548	0,7178	-265	-2 402
PU over 16 år	0,0480	19 079	31	0,9397	-144	-1 304
Ikke-gifte 67 år og over	0,0448	335 234	567	0,9782	-49	-441
Barn 1 år uten kontantstøtte	0,0174	38 837	61	0,9121	-76	-689
Innbyggere med høyere utdanning	0,0191	1 285 925	2 623	1,1797	171	1 545
Kostnadsindeks	1			1,00901	448	4 059

Forklaringa til tabellen ovanfor:

- Første kolonne viser dei ulike kriteria i kostnadsnøkkelen.

- Andre kolonne viser vektinga til kostnadsnøklane. Vi ser blant anna at innbyggjarar 6-15 har størst vekt (26,74 %). Summen av alle kriteria er 1.

- Tredje kolonne viser antalet på landsbasis. Vi ser til dømes at det er 629 357 i aldersgruppen 6-15 år på landsbasis

- Fjerde kolonne viser talet for Volda kommune. Vi ser til dømes at det er 1161 i aldersgruppen 6-15 år i Volda kommune.

- Femte kolonne viser indeksen til dei ulike kriteria for Volda kommune. Dersom indeksen er mindre enn 1, så inneber det at vi er å rekne som dyrare enn landsgjennomsnittet på dette området. Dersom indeksen er større enn 1 , så inneber det at vi er å rekne som billigare enn landsgjennomsnittet på dette området.

- Sjette kolonne viser trekket/kompensasjonen for dei ulike kriteria. Alle tal er i heile tusen. Tal med minus forteikn indikerer at vi er trekt. Vi ser til dømes at vi er trekt kr. 8.788.000 i gruppa 2- 5 år.

Tabellen under viser delkostnadsnøklene fordelt etter tenesteområde, og viser samtidig utviklinga i perioden 2011-2017:

	2011	**2012**	**2013**	**2014**	**2015**	**2016**	**2017**
Barnehage	1,06240	0,98850	0,99420	0,98040	0,98970	0,88340	0,90400
Administrasjon	1,04920	1,04990	1,05110	1,05170	1,05140	1,05300	1,02000
Grunnskole	1,10750	1,10830	1,09300	1,06610	1,07490	1,09660	1,07900
Pleie og omsorg	1,13690	1,13700	1,11870	1,11190	1,10420	1,09300	1,06500
Helse	1,09130	1,09210	1,08880	1,08360	1,07690	1,07590	1,07000
Barnevern	0,88230	0,88590	0,88280	0,88490	0,91070	0,88500	0,67900
Sosialhjelp	0,61080	0,61230	0,60970	0,60860	0,62910	0,62760	0,87900
Samhandling		1,06790	1,06110	1,06220	1,05860		
Kostnadsindeks	**1,07520**	**1,06360**	**1,05020**	**1,03800**	**1,04150**	**1,02540**	**1,00901**

Neste tabell viser økonomiske utslag (alle tal er i heile tusen kroner). Vi såg av tabellen over at barnehage er billegare å drive enn landsgjennomsnittet (90,4 % av landsgjennomsnittet). Tabellen under viser at vi av den grunn er trekt kr 7 233 000. Volda kommune har motsett situasjon på pleie og omsorg. Her er vi dyrare å drive enn landsgjennomsnittet (1,065 % av landsgjennomsnittet), og vert tilført kr. 9 937 000. Volda kommune vert i 2017 netto tilført kr 4 673 000 gjennom utgiftsutjamninga.

Utslag frå delkostnadsnøklene	Tillegg/trekk (omfordeling) for kommunen i 1000 kr						
	2011	**2012**	**2013**	**2014**	**2015**	**2016**	**2017**
Barnehage	3 471	-682	-372	-1 318	-696	-8 261	-7 233
Administrasjon	1 675	1 765	1 904	1 988	2 065	2 133	779
Grunnskole	10 946	11 510	10 454	7 695	9 028	12 007	9 231
Pleie og omsorg	15 573	16 178	14 775	14 364	14 166	13 255	9 937
Helse	1 317	1 379	1 441	1 398	1 357	1 379	1 573
Barnevern	-1 308	-1 314	-1 424	-1 478	-1 202	-1 595	-2 120
Sosialhjelp	-5 738	-5 934	-7 444	-7 700	-7 460	-7 974	-8 108
Samhandling		667	632	663			
Kostnadsindeks	**25 975**	**23 562**	**19 883**	**15 590**	**17 227**	**10 940**	**4 059**
Netto virkning. statl/priv. Skoler	426	285	805	1 254	138	352	614
Sum utgiftsutjevn m.m.	**26 401**	**23 847**	**20 688**	**16 844**	**17 365**	**11 293**	**4 673**

Inntektsgarantiordninga (INGAR)

Føremålet med inntektsgarantiordninga er å gje kommunane ei meir heilskapleg skjerming mot brå nedgang i rammetilskotet, og dermed gjere inntektssystemet meir fleksibelt og føreseieleg. Ordninga sikrar at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn 300 kroner per innbyggjar under berekna vekst på landsbasis, før finansiering av sjølve ordninga. Inntektsgarantiordninga tek utgangspunkt i endringa i totalt rammetilskot på nasjonalt nivå, målt i kroner per innbyggjar. I berekninga blir talet på innbyggjarar per 1. juli 2016 brukt. 19 Endringar som blir omfatta av inntektsgarantiordninga er systemendringar, innlemming av øyremerkte tilskot, endringar i regionalpolitiske tilskot, endringar i folketal og samansetning, samt endringar i kriteriedata. Endring i skjønstilskot, saker med særskild fordeling og veksttilskot inngår ikkje i ordninga. Endringar i skatteinntektene eller skatteutjamninga blir heller ikkje omfatta av inntektsgarantiordninga. Frå 2016 til 2017 var korrigert vekst på landsbasis 729 kroner per innbyggjar. Dersom ein kommune har ein korrigert vekst i rammetilskotet som er lågare enn 429 kroner per innbyggjar, får kommunen eit tillegg gjennom inntektsgarantiordninga tilsvarande differansen mellom eigen vekst i rammetilskotet, og ein vekst på 429 kroner per innbyggjar. Ordninga blir finansiert gjennom eit likt trekk per innbyggjar for alle kommunar. Trekket er 101 kroner per innbyggjar i 2017.

Volda kommune får ein kompensasjon kr 6 540 000 i 2017 på grunn stor nedgang i rammetilskotet frå 2016. Vi får denne kompensasjonen i eitt år. Det er difor rammetilskotet er mindre i dei 3 siste åra i økonomiplanperioden.

Saker særskilt fordeling

Dette er i all hovudsak knytt til helsestajons- og skulehelsetenesta.

Skatt på formue og inntekt

Det er budsjettert med kr 200 000 000,- i skatt på inntekt og formue for kvart år i økonomiplanperioden.

2.5 GENERELLE STATSTILSKOTT

Under følgjer ei oversikt over dei generelle statstilskotta (prognose) 2017-2020.

Generelle statstilskot	2016 (prognose)	2017	2018	2019	2020
Integreringstilskott	28 968 500	31 649 000	31 649 000	31 649 000	31 649 000
Gr.97/investering i skulebygg	1 132 000	863 000	538 000	513 000	465 000
Omsorg	2 963 000	2 883 000	2 848 000	2 812 000	2 777 000
Kyrkjebygg	51 000	44 000	40 000	36 000	33 000
Sum	**33 114 500**	**35 439 000**	**35 075 000**	**35 010 000**	**34 924 000**

Grunnskulereform 97/Investering i skulebygg

- Det er ei statleg finansieringsordning vedkomande investeringane som blei gjort i samband med Grunnskolereform 97 (både rente- og avdragskompensasjon). Dette er lagt inn med kr 300 000. 2017 er siste året vi får denne kompensasjon.

- I 2001 blei det vedtatt ei ordning med rentekompensasjon for skulebygg, med ei total ramme på 15 milliardar over 8 år. Volda kommune investerte for 24,5 mill kr. Husbanken refunderer i høve til kva som er gjennomsnittleg p.t. rente. For nokre år sidan kom det inn ei tilsvarande ordning med rentekompensasjon for investering i skulebygg og symjeanlegg. Volda kommune er tildelt rentekompensasjon for investeringar på 23,2 mill kr (Dalsfjord skule), og er med i kompensasjonsgrunnlaget frå og med 2014. Husbanken har estimert kompensasjonen til å utgjere kr. 563 007 i 2017.

Sjukeheim/ omsorgsbustader

Vi får både avdrag og rentekompensasjon ved bygging av sjukeheim og omsorgsbustader. Dette er berekna til å utgjere kr. 2 883 000 i 2017.

Integreringstilskott

Integreringstilskottet er budsjettert slik i komande økonomiplanperiode:

Busetjingsår	Sats	Tal flyktningar	B 2017
År 1 (2017)	235 000	24	5 640 000
År 1 (2017)	185 000	16	2 960 000
År 2 (2016)	230 000	47	10 810 000
År 3 (2015)	167 000	47	7 849 000
År 4 (2014)	84 000	27	2 268 000
År 5 (2013)	70 500	23	1 621 500
Ekstratilskot IT 2017	50 000	10	500 000
SUM		**184**	**31 648 500**

2.6 KOSTRA (Volda kommune samanlikna med andre kommunar)

KOMMUNE – STAT –RAPPORTERING (KOSTRA) er et nasjonalt informasjonssystem for å få fram relevant styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen om kommunale tenester og bruken av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og stilt opp på ein måte som bør være relevant og interessant for avgjerdstakarar, både nasjonalt og lokalt.

Informasjonen skal tene til betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og såleis gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål blir nådd. KOSTRA tek sikte på forenkling av innrapportering frå kommunesektoren til staten med utgangspunkt i prinsippa om at data i størst mogleg grad skal vere nyttige for både kommunesektoren og staten, og at data berre skal registrerast ein gong med sikte på å bli brukt fleire gonger.

KOSTRA har som mål å bringe fram relevant, påliteleg, aktuell og samanliknbar styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen skal gi grunnlag for betre statleg og kommunal styring og betre dialog mellom kommunane og innbyggjarane.

Under er det presentert ein del hovudtall frå KOSTRA:

Statlig rammeoverføring i prosent av brutto driftsinntekter



	2012	2013	2014	2015
Volda	36,4 %	35,8 %	33,0 %	32,4 %
Ørsta	38,6 %	38,3 %	38,9 %	36,2 %
Landet uten Oslo	33,4 %	32,8 %	33,7 %	32,6 %
Kostragruppe 11	36,7 %	36,4 %	37,4 %	36,0 %

Økonomi - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



	2012	2013	2014	2015
Volda	2,5 %	0,7 %	2,3 %	4,9 %
Ørsta	0,6 %	1,2 %	1,7 %	3,8 %
Landet uten Oslo	6,0 %	6,2 %	6,4 %	6,7 %
Kostragruppe 11	3,6 %	3,3 %	3,6 %	3,9 %

Økonomi - Netto lånegjeld i kroner per innbygger



	2012	2013	2014	2015
Volda	71 195	71 716	75 108	79 666
Ørsta	57 927	57 856	56 128	57 772
Landet uten Oslo	51 422	54 837	58 744	62 112
Kostragruppe 11	55 076	61 275	64 728	69 772

Prioritet - Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter



	2012	2013	2014	2015
Volda	27,4 %	26,2 %	26,3 %	26,3 %
Ørsta	25,6 %	24,4 %	23,3 %	24,4 %
Landet uten Oslo	24,9 %	24,2 %	24,0 %	24,1 %
Kostragruppe 11	25,2 %	24,5 %	24,4 %	24,2 %

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager



	2012	2013	2014	2015
Volda	125 470	120 284	127 722	135 460
Ørsta	108 574	107 490	128 197	135 081
Landet uten Oslo	114 825	118 763	128 637	130 606
Kostragruppe 11	112 004	115 952	126 675	128 614

Prioritet - Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten



	2012	2013	2014	2015
Volda	16 203	16 601	17 300	17 110
Ørsta	16 067	16 336	18 176	18 081
Landet uten Oslo	15 268	15 524	16 385	16 198
Kostragruppe 11	17 590	17 828	18 856	18 765

KS- konsulent fekk våren 2016 oppdraget å gjennomføre ei KOSTRA- analyse av Volda kommune. Analysen vart gjennomført med brei deltaking frå tenesteområda, tillitsvalde og politikarar. Det vart utarbeidd ein sluttrapport på 34 sider, og er med som vedlegg til budsjettsaka. Under er oppsummering for tenesteområda henta direkte frå rapporten (rapporten er skriven på bokmål):

"Oppsummering grunnskole

Behov og ressursbruk:

- *Volda har et objektivt utgiftsbehov som er 9,7 % høyere enn landssnitt.*
- *Volda har en ressursbruk på ca. 1,4 millioner over landssnittet på grunnskole etter at vi har korrigert for forskjeller i utgiftsbehov*

Utdypning:

- *Volda har en desentralisert skolestruktur med 8 skoler og i gjennomsnitt blir det da få elever pr skole (141 elever)*
- *Volda har litt lave gjennomsnittlige elevgrupper noe som trekker opp samlet ressursbruk*

Volda har:

- *En noe høy andel elever med spesialundervisning, stigende andeler med trinnene, og hver enkelt elev får i gjennomsnitt litt flere årstimer enn KOSTRAgr. 11 og landssnittet*
- *Andel timer til spesialundervisning i % av lærertimer totalt ligger også over landssnittet*
- *Litt høye utgifter pr elev (middels/lav produktivitet)*
- *Litt høye skyssutgifter pr elev, og få elever som mottar skyss*
- *Høye resultater målt ved gjennomsnittlig grunnskolepoeng*
- *Høy andel lærere med høyskole-/universitetsutdanning og pedagogisk utdanning*

Oppsummering SFO:

- *Veldig høy prioritering/ressursbruk. Hvis samme nivå som KOSTRAgr. 11 = - 2,1 mill kroner*
- *Middels høy andel elever i SFO*
- *Høye utgifter pr SFO-elev = lav produktivitet*

Oppsummering barnehage

Behov og ressursbruk:

- *Volda har 12% lavere utgiftsbehov enn landssnittet*
- *Volda har en ressursbruk som ligger ca. 1,6 mill kroner over landssnittet etter vi har korrigert for forskjeller i utgiftsbehov*

Videre har Volda:

- *Veldig høy dekningsgrad og full behovsdekning*
- *Det er særlig f. 201 (opphold og stimulering) som har høy prioritering*
- *Noe høy årsverkstetthet og utgifter pr barn i kommunal barnehager. Dette indikerer en noe lav produktivitet og kan i hovedsak forklares ved at Volda har mange små barnehager*
- *Middels andel barn som mottar ekstra ressursinnsats, og hver enkelt mottar i middels mye*
- *Veldig høy andel ansatte med barnehagelærerutdanning*

Oppsummering pleie og omsorg

Pleie og omsorgstjenesten samlet sett:

- *Høyere utgiftsbehov en landssnittet (9,3 %)*
- *Etter korrigering for utgiftsbehov og inntektsnivå bruker Volda ca. 2,5 millioner mindre på pleie og omsorg enn landsgjennomsnittet*
- *Lav prioritering og middels dekningsgrad (lik landssnittet)*
- *Volda har en hjemmebasert tjenesteprofil*
- *Volda har en litt høy andel av mottakerne av plo-tjenester med lavt bistandsbehov*

Institusjonstjenesten:

- *Middels utgifter pr institusjonsplass og litt lave utgifter pr oppholdsdøgn*
- *Lav dekningsgrad*
- *Litt lav andel institusjonsdøgn som er korttidsdøgn*
- *Veldig høy beleggsprosent*
- *Lege og fysioterapeutdekning er lavere enn KOSTRAgr. 11 og landssnittet, og om lag 1 av 6 beboere på institusjon har blitt vurdert av lege og tannhelsepersonell det siste året, og dette er lavt*

Hjemmetjenesten:

- *Middels dekningsgrad*
- *Middels utgifter pr mottaker og lave utgifter pr planlagte vedtakstime = høy produktivitet*
- *69 % av timene går til yngre brukere, og dette er omtrent som KOSTRAgr. 11 og landssnittet*

Volda gir flere timer til praktisk bistand enn landssnittet. En forklaring til dette kan være at dere har mange beboere i omsorgsboliger med heldøgns bemanning og som kan ha relativt høyt bistands-/timebehov

Oppsummering av øvrige tjenester

Helse inkl. helsestasjon/skolehelsetjenesten:

- *Volda har et objektivt utgiftsbehov som er 7,6 % over landssnittet*
- *Etter korrigering for utgiftsbehov og inntektsnivå bruker Volda ca. 4,6 millioner mindre på helsetjenester enn landsgjennomsnittet*
- *Samlet sett prioriteres tjenesteområdet lavt sammenliknet med landssnittet*
- *Volda har også litt lav prioritering etter aldersgruppene 0-5 år og 0-20 år på f. 232 (helsestasjon/skolehelsetjenesten)*
- *Kommunen har relativt god dekning av helsesøstre, fysioterapeuter og legeårsverk, men har «ekstra» brukere fra asylmottak og studenter*
- *Gjennomfører i stor grad normerte undersøkelser, men unntaket er andel barn som har gjennomført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn*

Sosialtjenesten:

- *Volda har et objektivt utgiftsbehov er ca 37 % lavere enn landssnittet*
- *Etter korrigering for utgiftsbehov og inntektsnivå bruker Volda 2,3 millioner mindre på sosialtjenester enn landsgjennomsnittet*
- *Ressursbruken er særlig lav på funksjonene f. 242 og 281*

En gjennomgang av «utgiftsdriverne» viser at Volda har:

- *Andel sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år i % av innbyggere 20-66 år – Lav*
- *Gjennomsnittlig stønadslengde – Litt høy*
- *Gjennomsnittlig utbetaling pr stønadsmåned – Litt lav*
- *Høy andel langtidsmottakere*

Barneverntjenesten:

- *Volda har ca 21% lavere objektivt utgiftsbehov enn landet*
- *Etter korrigering for utgiftsbehov og inntektsnivå bruker Volda 0,9 millioner mer på barnevern enn landsgjennomsnittet*

Ressursbruk:

- *Bruker særlig lite ressurser på f. 251 «barn med tiltak som ikke er plassert av barnevernet»*

Dekningsgrader:

- *Andel meldinger litt under KOSTRAgr. 11 og landssnitt, men litt flere meldinger går til undersøkelse*
- *Andel undersøkelser litt under landssnitt*
- *Både andel barn som ikke er plassert av barnevernet og barn som er plassert av barnevernet ligger mye over landssnittet = mange barn på barnevernstiltak*

Enhetskostnader:

- *Årsverkstetthet = landssnittet*
- *Lave utgifter pr barn med tiltak (f. 251 og f. 252)*

Kvalitet/resultat:

- *Ca. halvparten av undersøkelsene har behandlingstid innen 3 mnd og dette er lavt*

- *Totalt er andel barn med barneverntiltak med utarbeidet plan omtrent som landssnittet, men for barn under omsorgstiltak er andelen med utarbeidet omsorgsplan lav.*

Rus og psykisk helse

- *Høy prioritering på rus f. 243, hvis samme nivå som landet = - 0,7 mill kroner. God dekning av psykiatrisk sykepleiere.*

Kultur:

- *Totalt sett er tjenesten lavt prioritert*

Teknisk sektor:

- *Prioritering av Eiendom ligger litt under landsgjennomsnittet. Forskjeller mellom kommunene i fordelings- og føringspraksis gjør det vanskelig å vurdere hvert enkelt formålsbygg.*
- *Brann har en litt høy prioritering, hvis samme nivå som landet = - 2,3 mill kroner.*
- *Samferdsel har litt høy ressursbruk målt mot landsgjennomsnittet, hvis samme nivå som landet = - 2,9 mill kroner.*

Utviklingssektoren:

- *Samlet sett har Volda en noe høy ressursbruk til fysisk planlegging, hvis samme ressursbruk som landet = - 0,9 mill kroner. Under halvparten av utgiftene innenfor f. 301, 302 og 303 dekkes av gebyrinntekter, og det kan være et potensiale her.*

Administrasjon:

- *Volda har et litt høyere utgiftsbehov til administrasjon enn landsgjennomsnittet, og tallene for ressursbruk viser at kommunen ligger tilsvarende litt over landssnittet."*

2.7 FOLKETALSUTVIKLING

Folketalet i Volda har dei siste åra hatt ei positiv utvikling og pr. 01.01.2016 var det 9037 innbyggjarar i kommunen.

Tabell folketalsutvikling i Volda 2006–2016. Alle tal pr. 01.01. kvart år.



Statistisk sentralbyrå (SSB) har publisert framskrivingar av folketalet basert på tal for 2016.

Framskriving av folketalet fram mot 2040, basert på middels nasjonal vekst (MMMM):

	2016	2017	2018	2019	2020	2025	2030	2035	2040	Auke i %
0 år	88	103	109	114	118	123	120	117	115	30,7
1-5 år	472	465	489	524	546	658	664	652	640	35,6
6-12 år	824	830	812	789	792	794	952	981	968	17,5
13-15 år	326	337	343	362	363	354	342	424	434	33,2
16-19 år	512	489	482	462	473	516	475	532	598	16,8
20-44 år	2968	3047	3113	3170	3181	3308	3427	3415	3398	14,5
45-66 år	2416	2436	2452	2459	2477	2462	2502	2642	2820	16,7
67-79 år	975	1008	1039	1062	1091	1205	1251	1276	1348	38.2
80-89 år	340	341	341	352	346	430	560	631	668	96,5
>90 år	116	117	115	111	119	108	112	146	199	71,5
Totalt	9037	9173	9295	9407	9506	9958	10405	10816	11188	23,8

Tabellen ovanfor er basert på SSB sitt MMMM-alternativ (middels nasjonal vekst), som føreset at fruktbarheit, levealder, innanlandsk flytting og nettoinnvandring held seg på eit mellomnivå. Etter MMMM-alternativet vil vi få ein relativt stor auke i folketalet fram mot

2040. Samla sett vil folketalet auke med 23,8 prosent (2151 innbyggjarar). Vi ser ein dramatisk auke i gruppa 67–79 år, 80–89 år og > 90 fram mot 2040, noko som i åra framover vil gi oss store utfordringar i pleie- og omsorgssektoren. Det er positivt at talet på barn i alderen 0–12 år aukar med i gjennomsnitt om lag 27,9 prosent og at vi har ei rimeleg stabil utvikling i aldersgruppene 20–66 år. Dette er imidlertid utviklinga i eit langt perspektiv og situasjonen vil variere i perioden.

For samanlikninga sin del, tek vi og føre oss LLML-alternativet (låg nasjonal vekst) og HHMH-alternativet (høg nasjonal vekst) for den same perioden.

Framskriving av folketalet fram mot 2040, basert på låg nasjonal vekst (LLML):

	2016	2017	2018	2019	2020	2025	2030	2035	2040	Auke i %
0 år	88	93	95	99	101	104	101	97	95	7,9
1-5 år	472	464	477	496	504	558	560	548	531	12,5
6-12 år	824	827	807	789	787	741	815	829	855	3,8
13-15 år	326	337	342	361	361	350	327	362	367	12,6
16-19 år	512	488	478	458	467	509	476	480	506	-1,2
20-44 år	2968	3037	3087	3125	3132	3221	3310	3271	3169	6,8
45-66 år	2416	2435	2448	2453	2464	2437	2465	2571	2716	12,4
67-79 år	975	1006	1039	1061	1090	1187	1230	1238	1296	32,9
80-89 år	340	341	339	348	344	415	529	587	610	79,4
>90 år	116	117	114	109	113	96	93	121	152	31,0
Totalt	9037	9145	9226	9299	9363	9618	9896	10104	10257	13,5

Framskriving av folketalet fram mot 2040, basert på høg nasjonal vekst (HHMH):

	2016	2017	2018	2019	2020	2025	2030	2035	2040	Auke i %
0 år	88	104	124	131	137	144	142	140	144	63,6
1-5 år	472	465	501	552	593	770	785	785	786	66,5
6-12 år	824	830	814	798	795	846	1105	1162	1167	41,6
13-15 år	326	338	344	365	364	358	361	496	517	58,6
16-19 år	512	492	486	465	478	524	486	596	708	38,3
20-44 år	2968	3063	3141	3215	3239	3414	3586	3647	3567	20,2
45-66 år	2416	2436	2459	2465	2488	2486	2555	2730	2963	22,6
67-79 år	975	1008	1042	1068	1096	1216	1277	1307	1391	42,7
80-89 år	340	341	343	354	354	443	585	569	724	112,9
>90 år	116	117	117	116	120	119	129	178	251	116,4
Totalt	9037	9204	9371	9529	9662	10320	11013	11717	12418	37,4

Dei tre alternativa er samla i diagrammet under.



Befolkningsframskriving Volda kommune 2016 – 2040

Økonomiplanperioden 2017–2020

For økonomiplanperioden 2017–2020 tek ein utgangspunkt i MMMM-alternativet.

	2017	2018	2019	2020	Auke i %
0 år	103	109	114	118	14,6
1-5 år	465	489	524	546	17,4
6-12 år	830	812	789	792	-4,6
13-15 år	337	343	362	363	7,7
16-19 år	489	482	462	473	-3,3
20-44 år	3047	3113	3170	3181	4,4
45-66 år	2436	2452	2459	2477	1,68
67-79 år	1008	1039	1062	1091	8,23
80-89 år	341	341	352	346	1,5
>90 år	117	115	111	119	1,7
Totalt	9173	9295	9407	9506	3,6

Framskrivinga for økonomiplanperioden 2017–2020 (utdrag av MMMM-alternativet).

Volda kommune får ein auke i talet på barn i alderen 0–5 år i økonomiplanperioden og ein nedgang i talet på skuleelevar i aldersgruppa 6–12 år og 16–19 år. Vi ser ein auke i talet på 67–79 åringar på 8,23 prosent og ein auke på 1,7 prosent i aldersgruppa 90 år og over. Dei andre aldersgruppene får ein svak vekst i perioden 2017 til 2020.

Kjelde: SSB.

2.8 EIGEDOMSSKATT

Promillesats

Første året med eigedomsskatt var i 2014, med ein sats på 2 promille. Denne satsen er ført vidare ut 2017. I økonomiplanen er det lagt til grunn at satsen vert heva til 4 promille i 2018 og halden fast på dette nivået ut 2020.

Det er dermed budsjettert med 34 mill kr for kvart år i perioden 2018-2020. Eigedomsskatten i 2018 er ein auke på ca 17 mill høve til utskriven eigedomsskatt i 2016. Men det er viktig å vere merksam på følgjande:

- Finansdepartementet sendte den 18.6.15 ut eit høyringsnotat der dei foreslår å endre eigedomsskatteloven slik at det ikkje skal vere høve til å skattlegge produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar i verk og bruk. Det vart ikkje varsla endringar om dette i samband med forslag til statsbudsjettet for 2017, men det kan verte gjeldande frå skatteåret 2018. Med ein sats på 4 promille vil inntektene frå eigedomskatt vert redusert med ca 2 mill kr.

Prognosen på 34 mill kr er sett saman slik:

- Bustader og eigedomar som er takserte (fritidsbustader, landbruk, våningshus, næring, verk og bruk) utgjer ca 8,5 mill kr.
- Formuesgrunnlag (tal frå skatteetaten) utgjer ca 23 mill kr.
- Kraftverk (inkl. lina til Statnett) utgjer ca 2,5 mill kr

Kommunestyret har i vedtaket om innføring av eigedomsskatt føresett at den skal søkjast avvikla i 2019. Bygging av Øyra skule med påfølgjande auka gjeldsbelastning og kapitalutgifter gjer at Volda kommune må pårekne eigedomsskatt i svært lang tid framover. Det er likevel svært viktig å ha kritisk fokus på drifta for å unngå auke i eigedomsskatten utover nivået som er foreslått, og heller gjere tiltak for ev nedtrapping. Dette vil vere naturleg å sjå i samanheng med tenestestruktur på skule og barnehage der Volda kommune driv vesentleg dyrare enn statleg normert nivå. Dette er også i samsvar med konklusjonen til den politiske arbeidsgruppa som har førebudd eit grunnlagsdokument til budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Når ein skal vurdere belastninga eigedomsskatten inneber for innbyggjarane, så bør ein sjå dei samla avgiftene på eigedom i kommunen. Avgiftene på vatn, avløp og renovasjon er låge i Volda kommune samanlikna med kommunane i regionen, landet og i kommunegruppa. Dette inneber at sjølv med eigedomsskatt, så vil Volda kommune kome relativt godt ut på samla avgiftsnivå samanlikna med mange andre kommunar. For avløp har Volda kommune oppbygd store fond. I 2014 vart det kravd inn berre ½ avgift for avløp. Det vert også gjort i 2015.

Det er no 365 kommunar i landet som har innført eigedomsskatt, og fleire er i gong med å utgreie eigedomsskatt. Vi har no ei utvikling med reduksjon i inntektsskatt/personskatt og

formuesskatt medan kommunar innfører eigedomsskatt på grunn av ein svært pressa kommuneøkonomi. I eit makroperspektiv vil det vere viktig å sjå samfunnsøkonomien i samanheng, og effekten av dette er at når staten ikkje fullt ut fullfinansierer velferdstenestene så må ein del kommunar kompensere med eigedomsskatt.

2.9 NÆRINGSUTVIKLING

Kraftfond og næringsfond

Årleg tilvekst på næringsfond-kraft er no på kr. 735 000 , med tillegg av renter . Reknar ein rund sum er det til disp **kr. 750 000 pr. år.**

Om kommunestyret vidarefører prinsippa for løyving 2017 som for 2016, vert fordelinga slik:

• Løyving til Sunnmøre Kulturnæringshage AS (Hoppid)	kr. 150 000
• Tilskot Volda Næringsforum	kr. 350 000
• Dei Nynorske Festspela	kr. 75 000
• Veka	kr. 20 000
• X2	kr. 50 000
• Kammermusikkfestivalen	kr. 20 000
• DokFilm	kr. 20 000
• Animasjonsfestivalen	kr. 20 000
• Naturfestivalen	kr. 10 000
• StudiebygdA-drift portal	kr. 35 000
Sum	**kr. 750 000**

Pr. dato er det unytta løyving på fondet på kr. 100 000.

I kommunestyret 18.6.15, sak 71/15, vart det i samband med løyving til Economusee 2016 på kr 100 000 vedteke slikt oversendingsframlegg til administrasjonen: ”*Beløpet vert søkt dekt av Næringsfondet (kraft).”* Summen vert i desse dagar utbetalt då vilkåra for utbetaling no er oppfylt ved at Volda elektriske Mylne no er teken opp som Economusee .

Kommunen har framleis til disp. omlag kr. 280 000 på næringsfond-stat/kommune; midlar som skal nyttast etter retningsliner derifrå.

Kulturnæringshagen – nyetableringar

Kommunestyret vedtok i sak 139/13 å fornye avtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune om drift av lokalt hoppid.no-kontor for åra 2013-2016. Den avtalen er forlenga og blir automatisk fornya med eit år om gangen om den ikkje er sagt opp av ein av partane innan 1. oktober i avtaleåret. I samsvar med kst.vedtak i sak 59/12 driftar Sunnmøre Kulturnæringshage AS det lokale hoppid.no-kontoret for kommunen (sjå http://www.sknh.no/ressursar/hoppid-no-kurs-og-nettverk).

I følgje Fylkesstatistikken for 2016 (nett publisert) vart det i 2015 registrert 78 nyetableringar i Volda. Dette gir ei etableringsgrad på 13, med 9 nyetableringar pr. 1000 innbyggjarar.

Tilsvarande for Ørsta var 69, etableringsgrad 10, med 6 nyetablringar pr. 1000 innbyggjarar. Gjennomsnittet for Møre og Romsdal var ei etableringsgrad på 12, med 8 nyetableringar pr. 1000 innbyggjarar.

Volda næringsforum fekk i 2016 overført ei rammeløyving på kr. 350 000.
Næringsforumet har eit budsjett på om lag 1 mill kr. Drifta er avhengig av kommunalt tilskot i tillegg til medlems-/serviceavgift, andre tilskot og sal av tenester. I 2016 har Volda næringsforum selt prosjektbistand til Volda kommune i samband med sentrumsprosjektet, reiseliv og ulike prosjekt gjeldande flyktningar og innvandrarar, og dette held fram i 2017.

Volda kommune bør ha ei klar forventing om at offentleg og privat næringsliv i Volda melder seg inn i næringsforumet, og nyttar dette som eit samla serviceorgan overfor næringslivet. Dette gjer at kommunen kan forhalde seg til eit samordna næringsliv, samtidig som det gir næringslivet eit økonomisk fundament for å oppretthalde eit rådgjevingsorgan. Rådmannen foreslår at Volda kommune går inn med eit driftstilskot over kraftfondet på kr 350 000, og eit tilskot frå driftsbudsjettet kr 10 000. Tilskotet til Volda Næringsforum vert styrka med løns- og prisstigning, dvs 2,7 % avrunda oppover til kr 360 000.

Volda kommune var med og stifta foreninga Volda næringsforum og er medlem i foreininga. Volda kommune er største enkeltbidragsytar gjennom årleg tilskot. Ordførar og rådmann er assosierte medlemmer med møterett til styret. Ordførar og rådmann har ikkje vore innkalla eller fått sakliste eller møtereferat frå styremøta i denne kommunestyrevalperioden. Kommunen får ikkje budsjett eller rekneskap frå verksemda. Det bør stillast vilkår for utbetaling av tilskot at foreininga følgjer opp forretningsordenen overfor kommunen. Eit viktig formål med etablering av foreininga var å få eit strategisk møtepunkt mellom næringslivet og kommunen.

Når det gjeld dei statlege næringsfondsmidlane vil det ut frå signala i forslaget til statsbudsjett heller ikkje i 2017 verte noko påfyll til Volda kommune. Dette resulterer i at kommune ikkje har midlar utover ubrukt løyving (sjå framanfor) til å gi tilskot til nyetablerarar og til bedriftsutvikling.

Campusutvikling

Volda kommune vil vere ein aktiv part i Campusutviklinga, jfr. at kommunestyret i møte 28.8.15 gjorde slikt vedtak:

1. *Kommunestyret tek Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda-sluttrapport- til vitende.*

2. Kommunestyret viser til høgskulestyret sitt vedtak i sak 43/15, møte 4.6.15, og signaliserer medverknad frå kommunen i prosessar i dei strategiar der dette er føresett. Kommunen ynskjer vidare å vere ein aktiv deltakar i høve strategi 1 og 4.

3. Kommunestyret ser det som ynskjeleg at Høgskulen inviterer kommunen og andre samarbeidspartar til dialog omkring organisering og prosess for planlegging av utbygging.

Kommunen må parallelt med ein slik prosess avklare strategi rundt si deltaking og kva som ev kan lokaliserast til campusområdet. Eventuelt skisse til prosess med organisering og framdrift skal leggjast fram for kommunestyret som godkjenner kommunen si vidare deltaking i prosessen.

4. Eventuelle planar om tiltak som vil krevje økonomisk deltaking frå kommunen si side må godkjennast av kommunestyret.

Kommunestyret vedtok vidare den 29.09.2016, sak PS 109/16, der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune, datert 21.09.16.

2. Den politiske arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15 følgjer arbeidet med skisseprosjektet for kino/kultursal/fleirbrukssal som del av planlegging av nytt mediebygg på Campus - Høgskulen i Volda. Gruppa vert utvida med inntil 3 representantar frå kulturlivet i Volda, oppnemnd av formannsskapet. Arbeidsgruppa får ansvar for å definere kommunen sitt behov i prosjektet og krav til funksjonalitet. Dette må balansere med ambisjonar som gjeld for liknande referanseprosjekt som har vore realistiske å gjennomføre. Gruppa rapporterer til kommunestyret via formannskapet.

Skisseprosjektet held no fram og vil truleg finne si løysing i løpet av 1. halvår 2017.

Sjå meir om Campusprosjektet her: http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/utval-ved-hvo/campusutviklingsprosjektet/campusutviklingsprosjektet?lang=nyn

Tilrettelegging for bustadbygging

Volda kommune har positiv folketalsutvikling, men for å kome inn under vekstkommunekategorien og få vekstkommunetilskot, så må innbyggjarveksten kome over 1,6 % over ein 3-årsperiode. Volda ligg sentralt geografisk i høve eit akseptabelt pendlingsomland på om lag 60 000 innbyggjarar. Volda har sentrale regionfunksjonar, og bør ha grunnlag for folketalsvekst. I budsjett- og økonomiplanen er det foreslått opparbeiding av nye byggjefelt for å stimulere folketalsvekst.

Tilrettelegging for næringsetablering

Arbeidsmarknaden i Volda er tufta på kompetansemiljøet i dei offentlege institusjonane. Det er viktig at kommunen er tilretteleggjar og er tydelege overfor myndigheitene om viktigheita av å ha desse institusjonane i regionen vår også i framtida, jfr. det som no er signalisert når det gjeld t.d. Tingretten.

Parallelt med dette er det viktig at Volda har strategiar for å stimulere til arbeidsplassar i det private næringslivet. Volda næringsforum og Sunnmøre Kulturnæringshage er rådgjevingsorgan som er sentrale for å hjelpe bedrifter i gang, kople offentlege og private interesser i partnarskap, og vere talerøyr for næringslivet sine interesser.

Sikring av restareal og opparbeiding av det regulerte næringsområde på Rotset og Sentrumsutviklingsprosjektet er viktige tiltak som står føre.

Reiseliv

Pr. dato er Volda kommune ikkje medlem av nokon reiselivsdestinasjon.

Kommunestyret gjorde i møte 16.06.16, PS-sak 82/16 vedtak om å omdisponere midlane som tidlegare var avsett til medlemsskap i Desinasjon Ålesund og Sunnmøre til *prosjektet og utviklingsarbeidet "destinasjon Volda.* Vedtaket lyder slik:

1. ***Volda kommunestyre godkjenner at avsette midlar for 2016, kr. 253 000,- til reiselivsutvikling vert overført Volda Næringsforum. Midlane skal øyremerkast til bruk i prosjektet og utviklingsarbeidet "destinasjon Volda", og vert organisert av Volda Næringsforum.***
   Midlane skal inn til vidare nyttast med særleg utgangspunkt i utvikling av reiselivet i heile kommunen. Ein føreset difor at det vert styrt av ei prosjektgruppe som vert oppretta og slik samansett: 2 representantar frå Volda Næringsforum, 2 frå Volda Reiselivslag og 2 frå Volda kommune.

2. ***Kommunestyret ber om rapportering i årsrapport og ein prosjektrapport innan 1.juli 2017 i samsvar rådmannen sin konklusjon i denne saka.***

3. ***Kommunestyret vil vurdere effekten av måloppnåing og resultat opp mot kor vidt det skal løyvast midlar vidare. Dette vil kommunestyret kome attende til i samband med budsjettet for 2018.***

Volda kommune sine representantar i prosjektgruppa er Fride Sortehaug og Anders Egil Straume med Odd Harald Sundal som vara (jfr. PS-sak 148/16)

Rådmannen meiner at reiselivsnæringa i Volda kommune har eit potensial for utvikling. Føresetnaden for dette er at det er aktørar innanfor næringa som har ambisjonar, og at desse definerer sine behov for tilrettelegging og støtte og er i dialog med kommunen, næringsapparatet i kommunen og regionalt.

Etter at prosjektet er gjennomført vil kommunen på nytt ta stode til om ein skal knyte seg til eit destinasjonsselskap og evt. kva selskap det skal vere. Kommunen må i den samanheng vurdere kva som er optimal bruk av ressursar som bidrag for å utløyse auka aktivitet i reiseliv i Volda i åra som kjem.

2.10 KOMMUNEREFORMA

Volda og Hornindal har gjort vedtak om å slå seg saman. Prosessen startar opp gjennom førebels fellesnemnd for å planleggje samanslåingsprosessen når den startar opp formelt etter Stortingsvedtaket i juni 2017.

Mål for reforma:

– Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane

– Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling

– Berekraftige og økonomisk robuste kommunar

– Styrka lokaldemokrati

Tidsplan



Økonomiske tilskot

Volda og Hornindal får kr 1 mill årleg i tilskot frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal til prosjektet fram til 2020. Tilskotet til dekning av eingongskostnader med reforma er på 20 mill for dei to kommunane og vert utbetalt når Stortinget har gjort vedtak i juni neste år. Etter samanslåinga får den nye kommunen utbetalt 5 mill i reformtilskot. Volda og Hornindal vil også få eit regionsentertilskot på om lag 5 millionar årleg frå og med 2017. Storleiken er usikker og avheng av kor mange kommunar som faktisk vert samanslått. Volda kommune ville fått 3 mill lågare rammeoverføring frå staten frå og med 2017 dersom vi ikkje hadde vedtak om samanslåing.

Forprosjektfasen

Arbeidet med kommunereforma vil ta ein del tid og ein må vere budd på å bruke ein del administrative og politiske ressursar til dette arbeidet. Volda kommune har kutta i administrative ressursar og for å prioritere arbeidet med kommunereforma, må andre oppgåver vike prioritet.

I første fase vert det viktig å få oversikt over arbeidet, leggje ein framdriftsplan med prioriterte oppgåver og sikre god prosess som involverer tilsette, politikarar og innbyggjarane. Kommunane må vere realistiske på å avpasse ambisjonsnivå og behov for å styrke kapasiteten for å gjennomføre prosjektet. Det er viktig å nytte høve til å byggje noko nytt og byggje ein innovasjonskultur der ein tek i bruk nye arbeidsmåtar og får til samskaping for auka verdiskaping.

Fylkesgrensa

Det er viktig å få tidleg avklaring av forholdet til fylkeskommune og fylkesmann, og ideelt bør den nye kommunen snarast etter samanslåingsvedtaket i Stortinget kunne forhalde seg til ein fylkesmann og ein fylkeskommune.

Det er usikkert om Stortinget vil vedta samanslåing av kommunar med tvang. Dersom Ørsta skulle kome med, så må ein forhalde seg til det når den tid eventuelt skulle kome.

3 SEKTORANE OG STABANE

Kapittel 3 har omtale av mål, ufordringar og budsjettrammer.

3.1 INNLEIING

MÅLKART

Malen for mål er bygt opp slik at den er integrert både i budsjett, tertialrapportering og årsrapportering.

Fokusområde for Volda kommune

Tabellen under viser at vi opererer med 4 fokusområde:

OMDØME	MEDARBEIDAR
TENESTER	ØKONOMI

Felles målkart for kommunen

Det vert etablert eit felles målkart for kvart av dei 4 fokusområda (omdøme, medarbeidar, tenester og økonomi). Dette er vist under for kommunen samla og vidare for den enkelte sektor:

Omdøme

Mål	Resultat	Kommentar
Volda kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar		
Volda kommune skal tilretteleggje for trivsel og utvikling i kommunen og vere ein partner i viktige samfunnsprosjekt		

Medarbeidar

Mål	Resultat	Kommentar
Tilsette opplever tydeleg leiing som stiller krav, yter støtte og ser arbeidstakarane.		
Endringsdyktigheit som kultur der tilsette skal oppleve at det vert lagt til rette for innovasjon, og at innovasjon vert etterspurt.		
Nærver på 92 %		
Sjukefråver på grunn av arbeidsmiljø skal ikkje forekome		

Tenester

Mål	Resultat	Kommentar
Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk		
Det skal vere eit minimum av omgjorde vedtak i klagesaker		
Tenesteytinga skal ha brukarperspektiv der dialog og erfaringar frå brukarsida er sentralt i læring og utvikling.		

Økonomi

Mål	Resultat	Kommentar
Økonomi i balanse		

Det er behov for å arbeide nærare med måleindikatorar. Det vert ikkje målt på kvalitative data, og det vert vurdert abonnement på Kommuneforlaget sitt opplegg for undersøkingar; "Bedre kommune" for å gjennomføre innbyggjarundersøkingar, brukarundersøkingar på tenesteneområda og medarbeidarundersøking.

3.2 BUDSJETTRAMMER

Statsbudsjett for 2017 har følgjande prognose for løns- og prisauke:

	Prosent	Vekt
Løn	2,7 %	0,65
Andre driftsutgifter	2,1 %	0,35
Samla deflatoror	2,5 %	1

Lønsutgifter utgjer knapt 2/3 av driftsbudsjettet for kommunesektoren. Det er forventa at lønsutgiftene til kommunesektoren vert auka med 2,7 %. Budsjettrammene til sektorane og stabane er justert i tråd med denne prognosen Det er ikkje lagt inn kompensasjon for prisauke på varer og tenester (anslått til ca 2% i statsbudsjettet).

Føresetnader for budsjettering av pensjon

Alle tilsette betalar 2 % av løna si til pensjonsleverandøren. Det resterande vert betalt av arbeidsgjevar. Under er det gjort greie for føresetnadane som ligg til grunn ved utrekning av arbeidsgjevar sin andel for 2017.

Lærarane er medlem av statens pensjonskasse. Selskapet opplyser at arbeidsgjevar sin andel er estimert til 10,25 % av pensjonsgrunnlaget i 2017.

Alle andre tilsette i kommunen er medlemmar av KLP. Selskapet opplyser i brev datert 1. september 2016 at arbeidsgjevar sin andel er estimert til å verte 19,9 % av pensjonsgrunnlaget for sjukepleiarar i 2016. For alle øvrige tilsette er prognosen 17,9 % av pensjonsgrunnlaget. Det er knytt svært stor usikkerheit til dette området.

Arbeidsgjevaravgift på 14,1 % kjem i tillegg.

Tabellen under viser budsjettrammene i neste økonomiplanperiode:

Sektorar og stabar	Opprinnelig Budsjett 2016	Revidert Budsjett 2016	2017	2018	2019	2020
Rådmann	1 660 059	1 660 059	1 888 087	1 888 087	1 888 087	1 888 087
Samfunn og rådgjeving	1 480 272	1 480 272	1 383 425	1 383 425	1 383 425	1 383 425
Personal og organisasjon	12 763 452	12 738 452	17 449 223	17 449 223	17 449 223	17 449 223
Økonomi	6 753 769	6 738 769	6 774 599	6 774 599	6 774 599	6 774 599
NAV Kommune (*)	8 158 196	8 158 196	8 717 312	8 717 312	8 717 312	8 717 312
Opplæring og oppvekst (**)	197 026 026	197 646 026	203 364 559	203 364 559	203 364 559	203 364 559
Helse og omsorg	182 217 111	182 217 111	181 494 600	181 494 600	181 494 600	181 494 600
Kultur og service	10 604 717	10 604 717	11 502 143	11 502 143	11 502 143	11 502 143
Politisk verksemd	2 695 392	2 695 392	2 286 713	2 286 713	2 286 713	2 286 713
Teknisk	31 163 429	33 663 429	34 912 625	34 912 625	34 912 625	34 912 625
Sjølvkosttenester	0	0	0	0	0	0
Utvikling	6 009 130	6 009 130	6 878 014	6 878 014	6 878 014	6 878 014
Barnevern Volda kommune (***)	18 539 580	18 539 580	29 886 218	29 886 218	29 886 218	29 886 218
SUM	**479 071 133**	**482 151 133**	**506 537 518**	**506 537 518**	**506 537 518**	**506 537 518**
Fellesområdet	-2 688 230	-3 984 730	-8 753 086	-17 013 086	-21 737 802	-23 737 802
SUM	**476 382 903**	**478 206 403**	**497 784 432**	**489 524 432**	**484 799 716**	**482 799 716**

(*) = Dei budsjetterte utgiftene til sosialhjelp er auka med kr 500.000.

(**')=I budsjettframlegget for 2017 er utgiftene til lærlingar og hovudtillitsvalde osv flytta frå budsjetta frå helse/omsorg og opplæring/oppvekst til budsjettet for personal og organisasjon. Dette er berre ei teknisk endring for å ha betre oversikt og styring og utgiftene utgjer samla i overkant av 4,4 mill kr. Budsjettrammene til helse og omsorg (2,5 mill kr) og opplæring og oppvekst (1,9 mill kr) er tilsvarande redusert.

(***) Eksisterande refusjonsordning for einslege mindreårige innvandrarar (EMI) vert endra frå og med 2017. I dagens ordning vert det sendt refusjonskrav (etter faktisk medgåtte utgifter), og vert inntektsført på sektorkapittelet for Barnevern. Frå og med 2017 vert dette erstatta med stykkprisfinansiering. Inntektene etter den nye ordninga er flytta til fellesområdet, og er forklaringa på at netto budsjettramme til Barnevern går så mykje opp.

3.3 HELSE OG OMSORGSSEKTOREN

Helse og omsorg omfattar førebygging, rehabilitering og legeteneste, sjukeheim, heimeteneste til heimebuande og i omsorgsbustad, tre dagsenter for ulike brukargrupper, rus- og psykisk helseteneste av avlastningstilbod for barn og unge. Ansvaret og oppgåvene til kommunane har vorte endra ved innføring av Samhandlingsreforma. Kommunen har fått og får fleire oppgåver, og primærhelsetenesta har eit særleg ansvar for førebygging og generalistansvar for behandling av alle helseproblem hos innbyggjarane. Helse og omsorgssektoren er ein stor sektor med store utfordringar framover. Overordna plan- og utviklingsarbeid i sektoren vil vere svært viktig. Gjennom statlege reformer at sektoren fått utvida ansvar og auka volum. Dette kjem i tillegg til fleire eldre og sosiale endringar som krev auka behov. Dette er eit nasjonalt fenomen, og spesialisthelsetenesta opplever same vekst i behov for tenesteyting. Helse Midt-Norge konstaterer i Strategi 2030 at auka behov ikkje berre kan møtast med auka ressursar. Det same gjeld i Volda kommune. Fagadministrasjonen vert utfordra på å tydeleggjere retninga og finne faglege løysingar innanfor dei ressursane kommunen har tilgjengeleg. Dette må ha særleg fokus no framover med god involvering av tilsette, brukarar og politisk nivå.

Sektoren jobbar for at folk skal kunne bu heime så lenge som råd. Kommunen har gjennom Klokkarstova lagt ein strategi for å gi øyeblikkeleg hjelp og å kunne ta imot utskrivingsklare pasientar frå helseføretak. Frå 01.01.2017 vert dette ansvaret utvida til å gjelde pasientar med rus og/ eller psykisk sjukdom. Denne pasientgruppa er elles aukande i tal og gir kommunen store utfordringar kapasitetsmessig og fagleg. Også avlastingstilbodet for barn og unge har opplevd sterk auke, både knytt til etablering av to barnebustader på under eitt år og auka tal brukarar. Kvardagsrehabiltering har vore gjennom ei prosjektperiode der dette tilbodet no er tverrfagleg etablert.

Teneste og utviklingsmål		
➢ Styrke førebyggjande arbeid og utsetje behov for langvarig heildøgns teneste	➢ Ha gode avlastnings- og korttidstilbod for personar i alle aldrar	➢ Ha gode heildøgnstilbod i små eller indviduelle einingar til brukarar med særskilde behov
➢ Utarbeidd gode målmetodar for utnytting av arbeidstida i heimebasert omsorg, der ansikt til ansikt-tid, transporttid og anna tid kan synleggjerast	➢ Styrke leiarane si dyktigheit i leiing, forvaltning og helserett	➢ Til ei kvar tid ta imot uskrivingsklare pasientar
➢ Nytte ØH-plassane i tråd med statleg utrekna måltal for kommunen og	➢ Attraktiv arbeidsplass med styrka arbeidsmiljø og redusert	➢ Effektiv og sikker informasjonsutveksling på alle arbeidsplassar

integrere nye kommunale ØH-oppdrag i etablert tilbod.	sjukefråver	
➢ Betre brukarane sine moglegheiter til å meistre eigen kvardag	➢ Brukarane og pårørande opplever ein tryggare kvardag	➢ Tilrettelagt for smart-husteknologi i alle nye omsorgsbustader
➢ Brukarane har ein aktiv og meiningsfull kvardag	➢ Frivillegkoordinatorane har etablert godt nettverk til frivillege lag og organisasjonar	➢ Tilpassa fysiske omgjevnader for personar med demens
➢ Gi gode og individuelt tilpassa tenester til enkeltpersonar med spesielle omsorgsbehov	➢ Gjere velferds-teknologiske løysingar tilgjengelege for flest mogleg av brukarane	➢ Kvardagsrehabilitering skal vere ein integrert del av tenestene

Utfordringar

I prosessnotatet som vart lagt fram via politisk arbeidsgruppe for kommunestyret i september vart det gitt ei god skildring av dagens situasjon og utfordringar i sektoren. Sektoren må arbeide vidare med å kome fram til forslag til tydeleg retning om korleis utfordringane skal løysast. I samband med budsjettførebuingane vert det presentert behov frå sektoren om å tilføre auka ressursar på ca kr 12 mill, jfr sektorsjefen sine kommentarar til behova:

Rustenesta:
Har hatt prosjektmidlar i tre år frå helsedirektoratet som har vore brukt 50% knytt til Gnisten dagsenter og 100% har gått til styrking av den oppsøkande rustenesta. Når prosjektmidlane no forsvinn er det ikkje ressursar til å oppretthalde denne aktiviteten. Dette skjer ei tid ein ser at utfordringane er veksande og at kommunen får nye oppgåver frå 01.01.17 knytt til denne brukargruppa.

Nattevakt sjukeheim:
I 2013 vart det oppretta ei femte nattevakt. Styrkinga vart i gjort pga utfordringane i demensbugruppene. I tillegg kunne den vere eit supplement mot korttidsavdelinga/ øyeblikkeleg hjelp (ØH) og ved behov supplere nattevakta i heimetenestene i høve sjukepleieoppgåver. Dette har gitt svært vanskeleg situasjonar og stressande val for bemanninga på natt. Pasientsituasjonen har faktisk endra seg etter at nattevakta kom. Tidlege utskrivingar frå sjukehuset har medført større faglege utfordringar på sjukeheimen og mange pasientar har omfattande somatiske hjelpebehov. I kombinasjon med nye oppgåver til kommunane frå 01.01.17 med øyeblikkeleg hjelp til pasientar med rus og/ eller psykisk sjukdom, vil kunne forsterke dette ytterlegare. Det er derfor eit reelt behov for tre nattevakter i både etg. på sjukeheimen. I 2015 og 2016 har vi ofte måtte leige inn ekstra nattevakt for å dekke brukarbehov. Det har og vore mykje sjukefråvær på natt som mykje relaterer seg til høgt arbeidspress. Tiltaket vil ha ein god effekt på redusert bruk av variable lønskostnader.

Kompetansebygging/ fagdag:

Helse- og omsorgstenestene er inne i ei svært utfordrande tid. Det er høge forventningar til dei kommunale tenestene, både når det gjeld kapasitet, kompetanse og nytenking. Kompetansebygging er utfordrande fordi det må skje samstundes som ein har ansvar for brukarar som treng teneste. Derfor er det viktig å sette dette i eit system som sikrar målretta kompetansebygging. Dette er og viktig for å skape motiverte tilsette, godt arbeidsmiljø og utvikling av gode tenester, noko som også den gjennomførte arbeidsmiljøundersøkinga viser. Derfor vil vi innføre fagdag. Vi viser til prosessnotat økonomi, pkt. q. (PS sak 107/2016).

Leiarutvikling:

Sektoren har ansvar for mange viktige oppgåver i kommunen. Det er viktig med høg kompetanse på dei ulike leiarnivåa. Dette er ledd i den store omorganiseringsprosessen som er gjennomført i kommunen. For sektor helse og omsorg er det behov for å auke kompetanse både i høve administrative oppgåver og stadig endra faglege oppgåver, men ikkje minst i det å vere leiar i desse endringstidene vi er inne i.

Sjukeheim**:**

- Redusere talet kortvakter/ ufrivilleg deltid i 3 etg.
- Høg arbeidsbelastning i 3 etg. noko som og kom fram i arbeidsmiljøkartlegginga. Behov for å styrke grunnbemanning på alle Dag- og Seinvakter. Ein opplever at bebuarane ved sjukeheimen vert jamnt dårlegare. Dette er i tråd med strategien om at folk skal bu heime så lenge som råd før dei skal på høgre omsorgsnivå. Dei fleste er innom ein døgnbemanna bustad før dei får tildelt plass på sjukeheimen. Dette medfører at alle har eit høgt omsorgsbehov. Viser og til *Forskrift om en verdig eldreomsorg*, §§ 1, 2 og 3. I tillegg er det stor usikkerheit knytt til nytt oppdrag på øyeblikkeleg hjelp for pasientar med rus- og psykisk sjukdom frå 01.01.17 for kommunane.
- Behov for å styrke koordinering av frivilleg innsats i sjukeheimen. Viser og til Omsorgsplanen som skisserer dette behovet. Hausten 2016 flytta ein ressursar frå Mork bustader for å opprette stilling som 20% frivillegkoordinator, starta som eit prosjekt for å styrke og kvalitetssikre det frivillege omsorgs- og aktivitetstilbod for eldre gjennom utdanning av frivillegkoordinatorar. Dette viktige området skulle vore prioritert med samla 40% stilling. Viser og til prosessnotat økonomi, pkt. p. (PS sak 107/2016).

Heimeteneste til heimebuande:

- Heimetenestene har ein avgjerande funksjon med å gi forsvarlege tenester så lenge folk bur heime. Oppgåva er viktig for å utsette behov for meir omfattande tenester. I dette ligg og at dei faglege oppgåvene veks og at ein ikkje kan la vere å gi eit fagleg forsvarleg tilbod. Seinare tid har heimetenestene måtte leige inn ekstra personell fast på helgar for å kunne utføre alle oppgåvene sine.

Heimetenestene, omsorgsbustader:

- Behov for å styrke koordinering av frivilleg innsats i døgnbemanna omsorgsbustader. Viser og til Omsorgsplanen som skisserer dette behovet. Hausten 2016 flytta ein ressursar frå Mork bustader for å opprette stilling som 20% frivillegkoordinator, starta som eit prosjekt for å styrke og kvalitetssikre det frivillege omsorgs- og aktivitetstilbod for eldre gjennom utdanning av frivillegkoordinatorar. Dette viktige

området skulle vore prioritert med samla 40% stilling. Viser og til prosessnotat økonomi, pkt. p. (PS sak 107/2016).

Tenesta/ butenesta for funksjonshemma:

- Frå 01.08.2016 vart barnebustad nr. 2 etablert. Isolert sett har dette medført bemanningsauke med 1,5 årsverk. Det er no 13 brukarar av avlastingstilbodet i tillegg til to barnebustader. 7 av dei 13 borna treng 1:1 bemanning på tilbodet. I tillegg får tenesta forlenga avlastingsbehov pga forsinkingar i bygging av nye omsorgsbustader.
- Nye omfattande tenestetilbod som vert etablerte utanfor ordinær tenestestruktur.
- Bemanning til dei planlagde omsorgsbustadane på Doktorhaugen.

Førebygging, rehabilitering og legeteneste:

- Med unntak av denne einingsleiaren har dei andre einingsleiarane i sektoren 100 % funksjon som leiar. Ein ser at arbeidsbelastninga over tid har vore stor og at administrering av dei ulike tenesteområda krev stor innsats. Med tanke på alle dei viktige funksjonane som ligg under denne leiaren, er det viktig at det vert lagt tilrette for at eininga fungerer optimalt. Mellom anna er det mykje forebyggande arbeid og behandling som vert utført i denne eininga. Dette er viktige funksjonar med tanke på tenestetrappa, der eit mål er å halde folk så lågt nede i trappa som mogleg.
- Fastlegane i Volda har siste året hatt eit svært travelt år. Gjennom almennlegeutvalet til samarbeidsutvalet har det vore meldt behov for å opprette ein ny fastlegeheimel. Legane melder at dei ikkje har kapasitet til å ta imot alle førespurnader på fastlege. Dei melder og om så stor vaktbelastning at situasjonen ikkje kan halde fram slik. Ein manglar kontor til ny legeheimel, men fastlegane er innstilt på at, fram til legesenteret vert ombygd/ utvida, ny fastlege må kunne bruke av ledige legekontor, dvs bytte kontor frå dag til dag. Det kan gjerast då legane har ulike offentlege oppdrag autanfor legekontoret og at dette gir ulike ledige kontor frå dag til dag.

Generelt i sektoren:

- Særleg tilrettelagt omsorgsbustadar (erstatningsbustadane for Mork bustader)- behovet for mindre bueiningar til krevjande eldre med demens og/ eller psykiske vanskar var tenkt realisert i det prosjektet.
- Ta i bruk velferdsteknologi som supplerer direkte tenesteyting på ein slik måte at det gir både fagleg forsvarlegheit og naudsynt tryggleik, spesielt knytt til heimebasert omsorg.

Oppstart prosessar:

I prosessnotat økonomi, pkt. p. (PS sak 107/2016), heiter det*: Rett teneste på rett nivå og effektiv bruk av ressursar i helse og omsorgssektor. Det skal takast omsyn til både organisatoriske og bygningsmessige og ved bruk av teknologi. Samarbeidet med frivillege og pårørande skal vidareførast og setjast i system i utvikling av tenestene i sektoren*. Helse- og omsorgssjefen opplyser at ho har allereie starta prosess saman med einingsleiarar og tillitsvalte på område som har vore løfta fram i budsjettprosessen:

- Sjukeheimen, bruk av bemanningsressurs
- Førebygging, rehabilitering og legeteneste: prioritere bruk av ressursane i einingа sett i forhold til både fastlegebehov og leiarressurs.

- Rus- og psykisk helseteneste: bruk av bemanningsressurs i heile einina, ikkje minst med tanke på dei nye oppgåvene som er skissert for kommunen frå 01.01.2017 og prosjektmidlane som fell vekk.
- Heimetenestene for heimebuande og omsorgsbustader: bruk av ressursar på tvers av dei to einingane.
- Tenestene/ butenestene for funksjonshemma: bruk av bemanningsressurs på tvers av einingane.
- Etablere bruk av digitale tryggleiksalarmar med muligheit for å kople til anna velferdstekologisk utstyr, inkludert også gode responstenester.

Nye arbeidsmåtar og innretning av tenestene med førebygging og tidleg innsats skal gi brukarane høgare livskvalitet ved at dei i større grad kan utvikle det friske og ta i bruk eigne ressursar. Dette skal ikkje gå på akkord med nødvendige hjelpebehov, men rett teneste på rett nivå til rett tid kan utsetje pleiebehov og redusere utgiftsbruken. Sektoren må i tida framover kunne ta ut effekt av nye arbeidsmåtar, og må arbeide systematisk målretta i prosess med tillitsvalde og brukarrepresentantar for å lykkast.

Det er svært store utfordringar i sektoren for å tydeleggjere retning og finne løysingar med forpliktande oppfølging som gjer at ein greier å drive tenestene innanfor framtidig tilgjengelege ressursar. Ei rettesnor for dette er statleg normert nivå som grunnlag for Volda kommune sitt utgiftsbehov for helse- og omsorgstenestene. Dette krev god leiing og god ressursutnytting. Rådmannen vil forankre ein prosess på dette i budsjettvedtaket.

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Medarbeidarsamtale med alle fast tilsette		Helse- og omsorg har relativt store tenesteområder med mange små stillingar, slik at det vert ulike tidsinterval og måtar å gjennomføre samtalar på.
Initiere innovative/nytenkjande tiltak: Å prøve ut og ta i bruk velferdsteknologi		
Handhaldne terminalar i heimetenesta kopla til fagstystemet Gerica gir oversikt over ATA (ansikt til ansikt tid) for å planleggje betre ressursbruken.		Bruke eksisterande teknologi til måling av ATA, både i heimetenestene og i døgnbemanna omsorgsbuster for eldre.
Nærvær på 91 %		Nærværprosent pr. august 2016 er 91,375 %
Månadleg økonomirapportering med fokus på å halde økonomisk ramme på alle nivå i sektoren.		Månadleg rapportering frå leiar til økonomiansvarleg med oppfølging av avvik frå økonomiansvarleg. Tett dialog og godkjenning frå kommunestyret ved evt. ekstrabehov som ikkje kan dekkjast innanfor tildelt ramme. Fokus på økonomi/budsjett på leiarmøte kontinuerleg

Kvardagsrehabilitering er implementert frå prosjekt til ordinær teneste		Måltal –Effekt av kvardagsrehabilitering skal målast kvarttalsvis ved standardisert og anonymisert evalueringsverkty og rapporterast til kommunestyret
Tildelingskontoret er forvaltareining i sektor helse og omsorg, rett teneste på rett nivå.		Rett teneste på rett nivå Standardardar vert forankra i kommunestyre.
Aktiv omsorg og frivillig koordinering i eldreomsorga. Deltaking i kulturelle aktivitetar. Frå prosjekt til implementering av Frivilligkoordinatorar i eldreomsorga ved sjukeheim og døgnbemanna bustad		Tal frivillege som engasjerer seg i høve brukarane. Tal kulturelle arrangement og tal deltakarar på arrangementa, både avdelingsvis og større arrangement t.d. kulturelle spaserstokk. Kartlegging tre gongar i 2017, januar, august og november.
Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus vert overtekne innan fristen, og kommunen skal ikkje betale for liggjedøgn på sjukehus		
Forpliktande oppfølging av tiltaksplanane for å utvikle leiingsdyktigheit og styrka arbeidsmiljø i heile sektoren, jfr oppfølging etter arbeidsmiljøundersøkinga		Milepelsoppfølging med inolvering av tillitsvalte og verneombod.
Etablere arena og program for kompetanseutvikling og for å drive utviklingsarbeid.		
Gjennomføre utviklingsprosess for å peike ut tydeleg retning, konkretisering av mål og satsingsområde for å løyse utfordringane i sektoren, slik at ein får kontroll med utgiftsveksten.		

3.4 KULTUR OG SERVICESEKTOREN

Sektoren omfattar servicekontor med politisk sekretariat, arkiv og indre tenester, kino, bibliotek, frivilligsentral og ungdomsklubb. I tillegg har servicekontoret ansvar for sakshandsaming som er lagt i frontlina, som td. skjenkesaker. Tenestene i sektoren har eitt fellestrekk: Dei yter i stor grad publikumsretta tenester, kulturavdelinga ved å gje gode kulturtilbod til innbyggjarane og servicekontoret ved å gje god informasjon om alle dei ulike tenestetilboda kommunen har å by på.

Teneste og utviklingsmål		
➢ Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda	➢ Elektroniske skjema på heimesida og digital kommunikasjon med innbyggjarane skal gi forenkla tenester for brukarane og frigjorte ressursar i administrasjonen	➢ Aktiv frivillig sektor
➢ Fokus på barn og unge og leggje til rette for positive opplevingar og deltaking innan ulike arenaer og aktivitetar i kommunen	➢ God fagkompetanse som sikrar god og effektiv sakshandsaming	➢ Handheve kommunen sin ruspolitikk i tråd med god førebygging og streng oppfølging av brot på alkohollova

Utfordringar

Fråveret av ei eiga "kulturdedikert" stilling (etter at kultursjefstillinga blei inndratt frå januar 2014), har ført til redusert kapasitet i sektoren når det gjeld å kunne ta initiativ til kulturtiltak og kulturarrangement. Det er heller ikkje vore rom for frie kulturmidlar i kommunen sitt budsjett dei siste åra. Arbeidet med kulturminneplan er igangsett, og den er planlagt ferdigstilt i 2017. Frivilligsentralen har ei sentral rolle i å formidle kunnskap om moglege stønadsordningar og medverke til å styrke kompetansen til dei frivillige innan styrearbeid og andre område som kan styrke organisasjonslivet i kommunen.

Biblioteket flytta inn i nye lokale i mars 2015. Det vert framleis utfordring å tilfredsstille krava i den nye biblioteklova om at biblioteket skal vere møteplass *(:§1: Føremål: … Folkebiblioteka skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt*…). Kinoen held fram arbeidet med å gje eit godt og variert kinotilbod til innbyggjarane, og er eit viktig lågterskeltilbod i kommunen. Ungdomsklubben har 60 % stilling fordelt på to kveldar i veka og held til i mellombelse lokale i 2. etg. på samfunnshuset. Det er uttrykt ynske om meir permanente og meir tenlege lokale, som kan gje moglegheit for

fleire parallelle aktivitetar på kvar klubbkveld. Ungdomsklubben har låge besøkstal, noko som samanheng med det lite tenelege og små lokalet dei har til rådigheit.

I september 2016 tok Volda kommune i bruk digital kommunikasjon via SvarUt (direkte kommunikasjon med innbyggjarane frå arkivsystem og andre fagsystem) og det vil bli jobba aktivt i 2017 med å få flest mogleg av innbyggjarane til å ta i bruk digital postkasse. Førebels er det berre sak/arkivsystemet som er kobla opp mot SvarUt, men andre fagsystem vil truleg følgje etter allereie i 2017. Prosessen med innkjøp/oppgradering av nytt arkivsystem vil også starte i 2017.

Det er stort etterslep på ordning, listeføring og etikettering av arkivmateriale for perioden 1964 og fram til i dag, jf avvik ved statleg tilsyn i 2014. Etterslepet utgjer om lag 430 hyllemeter, og Statsarkivet vurderer at det er behov for omkring 2,5 årsverk for å ordne og listeføre denne mengda med papirbaserte arkiv. Det er ikkje mogleg å få satt av ressursar til dette arbeidet i den daglege drifta til sektoren. Det er ønskeleg at Volda kommune fekk ordna og listeført dette store etterslepet snarast råd, særleg med tanke på den førestående kommunesamanslåinga med Hornindal.

Volda kommune er aktiv på sosiale media som Facebook og Twitter. Auka bruk av elektroniske skjema via kommunen si heimeside og større grad av digital integrasjon er ei målsetting for å effektivisere tenestene og forenkle tenestetilbodet for innbyggjarane. Ein så stor organisasjon som Volda kommune burde hatt ein eigen kommunikasjonsmedarbeidar. Behovet aktualiserer seg enda meir i prosessen med å etablere ny kommune saman med Hornindal.

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda		Gjennomsnittleg antal nyhendeoppslag pr veke på Facebook, Twitter og heimesida.
Elektroniske skjema på heimesida skal gi forenkla tenester for brukarane og frigjorde ressursar i administrasjonen.		Antal tenester det vert utvikla skjema for. Anslag på effekt for brukar og frigjort tid
Ingen negativ omtale av avdelinga i media		
Avklare lokale for ungdomsklubben og ta ein gjennomgang av behovet for bemanning samanlikna med opplegg i samanliknbare klubbar i andre kommunar. Ungdomsklubben skal opparbeide eit fungerande crew i rett aldersgruppe		Crew er ungdom som jobbar på dugnad på ungdomsklubben
Arrangere fire debattmøter i biblioteket		Den nye biblioteklova seier mellom anna at *"Folkebibliotek skal være en*

		møteplass og arena for offentlig samtale og debatt".
Volda filmteater skal ha eit besøkstal på minimum 14000.		
Frivilligsentralen skal arrangere minimum eit opplæringstiltak/kurs for frivillig sektor		
Alle institusjonane i kommunen få tilbod om eit variert kulturtilbod frå den kulturelle spaserstokken.		
Ajuorføring av personsikkerheitshandboka å ivareta overordna funksjon for at denne er kjent ute i organisasjonen		Organisere opplæring av leiarane i personvernhandboka og sikre oppfølging av overordna rutinar

3.5 OPPLÆRING OG OPPVEKSTSEKTOREN

Opplæring- og oppvekstsektoren omfattar tenesteområda svangerskapsomsorg, helsestasjon- og skulehelseteneste, barnehage, grunnskule, læringssenteret med vaksenopplæring og introduksjonsprogrammet for flyktningar. PPT er organisert under Ørsta som vertskommune.

Teneste- og utviklingsmål		
➢ Gjennom god samhandling i sektoren arbeide førebyggande for å fremje eit godt psykososialt miljø, ha helsefremjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader.	➢ I samarbeid med heimane arbeide for at alle barn og unge i det daglege opplever glede over eiga meistring.	➢ Skape eit utviklande og inkluderande oppvekstmiljø for barn og unge, utan omsyn til bustad, kjønn, sosial bakgrunn, etnisk opphav eller funksjonsevne.
➢ Helsestasjon og skulehelsetenesta skal fremje god psykisk, fysisk og sosial helse hos barn og unge, samt førebygge sjukdom, skade og lyte. Dette gjeld og flyktningar og asylsøkarar i alle aldrar.	➢ Sikre relevant kompetanseheving for å nå mål og føringar i ny rammeplan for barnehagane.	➢ Styrke den ordinære opplæringa og vri ressursbruken over frå spesialundervisning for at fleire elevar skal få opplæring i fellesskap med andre og få utbyte av den ordinære opplæringa.

Utfordringar

- Tidleg og tverrfagleg innsats for å sikre at barna og flyktningar som skal integrerast gjennom det kommunale tenesteløpet vert i stand til å gjennomføre utdanning og kome ut i arbeidsmarknaden.
- Oppgradering av det fysiske arbeidsmiljøet på helsestasjonen, i barnehagane og Volda ungdomsskule.
- Kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane, inkludert opplæringsbasseng.
- Utvide kapasiteten ved Mork skule og oppgradere det fysiske arbeidsmiljøet.
- Arbeidsplassar til pedagogar i barnehagane.
- Velfungerande IT-løysingar som gir tilsette gode verkty til eige arbeid og i det pedagogiske arbeidet i helsestasjon, barnehage og skule.
- Sikre god grunnressurs i helsestasjonen, barnehagen og skulen.
- Ressursar til kompetanseheving.
- Styrke den tverrfaglege samhandlinga

Det vert synt til økonomiprosessen og føringane som vart vedtekne i kommunestyret i septembermøtet. Desse vil verte ført opp gjennom eigne prosessar og saker for politisk handsaming framover. I økonomiplanen er det lagt inn investering i ny barnehage for å samle dei kommunale barnehagane i Volda sentrum. Storleiken av denne vert å sjå i samanheng med kapasiteten i private barnehagar. Bygningsmassen til Engeset barnehage bør inngå i planane for utbygging av omsorgsbustader og kontor for helse og omsorg. Det er lagt inn grovt anslag for rehabilitering og utbygging av Volda ungdomsskule i økonomiplanen for å samle ungdomstrinnet ved denne skulen.

MÅL 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Barselomsorga skal følgje nasjonal fagleg retningslinje.		
Etablere/vidareføre gruppetilbod ✓ For barn som opplever skilsmisse ✓ Jentegrupper i ungdomsskulen – 2 pr år ✓ Lågterskel foreldrerettleiing ✓ Gruppetilbod psykisk helse for minoritetsungdom		
Styrke innbyggarane sin kunnskap om kosthaldet og aktivitet gjennom tverrfagleg samarbeid inn mot foreldre til 1. klassingar.		
Gjennomføre ettervaksinering med HPV-vaksine av jenter fødde i -91 t.o.m. -96 (nasjonal satsing). Skal vere sluttført 01.07.19		
Etablere felles helsestasjon for ungdom og studentar ved nye Øyra skule		
Etablere formalisert samarbeid mellom helsestasjon og barnehage		
Tidleg oppdage barn som treng ekstra hjelp og støtte og utarbeide rutinar for tiltak og oppfølging		
Oppretthalde minst 50 % pedagogtettleik i dei kommunale barnehagane		
Tilsyn og godkjenning av barnehagar etter oppsett plan.		
Sikre kompetanseheving i samband med ny rammeplan i barnehagane		
Gjennomføre overgangssamtalar barnehage-barneskule-ungdomsskule		
Volda skal ha ei skulefritidsordning som støttar den språklege og sosiale utviklinga til elevane.		Særleg for born frå språklege minoritetar er SFO ein viktig arena for språkleg utvikling.
Innføre Ipad som pedagogisk verkty i barnehage og småskulen		Med særleg vekt på språkutvikling og bruk av IKT som pedagogisk verkty

Grunnskulepoeng og resultata på eksamen skal vere høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet.		Her har Volda vist gode resultat som det må vere eit mål å halde fram med.
Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse, skal reduserast med 15 % samanlikna med skuleåret 15/16		For både enkeltindivida og samfunnsøkonomisk er det størst gevinst å hente ved å rette innsatsen mot denne elevgruppa.
Med støtte i gode program styrke den psykiske helsa til barn og unge		Opplæring og oppvekst er inne i fleire prosjekt i dette arbeidet som Tidleg inn, Voldaprosjektet og Zippys venner. Volda kommune har i tillegg eigen psykolog
Ei styrking av den ordinære undervisninga skal redusere behovet for spesialundervising.		Viss den ordinære undervisninga gir utbyte for fleire elevar, vil behovet for spesialundervisning bli mindre.
Alle einslege mindreårige flyktningar skal gå ut med greidd grunnskuleeksamen		
60 % av deltakarane i introduksjonsprogram skal gå over til arbeid eller vidaregåande utdanning etter avslutta program.		
Utarbeide rammeplan og mål for kulturskuledrifta		
Identifisere og styrke tiltak som reduserer sjukefråværet		
Informasjon på kommunen sine heimesider skal vere oppdatert.		
Utarbeide kvalitetsplan for sektoren		

3.6 TEKNISK SEKTOR

Teknisk sektor omfattar tenesteområda veg, vatn, avløp, brannvern oppfølging av forureininglova (miljø) og forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg. Sektoren har ansvar for både drift og anlegg. Det er store anleggs- og byggjeprosjekt som skal gjennomførast. Erfaringsvis har det vore budsjettert større volum av investeringar enn det sektoren har hatt kapasitet til å gjennomføre.

Teneste- og utviklingsmål		
➢ Levere tenester av god kvalitet til innbyggjarane, næringslivet, andre kommunale sektorar og overordna mynde.	➢ Arbeide for auka busetnad og næringsutvikling gjennom utbygging av infrastruktur	➢ Milepelsplan på tvers av sektorområda inkl regulering, grunn-erverv, prosjektering og utbygging under felles prosjektleiing
➢ Det skal vere trygt å ferdast for alle trafikantar	➢ Planlegging og drift av tenestene med fokus på folkehelse	➢ Sikre god og trygg vassforsyning
➢ God beredsskap mot uønska hendingar og for takle slike hendingar dersom dei oppstår	➢ Bygningsmassen skal forvaltast slik at dei gir god kvalitet for brukarar og tilsette, samt ikkje fortaper sin verdi	➢ Velje arbeidsmåtar og teknologiske verkty som gir mest mogleg teneste ut av ressursane
➢ Innovative innkjøpsprosessar der ein utnyttar handlingsrommet i innkjøpsregelverket (jfr leverandørutviklings-programmet	➢	➢

Utfordringar

Volumet på vedtekne investeringar medfører behov for auka kapasitet på ingeniørar. Dei nytilsette har orientert seg raskt inn, og er i full gong med prosjektarbeid. Særskilt er det dei store innkjøpa til prosjekta som krev mykje av kapasiteten vår, då reglar for offentlege anskaffingar er omfattande, kronglete og ikkje alltid eintydige. I ein del kommunar er det stor gevinst på innovative innkjøpsprosessar der ein går vekk frå førehandsdefinerte standardarar og inviterer næringslivet inn i konkurransen på tidlegare stadium for å delta i planlegginga for å finne smartare løysingar. KS, NHO og DIFI har saman etablert Leverandørutviklingsprogrammet som gir rettleiing i slike metodar. Her er det eit potensial for å at anlegg og bygg kan gjennomførast både smartare og billegare enn ved tradisjonelle kontrakter etter kravspesifikasjonar med førehandsdefinerte standardarar. Det må satsast på kompetansebygging og kapasitet til å ta i bruk nye innkjøpsmetodar.

Teknisk sektor driv i stor grad tenestene ved bruk av eigne maskinar og folk. Kommunestyret har vedteke eit forvaltningsrevisjonsprosjekt for å sjå på organiseringa og kor effektivt ressursane vert utnytta.

Sektor for Utvikling har rekruttert kompetanse på miljøfag, og bør ta over oppfølging av forureiningslova.

Sjølvkosområdet vart i 2015 skilt ut som eiga økonomisk rapporteringsområde for å ha betre kontroll med økonomien til kommunalteknisk avdeling gjennom året. Det er behov for å arbeide meir med modellen for at ein skal få gode nok rutiner for kostnadsfordeling og rapportering.

For å prioritere vedlikehald av eigedomsmassen, vart stell av uteområda også ved bygga lagt til park og kyrkjegardeininga i 2014 (utan overføring av ressursar som fekk ansvar for dobbelt areal). Det trengst styrka stillingsressurs i vekstsesongen. Til samanlikning har Ørsta kommune, med mindre slåtteareal, 4 stk 100 % stillingar til Park og Kyrkjegardsdrift. Vi har no prøvd å drifte Park og Kyrkjegard med 2 mann i 2 år og det er ikkje mogleg å drifte parkanlegga våre ilag med skuleareal og samstundes halde ved like bedd og prydbuskar i sentrum og rundt Helsebygga våre. I 2016 har vi hatt ei midlertidig tilsett, nær heile året, for å rekke over gravferder og slåtteareal, det kan ikkje halde fram etter arbeidsmiljølova. Alternativet er å la «Helsehagane», bedd og buskvekstar i sentrum, gro igjen, eller fjerne dei, og akseptere at parkar og skulegarder er sjuskete og dårleg vedlikehald. Kyrkjegardane vil vi alltid prioritere først. Det er foreslått å styrke Park- og kyrkjegardseininga med 50 % stillingsressurs. Det vert frigjort tilsvarande ressursar gjennom meir effektivt organisering av reinhaldet ved Hamna 20 som eigedomsavdelinga er anvarleg for.

Sjølvkost:

Vatn og avløp har fram til i dag vore drive mykje på kompetanse til enkeltpersonar. Eininga har få skriftlege rutinar og er sårbare i situasjonar ved fråver. Myndigheitene set større krav til dokumentering av arbeidet, og at ein skal ha gode skriftlege rutiner som enkelt kan kontrollerast og målast. Eininga driftar og vedlikeheld også 12 større og mindre anlegg, som sidan dei ble bygd eller overtatt frå det private, har gjennomgått oppgraderingar. Dette igjen har ført til at vedlikehaldsarbeidet med kvart anlegg har auka, utan at dette har vore dokumentert eller systematisert. Det er ei stor oppgåve framover å systematisere, effektivisere, innarbeide rutinar og dokumentere arbeidet eininga gjer og skal gjere. Dette er heilt naudsynt for å oppnå målet om å levere gode tenester med god kvalitet til dei abonnentane. Etter krav frå Mattilsynet er det også behov for større investeringar som vil auke vatn og avløpsgebyra, samt at investeringane vil auke vedlikehaldskrav og ressursar i form av større anlegg og meir komplekst utstyr.

Eininga har hatt store utfordringar med å følgje med på regnskapen til kvart driftsprosjekt då timelister, driftsmiddel og leigekostnadar frå fjoråret kjem seint inn i økonomisystemet. Det er heller ikkje tilstrekkelege prosjektstyringssystem til å følgje opp drift på ein tilfredstillande måte. Eininga ser det på som viktig at IT-system og brukarvennlrgheit blir prioritert høgt i året som kjem.

Brann:

Arbeidsmengda i avdelinga har auka veseentleg siste åra. Nye forskrifter og generelt auka krav til tenesta gjer det utfordrande å henge med. I 2016 kom ny førebyggande freskrift. Der er det betydelige endringar og auka krav både når det gjeld feiing og tilsyn, noko det må avsettast resursar til å jobbe med neste åra. Auke i tal oppdrag, auka krav og forventningar for beredskapsavdelinga har også auka arbeidsmengda. Brannmannskapa har det same tal øvingar no som for 30 år sidan til tross for vesentlig fleire områder å halde seg oppdatert på. Stillingsprosenten til mannskapa i sentrum bør aukast frå 1,35 til 2 %, noko som utgjer ein kostnad på totalt kr 70 000.

Dei lovbestemte krava til utdanning har også auka betydelig utan at ramma har auka tilsvarande. Å utdanne ein brannkonstabel har ein kostnad på om lag kr 150 000. For utrykningsleiarar og befal kjem det mellom 100 – 200 000 i tillegg.

Det vil ikkje vere råd å tilfredsstille krava til tenesta utan at det vert ei auke i budsjettramma.

Eigedom:

Eigedom har ei krevjande byggmasse som krev kontinuerlig vedlikehald for å ta vare på dei verdiane som er skapt i Volda kommune. Slik det er i dag har vi ikkje nok personell til drifta, der stadig nye driftskrav melder seg (leikeplasskontroll, legionellahandtering, radonmåling, innemiljø etc.) og krav til vedlikehald med eit stort etterslep. Det er naudsynt for avdelinga at det blir tilsett meir personell for å oppretthalde forvaltning, drift og vedlikehald. I forkant av gjeldande planperiode fremja avdelinga forslag om 3 driftsteknikarar til som skal gå inn i alle delar av FDV (forvalting, drift og vedlikehald). Det vart ikkje funne rom til dette i budsjett og økonomiplan, men ved fleire nybygg under utvikling vil denne utfordringa forsterke seg. Slik det er i dag må ein forvalte, drifte og vedlikehalde større bygningsmasse med likt tal personell. Den daglege drifta som skal til for å drive verksemd i bygget kan ikkje reduserast på, derfor vil dette ha konsekvens for vedlikehaldet.

For å ha kapasitet til å gjennomføre investeringar som står i budsjett og økonomiplan er det innarbeidd 3-års engasjement for prosjektleiar bygg. Personen her skal i hovudsak arbeide med 4 etg. omsorgssenteret, legesenteret, særlege tilrettelagte omsorgsbustadar og plan ny barnehage.

Kommunestyret vedtok å tilsetje 2 tømrar på heiltid gjennom investeringsprosjekt som skal oppgradere kommunal bygningsmasse, ei slik oppgradering hjelper godt på etterslep som har vore på vedlikehald. Det er viktig å merke seg at når denne oppgraderinga er gjennomført, startar forfallet på nytt (på nytt bygg/renovert bygg startar vedlikehaldet første dagen bygget vert teke i bruk), som bygg eigar er tilrådd norm kr 200 i vedlikehald pr. m² areal. Det jamne vedlikehalde som bør gjennomførast er ei driftsutgift for kommunen.

Det har vore arbeidd godt siste åra med dei ressursar som ein har til rådvelde. EPC-programmet er ei stor satsing på miljø og driftsøkonomisering, og det ligg også vedlikehaldsoppfølging i modellen for dei bygga som programmet omfattar.

Tildelingskontoret og eigedomsavdelinga har utvikla eit svært godt samarbeid (også med andre tenester) som har medført god gjennomstrøyming i kommunale bustadar Dette medfører krav til oppgradering av husvære som har vore utleigt kontinuerlig i 10 - 20 år. Denne oppgraderinga kjem i tillegg til det etterslepet som er på andre kommunale bygg, som er naudsynt å ta tak i. Mykje av dette vært løyst gjennom tilsetting av 2 tømrarar i 100 % på investering. Større prosjekt kan komme som forslag til kommunestyret der ein samhandlar med ulike tenester for å nå målsettingar i kommuneplanen.

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Alle skriftlege førespurnadar skal gjennomgå ein mottakskontroll og få tilbakemelding innan 4 veker		Antal førespurnader som ikkje har fått svar i samsvar med forvaltningslova og skildring av tiltak for å følgje opp
Tilpasse standard på tenestene og gjere tiltak for å halde budsjettramma		
Behalde og rekruttere personell		
Nærver på min 90 %		
Brannberedskapen skal opplevast som god		
Brannberedskap som tilfredsstiller dimensjoneringsforskrifta og vurdert risiko i heile kommunen		
Lukke avvika brannvernet fekk i 2016 etter tilsyn frå Arbeidstilsynet og DSB.		
Risikobasert tilsyn i særskilte brannobjekt		
Feiing etter behov og tilsyn kvart 4 år i alle bustadar.		
Brannmannskapa gjennomført opplæring, øving/kurs og tryggleiksutstyr slik at dei kan utføre redningsinnsats på ein trygg måte		Antal tilsette som har gjennomført kurs og type kurs
Førebyggande brannvernopplæring for alle 6. klassingar i kommunen		Antal klassar det er gjennomført opplæring i

Vedlikehald, rehabilitering og oppgradering for å gi brukarane brukarvenlege lokale så langt det er mogleg innanfor den kommunale bygningsmasse		Gjennomføre innovative prosjekt, planmessig gjennomføring av oppgradering, rehabilitering, vedlikehald, samt ny bygg.
God prosjektstyring ved koordinering og planlegging med rett progresjon i høve regulering, finansiering og grunnkjøp.		Antal prosjekt som vert drive etter denne prosjektmetodikken
Fokus på miljø, sørgje for gode tiltak blir gjennomført i tråd med kommuneplan med satsing på klima og miljø.		Gjennomføring av EPC – programmet.
Starte arbeidet med å etablere ein oppgradert eller ny base for driftsoperatørane ved Myrtun i samsvar med arbeidsmiljølova.		
Regelmessige møter med alt personell og rutine på enkeltvis samtalar /medarbeidarsamtale med alle tilsette etter avtalt intervall.		
Utarbeide rutinar og standarar for arbeidet som vært gjennomført ved drift og vedlikehald av kommunale vassverk og avløpsreinsenlegg		
Få på plass eit FDV system tilpasse drift og veldikehald av vassverk og avløpsreinseanlegg og leidningsnett.		
Utvikle kompetanse på innovative innkjøp etter modellen i Leverandørutviklings-programmet. Gjennomføre alternative innkjøpsmodellar med fokus på innovasjon og betre oppfølginga av leverandørar og entreprenørar som utførar oppdrag for kommunen.		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		Rapportere på antal prosjekt som vert initiert

3.7 UTVIKLINGSSEKTOREN

Sektoren har ansvar for utarbeiding av kommuneplanar, handsaming av reguleringsplanar og rettleiing av saker innanfor plan- og bygningslova og andre lover som sektoren forvaltar. Handsaming av søknader om bygg, anlegg og deling av grunneigedom, samt registrere tiltak i matrikkelen ligg også til sektoren. Vidare har sektoren ansvar for kart- og delingsforretningar, seksjoneringssaker og forvaltninga av det digitale kartverket for grunn- og eigedomsdata. Utviklingssektoren er eigedomsskattekontor. Ørsta som vertskommune driv landbrukskontor for Volda kommune. Utviklingssektoren er kontaktinstans overfor landbrukskontoret og koordinerer landbrukssaker som skal til politisk handsaming i Volda kommune.

Teneste- og utviklingsmål		
➢ Leie prosessen med kommuneplan og sakshandsame kommuneplanen for politisk handsaming i samsvar med framdrifta i planprogrammet	➢ Utarbeide planstrategi og kommunale reguleringsplanar i samsvar med kommuneplan, overordna styrings-signal med sikte på god og langsiktig arealforvaltning	➢ Tilretteleggje for nye bustad- og næringsareal slik at behovet for tomtetilgang vert oppfølgt
➢ Signal ved førehandskonferansar før oppstart av private reguleringsplanar skal vere forutsigbare og forankra politisk	➢ Halde lovfastlagde sakshandsamings-fristar og fristar for oppfølging av oppmålingsteneste	➢ God kompetanse og sikre god fagleg oppdatering
➢ Arealpolitikk som balanserer mellom behov for dyrka jord og busetting på bygdene	➢ God rettleiingsteneste i landbruket	

Utfordringar

Stabil arbeidsstab er ei utfordring og ein liten sektor er sårbar ved eventuell sjukdom/sjukmelding blant dei tilsette. Vi har no fått auka vår kapasitet på arealplanlegging, men det vil framleis vere eit lite fagmiljø der ein er avhengig av at ein unngår langtidsfråver for å klare dei lovpålagte tidsfristane. I tillegg har sektoren har starta med revisjon av arealdelen av kommuneplanen. Dette er ein krevjande og omfattande prosess som vil binde opp mykje av tida til planleggarane.

Sektoren har teke ansvaret for eigedomsskattekontoret ved innføring av eigedomsskatt. Dette er gjort utan tilføring av ressursar. Dette resulterer at andre oppgåver har fått lågare prioritet.

Det dukkar stadig oftare opp kompliserte juridiske problemstillingar i samband med plan- og byggesakshandsaming. Dette er ekstra utfordrande da ingen ved sektoren har formell juridisk kompetanse.

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Folkehelseperspektivet skal vere med i all planlegging		
Søke om tilskot til minst eit friluftstiltak jf kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (KIFF-planen)		
Følgje KIFF-planen gjennom spelemiddelsøknadar		
Gjennomføre kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområda i kommunen		
Rullering av KIFF-planen		
Halde den økonomiske ramma		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette		
Kritikkverdige forhold skal varslast i samsvar med kommunen sine rutiner etter arbeidsmiljølova		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		Antal prosjekt
Nærver skal aukast i høve til 2016 (ambisjonsnivå på min 95 %)		
Sjukefråver pga av arbeidsmiljø skal ikkje forekome		
Rett kompetanse i alle stillingar		
Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk		Antal avvik og oppfølgingstiltak for å følgje opp målsettinga
Alle som vender seg til Volda kommune skal få svar i samsvar med krava i forvaltningslova		
Koordinering av gjennomføring av planar saman med teknisk sektor		
Utarbeide høyringsforslag av kommuneplanen sin arealdel med ROS-analyse og konsekvensutgreiing (KU)		
Revisjon av overordna ROS-analyse frå 2013		

3.8 ØKONOMIAVDELINGA

Økonomiavdelinga er ansvarleg for stabs- og støttetenester i samband med rekneskap, budsjettering, rapportering og økonomisk rådgjeving. I tillegg har avdelinga ansvar for utadretta tenester som innkreving av skatt og avgifter, og Husbankordninga med Startlån, bustøtte og tilskot.

Teneste- og utviklingsmål		
➢ Støtteteneste som gir grunnlag for god oversikt og god økonomistyring	➢ God finans- og økonomiforvaltning	➢ Leie budsjett- og økonomiplan-prosessar som sikrar brei involvering og brei kunnskap om kommunen sine rammevilkår

Utfordringar

- Avdelinga kunne gjerne hatt meir kapasitet på analyse, rutineutvikling, opplæring og implementering ute i sektorane. Dette får konsekvensar for oppfølging av planlagt økonomistyring. Ein annan konsekvens er manglande overlapping dersom nøkkelpersonar på rekneskap skulle få langtidsfråver. Med intenst arbeidspress kan dette vere ein risiko. Summen av dette er at det vil gå seg utover kommunen si økonomiske styring og kommunen sin økonomi.

- Volda og Hornindal vert *ein* kommune frå og med 2020. Ein vil fram til dette er ein realitet, arbeide med å etablere felles økonomireglement, rutinar, kontoplan m.m. Dette vil gjere ein allereie travel arbeidsdag, enno meir travel for nøkkelpersonell i organisasjonen. Hornindal kommune har også bedt om bistand på skattekrevjarfunksjonen før dei 2 kommunane er slått saman. Dette kjem ein attende til.

- Det er forventingar til enno betre utnytting av elektronisk fakturahandsaming for å frigjere ressursar (med omsyn til inn- og utgåande fakturaer), samt integrasjon av økonomisystemet og fagsystema. Dette er med på å forenkle og utvikle tenestene i sektorane (digitalisering av tenester).

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Vere à jour med føring av rekneskapen gjennom året, og utarbeide tertialrapporter og årsrekneskap i samsvar med lov og regelverk		
Innfordring av korrekte skatter og avgifter til rett tid, samt vere ajour med innfordringa av kommunale krav		
Betale fakturaer til rett tid		Dette føreset at avdelingane attesterar og tilviser i god tid før betalingsfristen
Starte arbeidet med å etablere felles økonomifunksjon med Hornidal kommune (økonomireglement, rutinar, kontoplan m.m)		Hovudfokus i 2017 vert kartlegging
Sektorane oppleve god støtte og opplæring		Evaluering frå sektorane
Økonomirapportering basert på gode oppdaterte rekneskapsgrunnlag, tidleg oppdaging av ev avvik og prognoser som gir god oversikt over økonomisk status		
Nærver min 93,1 %		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette		
Utviklingsarbeid for å auke andel elektronisk faktura (i tråd med nasjonal satsing)		

3.9 PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Personal- og organisasjonsavdelinga omfattar løns- og personalstaben, IKT og Innvandring. Løns- og personalstaben har ansvar for rådgjeving og støtte til leiarane i personalspørsmål. Utvikling av arbeidsgjevarstrategiske verkty og leiing av utviklings- og arbeidsmiljøprosessar ligg også til avdelinga. Koordinering av innvandringsarbeidet og IKT er budsjettert under personal- og organisasjonsavdelinga, og personalansvaret ligg hos personalsjefen. Personalområdet er stort og må prioriterast, og rådmannen har valt å la spesialrådgjevar på innvandrings- og integreringsfeltet og IKT-konsulentane rapportere direkte til rådmannen. Frå 1. januar 2017 vil IKT vere organisert under eige interkommunalt selskap for Søre Sunnmøre (SSIKT), og personal- og fagansvar for IKT-konsulentane vil ligge hos dagleg leiar SSIKT. Dei vil framleis ha Volda kommune som arbeidsgjevar ved at dei vert utleigde til selskapet. Det vil ta litt tid før ein ser korleis den nye organiseringa vil fungere, og kva grep som eventuelt må gjerast i personal- og organisasjonsavdelinga.

Løns- og personalstaben er tillagt ansvar for å utvikle og vedlikehalde kommunen sitt overordna kvalitetssystem. Det er behov for å implementere programmet Kvalitetslosen i heile organisasjonen, slik at avvik vert meldt og handtert for stadig å utvikle praksis. Dette er viktig for å arbeide etter prinsippet om lærande organisasjon.

Teneste- og utviklingsmål		
➢ Arbeidsgjevarstrategi som gjer at Volda kommune rekrutterer godt og held på god kompetanse	➢ Leiarprogram som gir trygge og gode leiarar som balanserer godt mellom tydeleg forventingsavklaring og støtte der dei tilsette vert sett og verdsett	➢ Utnytte potensialet i eksisterande og implementere nye dataprogram og som forenklar arbeidsprosessar og måle kost-/nytteeffekten
➢ Ha arenaer og hendingar som gir tilsette i Volda kommune felles tilhøyrsle	➢ Sikker drift av kommunen sine datasystem	➢ Kvalitetssystem som er utvikla for heile organisasjonen

Utfordringar

IKT går inn i eit år med stor omstilling. IKT-konsulentane skal inni SSIKT, med ny dagleg leiar som vil vere ansvarleg for det daglege arbeidet. Det vert viktig å avklare kapasitet med det interkommunale IKT-selskapet for å prioritere oppbygging av infrastruktur og nettverk for at Volda kjem opp på same nivå som dei andre kommunane i samarbeidet. Antal lokasjonar mv gjer at Volda har større utfordringane enn dei andre kommunane. Det er forventingar til at samordning av driftsmiljø og felles drifting av serverar og applikasjonar skal frigjere kapasitet

til driftsoppgåver og utvikling av drifta. Neste steg i prosessen er å samarbeide om strategisk kompetanse som kan arbeide opp mot leiinga og tenestene i kommunane for å utvikle digitale tenester.

Innvandring til kommunen er aukande og stadig ei utfordring, samtidig som det er ein viktig ressurs både for utvikling av kommunen og for å halde folketalet oppe. Ved omorganiseringa har vi lagt arbeidet med innvandringa meir integrert i dei ordinære tenestene. Det er samtidig viktig å oppretthalde god tverrfagleg koordinering, oppfølging av statlege finansieringsordningar og kontakt mot statleg nivå. Det er opparbeidd høg kompetanse på feltet og koordineringa av oppgåvene og samarbeidet mellom sektorane som har ansvar for å sette i verk kommunen sin politikk på området, fungerer godt i organisasjonen.

Dei siste åra har kommunane fått oppmoding om vesentleg auke i tal flyktningar og einslege mindreårige som skal busetjast. Oppgåvene er framleis store i 2017. Kommunestyret i Volda har vedteke å busetje inntil 40 flyktningar i 2017, inkludert einslege mindreårige. Tenesta for einslege mindreårige vert drifta av barnevernet. Vi er varsla å få 4 einslege mindreårige i 2017 (ein mindre enn tidlegare bedt om og planlagt for) og må løysast innanfor ressursramma for EM-tenesta. Det kjem færre asylsøkjarar til landet og færre vert innvilga opphald. Situasjonen på nasjonalt plan er usikker, og ein opplever stadig endringar i nasjonale busetjingsbehov og opp- og nedbygging av mottakskapasiteten. Dette gir utfordringar for busetjingskommunar og kommunar som er vertskommune for asylmottak. Ei eventuell nedbygging av mottakskapasiteten i Volda vil få konsekvensar for tenesteapparatet, spesielt innafor undervisning og helsetenester. Fleksibiliteten kommunen har i busetjingsvedtaket er i så måte viktig. Det er knytt til busetjingsbehov med eit «inntil-vedtak», overføring av plassar frå eit år til eit anna og disponering av plassane mellom vaksne flyktningar, familiar og einslege mindreårige.

Det er viktig med ein stabil base til arbeidet med flyktningar og asylsøkjarar i kommunale tenester, og unngå minst mogleg opp- og nedbygging av tenesteapparatet i takt med opp- og nedjusterte busetjingsbehov. Det er eit nasjonalt ansvar å leggje til rette for at kommunane blir sett i stand til å byggje opp eit apparat som kan handtere dei utfordringane ein står overfor i arbeidet med flyktningar og asylsøkjarar. Flyktningintegreringa skal skje innafor tilskotsramma kommunane får frå staten. Som følgje av auka tal flyktningar og asylsøkjarar til kommunen er det for 2016 og 2017 sett av ei ramme av integreringstilskotet og vertskommunetilskotet til styrking av kommunale tenester. Eit godt busetjings- og integreringsarbeid i ei tidleg kvalifiseringsfase vil gi helse-, miljø- og samfunnsmessige innsparingar i åra framover.

Personalstaben reknar med stor aktivitet i 2017. Nyutvikla aktivitetar som nytilsettopplæring og internopplæring for leiarar vil gå sin gang. I tillegg vil det vere stort fokus på oppdatering og utvikling av rutinar og retningslinjer. Arbeidsmiljøundersøkinga i Helse- og omsorgssektoren skal følgjast opp og personalavdelinga vil få oppgåver både knytt til leiaropplæring og utviklingsarbeid i dei enkelte avdelingane.

Ein ser også at det vil kome fleire oppgåver knytt til kommunesamanslåing som vil krevje både tid og høg kompetanse. I den samanheng blir samarbeidet med dei tillitsvalde og vernetenesta viktig.

I 2017 skal det også gjennomførast ei medarbeidarundersøking; KS si 10 - faktorundersøking. Som ein del av undersøkinga vil det vere fleire leiarsamlingar slik at leiarane våre blir kjent med undersøkinga, får laga gode handlingsplanar og evaluert effekten av aktivitetane.

Kommunen har hatt relativt høgt sjukefråvær, men i 2016 har ein sett ein nedgong. I skrivande stund viser tal frå 2. tertial ein nedgong frå 8,9 % i 2015 til 7,72 % i 2016. Det systematiske HMT-arbeidet må likevel fortsette med same styrke.

Det har vore store endringar i personalstaben. Sida 2014 er fem av sju fast tilsette nyrekrutterte. Ny personalsjef starta 1. mars 2016 og ein ny lønskonsulent startar 1. januar 2017. Det er eit mål å nytte systema på betre måtar, og å innføre nye rutinar og system som skal sikre betre personalhandtering i heile kommunen. Det er også ei målsetting å betre den politiske involveringa i utviklinga av kommunen si arbeidsgjevarrolle.

MÅL 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
IKT Brukarane skal vere tilfredse med dei tenestene IKT yter.		
IKT-investeringar skal gje positiv kost/nytte		
Innvandring Busetje flyktningar i samsvar med gjeldande kommunestyrevedtak og samarbeidsavtale med IMDi		
50 % av flyktningane skal bu i privat bustad innan tre år etter busetjing		
30 % av flyktningane skal eige privat bustad innan seks år etter busetjing		
Løn og personal Administrere gjennomføring av medarbeidarujndersøking		
Profesjonell rekruttering som fremjar Volda kommune som arbeidsgjevar		
Sjukeoppfølging som fremjar nærvær		

Tilsette og leiarar får pålitelege svar på spørsmål		
Korrekte tenester til rett tid		
Initiere prosess for å implementere bruken av Kvalitetslosen i heile organisasjonen (avklare systemansvarleg funksjon, gjennomgang av rutiner og organisering av opplæring)		

3.10 BARNEVERNTESTA HAREID, ULSTEIN, VOLDA OG ØRSTA

1.januar 2014 gjekk Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta saman om etablering av ei interkommunal barnevernsteneste, med Volda kommune som vertskommune.

Barnevernstenesta sine hovudmål er gitt i Lov om barneverntenester, og gir tenesta ei todelt oppgåve; ein skal arbeide i forhold til enkeltbarn og deira familiar, samstundes som ein skal følgje med i born sine oppvekststilhøve og drive førebyggande arbeid.

Teneste og utviklingsmål

- Vere lett tilgjengelege – for barn, for alle som har med barn og unge å gjere, og for ålmenta
- Bidra til tidleg innsats i samarbeid med andre tenester for barn og unge
- Arbeide førebyggande
- Gi likt tilbod til alle barn i Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta med behov for barnevernstenester
- Vere ei fagleg oppdatert og kompetent teneste – som har barnet i fokus
- Prioritere trivsel og eit godt arbeidsmiljø blant dei tilsette
- Utvikle ein lærande organisasjon

Hovudmål	**Resultatmål/Tiltak**
Økonomi	Tertialrapportering i høve avvik i budsjettet
	Evaluere alle tiltak fortløpande
Sikre eit kvalitativt godt barnevernsarbeid	Overhalde fristane som barnevernslova set for arbeidet
	Vidareutvikle samarbeidet med Landsforeningen for Barnevernsbarn, Barnevernsproffane i «Mitt Liv-prosjektet»
	Vidareutvikle rutinar og kvalitetssikring av arbeidet på alle nivå
	Sikre alle barn tiltaks- og omsorgsplanar
	Vidareføre arbeidet med brukarevaluering i alle saker
	Sikre at alle barn som bur utafor heimen har sin tilsynsførar, og at ordninga vert utført på ein fagleg tilfredsstillande måte
Sikre involvering, medverknad og engasjement frå dei tilsette	Gjennomføre medarbeidarsamtaler kvar haust
	Utarbeide kompetanseplan for tenesta
	Involvere personalet i drift og utvikling av tenesta
	Sjå til at alle tilsette får høve til kurs og opplæring

	Fagleg rettleiing til alle fagtilsette
	Arbeide for nærvær på min 90 %
Samarbeide med andre	Vidare deltaking i det regionale nettverket «Mission Possible»
	Sikre deltaking i tverrfaglege samarbeidsfora i samarbeidskommunane
	Vidareføre ordninga med faste kontaktpersonar for alle barnehagar og skuler
	Utarbeide gode årsmeldingar og presentere utviklinga på feltet for våre lokale politikarar
Drift	Utarbeide informasjonsplan for tenesta
	Implementere økonomidelen av fagprogrammet «Familia»
	Vurdere innføring av scanning og elektronisk arkiv
	Utarbeide rutinar for internkontroll på alle områder i tenesta
	Samarbeide med omliggande kommunar om døgnbasert barnevernsvakt

3.11 NAV

I mai 2014 vart Nav-kontora for Volda og Ørsta slått saman til eitt felles kontor med Ørsta som vertskommune. Dette inneber at Ørsta kommune driv tenestene også for Volda kommune. Nav er ei viktig teneste, og det er viktig at Nav-tenesta inngår i det tverrfaglege samarbeidet med dei øvrige tenestene i kommunen. Det er behov for å gjere ei evaluering av samanslåinga for få oversikt over effekten av denne omorganiseringa. I den samanheng må vi også sikre faste rutiner for rapportering og budsjettering.

Teneste og utviklingsmål		
➢ Gi alle høve til å kome i arbeid	➢ Å gi alle barn og unge høve til å utvikle seg	➢ Betre levevilkåra for vanskelegstilte
➢ Aktivt tverrfagleg samarbeid med tenestene i Volda kommune	➢ Bruke viremidla fleksibelt ut frå individuelle behov for raskast mogleg kome i aktivitet eller arbeid	➢ Månadleg rapportering av økonomisk forbruk og tertialrapportering på tenestene

Ørsta er vertskommune for Nav-kontoret. Volda kommune kan instruere og gi styringssignal for tenesta i samsvar med samarbeidsavtalen. Ørsta kommune vert bedt om å rapportere på oppfølginga av måla.

Sosialhjelpsutgiftene i Volda aukar meir enn i Ørsta, og det har vore ein formidabel vekst i desse utgiftene for Volda kommune i tida etter at vi fekk felles kontor. Ørsta kommune ved Nav-leiaren ber om at Volda kommune styrkar sosialhjelpsbudsjettet med kr 1 mill Rådmannen har forventingar til at Nav lukkast med arbeidslina, og at ein ser bruken av samla virkemiddel i samanheng, slik at ein kan redusere auken i utgiftene. Det vert m.a synt til dei arbeidsretta tiltaka i regi av læringssenteret for flyktningar, innføring av aktivitetskrav for sosialhjelp og signala frå Nav sentralt om meir fleksible og myndiggjorte Nav-kontor. Det er lagt inn ein styrke på kr 500 000. Tabellen nedanfor viser utviklinga i sosialhjelpsutgiftene i Volda og Ørsta i perioden 2012 - 30.09.16:

	2012	2013	2014	2015	**30.09.16**
Volda	3 077 000	3 340 000	4 087 000	4 815 000	4 076 000
Ørsta	5 860 000	4 564 000	5 193 000	4 906 000	3 678 000

Både dei ordinære sosialhjelpsutgiftene og sosialhjelpsutgifter knytt til flyktningar aukar for Vola sin del.

Budsjettkommentarane frå Ørsta kommune som vertskommune for felles Nav-kontor er kopiert inn nedanfor:

Folkehelse

Arbeidslina ligg til grunn i NAV, fokus på arbeid skal vere ein raud tråd i det meste av arbeidet vårt. Forsking viser at det å vere utan arbeid aukar dødelegheit, helseproblem og forbruk av helsetenester. Å vere i arbeid aukar sjølvkjensla, gir betre psykisk helse og generelt betre helse. Arbeidsfokuset understøttar altså folkehelseperspektivet.

Fakta om avdelinga

NAV Ørsta/Volda har pr. i dag 17,8 statlege og 8,75 kommunale årsverk. Av dei statlege årsverka er 0,5 årsverk knytt til settekontorordning, 1,0 årsverk til marknadskoordinator for Sunnmøre vart overført til NAV M&R frå 011016. Av dei kommunale årsverka er 0,6 knytt til gjeldsrådgjeving, resten er knytt til rettleiing/sakshandsaming.

Kontoret har kommunal minimumsløysing, og skal yte sosiale tenester knytt til generell råd og rettleiing, økonomisk rådgjeving, økonomisk stønad, midlertidig butilbod, kvalifiseringsprogrammet og individuell plan. I tillegg har vi gjeldsrådgjeving.

Kontoret er i dag organisert i tråd med intensjonar og føringar i NAV, der vi leverer integrerte tenester og jobbar på tvers av kommunal og statlege tenestemeny.

Status/utfordringar

Arbeids- og velferdsdirektøren, samt regjeringa, held sterkt fram at NAV må rette arbeidet sitt endå meir inn mot arbeid, arbeidsgjevarar og arbeidsmarknaden. Vi må vere tettare på næringslivet, jobbe meir utadretta og opparbeide fleire gode relasjonar til arbeidsgjevarane. I tillegg må vi kartlegge brukarane våre betre, vi må i større grad ha rettleiingssamtalar med arbeid som hovudfokus, og vi må fylgje opp brukarane tettare. Stor saksmengd, mykje tid til sakshandsaming/kontorarbeid, mange ad hoc-oppgåver og fråvær av tilsette, gjer det utfordrande å jobbe slik vi burde.

Hovudmålet til NAV er å få fleire i arbeid og aktivitet, og færre på stønad. NAV kan ikkje klare å løyse dette samfunnsoppdraget åleine, men må jobbe saman med andre aktørar. Det er viktig med felles forståing av oppdraget, samt at alle forstår si eiga rolle i det store biletet. Det er viktig å ha eit felles overordna målbilete. Vi vil difor vidareføre samarbeid med m.a. legar/behandlarar, andre avdelingar i kommunen, utdanningsinstitusjonar og ikkje minst arbeidsgjevarar/næringsliv.

For å sikre at vi har ein organisasjonsmodell mest mogelege i tråd med både sentrale og lokale føringar, forventningar og effektivitetskrav, er denne i desse dagar under bearbeiding/endring. Skal kontoret lukkast med sine oppgåver, er det viktig at staten og kommunen har god samhandling, felles forståing og understøttar same prosessane.

Innføring av aktivitetskrav for sosialhjelp vil kome i 2017. Dette krev at NAV og kommunen riggar eit sysselsetjingstilbod for brukarar som mottek sosialhjelp. Effekten håpar vi skal vere til det beste for brukarane, då ein veit at aktivitet og struktur på dagane har positive

ringverknader for dei fleste. Vi håper også at aktivitetskravet skal kunne redusere utbetaling av sosialhjelp.

Det vert i rundskriv til Lov om sosiale tenester i NAV stilt strenge krav til heilheitleg vurdering og ivaretaking av barn og unge, samt til unge vaksne som søkjer om sosiale tenester. Kontoret har hatt eigenvurdering (tilsyn) i regi av Fylkesmannen på desse områda. Det er i etterkant av dette utarbeidd tiltak og nye rutiner for å sikre endå betre tenester.

Samfunnsutviklinga viser elles veksande utfordringar m.a. m.o.t. auke i ledigheita og tilstrøyming av nye flyktningar. Dette vil påverke NAV i stor grad, både økonomisk og i høve ressursbruk. Vi får fleire brukarar, truleg fleire sosialhjelpssøkjarar/auke i sosialhjelpsutbetalingane, samt fleire utan bustad. Vi får truleg også fleire gjeldssaker og elles auke i saker der dårleg økonomi slår ut på uheldige måtar for brukarane og deira familiar.

3.12 FELLESOMRÅDET

Dette ansvarsområdet inneheld utgifter og inntekter som ikkje høyrer naturleg heime på den einskilde sektor.

Kommentar

Her er eit utdrag av utgiftene;

- Amortisering av tidlegare års premieavvik på pensjonsområdet
- Revisjon (kr 450 000)
- Kontrollutval (kr. 331 500)
- Kyrkjeleg fellesråd
- Tilskot til andre trussamfunn
- Diverse kontingentar, som til dømes kopinor og KS
- Reiselivsdestinasjon (Volda er pr i dag ikkje medlem av reiselivsdestinasjon og det er gjennom eit prosjekt løyvd midlar til Volda næringsforum)
- Driftstilskot til Volda rullarlag, Volda stadion m fl (i høve politiske vedtak)
- Avskrivingar
- 2 mill kr knytt til arbeidet med å integrere flyktningar plassert på dette ansvarsområdet.
- 2,5 mill kr vedkomande blant anna innlemming av øyremerka tilskot i rammetilskotet.

Her er dei viktigaste budsjetterte inntektene:

- Kalkulatoriske inntekter frå sjølvkostområda
- Vertkommunetilskot for asylmottak (kr. 2 676 000)
- Tilskot for einslig mindreårige (kr. 19 900 000). Dette beløpet er stykkpris-finansiering kommunen mottar vedkomande einslege mindreårige innvandrarar og erstattar refusjonskrava vi tidlegare sendte til Bufetat.
- Motpost avskrivingar (inntekt)
- Sal av konsesjonskraft

Her er kommentarar til nokre få viktige utvalde poster:

Kyrkjeleg fellesråd

Kyrkja er ein sjølvstendig juridisk organisasjon som er ansvarleg for si drift innanfor dei tilskota som vert ytt frå kommunen. Dette er følgt opp med ei budsjetteknisk omlegging der tilskotet til Kyrkja vert budsjettert som ei driftsoverføring frå kommunebudsjettet. Det er lagt opp til same aktivitet på drifta som i 2016 korrigert for pris- og lønsutvikling (tilskot på kr 3 676 000 og kr 263 000). Tilskot til husleige kjem i tillegg, og er ein del av tenesteytingsavtalen.

Tilskota til Volda kyrkjeleg fellesråd er auka med 2,5 % (som er i samsvar med Regjeringa si prognose for prisstigning i kommunesektoren i 2017). Volda kyrkjelege fellesråd har kome

med framlegg til budsjett 2017 i brev datert 27. september 2016. Dette er med som trykt vedlegg til saka.

Premieavvik

Når ein skal budsjettere, vil det alltid vere usikre faktorar. Hovudforklaringa til det er lovendringa som tok til å virke frå og med 2002. Fram til 2001 var det den betalte pensjons-premien som vart utgiftsført i rekneskapen. I 2002 vart dette endra. Pensjonsleverandøren reknar ut kva som er pensjonskostnaden for det enkelte år:

- Dersom innbetalt premie i året er større enn pensjonskostnad (utrekna av pensjonsleverandøren sine aktuarar), får vi eit positivt premieavvik.

- Dersom innbetalt premie i året er mindre enn pensjonskostnad, får vi eit negativt premieavvik.

Premieavvik vert ført slik i rekneskapen:

- Positivt premieavvik (dvs. når innbetalt premie er større enn netto pensjonskostnad) vert ført som ein driftsinntekt i rekneskapen året det oppstår. Dette vert så ført (amortisert) som driftsutgift dei neste 15 åra med like årlege beløp.
- Negativt premieavvik (dvs når innbetalt premie er mindre enn netto pensjonskostnad) vert ført som ein driftsutgift i rekneskapen året det oppstår. Dette vert så ført (amortisert) som driftsinntekt dei neste 15 åra (med like årlege beløp).
- Premieavvik som oppstår i 2011 (eller seinare) skal amortiserast over 10 år (ikkje 15 år som for premieavvik oppstått i perioden 2002-2010).
- Premieavvik som oppstår i framtida skal amortiserast over 7 år.

Pr 31.12.2015 har Volda kommune i underkant av 42,3 mill kr i akkumulert premieavvik som skal utgiftsførast årleg fram til 2025. Dette er ei stor belastning for likviditeten, og er også mykje debattert på nasjonalt nivå (har vore omtalt i alle Volda kommune sine budsjettdokument og årsmeldingar sidan 2005). På landsbasis er samla premieavvik for kommunesektoren truleg over 30 milliardar.

Det er budsjettert med kr 7 mill i amortisering av tidlegare års premieavvik (inkludert arbeidsgjevaravgift). Dette er eit estimat ettersom ein først har det endelege talet etter rekneskapen for 2016 er avslutta.

Det er budsjettert med eit positivt premieavvik på ca 4,7 mill kr i 2017, og er basert på prognose utarbeidd av KLP.

Pensjon er som sagt eit område det er knytt stor usikkerheit til. Det er ikkje lagt inn buffer på fellesområdet. Alt er fordelt ut til sektorane.

4 INVESTERINGAR

Investeringar i økonomiplanperioden 2017 - 2020

Det er lagt opp til investeringar på kr. 720 791 000 i økonomiplanperioden. Øyra skule er den tyngste investeringa, og kapitalkostnadene med dette prosjektet vert fullt ut belasta drifta. Auka renter og avdrag som følgje av denne investeringa føreset auke av eigedomsskatten til 4 promille frå og med 2018. Det er verd å merke seg at vedtekne investeringstiltak i 2016 som er påbyrja og ikkje fullførde i 2016, ikkje vert oppførde i 2017. Dette vert justert i budsjettet når rekneskapen for 2016 vert avslutta.

Prinsipp for prioritering av investeringar

Kommunestyret har i samband med handsaminga av budsjett og økonomiplan 2014 - 2017 vedteke som strategi at investeringar skal medverke til el medføre:

- *Reduksjon eller rasjonalisering i drifta (ev samtidig også gir betre tenester)*
- *Standarden på bygningsmassen held seg og unngår forringing/verditap*
- *Bygningar som stettar lovpålagde krav til tenestene og arbeidsmiljøet*
- *Utløysing av verdiskaping og ringverknader i samfunnet*

Investeringsprosjekta vert kommentert i den rekkjefølgja dei står i oversikta over framlegg til investeringsprogram for perioden 2017 - 2020. Oversikta byggjer på gjeldande økonomiplan, oppdatert behovsvurdering og planlegging i høve til gjennomføringskapasitet.

Det har vore ein tendens til at det er budsjettert med eit investeringsvolum som er større enn det kommunen har hatt kapasitet til å gjennomføre. Kommunen burde ut frå lånegjelda hatt investeringsstopp. Det er likevel nødvendig å gjere investeringar for å dekkje tenestebehov og krav til bygningsmessig standard. Kommunen har også eit ansvar for å følgje opp infrastrukturtiltak og tiltak for å tilretteleggje for busetting og arbeidsplassutvikling. For å innrette tenesteprofilen til inntektssystemet og få betre ressursutnytting vert kommunen nødt til å gjere utbyggingar i ein ny felles barnehage for Volda sentrum og samling av ungdomstrinnet ved Volda ungdomsskule.

Investeringar innanfor vass- og avløpssektoren vert dekt innanfor sjølvkostområdet. Bustadfelt, næringsområde vert også over tid i hovudsak dekt opp av tomtesal. Investeringar i omsorgsbustader vert delfinansiert ved statstilskot, og elles er det husleigeinntekter på desse bustadene som går med til å dekkje opp kapitalutgiftene.

Det er ein del etterslep på gjennomføring av allereie vedtekne investeringsprosjekt. Desse vil verte iverksette og skal ikkje vedtakast på nytt.

Tabellen under viser fordelinga på kvart enkelt år og på investeringskategori.

	2017	2018	2019	2020
Byggefelt og industriområde	18 100 000	26 500 000	18 000 000	22 000 000
Sjølvkost-området (vatn, avløp og feiing)	40 000 000	70 000 000	35 000 000	30 400 000
Eigedomsseksjon-investeringar	178 650 000	75 700 000	57 550 000	30 600 000
Kommunal teknisk og brann - investeringar	22 483 000	30 033 000	25 433 000	19 233 000
Andre investeringar	11 884 000	4 775 000	2 475 000	1 975 000
SUM	**271 117 000**	**207 008 000**	**138 458 000**	**104 208 000**

Tabellen under viser kvart enkelt investeringsprosjekt.

Investeringsprosjekt:	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
IKT Volda kommune	975 000	600 000	600 000	600 000
Infrastruktur IKT Oppvekst	1 550 000	-	-	-
Interkommunale IKT investeringar	1 414 000	375 000	375 000	375 000
Sum Personal og Organisasjon	**3 939 000**	**975 000**	**975 000**	**975 000**
Kombidamparar avdelingskjøkkena	265 000	0	0	0
Omsorgssenteret : Inventar og utstyr	1 200 000	2 000 000	-	-
Skinner i tak for takheiser, 2 etg + motorar	3 000 000	-	-	-
Bil til driftsteknikar (hjelpemiddel bil)	250 000	-	-	-
Hamna Dagsenter: Ny bil (7 plasser)	500 000	-	-	-
Sentralkjøkken/kantine: Utskifting av produksjonsutstyr	500 000	500 000	500 000	-
Sum Helse og Omsorg	**5 715 000**	**2 500 000**	**500 000**	**0**
IKT-satsing oppvekst	500 000	500 000	500 000	500 000
Helsestasjon - Elbil	230 000	-	-	-
Nettbrett barnehage og skule (bh og 1.-4. kl)	1 500 000	500 000	500 000	500 000
Sum Opplæring og Oppvekst	**2 230 000**	**1 000 000**	**1 000 000**	**1 000 000**
Volda u-skule, opprusting	3 000 000	3 000 000	25 000 000	25 000 000
Ny Øyra skule	67 000 000	0	0	0
Særleg tilrettelagde Omsorgsbustader	1 000 000	26 000 000	10 000 000	0
Oppgradering Mork/Nilletun	500 000	0	0	0
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	5 000 000	0	0	0
Etablering/Ombygging av FDV avdeling	450 000	0	0	0
Leikeplassar (skular/barnehagar)	800 000	800 000	800 000	800 000
ROP boliger 7stk (midlertidige bustadar)	13 500 000	0	0	0
EPC gjennomføringstiltak	47 250 000	0	0	0
EPC opsjon etablering 3. etg Ivar Åsen bygget	16 000 000	-	-	-
Barnehagar avbøtande tiltak	500 000	500 000	0	0
Brannteknisk analyse kommunale bygg	0	400 000	400 000	0
Teknisk analyse bygg for kvalifisert oppgradering	0	1 500 000	1 500 000	0
Oppgradering Prestegata 33	1 350 000	1 500 000		0
4. etasje omsorgsenteret	3 000 000	3 000 000		0
Legesenteret	0	4 000 000	0	0
Oppgradering kommunale bygg	4 500 000	4 600 000	4 700 000	4 800 000
Branndepot Straumshavn	0	600 000	0	0
Røyslida/Smalebakken Oppgradering og levtidsforlenging.	5 000 000	9 000 000	-	-
Ny Barnehage Sentrum	1 000 000	15 000 000	15 000 000	
Nytt tak Prestegata 33	850 000	-	-	-
Fjordsyn - spesialtilpasning for brukar	500 000	-	-	-
Fjordsyn - oppgradering bad	0	1 500 000	-	-
Barneavlastinga - ombygging/oppgradering	1 250 000	-	-	-
Støydemping teknisk rom	-	200 000	-	-
Severinhaugen 3 - rekkverk terrase (buteneste funksjonshemma)	-	-	150 000	
Kleppevegen 1 - nytt inngangsparti	-	500 000	-	-
Solskjerming kommunale bygg		1 000 000		
Oppgradering ventilasjon vaskeriet Omsorgssenteret	400 000	-	-	-
Folkestadtun - oppgradering	1 000 000	2 600 000	-	-

Investeringsprosjekt:	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Tilbygg Myrtun - strøsandlager for kommunalteknisk sektor	4 800 000	-	-	-
Sum Teknisk Eigedom	**178 650 000**	**75 700 000**	**57 550 000**	**30 600 000**
Utbetring kommunale vegar	2 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Trafikktrygging og miljøtiltak	900 000	1 000 000	1 100 000	1 200 000
Friluftstiltak m.m.	333 000	333 000	333 000	333 000
Turveg rundt Rotevatn	-	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Kommunal del sentrumsutvikling	7 600 000	4 000 000	5 000 000	2 000 000
Skulebakken Haugen Lauvstad	5 800 000	0	0	0
Flomsikring Volda sentrum Melshornsida	2 000 000	10 000 000	7 000 000	0
Utbytting veglys til LED finansiert ved straumsparing	2 750 000	2 750 000	2 750 000	2 750 000
Flomførebygging Heltneelva	1 000 000		4 000 000	7 000 000
Fast dekke kommunale areal/vegar finansiert drift		7 000 000	3 300 000	0
Kommunal andel Volda Idrettspark	500 000	0	0	0
Samleveg Håmyra	5 500 000	0	0	0
Samleveg Urbakkfoten	-	5 500 000	-	-
Opprustning Raudemyrvegen til Samleveg	-	10 000 000	-	-
Opprustning Kleppevegen til Samleveg	-	-	-	10 000 000
Næringsområde Øvre Rotset	5 000 000	5 000 000	0	0
Sansehagen oppgradering av hagen	500 000	500 000	-	-
Utbygging felt Bratteberg	0	1 000 000	12 000 000	5 000 000
Torvmyrvegen, samarbeid med Ørsta kommune	0	1 000 000	1 000 000	5 000 000
Maskiner til parkdrift	800 000	150 000	150 000	150 000
Maskiner til vegdrift	950 000	1 500 000	500 000	1 500 000
Brannkjøretøy (Dravlaus -2017)	700 000	500 000	500 000	500 000
Veghøvel	2 500 000	-	-	-
Full rehabilitering av Skinnvikbrua	1 500 000	-	-	-
Levetidsforlenging av bruer	-	800 000	800 000	800 000
Volda Skatepark Tak og lys, kommunal andel	250 000	500 000	-	-
Sum Teknisk Kom.tek.	**40 583 000**	**56 533 000**	**43 433 000**	**41 233 000**
Vatn Samleinvestering	28 000 000	40 000 000	5 000 000	5 000 000
Avløp Samleinvestering	12 000 000	30 000 000	30 000 000	25 000 000
Feiing	-	0	0	400 000
Sum Sjølvkost	**40 000 000**	**70 000 000**	**35 000 000**	**30 400 000**
Digitalt kartleggingsprosjekt	-	300 000	0	
Sum Utvikling	**-**	**300 000**	**0**	**0**
Sum alle år i økonomiplanperioda	**271 117 000**	**207 008 000**	**138 458 000**	**104 208 000**
Sum alle 4 år (2017-2020)	**720 791 000**			

Finansieringa for alle de prosjektene presentert i tabellen over blir gjort slik:

Finansiering investeringsprosjekter	2017	2018	2019	2020	SUM per rad
Moms kompensasjon	-45 890 600	-27 226 600	-20 616 600	-14 686 600	-108 420 400
Bruk av lån	-225 226 400	-179 781 400	-117 841 400	-89 521 400	-612 370 600
SUM per kolonne	-271 117 000	-207 008 000	-138 458 000	-104 208 000	
SUM alle år	-720 791 000				

Under følgjer omtale av investeringsprosjekta. Prosjekt med løyving i 2017 har grøn tekst.

Personal og organisasjon

IKT Volda kommune:

For 2017 har vi planlagt naudsynte endringar og oppgraderingar på infrastrukturen i kjerna av nettverket vårt for å stette framtidige krav til kapasitet og fart. Vidare planlegg vi utbygging/oppgradering av infrastruktur fram til kommunale bygg og trådlause nett i bygga. Dei siste åra har vi hatt ei lågare takt på bytte av arbeidsstasjonar. I 2017 tek vi eit lyft på dette og bytter samtidig ut dei fleste av arbeidsstasjonane med tynne klientar. Dette gir oss enklare administrasjon og klargjer oss for endringar i samband med omorganisering mot eit tettare interkommunalt samarbeid gjennom SSIKT.

Infrastruktur IKT Oppvekst

For å stette dei krava som opplæring og oppvekst legg opp til gjennom satsing på nettbrett og skyteknologi må vi bygge ut trådlause nett på alle skular og barnehagar. I denne investeringa legg vi opp til ei heilskapleg utbygging der vi skal dekke alt relevant areal trådlaust. I investeringa er det kalkulert med nettverkskomponentar, trådlause aksesspunkt og kabling.

Interkommunale IKT-investeringar.

I denne investeringa ligg Volda sin del av kostnadane knytt til SSIKT. For 2017 er det investeringar i sentral server- lagrings- og nettverksinfrastruktur, oppgraderingar av programvare og lisensar. Den største investeringsposten for 2017 er nytt felles oppvekstadministrativt system.

Felles drift av databasar og serverar gjer at vi kan fordele investeringane og drifta på 7 kommunar framfor å ha eigne opplegg.

Helse og omsorg

Kombidamparar avdelingskjøkkena

Storkjøkkenet leverer mat til alle bugrupper etter kok-kjøl-prinsippet. Maten må dagleg ferdiglagast ute på bugruppekjøkkena, til dette trengst mellom anna ein kombidampovn. Det var kjøpt inn slike ovnar i 2004, men desse er no svært ustabile og mange er defekte og ute av drift. Å koke ferdig maten gir meirarbeid der desse er ute av drift. Det vart tidlegare løyvd ein sum til innkjøp av slike, men dette innkjøpet er langt dyrare enn prisar innhenta då og held berre til 3- 4 nye ovnar. Det er 14 ovnar som må skiftast ut. Det har ikkje blitt skifta noko i 2016, så all utskifting må skje i 2017.

Inventar og utstyr

I omsorgssenteret har det no vore drift over 12 år. Både slitasje, fleire tilsette og endring på mange møterom- og kontor har gitt behov for nye innkjøp. Fleire kontortilsette har skulder/ nakkeplager, treng hev/senk kontorpultar, motiview trimsykkel for bebuarar og dagsenter. Det er jobba saman med Saniteten og andre lag/organisasjonar for å kunne:

- skaffe møblar til møterom,
- innkjøp av nattbord, stolar i kantina og avdelingakjøkken,
- supplere utstyr i trimrom/ bahndlingssalar for fysioterapeutane.

Skinner i tak for takheiser i 2 etg + motorar:

Då omsorgssenteret vart bygd, vart alle pasientrom i 3. etg. utstyrt med skinner i tak på soverom og bad for løfting/ transport av bebuarar. I 2. etg. tenkte ein at bebuarane var meir fysisk mobile. Erfaring viser meir og meir at behovet for tilsvarande utstyr i 2. etg. Det er langt tyngre å forflytte folk i mobilt løfteutstyr, ei fysisk belastning som over tid og supplert med anna tungt arbeid, har ført til sjukmeldingar, og noko som også er meldt gjennom vernerunder.

Bil til driftsteknikar (hjelpemiddel og velferdsteknologi):

Sektoren har fått tilsett ny driftsmedarbeidar knytt til hjelpemiddel, tryggleiksalarmar/ velferdsteknologi, brune- og kvitevarer, pasientvarslingsanlegg med mer. For å få rasjonell drift, må vedkomande kunne forflytte seg i heile kommunen.

Hamna Dagsenter, ny bil med 7 seter:

Hamna dagsenter disponerer ei gammal Audi stasjonsvogn til sine aktivitetar. Høge driftskostnader og store begrensningar i høve funksjonalitet er årsaka til at ein treng ny bil.

Sentralkjøkken, utskifting av produksjonsutstyr:

Normal avskrivingstid for produksjonsutstyr er 10 år, på kjøkkenet er dette 12 år og slitasje og reparasjonsbehov er aukande. Vi bør starte utskifting og fordele utgiftene over fleire år.

Oppvekst

IKT-satsing oppvekst

I læreplanen som kom med Kunnskapsløftet er IKT vorte enda meir sentralt i undervisninga. Digitale ferdigheiter inngår blant dei fem grunnleggjande ferdigheitene. Skal Volda-skulen tilby eit framtidsretta undervisningsopplegg, så må det satsast både i utstyr, kompetanse hos lærarane og i infrastruktur.

Helsestasjon - Elbil

Helsestasjonen har mykje av aktiviteten sin ute på skulane, og det er naudsynt med bil. Helsestasjonen har hatt eit samarbeid om ein bil med helse- og omsorg, men sidan bilen er stasjonert på omsorgssenteret er det ikkje tenleg til bruk for helsestasjonen, som held til på rådhuset. Som alternativ til dette er det sett av inntil kr 230 000 til innkjøp av ein eigna elektrisk bil.

Jfr. kommuneplanen sin samfunnsdel er det eit mål at barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motvirkar psykiske vanskar og andre livstilssjukdomar. Skulehelsetenesta er ein viktig del i dette arbeidet, og det er naudsynt at helsesøstre har køyrety som kan ta dei ut til elevane. Kommuneplanen har også som mål å redusere utslepp frå transportsektoren. Innkjøp av EL-bil er i tråd med dette målet.

Nettbrett barnehage og skule

Nettbrett (Ipad) barnehage og skule er ei ny satsing i barnehagane og småskulen. I oppvekst må det takast steg framover i bruken av IKT som verkty i læringa; til språkutvikling i barnehagen og grunnleggande lese-, skrive- og rekneopplæring i småskulen.

Eit mål i kommuneplanen er å vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmogelegheitene i Volda. Det er naudsynt for Volda skulen å ta nye steg i retning av IKT-bruk som verkty i læringsprosessane.

Teknisk

Det er lagt inn 2 stillingar :

- Prosjektleiar bygg - 3 års engasjement
- Prosjektleiar tekniske anlegg - 3 års engasjement

Begge desse vert finansiert over investeringsbudsjettet og belastar ikkje drifta direkte. Desse må på plass for å ha framdrift for gjennomføring av alle investeringane. Lønskostnadane vert fordelt på fleire investeringsprosjekt.

Teknisk eigedom

Volda ungdomskule (VUS), opprusting

Det ligg inne plan for tilrettelegging for tilsette, arbeidsplassar, garderobe, kontor, samtalerom og pauserom. Brannteknisk analyse er tatt på bygget og det er ei rekkje tiltak som må utbetrast i samband med denne. VUS står ovanfor ei total opprusting, der framtidig kapasitet må takast omsyn til. Det ligg inne i planarbeidet at ein må først satse på opprusting på elementære funksjonar på byggkroppen som t.d tak, drens, ventilasjon, varme osv. Ventilasjon og varme ligg inne for gjennomføring i 2017 gjennom EPC programmet. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «attraktivitet», der målsetjing er vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda. Strategi med prioritet av god kvalitet på barnehage- og skulebygg, med tilhøyrande uteområde. Tiltaket skal også sørgje for å nå målsetjing for Klima og Miljø, der ein ynskjer reduksjon på 30 % energiforbruk i kommunale bygg.

Volda ungdomskule (VUS), kapasitetsutviding

I 2019 og 2020 er det innarbeidd overslag over ombygging/utbygging for å samle ungdomstrinnet ved VUS. Tiltaket er kopla til kommuneplanen sin strategi om god kvalitet på skulebygg og uteområde og målsettinga om arbeide for eit driftssresultat på 1,75 % av inntektene. Dette føreset endring i tenesteprofilen på skule.

Ny Øyra skule

Skulen er under bygging og investeringa er innarbeidd i samsvar med godkjent finansieringsplan. Framdrift til skulen er på plan der nytt skulebygg er ferdig i mars 2017 og riving av gamleskulen samt ordning av uteområde er ferdig i løpet av oktober 2017. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «attraktivitet», der målsetjing er vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda. Strategi med prioritet av god kvalitet på barnehage- og skulebygg, med tilhøyrande uteområde.

Særlig tilrettelagte omsorgsbustadar

Prosjektet ligg inne med start i planarbeid 2017 og gjennomføring av prosjektet i 2018 og 2019. Kommunen manglar bustadar knytt til brukarar som har spesielle behov for tilrettelagt bustad pga sjukdom med fleire diagnoser innan geriatri som td. demens og psykiatri. Dette er brukarar som ikkje passer inn i ordinære omsorgsbustadar eller sjukeheim, og som har behov for tilrettelagt skjerming som kan giast ved bygningsmessig tilpassa bustader. Ved etablering av tilbod og rokkering av brukarar internt i alle butilboda/tenestetilboda vil ein kunne erstatte bustadar som har vore på Mork bustadar. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med gode nok kvalitet, samt omdømme (tilby gode tenester tilpassa innbyggarane sitt behov).

Oppgradering Mork bustader (Nilletun) 2015, 2016 og 2017

For å drive omsorgsbustadene i Nilletun i nokre år til må det gjerast oppgradering av bygget. Bygget ber preg av manglande vedlikehald i mange år. Mange avbøtande tiltak er gjennomført til no, men vidare tiltak er naudsynte for drift. EPC-programmet vil i tillegg til energiøkonomisering også bidra til vedlikehald. Når desse er gjennomførte vil dei gi byggteknisk løft som har lang levetid, og som vil vere gjeldande sjølv med alternativ bruk av bygningsmasse. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet, samt omdømme (tilby gode tenester tilpassa innbyggarane sitt behov).

Omsorgsbustader for vaksne funksjonshemma (5 stk Dokterhaugen)

Kommunen pliktar å tilby bustader til funksjonshemma som har fylt 18 år og som skal flytte frå heime. I forbindelse med søknadsprosess kom det inn klage på tiltaket og kommunen må omregulere området. Dette arbeidet er godt i gang. Det er viktig med dialog med pårørande for dei som skal bu i bustadene for å finne gode tilpassingar innanfor dei fysiske og økonomiske rammene for prosjektet. Dersom prosessen går greitt framover med avklaring med pårørande, omregulering og søknadsprosses, kan det tenkjast at oppstart kan skje tidlig 2017. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet, samt omdøme (tilby gode tenester tilpassa innbyggarane sitt behov). Tiltaket er også i tråd med mål om busetting i kommuneplanen.

Etablering/ombygging av FDV avdeling

Eit av formåla med kjøp av Prestegata 33 var etablering av eigedom i bygget. Det er viktig å få samla ressursane til eigedom med fokus på FDV (forvaltning, drift og vedlikehald) og reinhald i bygget. Etablering av ein slik base er elementær for smartare drift, der ein samlar kompetansen og skapar god samhandling. Dette er også vist til i rapporten frå forvaltningsrevisjon av kommunalt vedlikehald (handsama i K-sak 130/12). Sjølve etableringa er gjennomført, og det står att arbeid med etablering av messanin før ein kan få funksjonell og effektiv drift, der ein blant anna tek vare på maskiner og utstyr. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet, samt omdømme (*tilby gode tenester tilpassa innbyggarane sitt behov. Skape ein kultur for openheit, læring og innovasjon, og legge til rette for nyskaping og digital tenesteproduksjon i organisasjonen*).

Leikeplassar ved skular og barnehagar

Eigedomsavdelinga har starta arbeidet med å styrke fokus på trygge kommunale leikeplassar (skular/barnehagar). Vi arbeidar i dag med kontrollrutinar gjennom forvaltningsprogrammet Famac. Vi ser at mykje av leikeapparata ikkje stettar dagens krav og må fjernast. Dette må erstattast med alternative leikeapparat. Ein ser godt verdien av å skape utfordrande og gode leikearel som t.d ved rådhusparken. Dagens leikeareal vil bli oppgradert etter naudsynt behov. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «folkehelse», med mål om at barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motverkar psykiske og fysiske vanskar og andre livsstilssjukdommar. Ein av strategiane på dette er å tilby sunne og inkluderande oppvekstmiljø som gir barn og unge høve til å oppleve meistring, og utvikle sine eigne evner, interesser og sjølvbilde. Tiltaket vil også bidra til å nå målet i kommuneplanen «attraktivitet», der målsetjing er vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda. Strategi med prioritet av god kvalitet på barnehage- og skulebygg, med tilhøyrande uteområde.

ROP-bustader/omsorgsbustader

Kommunane har fått eit utvida ansvar for heilheitleg tilbod til personar med samtidige rusproblem og psykiske lidingar. Ei utfordring er butilbod. Kommunen har mange erfaringar med vanskelege plasseringar i ulike kommunale bustader fordi ein manglar dedikerte bustader til føremålet. Utifrå det kjente behovet burde kommunen hatt 8 – 10 slike bustader. Anbodet på dei 6 bustadane er under evaluering og forventa oppstart er nov/des 2016. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet, samt omdømme (tilby gode tenester tilpassa innbyggarane sitt behov). Tiltaket er også i tråd med mål om busetting i kommuneplanen.

Rus- og psykiatritenesta har sagt tydeleg frå om at det er behov for to stillingar som følgjer opp bebuarane fram til kl 2200 på kveldstid. Det er ikkje funne rom for å tilføre auka ressursar til helse- og omsorgssektoren til slik bemanning. Dette må sjåast i samanheng med prosess i sektoren for å finne løysingar innanfor kommunen sine tilgjengelege ressursrammer.

EPC gjennomføringstiltak

I samband med gjennomføringsfasen av EPC-kontrakten vil det vere mange tiltak som skal gjennomførast i ein periode på 1-2 år. Denne tiltakspakka blir presentert for kommunestyret for godkjenning. Her vil vi kunne gjennomføre mange energitiltak i samanheng med generell oppgradering av våre kommunale bygg. EPC-tiltaka er sjølvfinansierande etter ca 14 år. Ved å gå forlenge sjølvfinanseiringsperioden har ein lagt inn vedlikehaldstiltak i programmet. Auka standard gir også grunnlag for auka husleige i enkelte bygg. Tiltaket er starta opp, og prosjektet er forventa ferdigstilt januar/februar 2017. Tiltaket vil bidra til at kommunen når målet i kommuneplanen «klima og miljø». Målet er reduksjon i energibruk på 30% i snitt på bygningsmassen som inngår i programmet. Energioppfølging og energileiing er ein del av prosjektet. Volda kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og bevisstheit om rett energibruk. Prosjektet vil ha faste dagar i skuleåret med opplæring i klima og miljø, og dette vil vere fast kvart år så lenge garantitida i prosjektet går (inntil 15 år).

EPC opsjon etablering 3.etg. Ivar Aasen bygget

Administrasjon vil kome med eiga utgreiing i sak kring dette spørsmålet der kommunestyret kan ta stilling til om dette prosjektet skal realiserast.

Barnehagar - avbøtande tiltak

Dei kommunale barnehagane i sentrum treng ei kostnadskrevjande oppgradering dersom duei skulle satsast på framover. Med bakgrunn i vedtekne føringar frå kommunestyret er det innarbeidd investering av ny barnehage i Volda sentrum i økonomiplanen. Fram til nytt bygg står ferdig må det gjerast avbøtande tiltak i dei eksisterande bygga.

Ny barnehage Volda sentrum

I 2018 og 2019 er det innarbeidd overslag over ombygging/utbygging for å samle drifta av det kommunale barnehagetilbodet i Volda sentrum i eit nytt og moderne barnehagebygg. Planlegging vert å starte på bakgrunn av eiga utgreiing som vert å leggje fram for kommunestyret. Denne må seie noko om storleik, romprogram og byggmessige krav for å stette behov for å framtidsretta barnehagedrift. Tiltaket er kopla til kommuneplanen sin strategi om god kvalitet på barnehagebygg og uteområde og målsettinga om arbeide for eit driftsresultat på 1,75 % av inntektene. Dette føreset endring i tenesteprofilen på barnehage. Samtidig vil det vere behov for å utnytte økonomiske synergiar ved å nytte bygningsmassen og tomta til Engeset barnehage for å utvikling av helse- og omsorgstenestene.

Brannteknisk analyse kommunale bygg 2018 og 2019

Alle kommunale bygg må stette krav til lovverket. Der må ligge ei heildekkande brannteknisk analyse av bygga. Denne vil gi oversikt over dei punkta som må utbetrast på dei bygg vi har. Analysen kan avdekkje behov for tiltak som må vurderast ved rullering av økonomiplanen. Prosjektet blir skyvd og delt opp på 2 år for tilpassing av budsjett og økonomiplan.

Teknisk analyse bygg for kvalifisert vedlikehaldsplan 2018 og 2019

I 2013 vart det utarbeidd ein enkel vedlikehaldsplan for Volda kommune. Dette er ein plan hovudsakleg basert på ei visuell vurdering av vaktmeister og administrasjonen i avdelinga. Dette er for så vidt ein grei plan for lettare vedlikehald som må planleggast. Slik tilstanden er på dei kommunale bygga pr. i dag, må djupare tilstandsanalyse til. Analyse som tek omsyn til HMS (brannteknisk analyse, innemiljø, energi osv). Ei slik analyse må innehalde kostnadsberekningar som kan takast med i ein forpliktande plan, der kommunestyret kan avgjere kva som skal prioriterast i åra framover. Dette er den beste måten vi kan få til eit forpliktande vedlikehald og forvaltning av dei bygningmessige verdiane til Volda kommune. Mykje av arbeidet blir gjennomført planmessig gjennom EPC-prosjektet. Vidare tiltak blir derfor utsett til dette prosjektet er ferdig.

Oppgradering Prestegata 33

I 2016 gjennomførte arbeidstilsynet tilsyn med Prestegata 33, der er pålegg om ferdigstilling av bygget med fokus på skitten og rein sone til personell. Løysinga i dag er ikkje tilfredsstillande. Bygget er klargjort for gjennomføring av siste del av prosjekt og ein vil kunne etablere tilfredsstillande soner og garderobar for kvinner og menn. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet.

4. etg. omsorgssenteret

Volda omsorgsenter har stort areal i øvste etasje som ikkje er innreidd. Kapasiteten i bygget er sprengt, både på avdelingsnivå og i kontorfløy. Gnisten er lokalisert vekk frå omsorgsenter i eit lokale som legesenteret vil ha behov for innan kort tid. Dette prosjektet har derfor samanheng med prosjekt ”Legesenteret”. Innreiing av 4. etg. i Omsorgssenteret kan frigjere areal andre stader og opnar opp for samdriftsfunksjonar som kan frigjere ressursar. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet.

Legesenteret

Volda legesenter driv i dag med full belastning på lokalet. Deler av venterom/pasientrom er blitt omgjort til kontorplass for turnuslege. Ved kapasitetsutviding må legesenter ombyggast og 3 etg. må takast i bruk til enkelte funksjonar (møterom, kantine osv). Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet.

Oppgradering kommunale bygg

Volda kommune har stort etterslep på vedlikehald av kommunale bygg. Det har blant anna vore arbeidd mykje med gjennomstrømming av kommunale bustadar, som medfører at det blir stadig fleire bustadar som må oppgraderast når dei skal ut på marknaden igjen etter 10-20 år med jamn utleige. Det er tilsett 2 tømrarar som arbeidar 100 % på dette investeringsprosjektet som vil gjennomførast vidare kvart år i kommande budsjett og økonomiplan. Prosjektet vil bli nytt på all kommunal bygningsmasse som har krav til oppgradering. Dette er arbeid som alltid vil rullere med å eige bygg. Tiltaket vil bidra til å nå mål i kommuneplanen innanfor dei fleste

område, alt etter kva bygg ein har prioritet på (dette er varierande). Underliggande er at prosjektet alltid vil ha med seg målet «klima og miljø» i alle tiltak som blir gjennomført. Ein har fokus på attvinning og energibruk. Folkehelse og attraktivitet der ein legg til rette for barn, unge og vaksne sitt oppvekstmiljø viktige rettesnorer.

Branndepot Staumshamn

Gamalt branndepot er utrangert og nytt depot er innarbeid i budsjett og økonomiplan.

Røyslida/Smalebakken oppgradering, levetidsforlenging og universell utforming

Eigedomsavdelinga arbeider med planar for eit prosjekt der ein ynskjer å renovere heile Røyslida/Smalebakken. Desse bustadane er frå tidlig 70-tal og har store behov for renovering. Renovering av bustadane opnar opp moglegheiter for nytenkjande og arealeffektiv planløysing. Dette vil auke kapasiteten på husvære innanfor same tal bygningar. Kommunen vil i forbindelse med prosjektet stette krav til levekår og inkludering der ein vil legge til rette for at personar med ulik fysiske og psykiske utfordingar kan busetjast i same miljø. Dette krev omgjering av alt husvære og uteområde til universell utforming. I planane som blir presentert vil ein ta høgde for tryggleik og trivsel der ulike bugrupper skal kunne bu og trivast i same miljø. Det blir lagt fokus på sosiale møteplassar på eit oversiktlig område vanskeligstilte som er tildelt husvære. Svært liten del av kommunale gjennomgangsbustadar er tilrettelagt for dette i dag. Prosjektet vil såleis bere karakter av at kommunen satsar på sine overordna planar og har folkehelseperspektivet med seg. Administrasjonen vil komme attende med eiga sak der dette vert kopla til bustadsosial handlingsplan som er i prosess.

Nytt tak Prestegata 33 (brannstasjonen)

Taket er lekk 3-4 plassar i Prestegata 33, det har vore gjennomført synfaring på taket og konkludert med at dette må skiftast. Ved å gjennomføre dette no i samband med større arbeid på bygget gjennom etablering FDV, oppgradering etter krav frå arbeidstilsynet, samt tiltak EPC. Vil ein samla sett sjå på dette som ein del av større tiltak og kan etter lovverket ta dette gjennom investering. Takskifte åleine er å rekne som ei driftsutgift.

Oppgradering Folkestadtun

Folkestadtun står ovanfor fleire oppgraderingsbehov. Dette gjeld mellom anna nytt kjøkken, vaskerom, garderobe (menn), deling av leilegheit (betre moglegheit for utleige), oppgradering av kontor, opparbeiding av parkeringsplassar, terrasse, nattlys, oppgradering vassforsyning (rør) m.m. Beløpet er fordelt over år i budsjett og økonomiplan. Gjennomføring av tiltak på kjøkken og røyr vil ha førsteprioritet. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet.

Fjordsyn – spesialtilpassing for brukar

Brukar har spesielle behov som treng spesialtilpassing for å trygge arbeidsmiljøet, samt øvrige bebuarar i området rundt denne brukaren. Ein vil forsøke å gjere tiltak som kan ha ein viss restverdi for kommunen i etterkant uavhengig av framtidig bebuar.

Fjordsyn – oppgradering bad

15 bad på Fjordsyn har avvik med fall mot sluk på bad. Dette burde vore ei reklamasjonssak, men vart ikkje følgt opp den gongen bygget vart bygt. Avviket gjer at det er fare for vannskade i øvrige rom. Vatn trekkjer inn i opphaldsrom og har potensiell skade på bebuarar med glatte golv, samt fare for byningsmessige vannskader. Desse avvika gir behov for oppgradering som forlenger levetida til bada.

Solskjerming kommunale omsorgsbygg

Fleire kommunale bygg har utfordringar kring solavskjerming der det blir svært varmt på pasientromma og kontora. Dette skaper utfordrande lysforhold og inneklima både på pasientrom, fellesrom og kontor. Dette kan medføre krav til auka kjøling. Innvendige persienner har vore forsøkt utan at dette har hatt effekt. Spesielt utfordrande har det vore på Fjordsyn, Barstadtun og Omsorgssenteret.

Oppgradering ventilasjon vaskeriet Omsorgssenteret

Det er fire vaskemaskiner(to fleire enn ved oppstart), to store tørketromlar, og fire tørkeskap inne på rommet som produserer varme og fuktig klima. På vernerunder er det kommentert at det til tider er utfordrande å arbeide i rommet. Tiltak vil bli vurdert her med tanke på utnytting av varmen til andre delar av bygget, dette blir vurdert når tiltak skal planleggast. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», der målsetting blant anna er at tilsette i Volda kommune skal oppleve eit godt arbeidsmiljø og sjukefråveret skal reduserast.

Barneavlastinga – ombygging/oppgradering

For trongt fellesareal og mange brukarar som går tett opp i kvarandre er uheldig og skaper vanskelege situasjonar. Kapasiteten er sprengt og ein treng etablering av fleire soverom. Ved etablering av 2 nye soverom aukar ein fleksibiliteten og oppnår driftsfordelar der ein unngår å plassere personar andre stadar. Uteområdet til avdelinga er ikkje utforma, og ein treng å gjere tiltak der som gir tilfredsstilland driftshøve og avskjerming. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet. Ein kan og dra parallell til temaet «attraktivitet», der målsetjing er vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda.

Kleppevegen 1 – nytt inngangsparti

Rom var bygd med tanke på avlasting, delar av området er nytta som personalbase med kontor. Der er liten plass til tilsette med same inngang som avlastningbustadane. Tal tilsette har auka sidan oppstart. Ved bygging av nytt inngangsparti vil ein kunne frigjere meir rom til tilsette.

Tilbygg Myrtun - strøsandlager for kommunalteknisk sektor

Volda kommune nyttar i dag undergangen under E39 mellom Myrtun og det regulerte industriområdet på Rotset til sandlager til strøsand. Industriområdet er ferdig regulert, og det er stort press på å starte utbygginga av området. Undergangen skal nyttast som tilfartsåre for det nye industriområdet. Kommunen kan derfor ikkje lenger nytte undergongen som lagringsplass for sand. Strøsand må være tørr og isfri og kan derfor ikkje ligge under open himmel. Når sand skal lastast og lossast på strøbilar/-maskinar, nyttar ein hjullastar eller gravemaskin. Ved lasting vert sanden skyvd innnover i lageret og lageret må byggjast i betong som tåler kreftene lageret vil bli utsett for.

Eit sandlager må liggje nært sentrum for å unngå ekstra logistikk-kostnader når kommunen skal strø i periodar med glatte vegar og fotgjengarfelt.

Nytt sandlageret må vera klart til bruk før vinteren 2017/18.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen”* innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Teknisk - kommunalteknisk avdeling

Kommunale vegar, utbetring 2017 – 2020

Volda kommune brukar relativt lite midlar til vegvedlikehald på driftssida. Denne løyvinga er ei investering og kan berre brukast til nyasfaltering eller større rehabiliteringar utover vedlikehald.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen”* innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Trafikktrygging og miljøtiltak 2017 - 2020

Desse midlane skal dekkje ny trafikktryggingsplan, og gjennomføring av trafikktryggingsplanen. I 2017 og inntil plan er ferdig vil belysning av skuleveg betre lys på gangareal og fotgjengar overgongar, verte prioritert.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen”* innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Friluftstiltak m.m. 2017 – 2020

Prosjektet starta opprinneleg som ei oppgradering for tur og friluftsliv ved Volda skisenter. Her er tiltaka utført, men prosjektet lever vidare som ei utvikling av friluftsareal i Volda kommune. Dei næraste planane går på kjøp av friområde på Andaneset og styrking av turvegen øvst i Elvadalen. Dei midlane som Volda kommune skyt inn i slike prosjekt vert ofte dobla ved tildeling av tippemidlar.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Alle skal ha mulegheit til å delta i eit breitt, variert og aktivt kultur- og idrettsliv”* innafor temaområde Attraktivitet i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Turveg rundt Rotevatn

Prosjektet vil starte planlegging og prosjektering i 2018.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Alle skal ha mulegheit til å delta i eit breitt, variert og aktivt kultur- og idrettsliv”* innafor temaområde Attraktivitet i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Kommunal del av sentrumsutvikling

Bygging del 1 av miljøgate

År: 2017
Volda kommune gjennomfører hausten 2016 detaljprosjektering av miljøgatestandard for eit område ved hamnekvartalet i Volda sentrum. Komplett detaljplan med beskrivelse/anbodsdokument vert levert 20. januar 2017.
For å kunne kome raskast mogleg over i byggefasen bør kommunen budsjettere slik at det let seg gjere å lyse ut arbeidet umiddelbart etter at detaljplanen er ferdig i januar. Då kan aktuelle fysiske tiltak oppstartast i 2017.

Bygging bru – turveg, Elvadalen

År: 2017/2018
Som viktig del av strategien lagt til grunn for utviklinga av Volda sentrum har styringsgruppa i ”Mellom bygningane i Volda” vedteke å detaljprosjektere nedre del av Elvadalen med sikte på at det kan byggast turveg frå brua på E39 (Industrigata) og fram til Presteholmen.
Prosjektet er prioritert utifrå tilbakemeldingar frå innbyggarane/publikum på spørsmål om kva tiltak ein først bør satse på i arbeidet med sentrumsutviklinga i Volda.
For å kunne kome raskast mogleg over i byggefasen etter at detaljprosjekteringa er ferdig bør kommunen budsjettere slik at det let seg gjere å lyse ut arbeidet i løpet av 2017. Då kan prosjektet stå ferdig i 2017/2018. Det er innleia forhandlingar med eigarane i området for å få til grunnavtalar og dette ser ut til å gå i orden.
Tiltaket fell innanfor anlegg som kan gjevast tilskot frå spelemidlane og det er aktuelt å utforme ein søknad om dette i løpet av prosjekteringsfasen.
Når dette anlegget er bygd vil siste delen av ein samanhengande turveg frå Volda sentrum og fram til Årneset/Volda stadion vere på plass.

I prinsippet skal kommunen, statlege midlar og grunneigarar/næringsdrivande dekkje 1/3 kvar.

Skulebakken – Haugen, Lauvstad 2015

Dette prosjektet har vore med i økonomiplanen tidlegare og er ei naudsynt utbetring av ei farleg vegstrekning. Kommunestyret har godkjent reguleringsplan for vegstrekninga. Vegen er ferdig prosjektert og har vore ute på anbod. Prosjekteringa er etter normene til statens vegvesen, og kostnaden med prosjektet er ca 7 millionar i tillegg kjem kostnadene med kjøp av grunn.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen"* innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Flomsikring Volda sentrum – Melshornsida 2017 – 2020

Det har ved større nedbørsmengder dei siste åra, vore nære på at kapasiteten på overvas-systemet i volda har vorte sprengd. Der har vore ein del skader på offentleg infrastuktur og private eigedomar, men vi har vore heldige og unngått katastrofe. Overvasskapasiteten i og ved Volda sentrum må difor kraftig oppgraderast til å tole ein 200 års flaum. NVE har vore på synfaring, og kome med nokre forslag. NVE og andre konsulentar må hjelpe oss med kapasitetsanalyser og detaljplanar, før utbygging kan starte i 2018. Prosjektering og planlegging i 2017, utføring i 2018 og 2019. I 2017 vert der lagt ei overvasskulvert gjennom Håmyrfeltet, for framtidig avlasting av sjukhuselva.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Utbygging skal til skal skje i flaum- og skredsikre område og eksisterande bygningar og infrastruktur skal sikrast"* innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Utbygging veglys til LED finansiert ved innsparing 2016 – 2020

Volda Kommune drifter i dag om lag 2400 veglyspunkt. 690 av desse er av den gamle PCB typen. PCB armaturane dreg nær 200 watt for å gi 100watt med lys. Nyare armatur dreg 110-120 watt. Eit LED armatur dreg berre 22 watt og gir 100 watt lys. Det er realistisk å skifte om lag 400 lyspunkt pr. år, og det vil ta 6 år å skifte alle lyspunkt til LED. Dette er eit framtidretta og miljøvenleg tiltak som betalar seg sjølv ved reduserte energiutgifter. I tillegg betaler vi like mykje i vedlikehald av dei gamle armaturene som vi betaler i straumutgifter. Vedlikehaldsutgiftene vil vi spare i 10 år for kvart armatur då LED armaturane har 10 års garanti. Dette prosjektet vil Volda kommune spare pengar på i tillegg til at innbyggarane får betre lys langs vegane og mindre lysforureining, då LED lys er meir retningsfokusert. Alle veglysa vert utskifta med LED for 2,75 millionar pr år i 6 år, medan Kr 200.000,-/år går til utskifting av heile stolpepunkt etter kvart som Mørenett byggjer ned luftspenn til kabel. Innan utgongen av 2017 skal 800 punkt i og ved Volda sentrum vere utskifta.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Volda kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og bevisstheit om rett energibruk"* innafor temaområde Klima og miljø i kommuneplanen sin samfunnsdelen. Og

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen"* innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Flomførebygging Heltneelva 2017 – 2020

Flomførebygging av Heltneelva var eit krav for utbygging av Brattebergfeltet i 1979. Tiltaket vil ikkje inngå i kostnadsgrunnlaget for utrekning av tomteprisar for bustadfeltet B 58. Flomførebygginga må gjennomførast før utbygging av B58 Bratteberg kan påstartast. Prosjektering heng saman med flaumførebygging av Volda sentrum, medan byggeperioda vert

foreslått prioritert etter Volda sentrum, da Urbakkfoten bustadfelt vert foreslått prioritert før Bratteberg.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Utbygging skal til skal skje i flaum- og skredsikre område og eksisterande bygningar og infrastruktur skal sikrast"* innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Fast Dekke kommunale areal/vegar finansiert drift

Areal med grusdekke krev kontinuerleg vedlikehald, særleg i periodar med mykje nedbør. Vi tek sikte på å leggje fast dekke på alle kommunale grusvegar og parkeringsplassar som det er fornuftig å asfaltere, i løpet av 2-3 år. Volda kommune vil då spare vedlikehaldsutgiftar ved at vi sparar innkjøp av grus og medgått tid på mannskap og maskinar. Såleis kan vi årleg redusere driftsramma til vegdrift tilsvarande finanskostnadane på denne investeringa.

Dei areala som rådmannen foreslår asfaltert i 2018 er:

- Asfalt Høydalen ytre
- Asfaltering Sæteråsen Lauvstad
- Asfaltering Skaret/Lønndalen, Lauvstad
- Asfaltering Sollida, og mot Lønndalen til stadion, Folkestad
- Asfaltering Gangvegar Heltne/Bratteberg
- Asfaltering Gangvegar Røyslida
- Asfaltering Gamlevegen
- Asfaltering Seljebakken
- Asfalt gangvegar på Leirshaugen kyrkjegard.
- Asfalt parkeringsplass Reset
- Asfalt parkering Volda Stadion

Endeleg plan for asfaltering vil følgje hovudplan veg, som skal utarbeidast i løpet av 2017.
Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen"* innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Kommunal andel Volda Idrettspark

Området kring Volda stadion framstår som rotete, dårleg opplyst og tilrettelagt. Kommunal del av opprusting av dette området er eit bidrag til ei forskjøning av dette området ilag med dei frivillige organisasjonane som har sitt aktivitetsareal i området. Når området er ferdig skal det framstå som lysare og tryggare for barn og ungdom samstundes som det er ein tiltalande plass for besøkjande til idrettsstevner som i relativt stort antal møte Volda kommune på denne staden.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Alle skal ha mulegheit til å delta i eit breitt, variert og aktivt kultur- og idrettsliv"* innafor temaområde Attraktivitet i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Samleveg Håmyra

Din Bustad AS ynskjer å starte utbygging av Håmyrfeltet snarast råd. Volda kommune har fått ei juridisk vurdering av kven som skal byggje samlevegen gjennom feltet. Det er skrive ei

utbyggingsavtale etter anleggsbidragsmodellen med Din Bolig AS, denne avtalen har vore på høyring og er godkjendt av Volda kommunestyre. Volda kommune står som utbyggjar av samlevegen, og Din Bolig AS betalar sin andel av vegen til Volda kommune. Prosjektet har noko finansiering frå tidlegare år, og treng estimert 5,5 mill i tillegg for fullfinansiering. Totalkostnad for vegen kan ikkje skrivast her då vegstrekket ikkje har vore utlyst endå.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktivt bumiljø"* innafor temaområde Busetting i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Samleveg Urbakkfoten:

Prosjektering av samleveg vil starte i 2017 med utbygging i 2018. Vegen skal knytast saman med samlevegen over Håmyra når Raudemyrvegen og Kleppevegen er ferdig opprusta.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktivt bumiljø"* innafor temaområde Busetting i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Opprusting av Raudemyrvegen til samleveg

Raudemyrvegen må opprustast og utvidast før opning av samleveg over Håmyra og Urbakkfoten. Reguleringsarbeidet har starta, og prosjektering utbygging vil starte straks regulering og grunnavtalar er på plass.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktivt bumiljø"* innafor temaområde Busetting i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Opprusting av Kleppevegen til samleveg:

Kleppevegen må opprustast og utvidast før opning av samleveg over Håmyra og Urbakkfoten. Reguleringsarbeidet har starta, og prosjektering utbygging vil starte straks regulering og grunnavtalar er på plass.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktivt bumiljø"* innafor temaområde Busetting i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Næringsområde Øvre Rotset 2016 – 2017

Løyvinga er ei total ramme som skal dekkje regulering, grunnerverv, prosjektering og opparbeiding av området. Det er inngått kontrakt med privat konsulent om regulering av området. Det vert arbeidd med framdriftsplan med milepelar for gjennomføring av anlegget. Siktemålet er å starte opp utbygginga så tidleg som mogleg i 2017.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad"* innafor temaområde Attraktivitet i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Sansehagen (oppgradering av hagen i Omsorgsenteret)

Parken rundt omsorgsenteret vert mykje brukt av demensavdelinga. Slik det er no, så er ikkje hagen innegjærda eller avstengt, slik at der krevst ein pleier pr. pasient for å hindre at pasientene vandrer vekk frå området til omsorgsenteret. Dette prosjektet omhandler at heile, eller delar av sansehagen skal sikrast og avgrensast evt. med gjærde, slik at lufting av demente kan foregå med mindre krav til personalressursar.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Kommunen som organisasjon skal vere eit førebilete i folkehelsearbeidet"* innafor temaområde folkehelse i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Utbygging bustadfelt Bratteberg 2019 og 2020

Løyvinga er ei total ramme som skal dekkje regulering, grunnerverv, prosjektering og opparbeiding av området. Det er inngått kontrakt med privat konsulent om regulering av området. Prosjektet er flytta ut i tid grunna forbygging av Heltneelva som må gjerast før med opparbeiding av feltet.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktivt bumiljø"* innafor temaområde Busetting i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Torvmyrvegen, Samarbeid med Ørsta kommune

Planlegging vil starte i 2018 og 2019, med bygging i 2020. Det må vidare avklarast om tiltaket vil kome inn under samferdselspakken for Volda og Ørsta.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen"* innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Maskiner og køyrety til Parkdrift

Der ryk i snitt ein plentraktor pr. år, som må erstattast med ein ny, i tillegg til anna utstyr til park/kyrkjegardsdrift. Dette er eit samleprosjekt for innkjøp av nøvendige maskinar. Slik kan også ei eventuell restløyving verte overført til året etter. I 2014 tok Park avdelinga over alle grøntareala som tidlegare tilhøyrde eigedom. Dette medførte ei dobling av areal, og ei auke i tal sommarhjelpar. Det er naudsynt med to klippelag som går kontinuerleg i vekstsesongen. I 2014 vart ein gamal 5-seter liten lastebil erstatta med ei nyare bil, då levetida til gamlebilen var utgått. Den auka arbeidmengda og drifting av to lag, gjorde at vi måtte halde liv i den gamle bilen vidare. No er denne avskilta og vi treng ein ny bil som kan trekkje 2 tonns tilhengar. Dersom denne bilen ikkje vert kjøpt, vil parkdrift gå ned i halv kapasitet og kan berre slå halvparten av grøntareala. Budsjettet for 2017 omhandlar slik bil og ein ny plentraktor.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet"* innafor temaområde Busetting i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Maskiner og køyrety til Vegdrift

Det er kontinuerleg slitasje på maskinparken, noko som resulterer i at vi gjamnleg må skifte ut forelda utstyr.

Planen for 2017 er å kjøpe ein liten lastebil/pickup med kran. Dette vil effektivisere arbeidet vårt då ein slik bil aleine kan hente tyngre komponentar, som kummer, betonglameller og rørdelar, utan at gravemaskin/hjullastar treng vera med til hente/drop staden. Dersom vi får tak i ein mindre kostbar slik bil, kan vi også kjøpe ein asfaltfres som kan nyttast til reparasjon av det nedslitne gatenettet vårt og utsette behov for reasfaltering nokre stader.

Volda kommune har to store traktorar som er i kontinuerleg drift til brøyting, drift VA og Veg. Den eldste traktoren er nær 10 år gamal, og det er naudsynt å skifte ho ut i 2018, medan der framleis er god innbytteverdi. Traktorane kan ikkje driftast til havari, då dei er sentrale i beredskapen til veg og VA i Volda kommune.

Dette er eit samleprosjekt for innkjøp av nødvendige køyrety og maskiner.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen"* innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Ny veghøvel 2017

Volda kommune leiger i dag veghøvel frå lokal entreprenør. Veghøvelen betjener ein av 5 brøyteroder i Volda sentrum, og er nytta til alle kommunale vegar til brøyting når høvling er naudsynt. Årleg leigekostnad er kr 250 000 . Det løner seg å ha eigen høvel, slik at vi kan bemanne den 5. brøyteroden sjølv. Vi har hatt møte med Ørsta kommune om det er mogleg å dele på ei veghøvel mellom dei to kommunene. Konklusjonen var at det er mogleg, men vil gå kraftig ut over trafikksikkerheita i begge kommunar, då det vert høvling annankvar dag i begge kommunene, i tillegg til at begge kommuner då må investere i ei ekstra brøyteeining til å ta brøyteroda til høvelen dei dagane veghøvelen ikkje er i kommunen. Det vil også medføre ei oppbemanning i begge kommunar med 1-2 stillingar til bemanning av ekstra brøyteeining.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "*Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen"* innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Full rehabilitering Skinnvikbrua

Skinnvikbrua er pr i dag berre ei gammal fergelem. Brua har fått nedsett akseltrykk grunna dårleg forfatning, og er pr i dag farleg og ikkje teneleg for bebuarane i området. Ny bru må byggjast i 2017. Estimert kostnad er 1,5 millionar inklusive prosjektering. Kostnaden veit vi ikkje nøyatig før brua har vore ute på anbod.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen”* innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Levetidsforlenging av bruer

Vidare år er der sett av ein sum til rehabilitering og levetidsforlenging av andre kommunale bruer. Tilstandskontroll har avdekt eit rehabiliteringsbehov på fleire bruer. Tidsnok rehabilitering er naudsynt for å unngå større kostnader med bygging av ny bru, slik som i Skinnvika.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen”* innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Volda Skatepark Tak og Lys - Kommunal deltaking

Der er eit yrande liv på Volda skatepark i Sommer halvåret, der barn og unge får utfolde seg i aktivitet utanfor den organiserte idretten. Denne aktiviteten stoppar opp på hausten og vinteren på grunn av mørke og snø. Det vert derfor foreslått å bidra til ei vidareutvikling av Volda skatepark slik at ho kan nyttast heile året. Kommunalt bidrag må organiserast slik at det kan godkjennast som investering innanfor ramma som vert godkjent.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Alle skal ha mulegheit til å delta i eit breitt, variert og aktivt kultur- og idrettsliv”* innafor temaområde Attraktivitet i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Teknisk - Brann

Brann Beredskapsmatriell og Køyretøy

Ny brannbil til Dravlaus: kr. 700 000

Tiltaka vil bidra til å nå målet ”Volda kommune skal ha eit velfungerande brann- og redningsvesen i heile kommunen” innafor temaområde 4.10, Samfunnstryggleik, i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Ny befalsvaktbil i 2018: kr. 500 000

Det vil vere lønsamt for kommunen å kjøpe køyrety som er utrusta slik at dei kan kjøpast avgiftsfritt. Ein kan då skifte bilen kvart 3-4 år og i prinsippet halde seg med forholdsvis nye køyrety til ein svært låg driftskostnad.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”Volda kommune skal til ei kvar tid ha gode system for beredskap” innafor temaområdet ordne beredskapsarbeidet etter leon-prinsippet (lågast mogeleg beredskapsnivå).

Skifte ut den eldste brannbilen, som då vert 28 år – kr 500 000

Tiltaket vil bidra til å nå målet "Volda kommune skal ha eit velfungerande brann- og redningsvesen i heile kommunen" innafor temaområde 4.10, Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Dette prosjektet vart redusert med kr 500 000 i 2017 i økonomiplanen for å ta ned investeringsbyrden i høve bygging av Øyra skule. I økonomiplanen er det ikkje avsatt midlar til utskifting av begge desse køyretya, men dei må skiftast eller takast ut av drift då dei ikkje vil tilfredsstille køyretytekniske krav utan dyre og ulønsame reparasjonar.

Brannteknisk materiell i 2019: kr. 500 000

Mykje materiell er gamalt og treng utskifting. Mellom anna er fleire brannpumper både i sentrum og på bygdene bortimot 30 år gamle.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "Volda kommune skal ha eit velfungerande brann- og redningsvesen i heile kommunen" innafor temaområde 4.10, Samfunnstryggleik, i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Brannteknisk materiell i 2020: kr. 500 000

Mykje materiell er gamalt og treng utskifting. Mellom anna er fleire brannpumper både i sentrum og på bygdene bortimot 30 år gamle.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "Volda kommune skal ha eit velfungerande brann- og redningsvesen i heile kommunen" innafor temaområde 4.10, Samfunnstryggleik, i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Bil til feiar kr 500.000,- i 2020.

Volda kommune har lukkast med å tilsetje feiar i 100 % stilling. Han starta i juni 2020, og treng bil for å kome seg rundt til feieoppdrag med nødvendig utstyr.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "Kommunen som organisasjon skal vere eit førebilete i folkehelsearbeidet" innafor temaområde 4.7, Folkehelse i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Bilen er feiaren sin hovudarbeidsstad og vert nytta til både verkstad, kontor, kantine mm gjennom alle årstider. Det er strenge krav til reinhald og arbeidsmiljø for feiaren og vi meinar at køyretyet må skiftast ut minst kvart 5 år slik at feiaren kan ha ein god arbeidsstad som ivaretek tenesta på ein forsvarleg måte og gir kommunen eit godt ansikt utad.

Sjølvkost (Vatn og avløp)

Vatn Samleinvestering

Dette er eit samleprosjekt for alle investeringar som gjeld Vassverk og vassleidningar. Investeringsfondet og alle tidligare løyvingar for investeringsløyvingar til vatn er brukt opp og det er behov for større løyvingar for 2017 og dei kommande åra for at tenestene vassverka

leverer skal være i samsavar med lovar og forskrifter, og med god kvalitet. Der har årleg vorte løyvd 4 mill til utbetring av leidningsnett, behandling og reinsing, dette må no aukast i åra som kjem og midlane som er sett opp i dei komande åra må aukast betrakteleg for å få gjennomført alle prosjekta som er naudsynte for å få eit godt og påliteleg vatn for bebuarane i Volda.

Kostnadsoverslag og spesifikasjon for samleprosjekt vatn for 2017:

- Leidningsutskifting kr 5 000 000
- Naudstraumsaggregat kr 2 800 000
- Reservevatn frå Ørsta kr 4 500 000
- Nytt vassinntak Lauvstad vassverk: kr 5 300 000
- Nytt vassinntak Dravlaus vassverk: kr 2 700 000
- Prosjektering oppgradering av vassverk: kr 600 000
- Digitalisering: kr 535 000
- Prosjektering av Dinglavatn dammar: kr 400 000
- Ny base for kommunalteknisk drift, Myrtun: kr. 1 500 000
- Ny bil: kr 225 000
- Overvassleidning Klokkarvegen – Kleppevegen: kr 4 000 000
- Høgdebasseng Fyrde: kr 500 000

Naudstraumsaggregat – Vassverk

Volda kommune eig og driftar i dag 10 vassreinseanlegg rundt om kring i kommunen. Mange av vassverka ligg på stader med vanskeleg tilkomst om vinteren og om ein får mykje skogvelt over tilkomstvegane til vassverka. Seinast under orkanen Tor vart innbyggarane på Lauvstad vasslause på grunn av at straumen forsvann og vassverket då ikkje kan produsere vatn. Ein ser at det blir meir og meir ekstremvær, samstundes som krava til vasskvalitet blir stramma inn frå Mattilsynet si side. For å sikre innbyggjarane og abonnentane av kommunalt vatn, er det derfor kritisk å få på plass naudstraumsforsyning på vassverka. Prosessen med å kjøpe inn naudstraumsaggregat er allreie i gong og Lauvstad, Dravlaus og Søre Bjørkedalen vassverk vil få naudstraumsaggregat i løpet av hausten. For å få same beredskap på alle Vassverka treng ein meir midlar. Vassverka som står for tur er:

- Berkneset Vassverk
- Hjartåbygda Vassverk
- Nordre Bjørkedalen Vassverk
- Steinsvika Vassverk
- Straumshamn Vassverk
- Fyrde Vassverk

Nytt vassinntak – Lauvstad

Lauvstad vassverk har ei lite og ustabilt vassinntak. Kvaliteten på råvatnet kan til tider by på utfordringar i vassproduksjonen med mykje barnåler og partiklar i periodar med mykje nedbør og lauvfall. Inntaksmagasinet er grunt og ved kalde vintrar har inntaksbassenget lett for å

fryse til. For at då abonnentane på Lauvstad skal få vatn må ein hente vatn med pumper frå Ulvestadelva. Dette er farefullt og uheldig å ikkje ha ei betre løysing, men er det einaste alternativet for å sikre vatn på Lauvstad. Pumpar settast ned i elva og personell må fysisk ut på isen. Det er ikkje sikringsutstyr og moglegheiter for sikring av personell i området, slik at tiltaket er også av arbeidsmiljøomsyn nødvendig.

For å sikre både vassforsyninga og kommunens tilsette ei sikker arbeidsplass må eit nytt vassinntak på plass på Lauvstad. Dagens inntak vil då kunne nyttast som reserveinntak ved veldikehald på det nye inntaket og ein ville fått ei betre forsyningssikkerheit.

Nytt vassinntak – Dravlaus

Dravlaus vassverk har i dag inntak i Dravlauselva. Inntaket ligg plassert slik at det er mykje kvist, barnåler og annen skit som tettar inntaket. I samband med utbygginga av Dravlaus kraftverk har kommunen sett som krav at kommunen skal få ta ut vatn frå kraftverket til vassproduksjon. Uttaket av vatn vil skje ved sjølve kraftverket og gå i røyr opp til dagens pumpestasjon og vidare inn i vassverket. Prosjektet vil auke kvaliteten på vatnet med inntak høgare oppe i elva der vatnet er reinare. Eit nytt vassinntak aukar også forsyningsikkerheita då ein vil få eit reserveinntak. Kommunen har allereie avsett areal i kraftverket og lagt nokre meter med røyr, slik at ein enkelt kan fortsette arbeidet med røyrføringa opp til vassverket når utbygginga av kraftverket er ferdig.

Prosjektering oppgradering av vassverk

(denne gjeld også for avløp samleinvestering då slike investeringar må delast 50/50 mellom vatn og avløp)

Nytt saksframlegget vart delt ut i møtet. Det vart gjort ei endring i saksframlegget frå rådmannen, vedk. utgifter for drift for Hornindal kommune.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

1. ***Volda kommunestyre sluttar seg til at Hornindal kommune går inn i det interkommunale barnevernssamarbeidet mellom Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta, jfr kl § 28b.***

2. ***Volda som vertskommune for det interkommunale barnevernstenesta inngår avtale med Hornindal kommune på same vilkår som gjeld for dei andre samarbeidskommunane/likelydande avtale.***

3. ***Utgifter til drifta samla sett (Kostra 244) og etter utviding med Hornindal kommune vert å dekkje innanfor vedtekne budsjettrammer inkl overføring frå Hornindal kommune.***

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Brynhild Solvang	Arkivsak nr.:	2016/1557
		Arkivkode:	026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
230/16	Formannskapet	29.11.2016
173/16	Kommunestyret	15.12.2016

UTVIDING AV BARNEVERNSSAMARBEIDET MELLOM HAREID- ULSTEIN-VOLDA OG ØRSTA: SØKNAD FRÅ HORNINDAL KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:

1. **Volda kommunestyre sluttar seg til at Hornindal kommune går inn i det interkommunale barnevernssamarbeidet mellom Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta, jfr kl § 28b.**

2. **Volda som vertskommune for det interkommunale barnevernstenesta inngår avtale med Hornindal kommune på same vilkår som gjeld for dei andre samarbeidskommunane/likelydande avtale.**

3. **Utgifter til drifta samla sett (Kostra 244) og etter utviding med Hornindal kommune vert å dekkje innanfor vedtekne budsjettrammer inkl overføring frå Hornindal kommune.**

Vedleggsliste:
Avtale om barnevernssamarbeid mellom kommunane Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda, datert 11.11.13.

Samandrag av saka:
Hornindal kommune har i brev datert 21.9.2016 søkt om å verte ein del av den interkommunale barnevernstenesta mellom Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta.

Saksopplysningar/fakta:
Volda er vertskommune, og barnevernstenesta har lokalar i Volda rådhus. Søknaden har vore drøfta i rådmannsgruppa, som har gitt si tilslutning. Hornindal vil gå inn i samarbeidet på dei same vilkåra som dei andre samarbeidskommunane når det gjeld drift og utgiftsdekning. Internt i barnevernstenesta vil det å skulle dekke Hornindal innebere eit noko større ansvarsområde. Barnevernstenesta vil også få eit større geografisk område å dekke enn i dag. Utover klientkontakt vil ein også få ansvar for tverretatleg og tverrfagleg samarbeid med skulen, barnehagen og helsestasjonen i Hornindal.

Pr i dag er det tilsett ein person i 20 % stilling for å dekke behovet for barnevernstenester i Hornindal. Det er endå ikkje avklart om denne personen vil følgje med som ein del av ei eventuell verksemdsoverdraging. Volda kommune må derfor vurdere personalmessige behov ved ei slik utviding innafor vedtekne budsjettrammer inkl overføringa frå Hornindal kommune, og ein treng da ikkje ny handsaming i kommunestyra.

Vurdering og konklusjon:

Kommunane Hornindal og Volda har gjort vedtak om å slå seg saman og byggje ny kommune. Det er naturleg at den nye kommunen overtek vertskommuneansvaret for Volda kommune, og at barnevernet i tidlegare Hornindal og Volda kommune vil da inngå i dette felles barnevernet. Det at Hornindal kjem inn litt tidlegare bør vere kurant.

Rådmennene i kommunane i Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta har signalisert positiv haldning til at Hornindal kommunen vert tilslutta det interkommunale barnevernssamarbeidet frå 1.1.2017.

Økonomiske konsekvensar:
Ei utviding av den eksisterande interkommunale barnevernstenesta vil ikkje ha økonomiske konsekvensar for samarbeidskommunane, då Hornindal dekker eigne utgifter til barnevernstenester.

Når det gjeld utgifter til drift (Kostra 244) så vil Hornindal sin andel etter vilkåra i avtalen utgjere kr 760 780,- for 2017. Kriteriene som er lagt i avtalen er teke høgde for at dei dekkjer dei utgiftene som representere den enkelte kommune i samarbeidet, ut frå barnetalet 0-17 år.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Sentrale styresmakter har gitt føringar om at alle kommunar skal ha døgnberedskap for barn. Administrasjonen har i samarbeid med politiet starta ei utgreiing av eit mogleg samarbeid mellom kommunane i 7-stjerna om dette. Kvar kommune, også Hornindal, må ta særskilt stilling til dette i ei eiga sak når den blir lagt fram for politiske organ.

Rune Sjurgard
rådmann

Brynhild Solvang
barnevernssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

AVTALE OM REGIONALT BARNEVERNSAMARBEID

1. Grunnlaget for avtalen

Denne avtalen gjeld regionalt barnevern etter barnevernslova. Samarbeidet vert å gjennomføre etter reglane i kommunlova § 28-1b – administrativt vertskommunesamarbeid, jfr. også kommunelova §28-1 a-k.

Namnet på samarbeidet er Søre Sunnmøre barnevernsamarbeid (SSBS)

2. Deltakarkommunar

Vertskommune er:	Volda
Samarbeidskommune er:	Ørsta
	Hareid
	Ulstein

Vertskommune gjer lik, men separat avtale med kvar samarbeidskommune. I tillegg til denne avtalen og tilleggsavtalar, jfr. pkt. 13, regulerer kommunelova kap. 5 vertskommune-samarbeidet. Vertskommunen skal elles gjennomføre verksemda i samsvar med kommunelova, barnevernlova, forvaltningslova og anna regelverk som gjeld for kommunen.

3. Føremål og oppgåver.

Føremålet med samarbeidet er å etablere ei fagleg robust barneverntenesteste som sikrar god og brei kompetanse, habilitet og rettssikkerheit i tenestetilbodet. Barneverntenesta skal vere open og tilgjengeleg for brukarane, samarbeidspartane og for ålmenta.

Samarbeidet skal utføre dei oppgåvene kommunen har etter lov om barneverntenester, jfr. § 2-1 og kap. 3 og 4 i lova. Barneverntenesta skal saman med samarbeidspartane ha fokus på tidleg oppdaging og tidleg intervensjon.

Mynde og delegering

Kommunestyret i Hareid, Ulstein og Ørsta kommune (samarbeidskommune) delegerer oppgåver og mynde etter barnevernlova til rådmannen i kommunen som skal delegere dette myndet vidare til rådmannen i vertskommunen. Kommunestyret i vertskommunen delegerer oppgåver og mynde etter barnevernlova til rådmannen i vertskommunen. Delegeringa gjeld avgjerder i enkeltsaker og saker utan prinsipiell verknad, herunder mynde som underinstans i klagesaker.

Rådmannen i vertskommunen kan delegere myndet etter denne avtalen vidare til barnevernleiar (leiar for det interkommunale barnevernsamarbeidet). Det vert vidare synt til ansvaret og myndet som er lagt direkte til barnevernleiaren etter barnevernlova.

4. Sakshandsaming, underretning, klage mv.

Vertskommunen har det faglege og administrative ansvaret for tenesta, for at sakshandsaminga er fullt ut forsvarleg og følgjer sakshandsamingsreglane i forvaltningslova, personopplysningslova, arkivlova mv.

Samarbeidskommunen pliktar å gi vertskommunen all informasjon som er nødvendig for handsaming av sakene. Gjensidig informasjon eller innsyn i enkeltsaker mellom samarbeidspartane som er underlagt teieplikt, kan ikkje gjevast vidare utan at det er høve til det etter barnevernlova, forvaltningslova, personvernlova eller kommunelova.

Samarbeidskommunane kan til kvar tid be om å verte orientert om alle forhold som gjeld vertskommunen si utøving av det delegerte myndet. Vertskommunen orienterer partane i saka om at vedtak vert fatta på vegne av ein samarbeidskommune.

Klage over vedtak fatta av vertskommunen følgjer av reglane i kommunelova § 28 f. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er klageinstans for vedtak som er gjort etter mynde delegert frå staten.

5. Rapportar

SSBS rapporterer til kommunane om ressursbruk, tilstand og prioriteringar i barneverntenesta i samband med budsjetthandsaminga, tertialrapportar og rekneskap/årsrapport. Ved større avvik i høve til tiltaksbudsjettet skal leiar av barnevernet orientere rådmannen i den aktuelle kommunen snarast råd.

SSBS utarbeider årsrapportar med vedtaksstatistikk og anna relevant statistikk for tenesta som vert å sende til samarbeidskommunane i tråd med rapporteringsrutinar som til ei kvar tid gjeld i samarbeidet.

Vertskommunen har ansvar for å rapportere til fylkesmannen i Møre og Romsdal og til SSB. I denne rapporteringa skal det skiljast mellom kommunane.

Statlege tilsynsrapportar skal sendast til samarbeidskommunen.

Melding om vedtak gjort i vertskommunen, klagesaker, tilsynsrapportar, forvaltningsrevisjon m.m. skal sendast til rådmannen i vedkomande samarbeidskommune utan drying.

6. Informasjon

Leiaren for barnevernet har ansvaret for at det faglege samarbeidet med samarbeids-kommunane vert utvikla og halde oppe. Vertskommunen har ansvar for informasjon om barneverntenesta i høve samarbeidsinstansar i samarbeidskommunane og utadretta i høve samfunnet.

7. Lovlegkontroll og kontrollutval

Lovlegkontroll kan skje etter reglane i kommunelova § 28 h, jfr § 59. Kontrollutvalet i vertskommunen har mynde etter kommunelova § 77 nr 1 overfor verksemda, jfr kommunelova § 28 j.

8. Personalet

Dei som ved oppstart av samarbeidet er tilsett i dei kommunale barneverntenestene (inkl. tenesta for einslege mindreårige flyktningar), vert etter nærare avtale mellom dei tilsette, kommunen og fagorganisasjonane overført til vertskommunen. Dette vert regulert som individuelle avtalar med den enkelte tilsette. Vertskommunen er arbeidsgjevar (inkl tilsetjingsmynde og personaloppfølging). SSBS følgjer dei retningslinene for tilsette som gjeld for tilsette i vertskommunen. Unntak kan berre gjerast dersom det er avklara med fagorganisasjonen i vertskommunen og rådmennene i samarbeidskommunane.

9. Økonomi og rekneskap

Vertskommunen har budsjettansvar, ansvar for tilfredsstillande lokale for hovudkontor og driftsmidlar.

Budsjettprosessen startar med eit møte i samarbeidsorganet for å sikre god informasjonsflyt mellom samarbeidskommunane og vertskommunen, seinast 01.10 før budsjettåret. Vertskommunen orienterer samarbeidsorganet om årsbudsjett og økonomiplan. Kommunestyret i vertskommunen vedtek årsbudsjett og økonomiplan. Tiltaksbudsjettet for den enkelte samarbeidskommune og denne sine løyvingar til SSBS vert handsama og godkjent av kommunestyret i denne kommunen.

Kostnaden til administrasjon og drift av tenesta (KOSTRA 244) blir fordelt etter barnetalet 0-17 år i dei 4 deltakarkommunane.

Vertskommunen sine utgifter til støttetenester (personaladministrasjon, rekneskapsføring, revisjon, IKT mv) vert kalkulert til 2 % av administrasjonsutgiftene året før (KOSTRA 244) og fordelt på deltakarkommunane etter barnetalet i dei 4 deltakarkommunane. Vertskommunen skal i løpet av første heile driftsår syte for ei kvalifisert vurdering av desse utgiftene. Rådmennene i deltakarkommunane kan godkjenne endring av dette punktet i avtalen dersom kartlegginga gir grunnlag for det.

Kostnadene med tiltak (KOSTRA 251 – tiltak i heimen og 252 - tiltak utanfor heimen) skal dekkjast av den enkelte kommune der tiltaket/tenesta vert ytt. Det same gjeld kostnadene med tenesta for einslege mindreårige flyktningar.

Vertskommunen fakturerer a-kontosummar til samarbeidskommunane 4 gonger i året. Fakturaen vert utstedt den 15 i månaden for kvart påbegynt kvartal og a-kontosummen vert stipulert ut frå forventa kostnader med drifta for kvartalet.

Avrekning skal skje kvart år i samband med rekneskapsavslutninga for driftsåret.

10. Lokalisering og organisering av arbeidet.

Samarbeidet vert organisert med eigen leiar underlagt rådmannen i vertskommunen. Det er leiaren sitt anvar å syte for god kontakt mellom samarbeidet og alle deltakarkommunane. Arbeidet vert organisert ut frå eitt hovudkontor i vertskommunen der alle tilsette er lokalisert. Alle kommunane plikter for eiga rekning å stille tenleg kontor til disposisjon slik at arbeid i høve heimebesøk, samtalar og samarbeidsmøte kan skje i den kommunen der barna bur. Deltakarkommune med einslege mindreårige flyktningar har for eiga rekning ansvar for bustad knytt til denne tenesta.

11. Samarbeidsorgan

Rådmennene i deltakarkommunane, eller dei rådmennene oppnemner, utgjer samarbeidsorgan for det regionale barnvernsamarbeidet. Samarbeidsorganet er eit konsultativt organ utan ansvar eller mynde. Samarbeidsorganet konstituerer seg sjølv og legg sin eigen møteplan. Leiaren i samarbeidsorganet deltek som rådgjevar i prosessen med tilsetjing av barnevernsleiar.

Samarbeidsorganet skal løpande evaluere samarbeidet og ved behov ta initiativ til framlegg til endring av samarbeidsavtalen.

12. Iverksetjing og endring

Denne avtalen gjeld fullt ut frå 01.01.2014. Samarbeidet om drift av stillinga som leiar gjeld frå tiltredingstidspunktet i stillinga.

Endring i avtalen kan gjerast av kommunestyra dersom alle samarbeidskommunane gjer likelydande vedtak. For forhold som berre gjeld ein samarbeidskommune og kommunen sine innbyggarar, kan denne individuelle avtalen få tillegg som kan avgjerast av vedkomande samarbeidskommune og vertskommunen åleine. Slike tillegg må ligge innanfor mål og ramme for samarbeidet og ikkje føre til nemnande ulempe for dei andre deltakarkommunane.

Rådmannen i vertskommunen og rådmennene i samarbeidskommunane kan gjere avtale om tillegg og endringar denne avtalen så langt det ikkje vedkjem minstekrava til samarbeidsavtale etter kommunelova § 28 e og som kommunestyra sjølve skal godkjenne.

13. Uttreden/oppløysing

Avtalen er ikkje tidsavgrensa, men kan seiast opp skriftleg med eitt års varsel. Avtalen opphøyrer då ved første årsskifte etter at eitt år har gått. Vedkomande kommune v/rådmannen kan likevel trekkje attende det delegerte myndet og avslutte det interkommunale samarbeidet med

øyeblikkeleg verknad. Kostnader som dette fører til for det interkommunale barnevernet og dei andre kommunane i oppseiingstida og elles etter dette punktet må då dekkjast av vedkomande kommune åleine.

Dersom ansvaret for barneverntenesta ved opphøyr eller uttreden går attende til ein kommune/kommunane, skal tilsette ved kontoret så langt det er mogleg få tilbod om tilsetjing i den kommunen dei jobba tidlegare. Antal stillingar som kommunane gjekk inn med ved etablering av kontoret skal attendeførast til den enkelte kommune ved opphøyr og uttreden. Stillingar som er tilført kontoret utover dette, samt verdiar og lausøyre skal ved opphøyr/uttreden fordelast etter fordelingsnøkkelen for drifta av kontoret. Det same gjeld framtidig pensjonskostnader, husleige i følgje avtalt leigetid, samt ev andre økonomiske plikter i ev avtalt bindingsperiode.

14. Tvistemål

Tvistemål om verksemda som måtte kome mellom samarbeidskommunane, skal avgjerast ved valdgift i vertskommunen kommune i samsvar med reglane i Tvistemålslova. Valdgiftsretten skal ha 3 medlemar oppnemnd av tingrettsdommaren på Søre Sunnmøre.

Volda den. 11.11.2013

Vertskommune

.....
For Volda kommune

Samarbeidskommune

.....
For Hareid kommune

Samarbeidskommune

.....
For Ørsta kommune

Samarbeidskommune

.....
For Ulstein kommune

Handsaming:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

> ***Kommunestyret syner til at retningslinjene for næringsfond og kraftfond vart reviderte så seint som i K.sak 6/14 og held fast ved det vedtaket. Dersom Volda kommune igjen får tildelt midlar til næringsfond frå fylkeskommunen, skal midlane tildelast i samsvar med reviderte lokale retningsliner for bruken av næringsfond fylke/stat slik det går fram av vedlegga til ovannemnde K.sak 6/14.***

Røysting:

Samrøystes tilråding i Driftsstyret - 16.11.2016 til kommunestyret

Kommunestyret syner til at retningslinjene for næringsfond og kraftfond vart reviderte så seint som i K.sak 6/14 og held fast ved det vedtaket. Dersom Volda kommune igjen får tildelt midlar til næringsfond frå fylkeskommunen, skal midlane tildelast i samsvar med reviderte lokale retningsliner for bruken av næringsfond fylke/stat slik det går fram av vedlegga til ovannemnde K.sak 6/14.

Handsaming:

Fride Sortehaug kom med slikt framlegg:

Saka blir utsett og sendt til driftsstyret før vidare behandling i formannskapet.

Røysting (8 røysteføre):

Utsetjingsframlegget fekk fem røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Arild Iversen, Margrete Bjerkvik og Dan Bjørneset)

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2013/821
		Arkivkode:	242

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
165/16	Formannskapet	20.09.2016
63/16	Driftsstyret	16.11.2016
232/16	Formannskapet	29.11.2016
174/16	Kommunestyret	15.12.2016

RETNINGSLINJER FOR BRUKEN AV NÆRINGSFOND OG KRAFTFOND.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret syner til at retningslinjene for næringsfond og kraftfond vart reviderte så seint som i K.sak 6/14 og held fast ved det vedtaket. Dersom Volda kommune igjen får tildelt midlar til næringsfond frå fylkeskommunen, skal midlane tildelast i samsvar med reviderte lokale retningsliner for bruken av næringsfond fylke/stat slik det går fram av vedlegga til ovannemnde K.sak 6/14.

Vedleggsliste:

1. Vedtekter Næringfond (kraft)
2. Kst sak 6/14 Næringsfonda - Retningslinjer for bruken (m/vedlagg)

Uprenta saksvedlegg:

- https://regionalforvaltning.no/Startside/VelkommenStotteordning.aspx?Forvalter=Volda+kommune

Samandrag av saka:

I samband med Budsjettet for 2016 Kst 152/15 vart det gjort følgjande oversendingsvedtak

Pkt. 31.

...

Driftstyret ber administrasjonen fremme ei sak vedrørande tildeling av midlar frå kraftfond og næringsfond i løpet av 2016, i god tid før budsjetthandsaming
...

Med tilvising til ovannemnde vedtak legg rådmannen med dette fram saka.

Saksopplysningar:

Spørsmål om retningslinjer for bruken av Næringsfonda vart sist handsama så seint som i sak 6/14 i Kommunestyret 30.01.2014. Det vart då gjort slikt vedtak:

1. ***Kommunestyret godkjenner disponering av næringsfond-kraft for 2014 som går fram i saksutgreiinga under punktet vurdering/konklusjon.***

2. ***Kommunestyre godkjenner forslag til reviderte lokale retningsliner for bruken av næringsfond fylke/stat, jfr. vedlegg 4 i denne saka, og som kjem i tillegg til retningsliner vedteke av fylkeskommunen.***

Dei nye reviderte lokale retningslinjene er såleis ikkje meir enn vel 2 år gamle.

Då saka i januar 2014 vart handsama hadde kommunen to næringsfond:

1. Kommunalt næringsfond (kraftfond)
2. Næringsfond med midlar frå fylkeskommune (**statsmidlar**)

Frå desse fonda kunne det søkjast om midlar til næringsføremål generelt og vedtektene for næringsfond-kraft vart reviderte, jfr. *vedlegg 1.*

Næringsfondet med midlar frå fylkeskommunen var tidlegare definert som ei eiga ordning som fekk øyremerka midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Dette er det slutt på, men fylkeskommunane står fritt til å å gje kommunane påfyll til dei kommunale næringsfonda, frå ramma for regionale utviklingsmidlar, kap. 551 post 60.

Møre og Romsdal fylkeskommune har vedteke eigne retningslinjer for kommunale næringsfond. I tildelinga frå fylkeskommunen (jfr. skriv d.s. 01.03.2016 går det fram at;

> *"Kommunar med konsesjonsinntekter frå kraftindustrien kan bruke desse til næringsutviklingsformål. Kommunar med kraftfond får ikkje tildelt næringsfond frå fylkeskommunen. Dette gjeld Volda, Ørsta, Norddal, Rauma, Nesset, Sunndal, SurnadaL og Rindal."*

Volda kommune har såleis etter 2013 ikkje fått tilført midlar til næringsfond med midlar frå fylkeskommune (**statsmidlar**). I praksis har vi i dag såleis berre eitt næringsfond-**kraftfondet.** Om det vil kome nye midlar til dette fondet veit ein pr. i dag ikkje.

Kommunen står også noko friare i bruken av midlane frå kraftfondet, då det i dei generelle retningslinene står at *" Fondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale fellestiltak."* I fleire år har det vorte gjeve støtte til marknadsføring av ulike festivalar, då fondstyret har sett på festivalane som del av marknadsføring/ omdømebygging av Volda, noko som også kjem fleire til gode, ikkje minst andre næringsdrivande.

Årleg tilvekst på næringsfond-kraft er no på kr. 735.000,- , med tillegg av renter (stipulert til kr. 25.000)

Det har siste åra vore nytta midlar frå næringsfond-kraft til delfinansering av satsinga Sunnmøre Kulturnæringshage (150.000,- i 6 år frå og med 2010). I sak om avtale med fylkeskommunen om vidare statsing på www.hoppid.no, vart det i f-sak 139/13 signalisert vidare løyving til Sunnmøre Kulturnæringshage AS på kr. 150.000,- pr. år i avtaleperioden 2014-16. Den avtalen er no prolongert slik at den vert fornya for eitt år om gongen om den ikkje er oppsagt av ein av partane innan 1.oktober i avtaleåret.

Vurdering og konklusjon:

Som eg har skrive innleiingsvis er det ikkje lenge sidan retningslinjene for næringsfonda vart endra (2014) og eg vil difor rå til at det, i tillegg til dei disponeringar kommunestyret alt har gjort, vert sett av årlege beløp frå kraftfondet til festivalane, og at dette beløpet vert disponert administrativt, og knytt då til marknadsføringstiltak. Summane til dei årlege festivalane vil verte handsama i samband med komande årsbudsjett. Dette vil lette sakshandsaminga, og gje føreseielege vilkår å halde seg til. Eg føreset at festivalane på vanleg måte må søkje på midlane med naudsynt dokumentasjon på www.regionalforvaltning.no.

Formannskapet har tidlegare drøfta at ordførar i påkomande tilfelle bør ha fullmakt til å kunne nytte nokre midlar til tiltak som skulle kome på, t.d. td. marknadsføring, arrangement i kommunal regi med fokus på utvikling og etablering, utgreiingstiltak mv. Eg rår til at det vert sett av kr. 100.000,- til dette.

Dersom kommunen igjen får midlar frå fylkeskommune til næringsfond til generelle næringstiltak, vil søkjarar med gode forretningsidear framleis kunne søkje om støtte.

Eg rår elles til at lokale reglar for prioritering når det gjeld bruken av næringsfond vert justert og vidareført i samsvar med *uprenta vedlegg 4* (som vedteke i 2014), i tillegg til dei generelle retningslinene jfr. *vedlegg 2*. Såleis at det normalt ikkje vert gjeve støtte til: importverksemd, detaljhandel/ butikketableringar, kafé- og restaurantverksemd, tradisjonell konsulentverksemd/ bedriftsrådgiving, helse-/velværetilbod, web-design og nettbutikk og liknande.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ingen

Økonomiske konsekvensar:
Med ei disponering av næringsfond-kraft som omtalt ovanfor, vil tidlegare støtta tiltak av eit visst omfang normalt ikkje kunne komast i møte, t.d. kjøp av mjølkevoter, midlar til utgreiing kraftutbygging osv. Men kommunen vil, om ordninga med årleg fylkeskommunalt tilskot til næringsfond held fram, ha midlar til fordeling til søkjarar som fyller kriteria jfr. vedlegg 2 og 4. Vidare har hoppid.no-kontoret midlar til avklaring av forretningsidèear.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:
Sakshandsamar Asbjørn Moltudal

VEDTEKTER FOR BRUK OG FORVALTNING AV NÆRINGSFOND I VOLDA KOMMUNE

(KRAFTFONDET)

Vedtekne av Volda kommunestyre i møte den 26.05.94, sak 89/94, redigert 17.6.09, sak 77/10.

Godkjent av Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 5.11.96

§ 1. HEIMEL, KAPITAL OG AVKASTING:

a) Fondskapitalen er:
Næringsfond på kr. 100.000,- innbetalt av L/L Tussa Kraft i medhald av konsesjonsvilkåra for Åmæla kraftverk, jamfør kgl. resolusjon av 16.06.72.

Fondskapitalen kan berre nyttast til lån, herunder ansvarlege lån, og/eller avsettast til garantifond.

b) Avkastinga er:
Årlege konsesjonsavgifter som blir innbetalt av L/L Tussa Kraft i medhald av konsesjonsvilkåra for Åmæla kraftverk og Dale Kraftverk.

Andre konsesjonsinntekter som blir innbetalt til kommunen.

Renter og annan avkasting på fondskapitalen.

Avkastinga kan nyttast til næringsføremål og lån på vilkår.

§ 2. FØREMÅL:

Fondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale fellestiltak.

Av fondet kan det setjast av midlar til disposisjon for støtte til prosjekt med lågare kapitaltrong enn det som er aktuelt for finansiering frå distriktspolitiske virkemidlar som vert forvalta av fylkeskommunen.

Prosjekt som kan føre til auke sysselsetting for kvinner og ungdom bør prioriterast.

Det kan ikkje gjevast støtte til sanering av gjeld eller til den løpande drift av verksemder eller kommunen. Det bør heller ikkje gjevast støtte til verksemd som tek i mot store overføringar over statsbudsjettet.

§ 3. STØTTEFORMER:

Støtte kan gjevast som lån. Vidare kan det stillast garanti for kommunale tiltak i den grad dei er gyldige garantiføremål etter § 51 i kommunelova; jamfør departementet sine forskrifter om kommunale garantiar.

Frå avkastinga kan det og gjevast tilskot og lån på vilkår. Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemder. Dersom det vert teikna kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen i verksemda. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med private interessentar.

§ 4. STØTTEVILKÅR:

Samla støtte frå fondet til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av den totale kapitaltrongen for eit prosjekt. Ved prosjekt som er særleg viktige for kvinner og ungdom og ved nytetableringar, kan det gjevast inntil 75 % støtte. Støtta (tilskot og eventuelt subsidieelement i lån med nedsett rente) skal vere avgrensa slik:

Maksimal støtte må ligge innanfor ei maksimumsgrense på kr. 400.000,- (50.000,- Euro) til eit og same føremål i ei og same bedrift i ei treårsperiode. Bedrifter som tek i mot støtte pliktar å opplyse om at ein har motteke støtte frå offentlege midlar innan utløpet av treårsperioden (det vert vist til EØS-avtalen sitt regelverk for offentleg støtte, reglane for bagatellmessig støtte, de minimis).

§ 5. FORHOLDET TIL INTERNASJONALE PLIKTER PÅ STØTTEOMRÅDET:

Bruken av fondet må vere i samsvar med dei internasjonale regelverka Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

§ 6. FORVALTNING:

Formannannskapet er fondsstyre. Det er høve til å delegere avgjerdsmynde frå fondsstyret til administrasjonen innanfor nærare gjevne fullmaktgrenser.

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at midlane er disponible til ei kvar tid. Renter og avdrag skal førast attende til fondet.

§ 7. KLAGE:

a) Legalitetsklage:

Etter § 59 i kommunelova kan tre eller fleire medlemer av kommunestyret saman bringe ei avgjerd i eit folkevald organ inn for departementet for å kontrollere at avgjerda er lovleg. Departementet sitt mynde til å avgjere slik klager er delegert til Fylkesmannen, jamfør departementet sitt rundskriv H 25/92 av 1.6.93. Fristen for å krevje legalitetskontroll er ved forskrift av 13.1.93, jfr. rundskriv H-4/93, sett til 3 veker frå det tidspunktet vedtaket vart gjort.

b) Forvaltningsklage (partsklage):

Vedtak om avslag på søknad om støtte må sjåast som enkeltvedtak etter § 2 i Forvaltningslova. Etter Forvaltningslova sin § 28 2. lekken kan enkeltvedtak gjort av forvaltningsorgan i medhald av kommunelova klagast til kommunestyret eller til særskilt klagenemnd. Når vedtaket det er klaga på er gjort av kommunestyret, er

departementet klageinstans. Departementet sitt mynde til å avgjere forvaltningsklager er delegert til Fylkesmannen, jamfør rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993.

Høve til å klage har den som er part i saka eller annan med rettsleg klageinteresse.

c) Klage over Fylkesmannen si avgjerd om godkjenning av vedtekter for næringsfond:

Etter Industrikonsesjonslova sin § 2, 3. lekken nr. 13, 6. lekken og Vassdrags-reguleringslova sin § 11 nr. 2, 2. lekken, kan kommunen klage på Fylkesmannen si avgjerd etter nærare reglar fastsett av departementet.

I punkt 1.3 er det bestemt at kommunen kan klage på Fylkesmannen si avgjerd til Kommunal- og regiondepartementet. Med "kommunen" meiner ein kommunestyret.

§ 8. ÅRSMELDING:

Det skal leggast fram ei melding til kommunestyret om bruken av fondet kvart år. Gjenpart av denne meldinga skal sendast Fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 9. GODKJENNING AV VEDTEKTER:

Vedtektene kan endrast etter vedtak i kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av Fylkesmannen. Kopi av godkjende vedtekter skal sendast fylkeskommunen.

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Administrasjonen

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2013/821	1033/2014	242	SVK/ US	03.02.2014

MELDING OM POLITISK VEDTAK - NÆRINGSFONDA - RETNINGSLINER FOR BRUKEN

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 30.01.14, hadde føre ovannemnde som sak PS 6/14, der det vart gjort slikt vedtak:

1. ***Kommunestyret godkjenner disponering av næringsfond-kraft for 2014 som går fram i saksutgreiinga under punktet vurdering/konklusjon.***

2. ***Kommunestyre godkjenner forslag til reviderte lokale retningsliner for bruken av næringsfond fylke/stat, jfr. vedlegg 4 i denne saka, og som kjem i tillegg til retningsliner vedteke av fylkeskommunen.***

321

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Sakshandsamar Per Ernst Lundberg

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Ernst Lundberg	Arkivsak nr.:	2013/821
		Arkivkode:	242

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/14	Formannskapet	21.01.2014
6/14	Kommunestyret	30.01.2014

NÆRINGSFONDA - RETNINGSLINER FOR BRUKEN

Handsaming i kommunestyret:

Jan Henning Egset reiste spørsmål om han var ugild. Han er adm. dir. i Studentsamskipnaden som er medarrangør for arrangement som har motteke tilskot. Kl §40, jf Fvl §6, 1. ledd, bokstav e, nr. 2.

Gunnar Strøm reiste spørsmål om han var ugild. Han har ei aktiv rolle for festivalar som er søkjar av tilskot. Kl §40, jf Fvl §6, 2. ledd.

Dei tok ikkje del i handsaminga av og røystinga over spørsmålet om deira gildskap.

Røysting vedk. ugildskap:
Jan Henning Egset vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.
Gunnar Strøm vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Jan Heltne, H, kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 1:
Kommunestyret godkjenner disponering av næringsfond-kraft for 2014 som det går fram i saksutgreiinga under punktet vurdering/konklusjon med desse endringane:
Rådgjevarstilling kr. 100.000,- går ut og til disposisjon for ordførar vert redusert til kr. 50.000,-

Seinare under handsaminga trekte Jan Heltne sitt framlegg.

Røysting:
Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 30.01.2014

1. ***Kommunestyret godkjenner disponering av næringsfond-kraft for 2014 som går fram i saksutgreiinga under punktet vurdering/konklusjon.***

322

2. ***Kommunestyre godkjenner forslag til reviderte lokale retningsliner for bruken av næringsfond fylke/stat, jfr. vedlegg 4 i denne saka, og som kjem i tillegg til retningsliner vedteke av fylkeskommunen.***

Handsaming i formannskapet:

Jan Henning Egset reiste spørsmål om han var ugild. Jamfør forvaltningslova § 6 1.ledd, bokstav e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaming og røysting over spørsmål om ugildskap.

Røysting over ugildskap:
Jan Henning Egset vart samrøystes kjent ugild.

Helge Hamre var ikkje tilstades under røystinga.

Røysting (sju røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 21.01.2014 til Kommunestyret:

1. *Kommunestyret godkjenner disponering av næringsfond-kraft for 2014 som går fram i saksutgreiinga under punktet vurdering/konklusjon.*
2. *Kommunestyre godkjenner forslag til reviderte lokale retningsliner for bruken av næringsfond fylke/stat, jfr. vedlegg 4 i denne saka, og som kjem i tillegg til retningsliner vedteke av fylkeskommunen.*

Jan Henning Egset tok sete.

Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret godkjenner disponering av næringsfond-kraft for 2014 som går fram i saksutgreiinga under punktet vurdering/konklusjon.*
2. *Kommunestyre godkjenner forslag til reviderte lokale retningsliner for bruken av næringsfond fylke/stat, jfr. vedlegg 4 i denne saka, og som kjem i tillegg til retningsliner vedteke av fylkeskommunen.*

Vedleggsliste:

1. Vedtekter Næringfond (kraft)
2. Retningsliner kommunalt næringfond (stat/fylke)
3. Gjeldande lokale retningsliner for bruken
4. Forslag til reviderte lokale retningsliner
5. Utlysing næringsfond fylkeskommune (stat/fylke), publisert i Møre og på heimesidene til kommune, Volda Næringsforum og Sunnmøre Kulturnæringshage i sept. -13.

Uprenta saksvedlegg:

Orienteringar om fonda:

- http://www.volda.kommune.no/Modules/servicecategory.aspx?ObjectType=Category&Category.ID=860
- http://www.sknh.no/dette-far-du-hjelp-til/stonadsordningar-volda/
- http://voldaforum.no/stonadsordningar/
- https://regionalforvaltning.no/Startside/VelkommenStotteordning.aspx?Forvalter=Volda+kommune

Samandrag av saka:

Det vert gjort framlegg om disponering av næringsfond-kraft for 2014 og reviderte lokale retningsliner for bruken av næringsfond.

Saksopplysningar:

Kommunestyret tok i møte 20.6.13, sak 79/13, årsrapport for næringfond-kraft 2012, til vitende. I saksutgreiinga skreiv eg m.a. følgjande om bruken av fondet: *"Bruken av kraftfondet er regulert av vedtektene for fondet, jfr. vedlegg 3a. Eg viser til at kommunestyret i samband med årsrapport for fondet 2009, sak 77/10, 17.6.10, gjorde slikt vedtak om bruken av fondet: "Kommunestyret held på gjeldande vedtekter og retningsliner for bruken av fondet.... ... ". Formannskapet har i møte 23.4.13 drøfta bruken av fondet i samband med handsaming av ymse løyvingssaker. Eg vil i ei eiga saka kome med forslag til endring av retningslinene, jfr. også signal om dette i f-sak 74/13 i møtet 23.4.13."*

I den nemnde f-sak 74/13, sam gjeld støtte til Dei Nynorske Festspela, skreiv eg m.a. slik: *"Eg vil i ei seinare sak kome med framlegg om at det frå næringsfondet(kraft) vert sett av årleg beløp til festivalane, og at dette beløpet vert disponert administrativt, og knytt då tilmarknadsføringstiltak, jfr. dei ulike sakene i dette møtet. Dette vil lette sakshandsaminga, og gje føreseielege vilkår å halde seg til."*

Stoda i dag er altså at kommunen har to næringsfond:

1. Kommunalt næringsfond (kraftfond)
2. Næringsfond med midlar frå fylkeskommune (statsmidlar)

Frå desse fonda kan det søkjast om midlar til næringsføremål generelt. For næringsfond-kraft er det eigne vedtekter, jfr. *vedlegg 1.* For næringsfond med midlar frå fylkeskommunen gjeld eigne retningsliner for bruken, jfr. *vedlegg 2.* Felles for begge er at lokale prioriteringar kan

leggast til grunn, så lenge dei ligg innafor dei generelle retningslinene. Såleis vert det i Volda normalt ikkje gjeve støtte til: importverksemd, detaljhandel/butikketableringar, kafé- og restaurantverksemd, tradisjonell konsulentverksemd/bedriftsrådgiving, helse-/velværetilbod, web-design, nettbutikk; jf. dei lokale retningslinene *vedlegg 3.* Bakgrunnen for å avgrense bruken er å hinder konkurransevriding innafor dei nemnde bransjane.

Kommunen står noko friare bruken av midlane frå kraftfondet, då det i dei generelle retningslinene står at *" Fondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale fellestiltak."* I fleire år har det vorte gjeve støtte til marknadsføring av ulike festivalar, då fondstyret har sett på festivalane som del av marknadsføring/ omdømebygging av Volda, noko som også kjem fleire til gode, ikkje minst andre næringsdrivande.

Årleg tilvekst på næringsfond-kraft er no på kr. 690.000,- , med tillegg av renter (stipulert til kr. 25.000,-). Med restsaldo udisponert 2013 på kr. 100.000,-, vil det i 2014 vere **til disposisjon kr. 815.000,-**. Når det gjeld disponeringa er det nokre faste postar:

- Sidan 2006 har det vore sett av kr. 200.000,- til rådgjevarstilling næring, jfr. k-sak 67/05. I budsjettvedtak for 2014 har kommunestyret vedteke å redusere finansieringa av rådgjevarstillinga frå kraftfondet med kr. 100.000,- .
- Det har siste åra vore nytta midlar frå næringsfond-kraft til delfinansering av satsinga Sunnmøre Kulturnæringshage (150.000,- i 4 år frå og med 2010). I sak om avtale med fylkeskommunen om vidare statsing på www.hoppid.no, vart det i f-sak 139/13 signalisert vidare løyving til Sunnmøre Kulturnæringshage AS på kr. 150.000,- pr. år i avtaleperioden 2014-16
- For 2014 har kommunestyret i budsjettvedtaket disponert kr. kr. 219.000,- til kommunal eignedel Studiebygd A-prosjektet.

Når det gjeld næringsfond fylkeskommune (statsmidlane) var det ei lang periode at kommunen ikkje fekk midlar til dette fondet. Men frå 2011 fekk kommunen på nytt midlar. Pr desember 2013 var det til disposisjon kr. 313.582,- I tillegg til desse midlane kjem kr. 70.000,- som det lokale hoppid.no- kontoret får frå fylkeskommunen til å yte støtte til avklaring av forretningsidear.

Vurdering og konklusjon:

Som eg har skrive innleiingsvis vil eg rår til at det, i tillegg til dei disponeringar kommunestyret alt har gjort, vert sett av årleg beløp frå kraftfondet til festivalane, og at dette beløpet vert disponert administrativt, og knytt då tilmarknadsføringstiltak,. Dette vil lette sakshandsaminga, og gje føreseielege vilkår å halde seg til. Eg føreset at festivalane på vanleg måte må søkje på midlane med naudsynt dokumentasjon på www.regionalforvaltning.no. Eg rår til at det vert sett av løyving som i 2013 til kvar festival, med unntak av Dei Nynorske Festspela, der eg rår til kr. 75.000,-, som er den summen Ørsta har avsett.

Formannskapet har tidlegare drøfta at ordførar i påkomande tilfelle bør ha fullmakt til å kunne nytte nokre midlar til tiltak som skulle kome på, t.d. td. marknadsføring, arrangement i kommunal regi med fokus på utvikling og etablering, utgreiingstiltak mv. Eg rår til at det vert sett av kr. 100.000,- til dette.

Disponeringa av næringsfond-kraft for 2014 rår eg då til vert til vert slik:

Ramme 2014: kr. 815.000,-

• Hoppid.no- Sunnmøre Kulturnæringshage	kr. 150.000,-
• Rådgjevarstilling	kr. 100.000,-
• StudiebygdA-prosjektet	kr. 219.000,-
• Til disposisjon for ordførar	kr. 100.000,-
• Dei Nynorske Festspela	kr. 75.000,-
• Veka	kr. 20.000,-
• X2	kr. 20.000,-
• Kammermusikkfstivalen	kr. 20.000,-
• DokFilm	kr. 20.000,-
• Animasjonsfestivalen	kr. 20.000,-
• Naturfestivalen	kr. 10.000,-
Rest til disposisjon:	kr. 61.000,-

Når kommunen no igjen har fått midlar frå fylkeskommune til næringsfond til generelle næringstiltak, vil søkjarar med gode forretningsidear framleis kunne søkje om støtte, jfr. *vedlegg 5*

Eg rår elles til at lokale reglar for prioritering når det gjeld bruken av næringsfond vert justert og vidareført i samsvar med *vedlegg 4*,i tillegg til dei generelle retningslinene jfr. *vedlegg 2*. Såleis at det normalt ikkje vert gjeve støtte til: importverksemd, detaljhandel/ butikketableringar, kafé- og restaurantverksemd, tradisjonell konsulentverksemd/ bedriftsrådgiving, helse-/velværetilbod, web-design og nettbutikk og liknande.

Helse og miljøkonsekvensar:
Er vurdert i k-sak 79/13.

Økonomiske konsekvensar:
Med ei disponering av næringsfond-kraft som omtalt ovanfor, vil tidlegare støtta tiltak av eit visst omfang normalt ikkje kunne komast i møte, t.d. kjøp av mjølkevoter, midlar til utgreiing kraftutbygging osv. Men kommunen vil, om ordninga med årleg fylkeskommunalt tilskot til næringsfond held fram, ha midlar til fordeling til søkjarar som fyller kriteria jfr. vedlegg 2 og 4. Vidare har hoppid.no-kontoret midlar til avklaring av forretningsidèear.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen

Rune Sjurgard
rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Administrasjonen

VEDTEKTER FOR BRUK OG FORVALTNING AV NÆRINGSFOND I VOLDA KOMMUNE

(KRAFTFONDET)

Vedtekne av Volda kommunestyre i møte den 26.05.94, sak 89/94, redigert 17.6.09, sak 77/10.

Godkjent av Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 5.11.96

§ 1. HEIMEL, KAPITAL OG AVKASTING:

a) Fondskapitalen er:
Næringsfond på kr. 100.000,- innbetalt av L/L Tussa Kraft i medhald av konsesjonsvilkåra for Åmæla kraftverk, jamfør kgl. resolusjon av 16.06.72.

Fondskapitalen kan berre nyttast til lån, herunder ansvarlege lån, og/eller avsettast til garantifond.

b) Avkastinga er:
Årlege konsesjonsavgifter som blir innbetalt av L/L Tussa Kraft i medhald av konsesjonsvilkåra for Åmæla kraftverk og Dale Kraftverk.

Andre konsesjonsinntekter som blir innbetalt til kommunen.

Renter og annan avkasting på fondskapitalen.

Avkastinga kan nyttast til næringsføremål og lån på vilkår.

§ 2. FØREMÅL:

Fondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale fellestiltak.

Av fondet kan det setjast av midlar til disposisjon for støtte til prosjekt med lågare kapitaltrong enn det som er aktuelt for finansiering frå distriktspolitiske virkemidlar som vert forvalta av fylkeskommunen.

Prosjekt som kan føre til auke sysselsetting for kvinner og ungdom bør prioriterast.

Det kan ikkje gjevast støtte til sanering av gjeld eller til den løpande drift av verksemder eller kommunen. Det bør heller ikkje gjevast støtte til verksemd som tek i mot store overføringar over statsbudsjettet.

§ 3. STØTTEFORMER:

Støtte kan gjevast som lån. Vidare kan det stillast garanti for kommunale tiltak i den grad dei er gyldige garantiføremål etter § 51 i kommunelova; jamfør departementet sine forskrifter om kommunale garantiar.

Frå avkastinga kan det og gjevast tilskot og lån på vilkår. Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemder. Dersom det vert teikna kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen i verksemda. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med private interessentar.

§ 4. STØTTEVILKÅR:

Samla støtte frå fondet til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av den totale kapitaltrongen for eit prosjekt. Ved prosjekt som er særleg viktige for kvinner og ungdom og ved nytetableringar, kan det gjevast inntil 75 % støtte. Støtta (tilskot og eventuelt subsidieelement i lån med nedsett rente) skal vere avgrensa slik:

Maksimal støtte må ligge innanfor ei maksimumsgrense på kr. 400.000,- (50.000,- Euro) til eit og same føremål i ei og same bedrift i ei treårsperiode. Bedrifter som tek i mot støtte pliktar å opplyse om at ein har motteke støtte frå offentlege midlar innan utløpet av treårsperioden (det vert vist til EØS-avtalen sitt regelverk for offentleg støtte, reglane for bagatellmessig støtte, de minimis).

§ 5. FORHOLDET TIL INTERNASJONALE PLIKTER PÅ STØTTEOMRÅDET:

Bruken av fondet må vere i samsvar med dei internasjonale regelverka Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

§ 6. FORVALTNING:

Formannannskapet er fondsstyre. Det er høve til å delegere avgjerdsmynde frå fondsstyret til administrasjonen innanfor nærare gjevne fullmaktgrenser.

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at midlane er disponible til ei kvar tid. Renter og avdrag skal førast attende til fondet.

§ 7. KLAGE:

a) Legalitetsklage:

Etter § 59 i kommunelova kan tre eller fleire medlemer av kommunestyret saman bringe ei avgjerd i eit folkevald organ inn for departementet for å kontrollere at avgjerda er lovleg. Departementet sitt mynde til å avgjere slik klager er delegert til Fylkesmannen, jamfør departementet sitt rundskriv H 25/92 av 1.6.93. Fristen for å krevje legalitetskontroll er ved forskrift av 13.1.93, jfr. rundskriv H-4/93, sett til 3 veker frå det tidspunktet vedtaket vart gjort.

b) Forvaltningsklage (partsklage):

Vedtak om avslag på søknad om støtte må sjåast som enkeltvedtak etter § 2 i Forvaltningslova. Etter Forvaltningslova sin § 28 2. lekken kan enkeltvedtak gjort av forvaltningsorgan i medhald av kommunelova klagast til kommunestyret eller til særskilt klagenemnd. Når vedtaket det er klaga på er gjort av kommunestyret, er

departementet klageinstans. Departementet sitt mynde til å avgjere forvaltningsklager er delegert til Fylkesmannen, jamfør rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993.

Høve til å klage har den som er part i saka eller annan med rettsleg klageinteresse.

c) Klage over Fylkesmannen si avgjerd om godkjenning av vedtekter for næringsfond:

Etter Industrikonsesjonslova sin § 2, 3. lekken nr. 13, 6. lekken og Vassdrags-reguleringslova sin § 11 nr. 2, 2. lekken, kan kommunen klage på Fylkesmannen si avgjerd etter nærare reglar fastsett av departementet.

I punkt 1.3 er det bestemt at kommunen kan klage på Fylkesmannen si avgjerd til Kommunal- og regiondepartementet. Med "kommunen" meiner ein kommunestyret.

§ 8. ÅRSMELDING:

Det skal leggast fram ei melding til kommunestyret om bruken av fondet kvart år. Gjenpart av denne meldinga skal sendast Fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 9. GODKJENNING AV VEDTEKTER:

Vedtektene kan endrast etter vedtak i kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av Fylkesmannen. Kopi av godkjende vedtekter skal sendast fylkeskommunen.

Kommunale næringsfond – retningsliner
vedtekne av Regional- og næringsutvalet 05.03.2013

DEL 1 – Prinsipp og rammer for kommunale næringsfond

1. Kva er kommunale næringsfond?

Fylkeskommunen gjev årlege løyvingar til kommunale næringsfond frå dei statlege midlane til regional utvikling, kap. 551 post 60 i Statsbudsjettet. Beløpet vert fastsett i Handlingsprogram Verdiskaping.

2. Formål og prioriteringar

Kommunale næringsfond skal brukast til å styrke nyskaping, innovasjon og næringsutvikling i Møre og Romsdal. Unge, kvinner og innvandrarar skal prioriterast ved tildeling frå kommunale næringsfond.

Støtte frå kommunalt næringsfond skal ha ein utløysande effekt. Det betyr at midlane skal bidra til at tiltak som elles ikkje ville ha blitt gjennomført, blir realisert. Det er ikkje tilstrekkeleg at støtte frå næringsfondet bidrar til å oppretthalde et tilbod.

3. Tildeling til kommunane

Fordeling av ramme til kommunane tek utgangspunkt i eit sett indeksar med grunnlag i statistiske data om demografi, arbeidsmarknad og sentralitet. I tillegg vert ein del av totalbeløpet sett av til skjønnsmessige justeringar. Endringar i indekssettet skal godkjennast av regional og næringsutvalet.

330

Skjønnsmessige justeringar av tildelt beløp kan gjerast med utgangspunkt i følgjande:

- Lokale strategiar. Reduksjon av tildeling kan vurderast dersom kommunen ikkje kan vise til politisk forankra strategiar for arbeidet med næringsutvikling. Strategiane kan synleggjerast gjennom kommuneplan, sektorplan eller anna politisk vedtak.
- Rapporteringskrav. Reduksjon av tildeling kan vurderast dersom rapport manglar eller er ufullstendig, jfr. pkt. 14, eller dersom det er gjeve støtte til prosjekt som er i strid med retningslinjer for bruk.
- Fondsakkumulering. Reduksjon av tildeling kan vurderast dersom ein kommune over tid, og utan forankring i langsiktige planer, akkumulerer midlar på det kommunale næringsfondet.
- Særskilde satsingar: Auka tildeling kan vurderast dersom dette kan bidra til måloppnåing innan særlege satsingar i fylkesplan/handlingsprogram verdiskaping.
- Andre vurderingar, som t.d. strukturelle problem i industrien og ekstra honorering av regionale næringsfond.

Før det vert gjort skjønnsmessige vurderingar skal kommunale kraftfond motreknast krone for krone, etter fråtrekk av et fribeløp på kr.100.000.

Møre og Romsdal fylkeskommune skal innan 31. mars kvart år sende tildelingsbrev til kommunane. Tildelingsbrevet skal gi opplysningar om retningsliner og vilkår, mål og satsingar i Fylkesplan og om krav og fristar til rapportering.

Kommunar som mottar kommunale næringsfond er:

- Sone I: Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Ålesund, Molde
- Sone II: Fræna, Sykkylven, Hareid, Ulstein
- Sone III: Tingvoll, Gjemnes, Averøy, Eide, Sandøy, Midsund, Vestnes, Haram, Stordal, Stranda, Volda, Herøy, Sande, Vanylven, Kristiansund
- Sone IV: Aure, Smøla, Halsa,

4. Utbetaling til kommunane

Møre og Romsdal fylkeskommune betaler ut løyving til dei kommunale næringsfonda når KRD har mottatt og godkjent rapport frå føregåande år via forvaltningssystemet RF13.50.

Kommunane skal plassere fondet på rentebærande konto. Renteinntekter skal ikkje brukast til andre formål enn kommunale næringsfond.

DEL 2: Forvaltning av kommunale næringsfond i kommunane

1. Styrande dokument

Lokale strategiar skal ligge til grunn for bruken av det kommunale næringsfondet. Kommunane kan utarbeide lokale retningslinjer for kommunalt næringsfond. Dersom kommunen delegerer forvaltningsansvaret til ein annan forvaltar må kommunen utarbeide oppdragsbrev eller avtale som inneheld vilkår for forvaltning og bruken av midla. Det omfattar blant anna informasjon om ordninga, behandle søknader, gjere vedtak om tildelingar, skrive tildelingsbrev, rapportere om bruken av midlar og føre kontroll.

331

2. Kunngjering

Høve til å søkje støtte frå kommunalt næringsfond skal kunngjerast. Kunngjeringa må opplyse om målgruppe, formålet med ordninga, tildelingskriterium, kva opplysningar som trengst i søknaden og eventuell søknadsfrist.

3. Søknad

Kommunale næringsfond kan tildelast på grunnlag av søknad. Kommunane kan utarbeide egne søknadsskjema eller bruke elektronisk søknad via www.regionalforvaltning.no

Søknaden skal innehalde bakgrunn for prosjektet, presise og realistiske mål, oversikt over aktivitetar med framdriftsplan, budsjett med kostnadsoverslag samt finansieringsplan og oversikt over mottatt offentlig støtte dei siste tre årane.

4. Satsar for eigeninnsats

Ved utrekning av kapitalbehov inngår normalt reine pengeutlegg. Unntaksvis kan eigen arbeidsinnsats reknast inn i kapitalbehovet. Eigeninnsats for privatpersonar kan prissettast inntil kr.200,- pr. time. Det skal førast timeliste for dokumentasjon. Dersom tilskotsmottakaren er eit

regnskapspliktig selskap som bruker eigne tilsette i form av eige arbeid, må selskapet kostnadsføre eigeninnsatsen i regnskapet for at det skal kunne vere del av godkjent kostnadsgrunnlag. I slike tilfelle skal eigeninnsatsen prissettast til 1 promille av årslønn, maks kr.500,- pr. time.

Kommunane kan sjølve bestemme om dei godkjenner eigeninnsats som kostnadsgrunnlag.

5. Tiltak som kan støttast frå næringsfondet

Kommunale næringsfond kan brukast både til bedriftsretta tiltak, og til tilretteleggande tiltak i regi av kommunane eller andre organisasjonar. Det kan berre gjevast støtte til tidsavgrensa utviklingsprosjekt.

- Tilretteleggande tiltak: Det kan gjevast støtte til utviklingsprosjekt som legg til rette for auka vekst, verdiskaping og sysselsetting i regi av kommune eller organisasjonar. Det kan vere tiltak som omdømmebygging, marknadsføring, profilering, kompetanseheving, kurs, seminar, konferansar, konsulenthjelp, kommunalt nærings- og tiltaksarbeid, etablering av lokale nettverk og samarbeidstiltak m.m.

- Bedriftsretta tiltak: Det kan gjevast støtte til bedrifter og nyetablerarar. Tiltak kan vere investering i utstyr og maskiner, støtte til profilering/merkevarebygging, produktutvikling, kompetansehevingstiltak, kurs/seminar, marknadsundersøking, bedriftsutvikling, rådgjeving, nettverksbygging, e.l.

Støtte til investeringar i maskiner og utstyr kan berre gjevast i kommunane i sone III og IV.

Støtte til bedriftsretta kompetansehevingstiltak, for eksempel, kurs, seminar, nettverksbygging, konferanse, bedriftsutvikling, produktutvikling, konsulenthjelp, e.l. kan gjevast i alle kommunar.

6. Avgrensingar i bruk av kommunale næringsfond

Kommunale næringsfond kan ikkje brukast til følgjande tiltak:

- Renter, avdrag og refinansiering av lån, kausjon og garantier
- Kjøp av aksjar eller investering i eigenkapital uavhengig av organisasjonsformer
- Ordinær drift av verksemder. All støtte som ikkje er knytt til konkrete utviklingsprosjekt vert sett på som driftsstøtte. I bedrifter vil dette til dømes gjelde vedlikehald og utskifting av gammalt utstyr med nytt utstyr av same type.
- Investeringar i, og ordinær drift og vedlikehald av offentlige oppgåver. Det gjeld også kommunen sine ordinær oppgåver i nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Private verksemder som utfører kommunale oppgåver på vegne av det offentlige skal ikkje tildelast kommunale næringsfond.
- Fysisk infrastrukturtiltak i kommunane, som sentrumsutbygging, utbygging av industri/næringsareal, vegar, havner, vassverk m.m.

7. Andre vilkår

Eit prosjekt skal ikkje gjevast støtte over lengre tid enn 3 år.

Bedriftsretta prosjekt med ei kostnadsramme over maksbeløp gitt i tildelingsbrev kan ikkje støttast frå næringsfondet, men bør i staden sendast Innovasjon Norge for vurdering.

332

Prosjekt med søknadsbeløp over halvparten av siste års tildeling til fondet skal drøftast med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Bedriftsretta støtte skal ikkje vere av eit slikt omfang at det kan oppfattast som urettmessig konkurransevridande lokalt.

Både tilretteleggende og bedriftsretta tiltak kan støttast med inntil 50% av totale kostnader. Kommunane kan vurdere ein høgare finansieringsandel (inntil 75 %) til nyetablerarar.

Kommunane, eller den kommunen har gitt forvaltningsansvaret, kan bruke inntil 5 % av årets løyving til å dekke kostnader ved forvaltning av kommunale næringsfond.

Det kan ikkje gjevast tilsegn utover det som til ei kvar tid står på fondet. Det er ikkje lov å gi tilsagn basert på neste års bevilgning fra fylkeskommune. Kommunane kan skyte eigne midlar inn fondet.

8. EØS avtalen og reglene om offentlig støtte

EØS-avtalen sin artikkel 61 forbyr som hovudregel offentlig støtte til næringslivet. Det er gitt ei rekkje unntak frå dette, for eksempel bagatellmessig støtte. Kommunale næringsfond er bagatellmessig støtte. Det kan gjevast inntil 200.000 euro bagatellmessig støtte over ein rullerande treårs periode. Det er bedrifta sitt ansvar å oppgi tidlegare mottatt bagatellstøtte i søknaden.

Det kan ikkje gjevast støtte som er i strid med internasjonale avtalar der Norge er part. Det kan derfor ikkje gjevast støtte til primær stålproduksjon, til transport eller til direkte eksportkostnader, inkludert etablering og drift av distribusjonsnettverk.

333

Dersom EFTAs overvakingsorgan ESA finn at støtte er gitt i strid med regelverket om offentlig støtte i EØS avtalen, kan ESA krevje at støtta blir tilbakebetalt.

9. Tildelingar

Tilskot skal tildelast på grunnlag av søknad. Avgjersle om tildeling av tilskot skal vere skriftlig dokumentert. Det gjeld også elektroniske søknader. Tildelingsbrev skal sendast kvar enkelt tilskotsmottakar. Tildelingsbrev skal innehalde:

- Formål, dvs. kva tiltak tilskotet skal brukast til
- Tilskotsbeløp
- Utbetalingsvilkår
- Vilkår for bruken av tilskotet og eventuell frist for mottakar til å akseptere vilkåra
- Krav til rapportering
- Informasjon om kontrolltiltak som kan bli iverksett
- Moglege reaksjonsformer dersom mottaker ikkje opptrer i samsvar med forutsetningane for tilskotet
- Klagerett, jfr. kommuneloven §29 og forvaltningsloven §28.

For tilskot over kr. 100 000,- skal tilskotsmottakar skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt med dei vilkåra som gjeld. Kommunane kan sjølve avgjere om det skal krevjast skriftleg akseptbrev for tilsegn under kr.100.000,-.

10. Utbetaling

Tilskotsmottakar skal føre separat regnskap for bruken av tilskotet. Sluttutbetaling skal i utgangspunkt skje etterskotsvis mot rapport og regnskap. Kommunane kan vurdere vilkår for delutbetalingar men det skal ikkje betalast ut meir enn 75% av tilskotet før prosjektet er avslutta og sluttrapport godkjent.

For tilskot over kr.100.000 vert det krevd revisorattestert regnskap og prosjektrapport. Tilskotsmottakar som ikkje er revisjonspliktig kan få regnskapet stadfesta av autorisert regnskapsfører. Kommunane kan vurdere om det krevst attest frå revisor/autorisert regnskapsførar for tilsegn under kr.100.000.

11. Oppfølging og kontroll

For å sikre korrekt saksbehandling ved tildeling og utbetaling av tilskot, skal dei som forvaltar tilskot ha etablert system, rutinar og tiltak som skal førebygge, avdekke og korrigere feil og manglar, jfr §14 Intern kontroll i Reglement for økonomistyring i staten og kapittel 6 forvaltning av tilskotsordningar i bestemmelser om økonomistyring i staten.

12. Rapportering til fylkeskommune og KRD

Forvaltar av næringsfond skal kvart år rapportere om bruken av næringsfond via KRD sine forvaltningssystem(RF13.50). Rapporteringsfristen står i det årlege tildelingsbrevet frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Møre og Romsdal fylkeskommune betaler ut ny løyving til kommunalt næringsfond i den enkelte kommune når KRD har mottatt og godkjent rapport via forvaltningssystem(RF13.50) frå føregåande år.

NÆRINGSFONDA FOR VOLDA.

Kommunen har næringsfond til disposisjon i høve direkte støtte til private næringstiltak.

Då desse midlane er avgrensa, vert følgjande lagt til grunn for prioriteringa av bruken:

Det vert normalt ikkje gjeve støtte til: importverksemd, detaljhandel/butikketableringar, kafé- og restaurantverksemd, tradisjonell konsulentverksemd/bedriftsrådgiving, helse-/velværetilbod, web-design, nettbutikk.

I dei tilfelle der det er nødvendig med noko form for autorisasjon e.l., blir det ikkje gjeve støtte før slik ligg føre.
Ved etablering av handverksbedrifter skal søkjer ha nødvendig fagbrev.

Det vil i hovudsak ikkje bli gjeve støtte til:

- rullande materiell (bil og tilhenga
- kontorutstyr og -maskiner
- handverkty
- bygningar (her unntatt produksjonsanlegg)

Det blir ikkje løyvd midlar til tidlegare støtta tiltak før det har gått minst 5 år frå første gong det vart gjeve støtte
til tiltaket. Dette hindrar ikkje at eventuelle nye eigarar kan søkje støtte til supplerande investeringar eller
bedriftsutviklingstiltak.

Vidare i tilfelle sal/nedlegging:

- Dersom verksemda blir selt eller nedlagt i løpet av 2 år frå tilsegn om støtte vert gjeve, skal næringsutvalet
kunne krevje attendebetalt høvesvis del av innvilga tilskot etter nærare vurdering.

Ved nyetableringar vil det etter nærare vurdering også kunne bli sett følgjande vilkår:

- Det er eit vilkår at søkjar vil ta del i etableraropplæring, t.d. Etablerarskulen. Fondsstyret vil dekkje 50 % av kostnadane til denne på vanleg måte.

Utover dette vil søknader bli handsama individuelt og vurdert i kvart einskild tilfelle.

Midlar frå Næringsfondet vert rekna som skattbar inntekt for søkjar.

NB! Alle brev og søknader til kommunen (saksdokument) er etter Offentleglova opne for innsyn. Kommunen vil vurdere evt. unntak frå dette i samsvar med reglane i kap. 3 i nemnde lov i kvart einskild tilfelle (sjå Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd av 19.5.06).

Fondsstyret vil elles sjå positivt på søknader om midlar til fellestiltak initiert av næringslaga i kommunen.

NÆRINGSFOND FOR VOLDA.

Kommunen har næringsfond til disposisjon i høve direkte støtte til private næringstiltak.

Søknad om midlar skal skje via
https://regionalforvaltning.no/Startside/VelkommenStotteordning.aspx?Forvalter=Volda+kommune

I tillegg til dei generelle retningsline fastsett av fylkeskommunen, vert følgjande lagt til grunn for prioriteringa av bruken:

Det vert normalt ikkje gjeve støtte til: importverksemd, detaljhandel/butikketableringar, kafé- og restaurantverksemd, tradisjonell konsulentverksemd/bedriftsrådgiving, helse-/velværetilbod, webdesign, nettbutikk.

I dei tilfelle der det er nødvendig med noko form for autorisasjon e.l., blir det ikkje gjeve støtte før slik ligg føre. Ved etablering av handverksbedrifter skal søkjer ha nødvendig fagbrev.

Det vil i hovudsak ikkje bli gjeve støtte til:

- rullande materiell (bil og tilhengar)
- kontorutstyr og -maskiner
- handverkty
- bygningar (her unntatt produksjonsanlegg)

Det blir ikkje løyvd midlar til tidlegare støtta tiltak før det har gått minst 5 år frå første gong det vart gjeve støtte til tiltaket. Dette hindrar ikkje at eventuelle nye eigarar kan søkje støtte til supplerande investeringar eller bedriftsutviklingstiltak.

Vidare i tilfelle sal/nedlegging:

- Dersom verksemda blir selt eller nedlagt i løpet av 2 år frå tilsegn om støtte vert gjeve, skal fondsstyret kunne krevje attendebetalt høvesvis del av innvilga tilskot etter nærare vurdering.

Utover dette vil søknader bli handsama individuelt og vurdert i kvart einskild tilfelle.

Midlar frå Næringsfond vert rekna som skattbar inntekt for søkjar.

NB! Alle brev og søknader til kommunen (saksdokument) er etter Offentleglova opne for innsyn. Kommunen vil vurdere evt. unntak frå dette i samsvar med reglane i kap. 3 i nemnde lov i kvart einskild tilfelle (sjå Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd av 19.5.06).

08.07.2013

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Heltne	Arkivsak nr.:	2016/1919
		Arkivkode:	D11

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
247/16	Formannskapet	13.12.2016
175/16	Kommunestyret	15.12.2016

"STADION-PARKEN" - SKNAD OM KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN OG LØYVE TIL BRUK AV KOMMUNAL EIGEDOM.

Administrasjonen si tilråding:

1. *Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune kommunal garanti til VTI Allianse for lån pålydande kr. 2.500.000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.*
   Garantien vert gjeven på slike vilkår:
   a. *Garantien er ein simpel kausjon.*
   b. *Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av spelemidlar og refusjon av mva. til anlegget og etter skissert nedbetalingsplan.*

Vedleggsliste:
VTI-Allianse - Søknad om kommunal garanti med vedlegg:
- utkast til avtale om rett til bruk av grunn
- Sparebank 1- lånetilsegn
- Stadionparken -infoark
- Stadionparken - prosjektbeskrivelse
- Stadionparken - førehandsgodkjenning
- VTI-Allianse - styrevedtak -opptak av lån.

Uprenta saksvedlegg:
Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø
Kommuneplanen sin samfunnsdel

Saksopplysningar/fakta:
Stadion-parken er ein plan for utvikling av eit allaktivitetsområde i området ved Volda stadion, Her søkjer ein å få på plass nye aktivitetsareal og samordne dette med ei parkmessig utforming av området, med tilknytingar mot turvegane og naturområdet i Elvadalen m.m.

Prosjektet er planlagt utført i samarbeid mellom VTI-Allianse, VTI-Fotball, Friluftsforeninga Volda og Volda kommune.

Planar for prosjektet er gitt idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for stønad frå spelemidlane som nærmiljøtiltak.
Eg viser nærare omtale i søknad og vedlagde prosjektbeskrivelse .
VTI-Allianse har påteke seg samordningsansvar for opparbeiding av den planlagde "Stadionparken.
Laget søkjer no om kommunal garanti for låneopptak i Sparebank 1, for å sikre naudsynt byggelån til prosjektet.

I søknaden heiter det m.a.*:*
"I samarbeid mellom VTI-Allianse, VTI-Fotball, Volda Friluftsforening, og Volda kommune er det utarbeidd prosjektplan for felles aktivitetspark i stadionområdet.
Prosjektet har fått nemninga "Stadion-parken" og er tenkt gjennomfø1t som nærmiljøanlegg der alle dei aktuelle Jaga medverkar og der kommunen yter bistand ved planlegging og direkte stønad lagt inn i budsjett for 2016 og 2017.
Park-prosjektet er etter søknad, jf vedlagde prosjektbeskrivelse, gitt idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for søknad om tilskot frå spelemidlar, ved brev av 16.11.2016, på visse vilkår.

Grunnavtale:
Området er eigd av Volda kommune.
Det er ein føresetnad for at prosjektet kan oppnå tilskot frå spelemiddelordninga at kommunen gir langsiktig rett til bruk av grunnen. Det er utarbeidd framlegg til avtale om slik bruk av grunnen og vi ber om godkjenning av denne. (jf. vedlegg).
Avtalen er utforma i samsvar med liknande avtale inngått med Volda Rullarlag om areal til Skateparken. Avtalen gir grunnlag for at VTI-allianse, (i samarbeid med dei andre laga), kan gjennomføre prosjektet og ha grunnlag for søknad om tilskot frå spelemidlane som nærmiljøanlegg.

Søknad om kommunal garanti for lån:
Det er ein føresetnad for søknad om tilskot frå spelemidlane at anlegget kan vise til sikra finansiering. Som samordnande søkjar og tiltakshavarane, søkjer vi difor kommunal garanti for lån til naudsynt kapital.
Dette gjeld lån til forskottering av spelemidlar og resterande eigenkapital.
Spelemidlane vil kunne utgjere samla kr. 1.200.000 (4 anlegga -inntil kr. 300.000) og eigenkapitalbehovet ut over dette er rekna til kr. 980.000. Samla lånebehov er etter dette rekna til kr. 2.500.000. Dette for også å dekke renter i byggeperiode og fram til utbetaling av spelemidlar.
VTI-Allianse har fått tilsegn om slikt lån under føresetnad av kommunal garanti.

Samla totalkostnad for "Stadion-parken":
Den samla "Stadion-parken" er prosjekte1t og kostnadsrekna som samla anlegg, men delanlegga er tenkt gjennomført som eigne spelemiddelprosjekt-nærmiljøanlegg.

Det vert etablert eiga kalkyle og prosjektrekneskap for kvart delanlegg i samband med søknad om tilskot frå spelemidlane. Kostnadane er basert på innhenta tilbod.
Noko uavklara spørsmål står att med omsyn til leveranse av det einskilde anlegg, der endeleg opplegg for dugnadsarbeid m.m. skal nærare avklarast med leverandør.

Det kan også vere grunnlag for at ein i tilbodsrunde kjem fram til endra tilbodsprisar (betre tilbod) i høve til det som no er lagt til grunn. (Totalkostnadane i delanlegga vil i så fall bli redusert.)

Kostnader for dei ulike delanlegga: (etter fordeling av felleskostnader)

Delanlegg 1. Aktivitetspark-fritreningsanleg	*- kr 927.500*
Delanlegg 2. Lysanlegg for området og intern tursti gjennom området inkludert sitteplassar mm	*- kr 1.133 .400*
Delanlegg 3. Klatreparken	*- kr. 1.060.750*
Delanlegg 4. Aktivitetsareal/Street-basket/is binge	*- kr 948.850*
Samla totalkostnad	***- kr 4.070.500***

Finansieringa er planlagt slik	
Tilskot Volda kommune - budsjett 2016	*- kr 250.000*
- budsjettframlegg 2017	*- kr 500.000*
Delfinansiering - Friluftsforeininga i Volda - del 1.	*- kr. 467.500*
Tilskot spelemidlar nærmiljøanlegg del 1, 2,3 og 4 (50%)	*- kr 1.200.000 (4 søkn. 1 til 3år?)*
Dugnad eigne krefter	*- kr 673.625*
Eigenkapital (andre tilskot/gåver- m.m) og ev. lån	*- kr. 979.375*
Samla finansiering	***- kr 4.070.500***

Andre tilhøve vedkomande finansiering:
Spelemiddeltilskot:
Om prosjektet vert høgt prioritert i kommunen vil det vere grunnlag for tilskot frå spelemidlane til anlegget frå 2017. Erfaringsmessig vil tildeling av spelemidlar for heile prosjektet skje over 2-3/4 år. Spelemiddeltilskota vil gå til nedbetaling av lån straks dei vert utbetalt.
MVA-kompensasjon:
Mva -kompensasjon er ikkje rekna inn som del av finansieringa, men vil vere svært sannsynleg for heile tiltaket. Ved full mva-refusjon etter dagens ordning vil ein samla kunne oppnå kr. 849.000 i refusjon. Samla vil spelemiddeltilskot og mva-kompensasjon gje grunnlag for relativt rask nedbetaling av lånegjelda.
Nedbetalingsplan:

Samla lån til prosjektet pr. 2016:	*kr. 2.180.000*	
Renter 2016-2020	*kr. 320.000*	*kr. 2.500.000*
2017 - Spelemidlar til anlegg del 1	*kr. 300.000*	
2018 - Spelemidlar til anlegg del 2	*kr. 300.000*	
2018 -MV A-refusjon del 1 og 2	*kr. 432.000*	
2019- - Spelemidlar til anlegg del 3 og 4	*kr. 600.000*	
2019/2020- MVA-refusjon del 3 og4	*kr. 417.000*	*kr. 2.049.000*
Restlån pr. 2020"""""""""""""""""""""""""""""""""""".		*kr. 451.000*

Nedbetalast over omsøkte 10 - års periode innan 2027.
For å ha litt handlingsrom i høve til usikkertheit om når spelemidlar kan bli utbetalt og om gjeldande Mva-kompensasjonsordning blir vidareført, søkjer vi om kommunal garanti for eit lån på inntil kr.2.500.000 for ei periode på inntil 10 år . (2017 - 2027). Det samla låne-behovet vil bli fortløpande redusert i høve til utbetalte spelemidlar og mva-kompensasjon".

Vurdering:
I fylgje gjeldande kommunedelplan *For fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv* skal kommunal garanti tilknytt finansiering av spelemiddeltiltak vere eit viktig og prioritert verkemiddel. Jf. Kap. 4.0 verkemidlar, og kap. 5.1-prioritering av tiltak**,** der det heiter:

*”**Kommunale garantiordning for lån** er eit av dei viktigaste bidrag frå kommunen si side for å fremje laga sine utbyggingsprosjekt og må vidareførast som viktige verkemiddel i høve til anleggsutbygging i lags-regi.”*

*”**Kommunen** vil innanfor økonomisk rammer i økonomiplan og budsjett etter nærare vurdering stille naudsynte kommunale garantiar for eigenkapitallån og lån til forskottering av spelemidlar for prioriterte anlegg i plan.”*

Ut frå dette vil det vere naturleg å tilrå at det vert gitt kommunal garanti.

I samband med kommunerekneskap 2015 er det gitt oversyn over gjeldande kommunale garantiar. For VTI-Allianse syner dette fylgjande:

Lag og foreiningar (kst-sak)	Garantibeløp pr. 31.12.15	Opprinneleg garantibeløp	Garantien utgår
V.T.I. Allianse - garanti tilb. klubbhus	3.300.000		31.12.2040
VTI-Allianse - omsøkt garanti		**2.500.000**	**31.12.2027**

Ved tilskot frå spelemidlane på kr. 1.200.000 og refusjon mva kr 849.000 vil lånebehov og garantibehov for VTI-Allianse for dette prosjektet kunne bli redusert til kr 451.000 etter ca 3-5 år.
Som nemnt i søknaden vil det også verte jobba vidare med leverandørane av dei siste to anlegga med sikte på betre tilbod og auka dugnadsandel. VTI-Allianse og dei andre medverkande laga opplyser elles at dei arbeider vidare med desse prosjekta, og at det vil vere aktuelt med søknader om støtte frå lokale firma og bankar m.v med sikte på auka medverknad i finansieringa. Dette vil kunne gje redusert eigenkapitalbehov/lånebehov.

VTI-Alianse er den overordna paraply-organisasjonen i VTI.
Klubben har ein sunn økonomi og system for jamn oppfølging av både økonomi og organisasjon. kopi av siste års rekneskap ligg ved.
Både VTI-Allianse og VTI-Fotball har hatt god økonomistyring og har fylgt nedbetalings-planar for tidlegare lån med kommunale garantiar.
Opplegg for nedbetaling av nye lån synest realistisk og forsvarleg, sjølv om det knyter seg noko usikkerheit til storleiken på mva-refusjon og tidspunkt for utbetaling av spelemidlar.
Det er også teke høgde for den rentebelastning som lånet vil innebere dei 2-4 første åra.

Ved kommunal garanti vil det vere grunnlag for fullfinansiering av anlegget og for at dette kan gjennomførast samla over to år.
VTI-Allianse har pr i dag berre lån til nybygg for klubbhuset. Det vart i 2015 gitt kommunal garanti for dette lånet. (kr. 3.300.000).
Avtalar med VTI-Fotball om drift av anlegga ved stadion sikrar forsvarleg drift, behov for rehabilitering og utvikling av anlegga i område, inklusivt nedbetaling av klubbhus lånet.
Dette lånet vil bli redusert ved utbetaling av mva og spelemidlar til klubbhuset.

Dagleg drift og vedlikehald av anlegga ved Volda stadion skjer også i dag for ein stor del ved dugnadsarbeid. Det er stor entusiasme knytt til dei nye tilboda som "Stadion-parken" vil gje, og dette vil også truleg utløyse auka dugnadsvilje og nye grupper som kan tilknytast denne drifta. Vi ser såleis ikkje for oss at tiltaket vil medføre vesentlege auka driftskostnader for klubben ut over auka kostnader til lys i anlegget.

"Stadion-parken" synest å vere svært godt motteke av alle som til no har vore involvert i prosjektet, og eit tilbod som foreldre og barn i Volda ynskjer velkomen.

At dette også er samordna med fleire organisasjonar og at også Volda kommune bidreg sterkt i finansiering og planlegging er positivt og viser at dette er eit viktig tiltak.
Tilføring av nye aktivitets-tilbod og god tilknytings mot det etablerte friluftsområdet her eit viktig grunnlag for kommunen sitt engasjement.
Kommunen vil gjennom å gje kommunal garanti til prosjektet vere med på å understøtte ei positiv tilrettelegging for fysisk aktivitet og trivsel for innbyggarane i Volda.

Tilhøve til Kommuneplanen sin samfunnsdel:
Det aktuelle tiltaket vil vere positivt sett i høve til dei mål og strategiar som er nedfelt i kommuneplanen for Volda, ved m.a:

- *auka tilgangen til attraktive idrett og fritidstilbod som stimulerer til auka fysisk aktivitet, og tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen .*
- *kan styrke samarbeidet, stimulere og legge til rette for auka innsats frå frivillige lag i arbeidet med kultur og fritidsaktivitetar for alle.*
- *Ivareta og styrke eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i frivillig arbeid.*
- *Prioritere førebyggjande tiltak og tidleg innsats overfor barn og unge.*
- *kunne tilby sunne og inkluderande oppvekst- og bumiljø.*
- *kunne bidra til å heve standarden på leike- og aktivitetsområda i kommunen*
- *Legge til rette for meir fysisk aktivitet og styrke og utvide rusfrie møteplassar for ungdom.*
- *Stimulere lag og organisasjonar til å legge til rette for inkludering.*
- *gjennom å utvikle nye arenaer for kultur og idrettsliv, og synleggjere tilboda lokalt og regionalt kan det også bidra til å styrke Volda sitt omdøme som attraktiv bukommune i regionen.*

Helse og miljøkonsekvensar:
Tiltaket er i samsvar med KDP for fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv og vil vere eit viktig bidrag til ytterlegare styrking av den store aktiviteten i dette viktige idrettsområdet i Volda sentrum.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen særlege for tiltaket. Avklara gjennom reguleringsplan for området.

Økonomiske konsekvensar:
Er vurderte i saka. Kommunen sitt engasjement i finansiering er avhengig av at framlegg til budsjett for 2017 vert godkjent slik tilrådinga ligg føre. Budsjettsaka vert handsama i same møte og før garantisaka.

Vurdering, konklusjon:
Volda stadion med ulike anlegg er eit av dei viktigaste idretts og aktivitetsområda i kommunen.
Området mot Øyra-elva , Rotevatnet med Årneset er likeeins eit av dei viktigaste og mest nytta friluftsområda i kommunen.
Gjennom samanknyting av desse områda og tilrettelegging for nye aktivitetar og nye grupper vil ein gje eit godt bidrag til vidareutvikling og tilrettelegging for fysisk aktivitet i kommunen i samsvar med intensjon i kommuneplanen sin samfunnsdel, og kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv.
Med grunnlag i kommunedelplanen og opplysningar i søknad finn ein å kunne tilrå kommunal garanti slik søkt om.

Dette er eit type tiltak det kan stillast garanti for, jf. kommunelova §51. Etter kommunelova § 51 nr. 3 krev slik garanti godkjenning av Fylkesmannen. (over 500.000).

Ut frå gjeldande plangrunnlag og tidlegare handsaming finn ein det naturleg at kommunen gjev bruksrett til areala til VTI-Allianse som står ansvarleg for utvikling av prosjektet.
I avtalen er det understreka at anlegga i området skal vere allment tilgjengeleg, jf reglane om nærmiljøanlegg. Vidare vert omsyna til ansvar og drift understreka.
At anlegget vert etablert som nærmiljøanlegg med allmenn tilgang er positivt, og ein føresetnad for kommunen sin medverknad.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal for godkjenning av garantivedtak

Kopi til:
VTI-Allianse
VTI-Fotball
Idrettsrådet
Økonomisjef Henrik Skovly
Økonomikons. Marija Ostojic
Rekneskapssjef Gunnar L. Lillebø
Utvikling

VTI- ALLIANSE

Volda kommune
Utvikling
Rådhuset
Stormyra 2
6100 Volda

Volda den 16.11.2016

"Stadion-parken".

Søknad om førehandsgodkjenning av plan for prosjektet.

I samarbeid mellom VTI-Allianse, VTI-Fotball, Volda Friluftsforeining, Volda Rullarlag og Volda kommune er det utarbeidd prosjektplan for eit felles utbyggingsprosjekt for aktivitetspark i stadionområdet.
Prosjektet har fått nemninga "Stadion-parken" og er tenkt gjennomført som nærmiljøanlegg i samarbeid mellom VTI -Allianse, Friluftsforeininga i Volda, VTI Fotball og Volda Rullarlag, og der kommunen yter bistand knytt til planlegging og ved direkte stønad lagt inn i budsjett for 2016 og 2017.
Vedlagt fylgjer dokumentasjon knytt til prosjektplan for anlegget.
Dette består av samla prosjektbeskrivelse der detaljar også knytt til dei ulike delanlegga med kart og illustrasjonar inngår og med:

- opplysingar om anlegget sin plass i KDP- for fysisk aktivitet og idrettsanlegg
- utgreiing om universell utforming
- situasjonsplan for området - og tilgrensande areal
- behovsoppgåve/omtale
- samla kostnadsoverslag og samla opplegg for finansiering
- kostnadsoverslag og finansiering for dei ulike delanlegga
- Detaljbeskrivelse for det einskilde delanlegg.

Området er eigd av Volda kommune.
VTI-Allianse har søkt kommunen om langsiktig rett til bruk av grunnen i området.

Det er ein føresetnad for søknad om tilskot frå spelemidlane at anlegget kan vise til sikra finansiering. Det er søkt kommunal garanti for lån til eigenkapital og forskottering av spelemidlar og mva-kompensasjon.

Litt om Stadion-parken:
"Stadion-parken" - er ein aktivitetspark med ulike element - styrke/balanse m.m, - klatrepark, og street-basket/isbane med tilhørande intern gang/rullebrett/sykkelveg.
Planen er at prosjektet skal vere med på å vidareutvikle tilbodet i området, og å tilføre fleire nye aktørar og grupper som brukarar av området. Samarbeidet med Friluftsforeininga og kommunen er ein lekk i dette.
Park-prosjektet vil også gje auka mulegheit for alternativ trening og allsidig fysisk aktivitet også for dei etablerte gruppene i området.
Parken vil bli tilknytt dei etablerte gangvegane i området og til tursti-systemet i Elvadalen-, Årneset og til vegen rundt Rotevatnet.

VTI har nyleg styrka satsinga på stadionområdet gjennom etablering av fotballhallen (Mørehallen) og ved utviding av klubbhuset, og gjennom dette lagt til rette for auka aktivitet og utvida skule-fotball-fritidsordning.
Etablert Skate-park har også blitt eit viktig aktivitets og samlingspunkt og vil inngå som ein viktig del av det samla park-området.
"Stadion-parken" vil støtte opp om vidare vekst og tilrettelegging for allsidig idrett og fysisk fostring i regi av VTI og dei andre aktørane som deltek i prosjektet.
Med desse nye aktivitetstilboda lokalisert til same området vil det kunne skapast eit svært godt totaltilbod for både den organiserte idretten og for uorganisert fysisk aktivitet.
Utvikling av området vil også kunne stimulere til at andre grupper kjem inn og nyttar området i større grad enn i dag, t.d. foreldre og eldre som gjerne nyttar turvegsystema i området og er interesserte tilskodarar til dei mange aktivitetane som er her.
Gode sitteplassar og utsiktspunkt er såleis også viktige element i den samla park-utforminga.
Gjennom eit slikt utvida tilbod vil ein også kunne fortsetje å skape dei beste føresetnadane for rekruttering og deltaking i idrett og fysisk aktivitet blant born og unge. Slike alternative tilbod vil også truleg kunne ha positiv verknad i høve til fråfall.
Med gode fasilitetar og med klubbane og kommunen sine trygge rammer kan ein også kanskje senke terskelen for å ta del i dette viktige ungdomsarbeidet (KDP, kapittel 2).

Utvikling av området med andre typar aktivitetar, eit meir parkmessig uttrykk og nye aktivitetsformer er slik vi vurderer det heilt i samsvar med intensjon i gjeldande plan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv.
Vi legg til grunn at Stadion-parken og dei ulike delelementa i park-konseptet finn sin plass i handlingsprogrammet i plan gjennom årleg rullering i 2016/17.

Prosjektbeskrivelse er søkt utarbeidd i samsvar med føresegner gitt i V-0732 frå Kulturdep.
Vi ber om at søknad om førehandsgodkjenning vert handsama snarast då ein tek sikte på søknad om tilskot frå spelemidlane for 2017.
Vi ynskjer snarleg tilbakemelding slik at ein godkjent prosjekt-plan kan leggast ved søknad om kommunal garanti for lån og om bruk av grunn.

med vennleg helsing

For VTI-Allianse
Per Sigvald Hoggen
Prosjektansvarleg "Stadion-parken":

Vedlegg:
Prosjektbeskrivelse Stadion-parken. med vedlegg.

Kopi:
Friluftsforeininga i Volda
VTI-Fotball
Volda Rullarlag

Stadionparken

Volda

FRILUFTSFORENINGA VOLDA

VOLDA TURN- OG IDRETTSLAG

Stadionparken er eit samarbeidsprosjekt mellom Friluftsforeninga Volda, VTI Allianse og Volda kommune, for å utvikle ein aktivitetspark ved Volda stadion.

Prosjektet består av 4 delar, som har fokus på ulike aktivitetar:

- Del 1 - aktivitetspark - område med ulike apparat i høve til styrke og balanse mm.
- Del 2 - lysanlegg for heile området, turveg, sitjeplassar mm.
- Del 3 - klatrepark.
- Del 4 - street basket/isbane.

Heile prosjektet er kostnadsrekna til ca. 4 millionar kroner. Ein vesentleg del av dette er dugnadsinnsats. I første omgang ser ein føre seg realisering av del 1 og 2.

Friluftsforeninga Volda, har ansvar for del 1. Tildelte midlar frå Gjensidigestiftelsen mfl. legg grunnlag for denne delen av prosjektet.
Per Mulvik AS og Volda kommune har bidrege i planarbeidet.

VTI Allianseidrettslag vil søke tilskot frå spelemidlane til Stadionparken.

Ein ønskjer også å engasjere bedrifter, lag og organisasjonar i realisering av prosjektet.

Er du interessert i å bidra til utvikling av Stadionparken?

Ta kontakt med

Per Sigvald Hoggen, tlf. 91 36 74 00
Cecilie Åmås, tlf. 41 50 26 56
Askjell Våge, tlf. 91 34 05 14

AVTALE MELLOM VOLDA KOMMUNE (ORGNR. 939760946) OG VTI-ALLIANSE, - OM BRUK AV AREAL PÅ DELER AV GNR 30 BNR 329 , 335, 337 og 340 TIL AKTIVITETSPARK MED ULIKE TRENING OG ALL-AKTIVITETSTILBOD.

1. Volda kommune gjev Volda Turn og IL - Allianse, i samarbeid med VTI-Fotball, og Friluftsforeininga i Volda, løyve til å nytte kommunen sitt areal på del av Gnr 30 Bnr 329 , 335, 337 og 340 for utbygging av nærmiljøanlegg / aktivitetspark, slik det framgår av situasjonsplan vedlagt denne avtalen.
2. Avtalen er tidsavgrensa til 30 år og kan fornyast om planføresetnadane ikkje er endra.

3. Området skal planleggast og tilretteleggast som ope og innbydande parkanlegg med tilhøyrande nærmiljøanlegg for ulike trening og aktivitetstilbod til fri bruk for alle som ferdast i området.
4. Dei ulike avtalepartane kan også nytte anlegga som del av sitt samla aktivitetstilbod til sine medlemar i samband med organisert trening eller fellesaktivitetar.

5. Laga kan også unntaksvis arrangere eigne stemner og konkuransar der parken - eller deler av denne vert nytta.

6. VTI-Allianse, som er ansvarleg utførande og er søkjar om tilskot frå spelemidlane, har ansvar for opparbeiding av anlegget i samsvar med prosjektbeskrivelse i førehandsgodkjent plan, slik at tilskot frå spelemidlane til nærmiljøanlegg vert sikra.

7. VTI-Allianse skal i samarbeid med dei andre avtalepartane ha ansvar for drift og vedlikehald av anlegget og naudsynt tilgrensande område. VTI-Allianse skal sjå til at bruken av området er i samsvar med gjeldande reglar for nærmiljøanlegg, jf rettleiar V-0732 frå Kulturdep, herunder at anlegget er fritt tilgjengeleg for eigenorganisert fysisk aktivitet.

8. VTI-Allianse har ansvaret for at bygging og drift stettar gjeldande krav til tryggleik og omsyn til fri ferdsel. VTI-Allianse skal ha naudsynt ansvarsforsikring for anlegget.

9. Anlegget skal ha reglar for bruk som er vedtekne av styret i VTI-Allianse og styra i dei lag som er avtalepart, og som er i samsvar med denne avtalen. Oppsett av skilt med reglar for bruk av anlegget er laget sitt ansvar. Slik skilting skal vere sentralt plassert i området og godt synleg for alle som skal bruke anlegget. Innhald og plassering skal avklarast med kommunen.

10. VTI-Allianse har ansvaret for at brukarane av området held orden i og omkring anlegget, slik at det står fram som ein attraktiv integrert del av dette viktige natur-, friluft- og idrettsområdet ved Volda Stadion.
11. Det skal førast tilsyn av kommunen, og ev. pålegg om utbetring og opprydding er VTI-Allianse sitt ansvar.

12. Om avtalen vert avslutta, laget vert oppløyst og ingen andre ynskjer å vidareføre premissane i avtalen, kan anlegget driftast vidare av Volda kommune i samsvar med gjeldande vilkår knytt til anlegg med spelemiddeltilskot.

Volda den 2016

.....	Lars-Are Hamre	.....	.....
Volda Kommune	VTI-Allianse	VTI- Fotball	Friluftsforeining i Volda
v/ordførar	v/ leiar	v/ leiar	v/ leiar
Arkivsak nr 2016/			

348

Årsrekneskap 2015

for

VTI - ALLIANSEIDRETTSLAG

Resultatrekneskap VTI Allianseidrettslag

	2015	2014
Driftsinntekter:		
Medlemskontingent	111 925,00	103 750,00
Salgsinntekter	6 545,00	2 928,00
Tilskot idrettsorganisasjonar		-
Andre tilskot/gåver	2 000,00	2 000,00
Leigeinntekter	48 000,00	48 380,00
Sponsorinntekter		-
Andre inntekter	50,00	40,00
Sum driftsinntekter	**168 520,00**	**157 098,00**
		-
Driftskostnader:		
Vareforbruk	10 671,10	8 248,00
Personalkostnader	35 000,00	35 000,00
Avskriving bygg	-	-
Leigekostnader	-	280,75
Fyringsutg/andre utg.lokale	3 319,70	3 810,65
Driftsrekvisita/inventar/dir.utg.ført	3 944,84	549,00
Rep. og vedlikehold	379,00	149,00
Porto/kontorrekvisita	7 250,00	10 074,25
Annonser	901,00	894,00
Kontingenter og gåver	4 349,00	1 700,00
Forsikringer	127 853,00	126 499,00
Andre driftskostnader	2 278,80	7 442,70
Tap på krav	5 900,00	4 950,00
	-	-
Sum driftskostnadar	**201 846,44**	**199 597,35**
Driftsresultat	**-33 326,44**	**-42 499,35**
Renteinntekter	180,00	259,98
Rentekostnader	9 460,00	126,00
Andre renteutgifter	115,00	
Netto renteresultat	**-9 395,00**	**133,98**
Årsunderskot	**-42 721,44**	**-42 365,37**

350

Balanse VTI Allianseidrettslag

	31.12.2015	31.12.2014
Anleggsmidlar:		
Klubbhus Stadion	901 000,00	901 000,00
Turnhytta inkl. inventar	2,00	2,00
Påbygg Klubbhus Volda	1 564 595,50	
Aksjar Volda Skisenter AS	222 300,00	222 300,00
Sum anleggsmidlar	**2 687 897,50**	**1 123 302,00**
Varelager	10 000,00	18 000,00
Sum varelager	**10 000,00**	**18 000,00**
Fordringar:		
Kundar	5 920,00	9 400,00
Kundar med kreditsaldo	11 180,00	
Sum fordringar	**17 100,00**	**9 400,00**
Kasse/baninnskot:		
3991 04 15038 Driftskonto Allianse	93 622,23	74 182,48
Byggekonto 3991 08 11561	299 128,25	-
3991 40 15808 Barneidrett	20,00	57 132,55
3991 35 31500 Turnhytta	18 872,49	20 589,63
Sum kontantar,bank	**411 642,97**	**151 904,66**
Sum eignedelar	**3 126 640,47**	**1 302 606,66**
Eigenkapital:		
Allianse	1 016 377,68	1 057 401,98
Barneidrett	49 138,05	49 118,05
Turnhytta	18 874,49	20 591,63
Investeringsfond	120 400,00	120 400,00
Oppstartsfond Friidrett	11 000,00	11 000,00
Sum eigenkapital	**1 215 790,22**	**1 258 511,66**
Langsiktig gjeld:		
Lån 3991 82 23340	1 300 000,00	
Sum langsiktig gjeld	**1 300 000,00**	
Kortsiktig gjeld:		
Leverandørgjeld	563 656,25	9 095,00
Kundar med kreditsaldo	11 180,00	
Skyldig løner	35 000,00	35 000,00
Anna kortsiktig gjeld	1 014,00	-
Sum kortsiktig gjeld	**610 850,25**	**44 095,00**
Sum gjeld og eigenkapital	**3 126 640,47**	**1 302 606,66**

Volda 31.12.2015

VTI -ALLIANSE

i samarbeid med

Friluftsforeninga i Volda - VTI - Fotball -og Volda Kommune

STADION-PARKEN

Aktivitetspark som del av idrettsparken ved Volda stadion.

Grunnlag for idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning
Anleggs-stad: 15190001 (Volda stadion)

Anleggs-einingar:
1519000111 - Stadion-parken del 1 - Aktivitetspark-styrke-balanse mm
(VTI-Allianse/Friluftsforeininga i Volda)
1519000112 - Stadion-parken del 2 - Lysanlegg for heile området med turveg, sitteplassar m.m
(VTI-Allianse, Friluftsforeininga i Volda, VTI-Fotball og Volda kommune)
1519000112 - Stadion-parken del 3 - Klatreparken (VTI-Allianse/VTI Fotball)
1519000112 - Stadion-parken del 4 - Street-basket/isbane(VTI-Allianse/VTI Fotball)

VOLDA- den 12.11.2016
VTI - Allianseidrettslag





VOLDA KOMMUNE.
Med kommunen sitt brev av 17.11.2016 er plan for Stadion-parken, slik det framgår av denne prosjekt-beskrivelsen med tilhøyrande vedlegg for del-elementa og tilhørande kostnads-oppsett, gått i gjennom og vurdert i høve til føresesegn V-0732 frå Kulturdep. Planen er ut frå dette gitt idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for mogeleg søknad om tilskot frå spelemidlane som nærmiljøanlegg,
Volda den 17.11.2017
Volda kommune
Utvikling
Per Heltne
Fagansvarleg plan

Innhald

Innleiing..... 3

PROSJEKTBESKRIVELSE
Anlegget sin plass i kommunal plan for idrett og friluftsliv..... 4
Kommunale planar for arealbruk 4
Eigedomsforhold/avtalar knytt til anlegget. 5
Behov 5
Universell utforming..... 6
Parkeringstilhøve 6
Samla plan for "Stadion-parken"..... 7
Situasjonsplan 7
Dreneringsplan 7
Illustrasjon/perpektivskisser 8
Delprosjekt 1 - Aktivitetspark -styrketrening/balanse område (BENITO _PLAY) 9
Delprosjekt 2 - Intern gangveg -skateveg med lysanlegg for heile området 10
Delprosjekt 3 - Klatreparken (Klatrejungel as) 11
Delprosjekt 4 - Aktivitetsbinge -Streetbasket m.m 13

Kostnadsoversyn og finansiering..... 14
Felleskostnader for heile parken 14
Samla terrengbearbeiding 14
Kostnader tilknytt finplanering, planting, tilsåing m.m..... 14
Lyssetting av området og delprosjekta 14
Prosjekteringskostnader 14
Felleskostnader fordelt på delprosjekta 15
Delområde 1- aktivitetspark-fritreningsområde..... 15
Delområde 2 - intenveg og lysanlegg 15
Delområde 3 - Klatreparken 15
Delområde 4 - Streetbasket/isbane 16

Samla kostnad heile Stadion-parken 16
Førebels samla finansiering heile Stadion-parken 17
Andre tilhøve vedkomande finasiering 17
Lån og kommunale garantiar 17
MVA-kompensasjon 17
Dugnadsoversikt 18

Vedlegg:

Situasjonsplan utarbeidd av P.Mulvik as i samråd med Volda komune og medverkande lag/organisasjonar
Illustrasjonar knytt til planprosjektet.
Samla tilbod grunnopparebeiding K.A.Aurstad as
Samla tilbod pakmessig opparbeiding - tilsåing, planting, benkar m.m Tilseth as.
Detaljinnhald del 1. m. kostnadsoverslag og arbeidsbeskrivelse /dugnad
Detaljplan for del 2. lysanlegg og vegar/park m. lysberekning, kostnadsoverslag og aktuelt dugnadsarbeid
Detaljplan for del 3. med beskrivelse og kostnadstilbod og berekna dugnadsarbeid
Detaljplan/tilbod del 4 med mogeleg beskrivelse, kostnadsoverslag, og aktuelt dugnadsarbeid

Innleiing:
Denne prosjektbeskrivelsen skal gi underlag for idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av prosjekt for "Stadion-parken" - aktivitetspark tilknytt Volda Stadion og friområda rundt. Området er eigd av Volda kommune. Det skal etablerast avtale med kommunen om løyve til bruk av området i samsvar med "Idrettsfunksjonell godkjenning" som nærmiljøanlegg - aktivitetspark.
VTI-Allianse, VTI-Fotball, Volda Rullarlag og Volda Dirt-bike klubb har tidlegare fått råderetten over tilgrensande området til bruk til idrettsformål og anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv.
Området er i kommunedelplan for Volda sentrum og i reguleringsplan lagt ut til friområde/idrettsanlegg og friluftsområde.
Frå før er det etablert fylgjande anlegg og aktivitetstiltak i området:
VTI- Fotball/ VTI -Allianse:
2 x 11-er fotballbaner m. kunstgras
1 x 7- er fotballbane m. kunstgras
2 x 7- er fotballbane/aktivitetsareal m grus.
Fotball hall 1 x 9- er bane
Klubbhus med Fotball-fritids ordning.
Lagerbygg -
Friluftsområde mot vatnet.
Volda Rullarlag:
Skatepark m ulike element.
Volda Dirt-bike klubb:
Sykkelanlegg-sykkelkross
Volda kommune:
Friområdet i Elvadalen med turvegar, Årneset badeplass, Turveg langs og inntil heile området
KFUM-Volda:
Årneset sandvolleyballbaner,
Fribee-klubben:
frisbee-anlegg.
Volda jeger og fisk/Volda kommune:
Naust, båt-, kajakk- og kano-utlån, flytebrygge med funksjonshemma tilgang m.m

"Stadion-parken" - aktivitetspark med ulike element - styrke/balanse m.m, - klatrepark, og street-basket/isbane med tilhørande intern gang/rullebrett/sykkelveg og lysanlegg skal vere med på å vidareutvikle tilbodet i området, og å tilføre fleire aktørar og grupper som brukarar av området. Samarbeidet med Friluftsforeininga og kommunen er ein lekk i dette.
Park-prosjektet vil også gje auka mulegheit for alternativ trening og allsidig fysisk aktivitet også for dei etablerte gruppene i området.
Parken vil bli tilknytt dei etablerte gangvegane i området og til tursti-systemet i Elvadalen-, til Årneset og til vegen rundt Rotevatnet. Langs vegen vil det også bli element for å kunne sitte ned og sjå på aktiviteten i området, og for dei som nyttar aktivitets-tilboda som del av eigen-trening eller turoppleving.
Prosjektansvarlege:
Som samlande søkjar og utførande: - VTI -Allianse v/ Per Sigvald Hoggen
Delprosjektansvar:
Aktivitetspark-styrke-balanse- VTI-Allianse/Friluftsforeininga i Volda v/Runa Bakke
Turveg gjennom/inn til området med
Lysanlegg for heile området - VTI/Allianse/Friluftsforeining/og Volda kommune
Klatrepark - VTI-Allianse/VTI Fotball
Street-basket /isbane - VTI-Allianse/VTI Fotball (Basket-klubben)

STADION-PARKEN, PROSJEKTBESKRIVELSE:

Anlegget sin plass i kommunal plan for idrett og friluftsliv

Volda Stadion og området rundt er eit særs viktig område for idretten i Volda.
Her ligg fleire av dei store aktivitetsarenaene for mange av innbyggarane i Volda: Volda stadion med fleire fotballbaner (kunstgras og grus), fotballhall, klubbhus (med stor fotball fritidsordning), her er skatepark, dirt-bike-sykkelbane m.m.
Området ligg som integrert del av friluftsområdet ved Øyraelva og Rotevatnet med badeplass, sandvolleyballanlegg, frisbee-bane og turvegar.
Utvikling av området med andre typar aktivitetar, eit meir parkmessig uttrykk og nye aktivitetsformer er slik vi vurderer det i samsvar med intensjon i gjeldande plan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv.
Vi legg til grunn at Stadion-parken og dei ulike delelementa i park-konseptet finn sin plass i handlingsprogrammet i plan gjennom årleg rullering i 2016/17.
VTI har nyleg styrka satsinga på stadionområdet gjennom etablering av fotballhallen (Mørehallen) og ved utviding av klubbhuset, og gjennom dette lagt til rette for auka aktivitet og utvida skule-fotball-fritidsordning.
"Stadion-parken" vil støtte opp om vidare vekst og tilrettelegging for allsidig idrett og fysisk fostring i regi av VTI og dei andre aktørane som deltek i prosjektet.
Med desse nye aktivitetstilboda lokalisert til same området vil det kunne skapast eit svært godt totaltilbod for både den organiserte idretten og for uorganisert fysisk aktivitet.
Gjennom eit slikt utvida tilbod vil ein også kunne fortsetje å skape dei beste føresetnadane for rekruttering og deltaking i idrett og fysisk aktivitet blant born og unge. Slike alternative tilbod vil også truleg kunne ha positiv verknad i høve til fråfall.
Med gode fasilitetar og med klubbane og kommunen sine trygge rammer kan ein også kanskje senke terskelen for å ta del i dette viktige ungdomsarbeidet (KDP, kapittel 2).

Utvikling av området vil også kunne stimulere til at andre grupper kjem inn og nyttar området i større grad enn i dag, t.d. foreldre og eldre som gjerne nyttar turvegsystema i området og er interesserte tilskodarar til dei mange aktivitetane som er her.
Gode sitteplassar og utsiktspunkt er såleis også viktige element i den samla park-utforminga.

Kommunale planar / gjeldande arealbruk:

Arealbruken for området er fastlagt gjennom - kommunedelplan for Volda sentrum, godkjent 18.06.2009 og kommunedelplan E-39 Volda-Furene godkjent 27.11.2014.

Kommunedelplan Volda sentrum



Kommunedelplan E-39 Volda -Furene

Kommunale planar , forts.



For området gjeld også reguleringsplan Øvre Rotset og Årneset



Området ligg sentralt i sentrumsområdet og inngår i det etablerte tursti-systemet her.

Eigedomsforhold/avtalar knytt til anlegget

Volda kommune er eigar av arealet som vert omfatta av "Stadion-parken". Del av gnr 30 bnr 335, 337 og 340 inngår i planområdet.
Det er etablert avtale mellom Volda kommune og VTI-Allianse, VTI-Fotball, Volda Rullarlag om bruk av areala til eksisterande anlegg.
Det vil bli sikra avtale også mellom Volda kommune og VTI-Allianse om rett til bruk av areala der "Stadionparken " er tenkt utvikla, i samsvar med førehands-godkjent prosjekt.
Det vert elles etablert avtale mellom VTI-Allianse , VTI-Fotball, Volda Friluftsforeining om ansvar, utbygging og drift av anlegga i området. Slik avtale vil vere på plass før søknad om tilskot frå spelemidlar til anlegget vert sendt inn.

Behov:

Fotball er den mest utbreidde idretten i Volda kommune. VTI- Fotball er ein breiddefotballklubb med særleg stor aktivitet og stort tal aktive mellom barn og unge.
Friluftsliv er elles den fysisk aktiviteten i Volda som flest tek del i uavhengig av alder. Både tilrettelegginga for -, og bruken av naturen i og rundt Volda sentrum er stadig aukande. Ein positiv trend.
Tilrettelegging av nære friluftsområde som turvegane i Elvadalen, turvegen rundt Rotevatnet, aktivitetstiltaka i Årneset m.m er viktige bidrag til denne aukande aktiviteten.
Samlokalisering av fotball-anlegga, skatepark, fotballhall m.v. og tilrettelegging for tur og friluftsliv har skapt eit unikt grunnlag for fysisk aktivitet i dette området.
Områda er såleis allereie mykje nytta av ulike aldersgrupper både i organisert og uorganisert aktivitet.
Desse områda i Årneset, Stadion, Mørehallen og skateparken m.m er også svært viktige integrerings-arenaer i kommunen.

Den etablerte idretten ser behov for betre tilrettelegging for ulike aktivitetar, allsidigheit, mulegheiter for allidrett og samhandling mellom det organiserte idrettsarbeidet og uorganisert aktivitet. Eit utvida tilbod og samlokalisering vil også kunne stimulere til auka rekruttering til den aktive idretten.
Gjennom samarbeidet med Friluftsforeininga og Volda Kommune vert det gjennom prosjektet lagt til rette for nye brukargrupper, og ulike aldersgrupper.
Eit viktig grep med sikte på å skape denne fellesarenaen som ein ynskjer at dette området skal utvikle seg til.

Her kan foreldre eller andre sitte ned (eller ta del) medan borna kan nytte dei ulike apparata eller aktivitetsareala. Her kan ein kome innom på joggeturen langs elva eller rundt vatnet for å gjere styrke/balanseøvingar. Her kan dei som trenar fotball eller skatebord m.v få alternativ trening og utfolding. Skular og barnehagar som allereie i dag nyttar området, kan få betre nytte av området til fleire og meir allsidig aktivitet og auka trivsel ved å opphalde seg her.

Universell utforming:
Dei ulike elementa og aktivitetsanlegga innanfor Volda Stadion/Volda Idrettspark er søkt tilrettelagt med omsyn til universell utforming.
For det området som no er tenkt teke i bruk vil dette prinsippet også verte gjort gjeldande. Ein del av apparatur og element er av slik karakter at dette ikkje er aktuelt, men tilgjenge til areala, til dei ulike element og vegar i og inn mot areala vil ha slik tilrettelegging, både med omsyn til stigning og materialbruk.
Gjennom terrenghandsaming og utflating av ein del av vegane i området og utflating av bratte skråningar vil ein gjere meir av heile området tilgjengeleg og nyttbare.
Terrengarrondering og planting, lyssetting og merking vil bli planlagt ut frå dette.

Parkeringstilhøve:
Det er relativt gode parkeringstilhøve på Volda Stadion, og Volda TI Fotball disponerer eit parkeringsareal på ca 2.000 m2 ved klubbhuset og ved Mørehallen på Volda Stadion. Det er elles offentleg parkeringsareal ved inngangen til friområdet ved Elvadalen/E39, ved Årneset badeplass og ved start turveg rundt Rotevatnet, plassar tilknytt turvegane som vidare leier inn mot dette aktivitetsområdet.
Det er mogleg å utvide parkeringsarealet ved Stadion om det er behov for det på lengre sikt, men parkeringstilhøva meiner vi er gode i dag.
Stadionområdet og friområda ved Årneset/Rotevatnet ligg elles i gang/sykkelavstand frå dei fleste bustadfelta i sentrumsområdet. Volda kommune har etablert gode og trygge gangvegar og turvegar inn mot området og mange av born og unge går eller syklar til området.

Stadion-Parken ligg lett tilgjengeleg i gang/sykkelavstand frå bu-områda, skular og med gode p-tilhøve tett inn på.

Samla plan for "Stadion-parken" -

Situasjonsplan:

Det aktuelle arealet ligg mellom klubbhuset, Mørehallen, Volda skatepark og hovudbana på Volda stadion. Avgrensing elles mot tilkomstvegen til området og parkeringsarealet ved klubbhuset.



Parkområdet vert arrondert og tilpassa inn mot desse anlegga.
Mot riksvegen i vest ligg det att eit restareal som ikkje er med i prosjektet i dag. Her er ein del masser knytt til støyvollar m.m som vi på sikt ynskjer å rydde opp i. Dette er planlagt gjort i samband med aktuelle planar for opprusting av riksvegen. Det er etablert kontakt med Statens Vegvesen for samordning av dette.
Terrenget i parken er planlagt arrondert inn mot dei aktuelle delelementa og eksisterande anlegg. Det er sett høgdepåskrift i plan og påpassa at universell utforming vert ivaretatt for tilkomst til dei ulike anlegga. Det er også lagt inn noko terrengformasjonar med høgder i terrenget.
I samråd med entreprenør og kommunen vil det bli lagt til rette for meir forming og tilpassing av terreng mot dei ulike delelementa. M.a vil ein nytte noko overskotsmasser til terrengmessig skjerming mot tilkomstveg, mot parkering og mot riksvegen.
Terrenghandsaming, masseutskifting, drenering og oppbygging av underlag for dei ulike delelementa er kostnadsrekna og innhenta samla tilbod på frå K.A.Aurstad as.

Dreneringsplan:

Dreneringsarbeidet inngår i tilbod frå K.K.Aurstad as og er nærare beskrive nedanfor og i eige vedlegg.

Skisse av VA-plan for stadionparken.

Det er planlagt hovud-drenering av den samla parken knytt til eksisterande drensnett og med naturleg fall mot dette etter planlagde internvegar.
Sandfangkummar for kvart ca. 400 m2. VA-anlegget går til samleleidning ved Mørehallen.
Det er også lagt opp til drenering for dei enkelte del-anlegga, med gode drenerande masser og godt fall mot samledrens i sandfag rundt nedsida av anlegga.
For drenering av Aktivitetsbinge - streetbasket/skøytebane er det lagt opp til tilknyting med spylegren og tilkopling i sandfang.

Illustrasjonar/Perspektiv:

Delanlegga innanfor parken:

1. Aktivitets-park - styrke/spenst/balanse. (ansvarleg Volda friluftsforeining/VTI.)

Del 1 - Type anlegg:

BENITO
–Play



Ulike element på området:

BENITO
–Play

Products

Reference	Description	Quant.
JSA002N	**Extension:** Plastic parts in injected HDPE and PP. Metallic Parts made of zinc-coated steel, galvanized steel and stainless steel. Fixings of zinc-coated steel and sainless steel. Certificate | Sheet	1
JSA003N	**Chest press:** Plastic parts in injected HDPE and PP. Metallic Parts made of zinc-coated steel, galvanized steel and stainless steel. Fixings of zinc-coated steel and sainless steel. Certificate | Sheet	1
JSA004N	**Bars:** Plastic parts in injected HDPE and PP. Metallic Parts made of zinc-coated steel, galvanized steel and stainless steel. Fixings of zinc-coated steel and sainless steel. Certificate | Sheet	1
JSA008N	**Rowing:** Plastic parts in injected HDPE and PP. Metallic Parts made of zinc-coated steel, galvanized steel and stainless steel. Fixings of zinc-coated steel and sainless steel. Certificate | Sheet	1

Reference	Description	Quant.
JSA010N	**Pull Down:** Plastic parts in injected HDPE and PP. Metallic Parts made of zinc-coated steel, galvanized steel and stainless steel. Fixings of zinc-coated steel and sainless steel. Certificate | Sheet	1
DECO_LIRA	**Deco Lira Luminaire 4m:** Part of the complete Essentials range, the Deco Lira offers functionality and a technically impeccable design. Perfect for installing on 4+5 m poles on both wide and narrow urban and residential streets, urban thoroughfares, bicycle paths, parking lots, parks, squares and avenues. Certificate | Sheet	2
JSA006N	**Climber:** Plastic parts in injected HDPE and PP. Metallic Parts made of zinc-coated steel, galvanized steel and stainless steel. Fixings of zinc-coated steel and sainless steel. Certificate | Sheet	1
JSA015N	**Double Abdominal:** Plastic parts in injected HDPE and PP. Metallic Parts made of zinc-coated steel, galvanized steel and stainless steel. Fixings of zinc-coated steel and sainless steel. Certificate | Sheet	1

Del 2.

Styrketreningsområde med ulike apparat.
leverandør - og type dekke vert avklara i søknad
Omramming med betongelement som sitteplass og avgrensing mot veg og terreng.

Delanlegg 2. Lysanlegg for parken, intern gangveg/skateveg med sitteplassar m.m



Del 2- består av opparbeidde gangvegar gjennom parken og mellom ulike delelement.
Lysanlegg for gangvegar og for delelementa.
Sittebenkar, bosstativ, mm
Tilplanting og terrengbehandling av parkområdet.
Lysanlegget langs gangveg og inn mot delområde 1 og 2 består av tilsvarande type stolpar og armatur som er nytta i Årneset-Elvadalen. Lysstolpar 4m - armatur THORN
Urba *I* URBA S 24L35 PWC GY BP CL2 BM/MTP60740 96269617- armatur for urban gatebelysning. LED-belysning med gangvei- og sykkelsti-optikk. Integrert funksjon for strømreduksjon som dimmer ned til 50 % effekt, effektiv 3 timer før og 5 timer etter en kalkulert midnatt.
Monterast med 25-30 m avstand. Dette dekker også lysbehova i delprosjekt 1.
For delområde 3 og 4 er det planlagt eigne lyssetting, med 2 stk 9m stolpar og eigen eigna armatur for kvart anlegg.
Det er kravd utarbeidd lysplan med lysberekning for heile området, frå leverandør. Dette er ikkje ferdig ennå, men vil ligge føre ved innsending av søknad om spelemiddeltilskot.

Prosjektbeskrivelse for lys, og kostnadsoversyn for lyssetting ligg som eige vedlegg.

Delområde 3. Klatreparken - (ansvarleg VTI-allianse/VTI - Fotball)



Planløysing for klatreanlegget med sikringssoner etc.







Vi planlegg her tilsvarande anlegg som er etablert ved idrettshallen i Stryn kommune. Dette er eit anlegg som fleire av våre medlemar har erfaring i frå og som er opplevd som eit godt og trygt anlegg som skaper stort engasjement og aktivitet.
Anlegget er gitt tilbod på frå firma Klatrejungel AS
I beskrivelsen heiter det:
"Klatrejungel AS tilbyr til idéutvikling og stimulering til godt og triveleg aktivitetsområde og uteområde slik at born og unge får eit miljø som stimulerer til allsidig aktivitet samstundes som områda blir gode å vere i også for vaksne folk.
Klatrejungelen vil også medverke til å skape aktivitetsområde som også tar i vare pedagogiske utfordringar i forhold til motorisk, sosial og emosjonell utvikling.
"Det er gjennom kropp og rørsle at ho eller han tek til å utvikle og etablere evne til kommunikasjon.
Alt dette som det unge mennesket opplever, samlar seg til ein dans — til livets dans."
(Miriam Donath Skjørten)

Delområde 4 Aktivitetsbinge - Street-basket /isbane
(ansvarleg VTI-allianse/VTI - Fotball)



(Sjå eige vedlegg med tilbod, produktinfo og dugnadsveileder på Aktivitetsbinge.)

Måla som er spesifisert som «fotballmål», er normale landhockeymål, som også kan nyttast til ishockeymål om vinteren.
Dekket er ikkje kunstgras, men gummimatter tilsvarande løpebane, og er berekna for å kunne isleggast om vinteren. Det er ut frå det prosjektert med betongkant/fundament rundt bana for avgrensing og forankring av kantgjerder.
Det vert montert basket-korger i anlegget. Det vil bli jobba for å få Basket-klubben med som aktiv part i vidare drift/bruk av anlegget.
Grunnarbeid og asfalt ligg inne i summen til felles grunnarbeid frå K:A:Aurstad as.

Komplett levering og montering, på ferdig planert grunn - kr. 610.875,-
Dette inkluderer komplett leveranse, inkludert betongkant/fundament rundt heile parken.
(*Det er mange aktuelle leverandørar for slike anlegg. Val av type/leverandør vil bli bestemt i drøfting og forhandling med ulike leverandørar fram mot gjennomføring og før søknad om tilskot frå spelemidlar.*)

Kostnadsoversikt og Finansiering:

Felleskostnader for heile parken:
Anlegget er tenkt utforma og gjennomført innanfor gjeldande reglar i "Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet- 2016". V-0732 frå Kulturdep.
Prosjektet er tenkt gjennomført som samla parkområde med til saman 4 delelement/ nærmiljøanlegg: 1. Styrke/balanse-område, 2. Lysanlegg for heile området, og intern turveg med sitteområde mm. 3. Klatreparken, og 4. Aktivitetsbinge- street-basket/isbane.

Samla terrengbearbeiding, etablering av underlag for gangvegar, asfaltering av gangveg, fundament for delanlegga, asfaltdekke for Aktivitetsbinge, og overflatehandsaming av park-areala, utanom finplanering, tilsåing og beplanting, er det innhenta samla tilbod på frå K. A. Aurstad as.
Samla kostnad for dette vert på kr. 1.272.254, basert på einingsprisar. (avrunda til 1.272.000).
K.A. Aurstad as vil stille maskiner til disposisjon og har gjort avtale om at store deler av dette arbeidet vert utført som dugnadsarbeid/rabatt. Denne del av grunnarbeidet og kontroll vert trekt ut av samla tilbod/kostnad.(kr. 570.332. - avrunda til 570.000), og vert også haldne utanfor kostnadsoppsett og finansiering.
Det samla kostnadane for grunnarbeid og ferdig terrengbehandling i tilbodet frå K.A.Aurstad er såleis kr. 702.000.

Desse kostnadane er i prosjektet fordelt på dei ulike nærmiljø-elementa. der "Stadion-parken" vert delt inn i dei fire (4) ulike aktivitets -elementa, slik:

1. Styrke/balanse-område - kr. 180.000
2. Lysanlegg og turveg
   med sittebenkar - kr. 192.000
3. Klatreparken - kr. 145.000
4. Street-basket/isbane, - kr. 185.000

   -kr 702.000

Kostnader knytt til finplanering, tilsåing og beplanting, er det også innhenta felles tilbod på, jf tilbod frå Tilseth as. Desse er også fordelt på dei ulike delprosjekta slik:
Samla tilbod Tilseth as inkl. mva og mulege dugnadsarbeid: kr. 616.000, - fordelt slik:

1. Styrke/balanse-område - kr. 90.000
2. Turveg med sittebenkar m.m - kr. 303.000
3. Klatreparken - kr. 70.000
4. Street-basket/isbane, - kr. 153.000

Lyssetting i området vil i hovudsak vere knytt til gangvegsystemet og i møta mellom veg og dei ulike del-elementa. Lysanlegget er det også innhenta samla tilbod på og vert del av delområde 2- lys, gangveg og parkutforminga:
Samla kostnad (sjå eige vedlegg) kr. 498.000 pluss arbeidskostnader. Dette er planlagt utført som dugnadsarbeid rekna til kr. 110.000.

Prosjekteringskostnader og administrasjon og byggeleiing er rekna felles for heile prosjektet og fordelt likt på dei 4 anleggselementa. Samla kostnad - kr. 120.000.
Prosjektering og byggeleiing for del-elementa ligg elles inne som del av leveranse/kostnad i tilbod frå leverandør.

Kostnadsoverslag fordelt på delområda:

1. Aktivitetspark-fritreningsanlegg- Styrke/balanse (Friluftsforeininga sitt styrke/trim apparatpark)

Planering av området- masseflytting og arrondering ("parken tek form")	
(del av felles opparbeiding) (tilbod K.A.Aurstad as)	- kr.180.000
Finplanering, tilplanting og tilsåing av park-området	- kr 90.000
Kostnad innkjøp og montering av dei ulike delelementa, inkl. toppdekke	- kr.290.000
Grunnarbeid og montering for dei ulike del-elementa i prosjektet	- kr.337.500
Administrasjon -byggeleiing	- kr 30.000
Samla kostnad	**- kr.927.500**

(Sjå vedlegg med eigen detaljbeskrivelse av delanlegget, med tilbod levering).

Finansiering:

Tilskot spelemidlar	kr. 300.000.-
Dugnadsarbeid og rabatt	kr. 160.000.-
eigenkapital (eigne midlar - gåver m.m)	kr. 467.500.-
Samla finansiering	**kr. 927.500.-**

2. Lysanlegg og tursti gjennom området inkludert sitteplass:

Planering av området- masseflytting og arrondering ("parken tek form")	
(del av felles opparbeiding) drenering for heile området og delområda, (jf tilbod K.A.Aurstad as)	- kr.192.000
Tilplanting og tilsåing av park-området rundt anlegget,	
Kvilebenkar og bord langs gangsti - underlag og utstyr	- kr 303.000
Kjøp lysanlegg	- kr.498.400
Oppsett stolpar/montering av lysanlegg	- kr.110.000
Prosjektering, administrasjon og byggeleiing	- kr. 30.000
Samla kostnad	**- kr.1.133.400**

(Sjå vedlegg med eigen detaljbeskrivelse av delanlegget, og tilbod leveranse).

Finansiering:

Tilskot Volda kommune - del av samla tildeling	kr. 500.000.-
Tilskot spelemidlar	kr. 300.000.-
Dugnadsarbeid	kr. 170.000.-
Lån- eigenkapital (eigne midlar - gåver m.m)	kr. 163.400.-
Samla finansiering	**kr.1.133.400.-**

3. Klatreparken - i regi av VTI- allidrett

Planering av området- masseflytting og arrondering ("parken tek form")	
(del av felles opparbeiding) (jf tilbod K.A.Aurstad as)	- kr.145.000
Finplanering, tilplanting og tilsåing av park-området	- kr 70.000
Kostnader innkjøp og montering av dei ulike delelementa, inkl. toppdekke (Klatrejungel AS rune@klatrejungel.no)	- kr.815.750
Prosjektering, administrasjon og byggeleiing	- kr. 30.000
Samla kostnad	**- kr.1.060.750**

(Sjå eige vedlegg - fullstendig tilbod og beskrivelse som vedlegg)

Finansiering:

Tilskot Volda kommune - ca1/3 del av samla tildeling	kr. 250.000.-
Tilskot spelemidlar	kr. 300.000.-
Dugnadsarbeid og rabatt	kr. 248.625.-
Lån- eigenkapital (eigne midlar - gåver m.m)	kr. 262.125.-
Samla finansiering	**kr.1.060.750.-**

Dugnadsoversikt for klatreelementa med grunnarbeid vil bli avtala nærare med leverandør fram mot bestilling og innsending av søknad om tilskot til prosjektet.

4. Aktivitetsareal/Street-basket/isbane/binge

Planering av området- masseflytting og arrondering ("parken tek form")
(del av felles opparbeiding) drenering for heile området og delområda,

(jf tilbod K.A.Aurstad as)	- kr. 185.000
Tilplanting og tilsåing av park-området rundt anlegget (1/4 del)	- kr 153.000
Kostnader innkjøp og montering av dei ulike delelementa	- kr. 610.850
Samla kostnad	**kr. 948.850**

(Sjå eigen detaljbeskrivelse av delanlegget, og tilbod leveranse som vedlegg).

Finansiering:

Tilskot spelemidlar	kr. 300.000.-
Dugnadsarbeid	kr. 95.000.-
MVA-kompensasjon frå del 1 og 2	kr. 432.000
Lån- eigenkapital (eigne midlar - gåver m.m)	kr. 121.850.-
Samla finansiering	**kr. 948.850.-**

(dugnadsarbeide knytt til montering av bingen kan bli noko større
og blir å avtale nærare med leverandør fram mot levering/innsending av
spelemiddelsøknad.)

Samla totalkostnad for "Stadion-parken":

Kostnader for dei ulike delanlegga: (etter fordeling av felleskostnader)

Delanlegg 1. **Aktivitetspark-fritreningsanleg**	- kr 927.500
Delanlegg 2. **Tursti gjennom området inkludert møteplass og lys**	- kr 1.133.400
Delanlegg 3. **Klatreparken**	- kr. 1.060.750
Delanlegg 4. **Aktivitetsareal/Street-basket/isbinge**	- kr 948.850
Samla totalkostnad	**kr 4.070.500**

Førebels plan for finansiering av anlegget:

Tilskot Volda kommune - 2016/17	- kr. 750.000 (Avs. i budsj.2016/17)
Delfinansiering - Friluftsforeininga i Volda - del 1.	- kr. 467.500 (avtale Friluftsf.)
Tilskot spelem.nærmiljøanlegg del 1, 2,3 og 4 (50%)	- kr.1.200.000 (4 søknader over1 til 3år?)
Dugnad eigne krefter	- kr 673.625
Eigenkapital (andre tilskot/gåver- m.m) og ev. lån og ev. mva-kompensasjon	- kr. 979.375
Samla finansiering	**- kr 4.070.500**

Andre tilhøve vedkomande finansiering:

Lån og kommunal garanti:

Det er ventetid på spelemidlar til anlegg i dag og det er difor behov for kapital til forskottering av desse midlane. Det vert difor søkt kommunal garanti for lån til eigenkapital (kr. 980.000) og til forskottering av spelemidlar (kr. 1.200.000).
Med grunnlag i gjeldande plan for Idrett og fysisk aktivitet legg ein til grunn at dette vert gitt.
Anlegget er planlagt gjennomført over 1-2 år.
Samla lånebehov/garantibeløp er sett til **- kr. 2.500.000.** For å ha handlingsrom knytt til rentekostnader i byggeperiode og fram til utbetaling av spelemidlar og mva-kompensasjon.
Vi legg til grunn at spelemidlar vert tilgjengeleg/utbetalt innan 1-3/4 år etter at utbygginga er gjennomført.

MVA-kompensasjon:

Mva -kompensasjon er ikkje rekna inn som del av finansieringa, for dei to første delanlegga, men vil vere svært sannsynleg for heile tiltaket.
Ved full mva-refusjon etter nogjeldande ordning, vil ein samla kunne oppnå kr. 849.000 i mva-refusjon.
Mva -refusjon for dei to første anlegga utgjer maksimalt kr. 432.000, og kan eventuelt takast med som finansieringsbidrag i dei to siste anlegga.
Dette vil då dekke opp heile det behov for lånemidlar som elles er lagt til grunn.

Med full mva- kompensasjon vil vi såleis kunne stå att med lita lånegjeld i prosjektet.

Dugnadsoversikt:

Dugnad/rabatt for alt maskinarbeid på alt grunnarbeid (utdrag frå tilbod /avtale med K.A.Aurstad) kr. 570.000 er halde utanfor kostnadskalkyle/ og finansiering.
Øvrig dugnadsoversikt går fram av finansieringsplan for dei ulike delelementa ovanfor. Dette vil verte ytterlegare spesifisert i tilknyting til detaljert kostnadsoppsett og finansieringsplan for dei einskilde anlegg ved inngåing av kontrakter og ved fremjing av søknader om tilskot frå spelemidlane.

Dugnadsoppsett for dei ulike delanlegga:

Delanlegg 1. **Aktivitetspark-fritreningsanleg:**

Del av arbeid med finplanering, planting og tilsåing	- kr 30.000	
Del av grunnarbeid og montering av elementa	- kr. 100.000	
Administrasjon -byggeleiing	- kr 30.000	kr.160.000

Delanlegg 2. **Tursti gjennom området med sitteplassar og lys:**

Del av planting og tilsåing av området rundt anlegget, med kvilebenkar og bord langs gangsti,	- kr 60.000	
Prosjektering, administrasjon og byggeleiing	- kr. 30.000	
Oppsett stolpar/montering av lysanlegg	- kr.110.000	kr. 170. 000

Delanlegg 3. **Klatreparken**

Del av arbeid med finplanering, planting og tilsåing	- kr 20.000	
Dugnad tilknytt montering av dei ulike delelementa, inkl. dekke (Klatrejungel AS rune@klatrejungel.no)	- kr.198.625	
Prosjektering, administrasjon og byggeleiing	- kr. 30.000	kr.248.625

Delanlegg 4. **Aktivitetsareal/Street-basket/isbane/binge**

Del av planting og tilsåing rundt anlegget	- kr 35.000	
Arbeid tilknytt montering	- kr 60.000	
Prosjektering, administrasjon og byggeleiing	- kr. 30.000	kr. 95.000
Samla dugnadsarbeid		**kr 673.625**

VOLDA KOMMUNE
Utvikling

«MOTTAKERNAVN»VTI-Allianse
Postboks 135

6101 VOLDA

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2016/1919	13300/2016	D11	UTV/ PERHEL	17.11.2016

"STADION-PARKEN" - AKTIVITETSOMRÅDE-NÆRMILJØANLERGG VED VOLDA STADION.
IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING

Kommunen har motteke søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for "Stadion-parken" eit park/aktivitetsområde planlagt utvikla ved Volda stadion.
Området, som ligg mellom tilkomstvegen til Stadion-området, klubbhuset, hovudbana , Mørehallen og skateparken, er planlagt utvikla som nærmiljøanlegg med ulike aktivitetsområde og parkmessig tilrettelegging.
Prosjektet er eit fellestiltak i samarbeid mellom VTI-Allianse, VTI-Fotball, Volda Friluftsforeining, og Volda kommune.
VTI-Allianse skal koordinerer arbeidet og stå som ansvarleg for opparbeidinga i samråd med dei andre aktørane.
Volda stadion er registrert som anleggsstad i kommunedelplan for "fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljøtiltak" og i idrettsanleggsregisteret som anlegg nr. 15190001.
"Stadion-parken" vert gjennom søknaden registrert som nye anleggseiningar, 1519000111 - 1519000114.
Prosjektet vert å prioritere i samband med årleg rullering handlingsprogrammet for kommunedelplan for 2017.
Volda kommune eig grunnen i området.
VTI-Allianse har søkt kommunen om avtale om rett til bruk av området som inngår i parken. (avtale vert etablert før ev . søknad om tilskot frå spelemidlane vert sendt inn).

Det aktuelle areal er i gjeldande reguleringsplan for området avsett til idrettsformål og inngår i "Stadion-området" der det i dag er etablert klubbhus med dusj/garderobe-fasilitetar-, hovudfotballbane med tribuneanlegg (m/kunstgras)-, 11-ar bane med kunstgras, ein 7-er-bane m kunstgras og samt to 7-er grusbaner, fotballhall, skatepark mm. Alle banene har lys.

Det er som grunnlag for søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning utarbeidd ein god og oversiktleg beskrivelse for prosjektet, utarbeidd i samsvar med gjeldande retningsliner, jf. Vegleiar V-0732, og rettleiar "universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg" frå KDP .
Prosjektet er delt i 4 delprosjekt:

1. Aktivitetspark-styrke-balanse - Volda Friluftsforeining / VTI-Allianse
2. Lysanlegg for området og turveg gjennom/inn til del-områda - VTI/Allianse, Volda Friluftsforeining, VTI-Fotball og Volda kommune.
3. Klatrepark - VTI-Allianse/VTI Fotball
4. Street-basket /isbane - VTI-Allianse/VTI Fotball

Etter gjennomgang av prosjektbeskrivelse med tilhøyrande dokumentasjon, vedlagt kostnadsoppsett og grunnlag for finansiering, finn ein at prosjektet er i samsvar med vilkår og funksjonskrav sett i rundskriv V-0732.
Dette vurdert ut frå samla utforming, dei valde aktivitetsprosjekt, planlagde dekkeunderlag i dei ulike elementa, lyssetting og omsyn til tryggleikssoner og reglar om tilgjenge.

Rehabiliteringsprosjektet får ein samla kostnad på kr. 4.070.500 fordelt på dei 4 ulike aktivitetsområda slik:

Delanlegg 1. **Aktivitetspark-fritreningsanleg**	- kr 927.500
Delanlegg 2. **Lysanlegg for området og turveg gjennom/inn til del-områda**	- kr 1.133.400
Delanlegg 3. **Klatreparken**	- kr. 1.060.750
Delanlegg 4. **Aktivitetsareal/Street-basket/isbinge**	- kr 948.850

Kommunen har etter gjennomgang ikkje vesentlege merknader til dei kostnadstal som er lagt til grunn. Dei er i hovudsak basert på innhenta tilbod.

Kommunen finn dei aktuelle planane svært positive med tanke på å tilrettelegge for auka fysisk aktivitet gjennom nye aktivitstilbod i området. Aktivitetstilbod som vil stimulere til at fleire og nye brukarar vil nytte området.
Dei nye aktivitetstilboda vert tett knytt opp mot det etablerte idrettsområdet og friluftsområda langs Øyra-elva og mot Rotevatnet. Den parkmessige tilnærminga som anlegget er tiltenkt vil i tillegg til å gje nye grupper tilbod til fysisk aktivitet også gje eit positivt bidrag til det fysiske miljøet i området.

Volda kommune finn ut frå dette å kunne gje prosjektet idrettsfunksjonell godkjenning, som grunnlag for tilskot frå spelemidlane, i samsvar med søknad.
Stempla plandokument følgjer vedlagt.

Ein gjer merksam på at det må fremjast søknad om tilsot frå spelemidlane for det einskilde delprosjektet.
Ved fremjing av søknad om tilskot frå spelemidlane må det ligge føre:

- detaljert kostnadsoverslag og finansieringsplan der alle deler av finansiering vert dokumentert. (Lånetilsegn, kommunal garanti, gåver-rabattar, eigne midlar-, m.m).
- avtale som sikrar varig rett til bruk av grunnen i parkområdet.
- årsmøtevedtak for bruk av eigne midlar og om låneopptak.

Det skal ved bygging/søknad etablerast eige prosjektrekneskap for anlegget. Anleggsrekneskapen skal skiljast frå andre rekneskap i klubben og det bør nyttast eigen bankkonto for alle ut og innbetalingar som gjeld anlegget. (jf V-0732 pkt 5.3).

I høve saka viser ein også til V-0732 pkt 5.4 om føring av rekneskap.

I høve saka minner ein om at utanom idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må det også ligge føre godkjenning etter reglane i Plan og bygningslova før arbeid med tiltaket kan settast i gang.

Med helsing
Volda kommune

…….
Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

……..
Per Heltne
planleggar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi: VTI-Fotball
Volda Friluftsforeining
Volda kommune-teknisk sektor
Idrettsrådet
Møre og Romsdal Fylkeskommune

Handsaming:

Odd A. Folkestad møtte kl. 12.30.

Formannskapet bad om at endringar i dokumentet etter offentleg ettersyn, vert synleggjort til handsaminga i kommunestyret 15 desember.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

Planprogram for kommuneplanen sin arealdel jf. vedlegg 3 datert 23.11.2016 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Heidi Istad	Arkivsak nr.:	2016/963
		Arkivkode:	2016005

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
226/16	Formannskapet	29.11.2016
176/16	Kommunestyret	15.12.2016

PLANID 2016005 - AREALDELEN - FASTSETTING AV PLANPROGRAM

Administrasjonen si tilråding:
Planprogram for kommuneplanen sin arealdel jf. vedlegg 3 datert 23.11.2016 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13.

Vedleggsliste:
1. Notat om merknader til planprogrammet
2. Merknader til planprogrammet – samla hefte.
3. Planprogram rev. A, datert 23.11.2016

Uprenta saksvedlegg:
Planprogram - Høyringsforslag, datert 06.10.2016
Innspel til arealdelen

Samandrag av saka:
Saka gjeld fastsetting av planprogram som vart sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn jf. vedtak i Volda formannskap 04.10.2016, sak 171/16. Ein rår til at revidert forslag til planprogram vert godkjent.

Saksopplysningar/fakta:
Volda formannskap vedtok i møte 04.10.2016, sak 171/16, oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel og høyring av planprogram. Med heimel i Plan- og bygningslova(PBL) §11-12, vart det varsla om oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel etter PBL §11-5. Framlegg til planprogram vart sendt på høyring ved brev til høyringspartar den 06.10.2016. Planprogrammet vart lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med PBL§ 11-13 på kommunen si heimeside 07.10.2016 og annonsert i avisa Møre

08.10.2016. Høyringsfristen vart sett til 19.11.2016, som er innanfor kravet om minimum 6 vekers høyring av forslag til planprogram.

I høyringsperioden er det gjennomført folkemøte på Mork, Volda sentrum, Dravlaus, Folkestad, og på Fyrde. Alle møta hadde godt oppmøte med om lag 40-50 personar på kvart av møta. I tillegg har vi hatt to opne kontordagar der om lag 10 personar var innom og fekk drøfta sine innspel til planarbeidet.

Til no har vi motteke 93 innspel og merknader til planprogrammet og oppstart av arealdelen. Av desse er det registrert 13 merknader til planprogrammet som har vore ute til offentleg ettersyn og høyring. Merknadene til planprogrammet ligg som vedlegg til saka og er kommentert i eit eige notat.

Innspel som gjeld arealbruk vil det bli jobba vidare med og presentert for formannskapet i januar/februar 2017.

Kommuneplanen sin samfunnsdel:
Oppstart av arbeid med arealdelen er i samsvar med kommunal planstrategi for Volda kommune 2012–2015 og er ei oppfølging av Samfunnsdelen 2016 – 2028.

Helse og miljøkonsekvensar:
Vil bli vurdert i konsekvensutgreiinga som del av planarbeidet, jf. forslag til planprogram.

Økonomiske konsekvensar:
Planprogrammet legg opp til eit omfattande utgreiings- og kartleggingsprogram. I hovudsak vil ein nytte eigne ressursar til gjennomføring av dette arbeidet. Fleire av utgreiings- og kartleggingsoppgåvene er sett i gang, eller planlagt sett i gang og er budsjettert med av dei ulike sektorane i kommunen. Det vil spesielt vere behov for kjøp av konsulenttenester knytt til arbeidet med den delen av ROS-analysen som gjeld kartlegging av ROS-situasjonen for nye utbyggingsområde. Dette kan t.d. vere knytt til støy, skred- og flaumfare, kulturminne. Omfanget av behovet for kjøp av konsulenttenester vil i hovudsak vere knytt til dei vala ein gjer når ein foreslår nye utbyggingsområde.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Det vil bli gjennomført ROS-analyser som del av planarbeidet, jf. forslag til planprogram.

Vurdering og konklusjon:
Planprogrammet er sendt til offentleg ettersyn og har vore ute til offentleg ettersyn i 6 veker. Planprogrammet er delt inn i 7 kapitel, med informasjon om formålet med planarbeidet, planprosess med fristar og deltakarar, opplegget for medverknad. Vidare tar planprogrammet for deg kva problemstillingar som vert sett på som viktige for miljø og samfunn, kva alternativ(arealstrategiar) som vil bli vurdert, og behovet for utgreiingar. Planområdet er skildra og det er vist kart av planområdet. Det er skissert opplegg for kva som skal utgreiiast i konsekvensutgreiinga og korleis ein skal skaffe relevant kunnskap.

Dei fleste innspel og merknader til oppstart av arbeidet med arealdelen gjeld arealbruk og plankartet. Vi har registrert 13 merknader til planprogrammet og desse er lagt ved saka og oppsummert og kommentert i vedlegg 1. Ut frå vurdering av merknadane er det gjort endringar i revidert versjon av planprogrammet. Det kjem fram av vedlegg 1 kva endringar som er tatt inn. Med dei endringar som er tatt inn kan ein rå til at planprogrammet vert godkjent slik det ligg før i revidert versjon.

VOLDA KOMMUNE

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:
Ikkje klagerett

Arealdelen 2018 – 2030

Kommuneplan for Volda kommune

Merknader til planprogrammet rev. 29.11.2016:

Nr.:	Dato:	Namn:	Merknad til planprogrammet **(utdrag som gjeld planprogrammet)**	Kommentar om endring av planprogrammet **(alle innspel som gjeld arealbruk blir vurdert nærare i sak om handsaming av innspel til arealdelen seinare i planprosessen)**
1.	11.11.2016	Kystverket	……Rår til at farlei, ankringsområde for skip og fiskerihamner vert teken med som del av utgreiingsområdet i kap. 5.6 Transport og kommunikasjon……. Sjøorienterte ervervsareal avsett i kommuneplanen, bør primært prioriterast for verksemder med særskilt behov for lokalisering ved sjø. Omdisponering til andre arealbruksformål bør difor alltid vurderast nøye m.o.t. framtidige behov. Rår kommunen til å vurdere dette nærare i rulleringa av planen og ta med ønskjelege resultat omkring dette emnet i kap. 5.5 Landbruk og næringsliv.	*Endring av kap. 5.6 Transport og kommunikasjon i planprogrammet.* *Andre innspel vil bli ivaretatt gjennom bruk av arealbruksformål, omsynssoner , føresegner og retningslinjer i arealdelen.* *Oppdatert eksisterande kunnskapsgrunnlag i KU*
2.	01.11.2016	Fiskeridirektoratet	Kjem med forslag om komplettering av oversikt over ”Andre nasjonale føringar” som er relevante ift. sjøareal. …. I kapittel 6 "Konsekvensutgreiing" under "Miljø" bør også Fiskeridirektoratets kartdatabase nevnes under eksisterende kunnskapsgrunnlag…. … I kapittel 5.7 "Grønstruktur, friluftsliv og kultur" sies det at kommunen skal arbeide for en bærekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfold. Dette håper vi også kan omfatte de ”blå verdiene” som finnes i sjøen…..	*Oppdatert liste over nasjonale føringar s. 6.* *Kunnskapsgrunnlag i KU er oppdatert.* *Innleiande tekst i kap. 5.7 er endra.*
3.	03.11.2016	Direktoratet for mineralforvaltning	Viser til fråsegn til samfunnsdelen i april i år og minner om at det etter dette blei vedtatt at eit nytt punkt skulle takast inn i samfunnsdelen under kapittelet "føringar for vidare arbeid med arealdelen" som seier at det skal kartleggast ressurstilgang og behov for mineralressursar. Med bakgrunn i dette og i dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging ber ein derfor om at kommunen tar inn punktet i planprogrammet og visar korleis dette skal takast	*Behov for utgreiingar, kartleggingar og analyser er endra.*

			omsyn til i det vidare planarbeidet. Peikar på at det er viktig å ha ein god dialog med både relevante næringsaktørar og sektormynde.	
4.	09.11.2016	Ørsta kommune	Syner til tidlegare initiativ frå Volda kommune om plansamarbeid for å samordne arealbruken på begge sider av kommunegrensa på Krøvelseidet. Det er her viktige friluftsinteresser, og området er felles utfartsområde for innbyggarar i begge kommunar. Det bør avklarast om det framleis er behov for samordning av arealplanlegginga i området, og i så fall korleis dette kan gjennomførast. Syner til det felles plansamarbeidet som tidlegare er gjennomført gjennom LUK-prosjektet «Furene/Hovdebygda. Strategiar for regionalt knutepunkt» og til felles handelsanalyse. Oppmodar Volda kommune om å legge vekt på dei felles strategiane for området som er utarbeidd gjennom LUKprosjektet, og samordne arealplanlegginga med det planarbeidet Ørsta har gjennomført i kommunedelplanen for Ørsta sentrum og Hovdebygda. Syner til at områda kring Hovdevatnet og Helgehornet er viktige felles friluftsområde i stor grad nytta av innbyggarar frå begge kommunane. Formannskapet oppmodar Volda kommune om å følgje opp og prioriterer dei viktige friluftsområda i sin arealplan, og bidreg til å kunne etablere samanhengande turstinett på begge sider av kommunegrensa, t.d. kring Hovdevatnet.	*Merknad medfører ikkje endring av planprogrammet. Prioritering av plansamarbeid er tema i kommunal planstrategi.* *LUK-prosjekt ligg til grunn for arbeidet med Samfunnsdelen. Arealdelen vil følgje opp målsettingar og strategiar frå denne, og samordna arealplanlegging i området Furene – Hovdebygda vil vere tema i planarbeidet.*
5.	18.11.2016	Fylkesmannen	Kjem med fleire råd når det gjeld KU og krav om arealrekneskap. Viser til Barnebyks og Volda kommune sitt innspel til kommunekartlegginga. Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.	*Ikkje behov for endring av planprogrammet, då det alt er teke høgde for dei råd Fylkesmannen kjem med.*
6.	17.11.2016	Landbrukskontoret for Ørsta og Volda	Kjem med forslag til ny tekst til planprogrammet kap. 4.3 og 5.5. Har også med innspel som går på kva type areal ein bør ta spesielt omsyn til i plansamanheng.	*Ny tekst til planprogrammet kap. 4.3 og 5.5 er tatt inn i endra planprogram.*
7.		Møre og Romsdal Fylkeskommune	Merknader til planprogrammet: Formålet med planarbeidet (1.3): seier lite om kva som er formålet med planarbeidet framover i tid. Ein kunne her ha referert til målsettingane i samfunnsdelen, nemnt i kapittel 5, eventuelt samla desse tema i eit kapittel.	*Kap. 1.3 er endra i samsvar med merknad.* *Kap. 2.1 er endra i samsvar med merknad.*

	Organisering (2.1): Det kjem ikkje tydeleg fram kva som er rolla til dei ulike administrative arbeidsgruppene og korleis desse skal fungere saman, arbeidsdelinga og hierarkiet dei imellom. Medverknad (2.2): Ønskjer eit noko meir fastsett opplegg for medverknad, slik at det vert enno tydelegare kva som skal skje og når ting skal skje. Framdrift (2.3): Rår vi til at ein fastsett nærare korleis dei ulike fasane skal avsluttast gjennom vedtak og ligge til grunn for det vidare planarbeidet. Til dømes bør føljande milepelar bli løfta fram: Risiko og sårbarheits-analyse, overordna arealstrategi, innspel til overordna arealstrategi (skild frå innspel til endring av arealbruk), innspel til endring av arealbruk Arealstrategi (5):Strategiar i Samfunnsdelen bør bli vidareutvikla til kartbaserte strategiar som skal ligge til grunn for det vidare planarbeidet. Innspel til endring av arealbruk (?): Eventuelle innspel om konkrete arealbruksendringar bør skiljast i frå innspel til den overordna arealstrategien. Konsekvensutgreiing (6): Ein kan med fordel tydeleggjere at ein kan nytte konsekvensutgreiinga som eit prosessverktøy i framdriftsplanen (2.3) og i kapittelet om konsekvensutgreiing (6). Risiko og sårbarheitsanalyse (ROS) (7): I tillegg til å vere grunnlagsmateriale for denne konkrete arealplanen, vil ROS analysen og vere aktuelt å bruke i kommunens GIS system, som grunnlag for saksbehandling etter plan- og bygningslova. Under eksisterande kunnskapsgrunnlag for KU-utgreiinga for kulturminne og kulturmiljø (6), kan ein med fordel føye til SEFRAK-registeret og Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi.Kjem vidare med forslag til tillegg til nasjonale føringar når det gjeld samferdsel. Viser til målsettingar når det gjeld Trafikk og kommunikasjonar (4.6), busetting (5.2) og transport og kommunikasjon (5.6) og peikar på at det krev kollektivanalyser som grunnlagsmateriale (utgreiingskrav), dersom ein skal nå dei nasjonale måla. Foreslår enkle bufferanalyser for å kartlegge både eksisterande og ny arealbruk som har ei gunstig plassering i forhold til mogleg auka kollektivbruk/redusert bilbruk. Bufferanalyser av Kollektivaksar/knutepunkt bør kome fram av planprogrammet som eit	*Kap. 2.2 er ikkje endra. Meiner medverknad er skildra verbalt i forhold til planfasane. Ønskjer eit fleksibelt opplegg i forhold til kva temamøte ein vil gjennomføre, deltakarar og tidspunkt for møta.* *Kap. 2.3 er endra med oppdatert framdriftstabell.* *Kap. 5 Arealstrategiar er vidareutvikla frå Samfunnsdelen. Vidareutvikling til kartbaserte arealstrategiar vil bli gjort i etterkant av fase med analyser, kartleggingar og utgreiingar. Innspel til arealbruk og planprogrammet er gjennomført samtidig for å få eit innsyn i kva arealbruksutfordringar ein står framfor, før fastsetting av planprogrammet.* *Kap 6 KU – meiner KU som verktøy i planprosessen kjem godt nok fram. Har oppdatert KU-tabell med nye opplysningar om eksisterande kunnskapsgrunnlag. Planprogram vert elles ikkje endra.* *Kap 7 ROS – Som del av kommunedelplanen er det ei sjølvfølgje at ROS-analysen vert eit grunnlag for sakshandsaming*

			utgreiingskrav. Kommunen bør synleggjere eigne rutinar i forhold til det å ivareta barn og unges interesser, i plan og byggesaksbehandlinga og vise korleis dette skal skje kommuneplanen. Kommunen bør og få ein oversikt over barn og unges arealbruk i kommunen, gjennom å kartlegge areal som har vore, er eller vil kunne bli av betyding for barn og unge. Både areal som formelt har fått ein status gjennom plan- og byggesaksbehandling og areal som i dag ikkje har ein slik status, er av interesse. Barnetrakkregistrering vil kunne vere egna metode for ei slik kartlegging, i tillegg til den generelle kartlegginga kommunen gjer i planarbeidet. Vise til dei aktuelle kartlaga, under fana for barn og unge, på nettstaden; www.GISlink.no.	*etter pbl.* *Kap. 5 Utgreiingsprogram – lagt til behov for kollektivanalyser.* *"Barnetrakkregistrering" har vist seg vanskeleg å gjennomføre pga. manglande IKT-ressursar, men ønskjer likevel å gjennomføre kartlegging av barn og unge sin bruk av areal i Volda sentrum og Mork. Kommune har eigne retningslinjer for ivaretaking av barn og unge sine interesser i planlegginga.*
8.	16.11.2016	Folkestad Grendautval	….. I pkt 5 i dokumentet, spesielt på s. 13-14, finn vi utvetydig klart formulert ei målsetjing om at auken i busetjing og investering i infrastruktur skal foregå i Volda sentrum, mens bygdene er omtala i bisetningar som «nokre bygdesentra», og med ei lite utdjupa og nokså defensiv målsetjing. Dette uroar grendautvala på sør- og vestsida av Voldafjorden! Når vi no les i avisene om budsjettframlegget for Volda kommune for 2017 og framover, m.a. om kutt og innsparing i skulesektoren, som flytting av ungdomssteget til Volda Sentrum, tvilar vi på at nettogevinsten blir så stor, sett ut frå at utgiftene til skuleskyss vil auke og at m.a. dette tiltaket ikkje bidreg til å stabilisere busetnaden på bygdene. Og fleire elevar og fleire etableringar i Volda sentrum vil auke behovet for og kostnadene med utbygging av infrastruktur, som kommunen sjølv peikar på i konsekvensanalysen i høyringsdokumentet. Perspektiv for og konsekvensar av samanslåinga av Hornindal og Volda må forresten også inn i ein kommuneplan som skal gjelde for 2018-30. Kanskje dette gir behov for endra problemstillingar og konsekvensanalysar i arealdelen, samt gir økonomiske konsekvensar og endra prioriteringsbehov i kommunale økonomiplanar og budsjett i åra som kjem?....	*Avklaring av senterstruktur og kva dei ulike sentra skal ha av funksjonar skal utgreiast som del av planarbeidet. Ser ikkje behov for å endre planprogrammet.*
9.	21.11.2016	Bjørkedal grendalag	..Meiner planprogrammet er for defensivt når det gjeld bustadbygging på bygdene. Bør heller spare gode jordbruksareal i sentrale strøk og heller får	*Arealstrategiane legg føringar for lokalisering av*

			attraktive buområde på sekundære jordbruksareal i utkantane. Peiker på relativt korte avstandar til minst 7 ulike kommunar og at avstanden til Ørsta og Volda vert vesentleg kortare med bru over Voldsfjorden….	*bustadbygging knytt til eksisterande infrastruktur. Ein rår til at det vert halde fast på dette prinsippet. Planprogrammet vert ikkje endra.*
10.	19.11.2016	Volda næringsforum	Meiner planprogrammet har noko svakt næringsperspektiv. Peikar på at vektlegging av Volda sitt nærings- og samfunnsliv vert gitt optimale tilhøve for utvikling for å kunne selje inn Volda som destinasjon for ny eller auka offentleg verksemd. Nærings- og samfunnsliv kan og vere ei motvekt til manglande vekst i offentleg sektor. Må legge til rette for optimale tilhøve for næringsutvikling, busetnad, idrett og øvrig samfunnsliv. Må ha same definisjon av sentrum som i tettstadprosjektet. Må fokusere klarare på å plassere aktivitetar og tilbod i sentrumskjernen for å styrke den urbane utviklinga av tettstaden, herunder både kulturtilbod m.m., men og ved etablering av arbeidsplassar og offentleg verksemd. Må presisere at fortetting gjeld sentrumskjernen og at denne vert klart definert. Etablering av nye bustadområde må ikkje gripe inn i randområda til eksisterande område nytta til handel, næringsverksemd, offentleg verksemd, idrettsverksemd m.m. Industrien og deler av næringsverksemdene har behov for areal som er eksklusive for industri, industriell service, anleggsverksemd o.l.. må ikkje blanda inn andre aktivitetar i desse områda som på kort og lang sikt utfordrar desse verksemdene sine rammevilkår. Må samarbeide med havbruksnæringa for å sikre konkrete lokaliseringar, infrastruktur og rammevilkår som sikrar rom for slik vekst. Må ha dialog med energinæringa for å sikre rammer og lokaliseringar for produksjon av rein energi. Må vurdere potensiale for vindkraftanlegg. VNF og MBV ønskjer å vere ein ressurs i det vidare planarbeidet og tettstadprosjektet.	*Definisjon av sentrum vil vere ein del av utgreiing av senterstruktur, soneinndeling og funksjonsfordeling i Volda sentrum. Nærings- og samfunnsliv har vore i fokus i Samfunnsdelen og ligg til grunn for arbeidet med arealdelen. Øvrige innspel er ivareteke i planprogrammet. Planprogrammet vert ikkje endra.*
11.	17.11.2016	Naturvernforbundet	Kjem med gode innspel som i hovudsak er ivareteke i planprogrammet.	*Ikkje behov for endring av planprogrammet.*
12.	18.11.2016	MDG Volda	Side 14, punkt 5.2 og 5.3 nemner "målsettinga om å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene". Dette må endrast til	*Målsettinga s. 14 er henta direkte frå Samfunnsdelen som*

			"målsettinga om å snu den negative folketalsutviklinga på bygdene". Side 15, punkt 5.4: Arealstrategiar for fritidsbusetnad, setrar og naust. Få med at vôrar, småbåthamner og moloar skal fungere som fellesløysingar for grender, ikkje einskildprosjekt for grunneigar. Kjem elles til fleire konkrete forslag som i hovudsak går på arealbruk.	*er vedteke av kommunestyret. Ikkje aktuelt å endre dette i planprogrammet. Arealstrategi i kap. 5.4 om vorar, småbåthamner og moloar er lagt til.*
13.	14.11.2016	Mork grendautval	Kjem med forslag om felles skule for Hovdebygda og Morkabygda. Elles kjem grendalaget med ei heil rekke forslag som gjeld arealbruk i området, dette vert vurdert seinare i planprosessen.	*Senterstruktur og tenestetibodet i dei ulike typen senter vil vere tema i utgreiing innanfor temaområdet sentrumsutvikling og senterstruktur. Område aktuelt for felles planlegging mellom Ørsta og Volda er tema i kommunal planstrategi. Ikkje behov for endring av planprogram.*
14.	15.11.2016	Scana Volda	Er usamd i framstillinga i planprogrammet vedr. "…tomme industribygg". Viser til at dei har gjennomført strukturendringar som sikrar aktivitet i industribygga for å ivareta bedrifta sin plass som stor og viktig arbeidsgjevar i kommunen. Ikkje noko frå eigarane av Svana Volda som tilsei utflagging eller nedlegging, som følgje av kompetanse blant dei tilsette i administrasjon og produksjon. God tilrettelegging av areal og tilkomst er viktige problemstillingar for bedrifta, men og skattelegging og kommunale tenester er viktig. Viser til utfordringar som bør løysast i planperioden: bortfall av eigedomsskatt for bygg og anlegg, betre tilkomst til/frå E39, arbeide vidare med planar som gjer Volda til ein attraktiv plass og busette seg. Ber om at kommunen er tydelegare i kap. 5.5 når det gjeld strategi og målsetting. Er viktig at kommunen legg til rette for eit rikt og variert næringsliv, ikkje berre industrielt men og innanfor handel og kompetansearbeidsplassar. Foreslår kartlegging av kva bedrifter det er i Volda kommune, kva dei	*Dei fleste av momenta som kjem fram i merknaden var tema i Samfunnsdelen som er vedteken. Strategiar og målsettingar er henta frå Samfunnsdelen og kan ikkje endrast. Når det gjeld arealstrategiane gir dei generelle føringar for næringsareal utan at det er knytt til spesielle næringar. For detaljhandel er det likevel ein klar og tydeleg føring når det gjeld lokalisering. Det vil bli gjennomført kartlegging av arealbehov for alle typar næringar. Utgreiing som foreslått i merknaden vil vere*

			leverer av varer og teneseter, kvar dei leverer dette og gjerne kva desse bedriftene ser som viktige for å velje Volda som rette staden å vere lokaliserte. Ønskjer vidare dialog.	*meir aktuelt i ein eigen næringsplan eller liknande, men vil ikkje vere relevant i forhold til arealdelen. Planprogrammet vert ikkje endra som følgje av merknaden.*
15.	17.11.2016	Volda Maskin	Foreslår at areal for råstoffutvinning blir tatt med blant utgreiingane. Må sjå på råstoffutvinning og deponering av reine masser frå anleggsdrift i samanheng slik at aktiviteten kan skje i same området. Kjem med to forslag til areal for råstoffutvinning vist i kartskisser.	*Viser til merknad frå Direktoratet for mineralforvaltning og kommentar til denne. Planprogrammet er endra når det gjeld kartlegging av behov for råstoffutvinning.*

KYSTVERKET
Midt-Norge

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkiv nr.:	Saksbehandlar:	Dato:
432d6ac9-5289-43a2-9fcc-20a021e6a63a	2016/5423-3		Børre Tennfjord	11.11.2016

Fråsegn til varsel om oppstart av kommuneplanen sin arealdel og framlegg til planprogram - Volda kommune - Møre og Romsdal fylke.

Volda Formannskap har i sak 171/16, den 4.oktober 2016, vedteke oppstart av kommuneplanen sin arealdel og høyring av framlegg til planprogram.
Med heimel i Plan- og bygningslova §11-12, vart det utsendt dei naudsynte varsla om oppstart etter Plan- og bygningslova §11-5. Framlegg til planprogram vart lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova§ 11-13.

Det er sett ein frist for innspel og merknader på planprogrammet til 19.11.2016.

Planfakta
Det er varsla oppstart av ein kommunal prosess med grunnlag og føremål om å utvikle ein ny arealdel til kommuneplanen I Volda kommune. Den nye arealdelen har som siktemål å dekkje alt areal innanfor kommunen sine grenser, både land- og sjøareal og skal erstatte alle gjeldande kommunedelplanar for arealbruk.

Prosessen er no starta gjennom eit varsel saman med eit framlegg på planprogram.

Kort om Kystverket sitt ansvar
Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvalting og samferdsle på sjøen. Etaten er eit forvaltingsorgan underlagt Samferdselsdepartementet og har fagleg ansvar for sikring og framkome i norske farvatn og hamner.

Kystverket arbeidar kontinuerleg for å sikre god framkome, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet, samt effektiv og sikker sjøtransport og hamneverksemd.

For å ivareta sjøsikringa i norske farvatn, har Kystverket etablert ein omfattande infrastruktur og maritime tenester. Den fysiske infrastrukturen er samansett av fyr, sjømerke, skilt, etablering og utbetring av farleier og fiskerihamner.

Dei maritime tenestene omfattar mellom anna losteneste, utskriving av farleisbevis, trafikkovervaking og -kontroll, elektroniske navigasjonshjelpemiddel, meldings- og informasjonstenester (is-, bølgje-, straum- og vindvarsling, samt navigasjonsvarsel).

Kystverket har også ansvaret for staten sin beredskap mot akutt forureining og hamnesikring i norske hamner med internasjonal trafikk (ISPS).

I tillegg kjem det statlege føringar presentert gjennom statsbudsjett og dei årlege tildelingsbreva til Kystverket. Overordna mål for Kystverket er fastlagt i St.prp. nr.1;

> *Hovedmålet for kystforvaltningen er at Norge skal ha en konkurransedyktig sjøtransport med effektive havner og transportkorridorer, et høyt sjøsikkerhetsnivå og en god beredskap mot akutt forurensning.*

Vidare er det målsett følgjande overordna føringar;

> *Det overordnede målet med regjeringens transportpolitikk er å tilby et effektivt, tilgjengelig, sikkert og miljøvennlig transportsystem som dekker samfunnets behov for transport og fremmer regional utvikling. Som en del av dette skal Norge ha en konkurransedyktig sjøtransport med effektive havner og transportkorridorer.*
>
> *Kystverket skal bidra til en helhetlig forvaltning av kystsonen, og arbeide for at etatens ansvarsområder ivaretas i prosesser hvor rammebetingelser legges for bruk av hav og kystsone. Innen kystsoneforvaltningen har Kystverket et særlig ansvar for å ivareta hensynet til trygg ferdsel og framkommelighet til sjøs, likeså sjøtransportens og havnenes interesser.*
>
> *Kystverket skal bidra til effektiv sjøtransport og har følgende delmål innenfor virksomhetsområdet sjøtransport og havner:*
>
> - *Sikre havne- og sjøtransportinteressene i offentlige planprosesser.*

Våre innspel og kommentarar

Kystverket er først og fremst oppteken av føresetnader for god planlegging av sjøareala og dei sjønære landområda. Våre innleiande kommentarar til det komande planarbeidet er knytt til dette og relasjonar til desse parametrane. Dette vil spegle seg også i våre kommentarar til planprogrammet.

Varselet

Vi har no gått gjennom varselet om oppstart av kommunen sin arealdel og har få kommentarar til dette. Varselet har eit perspektiv på korleis planen skal utviklast og legg konkrete føringar for korleis planprogrammet vil handtere mellom anna organisering, medverknad og ansvar. Det er synt til det utarbeida planprogrammet, som er første steg i prosessen fram mot ein ny arealdel.

Planprogrammet

Planprogrammet som er utarbeida som oppstart på planprosessen, ser tiltalande ut, med eit systematisk og godt oppsett. Programmet gir ein grei omtale av føremålet med planen og rammevilkåra som vil gjelde for det komande arbeidet. Vi får eit grundig innsyn i kva for utfordringar, satsingsområder og prioriteringar kommunen står overfor i tida frametter. Det er liten tvil om at evna til å identifisere aktuelle/naudsynte planleggingsfelt, heng saman med kommunen sin evne til å vere ein god samfunnsutviklar. Vi synest kommunen sitt planprogram verkar både fornuftig og tydeleg.

Vi vurderar ikkje planprogrammet å vere i konflikt med nasjonale eller regionale omsyn. Det synest likevel rett å påpeike tilhøve som er viktig i ein tidlegfase på plansida.

Generelt

Kystverket rår til at ein i det komande planarbeidet nyttar Kystverket si kartteneste Kystinfo på www.kystverket.no. Her finn ein sjøkart og andre sjørelaterte opplysningar som kan vere avgjerande for god planlegging. Kystverket ber om at informasjon på sjøkarta vert nytta i samband med rulleringa av kommuneplanen. Kystverket viser til at det i Volda kommune er navigasjonsinstallasjonar (lykter, blink, merker, bøyer, stakar m.m.), farleier, molo, ankringsområde, sjøkablar, sjøleidningar m.m. Den mest presise informasjonen om desse installasjonane finn ein på sjøkarta og Den norske LOS, bind nr.4.

Sjøtransport og hamner

Kystverket skal bidra til ein effektiv sjøtransport og har følgjande delmål innanfor verksemdsområdet sjøtransport og hamner:

- Sikre hamne- og sjøtransportinteressene i offentlege planprosessar.
- Utøve mynde gjennom regelverksutvikling, sakshandsaming og veilledning på ein måte som ivaretek sikker og effektiv sjøtransport.
- Bygge ut og vedlikehalde fiskerihamner og farleier i samsvar med vedtekne planar og budsjett.
- Nytte seg av samfunnsøkonomiske analyser i vurdering av investeringar.
- Ta vare på, utvikle og formidle kystkulturen.

Det er viktig at kommunen gjer greie for sjøtransporten i det komande planarbeidet. Farlei, ankringsområde og hamner er viktige delar av premissane for transportarbeid og iverksetjing gjennom samferdsle på sjøen. Vi vil rå til at farlei, ankringsområde for skip og fiskerihamner vert teken med som del av utgreiingsområdet i kap. *5.6 Transport og kommunikasjon.*

I samband med planar om auka innsats i hamnene der Kystverket har moloar og andre innretningar, har Kystverket tinglyste rettar til areal i og rundt desse hamnene. Alle tiltak og planar på areal der staten har gjort investeringar i hamneanlegg m.m. skal godkjennast av Kystverket.

Hamnesikring

Kystverket er utøvande mynde i arbeidet med å følgje opp IMO og EU sitt regelverk om sikring og terrorberedskap i norske hamner. I tråd med forskrift om sikring av hamner og hamneterminalar mot terrorhandlingar m.m. skal det utarbeidast ein sikringsplan for kvar hamn/hamneterminal.

For å imøtekome desse sikringskrava er det viktig at ein i det komande planarbeid ikkje gjennomfører tiltak som gjer det vanskeleg for hamnene å etterleve nemnde regelverk. Vi ber difor om at kommunen etterser dette i planarbeidet.

Kystforvaltning

Kystverket både ønskjer og forventar å kunne bidra til ein heilskapleg forvaltning av kystsona. Vi arbeider kontinuerleg for at etaten sine ansvarsområde vert teken vare på i prosessar der rammevilkåra er tilrettelagt for bruk av hav og kystsone.

Innan kystsoneforvaltninga har Kystverket eit særleg ansvar for å ivareta omsynet til trygg ferdsel og framkome til sjøs, like så sjøtransporten og hamnene sine interesser.

Sjøorienterte ervervsareal avsett i kommuneplanen, bør primært prioriterast for verksemder med særskilt behov for lokalisering ved sjø. Dette er ein avgrensa ressurs og omdisponering til andre arealbruksformål bør difor alltid vurderast nøye m.o.t. framtidige behov. Vi rår kommunen til å vurdere dette nærare i rulleringa av planen og ta med ønskjelege resultat omkring dette emnet i kap. 5.5 *Landbruk og næringsliv.*

Søknadsplikta etter havne- og farvannsloven
Kystverket utøvar mynde etter havne- og farvannsloven, og skal gjennom sakshandsaming og regelverksutvikling bidra til å ivareta tryggleik og framkomet til sjøs, samt sjøtransporten og hamnene sine interesser. I dette arbeidet skal Kystverket sjå til at arbeidet har fagleg kvalitet, einskapleg praksis, god service og rettleiing til brukarar og andre offentlege etatar.

Alle tiltak/byggearbeid i sjø krev handsaming etter havne- og farvannsloven, i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova. Kommunen bør difor opplyse om søknadsplikta etter lova i føresegner som følgjer kommuneplanen. Merk at det er vedteken ei ny havne- og farvannslov, som vart sett i kraft frå 1.1.2010. Lova inneber monaleg større ansvar og mynde for kommunane innanfor eige sjøområde.

Farleiene
Farleiene skal sikrast med tilstrekkeleg djupne, breidde og manøvreringsrom og som gjer dei tilfredsstillande sikre og framkomelege. Kystverket legg vekt på å nytte internasjonale retningsliner og tilrådingar ved utforming av farleiene.

Farleiene er transportårane på sjøen. Kystverket har registrert dei viktigaste farleiene i to kategoriar, hovudlei og bilei. Hovudleia går langs kysten og inn til dei viktigaste hamnene. Bileiene er andre viktige sjøvegar for nyttetrafikken. Farleisnettet inngår som eit viktig ledd i transportsystemet, og er eit sentralt utgangspunkt for å kunne ivareta og forbetre sikring, framkome og effektivitet for sjøtransporten.

Hovudleia som går langs kommunen sin nordgrense frå Rovdefjorden til Vartdalsfjorden, har ei bilei som avstikkar inn Dalsfjorden og Austefjorden i tillegg til fergestrekninga mellom Volda/Lauvstad/Folkestad. Desse leiene bør vere synleggjort i plankartet og kan gjennomførast med linjesymbola ”skipsled”, jf. plan- og bygningslova sin §11-7, nr. 6 og syner fastlagde senterline for etablerte farleier. Kommunen kan etter behov supplere med andre lokalleier i plankartet, men desse må tydeleg skiljast frå hovud- og bileiene (skipsleier)med andre linjesymbol. Strekane/linesymbola indikerar skipstrafikk og må ikkje forståast som ein definert avgrensing av farleia sitt omfang.

Fyrlykter og andre navigasjonsinnretningar
- Vedlikehald og fornying av navigasjonsinnretningar.
- Etablere behovstilpassa navigasjonsrettleiing i farleier som vert nytta av hurtigbåtar og bil/passasjerferger.
- Vidareføre arbeidet med systematisk, risikobasert vurdering og definere behovet for framtidig navigasjonsinfrastruktur i farleiene.

Kystverket har ansvaret for ei rekke fyrlykter i kommunen. I tillegg finnes det andre navigasjonsinnretningar som lanterner, stakar og jernstenger m.m. Det må ikkje leggast opp til tiltak som kan skjerme for navigasjonsinnretningane.

Vi finn det særskilt viktig å peike på at det ikkje må opnast for nye tiltak i konflikt med fyrlyktene sine seglingsektorar. Dette momentet må vektleggjast i høve nyetableringar av bruksareal i sjøen.

Det er etter det vi kjenner til, registrert fleire akvakulturlokalitetar i Volda kommune sine sjøareal. Vi rår kommunen til å vurdere slike areal i plansamanheng og dermed også avklare stadar med tanke på plassering i høve farlei, ankringsområde og navigasjonsinstallasjonar. Dersom det føreligg konkrete planar for slike nylokaliseringar, ber vi om at desse vert tekne inn som reine akvakulturområde (6400) eller kombinerte føremål (6800).

Beredskapsomsyn og ankringsplassar
Bruk av "Risiko- og Sårbarheitsanalyse (ROS)" i planlegginga er viktig med omsyn til transport langs kysten med forureina last og oljeprodukt, ivaretaking av tryggleik på kysten og sårbarheit overfor næringsinteresser.

Det er avgjerande for sjøtrafikken å ha gode høve for oppankring av fartøy langs kysten. Kystverket har difor kartlagt viktige ankringsplassar som ligg i tilknyting til hamner og på strategiske stadar langs farleiene. Ein ser føre seg at kommunen tek naudsynte omsyn til dette momentet i planlegginga.

Natur og miljø
I kapittel 4.3 *"Klima og miljø"* vert det sagt at ein ønskjer å ta vare på det biologiske mangfaldet og kulturlandskapet i kommunen på ein forsvarleg og berekraftig måte. Vi rår til at kommunen sikrar dei områda der naturmangfaldet kan stå i fare for å verte redusert eller falle bort. Dette gjer ein best ved at det ikkje vert samlokalisering av aktivitetar og tiltak som aukar risikoen for skadar på miljøet.

Akvakultur
Kystverket i samråd med Fiskeridirektoratet, er særskilt merksam på arealdisponeringa i høve akvakultur. Med dette meiner vi at anlegg ikkje skal etablerast utanfor områda som er avsett til akvakultur. I dette ligg også at anlegga sine fortøyingar ikkje skal kome utanfor arealavsette og definerte område. Vilkåra vert sett med omsyn til ferdsle og tryggleik, samt for å redusere arealet som anlegga legg beslag på.

Kystverket minner vidare om at anlegga i utgangspunktet ikkje skal kome i konflikt med kvit lyktesektor, samt at plasseringa skal være i god avstand frå ankringsområde, farled, nødhamner og områder med kablar og røyr i sjø. Kystverket gjer vidare merksam på at søknad om akvakulturanlegg alltid skal handsamast av Kystverket, jf. tiltaksforskrifta.

Utover dette har ikkje Kystverket nokon andre kommentarar til kommunen sitt planprogram.

Med helsing

Harald Tronstad
regiondirektør

Børre Tennfjord
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakarar:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Fiskeridirektoratet Region Midt	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Statens vegvesen Region midt	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE

FISKERIDIREKTORATET

Volda kommune
Stormyra 2

6100 VOLDA

Saksbehandler: Ole Einar Jakobsen
Telefon: 94135463
Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region Midt
Vår referanse: 16/13039
Deres referanse: 2016/963
Vår dato: 31.10.2016
Deres dato: 06.10.2016

VOLDA KOMMUNE MØRE OG ROMSDAL - UTTALELSE TIL HØRING AV PLANPROGRAM FOR KOMMUNEPLANENS AREALDEL 2018-2030

Vi viser til oversendelse datert 06.10.2016 med varsel om oppstart av planarbeid og høring av forslag til planprogram for kommuneplanens arealdel for Volda kommune. Planprogrammet omfatter arealdelen for hele kommunen, både land- og sjøareal.

Statlig sektormyndighet
Fiskeridirektoratet region Midt er statlig sektormyndighet for forvaltningen av akvakultur i medhold av lov av 17. juni 2005 nr. 79: Lov om akvakultur, og den marine ressursforvaltningen hjemlet i lov av 6. juni 2008 nr. 37: Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova).

Fiskeridirektoratet skal ivareta nasjonale interesser og føringer med bakgrunn i bl.a.:

- St. meld. Nr. 48 (1994 – 1995), Havbruk - en drivkraft i norsk kystnæring
- St. meld. Nr. 43 (1998 – 1999), Vern og bruk av kystsona
- St. meld. Nr. 12 (2001 – 2002), Rent og rikt hav
- St. meld. Nr. 42 (2000 – 2001), Biologisk mangfold, Sektoransvar og samordning
- St. meld. Nr. 19 (2004 – 2005), Marin næringsutvikling, Den blå åker
- St. meld. Nr. 26 (2006 – 2007), Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
- Meld. St. 22 (2012 – 2013), Verdens fremste sjømatnasjon (Sjømatmeldingen)
- Meld. St. 16 (2014 – 2015), Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett

I tillegg kommer føringer gitt hvert år i statsbudsjettet og i tildelingsbrevet til Fiskeridirektoratet. I Prop. 1 S (2015-2016) for Nærings- og Fiskeridepartementet er følgende delmål for Fiskeridirektoratet innenfor marin arealforvaltning nevnt:

"En balansert og bærekraftig utnyttelse av kystsonen, med utviklingsmuligheter for marine næringer".

Videre heter det blant annet at:
"Fiskeridirektoratet skal bidra til at havbruksnæringen kan utnytte kystens produksjonspotensial på en langsiktig, god og bærekraftig måte, og at konflikter med annen viktig utnyttelse av kystområder blir minst mulig".

For virksomhetsområdet Marin arealforvaltning sies det at:
"*En viktig del av arbeidet med marin arealforvaltning er å ivareta fiskeri- og havbruksnæringens interesser i planprosesser i kystsonen …..*".

Regjeringens målsetting er en betydelig vekst og videreutvikling av fiskeri- og havbruksnæringen. Fiskeridirektoratet er derfor opptatt av å opprettholde og legge til rette for en god utnyttelse av de marine ressursene langs kysten innenfor bærekraftige rammer. Sjømatnæringen med den tradisjonelle fiskerinæringen og havbruksnæringen er svært viktig for Møre og Romsdal fylke, både lokalt og regionalt.

Generelt om planprogrammet
Forslaget til planprogram har vært lagt frem i regionalt planforum. Planprogrammet som foreligger er oversiktlig og greit disponert. Det beskriver formålet med planarbeidet og gir en god oversikt over organisering, planprosess og medvirkning, samt rammer og føringer for planarbeidet. Utviklingstrekk, utfordringer og problemstillinger er godt beskrevet, likeså hovedmål og arealstrategi for revisjon av arealdelen.

I kapittel 3.1 er det en større oversikt over "Andre nasjonale føringar" med sentrale lover og retningslinjer som legger føringer for kommunal planlegging. Listen er nok ikke ment å være uttømmende, men siden sjøareal også inngår i arealplanen vurderer vi at den med fordel også kunne nevnt følgende:

- Lov av 6. juni 2008 nr. 37: Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova)
- Lov av 17. juni 2005 nr. 79: Lov om akvakultur
- St. meld. Nr. 43 (1998 – 1999), Vern og bruk av kystsona
- St. meld. Nr. 42 (2000 – 2001), Biologisk mangfold, Sektoransvar og samordning
- St. meld. Nr. 19 (2004 – 2005), Marin næringsutvikling, Den blå åker
- Meld. St. 22 (2012 – 2013), Verdens fremste sjømatnasjon (Sjømatmeldingen)

Vi vurderer det alltid som positivt dersom det tidlig i planprosessen avklares hvilke former for akvakultur som er aktuelle i planområdet, og hvilket behov

havbruksnæringen har for tilgjengelig areal, både eksisterende og fremtidig, og vurdere dette opp mot andre interesser i arealavveiningene. Det samme gjelder med tanke på å avklare verdien av og vurdere ulike fiskeriinteresser opp mot andre interesser i området. Det innebærer at kommunen må være en aktiv medspiller ovenfor eksisterende næringsliv, og gi forutsigbare rammevilkår til fiskeri- og havbruk, landbruk og annet næringsliv gjennom planer og samarbeid.

Innspill til arbeidet med arealdelen til kommuneplanen
Kommunens kystsoneplan er fra 2003. Vi ser positivt på at kommunen nå gjennomfører rullering og oppdatering, og inkluderer den i kommuneplanens arealdel. Det åpner for muligheten til å tilpasse avsatte områder etter dagens bruk, behov og eksisterende kunnskap. Vi mener også at det er nødvendig å oppdatere kartet for sjøområdene med ny kunnskap og informasjon.

I kapittel 5.5 "Landbruk og næringsliv" er det blant annet listet opp at man ønsker å avklare behov for areal til havbruksnæringen. Kommunen har gjort en god vurdering med at gjeldende kystsoneplan ikke er tilpasset de lokalitetsbehov næringen trenger i dag. Det er derfor nødvendig å vurdere eksisterende areal og eventuelle nye areal sett i lys av dagens situasjon og kunnskap.

Vi vil i den forbindelse påpeke viktigheten av å ha en god dialog med både relevante næringsaktører og sektormyndigheter.

Fiskeri- og havbruksnæringen representerer store brukere av sjøareal. Planlegging av sjøarealene legger premisser for denne bruken. Å sikre næringen gode betingelser og tilstrekkelig areal for utvikling gjennom aktiv og tidlig medvirkning i planleggingsprosesser, er derfor et prioritert område for fiskerimyndighetene. Dette gjøres i første rekke ved at havbruksaktører og fiskarlag lokalt deltar i planleggingsprosessen, inngår i referansegrupper/ressursgrupper, og gis anledning til å definere og dokumentere sine behov.

Det må gjøres konkrete vurderinger av sjøarealene, og områdene bør fremkomme som rene områder for akvakultur, NFFFA-områder (flerbruksområder), eller NFFF-områder. En reell interesseavveining og god avklaring av konflikter i forhold til fremtidig arealbruk i sjøområdene vil gjøre arealplanen bedre egnet til styring av arealbruken i sjø.

Når det gjelder grunnlag for fastsettelse av grenser for fremtidig arealbruk, vurderer vi det generelt som positivt dersom måten de ulike arealformålene planlegges vurdert og dokumentert, beskrives på en god og klar måte. Det vil medvirke til en konkret og kunnskapsbasert avveining og vurdering av ulike arealinteresser, og sikre at dette blir godt dokumentert.

Vi er opptatt av at kommunene ser sammenhengen mellom bruk av land og sjø i alt kommuneplanarbeid. Dette mener vi vil bidra til å redusere konflikter i sjø og sjønære områder, og gi en mer forutsigbar utvikling. Ofte vil planlegging av bo- og hytteområder nær sjøen generere behov for å benytte sjøareal til blant annet avløp, vannforsyning, småbåthavn og marinaanlegg. Der slike tiltak kommer i eller i nærheten av viktige områder for fiskeri, havbruk eller marint biologisk mangfold, kan dette medføre økt konfliktpotensial.

Ved planlegging av areal til utbygging i strandsonen, og/eller tiltak med utslipp til sjø, er det derfor viktig å ta høyde for at disse områdene ikke kommer i konflikt med viktige fiskeri- og havbruksinteresser eller marint biologisk mangfold.

Viktige naturtyper bør beskyttes mot inngrep. For eksempel bør lokalisering og utvikling av offentlig infrastruktur (vann og avløp), industri, næring og småbåthavner være en sentral del av en strategi for beskyttelse og bruk av strandsonen og sjøområdene.

Første fase av kartleggingsarbeidet av fiskeridata i Møre og Romsdal fylke ble sluttført i alle kommuner i 2010. Andre runde med revidering og oppdatering er gjennomført på Nordmøre og i Romsdal. Kommunene på Sunnmøre er påbegynt og enkelte sluttført. For Volda kommune pågår arbeidet.

Ved rullering av plan for sjøområdene forutsetter vi generelt at kommunene vurderer og benytter kjente data og opplysninger når det gjelder fiskeriinteressene (for eksempel viktige gyte- og oppvekstområder, kaste- og låssettingsplasser, fiskefelt og viktige områder for biologisk mangfold i sjø m.v.). Dette for at man i framtiden i størst mulig grad skal kunne unngå interessekonflikter mellom fiskeriinteresser og f.eks. turisme, fritidsbebyggelse, kommunale avløp, akvakultur eller andre nærings- og utbyggingsformål i strand- og kystsonen. Vi tilrår generelt at viktige gyte- og oppvekstområder, kaste- og låssettingsplasser og områder for aktive redskap tas inn i plankartet og avsettes spesielt i kartet med arealformål "Fiske" (F), eller at de inngår i NFFF-område.

Vi gjør oppmerksom på at Fiskeridirektoratets elektroniske kartverktøy med geografisk informasjon om fiskeridata og godkjente akvakulturlokaliteter finnes på vår nettside. Kartløsningen legger også til rette for nedlasting av temadata innen fiskeri og akvakultur (sosi- eller shapeformat), http://kart.fiskeridir.no.

Fiskeridirektoratet kan også være behjelpelig med ytterligere data og informasjon dersom det er ønskelig. I Direktoratet for naturforvaltnings "Naturbase" finnes i tillegg til registreringer på land, viktige områder i overgangen mellom sjø og land.

Fiskerinæringen
De aller fleste av våre fiske- og skalldyrarter har gyte- og oppvekstplasser i de nære kystområdene. Slike plasser kan ha stor betydning for rekrutteringen til de lokale bestandene. Havforskningsinstituttet kan bl.a. dokumentere at kysttorsk kan være genetisk forskjellig fra en fjord til en annen, og spesielt tilpasset den fjorden de lever i. Dette betyr at dersom gyte- og eller oppvekstområdene til kysttorsken i en fjord blir skadet eller ødelagt, kan dette få alvorlige følger for fjordens torskebestand. Fiskerimyndighetenes målsetning er å sikre at fiske- og skalldyrbestandene blir forvaltet på en bærekraftig måte, og på en måte som tar hele det marine økosystemet i betraktning.

I det forrige dokumentet "Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging" fastsatt ved kgl. res. av 24. juni 2011, forventet Regjeringen blant annet at planleggingen bygger på oppdatert og tilgjengelig kunnskap om arealbruk og natur-, kulturminne-, kulturmiljø-, og landskapsverdier. I de nye nasjonale forventningene vedtatt ved kongelig resolusjon 12. juni 2015 sies det at *"Tilgjengelig kunnskap tas aktivt i bruk og samlede virkninger synliggjøres og tas hensyn til"*. Nødvendig kartlegging og vurdering av disse verdiene inngår i planleggingen, og er sentrale momenter i forhold til forventningsdokumentets spesifiserte oppgaver og interesser, og opplistede tema.

Med bakgrunn i dette mener Fiskeridirektoratet at de data og den kunnskap som er fremskaffet under prosjektet med kartlegging av kystnære fiskeridata, er viktige elementer i arealplanleggingen av sjøområdene. De viktigste dataene må derfor vurderes og tas inn i arbeidet med kommuneplanens arealdel. I kapittel 6 "Konsekvensutgreiing" under "Miljø" bør også Fiskeridirektoratets kartdatabase nevnes under eksisterende kunnskapsgrunnlag.

Det kan være et alternativ å utarbeide temakart for å sikre både viktige fiskeriinteresser og andre sentrale plantema, noe som i enkelte tilfeller kan være en god løsning. Utarbeidelse av temakart kan løse mange konflikter, likeså være en viktig del av arealplanprosessen. Men dersom temakart velges, må kommunene ta høyde for at disse ikke er juridisk bindende på samme måte som arealplankartet vil være. Dersom temakart benyttes, kan det være viktig at det er knyttet retningslinjer til disse i planbestemmelsene.

Vi ønsker å nevne at på bakgrunn av kystnære fiskeridata har flere kommuner formulert bestemmelser til arealformål i § 11-7 nr. 6. Det er for eksempel sagt at *"i fiskeområdene skal fiskeriinteressene veie tyngst og være avgjørende for tillatelser og tiltak"*. Dette er en totalvurdering som må gjøres i den enkelte kommune.

Et virkemiddel for å ivareta de levende marine ressursene er å benytte hensynssoner som viser hensyn og restriksjoner som har betydning for bruken av et område. Et eksempel på slik bestemmelse er vern av naturmiljø (biologisk mangfold) jf. Pbl. § 11-8 bokstav c. Svært viktige naturtyper fra kartlegging og verdifastsetting av naturtyper i kommunene kan vises på plankartet med hensynssone. Innenfor disse sonene kan det ikke settes i verk tiltak som kan skade de aktuelle naturtypene.

Marine naturtyper inkluderer blant annet større tareskogforekomster, sterke tidevannsstrømmer, poller, skjellsand, israndavsetninger, bløtbunnsområder i strandsonen, korallforekomster, ålegressenger, spesielt dype fjorder, fjorder med naturlig lavt oksygeninnhold i bunnvannet, større kamskjellforekomster og littoralbasseng. I tillegg er det tre nøkkelområder for spesielle arter som er viktige. Dette er gyteområder for fisk, østersforekomster og løstliggende kalkalger. Innenfor planens virkeområde kjenner vi til områder som har kjente forekomster av en eller flere av disse naturtypene og nøkkelområdene. Det gjelder blant annet et gyteområde for blålange utenfor Velsvika, og gyteområder for torsk i indre Dalsfjorden og i Austefjorden. Straumen (mellom Kilspollen og Botnavika) på Straumshamn er en sterk tidevannsstrøm, og Kilspollen er en stor fiskerik brakkvannspoll med en egen sildestamme. Brakkvannsdeltaet ved Fyrde i Austefjorden er også svært viktig, og er det eneste velutviklede brakkvannsdeltaet på Sunnmøre.

I Volda kommune er det registrert betydelige kystnære fiskeridata, og det foreligger registreringer av gyte- og oppvekstområder, kaste- og låssettingsplasser, og områder for både aktive og passive redskap. Vi gjør spesielt oppmerksom på at det er registrert tre gyteområder. To for torsk, i Dalsfjorden og i Austefjorden, og ett for blålange utenfor Velsvika. Det er også registrert ti kaste- og låssettingsplasser i kommunen. Disse må vurderes og ivaretas på en tilfredsstillende måte.

Det samme gjelder området for aktive redskap (reketrål) i Austefjorden. Det er også 16 registreringer av passive redskap (garn, line og snøre).

Havbruksnæringen
Akvakultur en svært dynamisk næring. Driftskonsepter, teknologi, offentlige reguleringer og type akvakulturvirksomhet påvirker hvilke sjøarealer som vurderes som egnet. Mattilsynets krav til avstand mellom ulike lokaliteter varierer etter type virksomhet, størrelse på lokaliteten m.m. Disse rammebetingelsene er i endring og dette kompliserer vurderingen av hva som anses som egnede og tilgjengelige sjøarealer for havbruksvirksomhet.

Havbruksnæringen er derfor avhengig av en annen arealfleksibilitet sammenlignet med aktiviteter på land, avhengig av at egnede arealer er tilrettelagt i

plansammenheng for akvakulturvirksomhet, og at disse arealene er egnet og tilstrekkelig store til den ønskede virksomhet. En sentral målsetting ved planlegging av sjøarealet bør ta sikte på at potensialet for akvakultur skal kunne utnyttes optimalt, samtidig som andre samfunnshensyn ivaretas. Muligheten for etablering av akvakulturvirksomhet må derfor ikke ekskluderes fra store sjøområder uten at det foreligger andre mulige berørte og mer tungtveiende arealinteresser.

I den forbindelse vil vi minne om nasjonale føringer for havbruk. I St.meld. nr. 48 (1994-95), "Havbruk - en drivkraft i norsk kystnæring" heter det: *"Arealbrukskategorier som utestenger oppdrett bør brukes med forsiktighet og etter at konfliktpotensialet er vurdert konkret".* I Regjeringens strategi for en konkurransekraftig havbruksnæring (2007) sies det at Regjeringen vil *"bidra til at havbruksnæringen får god tilgang på areal i kystsonen og at deres arealutnyttelse blir best mulig".*

Tilgang til tilstrekkelige og egnede arealer har vært løftet fram som et viktig mål i arbeidet med å sikre en bærekraftig vekst og utvikling av havbruksnæringen, jf. blant annet St.mld. nr. 48 (1994-1995) og St.mld. nr. 19 (2004-2005). Gode og oppdaterte kommunale arealplaner for sjøområdene vil være et viktig verktøy for å nå dette målet. Kommunale planer har også vært pekt på som et sentralt virkemiddel for å sikre en miljøvennlig arealdisponering, og for å bidra til å avklare kryssende interesser i kystsonen.

I nasjonale forventninger vedtatt ved kongelig resolusjon 12. juni 2015 fremgår blant annet:
"Regjeringens forventninger til regional og kommunal planlegging:

- *Fylkeskommunene og kommunene sikrer tilstrekkelig areal til fiskeri- og havbruksnæringen i kystsoneplanleggingen, og avveier dette mot miljøhensyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet sees i et regionalt perspektiv".*

Vi vil også minne om at Møre og Romsdal fylke har uttalt at man skal satse innen fiskeri og havbruk, og at fylket anser det som en viktig oppgave å medvirke til vekst og utvikling i fiskeri- og havbruksnæringen. I Fylkesplan 2013-2016 for Møre og Romsdal fylke uttales det blant annet at *"Havbruk, kraftbasert prosessindustri og landbruk er næringar som treng langsiktig tilgang på naturressursar. Det er viktig å sikre krafttilgang og areal som kan gje grunnlag for berekraftig vekst"*. Etter vår oppfatning gir dette klare signal til kommunene om hva regionalt nivå vektlegger.

Som en oppfølging av dette ser Fiskeridirektoratet region Midt det generelt som nødvendig at det blir satt av tilstrekkelig sjøareal som sikrer etablering, drift og utvikling for akvakulturvirksomhet, og for akvakulturlokaliteter som er godkjent etter Lov om akvakultur (akvakulturloven). Områder for akvakultur må avsettes som akvakulturområde alene eller som kombinert formål i sjø (SOSI-kode 6800) der akvakultur inngår. Områdene må være så store at tillatelsene blir sikret tilstrekkelig

areal. Det bør være anledning til mindre utvidelse og justering av anlegget uten at det er nødvendig med dispensasjon fra plan.

Vi minner også om at det i lov om akvakultur (akvakulturloven) § 2 *Saklig virkeområde*, er beskrevet at loven gjelder produksjon av akvatiske organismer (akvakultur). Med akvatiske organismer forstås vannlevende dyr og planter, og omfatter dyrking av både planter, alger, skalldyr og oppdrett av fisk. Det innebærer at kommunene bør vurdere mulighetene for akvakulturvirksomhet også for andre alternativer enn fisk og skalldyr, for eksempel alger og planter.

Områder som avmerkes i planen til akvakultur (A) må strekkes ut i sjøen. Vi anbefaler normalt minimum 600 - 800 meter i utstrekning fra land, dersom dette ikke kommer i konflikt med skipsleder for båter. Akvakulturanlegg for fisk i sjø vil ha fortøyninger som strekker seg langt ut over det synlige anlegget. Lengde på fortøyninger vil være avhengig av dybde og strøm på lokaliteten, samt krav til et rømningssikkert anlegg. Som en generell regel kan man regne at lengden på fortøyningssystemene minimum blir 2,5 ganger dybden under anlegget. Kommunene må derfor ta høyde for dette ved at en enten setter av tilstrekkelig store areal til at fortøyningssystemet kan inkluderes i området, eller ved at en i retningslinjene til arealdelen presiserer bruken av vannsøyle og bunn ved at fortøyningene kan ha en utstrekning ut over akvakulturområdet på vannflaten.

Volda kommune har per i dag fem godkjent akvakulturlokalitet i sjø. Det er lokalitetene 13243 Sandvika, 12213 Kvangardsnes, 12209 Rønstad,12202 Djupvik 1 og 12201 Djupvik 2. De tre førstnevnte er matfisklokaliteter for laks, ørret og regnbueørret. De to sistnevnte er lokaliteter godkjent for blåskjell/østers. Kommunen har også tre landlokaliteter. Det er lokalitetene 12214 Dravlaus, 12217 Dale og 12222 Steinsvik for settefisk av laks, ørret og regnbueørret.

Natur og miljø

Kystsonen er svært verdifull og attraktiv for rekreasjon og næringsvirksomhet, men er samtidig veldig sårbar. En forutsetning for kystsonens verdi er at den er ren, levende og mangfoldig. Grundig planlegging er en forutsetning for at menneskelig aktivitet i så liten grad som mulig skal påvirke kystsonen og livet i sjøen negativt. Dette er spesielt viktig ved bl.a. planlegging av hytte- og boligtomter på land i tilknytning til sjø, småbåthavner, havneanlegg, industriområder og avløpsnett.

I kapittel 5.7 "*Grønstruktur, friluftsliv og kultur*" sies det at kommunen skal arbeide for en bærekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfold.

Dette håper vi også kan omfatte de "blå verdiene" som finnes i sjøen. Viktige naturtyper i forbindelse med marint biologisk mangfold inkluderer blant annet

poller, korallforekomster, ålegressenger og andre undervannsenger. Vi mener at sikring av slike områder medfører at man får oversikt over verdifulle områder der verdiene for naturmangfold, naturområder, kulturmiljø og landskap kan kartlegges og verdisettes.

Sikring av viktig naturmangfold og naturområder er et sentralt element i alt arealplanarbeid. I den forbindelse er det viktig at marint biologisk mangfold også blir ivaretatt.

Som kjent har kommunene ansvar for å ta vare på viktige naturressurser, naturtyper og arter. Regjeringen har utarbeidet et dokument om nasjonale forventninger til den regionale og kommunale planleggingen. Forventningsdokumentet inngår som en formell del av plansystemet og har som målsetting at i all planlegging skal naturgrunnlag og biologisk mangfold sikrest og tas vare på for kommende generasjoner. Supplerende kartlegging av naturtyper i Volda kommune 2007, kartlegging av inngrepsfrie naturområder i Norge (INON), registreringer i Naturbasen (DN) og Fiskeridirektoratets kystnære fiskeridata er etter vår vurdering gode kilder som kan legges til grunn for vurderingene.

Bestandene av kysttorsk, hummer og ål er for tiden svake. Årsakene er sammensatte, men et for omfattende fiske, endringer i levevilkårene (lokal forurensing, langtransportert forurensing, klimaendringer etc.), økt predasjon fra bl.a. sjøpattedyr og fugl, og ikke minst menneskenes inngrep i kystsonen er deler av forklaringen. Det er derfor viktig å benytte den kunnskapen som finnes om sammenhengene i det vi mennesker foretar oss og konsekvensene for det marine miljøet.

Vi vil anbefale at alle planlagte inngrep eller aktiviteter som kan påvirke livet i sjøen, søkes lokalisert der hvor de gjør minst skade på miljøet. Dette innebærer for eksempel å forhindre skader på naturtyper som er sjeldne eller særlig verdifulle. Vi minner derfor om betydningen av å vurdere å avsette områder for marint biologisk mangfold i sjøområdene.

Generelt oppfordrer vi kommunene til å bidra til å ivareta viktige områder for marint biologisk mangfold i all plansammenheng, og at arealbruken innenfor områder hvor det er registrert marine naturtyper blir vurdert. Fortrinnsvis bør alle gyteområder, korallområder, ålegressenger og områder hvor det er registrert levende marine ressurser som er klassifisert som nasjonalt eller regionalt viktige (A- og B-områdene), sikrest mot tiltak som vil medføre høy grad av risiko for skade/ødeleggelse.

Til hovedformålet *"Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone"*, kan *"fiske"* eller *"naturområde"* benyttes som underkategori. Alle gyteområder for kysttorsk som er registrert av Fiskeridirektoratet skal primært tas inn med en-kategori underformål *"fiske"*.

Småbåthavner
Etter Fiskeridirektoratets vurdering bør alle kystkommuner ha en strategi for lokalisering og utbygging av småbåthavner. Fiskeridirektoratet ønsker at småbåthavner plasseres der de forårsaker minst negativ påvirkning på miljøet, og at plassene søkes samlet på færre, større anlegg fremfor å belaste mange områder. I tillegg til de fysiske inngrepene i naturen (mudring, anlegging av bølgedempere, bygging av moloer m.m.), medfører småbåthavner økt belastning på miljøet som følge av utslipp av drivstoff, olje og miljøgifter fra båtene både mens de ligger på sjøen, og i forbindelse med vedlikehold ved utsetting og opptak. Vi ser det som positivt at det etableres felles småbåthavner for å begrense inngrepene i strandsonen, og at det fastlegges en klar strategi for lokalisering av småbåthavner.

Kommunene bør etter vår vurdering stille klare og strenge krav til tiltak for å redusere den negative miljømessige påvirkningen fra båthavner. Vi vil foreslå at følgende innføres som vilkår for nyetablering og utvidelse av havner, samt vurderes for alle større eksisterende anlegg:

- *Båthavner med servicebrygge/slipp og sjønære opplagsområder skal være utstyrt med oljeskiller. Dette vil redusere forurensingen fra land til sjø vesentlig.*
- *Det tilrettelegges for kildesortering av avfall i småbåthavnene, og miljøfarlig avfall (batterier, olje, lakk, maling og andre kjemiske produkter) skal tas hånd om på en forsvarlig måte.*
- *Bryggeanlegg og bølgebrytere bør utformes og plasseres med tanke på å opprettholde tilstrekkelig vanngjennomstrømning for å opprettholde god vannkvalitet.*

Oppsummering
Fiskeridirektoratet region Midt har under vår behandling og angitte innspill lagt vekt på å se helheten i både fiskeri- og havbruksnæringens interesser, samt tatt hensyn til andre interesser og næringer.

Ved planlegging av kystsonen bør en sentral målsetting være å ta sikte på at potensialet for fiskeri- og havbruksnæringen skal kunne utnyttes optimalt, at næringene skal kunne opprettholdes og videreutvikles, samtidig som andre viktige hensyn og interesser ivaretas på en god måte. Det vil være en felles hovedutfordring fremover å videreutvikle, styrke og beholde Møre og Romsdal som det ledende sjømatfylket i landet. Det er derfor viktig at kommuneplanens arealdel for sjøområdene inneholder areal for marin verdiskaping.

Spørsmålet om utvikling og tilrettelegging for akvakulturnæringen bør vurderes grundig og med en reell interesseavveining ved denne rulleringen av planen. Dette

vil være i tråd med planprogrammets beskrivelse av formålet med planarbeidet, og også i samsvar med nasjonale føringer og retningslinjer. Vi vurderer det som at det også er en god anledning til å oppdatere avsatte områder til akvakultur, samt vurdere om dette er i tråd med regionale og nasjonale føringer.

Det er viktig at kommunen legger til rette for medvirkning fra både fiskeri- og akvakulturnæringen gjennom hele planprosessen. Disse sitter med grunnleggende kunnskap om sin næringsvirksomhet, og må få mulighet til å legge frem synspunkt og definere hvilke behov de har for areal i dag og i fremtiden. Planprogram og alle høringsfremlegg som kommer i berøring med deres interesseområde skal sendes på høring til fiskeri- og akvakulturnæringens interesseorganisasjoner.

Vi forutsetter at kommunen i planarbeidet gjør en vurdering og kartfesting av de mest verdifulle fiskeri- og havbruksområdene, og slik arbeider for å legge forholdene til rette for at fiskeri- og havbruksnæringen har en fremtid i kommunen. Videre at kommunen tar hensyn til fiskeri- og havbruksnæringens ulike interesser og behov i sjø- og strandsonen. Det må avsettes og ivaretas områder som er i samsvar med dagens bruk, behov og kunnskap, samt tas høyde for fremtidige arealmessige behov. Sammenhengen mellom bruk av land og sjø i planarbeidet må også vurderes.

Videre ber vi om at kommunen bruker hensynssone bevaring *naturmiljø* i forbindelse med blant annet viktige gyteområder, poller og sterk tidevannsstrømmer.

Vi har ingen ytterligere merknader til forslag til planprogram for kommuneplanens arealdel 2018-2030.

Med hilsen

Kristin Skarbøvik
seksjonssjef

Ole Einar Jakobsen
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten underskrift

Mottakerliste:

Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal,	Postboks 2520	6404	MOLDE
Kystverket Midt-Norge, Møre og Romsdal Fiskarlag, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sjømat Norge			
Kystverket Midt-Norge	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Møre og Romsdal Fiskarlag	Regional- og næringsavdelinga	6404	MOLDE

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Dato: 03.11.2016
Vår ref: 16/01654-2
Deres ref: 2016/963

Fråsegn til varsel om oppstart av arbeid med arealdelen og høyring av planprogram - Volda kommune

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 6. oktober 2016.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansaker.

Viktige føringar for mineralressursar i planarbeidet
I Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015, heiter det at Noreg har store mineralressursar som det moderne samfunnet har behov for og utvinning kan gje grunnlag for verdiskaping. Den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre tilgang til gode mineralreservar i framtida, og for å ta hand om andre miljø- og samfunnsomsyn.

Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging:

- *Fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng.*

Saka
Volda kommune har meldt oppstart av arbeidet med kommuneplanen si arealdel og samstundes lagt ut planprogrammet på høyring.

Fråsegn
DMF ga fråsegn til samfunnsdelen av kommuneplanen i april i år og me minner om at det etter dette blei vedtatt at eit nytt punkt skulle takast inn i samfunnsdelen under kapittelet "*føringar for vidare arbeid med arealdelen*" som seier at det skal kartleggas ressurstilgang og behov for mineralressursar. Med bakgrunn i dette og i dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging ber me derfor om at kommunen tar inn punktet i planprogrammet og visar korleis dette skal takast omsyn til i det vidare planarbeidet.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesia vår på www.dirmin.no.

Med helsing

Marte Kristoffersen
seksjonsleder

Vegar Christoffersen Walsø
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.
Saksbehandlar: Vegar Christoffersen Walsø

Mottakere:
Volda kommune Stormyra 2 6100 VOLDA

Kopi til:

ØRSTA KOMMUNE

Volda kommune

Stormyra 2
6100 VOLDA

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2016/1979	14875/2016	L12	WANGEN	09.11.2016

Melding om vedtak i Ørsta formannskap 8.11.2016, sak 163/16

VOLDA KOMMUNE - VARSEL OM OPPSTART AV ARBEID MED AREALDELEN - PLANID 2016005

Saksprotokoll i Ørsta formannskap - 08.11.2016

VEDTAK:

Ørsta formannskap syner til varsel frå Volda kommune om oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel og høyring av planprogram.

Formannskapet har slike innspel:

- Ørsta formannskap syner til tidlegare initiativ frå Volda kommune om plansamarbeid for å samordne arealbruken på begge sider av kommunegrensa på Krøvelseidet. Det er her viktige friluftsinteresser, og området er felles utfartsområde for innbyggarar i begge kommunar. Det bør avklarast om det framleis er behov for samordning av arealplanlegginga i området, og i så fall korleis dette kan gjennomførast.

- Ørsta formannskap syner til det felles plansamarbeidet som tidlegare er gjennomført gjennom LUK-prosjektet «Furene/Hovdebygda. Strategiar for regionalt knutepunkt» og til felles handelsanalyse. Formannskapet syner vidare til det planarbeidet som er gjennomført i seinare år i Hovdebygda-området, dette gjeld særleg kommunedelplan for Ørsta sentrum og Hovdebygda. Formannskapet oppmodar Volda kommune om å legge vekt på dei felles strategiane for området som er utarbeidd gjennom LUK-prosjektet, og samordne arealplanlegginga med det planarbeidet Ørsta har gjennomført i kommunedelplanen for Ørsta sentrum og Hovdebygda.

- Ørsta formannskap syner til at områda kring Hovdevatnet og Helgehornet er viktige felles friluftsområde i stor grad nytta av innbyggarar frå begge kommunane. Formannskapet oppmodar Volda kommune om å følgje opp og prioriterer dei viktige friluftsområda i sin arealplan, og bidreg til å kunne etablere samanhengande turstinett på begge sider av kommunegrensa, t.d. kring Hovdevatnet.

Handsaminga (9 r.f.)

Rådmannen si tilråding vart vedteken med 9 mot 0 røyster

Rett utskrift

Inger Johanne E. Løeng
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

ØRSTA KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Gunnar Wangen	Arkivsak:	2016/1979
		Løpenr.:	13882/2016

Utvalsaksnr.	**Utval**	**Møtedato**
163/16	Ørsta formannskap	08.11.2016

VOLDA KOMMUNE - VARSEL OM OPPSTART AV ARBEID MED AREALDELEN - PLANID 2016005

TILRÅDING TIL VEDTAK:
Ørsta formannskap syner til varsel frå Volda kommune om oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel og høyring av planprogram.

Formannskapet har slike innspel:

- Ørsta formannskap syner til tidlegare initiativ frå Volda kommune om plansamarbeid for å samordne arealbruken på begge sider av kommunegrensa på Krøvelseidet. Det er her viktige friluftsinteresser, og området er felles utfartsområde for innbyggarar i begge kommunar. Det bør avklarast om det framleis er behov for samordning av arealplanlegginga i området, og i så fall korleis dette kan gjennomførast.

- Ørsta formannskap syner til det felles plansamarbeidet som tidlegare er gjennomført gjennom LUK-prosjektet «Furene/Hovdebygda. Strategiar for regionalt knutepunkt» og til felles handelsanalyse. Formannskapet syner vidare til det planarbeidet som er gjennomført i seinare år i Hovdebygda-området, dette gjeld særleg kommunedelplan for Ørsta sentrum og Hovdebygda. Formannskapet oppmodar Volda kommune om å legge vekt på dei felles strategiane for området som er utarbeidd gjennom LUK-prosjektet, og samordne arealplanlegginga med det planarbeidet Ørsta har gjennomført i kommunedelplanen for Ørsta sentrum og Hovdebygda.

- Ørsta formannskap syner til at områda kring Hovdevatnet og Helgehornet er viktige felles friluftsområde i stor grad nytta av innbyggarar frå begge kommunane. Formannskapet oppmodar Volda kommune om å følgje opp og prioriterer dei viktige friluftsområda i sin arealplan, og bidreg til å kunne etablere samanhengande turstinett på begge sider av kommunegrensa, t.d. kring Hovdevatnet.

Utskrift til:
Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda

Saksvedlegg:
Varslingsbrev, datert 06.10.2016
Planprogram, datert 06.10.2016

Saksopplysningar:
Ørsta formannskap fekk varsel om oppstart av arbeid med arealdelen og høyring av planprogram for Volda kommune som referatsak i møte 18.10.2016. Det vart gjort vedtak om at sak skulle leggast fram i møte den 08.11.2016.

Det ligg føre brev datert 06.10.2016 frå Volda kommune med varsel om oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel og høyring av planprogram. Høyringsutkast til planprogram ligg vedlagt, og det vert synt til vedlagde dokument for nærare innføring i saka.

Volda kommune legg opp til at arealdelen skal omfatte alt areal innanfor kommunen sine grenser, og vil såleis erstatte tidlegare kommuneplan og kommunedelplanar som gjeld arealbruk.

Vurdering og konklusjon:
Planprogrammet er velformulert og godt framstilt, og femner om dei tema som er naturlege for eit slikt program og er forankra i m.a. samfunnsdelen. Rådmannen finn ikkje å gå ikkje inn på planprogrammet i si heilskap, men vel å fokusere på nokre tema og område.

Volda har ei lang felles grense med Ørsta, og det vil i varierande grad vere felles utfordringar og behov for samordning av arealplanlegginga i desse grenseområda. Rådmannen ser særleg dette som aktuelle tema:

Området på Krøvelseidet.
I dette området er der felles utfartsområde og friluftsområde for dei to kommunane. Det er turstiar med startpunkt på begge sider av grensa. Det er særleg skiløype som vert preparert av Volda kommune frå Krøvelseidet som peikar seg ut som bakgrunn for at det er behov for konkret samordning. Størstedelen av skiløypa ligg på Volda si sida av grensa, men deler av den ligg også på Ørsta si side av grensa. Dette medfører behov for avtalar med grunneigarar i begge kommunane. Det er også behov for å innarbeide friluftsinteressene i arealplan på begge sider av grensa. Dette var bakgrunnen for at Volda kommune i samband med to private planframlegg bad om at planane ikkje vart gjennomført før det var gjennomført overordna planlegging som gav rammer for arealbruken i området. Ørsta kommune opna likevel for privat regulering etter oppstartsvarsling i 2004, medan neste private planframlegg, som vart varsla i 2007 ikkje vart fullført. Volda kommune kom så med framlegg om eit samarbeid om eit utvida planområde som også omfatta areal i Ørsta kommune, knytt til kommunedelplan for Volda sentrum. Så langt vi kjenner til, vart planarbeidet ikkje vidareført av Volda kommune etter 2008.

Planprogrammet har ikkje teke opp dette temaet no. Ørsta kommune har priortitert oppstart av revisjon av kommuneplanen sin arealdel, og oppdatert framdrift av denne vil verte handsama av kommunestyret i samband med ny planstrategi i løpet av året. Det er venta at denne planen vil verte prioritert for rask oppstart. Det bør avklarast om det framleis er behov for samordning av planlegging på tvers av kommunegrensa i dette området, og korleis dette i så fall kan skje.

Furene - Hovdebygda.

Furene og Hovdebygda er svært viktige område og knutepunkt for begge kommunane og regionen. Det er viktig at kommunane har ein best mogleg samordna og samstemt strategi for utvikling av området. Denne strategien vil også vere viktig for framtidig utvikling av tettstadane Volda og Ørsta. Volda og Ørsta kommunar har gjennomført eit plansamarbeid i dette området gjennom utarbeiding av felles handelsanalyse (ferdig januar 2013) og deretter LUK-prosjektet «Furene/Hovdebygda. Strategiar for regionalt knutepunkt» (vedteken i februar 2014) LUK-rapporten er lista opp som ei lokal føring for planarbeidet i planprogrammet. Ørsta kommune har utarbeidd ny kommunedelplan for Ørsta sentrum og Hovdebygda, som vart vedteken i 2015. Det er også relativt nye reguleringsplanar for Flyplassområdet og Hovden næringsområde. Særleg for kommunedelplanen og reguleringsplanen for Hovden næringsområde er desse utarbeidde med stor vekt på føringane frå LUK-prosjektet. Det vil vere naturleg å oppmode Volda kommune til også å følgje opp dei felles strategiane gjennom sitt arbeid med kommuneplanen sin arealdel.

Samferdsle er også eit viktig stikkord for dette området. Det er utarbeidd reguleringsplan for flyplassområdet for å sikre gode rammer for flyplassdrifta i framtida. Det er i den samanheng også regulert nytt flyplasskryss for å legge til rette for ei veg- og kryssutforming som løyser noverande konflikt mellom vegføring/kryss og høgderestriksjonskrava knytt til flyplassen. Det er i dag også trafikktryggings- og trafikkavviklingsproblem knytt til eksisterande kryss, og eit nytt kryss vil dessutan vere svært viktig for eksisterande næringsområde og for framtidig utviding av dette. Eit velfungerande flyplasskryss er også ein viktig del av det framtidige samanhengande overordna samlevegnettet i kommunen, med samband mot Rystefeltet m.v. Planen la i si tid også opp til ei forlenging av Torvmyrvegen mot Volda, men lot seg ikkje løyse på grunn av konflikt med regionale viltinteresser og motsegn knytt til dette. Spørsmålet har vore arbeidd med vidare i kommunedelplan for «Voldatunellen», og i seinare tid i samband med den etterfølgande reguleringsplanen. Vi er kjende med at det no også vert arbeidd med nye prinsipp for løysing av vegspørsmålet. Dersom dette løyser konfliktene med viltinteressene og samstundes ivaretek høgderestriksjonskrava til flyplassen, kan det ligge til rette for å gjennomføre reguleringsplan for prosjektet. Denne vil omfatte areal på begge sider av kommunegrensa, men hovudsakleg i Volda kommune. På Ørsta si side av grensa er saka følgt opp i planprosessen, og det vegføringsområdet som då var aktuelt er innarbeidd i kommunedelplanen som omsynssone med bandlegging for framtidig regulering.

Hovdevatnet

Områda kring Hovdevatnet og Helgehornet er i kommunedelplanen for Ørsta sentrum og Hovdebygda avsett til nærfriluftsområde. Områda er viktige friluftsområde for begge kommunane. I områda omkring Hovdevatnet har Hovdebygda Soge- og velferdslag lagt ned eit stort arbeid med merking og skilting av turstiar og turvegar, bygging av gapahuk med meir. Det er eit godt samarbeid med kommunen om mange av prosjekta. Også dette området femner om areal i begge kommunane. Med stor aktualitet no, kan nemnast planlagt tursti omkring Hovdevatnet, som er innarbeidd i kommunedelplanen på Ørsta si side av grensa. Det vil vere ønskjeleg at Volda også prioriterer desse felles viktige friluftsområda i sin arealplan, og samordnar turstiar og andre omsyn med den nyleg utarbeidde kommunedelplanen på Ørsta si side av grensa.

Wenche Solheim
rådmann

Eldar Øye
leiar plan og utviklingsstaben

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
18.11.2016
Dykkar dato
06.10.2016

Vår ref.
2016/6008/KABJ/421.3
Dykkar ref.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA



Volda kommune
Kommuneplan arealdelen 2018 - 2030
Oppstart - høyring av planprogram

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt
Gjeldande arealdel for Volda kommune vart vedteken 31.05.1990. Det er seinare utarbeidd fleire områdevise kommunedelplanar. Både kommuneplanen og kommunedelplanane er stort sett av eldre dato, og det er positivt at det no skal gjennomførast ein fullstendig revisjon av arealdelen. Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken 26.05.2016. Samfunnsdelen omfattar mål og strategiar innanfor åtte fokusområde. *Folkehelse*, *Klima og miljø* og *Barn og unge* skal inngå som gjennomgåande perspektiv i alle hovudtema.

Forslaget til planprogram har ein ryddig og oversiktleg struktur med klare referansar til nasjonale, regionale og lokale rammer og føringar for planarbeidet. Det er vidare gjort nærare greie for organisering, planprosess og vidare framdrift. Den tette koplinga til kommuneplanens samfunnsdel understrekar behovet for å sjå utviklingstrekk, utfordringar og viktige problemstillingar i samanheng. Kommuneplanens arealdel skal følgje opp målsettingane og strategiane frå samfunnsdelen. Med dette som utgangspunkt er det utforma rettleiande arealstrategiar for kvart hovudtema. Dette er eit viktig grep for å sikre ei brei tverrfagleg og heilskapleg forankring.

Fylkesmannen viser elles til våre råd og merknader i samband med høyring av kommuneplanens samfunnsdel. Dette vil ha direkte relevans også for det vidare arbeidet med arealdelen. Vi viser også til våre innspel i samband med presentasjon og gjennomgang av tidlegare utkast til planprogram lagt fram i regionalt planforum.

Konsekvensutgreiing
Konsekvensutgreiinga er eit av dei viktigaste grunnlagsdokumenta i kommuneplanen sin arealdel. Det oversende planprogrammet gjer greie for kva krav som blir stilt og kva overordna dokument som gir rammer for utarbeiding av KU.

Vi tilrår at det for alle nye utbyggingsområde blir utarbeidd kartutsnitt som viser planforslaget samanlikna med eksisterande plan, og at områda i tillegg er vist på flyfoto. Det bør også opplysast om gards- og bruksnummer for at det skal vere enkelt å setje seg inn i dokumentet både for innbyggjarane og for høyringsinstansar. Utgreiinga for kvart område må ha ei oppsummering/konklusjon med tilråding/fråråding om arealet skal vere med i planen, og der eventuelle avbøtande tiltak er ein del av KU-vurderinga.
Utgreiing av alternativ bør også stå sentralt i arealdelen. Dette gjeld både om det er alternative overordna utbyggingsmønster, eller alternativ til konkrete utbyggingsforslag som har negative verknader for viktige interesser. Ein må også hugse at det skal lagast ein samla KU for alle nye utbyggingsområde.

Dersom kommunen vurderer å nytte matproduserande areal til anna bruk, må konsekvensutgreiinga omfatte følgjer for eigedom og arrondering, fragmentering, driftsmessige ulemper, kva det betyr for kulturlandskapet og ikkje minst i høve til langsiktig utbyggingsmønster. Det må også gjerast ei samla vurdering av all nedbygging av dyrka/dyrkbar jord som følgje av planen. Ein må også sjå på moglege alternativ til nedbygging av matproduserande areal, og fortettingspotensialet i allereie omdisponerte område må dokumenterast.

Planen må også ha ein arealrekneskap der realistisk befolkningsutvikling og areal lagt ut til nye bustadområder (eksisterande og nye) er i samsvar. Vi legg også til grunn at kommunen vil nytte kartlagt kjerneområder for landbruk med klåre føresegner for å sikre dei gode landbruksområda og gi næringa kjende framtidige rammer for arealgrunnlaget.

Eit viktig element i konsekvensutgreiinga er forankringa i eksisterande kunnskapsgrunnlag. I tillegg til nasjonal og regional statistikk og dokumentasjon vil dette også kunne supplerast med ulike typar lokale registreringar og kartleggingar, gjerne av meir uformell karakter. Eit eksempel på dette er Volda kommune sitt innspel til kommunekartlegginga knytt til barn og unge sine oppvekstvilkår. Vi viser elles her til sluttrapporten *Barnebyks* utarbeidd av Fylkesmannen og fylkeskommunen https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Barn%20og%20foreldre/Betre%20oppvekst/Barnebyks_rapport_interaktiv_enkeltsider.pdf

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Landbruk
Noreg har lite jordbruksareal pr. innbyggjar, og det er kommunane som planmynde som har det største ansvaret for å ta vare på det matproduserande arealet vi har. Det er eit klårt signal frå nasjonale mynde at jordvern er ei viktig interesse i all arealforvaltning.

Vi minner om dei nasjonale føringane knytt til omdisponering av landbruksareal. Regjeringa har lagt fram ein nasjonal jordvernstrategi som Stortinget behandla i desember 2015. Stortinget fastsette eit mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må vere under 4000 dekar, og bad regjeringa om å sjå til at målet blir gradvis nådd

innan 2020. Dersom dette skal vere innan rekkevidde, kviler det eit ansvar på alle kommunar om å legge jordvern inn som ein viktig premiss i all arealforvaltning.

Når det gjeld arealføremålet LNF der spreidd busetnad er tillate, vil vi minne om at spreidd busetnad er eit tveegga sverd når det gjeld landbruksinteresser. At det også bur folk på bygda som ikkje har direkte tilknyting til landbruksnæringa, kan vere nødvendig dersom ikkje bygda skal avfolkast. Samstundes vil ei liberal haldning til spreidd busetjing kunne gi nedbygging og ikkje minst fragmentering av jordbruksarealet som på litt sikt er øydeleggjande for arealressursane som næringa er avhengig av. Vi oppmodar difor kommunen om å vere restriktive med å legge ut areal til spreidd busetjing, og tenke langsiktig og med fokus på landbruksnæringa når denne arealkategorien nyttast.

Natur- og miljøvern
Vi viser til naturmangfaldlova § 7. Det må gå fram av planomtale og saksutgreiing korleis prinsippa i §§ 8-12 i lova er tatt omsyn til og vektlagt. Vi ser av planprogrammet at naturverdiar er eit tema som vil bli følgt opp i konsekvensutgreiinga, men minner likevel om at manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil vere ein saksbehandlingsfeil.

Når det gjeld strandsone, minner vi om at det etter plan- og bygningslova § 1-8 skal takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Det er særleg behov for areal til båtopplag og båtplassar som gir press på strandsona. Dersom kvar enkelt båt skal ha sin eigen ankringsplass og opplag i naust, kan dette føre til ei omfattande bandlegging av strandlina. Vi rår difor kommunen til at ein i størst mogleg grad samordnar båtanlegg i felles småbåthamner, der naustrekkjer/lagringshallar blir etablert inne på land og med felles båtopptrekk, då dette vil gi ein effektiv arealbruk i strandsona og også vil gje brukarvenlege løysingar.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
Kommunal planlegging er viktig for å avgrense energiforbruk og klimagassutsepp. Alle avgjerder om lokalisering og utforming av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester vil ha verknad på energiforbruk og utslepp i lang tid framover. For å møte overgangen til lågutsleppssamfunnet må ein legge stor vekt på effektiv arealbruk og på å samordne arealbruken og transportsystemet. Samstundes er det ei målsetjing å utforme attraktive byar og tettstader.

I arbeidet med rullering av arealdelen til kommuneplanen forventar vi at kommunen gjer følgjande grunnarbeid:

- Estimerer behovet for ulike typar bustadtilbod (frittliggande, tettbygd, leilegheiter) og andre byggeområde i planperioden
- Kartlegg tomtereservar i gjeldande arealplanar
- Vurderer å ta ut byggjeområde som ikkje har blitt realiserte, og som ikkje er i tråd med SPRBATP
- Arbeider strategisk med fortetting og knutepunktutvikling, til dømes ved å definere område som:
  o Sentrumsområde/kommunesenter - høg grad av fortetting/urbanisering
  o Lokalsenter - høg grad av fortetting, samt enkelte sentrumsfunksjonar

- o Rurale område - prioritert til småhus/villautbygging
- o Verdifulle område som ikkje skal byggast ut (markagrense?)

- Utarbeidar arealrekneskap for forslag til ny arealdel

KONKLUSJON

Etter vårt syn har Volda kommune lagt fram eit oversiktleg og grundig planprogram. Arbeidet med kommuneplanens arealdel følgjer opp målsettingane og strategiane frå samfunnsdelen. Dette er eit viktg grep og eit godt grunnlag for det vidare planarbeidet.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f)
samordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Mattilsynet	Postboks 383	2381	Brumunddal
Landbrukskontoret Ørsta/Volda	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Noregs vassdrags- og energidirektorat Region Vest	Postboks 53	6801	Førde
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Fiskeridirektoratet - forvaltningsseksjonen i region midt	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN

Til Volda kommune v/Heidi Istad

Innspel til planprogrammet frå Landbrukskontoret Ørsta Volda:

I høyringsframlegget: 4.3 Landbruksnæringa Landbruksnæringa har vore ein av grunnpilarane for busetnaden på bygdene. I Volda har om lag 1/5 av alt jordbruksareal i perioden 2001–2014 blitt omdisponert til andre formål. I same periode har talet på aktive gardsbruk i Møre og Romsdal gått ned med om lag 34 %. Tilsvarande tal for Volda er ein nedgang på 48 %. For Volda sin del har det dei siste femten åra, vore ein nedgang i kjøtproduksjon på 14 % og ein nedgang i mjølkeproduksjon på 25 % . Dei dyrka areala legg grunnlaget for matproduksjonen som skjer i Volda, men ein må og ha med at areala og har ein særleg verdi i beredskapssamanheng og som kulturlandskapselement. Eit aktivt landbruk som kan vere med på å halde kulturlandskapet i hevd, krev store investeringar med behov for langsiktige rammevilkår. Det er viktig å verne om dei best egna produksjonsareala. Kommunen kan medverke gjennom god og langsiktig arealplanlegging.	*Redigert forslag frå landbrukskontoret:* *4.3 Landbruksnæringa* *Landbruksnæringa har vore ein av grunnpilarane for busetnaden på bygdene. I Volda har om lag 1/5 av jordbruksarealet i perioden 2001 – 2014 gått ut av produksjon eller vorte omdisponert. I same periode har talet på aktive landbruksføretak i Møre og Romsdal gått ned med om lag 34 %. Tilsvarande tal for Volda er ein nedgang på 48 %. Fleire mindre føretak har gått saman i samdrifter og strukturrasjonaliseringa og effektiviseringa har vore betydeleg. Endringane har ført til ein nedgang i kjøtproduksjonen på 14 % og 25 % i mjølkeproduksjonen.* *Dei dyrka areala legg grunnlaget for matproduksjonen som skjer i Volda, men ein må og ha med at areala har ein særleg verdi i beredskapssamanheng og som kulturlandskap.* *Eit aktivt og levande landbruk som samstundes held kulturlandskapet i hevd krev store investeringar med behov for langsiktige rammevilkår. Det er difor viktig å verne om dei beste produksjonsareala.* *Kommunen kan her medverke gjennom god og langsiktig arealplanlegging.*

I høyringsframlegget: 5.5 Landbruk og næringsliv Gjennom samfunnsdelen har ein fastsett ei målsetting om at Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad. Det er også eit mål å styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur- og opplevingsdestinasjon og vidare er dei målsetting å styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde. Det er ingen klare målsettingar når det gjeld landbruksnæringa men det er valt ut fleire ulike strategiar som gjeld næringsliv, der også landbruks- og havbruksnæringa vert sett på som viktige for å nå målsettingane.	*Redigert forslag frå landbrukskontoret:* *5.5 Landbruk og næringsliv* *Gjennom samfunnsdelen har ein fastsett ei målsetting om at Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad, der ein av strategiane er å leggje til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk, og næringar som er knytt opp mot dette. Berekrafta no og i framtida er avhengig av jordvern og då med særleg fokus på dei beste produksjonsareala.* *Det er også eit mål å styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur- og opplevingsdestinasjon og vidare er målsettinga å styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.*

Mvh

Børild Skåra
Rådgjevar
Landbrukskontoret Ørsta Volda
Tlf 70 04 96 13

borild.skara@orsta.kommune.no

Til Volda kommune v/Heidi Istad

Fråsegn frå Landbrukskontoret til arealdelen i kommuneplan for Volda

Volda kommune har eit totalareal på 547.230 daa. Av dette er 14.626 daa eller 2,7 % dyrka jord og 6.674 daa eller 1,3 % innmarksbeite. Det syner at det i utgangspunktet er ein liten del av areala i kommunen som er produksjonsareal for jordbruket.
Jordbruksareala er viktige som:
Ressurs for dagens produksjon
Ressurs for framtidig produksjon
Ressurs som kulturlandskap

Av produksjonsareala er det berre ein mindre del som er aktuell for matkornproduksjon.
Areal med jordsmonn danna av marin strandavsetning er av høg kvalitet, og har best produksjonsevne for matkornproduksjon.
Marin grense går ved +/- 50 m.o.h.
I Volda har vi desse viktige områda med marin lausmasseavsetning:
Mork, Lid-Bjerkvik, Rotset, Rotevatn, Homborset, Torvika og Velsvik. Dei andre viktige jordbruksareala under marin grense vil i hovudsak bestå i areal med basert på morene og avsetningar av ulikt slag.

Volda har eit aktivt miljø for produksjon av råvarer til matindustrien, der volumproduksjonen er mjølk og kjøt frå storfe/sau.

I dag er produksjonen på areala i hovudsak fôrproduksjon for husdyr.
Då det har vore ei sterk omstrukturering i jordbruket med stadig større einingar - utan at eigedomsforholda er endra - er landbruksføretaka avhengig av å leige jord frå eigedomar som sjølve ikkje har husdyr, eller ein kjøper ferdig fôr frå føretak som driv med fôrproduksjon og fôrsal.
Denne avhengigheita av å få tak i fôr frå andre eigedomar/føretak er ein sårbar situasjon, som utgjer ein risiko for dei som driv og investerer i næringa.
Dette må ein ta omsyn til også i plansamanheng.
I dag er dei fleste husdyra på vestsida av Voldsfjorden. Her er fôrgrunnlaget for lite slik at vi i dag har ein intern transport av fôr frå austsida til vestsida av Voldsfjorden.

I arbeidet med arealdelen vil landbrukskontoret leggje fram fakta om kva produksjonsareal som er mest viktig for jordbruket ut frå kriteria knytt til jordsmonn, klima, topografi og storleik. Desse faktaopplysningane vil leggje grunnlag for ein fagrapport over kjerneområda for jordbruket. Rapporten vil og omhandle viktige kulturlandskap i kommunen.

Volda kommune har i tidlegare planar teke inn område med nemninga LNF-B, dvs område som er avsett til landbruk, natur og fritid, men der ein har opna for eit visst omfang med spreidd busetnad. Desse områda må ein no rullere med tanke på tal, plassering og storleik.

I tillegg til dyrka jord vil det og vere naudsynt å sjå på ressursar knytt til dyrkbar jord. Dei beste områda som ligg til rette for seinare oppdyrking bør og verte ein del av arealplanen der ein sikrar desse mot nedbygging eller anna omdisponering.

Mvh

Børild Skåra
Rådgjevar
Landbrukskontoret Ørsta/Volda
Tlf 70 04 96 13
borild.skara@orsta.kommune.no

ØRSTA KOMMUNE

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/963	06.10.2016	105710/2016/KOMMUNEPLAN/1519	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	22.11.2016

Volda kommune - kommuneplanen sin arealdel – fråsegn til varsel om oppstart med planprogram

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

GENERELT
Volda kommune har vald å starte rulleringa av arealdelen i forkant av kommunereforma. Vi ser denne rulleringa som ei vidareføring av arbeidet med samfunnsdelen, innanfor ramma av eigen kommune. I arbeidet med arealdelen vil det det vere eit viktig moment at kommunen vidareutviklar dei tematiske arealstrategiane frå samfunnsdelen, for å kunne nå måla kommunen har sett seg. Vi ser elles at nyare planlegging nasjonalt bryt med den gamle grunneigarstyrte måten å planlegge på og synes no å bli meir basert på brei medverknad, meir målretta og meir strategisk.

MERKNADER TIL PLANPROGRAMMET

Disposisjon/innhald
Planprogrammet er oversiktleg sett opp og gir god oversikt for korleis kommunen har tenkt at planarbeidet skal gå føre. Vi har elles følgande kommentarar til det konkrete innhaldet i planprogrammet:

Formålet med planarbeidet (1.3)
Kapittelet om formålet med planarbeidet beskriv fortida og kommunens allereie vedtekne planer, men seier lite om kva som er formålet med planarbeidet framover i tid. Ein kunne her ha referert til målsettingane i samfunnsdelen, nemnt i kapittel 5, eventuelt samla desse tema i eit kapittel.

Organisering (2.1)
I kapittelet om organisering kjem det fram at kommunen opererer med fleire administrative arbeidsgrupper. Den eine er planmøtet, den andre er leiarmøtet og den tredje er sjølve prosjektgruppa, bestående av 4-6 personar. Det kjem ikkje tydeleg fram kva som er rolla til dei ulike gruppene og korleis desse skal fungere saman, arbeidsdelinga og hierarkiet dei imellom. Dette kan ein med fordel klargjere før ein fastsett planprogrammet.

Postadresse: Postboks 2500, 6404 Molde ● Besøksadresse: Julsundvegen 9 ● Telefon: 71 25 80 00 ● Telefaks: 71 24 50 01
e-post: post@mrfylke.no ● www.mrfylke.no

Medverknad (2.2)
I presentasjonen av samfunnsdelen kom det fram korleis kommunen hadde laga eit godt opplegg for medverknad. I planprogrammet for arealdelen er kapitlet om medverknad noko ope formulert. Medverknad er heller ikkje synleggjort i framdriftsplanen (2.3). Vi kunne her ha tenkt oss eit noko meir fastsett opplegg for medverknad, slik at det vert enno tydelegare kva som skal skje og når ting skal skje. Vi viser til at forslaga om medverknad synes å vere gode og bør lett kunne få ei meir fastsett form.

Framdrift (2.3)
I framdriftsplanen for prosjektet rår vi til at ein fastsett nærare korleis dei ulike fasane skal avsluttast gjennom vedtak og ligge til grunn for det vidare planarbeidet. Til dømes bør føljande milepelar bli løfta fram:

- Risiko og sårbarheits-analyse (ROS)
- Overordna arealstrategi (vidareutvikling av strategitema i samfunnsdel)
- Innspel til overordna arealstrategi (skild frå innspel til endring av arealbruk)
- Innspel til endring av arealbruk

Den kartbasert ROS-analysen vil utgjere eit viktig kunnskapsgrunnlag for planlegginga og bør vedtatt tidleg i prosessen. Deretter kjem den overordna kartbaserte arealstrategien, som bør fastsettast før ein innhentar konkrete innspel til sjølve arealbruken.

Arealstrategi (5)
I samfunnsdelen er det laga strategiar etter tema. For at desse skal vere funksjonelle for arealdelen bør desse bli vidareutvikla til kartbaserte strategiar. Fasen bør avsluttast ved at ein vedtar ein overordna kartbasert strategi som skal ligge til grunn for det vidare planarbeidet.

Innspel til endring av arealbruk (?)
Eventuelle innspel om konkrete arealbruksendringar bør skiljast i frå innspel til den overordna arealstrategien. Først etter at kommunen har vedteke ein kartbasert arealstrategi, bør kommunen innhente innspel til sjølve planarbeidet. For at kommunen skal kunne nå målsettingane i samfunnsdelen bør ein avgrense innspel om konkrete arealbruksendringar til den overordna arealstrategien.

Konsekvensutgreiing (6)
Ei av utfordringane for arbeidet med planprogrammet er å organisere planarbeidet på ein slik måte at ein kan nytte konsekvensutgreiinga som eit prosessverktøy. I første omgang gjennom utgreiinga av arealstrategien og den samla verknaden av arealbruken. Deretter utgreiing av innspela innanfor arealstrategien, som grunnlag for korleis ein utarbeidet arealbruken i det endelege planforslaget. Ein kan med fordel tydeleggjere dette i framdriftsplanen (2.3) og i kapittelet om konsekvensutgreiing (6).

Risiko og sårbarheitsanalyse (ROS) (7)
I tillegg til å vere grunnlagsmateriale for denne konkrete arealplanen, vil ROS analysen og vere aktuelt å bruke i kommunens GIS system, som grunnlag for saksbehandling etter plan- og bygningslova.

Kulturminne
Under eksisterande kunnskapsgrunnlag for KU-utgreiinga for kulturminne og kulturmiljø (6), kan ein med fordel føye til SEFRAK-registeret og Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi.

Samferdsel
Når sjølve arealdelen no skal rullerast vil vi minne om dei nye føringane i samferdslesamanheng, til dømes dei nye måla for syklande og gåande og universell utforming av heile reisekjeder, spesielt rundt tettstader og knutepunkt.

Nasjonale føringar (3)
Planprogrammet kan med fordel vise til NTP 2014-2023 og da spesielt dei nasjonale måla for syklande og gåande (3.11.1- NTP), Universell utforming av heile reisekjeder, spesielt rundt tettstader og knutepunkt. (3.10 –NTP).

Trafikk og kommunikasjonar (4.6), busetting (5.2) og transport og kommunikasjon (5.6)
Under kapittel om utviklingstrekk, utfordringar og viktige problemstillingar nemnes det at; *«…Volda har ein utfordrande geografi og topografi når det gjeld å få til god kommunikasjon og gode trafikkløysingar, både mellom sentrum og bygdene og internt i Volda sentrum. I samband med målsetting om å redusere fråflyttinga frå bygdene kan gode kommunikasjonar vere viktige tiltak…».* Tilsvarande utfordringar og målsettingar nemnast i kapittel 5, punkt 5.2 og 5.6. Det er positivt at desse utfordringane og målsettingane blir nemnt, men det fordrar at kommunen følger dette opp med kollektivanalyser som grunnlagsmateriale, dersom ein skal nå dei nasjonale måla. Dette bør kome fram av planprogrammet som eit utgreiingskrav.

Kollektivakser/knutepunkt.
I samband med planlegging av areal må ein legge til rette for bustadbygging ved eksisterande kollektivtilbod og kollektivaksar for å fremje mindre bilbruk. Avstanden mellom bustad og haldeplass vil vanlegvis ikkje kunne vere lengre enn 4-500 meter, for at ein skal velje kollektivtransport framfor bil. I tettstad vil grensa kunne vere noko lenger, opptil 7-800 meter. Kommunen kan her gjere enkle bufferanalyser for å kartlegge både eksisterande og ny arealbruk som har ei gunstig plassering i forhold til mogleg auka kollektivbruk/redusert bilbruk. Bufferanalyser av Kollektivaksar/knutepunkt bør kome fram av planprogrammet som eit utgreiingskrav.

Barn og unge
Kommunen skal jf. rikspolitiske retningslinjer og formålsparagrafen i plan- og bygningslova, ta omsyn til barn og unge sine interesser i planlegginga.

I planprogrammet bør kommunen synleggjere eigne rutinar i forhold til det å ivareta barn og unges interesser, i plan og byggesaksbehandlinga og vise korleis dette skal skje kommuneplanen.

Kommunen bør og få ein oversikt over barn og unges arealbruk i kommunen, gjennom å kartlegge areal som har vore, er eller vil kunne bli av betyding for barn og unge. Både areal som formelt har fått ein status gjennom plan- og byggesaksbehandling og areal som i dag ikkje har ein slik status, er av interesse. Barnetrakkregistrering vil kunne vere egna metode for ei slik kartlegging, i tillegg til den generelle kartlegginga kommunen gjer i planarbeidet. Vi vil elles vise til dei aktuelle kartlaga, under fana for barn og unge, på nettstaden; www.GISlink.no.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Planfaglege råd
Kommunane sitt arbeide med kommuneplanens arealdel har ofte vore basert på grunneigarinnspel, der medverknad frå breidda i befolkninga har vore mindre. Mangel på overordna arealstrategiar og grunneigarfokus har medført at mange arealdelar ikkje har eller vil kunne nå dei måla som er fastsett i samfunnsdelane. Nyare planlegging nasjonalt

bryt med den gamle grunneigarstyrte måten å planlegge på og synes no å bli meir open for brei medverknad, meir målretta og meir strategisk.

Vi rår Volda kommune til å legge vekt på å vidareutvikle arealstrategi i samfunnsdelen, og legge denne til grunn for planarbeidet.

Vi vil elles gi ros til kommunen for ambisjonen for brei medverknad og håper at kommunen klarer å vidareføre den gode medverknaden ein oppnådde i arbeidet med samfunnsdelen.

Automatisk freda kulturminne
Volda kommune skal ha skryt for at dei løftar fram kulturlandskap og kulturminne som viktige ressursar for regional og lokal utvikling. Vi meiner det er bra at kommunen har ei bevisst haldning til spreidd utbygging, og at det skal skje som utfylling eller forlenging av eksisterande busetting, slik at ein ikkje punkterer samanhengande grøntområde, kjerneområde landbruk eller restriksjonsområde med omsyn til kulturminne. Under arbeidet med arealstrategiar for fritidsbusetnad, setrar og naust bør det leggast til at lokalisering av naust og fritidsbustader ikkje skal vere i konflikt med automatisk freda kulturminne. I samanheng med målet om styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftsområde, kan kulturminne vere med gjere eit område attraktivt som reisemål for lokalbefolkninga og i eit ledd for auke turismen.

Vil vi understreke viktigheita av å fram alle kjente automatisk freda kulturminne i temakart, for å tidleg kunne sjå eventuelle konfliktar mellom planlagt utbygging og kulturminne. Alle kjente automatisk freda kulturminne bør også inngå i ROS-analysen og merkast i kommuneplankartet, gjennom innarbeiding av omsynssone D (SOSI-kode H_730) med tilhøyrande føresegner. Vi rår til at fornminna vert markert med rune-R i plankartet, då mange av flatene kan vere små og lite synlege. Ein kan nytte kartdata frå Askeladden og informasjon frå godkjente reguleringsplanar som supplement. Innan kommunen ligg der fleire områder som gjennom regional delplan er utvalt som særskilt viktige kulturmiljø:

- Austefjord kyrkje, Fyrde
- Volda kyrkje
- Olavskjelde Kile
- Dravlaus, gravrøyser
- Rotevatn, gravrøys
- Skinnvika, gravrøyser
- Eikrem, stabbur
- Velsvik røykomnstove
- Halkjelsvik kyrkjestad, Volda
- Botnen, fornminne
- Felden
- Skrivargarden, Skjerva
- Nedre Rotset
- Berkneset
- Volda Prestegard
- Halkjelsvik tettstad
- Gamlegymnaset
- Gamlegymastikken
- Ekset
- Hunnes, sengjabud
- Oppgangssag, Bjørkedalen
- Nøre Bjørkedal, smie
- Volda Elektiske Mylne
- Glimmerbrot, Osdalen
- Båtbygging i Bjørkedalen
- Steinkorsen på Kile
- Nothenget, Høydal
- Steingarden i Vikebygda
- Rønestadbakk, Folkestad
- Stove Ulvestad, Lauvstad
- Årsetøya, Austefjorden
- Flatdalsetra, Bjørkedalen
- Storlida, Åmelfoten
- Skrivargarden, Rotset
- Dalsfjord kyrkje, Dravlaus
- Kilsfjord kyrkje, Straumshamn
- Korsfurtunet og Brunebuda
- Dalsfjord gamle skule Kårstadbygget
- Skule Yksnøya
- Postvegen, Bjørkedalen

Desse områda bør bli vist som omsynssone C (SOSI-kode H_570). Det kan knytast retningslinjer til omsynssone C i kommuneplan (Jf. PBL. § 11-8, punkt c og d). Nærare utforming av omsynssone C bør skje i samarbeid med fylkeskonservatoren.

Vi gjer merksam på fornminne av nasjonal og regional verdi, i Regional delplan for kulturminne og kulturmiljø, bør leggast inn i kommuneplankartet (SOSI-fil vil bli ettersendt). Gjennom kommuneplanen må kommunen gjere greie for korleis ein ser for seg god sikring av dei kjente automatisk freda og nyare tids kulturminne, vist i regional delplan for kulturminne.

Vi vil for ordens skuld minne om at forslag om framtidig arealbruk i kommuneplan ikkje er å rekne som endeleg avklara, i høve automatisk freda kulturminne, dette skjer først ved detaljplanlegging. Konfliktar må vere synlege i planomtalen/KU, likeeinas eventuelle avbøtande tiltak.

I samband med kulturminne frå nyare tid er omsynssoner i SOSI-filene rådgivande, og retningslinene til omsynssonene må avklarast i samarbeid mellom kulturminneforvaltinga og kommunen.

Vi forventar at elles at Volda kommune sin (snart ferdige) kulturminneplan vert inn-arbeidd i arealdelen, med tilpassa føresegner. Vi vil så langt som råd hjelpe kommunen med dette arbeidet.

Nyare tids kulturminne
I arealdel bør freda kulturminne sikrast gjennom bruk av omsynssone d), med tilhøyr-ande føresegn. Ikkje freda kulturminner/kulturmiljø kan sikrast gjennom bruk av omsynssone c) med retningsliner. Det kan også gis føresegn for å sikre kulturminne eller områder. Også pbl § 11-18, kan nyttast for å sikre område som er av kulturhist-orisk interesse.

Kommunen skriv i planprogrammet at tap av verneverdige kulturminne skal minimerast. Slik det er no har vi ikkje tilstrekkeleg oversikt over kva kulturminne det gjeld. Vi har oversikt over dei freda kulturminna. Ein del statlege etatar har laga sine verneplanar med kulturminne dei ønsker tatt vare på. Nokre av desse er sidan blitt freda, men elles er det plan- og bygningslova som er lovverket desse fell inn under. Vi har SEFRAK-registeret som syner bygg (i hovudsak) frå før år 1900, men alle desse kan ein ikkje ta vare på. SEFRAK tar berre for seg bygningar, ikkje landskap, parkar, vegar, bruer og støer og sjømerke. Dessutan har det skjedd ei utvikling etter SEFRAK, som ein no bør ta stilling, om kva som ynskjast bevart.

For å få best mogleg plansakshandsaming bør kjente verneverdige kulturminne bli innarbeidd i ROS –analysen og i plankartet med omsynssoner/føresegner, slik at det er tydeleg kva kommunen ynskjer bevart.

I Regional kulturminneplan for Møre og Romsdal er alle dei nasjonalt og regionalt viktige kulturminna tatt med. Desse bør leggast inn i Volda kommune sin plan. Vi har prøvd å lage døme på omsynssoner rundt desse. Målsetninga med omsynssonene er ikkje å unngå ny-bygging og vidare utvikling i området, men at det skal takast større omsyn med tilpassing til kulturminna innanfor desse områda. Vi forventar å jobbe i lag med kommunen for å få til gode omsynssoner.

Volda kommune jobbar no med å lage sin eigen kommunale kulturminneplan som saman med den regionale planen og dei automatisk freda arkeologiske kulturminna er meint å skulle vere det ein skal måle tap av verneverdige kulturminne ut i frå. På sikt er det difor ynskjeleg å få også dei kommunalt viktige kulturminna inn i kommuneplanens arealdel.

Riksantikvarens fråsegn
I Volda kommune er det fleire kulturminne som Riksantikvaren har fyrstelinjeansvar for.

- *Volda kyrkje (id nr. 85865-2)*

Dette er ei listeført kyrkje. Kyrkja skal avsettast til omsynssone c) i kommuneplanen , SOSI - kode H - 570. I kommunen ligg det ò g to byggverk som i medhald av kulturminnelova § 4 er erklært automatisk freda og som Riksantikvaren har fyrstelinje-ansvar for:

- *Bu på Eikrem, Arnegården (id 87304-1)*
- *Stovebygning på Velsvik (stovebygning) (id 87307)*
-

Begge bygga må avsettast til omsynssone d) , bandlagd etter kulturminnelova, SOSI - kode H730. I føresegnene bør det visast til at dei er automatisk freda i medhald av kulturminnelova .

- *Volda mellomalderkyrkjestad (id 85865-4)*

Eldste omtale av kyrkja er i 1432.D en eldste kjente kyrkja på Hallkjelsvik var ei stav-kyrkje. Ei ny kyrkje sto ferdig i 1858 . Kyrkja brann i 1929, og bedehuset var brukt fram til noverande steinkyrkje sto ferdig i 1932. Stavkyrkja sto sør for dei to seinare kyrkjene.

Dei mellomalderske kyrkjestadane er kulturminne av nasjonal verdi. De t er viktig at ein ved planlegging av tiltak i nærleiken av kyrkjestaden tar tilstrekkeleg omsyn til dette, slik at kyrkjestaden sin kunnskaps - og opplevingsverdi kan takast vare på for framtida.

Volda mellomalderkyrkjestad bør merkast som omsynssone d) bandlagd etter kultur-minnelova, SOSI- kode H730, på kommuneplankartet. Kyrkjestaden sin geometri kan hentast frå Askeladden under id 85865- 4.

Denne føresegna bør takast med i føresegnene til kommuneplanen for Volda mellom-alder kyrkjestad :«Den mellomalderske kyrkjestaden er eit automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillatne utan etter dispensasjon frå kulturminnelova.»

Det er ikkje utarbeidd plankart eller føresegner på dette stadiet i planarbeidet. Det er derfor ikkje mogleg å gjere ei konkret vurdering av eventuell konflikt med de i automatisk freda kulturminna .

Tettstadutvikling
Kommunen vil gjennom planarbeidet avgrense sentrum på plankartet og gjennom arbeidet med ein overordna arealstrategi, fastsette ein strategi for sentrumsutviklinga. Grunnlaget for avgrensinga av sentrum er allereie utarbeidd gjennom tettstads-analysen og strategi for Volda sentrum er eit av tema i samfunnsplanen.

Akvakultur
Ei sentral målsetting ved planlegging av kystsona er at potensialet for havbruk skal kunne nyttast, samstundes som andre samfunnsomsyn blir tatt vare på. Plan- og bygningsloven (PBL) pålegg kommunane å ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

Tilstrekkeleg sjøareal for akvakultur har vore løfta fram som eit viktig mål i arbeidet med å sikre ein berekraftig vekst og utvikling av havbruksnæringa, jf. Meld. St. 48 (1994-

1995), Meld. St. 19 (2004-2005) og Inst. S (2010-2011). Gode og oppdaterte kommunale arealplanar for sjøområda vil vere eit viktig verktøy for å nå dette målet. Kommunale planar har også vore utpeika som eit sentralt verkemiddel for å sikre ein miljøvenleg arealbruk, og for å bidra til å avklare kryssande interesser i kystsona.

Møre og Romsdal fylkeskommune vil gjere Volda kommune merksam på at det i planen er høve til å skilje mellom forskjellige typar oppdrett jf. PBL 11-7 § (hovedformål nr.3 og 7.). Døme på grupper er anadrome artar, marine artar, tang og tare oppdrett og skjell oppdrett. Vi vil og gjere merksam på teknologiske utviklinga, her under utviklinga av lukka anlegg.

Fylkeskommunen har og signalisert at det skal satsast innan fiskeri og havbruk, og at vi ser det som ei viktig oppgåve å medverke til vekst og utvikling i fiskeri- og havbruksnæringa. I Fylkesplan 2013-2016 står det mellom anna at: «Havbruk, kraftbasert prosessindustri og landbruk er næringar som treng langsiktig tilgang på naturressursar. Det er viktig å sikre krafttilgang og areal som kan gje grunnlag for berekraftig vekst.». Som ei oppfølging av dette ser Møre og Romsdal fylkeskommune det som avgjerande for ei vidare berekraftig utvikling av akvakultur at det blir satt av sjøareal som sikrar etablering, drift og utvikling av havbruksnæringa i fylket. Tilgang til oppdrettslokalitetar med gode naturgitte parameter som t.d. djup og straum gir moglegheit for ei meir optimalisert produksjon med raskare fortynning og nedbryting av organisk materiale, som dermed gir mindre belastning for nærmiljøet.

For å sikre at veksten i regionen skjer innanfor bærekraftige rammer er det essensielt at den kan skje på godt egna lokalitetar ulike stader innanfor eit større produksjons-område, slik at ikkje all vekst blir avgrensa til allereie oppdrettsintensive område.

Barn og unge
For at barn og unges interesser i saker etter plan og bygningslova skal ha tilstrekkeleg formelt grunnlag, må kommunen innarbeide konkrete krav til utomhus opphalds- og leikeareal i føresegna. Dette vil sikre at krava i både plan og bygningslova § 28-7 (den ubebygde delen av tomta/fellesareal) og Teknisk forskrift (TEK10) § 8-1 (uteareal) og 8-4 (uteoppholdsareal), blir sett i samanheng med Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging/rundskriv T-2/08.

Dei konkrete krava må bygge på kva som er «tilstrekkeleg» og «egna» uteopphalds og leikeareal. Dette er nærare beskrive i Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging/rundskriv T-2/08.

Kapittel 1 inneheld dei generelle utformingskrava, t.d.: *«… 5.a Arealer og anlegg som skal brukes av barn og unge skal være sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare. 5b. I nærmiljøet skal det finnes arealer hvor barn kan utfolde seg og skape sitt eget lekemiljø. Dette forutsetter blant annet at arealene: er store nok og egner seg for lek og opphold, gir muligheter for ulike typer lek på ulike årstider, kan brukes av ulike aldersgrupper, og gir muligheter for samhandling mellom barn, unge og voksne…».*
I kapittel 3, finn ein rettleiing kor desse krava er nærare konkretisert, t.d.: *«… 5.a Arealer brattere en 1:3, eller smalere enn 10 meter, areal med ekvivalent støynivå over 55 dB(A), areal avsatt til kjørevei, parkering, fareområder og areal belagt med restriksjoner som hindrer barns frie lek, skal ikke regnes med…».*

I tillegg til krav til utomhus opphalds- og leikeareal i føresegna rår vi til at kommunen kartlegg egna areal for barn og unge, også nemnt i under merknad til plan-programmet ovanfor. Egna areal bør bli vurdert innarbeidd i plankartet på ein slik måte at ein sikrar desse areala for framtida.

Konklusjon
Vi rår Volda kommune til å vidareføre den breie medverknad frå arbeidet med samfunnsdelen og arbeide strategisk og målretta, gjennom ein bevisst bruk av planverktøy som kartbasert analyser (ROS), utgreiing av verknad (KU) og arealstrategi, som prosessuelle verkemiddel.

Vi viser elles til saksutgreiinga ovanfor og ber om at våre merknader og innspel vert vurdert i det vidare planarbeidet.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Fagsaksbehandlar
Automatisk freda kulturminne: Arkeolog, Guro Dehli Sanden, tlf. 71 25 88 63
Kulturminne frå nyare tid: Arkitekt Toril Moltubakk, tlf. 71 25 89 28

Ettersendes: SOSI-fil, Fornminne av nasjonal og regional verdi, Regional delplan for kulturminne og kulturmiljø.

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen
Kystverket Midt-Norge, Postboks 1502, 6025 Ålesund
NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Folkestad Grendautval
v/leiar Jon-Arild Kvamme Sollid
Dalsfjordvegen 4260
6120 Folkestad
Tlf 48133127
Epost: jks@hivolda.no

Dato: 16.11.2016

Oppstart av arbeid med arealplandelen av kommuneplan for Volda 2018-30

Folkestad grendautval viser til brev frå Volda kommune av 6.10.16, referanse 2016/983, løpenr 11716/2016 om oppstart av arealplandelen, med høyringsfrist 19/11.

Det vart arrangert felles møte 9/11 med representantar for Volda kommune onsdag på Folkestad kulturhus med deltakarar frå Bjørkedal, Kilsfjord, Folkestad og Dalsbygd om den generelle delen («planprogrammet») av arealdelen av den nye kommuneplanen for Volda 2018-30. Til sist i dette møtet heldt ein idédugnad for kvar av grendene, og underteikna melde attende ein del utfordringar og aktuelle problemstillingar for Folkestad:

Generelt: Målsetjingane om boligbygging, busetjing og utvikling
I pkt 5 i dokumentet, spesielt på s. 13-14, finn vi utvetydig klart formulert ei målsetjing om at auken i busetjing og investering i infrastruktur skal foregå i Volda sentrum, mens bygdene er omtala i bisetningar som «nokre bygdesentra», og med ei lite utdjupa og nokså defensiv målsetjing. Dette uroar grendautvala på sør- og vestsida av Voldafjorden! Når vi no les i avisene om budsjettframlegget for Volda kommune for 2017 og framover, m.a. om kutt og innsparing i skulesektoren, som flytting av ungdomssteget til Volda Sentrum, tvilar vi på at nettogevinsten blir så stor, sett ut frå at utgiftene til skuleskyss vil auke og at m.a. dette tiltaket ikkje bidreg til å stabilisere busetnaden på bygdene. Og fleire elevar og fleire etableringar i Volda sentrum vil auke behovet for og kostnadene med utbygging av infrastruktur, som kommunen sjølv peikar på i konsekvensanalysen i høyringsdokumentet. Perspektiv for og konsekvensar av samanslåinga av Hornindal og Volda må forresten også inn i ein kommuneplan som skal gjelde for 2018-30. Kanskje dette gir behov for endra problemstillingar og konsekvensanalysar i arealdelen, samt gir økonomiske konsekvensar og endra prioriteringsbehov i kommunale økonomiplanar og budsjett i åra som kjem?

Voldsfjordbrua: Område for brufeste på Krumsvikneset må inn i arealplanen og startast reguleringsplanarbeid for (også planarbeid for brufesteområde på andre sida av fjorden).

Kraftverksanlegg på Folkestad, med rørgater og anlegg må teiknast inn i arealplanen.

Behov for utviding av gravplassen på Folkestad: Dette krev kommunalt initiativ, inkl endeleg avklaring av spørsmålet om gamleskulebygninga og tomta.

Bustadområde på Folkestad: Ein bør få ferdigregulert attraktive sentrumsnære bustadtomter, jf gjeldande delplan felt B2 (nedanfor Dalsfjordvegen) og LNF-felt ovanfor Dalsfjordvegen («Skjerva», mellom Ungdomshuset og Tyle)

Hyttelfelt Folkestadsætra: Felt H4 er snart oppfylt og ferdig utbygd, og felt H3 (feltet lengst mot bygda) bør det startast reguleringsarbeid for. Ei erfaring med H4 er at det kan vere behov for å sjå nærare på og evt presisere retningslinene for området mht arrondering og utforming av hytter, for inngjerding og vegløysingar, mm.

Tilførselsveg til Folkestad skule: Vi ser behov for meir ein tenleg og opparbeidd kommunal gjennomgangsveg forbi skulen på oversida v/hovudinngangen, frå kommunevegen ned til riksvegen, over gbr 106/2. Både ved varelevering og vedlikehald ville dette vere meir praktisk, og spesielt av beredskapsomsyn, t.d. ved brann og ulukker, burde kommunen sikre og setje i stand heile strekninga, evt med ei lita utretting av veglina ned mot skulegjerdet. Vegen ned til skulen på oversida er asfaltert og brøytt (overteken av kommunen?), mens veg frå skulen og ned til riksvegen ikkje er vedlikehalden og har truleg uavklara status. Avkøyrsel i øvre del mot kommunevegen er smal, uoversiktleg og bratt. Også prosjekt om tilførselsledning for kloakk over veglina i nedre del mot riksvegen (kommunen sitt ansvar) tilseier at her snart bør takast eit meir samla grep for nedre del av dette arealet på gbr 106/2.

Industriområde: Det kom fram at beste plassen for dette på sørsida av Voldsfjorden er Bjørkedalen (m.a. godt tenleg areal og gode kommunikasjonar både sørover og nordover)

Med helsing

Jon-Arild Kvamme Sollid
Leiar Folkestad Grendautval

BJØRKEDAL GRENDALAG
Organisasjonsnr.: 917 824 525
E-post: killar4806@gmail.com

Sakshandsamar: Lars Kåre Kile
Direkte telefon: 90823466

Dykkar referanse:
Saksnr.: 2016/963

Volda kommune
Rådhuset
6100 Volda

Merknader til planprogrammet og innspel til kommuneplanen sin arealdel Saksnummer: 2016/963

Vi syner til høyringsdokument utsendt på e-post 10. oktober 2016 og informasjonsmøte på Folkestad skule den 9. november.

Styret i Bjørkedal grendalag inviterte til bygdamøte den 16. november for å få fram synspunkt på korleis arealet i Bjørkedalen best kan nyttast. Frammøtet var godt, meiningane var mange, og debatten var svært nyttig som bakgrunn for vidare arbeid med arealdelen.

Merknader til planprogrammet:

Styret i Bjørkedal grendalag har ingen merknader til dei tre første og dei to siste hovudpunkta i planprogrammet, men vi finn grunn til å knyte nokre kommentarar til punkt 4 og 5 når det gjeld målsettingar for busetting og bustadbygging. Dokumentet har eit klart formulert hovudmål om at all auke i busetting skal gå for seg i og omkring Volda tettstad, medan det har ei vag og svært defensiv målsetting for bygdene. Der er løysinga at eit aktivt jordbruk skal halde areala opne og gjere dei attraktive for ålmenta. Det er for dårleg!
På Bjørkedalen er det mykje areal som er klart dårlegare eigna til jordbruk enn mange sentrumsnære område. Den beste måten å hindre gjengroing av desse områda er å stimulere folk til å bygge og bu der. Slik kan ein spare gode jordbruksområde i sentrale strøk og i staden få attraktive buområde på sekundære jordbruksareal i utkantane.
Bjørkedalen er ei naturperle, ein heilt fantastisk plass å bu for folk som vil at borna deira skal få vekse opp i rolege og trygge omgjevnader. Samstundes er det eit sentralt område i høve til arbeid; med vilje til ein times pendling har ein faktisk tilgang til jobbmarknaden i minst 7 ulike kommunar. Tenkjer vi på same måten når det gjeld kultur- og handelstilbod, har vi 15 minutt til Eid, 30 til Volda og 45 til Stryn og Ørsta. For Volda og Ørsta vert dette merkbart kortare med bru over Voldsfjorden.
Det bør ikkje vere vanskeleg å finne fleire gode argument for auka busetting i bygdene våre, **og vi må ha lov å vente at kommunen har ei offensiv målsetting om å SNU den negative utviklinga i folketalet og ikkje berre redusere den.**

Innspel til arealdelen:

1. **Byggefelt/bustadbygging:** Noverande byggefelt med planlagd utviding bør stå uendra. Elles ynskjer vi å legge til rette for spreidd busetnad og fritidsbustader ved å utvide og/eller auke talet på LNF-B område i bygda:
    a. Flata bak husa i Trondebakken, gnr/bnr 95/12. Området grensar mot sør til utvidinga av byggefeltet.
    b. Arealet nedanfor Sagelvsvegen mellom grova frå skytebana og Solheim, gnr/bnr 95/20.

c. Løbakk, gnr/bnr 93/5, heile bruket på begge sider av Stigedalsvegen. Nedanfor vegen grensar arealet mot sør til eit eksisterande LNF-B område.
d. Brattheim, gnr/bnr 92/6, heile innmarka på bruket. Arealet grensar mot sør til eit LNF-B område på gnr/bnr 92/3.
e. Andre eksisterande «gule» område bør stå som før.

2. **Klassifisering av «Buda» som bustad/næring:** Det er sterkt ynskjeleg at «Buda» på Øygarden, tidlegare butikk og skulestove, no skal kunne brukast til andre formål, til dømes bustad. Då er det naudsynt med endra klassifisering.
3. **Fjerne friområde skibakke:** Friområde som ligg på Øygarden, rett ovanfor «Buda». Bakken er ikkje halden i hevd og vert ikkje brukt.
4. **Teikne inn kraftverk m/røyrgate:** Kraftverket skal ligge i/ved Øygardselva, rett ovanfor friområdet som er omtala i punkt 3.
5. **Teikne inn dynamittlager:** Lageret ligg ca 200 m sør for Øygardselva, i høgde med plangrensa.
6. **Teikne inn steinbrot:** Steinbrotet er ca 150 m sør for Hauesvingen ved riksveg 651.
7. **Fjerne friområde lysløype:** Friområde som ligg på Helset, mellom Småskifta og Helsetnakken. Løypa har ikkje vore i bruk på mange år, og lysa er for lengst borte.
8. **Redusert støysone for skytebana:** Støysona for skytebana må vurderast på nytt for å sjå om ho kan reduserast i utstrekning utan at det går ut over funksjonen til skytebana.
9. **Skuleplassen som aktivitetsområde/leikeplass:** Skuleplassen har sidan han vart opparbeidd seint på 50-talet vore ein populær samlingsstad for born og unge i bygda også etter skuletid. Bjørkedalen har ingen andre opparbeidde område som på same måten kan oppfylle barn og unge sine behov for leik og aktivitet. Med bakgrunn i det som har skjedd i andre bygder der skulen er nedlagd, ventar vi derfor at kommunen lar bygda overta skuleplassen utan vederlag til aktivitetsområde/leikeplass eller driv han sjølv som ein kommunal leikeplass.
   Plan- og bygningslova har etter § 1-1 som formål at planlegginga skal vareta omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår. Planar skal etter første ledd bokstav e:
   «LEGGE TIL RETTE FOR GOD FORMING AV BYGDE OMGIVELSER, GODE BOMILJØER OG GODE OPPVEKST- OG LEVEKÅR I ALLE DELER AV LANDET»
   Kommunen har det primære ansvaret for å innarbeide desse omsyna i planane sine.

Bjørkedalen, den 19. november 2016

For Bjørkedal grendalag

Lars Kåre Kile
-styreleiar-

Viser til arkivsak nr. 2016/963

Merknader til planprogrammet og innspel til arealdelen finn de som vedlegg til denne e-posten.
Eg kan berre beklage at det ikkje vart sendt før helga, men eg vonar ingen hadde bruk for det før måndag i noko fall.

Med beste helsing
Bjørkedal grendalag

Lars Kåre Kile
-styreleiar-

KOMMUNEPLAN FOR VOLDA KOMMUNE – PLANPROGRAM AREALDELEN 2018-2030 Planid 2016005 (saksnr. 2016/963)

MERKNAD FRÅ VOLDA NÆRINGSFORUM

Volda Næringsforum (VNF) vil med dette kome med innspel til Planprogram Arealdelen 2018-2030. VNF sitt utgangspunkt for merknad botnar i eit generelt samfunnsperspektiv, og tek då særleg utgangspunkt i at gode og føreseielege rammevilkår for næringslivet er heilt avgjerande for ei god samfunnsutvikling i Volda.

Volda Næringsforum representerar næringslivet

Volda Næringsforum er høyringsinstans, og sender uttale på vegner av sine medlemmar og samarbeidspartnarar. Volda Næringsforum har i samband med arbeid med kommuneplan, arealdel vore i dialog med sine medlemsbedrifter i og kring Volda. I tillegg har arbeidsutvalet i styret i VNF og næringspolitisk gruppe arbeida med innspel. Bedriftane tilknytt VNF representerer private og offentlege verksemder innan industri, handel, privat tenesteyting og reiseliv, mv. Volda Næringsforum sender inn nokre overordna merknader til planen på vegner av desse medlemmane. Dette utelukkar ikkje at einskilde/grupperinger av verksemder sender inn sine eige merknader.

VNF vil gje ros for eit godt utarbeidd dokument. Planprogrammet gjev i ei god ramme for det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Vår merknad går på tilhøve som vi ser kan gjerast noko meir presise, eller med fordel endrast eller leggast til.

Volda Næringsforum ynskjer tydelegare næringsperspektiv

Generelt oppfattar vi det slik at Planprogrammet har eit noko svakt næringsperspektiv. Planprogrammet skildrar på ein god måte Volda sin uvanleg store andel av sysselsetting i offentleg sektor. Dette er for så vidt eit gode, men ut frå fleire perspektiv er det viktig at Volda-samfunnet er medveten på dei utfordringar dette kan gje. Vi nemner nokre av perspektiva her:

- Nasjonale føringar/politikk gjev signal om at vidare vekst i aktivitet og sysselsetting vil kome utanfor offentleg sektor. Dette vil m.a. medføre at «kampen» om dei offentlege arbeidsplassane vil verte hardare. For å selge inn Volda som destinasjon for ny, eller auke i, offentleg verksemd vert øvrige samfunnsfunksjonar desto viktigare, herunder særleg at Volda sitt næring- og samfunnsliv har optimale tilhøve for utvikling

- For å rekruttere arbeidskraft er det slik at «resten av livet» ut over sjølve arbeidplassen vert stadig viktigare. Dette vil i realiteten seie at vektlegging av næring- og samfunnsliv for øvrig vert desto viktigare

- For å kunne oppvege eventuelt fråfall eller stagnert vekst i offentleg sektor, vil det vere avgjerande at Volda har eit nærings- og samfunnsliv som er gjevne rammer for utvikling som kan vere ei motvekt til eventuell slik manglande vekst i offentleg sektor

Ut frå dette er det viktig at kommuneplanen på ein klargjerande måte synleggjer denne heilt avgjerande føresetnaden for god samfunnsutvikling, og konkret fangar opp behova for å legge tilrette for optimale tilhøve for næringsutvikling.

I eit slikt næringsperspektiv er det for VNF også sentralt å peike på behovet for optimale og ambisiøse rammer for busetnad, idrett og øvrig samfunnsliv.

Behov for tydeleg avgrensa arealformål til nærings- og samfunnsutvikling

Med dette som bakteppe vil vi peike på følgjande element:

- I høve tettstadsutvikling må det kome klart fram at arealdelen bygger på føresetnader og rammer som er tekne opp i tettstadsprosjektet Mellom Bygningane i Volda (MBV), herunder at defineringa av sentrum følger det same sporet. Det er her og sentralt et ein klarare fokuserer på å plassere aktivitetar og tilbod i sentrumskjernen for å styrke den urbane utviklinga av tettstaden, herunder både kulturtilbod m.m., men og ved etablering av arbeidsplassar og offentleg verksemd

- Når et gjeld busetnad og tilhøve til fortetting er det viktig at ein klarare definerer at dette gjeld sentrumskjernen, og at det ikkje ligg i dette at ein opnar for fortetting i allereie etablerte buområde/bustadfelt utanfor sentrumkjernen. Dei gode kvalitetane som ligg i allereie etablerte buområde er sentrale for Volda som busetnadsdestinasjon

- Det vil og vere viktig at ein ved etablering av nye bustadområde ikkje grip inn i randområda til eksisterande område nytta til handel, næringsverksemd, offentleg verksemd, idrettsverksemd m.m. På dette området må ein ha eit tidsperspektiv som går langt ut over 2030.

- Arealdelen må fange opp at industrien og deler av næringsverksemdene har behov for areal som er eksklusive for industri, industriell service, anleggsverksemd o.l.. Det vil vere nødvendig at det i desse områda ikkje vert blanda inn andre aktivitetar som på kort og lang sikt utfordrar desse verksemdene sine rammevilkår.

Nokre andre moment:

- Havbruksnæringa er av dei næringane som har potensiale for betydeleg vekst. Det er difor særs viktig at ein i planarbeidet samarbeider med næringa for å sikre konkrete lokaliseringar, infrastruktur og rammevilkår som sikrar rom for slik vekst

- Volda har framleis potensiale til å ta ein større del i den internasjonale dugnaden for produksjon av rein energi. Det er viktig at ein i planprosessen har god dialog med energinæringa slik at arealdelen konkret synleggjer rammer og lokaliseringar som gjev rom for å ta eit enda større ansvar på dette området. Ein

bør og i planarbeidet t.d. vurdere om Volda har potensiale for plassering av anlegg for vindkraft

Volda Næringsforum som ressurs i det vidare planarbeidet

VNF ser føre seg å verte nytta som ein ressurs i det vidare planarbeidet, og vi vil då meir utfyllande kunne gje innspel både på punkta over og andre tilhøve som kan verte aktualisert etter kvart.

Vi legg og til grunn at MBV vert nytta som tilsvarande ressurs i det vidare planarbeidet når det gjeld sentrum og tettstadsperspektivet.

På vegner av VNF

Med vennleg helsing

Stefan N. Halck - sign -

Dagleg leiar, Volda Næringsforum

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda,
Lokallag i Norges Naturvernforbund.

INNSPEL TIL PLANPROGRAM FOR AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN FOR VOLDA 2018-2030

Naturvernforbundet i Volda og Ørsta takkar for invitasjon til å kome med høyrings-innspel. Vi registrerer med glede at Klima og miljø skal gå inn som gjennomgåande perspektiv i alle hovudtema, og at dette også er eitt av dei tema samfunnsdelen gjev overordna føringar for. Mange av dei omsyna NNV er opptekne av er godt ivaretekne i planstrategien; vi vil berre undrestreke kor viktig det er at denne delen av planarbeidet vert prioritert. I den grad lokallaget kan bidra med meir konkrete innspel i det vidare arbeidet, gjer vi gjerne det.

Klimaendringar og tap av biologisk mangfald er, slik vi ser det, nokre av dei største utfordringane vi står overfor i åra som kjem. Skal vi nå 2-(eller 1,5)-gradersmålet, må klimagassutsleppa reduserast drastisk på kort tid. Kommunen må både i eigen regi og som tilretteleggar for næringsliv og innbyggarar, gjere det enkelt å handle klimavenleg. Ein må og legge stor vekt på å førebygge skadeverknader av dei klima-endringane vi veit vil kome. I denne samanhengen gjeld det i hovudsak kommunen som planmynde.

KLIMA

Den vedtekne klimaplanen for Volda må, saman med andre føringar, ligge til grunn for arealplanlegginga. Vi veit at transport er ei stor utsleppskjelde. I planstrategien vert det peika på tre viktige faktorar: samordna areal- og transportplanlegging, betre kollektivtilbod og fleire gang- og sykkelvegar. Vi vil nemne nokre moment:

Samordna areal- og transportplanlegging:

- Svært viktig å tenkje transport ved planlegging av nye bustadfelt og nærings-etableringar. Stikkord: fortetting og nærleik til kollektivtrase/ kollektivknutepunkt
- Halde på ei restriktiv linje når det gjeld kjøpesenteretableringar utanfor sentrum
- Samarbeide med fylket og FRAM for å få eit kollektivtilbod som er betre tilpassa behova til pasientar/studentar/tilsette ved dei store arbeidplassane (sjukehuset, høgskulen og vidaregåande) enn i dag for å få fleire til å reise kollektivt. Her må ein sjå over kommunegrensene med tanke på den store arbeids- og skulependlinga i regionen
- Ringruta i Volda sentrum må utvidast til å fange opp dei nye store byggefelta.
- Bussterminalen på Moritzmarka må byggast ut med venterom og toalett, og vi må få fleire «busskur»
- For bygdene må ein prøve ut fleksible løysingar med tingingstransport som alternativ til store bussar med få passasjerar
- For bygdene er ferja ein viktig del av transporttilbodet; her må opningstider og frekvens

betrast, og ein må arbeide for 0/lågutsleppsferjer
- Fleire ladepunkt for elbilar ved dei store arbeidsplassane/ offentlege institusjonane.

Gang- og sykkelvegar:
- Å få fleire til å gå og sykle er viktig folkehelsearbeid, så her bør der vere eit godt grunnlag for samarbeid med folkehelsekoordinator! Kanskje få eit samarbeid med Høgskulen for å redusere parkeringsproblema der
-Med tanke på den store pendlinga mellom Volda og Ørsta må gang- og sykkelvegen fullførast, også med tanke på trase når ein kjem inn i Volda sentrum
-Gang- og sykkelvegnettet i Volda sentrum må fullførast, m.a. ved systematisk søknadsarbeid inn mot fylket.
-Elsykkelen vil truleg få mange fleire på sykkelsetet, noko som kan auke konflikt-nivået mellom gåande og syklande. Gang- og sykkelvegane bør difor todelast med ei «fil» for sykkel og ei for gåande

Parkeringsrestriksjonar:
- For å redusere unødig bilkøyring bør ein vurdere parkeringsrestriksjonar i sentrum og rundt dei store arbeidsplassane

ENERGIRUK

Energieffektivisering og auka bruk av ny fornybar energi som ikkje kjem i konflikt med viktige naturverdiar er viktig av omsyn til klimaet, men også for å unngå kontroversielle utbyggingar av vass- og vindkraft.
- Kommunen bør legge til rette for/ stille krav om auka bruk av ny fornybar energi, t.d. frå jord og sjø, ved nye utbyggingar
-Ein bør også stille krav til energieffektivitet ved nye utbyggingar
-Har vi tilbod om landstraum på Volda ferjekai?

BIOLOGISK MANGFALD, NATUROMRÅDE OG TILRETTELEGGING FOR FRILUFTSLIV OG NATUROPPLEVINGAR

Artar forsvinn i høgt tempo, naturområde vert bygde ned og ulike typar inngrep forringar høvet til friluftsliv og naturopplevingar. Planarbeidet må sikre at Volda kommune tek vår del av ansvaret for å følgje Naturmangfaldlova. Vi må:

-Ta vare på så mykje som mogeleg av inngrepsfri natur.
-Bruke artsdatabase og naturtyperegistreringar som grunnlag for kvar ein kan planlegge nye inngrep (og kva som evt. bør vernast).
- Bli medvitne om kva art Volda kommune har spesielt ansvar for å ta vare på.
- Kartlegge viktige myr- og våtmarksområde og hindre utbygging som forringar desse.
- Støtte eit landbruk som tek vare på artsmangfaldet i slåtteengene og naturbeita.
- Hindre at uønska arter breier seg i kulturlandskapet.
- Kartlegge eksisterande inngrep i elvar, strandsone og vassdrag, og revidere kystsoneplanen (også naudsynt med tanke på oppdrettsnæringa).
- Vakte om verna vassdrag.
- Kartlegge viktige leveområde/ trekkruter for vilt og unngå inngrep i/

avskjering av desse.
- Støttar alt som står om bevaring av grøntstruktur, og minner om at «snarvegar» som er «delprivatiserte» må opnast att.
- Støttar framlegget om vidare arbeid med bevaring av sætremiljøa.

FØREBYGGING AV RAS OG FLAUMAR

Støttar framlegget om ny ROS-analyse som grunnlag for førebygging mot følgjer av klimaendringar
- Vurdere kva følgjer den omfattande flatehogsten i kommunen har for ras og flaumar
- Er vernskoggrensene i eksisterande plan tilstrekkelege til å hindre ras og flaumar?
- Kva med byggelina langs sjø med tanke på havstiging?

FORURENSING

Med tanke på vasskvaliteten i fjordane våre må det vere eit mål å sikre at alle utslepp vert rensa (kloakk, avfall frå fiskeoppdrett, utslepp frå industri, avrenning frå jordbruk mm). Sjølv om vatnet i fjordane våre stort sett rensar seg sjølv på grunn av stor djupn og sterke straumar, har vi også eit ansvar for kvar forurensinga tek vegen utanfor vårt område. Ut frå ny kunnskap om marin forsøpling og kjeldene den kjem frå, er det også viktig å setje i verk tiltak for å overvake bekkar, elvar og strender med tanke på marin forsøpling.

AREALDELEN

Med tanke på naudsynt fortetting av busetnad er det viktig å blinke ut kva område som eignar seg for dette og kva område som bør skjermast. Dette gjeld både sentrum og bygdene. Det er og etter vårt syn naudsynt å setje "marka-grenser".

Mork/ Berkneshalvøya:

Fureskogområdet mellom Håskjold og Morkaåsen er eit verdfullt naturområde som bør takast vare på for friluftsføremål. Området bør difor skjermast for utbygging, og det må opparbeidast gode tilkomstvegar frå byggefelta (sjåskravering på vedl. kart).

Også Voldadelen av Hovdevatnet og Håskolltjørna er viktige våtmarksområde bade med tanke på fugleliv og friluftsliv.

Både Helgehornet og Lidaveten er attraktive turområde, som ikkje må forringast korkje når det gjeld areal og opplevingsverdi. Her trengst ikkje meir tilrettelegging.

Tilkomst til dei allereie regulerte friluftsområda på Mork/ Egset må sikrast. Det

bør etablerast eit samanhengande friluftsområde frå Morkavika til Egsetstranda med lett tilkomst for bebuarane i det nye, store bustadområdet på Egset og i Morkaåsen. Sjå skravering på kart.

Berkneset (sjå kart) er eit anna verdfullt friluftsområde der dispensasjons-praksisen bør strammast kraftig inn.

Yksnøya er eit verdfullt kulturlandskap og friluftsområde som etter vårt syn bør få status som landskapsvernområde. Det bør difor ikkje opnast for private utbyggingsprosjekt på øya.

Når det gjeld bustadbygging, bør det vere råd å finne område for fortetting som ikkje kjem i konflikt med friluftsføremål eller dyrkajord.

Sentrum:

Vi viser til det vi tidlegare har sagt om fortetting i sentrum og langs kollektivaksane, men meiner likevel det bør setjast ei "markagrense" for bustadbygging i lia nord for sentrum, t.d. på kote 300. Med tanke på aukande risiko for ras og flaumar må ein her vere svært medvitne om vernskoggrensa.

Friluftsområdet på Munken bør få ein trygg tilkomstveg, og det bør leggast betre tilrette for tilkomst til friluftsområdet på Andaneset.

Med tanke på den store bustadutbygginga i Engeset-Klepp-Håmyra, bør det opparbeidast ei turløype/trasé, som kan sporleggast for ski om vinteren, frå dette området til skianlegga på Reset. Etter det vi kjenner til er det tidlegare sett av midlar til planlegging av dette.

Dei grøne korridorane frå bustadfelta og ut i marka må sikrast og haldast opne.

Veg til Rotsethornet bør etter vårt syn gå ut av planen.

Området mellom Scana og Garvarbuda, som inneheld ein av dei siste restane av naturfjøre i sentrum, bør ryddast og tilretteleggast for allmenn ferdsel og friluftsliv.

Rotevatnet, Øyraelva og Elvadalen utgjer ein verdfull vassdragsnatur og eit økosysten som bør vernast om gjennom planarbeidet, t.d. ved etablering av ei buffersone langs vassdraget.

Austefjord:

Årsetøya er og eit svært verdfullt natur- og kulturlandskap som må takast godt vare på for ettertida.

Fjellområda sør for Austefjorden, avgrensa av Bjørkedalen, Hornindalsvatnet og Kvivsvegen er eit stort samanhengande fjellområde med få tyngre inngrep. Slike område er relativt sjeldne på Sunnmøre, her det til vanleg er kort avstand frå fjord til fjord. Dette har stor verdi for vilt, fisk og friluftsliv, det er lett tilgjengeleg frå fleire innfallsportar, og difor bør ein etter vårt syn vere restriktiv når det gjeld hyttefelt, vegbygging/ skogsvegar, kraftlinjer o.l. Sjå kartvedlegget.

Mørevassdraget (vassdraget frå Grøndalsvatnet til Austefjorden) har i dag eit forvaltningsregime som ikkje sikrar ein god økologisk kvalitet. Dette kan rettast på gjennom ein revisjon av konsesjonsvilkåra.
Dette kan mellom anna ha negative følgjer for paddebestanden ved Litlevatnet, I tillegg til fisk, fugl og friluftslivinteresser.

Når det gjeld bustadbygging bør det fortettast vidare i Fyrde sentrum utan å kome i konflikt med det verdfulle øyralandskapet og dyrkamarka.

Folkestad, Straumshamn og Bjørkedal:

Olivinskogen i Bjørkedalen treng eit strengare verneregime enn det frivillige vernet som er der i dag. Den ligg som A-kvalitet i naturbasen. Særleg den gamle olivinskogen på Tjørnanakkane treng eit forsterka vern.

Dalsfjord, Lauvstad, Velsvik:

I Steinsvika bør ein sjå til at anadrom laksefisk kan gå opp i Vassbakkevatnet og heilt fram til Fremste-vatnet.

Vidare bør ein ha ei restriktiv haldning til fleire oppdrettsanlegg, ikkje minst av omsyn til dei rike villfiskressursane i fjorden.

Området rundt Storlivatnet og Dansen kan eigne seg for vidare hytteutbygging.

Vi legg ved fem kart med omtrentlege skraveringar og påteikningar. Desse vert levert direkte på planavdelinga.
Vi ser fram til å ta del i prosessen vidare fram mot ein bindande plan.

NATURVERNFORBUNDET

Volda kommune



Eit areal som bør vurderast som landskapsvernområde.
Restriktiv forvaltning med omsyn på -nye bygg/påbygg
- motorisert ferdsel
- kraftlinjer
- skogsvegar
- o.l.

NATURVERNFORBUNDET

buffer-sone
rundt elv og vatn

Området / strandlinja
mellom Garveriet og Scana V.
må regulerast til
friområde og gjerast
tilgjengeleg. Opprydding!

Veg til Rotsethornet

N

utsnitt arealdel - situasjon
HI
10.11.2016
Målestokk 1:10000
Sektor for Utvikling,

NATURVERNFORBUNDET

områder med stenge
restriksjonar på bruk av
innhegning og ferdsels-hindringar.
Byggeforbod.

fril.omr.

fril.omr.

N

utsnitt arealdel - situasjon
HI
10.11.2016
Målestokk 1:5000
Sektor for Utvikling,

NATURVERNFORBUNDET

Høskjæl-hjønna: Fuglelivet treng ro og fred. Buffersone mot veg og ingen nye inngrep.

Skravert område bør ein unngå inngrep

Høgdedrag med fin, verdifull gammal furuskog. - Og verdifult område for friluftsliv/tursti.

NYTT (utvida) friområde

(NY) TILKOMST

N

utsnitt arealdel - situasjon
HI
11.11.2016
Målestokk 1:10000
Sektor for Utvikling,

Høyring, arealdel av kommuneplanen.

Uttale frå Volda MDG:

Side 14, punkt 5.2 og 5.3 nemner "målsettinga om å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene". Dette må endrast til "målsettinga om å snu den negative folketalsutviklinga på bygdene".

Side 15, punkt 5.4: Arealstrategiar for fritidsbusetnad, setrar og naust.
Få med at vôrar, småbåthamner og moloar skal fungere som fellesløysingar for grender, ikkje einskildprosjekt for grunneigar.

Konkrete forslag:

Samferdsel

Drivstoffstasjon på Øvre Rotset
Flytte bensinstasjon frå sentrum til næringsområde ved E39 og Rotsethorntunnelen.
Grunngjeving: Sentrumsarealet er for verdifullt til å bli nytta til bilvask og drivstofftanking. Med E39 gjennom Voldatunnelen vert det trong for drivstoff der bilane ferdast.

Snarvegar
Kartlegge, gi namn til, og skilte snarvegar i heile kommunen. (Behov for utgreiing, side 16)
Grunngjeving: Det kryr av snarvegar i bustadfelta og på bygdene. Å skilte desse vil gi god informasjon til gåande i Volda, det er eit framifrå folkehelsetiltak som kan redusere bilkøyring. Det vil også avklare kva snarvegar som grunneigarane synest er OK.

Nei til Rotsethornveg.
Grunngjeving: Veg frå Vassbotnen til toppen av Rotsethornet er unødvendig og eit stort inngrep i naturen. Den vil føre til meir klimagassutslepp og dårlegare folkehelse.

Sambinding Bjørnevegen (svingen) - Raudemyrvegen
Kommunen bør vurdere trase for samanknyting.
Grunngjeving: Unngå trafikk ved Bratteberg skule og redusere unødvendig bilkøyring.

Ikkje ny bru over Øyraelva
Vegvesenet har planar om ny skråbru til 55 millionar til erstatning for eksisterande bru mot Industrivegen. Eksisterande bru vil dekke framtidig behov.
Grunngjeving: Eksisterande bru dekker behovet godt i framtidig trafikksystem i sentrum når gjennomgangstrafikk går gjennom Voldatunnelen. Ny skråbru vil føre trafikken mot Hamnegata, dette er uheldig og unødvendig, og er i konflikt med sentrumsplanen som ynskjer tilnærma bilfri Hamnegate. Det er difor ideelt at eksisterande bru kan leie bilane gjennom Industrigata også i framtida. Det er berre vogntog som har vanskar med krysset ved brua no, dette løyser seg når den trafikken er borte.

Gangfelt
Alle kommunale fotgjengarfelt skal vere måla og fartsdumpar skal vere skilta eller merka.

Grunngjeving: Dette har det vore elendig vedlikehald på siste året. Tiltaket vil gjere det tryggare fotgjengarar som dermed vil gå meir. Folkehelsa blir betre og bilkøyring vert redusert.

Tilkomst til Munken
Bygge "gangbru" frå i rullestolbreidde frå ferjekaikrysset over taka på naustrekka og sti med rullestolbreidde vidare til Munken.
Grunngjeving: Måtehald. Vegvesenet og bomvegpakken for Volda/Ørsta ynskjer nytt vegkryss mot ferjekaia og gang- og sykkelveg derifrå til gangvegen ved Frøholmfeltet. Vegkryss trengs, men ny gang og sykkelveg er kostbart med store ubøtelege inngrep i strandsona. Det er også unødvendig når vi får redusert trafikk etter at Voldatunnelen er på plass. Ved god skilting kan gjennomfartssyklistar leidast gjennom Gamlevegen. Syklistar som skal til Munken kan parkere ved ferjekaikrysset, og gå til Munken på den nye gangbrua/stien.

Gangfelt ved Sanitetshuset og aust for parkeringa til Munken.
Busslomma ved Sanitetshuset er ikkje trygg for folk som må krysse E39 frå Frøholmfeltet før ein får eit gangfelt der. Den gamle snarvegen frå Engeset gir god tilkomst til Munken og naustrekkene dersom ein får på plass eit gangfelt over vegen.
Grunngjeving: Folk på Engeset og Frøholmfeltet manglar trygg tilkomst til strandsona ved fjorden.

Tunnel til Håmyra
Vurdere tunnel til Håmyra frå Voldatunnelen (ca 200 m), inkludere parkeringshall.
Grunngjeving: Samleveg frå sentrum til Engeset, Klepp, Urbakkfoten og Håmyra er problematisk og dyr, med trong for oreigning. Kostnaden må samaliknast med ein kort tunnel, som kan leide trafikk direkte frå bustadfelta via Voldatunnelen mot Ørsta og mot Høgskuleområdet. Det vil gjere vegane i området langt tryggare å ferdast på for fotgjengarar og syklistar. Tunnel vil vere særleg viktig dersom ein skal utvide bustadområda oppover og vestover, med anleggstrafikk til eit område som kan få fleire tusen innbyggarar.

Areal til framtidig t-bane
Endestasjon nedanfor Tingretten kan bli aktuelt når folketalet doblar seg.
Grunngjeving: I eit langtidsperspektiv kan det bli trong for skinnegåande tunnelbane mellom Volda og Ørsta sentrum. Det er no jordbruksland nedanfor Tingretten, dette må ikkje omregulerast for andre formål enn eventuell t-bane.

Gamle Austefjordvegen
Vegstrekninga frå Andaneset til Grevsneset må bli med i oversikta over kommunen sine verneverdige kulturminne og kulturmiljø som Klima- og miljødepartementet skal registrere innan 2020.
Grunngjeving: Særmerkt og historisk avansert vegbygging i stupbratt og rasfarleg terreng.

Leik og friluftsliv

Tursti frå Årneset til ridebana.
Tursti med turistforeningsstandard vil vere billig og god nok standard.
Grunngjeving: Planane om turveg rundt vatnet må avgrensast mest muleg og leggast slik at terrenget enkelt kan omgjerast til jordbruksland i ettertid. Rullestolar og barnevogner kan nytte vegen lenger oppe på sin tur rundt vatnet.

Trapp i naturstein frå Kalsethola til Aksla
Grunngjeving: Stien til Aksla er i dag basert på bratte stigetrinn utan god sikring. Steintrapper har vist seg å vere trygge og attraktive turløyper som aukar utfarten til fjells. Det vil også vere eit godt tiltak for reiselivsnæringa.

Skogsveg mellom Engeset/Klepp og Reset
Det manglar no berre 200 m for å få ein samanhengande skiløype/tursti/skogsveg.
Grunngjeving. Folkehelsetiltak. Dette er eit særleg godt tiltak for skiløparar som med ei slik løype kan kome seg mellom dei store buområda og skisenteret utan bruk av bil.

Utandørs leike- og aktivitetsområde.
Installere 10 leikeapparat i naturmateriale ulike stader i sentrumskjernen.
Tilrettelegge for fysisk uteaktivitet rundt dei store bygga rundt Høgskulen, ny idrettshall, nye Øyra og Ungdomsskulen etter ein samla plan. Unngå kunstgras.
Grunngjeving: Leik er utviklande for born på mange vis. Per idag har vi berre eit leikeapparat i sentrum. Der det finst barn, finst også vaksne. Det er også god strategi for handelsnæringa. Barn og ungdom treng å møte anna enn plastgras og innandørs treningslokale, av helsegrunnar (auke i allergi- og astma) må borna ha meir nærkontakt med naturen.

Kunstgrasbaner
Kunstgrasbanene bør etter kvart erstattast med naturgrasbaner.
Grunngjeving: Meir enn eit tonn med granulat forsvinn frå kvar bane i året, og endar til slutt i havet som mikroplast. Fotballforbundet tilrår å skifte ut kunstgraset kvart tiande år. Dette er eit produkt med utruleg dårleg haldbarheit, i løpet av 100 år vil ei bane forbruke opp til 10 kunstgrasdekke. Idrettsanlegg med eit så enorm plastforbruk er ikkje berekraftige. Evigvarande naturgras er eit perfekt alternativ.

Naturmangfald og landbruk

Gjeldande kystsoneplan må reviderast og tilpassast paragrafar om føre-var-prinsippet i Naturmangfaldlova.

Havbruk:
Ingen auke i tal på lokalitetar eller auke i storleiken på lokalitetane.
(No: 15 lokalitetar for havbruk; av dette to skjelanlegg, tre settefiskanlegg og resten matfisk (laks, aure, regnbogeaure og torsk).
Grunngjeving: Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova. Livet i sjøen er skjørt, lusemiddel og medisinbruk frå oppdrettsanlegga spreier seg i sjøen.

Opprette to fredingssoner for hummar.
Ei sone i Dalsfjorden og ei sone i Austefjorden, areal i samråd med Fylkesmannen.
Grunngjeving: Hummarbestanden er truga. Volda kommune kan bidra til å støtte hummarbestanden. Fredingssoner gir god effekt på kringliggande områder.

Grustak
Lage ein samla plan for masseuttak for stein og grus, med avvikling av steinbrot i Alida og Grevsneset.

Grunngjeving: Situasjonen no er ikkje under kontroll. Steinbrota må ha klare grenser for sine uttak, og tidspunkt for avvikling og istandsetjing må avtalast.

Fjerne svartelista plantearter:
Registrere svartelista plantearter og utarbeide strategi for fjerning av desse.
Grunngjeving: Desse spreier seg i stor fart, særleg der anleggsmaskiner har vore i aktivitet. Kommunen må gi entreprenørar klare reglar for å unngå spreiing.

Matjord og landbruk:
Kommuneplanen sin arealdel må ha klare føringar for å ta vare på matjord og landbruksområde. Bruka på Rotset og Mork må ikkje bli bli omregulert. Sentrale grøntareal kan regulerast for andelslandbruk og parsellhagar.
Grunngjeving: Beredskapstiltak for framtidige generasjonar. Det er langt frå sjølvsagt at vi kan importere mat og basere oss på importert masseproduksjon i all framtid. "Følgje opp nasjonale føringar for eit strengt jordvern" sitat Planutvalet/Landbruksavd.

Dyrka mark som ikkje er utnytta:
Kommunen må ha oversikt over matjord som ligg brakk, og ikkje vert utnytta, og ha verkemiddel som kan halde jorda i hevd.
Grunngjeving: Attgroing av dyrkamark er eit problem mange stader i kommunen.

Svartelista treslag:
Få eit oversyn over sitkagranfelt og andre svartelista treslag i kommunen, og ha som mål å ikkje nytte slike treslag ved nyplanting. Fjerne sitkagran der den spreier seg utanfor produktiv skog.
Grunngjeving: Fremje naturmangfald og stoppe svartelista plantearter.

Opne overbygde bekkar og elvar i sentrum.
Svært mange bekkar i sentrum er overbygde. Der det er råd bør desse opnast.
Grunngjevnad: Rennande vatn er eit framifrå trivselselement. Det motiverer også folk til å halde elvane reine.

Bustad og næring

Prinsippet om å legge bustadområda utanfor matjord er særs viktig. Sjå også punkt om naturmangfald og landbruk.

Nedgravde avfallsløysingar.
Satse på nedgravde avfallsmottak i tettbygde bustadområde og på bygdene.
Grunngjeving: Når eigen dunk for matavfall vert innført vert det 4 dunkar per husstand. Dette er for mange i tettbygde strøk. For bygdene vil det gi meir effektive henterutinar for VØR.

Småbrukliknande tomter
I samråd med grendelaga finne litt større, småbrukliknande tomter i bygdene.
Grunngjeving: Dette er det høg etterspurnad etter. Folk som vil busette seg i grendene er ute etter meir enn ei standard bustadtomt. Om det ikkje er plass til å sette opp eit uthus og ha ein sau eller tre, hønsegard og liknande, så vil folk like gjerne bu i sentrum.

Bustadfelt
Regulere Urbakkfoten for einebustader og på oppsida av Egsetstranda for terassehus.
Grunngjevnad: Stette mangel på ordinære bustadtomter for folk som vil bygge eige hus. Egsetstranda vil bli attraktiv når E39 vert lagt i tunnel.

Variert arkitektur
Kommunen må vere restriktiv til utbyggingsplanar med store einsarta "fuglebur" med høg tomteutnyttingsgrad. Kommunen bør vere restriktiv til bustadhus med flate tak, og byggehøgde i sentrum bør avgrensast til 5 etasjer.
Grunngjevnad: Trivsel og estetikk heng i hop. Lange rekker med einsarta byggestil har det ikkje vore tradisjon for i Volda før siste åra.

Parkeringskjellar
Større nybygg i sentrumskjernen skal ha parkeringskjellar.
Grunngjevnad: Avgrense areal til parkering i verdifullt område for fotgjengarar, bustader og næringsbygg.

Omregulere vegen mellom rådhuset og legesenteret til bygningsklar tomt.
Grunngjeving: Vegen og parkeringsplassen mellom desse bygningane er dårleg utnytting av verdifullt areal. I framtida kan eit bygg her nyttast til bustadar i øvre etasjar og offentlege tenester på gateplan, og parkeringskjellar.

Helikopterplass ved sjukehuset
Unngå utbygging i området som kan redusere helikopterberedskap for sjukehuset.
Grunngjeving: Støtte lokalsjukehuset og beredskapen.

Volda 18. november 2016

Miljøpartiet Dei Grøne Volda
Helge Standal, leiar

Volda Kommune

postmottak@volda.kommune.no

Egset 11.11.2016

Mork Grendalag

v/ Leiar Jan-Norvald Jønsson

Innspel og merknader til arealdelen/planprogrammet, saksnr. 2016/963.

Her er innspel til kommuneplanen frå Mork Grendalag. Noko av det har vi sendt inn før medan anna er nytt. Det er prøvd å sette inn under gjeldande kapittel.

1. Sentrumsutvikling og senterstruktur

2. Busetting

2.1 Framtidige tomter/Bustadbygging.
Det er **NOK** små bueininar, for framtida må det stilles krav til større 2-mannsboligar, med 3 til 4 soverom, og einebustadar.
Området Morkaåsen, er og det siste på Mork som egner seg for utvikling av tomter. Ein kan ikkje nytte meir dyrkamark til bustadformål.



Gammal rett til gjennomgang?
Skogsveg over Pålmarka/Rota er ønska ivaretatt som skuleveg (gangsti). Vegen treng ikkje å gå gjennom tunet, men kan leggast om litt, for eksempel mot nord. Dette er ønskjeleg å få til i samarbeid med grunneigar.

2.2 Egsetstranda

Mulig etablering av **bustadfelt** i ei sone på sørsida av Ørstavegen frå Vikeneset til Egsetsvingen, etter Volda tunnelen er komt. Dette kan vere noko probelmatisk med hensyn til 100-metersregelen, med skal la seg gjere ved å lage gang-/trillesti langs fjøra. Slik sikrar ein og allemannsretten.



Mork grendalag v/leiar: Jan-Norvald Jønsson jan.n.jonsson@gmail.com

3 Offentlege og allmenne formål

3.1 Mork skule og Mork barnehage har akutt utvidingsbehov.

Vi viser til at Gamleskulen, som snart er 63 år, har ein dispensasjon til 31.01.2017.

Ei løysing kan vere å rive gamleskulen og bygge ny skule på om lag 25m x 35m, med 2 ½ etg. Det vil gi eit bygg på 1500m^2 til 2000m^2 BTA, med ein kapasitet på 150 -200 elevar. Dette vil sikre gode arbeidsforhold for lærarar og elevar.



Gamleskulen stettar ikkje begrepa knytta til bygningsmessig tilpasnings-dyktigheit. Romma har ein størrelse og ei utforming som gjer at dei ikkje kan brukast til fleire typar aktivitar

eller brukargrupper. Skular skal ha fleksibilitet, romma skal på ein relativt enkel måte kunne endrast i storleik, innreiing og utstyr for å tilretteleggjast for forskjellige aktivitetar og brukargrupper. Bygningsmassa i gamleskulen har ikkje ein slik elastitet, og legg ikkje til rette for at bruken kan vekse eller minke.



Eit anna overordna mål er å skape eit miljøvennleg bygningsanlegg med sunt inneklima og lav energibruk.

***Universell utforming**:* Den offisielle norske definisjonen er utarbeidet av Miljøvern-departementet*, sist i 2007: *«Universell utforming er utforming av produkter og omgivelser på en slik måte at de kan* brukes *av alle mennesker, i så stor utstrekning som mulig, uten behov for tilpassing og en spesiell utforming»*.

**Miljøverndepartementet. Begrepsavklaring. Temarapport T-1468. Oslo, 2007.*

Trappa frå kjeller til første etasje er truleg ikkje godkjent, bratt stigning, for lågt og ikkje barnesikkert rekkverk, handlist manglar.

Veiledande arealbehov per person i skulen er 2,0m^2 brutto golvareal per person, og der er smertegrensa nådd no tenker vi?

3.2 Alternativ: Avtale med Ørsta kommune.

Få ein snarleg avtale med Ørsta kommune om å byggje ny felles skule for Hovdebygda og Morkabygda på Langemyra. Dette er eitt godt og meir langsiktig perspektiv. Då kan ein ha felles skule, barnehage og idrettshall for Morkabygda og Hovdebygda plassert på Langemyra. Ved at ein fjernar/tek vare på matjord i området, så kan det fyllast ut med tunellmasse frå Voldatunellen. Raudt området på kartet er ca. 120 dekar, som kan nyttast til arelae for skulen. Med tilkomstveg frå Furene vert dette ei god løysing. Gamleskulen på Mork er snart 63 år og Hovden skule er over 50 år. Sentrumsskulane i både Volda og Ørsta er for små, også nye Øyra skule. Dette er ein vinn-vinn-situasjon for begge kommunane. I tillegg har desse to bygdene allereie eit godt samarbeid innan idretten.

4 Fritidsbusetnad, setrar og naust.

5 Landbruk og næringsliv

5.1 Gjenværande og driveverdige gardsbruk og dyrka mark, **MÅ** sikrast til framtidig landbruk.

5.2 Næringsområdet i Furene har nådd eit mettingspunkt, og bør ikkje utvidast meir enn det som no er planlagt.

6 Transport og kommunikasjon

6.2 Tilkomst Langemyra-Morkaåsen.

Det må byggast ny samleveg med fortau til Langemyra og byggefelt i Morkaåsen, på grunn av den store utbygginga dei siste åra.

Mork grendalag v/leiar: Jan-Norvald Jønsson jan.n.jonsson@gmail.com

6.2 Trafikken rundt dagens skule og barnehage

Det er behov for utviding av veg og snuplass. Vegen må verte omregulert til kommunal hovudtilførselsveg opp til skulen, med gangveg. Det må og verte skilta til skule, barnehage og grendahus.

Gangveg langs Fv47 mellom Olaskogen og Gamlevegen til Eikrem.

Det må verte gjennomkjøring forbudt på Morkavegen frå krysset opp til skulen og barnehagen, til Korsen. Ny tilkomstveg til skule og barnehage leggjast ved krysset til Morksenteret. Morkavegen må og få fartsdumpar og 30 km sone.

Skilta og oppheva fotgjengarfelt over FV47.

Fartsgrensa 60 km/t på FV47 må forlengast vestover til ein er forbi **siste garden/husa på Eikrem**. Dette er aktive gardsbruk og det er stor fare for ulykke med fartsgrense på 80 km/t. Grunneigarane har meldt om fleire nesten-ulykker mellom møtande køyrety.

Ein må forbetre gatelys ned mot Rydet og Morksentert og etablere gangveg på strekninga.



Mork grendalag v/leiar: Jan-Norvald Jønsson jan.n.jonsson@gmail.com

6.3 Egset svingen

Ein **MÅ stenge 5 på/av kjøringer** og redusere dei til **2 stk**, ved å bygge ny tilførselsveg. Sørgånade busslomme ved gamle-butikken og den nye undergangen bør **knytast saman**. Dette bør utførast **NO** når ein held på med undergangen på E39.

Gult felt, mogleg etablering av nytt byggefelt, sjå punkt 2.2.

6.4 Korsen/ Furene /FV47

Ny busslomme med busskur til passasjerar/elevar som skal til ungdomsskulen. Etter omlegging av bussruter blir passasjerar/ elevar ståande i Korsen og vente på skuleskyss. **Krysset treng og forbetringar.**

Oppheva og skilta fotgjengarfelt ved Olaskogen og i Korsen.

Gjennomkjøring forbudt på Morkavegen mellom Korsen og krysset opp til skulen/ barnehage. Ny/forbedra tilkomstveg opp ved krysset til Morksenteret.
Samt fartsdumpar og 30 km sone på strekninga Korsen til Morkavegen 45, sjå også punkt 6.2.

Lederekkverk for gåande og syklistar, for å lede dei bort til det oppheva gangfeltet på Berknesvegen frå Olaskogen til Korsen. Til dømes likt det som er i rundkjøringa ved busshaldeplassen i Volda, mellom Røysgata og Rådhusgata.

Mork grendalag v/leiar: Jan-Norvald Jønsson jan.n.jonsson@gmail.com

→ På **Håskoldvegen** må det komme gatelys og **50 km** sone frå Eikrem og Ytrestølen v/kommunegrensa, og ned til Korsen. Det er mange som går tur her året rundt, og fara for ulykker er stor.

→ **FURENE**, frå FV47 til busshaldeplassen ved Furene AS.
Det må omregulerast til maks **50 km** sone. I tillegg må **det snarast komme fortau og gatebelysning** frå Berknesvegen til Tilseth. Denne vegen har hatt ei ekstreme trafikkauke i Furene. Industriområdet har fått ei eksplosiv auke av kjørety, døgnet rundt. Men vegen er også svært mykje brukt av fotgjengarar på tur, eller på veg til butikkane. Det er mange syklistar i området, og mange som syklar gjennom på veg til og frå jobb i Ørsta og Volda.



Mork grendalag v/leiar: Jan-Norvald Jønsson jan.n.jonsson@gmail.com

6.5 Flytting av Lauvstadferja

Morkabygda seier **NEI** til flytting av ferjekai, saman med ca. 50% frå Vestsida.
Fylket vedtok at den skulle inn i investeringsplanen. Men det vart sagt at det IKKJE var midlar dei neste 20 åra, og det vart også sagt at det IKKJE skulle takast jordbruksareal. Om 20 år er det ingen som byggjer nye ferjekaier. Det vil dessutan gi vanskelegare og dyrare pendlarmoglegheiter for dei som skal til Volda sentrum frå Lauvstad, då dei anten må ta med bilen over eller nytte seg av kollektiv transport. Det vert heller ikkje tidsbesparande, det tek ca. 10 minutt å køyre bil frå Eikrem til Volda sentrum. Buss mellom Volda og Ørsta vil bruke ca. 20 til 30 minutt lengre tid ved å gå om ny ferjekai.

Eikrem: FV 47 ligg på **ca 30 m.o.h.** Lengde på inntegna veg ned til «ny» ferjekai har ei lengde på ca. 150 til 250 m, som vil gi om lag **15 % stigning**. Ny påkoblingen kjem i tillegg svært nær svingen rundt Eikremshammaren.



Morkavika: Ei ny ferjekai vil rasere 3 stk driveverdig gardsbruk.

Mork grendalag v/leiar: Jan-Norvald Jønsson jan.n.jonsson@gmail.com

Køyretid/Tidsbesparelse ved å flytte ferjekaia:

Det tar 7 til 10 minutt å komme seg frå Eikrem og inn til Voldasentrum,
ved kø og mykje trafikk på E39 kan det ta 15 minutter, besparelsen i tid er altså ikkje til stades. Ein kan til og med risikere at det tek lengre tid å komme seg til Volda sentrum. Grendalaget ser det ikkje som almennyttig at det vert etablert ny ferjekai her, det vil og føre med seg behov for nye bussruter for å gi kollektivtransport frå ferjekaia til sentrum som korrepsonderar med ferja.



7 Grøntstruktur, friluftsliv og kultur

7.5 Stien til Niven/Ring.

Raud strek: her må ein sikra lett tilkomst til stien opp til Niven og Ring, på eksisterande skogsveg. Grøn strek: her må ein leite fram og merke den gamle starten på stien opp til Niven.



Mork grendalag v/leiar: Jan-Norvald Jønsson jan.n.jonsson@gmail.com

7.6«Topptur» for småbarn til Haukåsen, 111 m.o.h.

Topptur for småbarn, ca 5 til 15 minutt å gå for små føtter, **saman med vaksne.** Her får ein panoramautsikt, og ei «milepele» ved å kome over 100 m.o.h ☺. Det er bratte stup her så det er viktig at foreldre passar på, men det er ikkje behov for sikring/gjerde.



7.7 Stien til Høgetua.

Den må takast vare på ved utbygging, gjerne med trillesti til Høgetua. Dette gjeld frå mellom COOP extra og Furene AS, og frå Langemyra stadion. Stien er også brukt som terrengsykkelsti, dette bør utviklast utan at det skapar konflikt med turgåarar, og risiko for ulykker.



Mork grendalag v/leiar: Jan-Norvald Jønsson jan.n.jonsson@gmail.com

7.8 Gang- og trillesti frå Riksstolen, via Åseneset og Eksetvika til Munken

Denne vil bli ca. 4 km, ein flott tur og eit heilt unikt friluftsområde.
Volda kommune bør etablere «grøne lunger»/parkar for fiske, bading og friluftsliv. Ved å etablere ein asfaltert/grusa rullestol- og barnevognvennleg sti langs fjøra på Mork og Egset vil ein få eit unikt friluftsområde. Frå Riksstolen til Egsetvika vil stien vere på ca 1,5 km til 2,0 km. Stien vil ein kunne knytte saman med bilveg og parkering. Deretter vil stien gå vidare frå Egsetvika innover til Munken, ca. 2 km.

Dette vil verte ein heilt unik nasjonal tursti.



7.9 Hoppbakkane på Eikrem/Haugen:

Det bør leggast ein plan på å verne og gjerne gjenoppbygge hoppbakkane, for å leggje til rette for eit lågterskeltilbod.



7.10 Klatre- og bulderfelt på Eikrem:

Sunnmørsk klatreklubb har god dialog med grunneigarne, om utviklinga av buldre- og klatrefelt på Eikremshammaren. Dette er eit av dei mest brukte og lett tilgjenglege felta i Volda og Ørsta. Dette må merkast i planen.

Mork grendalag v/leiar: Jan-Norvald Jønsson
jan.n.jonsson@gmail.com

Scana
PROPULSION

Volda Kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Volda, 15 november 2016

Attn.: "To the attention of ..."

Sak 2016/963 planprogram for Volda kommune

Scana Volda har gått gjennom høyringsforslag til planprogrammet for Volda kommune 2018-2030 med høyringsfrist 19.11.2016

Under pt 4.5 i «Utviklingstrekk, utfordringar og viktige problemstillingar» tek de fram Scana Volda sin posisjon i Volda-samfunnet som den største private arbeidsplassen i kommunen. De har fått med den viktige endringa som har vore i den maritime næringa, men vi er usamde i framstillinga vi les der de viser til at «slike strukturendringar …medfører tomme industribygg». Scana Volda har frå 2013 og fram til no gjort ei endring av bedrifta for å tilpasse kostnader i høve inntekter for på den måten å sikre arbeidsplassar og framtidig vekst i Volda. Såleis er strukturendringa gjort for å sikre aktivitet i våre industribygg og for å ivareta bedrifta sin plass som ein stor og viktig arbeidsgjevar i kommunen.
Det er heller ikkje frå eigarane av Scana Volda noko som tilseier utflagging eller nedlegging av bedrifta. Mykje av dette kjem av den kompetansen dei tilsette ved bedrifta har, både i administrasjon og produksjon. Produkta må lagast på bedrifta og tenestene må leverast av våre tilsette, frå Volda.

457

Viktige problemstillingar for bedrifta, i perioden, er framleis å ha god tilrettelegging av areal og tilkomst, men også skattlegging og kommunale tenester som støttar vår aktivitet er svært viktig.

Utfordringar vi ser som burde vore løyst i planperioden er

- Bortfall av eigedomsskatt for bygg og anlegg
- Betre tilkomst til/frå E39
- Sikre at Volda arbeider vidare med planar som gjer Volda til ein attraktiv stad å busetje seg;
    - Idrettshall
    - Kulturhus
    - hotell
    - Bygge opp under kultur og musikk tilbod
    - Eit godt helsetilbud i form av eige sjukehus og legesenter
    - Eit godt studietilbud i vidaregåande og høg-skular.
    - Gode rammevilkår for teknologi og kompetanse - arbeidsplassar

Under kapittel 5 «hovedmål og arealstrategi for revisjon av arealdelen
Pt 5.5. «Landbruk og næringsliv» så utfordrar vi kommunen til å være tydelige både kva gjeld strategi og målsetjing, fordi store deler av kommunens areal er landbruk, men også fordi næringslivet er den del av samfunnet som skaper verdiar både i form av varer og tenester men

også i form av skattar som går tilbake i den offentlige forvaltninga. I ei kommune med to store og synlege «tyngdepunkt» i sjukehus og høgskule, er det etter vår meining viktig at kommunen legg til rette for ei rikt og variert næringsliv, ikkje berre industrielt men også innanfor handel og kompetansearbeidsplassar. Dette vil utvide mangfaldet og gjere kommunen meir attraktiv for tilflyttarar.
Dette kan f.eks gjerast i samarbeid med Kulturnæringshagen og Volda næringslag men også i direkte dialog med oss i Scana Volda. Det viktige og krevjande er vilje til å gjennomføre dei planane som vert utarbeida.

I behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.; kan eit forslag være å sjå på kor mange private bedrifter det er i Volda kommune, kva desse bedriftene leverer av varer og tenester, kvar dei leverer dette, men gjerne kva desse bedriftene ser på som viktig for å velje Volda som rette staden å være lokaliserte.

Vi møter dykk gjerne for ein vidare dialog.

Med vennleg helsing

Hallvard Pettersen
Adm.dir
Scana Volda AS

458

VOLDA MASKIN

VOLDA KOMMUNE
Saksnr. 2016/963 Avd. Utv.
Løpenr. Shs Heist
21 NOV 2016
Arkivdel:
Klassering P:
Klassering S:

Volda kommune
Stormyra 2

6100 Volda

Innspel til kommuneplanen for Volda kommune

Arealdelen 2018 – 2030 Saksnr. 2016/963

Generelt

Planprogrammet nemner spesielt:

Avklare behov for og aktuell plassering av areal for mottak og deponi av masser.

Dette er eit viktig område for utgreiingar. Vi foreslår at areal for råstoffutvinning og vert teke med blant utgreiingane.

Transport utgjer ein stor del av kostnadane til byggeråstoff. Uttak for sand, grus og pukk som ligg sentralt, vil redusere byggekostnadane i kommunen. Redusert transport vil og ha ein viktig miljø-effekt.

Vi meiner og at det er viktig å sjå på råstoffutvinning og deponering av reine masser frå anleggsdrift i samanheng, slik at aktiviteten kan skje i det same området.

Areal for råstoffutvinning og deponering

Ut frå vår vurdering er arealet som er skravert i følgjande figur, godt eigna til formålet råstoffutvinning, både frå samfunnsmessig og bedriftsøkonomisk perspektiv.

Hamnegata 3, 6100 Volda post@voldamaskin.no Tlf: 70055035 www.voldamaskin.no

Areal for råstoffutvinning

Ut frå vår vurdering er arealet som er skravert i følgjande figur, godt eigna til formålet råstoffutvinning på gunn av geologiske forhold.

VOLDA MASKIN

Etterbruk vil kunne vere til jordbruk eller til kombinert bustad/næring.

Volda, den 17. november 2016

Jon Grebstad
dagleg leiar

Hamnegata 3, 6100 Volda post@voldamaskin.no Tlf: 70055035 www.voldamaskin.no

PLANPROGRAM
AREALDELEN 2018 - 2030

Kommuneplan for Volda kommune

Rev. A Dato: 23.11.2016

1 INNHALD

	INNHALD	s. 2
1	INNLEIING OG BAKGRUNN	s. 3
1.1	Kva er ein kommuneplan?	s. 3
1.2	Om planprogram	s. 3
1.3	Formålet med planarbeidet	s. 4
1.4	Om planområdet Volda kommune	s. 4
2	ORGANISERING, PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	S. 5
2.1	Organisering	s. 5
2.2	Medverknad	s. 5
2.3	Framdrift	s. 5
3	RAMMER OG FØRINGAR FOR PLANARBEIDET	S. 6
3.1	Nasjonale føringar	s. 6
3.2	Regionale føringar	s. 7
3.3	Lokale føringar	s. 8
3.4	Kommunereform	s. 8
4	UTVIKLINGSTREKK, UTFORDRINGAR OG VIKTIGE PROBLEMSTILLINGAR	s. 9
4.1	Folketal og busetting	s. 9
4.2	Offentlege og allmennyttige formål	s. 9
4.3	Landbruksnæringa	s. 10
4.4	Havbruk	s. 10
4.5	Industriverksemd og næringsaktivitet	s. 10
4.6	Trafikk og kommunikasjonar	s. 10
4.7	Natur, grønstruktur og strandsone	s. 11
4.8	Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	s. 11
5	HOVEUDMÅL OG AREALSTRATEGI	s. 12
5.1	Sentrumsutvikling og senterstruktur	s. 13
5.2	Busetting	s. 14
5.3	Offentlege og allmenne formål	s. 14
5.4	Fritidsbusetnad, setrar og naust	s. 15
5.5	Landbruk og næringsliv	s. 15
5.6	Transport og kommunikasjon	s. 16
5.7	Grønstruktur, friluftsliv og kultur	s. 16
6	KONSEKVENSUTGREIING	s. 17
7	ROS-ANALYSE	s. 19

Foto framside: T. Stensø
Foto bakside: R. Aklestad

Raudmalt løe i Volda sentrum. Foto R. Aklestad.

1 INNLEIING OG BAKGRUNN

1.1 Kva er ein kommuneplan?

Om kommuneplan i plan- og bygningslova, § 11-1:
"Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. "

Om kommuneplanen sin arealdel i plan- og bygningslova, § 11-5:
"Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeides arealplaner for deler av kommunens område. Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt."

1.2 Om planprogram

Om planprogram i plan- og bygningslova § 4-1:
"For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kongen kan ved forskrift gjøre unntak fra kravet om planprogram for reguleringsplaner.
Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn senest samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten."

Om planprogram i Forskrift om konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningsloven § 5:
"…Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, beskrive det aktuelle området og hvilke problemstillinger som anses viktige for miljø og samfunn i det konkrete planarbeidet, basert på eksisterende kunnskap. Relevante og realistiske alternativer skal beskrives, og det skal fremgå hvordan behandlingen av disse skal ivaretas i planarbeidet. Det skal også gjøres rede for planprosess med frister, deltakere og opplegg for medvirkning, spesielt for grupper som antas å bli særlig berørt. Det skal foreligge kart over planområdet.
Forslaget til planprogram skal, med utgangspunkt i relevante rammer og krav gitt i § 7 og vedlegg IV, redegjøre for hvilke forhold som skal utredes og belyses i konsekvensutredningen. Det skal beskrives hvilke fremgangsmåter eller metoder som skal benyttes i utredningene for å fremskaffe nødvendig og beslutningsrelevant kunnskap. Planprogrammet skal utformes slik at det kan tas stilling til om planarbeidet er gjennomført i samsvar med planprogrammet.
Ved revisjon av kommuneplanens arealdel skal forslag til planprogram skille mellom utredning av enkeltområder og utredning av planen som helhet. Der det er aktuelt skal planmyndigheten klargjøre hvilken dokumentasjon som forventes å følge nye innspill til byggeområder. Dersom det ved revisjon av kommuneplanens arealdel eller ved utarbeidelse av kommunedelplan tas sikte på å utrede konsekvensene av et konkret tiltak, jf. § 2 bokstav f eller § 3 bokstav c, må dette fremgå av planprogrammet."

1.3 Formålet med planarbeidet

Siste samla arealdel vart godkjent av kommunestyret 31.05.1990. Det er seinare godkjent fleire kommunedelplanar.

Gjeldande arealdel og dei fleste av kommunedelplanane er av eldre karakter, og det er behov for ein gjennomgang av arealbruken i heile kommunen. Mange av dei føresetnadane som gjeldande planar baserer seg på er utdatert. Med bakgrunn i plan- og bygningslova er det behov for å revidere planane slik at dei stettar gjeldande krav og standardar for kommuneplanar. I Volda kommune sin planstrategi (vedteken 29.11.2012) vart det vedteken at fullstendig revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken 26.05.2016. Formålet med full revisjon av arealdelen er å legge til rette for å nå målsettingane om utviklinga av Volda kommune, som kjem fram i Samfunnsdelen. Sjå kap. 5.

KDP for E39 Volda - Furene	18.12.2014
Kommunedelplan Fysisk aktivitet og anlegg for idrett ,friluftsliv og nærmiljøtiltak 2014 - 18.	27.02.2014
Kommunedelplan for Volda Sentrum	18.06.2009
Kommunedelplan for Folkestad	19.06.2008
Kommunedelplan for Bjørkedalen	28.04.2003
Kystsoneplanen	30.01.2003
Kommunedelplan for Selvika/Skjeret	04.07.1997
Kommunedelplan for Grøndalen	19.06.1997
Kommunedelplan for Aldalen og Hjartåbygda	19.12.1996
Kommunedelplan for Steinsvik og Åmelfot	20.05.1994
Kommunedelplan for Dalsbygd	20.05.1994
Kommunedelplan for Dravlaus	20.05.1994
Kommunedelplan for Ulvestadbygda	20.05.1994
Kommunedelplan for Mork	20.05.1994
Kommunedelplan for Aurstad	20.05.1994
Kommunedelplan for Høydal	20.05.1994
Kommunedelplan for Straumshamn	20.05.1994
Kommunedelplan for Fyrde	31.05.1993
Kommuneplanen sin arealdel	30.05.1990
Kommunedelplan for Lid og Berknes	30.05.1990

1.4 Om planområdet Volda kommune

Arealdelen av kommuneplanen skal omfatte alt areal innanfor kommunen sine grenser, både land- og sjøareal. Planområdet er på 548 km2.



2 ORGANISERING, PLANPROSESS OG MEDVERKNAD

2.1 Organisering

Planleggar ved Sektor for Utvikling vil ha rolla som Prosjektleiar(PL) og det vil bli sett ned ei prosjektgruppe(PG) på 4-6 personar frå administrasjonen, som har ansvar for den praktiske gjennomføringa av arbeidet og utarbeider forslag til plan. Arbeidet med arealdelen vil vere tema på det administrative planmøtet og administrasjonen sitt leiarmøte og desse to gruppene vil då fungere som ei administrativ ressursgruppe som kjem med råd og innspel til PG i planprosessen. Formannskapet vil bli nytta som ei politisk rådslagingsgruppe og vil få høve til å kome med innspel og råd undervegs i planprosessen. Det vert lagt opp til jamlege orienteringar for Formannskapet. Ut frå dei ulike arealbrukstema kan det vere aktuelt å sette ned eigne referansegrupper og arrangere temamøter for å sikre medverknad frå aktuelle interesser, grupper og samfunnsaktørar.



2.2 Medverknad

I samband med utarbeiding av Samfunnsdelen vart det gjennomført eit breitt og omfattande opplegg for medverknad, der dei fleste grupper vart invitert til å delta. Samfunnsdelen er styrande for arbeidet med arealdelen og mange av innspela frå medverknadsprosessane knytt til Samfunnsdelen, vil også vere med og gi føringar for arbeidet med arealdelen.

I høyringsperioden for planprogrammet foreslår prosjektgruppa å nytte opne folkemøte saman med "opne kontordagar", der enkeltpersonar kan drøfte eigne innspel til framtidig arealbruk.

Folkemøta vil bli arrangert både i Volda sentrum og på bygdene. Vi ønskjer å samarbeide med grendeutvala og vil gjennomføre felles møte for fleire bygder på Mork, i Dalsfjorden, Austefjorden og på Folkestad.
I fasen med kartleggingar, utgreiingar og utarbeiding av forslag til ny arealdel, ser vi det som aktuelt med "arbeidsmøte" knytt til ulike tema. Her vil det bli invitert inn aktuelle deltakarar(næringsliv, lag- og organisasjonar, politisk, ressurspersonar m.v.) og gjennomført medverknadsprosessar for å få fram gode råd og forslag knytt til ulike problemstillingar. Ved behov kan det bli arrangert opne bygdemøte, der det t.d. er aktuelt med større endringar i framtidig arealbruk. Når ein har klart eit utkast til ny arealdel vil planforslaget bli tatt med i Regionalt planforum for drøfting med dei regionale høyringspartane.

I perioden med høyring av forslag til ny arealdel vil det bli arrangert folkemøte både i Volda sentrum og på bygdene. Det kan også vere aktuelt med "opne kontordagar".

2.3 FRAMDRIFT

Tid	Planoppgåve
Juni 2016	Orientering til FSK om planprogram og planprosess.
Juni – september 2016	Utarbeiding av forslag til planprogram
Oktober – november 2016	Offentleg ettersyn og høyring planprogram
Desember 2016	Fastsetting av planprogram
Desember 2016 – januar 2017	Gjennomgang av innspel til endra/ny arealbruk(orientering FSK)
Desember 2016 – april 2017	ROS-analyse(fastsetting FSK)
Desember 2016 – april 2017	Analyser, kartleggingar og utgreiingar. • Kjerneområde landbruk • Kartlegging av friluftslivsområder • Kulturminneplan • Hovudplan for avløp og vassforsyning • Plan for Veg og trafikk • M.v.
April – mai 2017	Vedtak av kartbaserte arealstrategiar. Vurdering og prioritering av innspel til endra/ny arealbruk (vedtak FSK)
Juni – august 2017	Konsekvensutgreiing og ROS av planforslag.
April – august 2017	Utarbeiding av 1. forslag til Arealdel
August 2017	Handsaming av 1. forslag og utlegging til offentleg ettersyn
August – Oktober 2017	Offentleg ettersyn og høyring Arealdelen
Oktober – november 2017	Gjennomgang og vurdering av merknader.
	Bearbeiding/korrigering av planforslag, KU og ROS av planforslag
Desember 2017	Godkjenning/Handsaming av 2.forslag til Arealdel.
Desember 2017 - Februar 2018	Offentleg ettersyn og høyring av 2. forslag til Arealdel.
Februar – Mars 2018	Gjennomgang og vurdering av merknader.
	Bearbeiding/korrigering av planforslag, KU og ROS av planforslag
April 2018	Godkjenning av Arealdelen.
April 2018	Kunngjering av endeleg vedtatt Arealdel.

3 RAMMER OG FØRINGAR FOR PLANARBEIDET

I følgje plan- og bygningslova § 1.1 skal planlegging bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver. Dette kapittelet inneheld nokre av dei viktigaste føringane for planarbeidet.

3.1 Nasjonale føringar

I tillegg til lover, forskrifter, rikspolitiske retningslinjer, stortingsmeldingar m.v. har Staten gjennom Kongeleg resolusjon 12 juni 2015 nedfelt "Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging". Dette dokumentet inngår i det rullerande plansystemet, er heimla i plan- og bygningslova § 6-1, og markerer på mange måtar starten på arbeidet med kommunale planstrategiar. Regjeringa har tre hovudsatsingar dei peikar på som nødvendig for kommunar og regionar å følgje opp:

Gode og effektive planprosessar
Regjeringa har gjennom ymse endringar i lov og forskrift vore tydeleg på at tidsbruken i prosessar skal ned, men samstundes at viktige samfunnsinteresser må sikrast. Det kommunale sjølvstyret skal utvidast, men dette legg også eit større ansvar på kommunen for nettopp å sikre viktige nasjonale og regionale interesser. Det betyr større fokus på tidleg medverknad og tidlege avklaringar, mellom anna gjennom overordna planverk og i regionalt planforum. Regjeringa føreset at det vert sett av tilstrekkeleg ressursar til planbehandling, til føreseielege prosessar i kommunen og til å oppdatere det overordna planverket.

Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
Forventingsområdet har nær samanheng med internasjonale klimamål og det "grøne skiftet". Transportsektoren står bak ein vesentleg del av klimagassutslepp, og det er teke til orde for å nytte sterkare verkemiddel enn før for å effektivisere transport, mellom anna gjennom meir målretta lokalisering av buområde, arbeidsplassar og transportårer. Også verknadene av klimaendringar må takast større omsyn til og førebyggast. Analyser av risiko og sårbarheit må ligge til grunn.
I dette bildet må det leggast til rette areal for utvikling av ny og eksisterande næringsverksemd både på land og på sjø, inkludert landbruk og havbruk. Meir samordna arealplanlegging skal også medverke til å sikre natur-, kultur-, landskaps- og landbruksverdiar, samt areal til rekreasjon og friluftsliv.

Attraktive og klimavenlege by- og tettstadområde
I dei største byane medverkar sterk vekst til press på areal og infrastruktur. Samstundes legg veksten også godt til rette for at nye, klimavenlege løysingar kan utviklast og implementerast nettopp i pressområda. Dermed må også dette forventingsområdet i stor grad sjåast i samanheng med internasjonale klimamål. Byar og tettstader på alle nivå har potensiale for betre klima- og miljøløysingar, og oftast vil dette også medverke positivt til betre folkehelse, større trivsel og betre levekår.
Betre tilrettelegging for kollektivtrafikk, gange og sykling er eitt av momenta, og tett utnytting av areal kring kollektivaksar og knutepunkt eit anna. Fortetting og transformasjon av område som allereie er utbygd må prioriterast framfor å legge beslag på nye areal.

Andre nasjonale føringar
Sentrale lover og retningslinjer som legg føringar for kommunal planlegging:

- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven).
- Lov om friluftslivet (friluftsloven).
- Lov om jord (jordlova).
- Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven).
- Lov om kulturminner (kulturminneloven).
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova).
- Lov om skogbruk (skogbrukslova).
- Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven).
- Forskrift om konsekvensutretninger for planer etter plan- og bygningsloven (FOR 2014-12-19-1726).
- Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre (FOR 2008-06-27 nr 742).
- Nasjonal jordvernstrategi (Prop. 127 S (2014–2015).
- Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand. St.meld. nr. 26 (2006–2007).
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012).
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming.
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen.
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (Kgl.res. av 25. mars 2011).
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (Kgl. res. av 26.09 2014).
- Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (Havressurslova)
- Lov om Akvakultur

3.2 Regionale føringar

Regional planstrategi
Regionalt planmynde skal i følgje plan- og bygningslova utarbeide ein regional planstrategi minst ein gong i kvar valperiode (PBL §7-1). Den regionale planstrategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere langsiktige utviklingsmoglegheiter og ta stilling til kva spørsmål som skal takast opp gjennom regional planlegging. Både statlege og regionale organ og kommunane skal etter lova leggje planstrategien til grunn for vidare planlegging i regionen.

Regional planstrategi 2016 - 2020 for Møre og Romsdal fylke vart vedteken i april 2016. I planstrategien er det vurdert utfordringar og planbehov med utgangspunkt i følgjande målsettingar:

- Gode og inkluderande lokalsamfunn og byar
- Godt og breitt kultur- og fritidstilbod
- God og tilstrekkeleg kompetanse
- God konkurransekraft og nyskaping
- Gode og samfunnsutviklande samferdselsløysingar
- Gode oppvekst- og levekår
- God miljømessig berekraft

Det er lagt opp til at Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 og Regional delplan for attraktive byar og tettstader skal reviderast. Det skal utarbeidast to nye regionale planar:

- Regional delplan for museum
- Eventuelt regionale delplanar for samordna bustad,- areal og transportplanlegging i mindre område – dersom kommunane ønskjer dette.

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013–2016
Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013–2016 vart vedteken av Fylkestinget i desember 2012. Fylkesplanen har til hensikt å gje eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag for mellom anna kommunane i fylket, i spørsmål knytt til samfunnsutvikling. Fylkesplan 2013–2016 har fire satsingsområde og seks gjennomgåande perspektiv. Perspektiva skal medverke til heilskapleg planlegging og arbeid på tvers av satsingsområde og sektorar.

Dei fire satsingsområda:

- Kultur
- Kompetanse
- Verdiskaping
- Samferdsel

Dei seks gjennomgåande perspektiva:

- Barn og unge
- Universell utforming
- Folkehelse
- Likestilling og inkludering
- Internasjonalisering
- Miljø og klima

Fylkesplanen er under revisjon og Fylkesplan 2016 - 2020 er under handsaaming hausten 2016.

Andre regionale føringar av relevans for Volda kommune:

- Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde. Vedteken 10. april 2000. T-11/00.
- Regional delplan for attraktive byar og tettstader. Vedteken 15. juni 2015. T-32/15.
- Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi. Vedteken 15. juni 2015. T-33/15.
- Regional delplan for folkehelse 2014-2017. Vedteken 10. desember 2013. T-78/13.
- Regional delplan tannhelse. Vedteken 15. oktober 2013. T-59/13.
- Regional plan for vassregion Møre og Romsdal. Vedteken 12. oktober 2009. T-48/09.
- Regional delplan for klima og energi 2015–2020. Vedteken 15. juni 2015. T-24/15.

- Regional plan for vassforvalting for Møre- og Romsdal vassregion 2015–2021. Ute til høyring og offentleg ettersyn.
- Regional delplan for samfunnstryggleik og beredskap. Planprogram ute til høyring og offentleg ettersyn. U-67/12.

Figur 4: Framsida til Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020.

3.3 Lokale føringar

Samfunnsdelen
Samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedteke av kommunestyret 26.05.2016 og inneheld mål og strategiar innanfor åtte fokusområde; attraktivitet, busetting, Volda i regionen, Volda sentrum, Folkehelse, klima og miljø, tenester og samfunnstryggleik. Samfunnsdelen gir dei overordna føringane for innhaldet i arealdelen. Under er nokre av målsettingane i samfunnsdelen. Innanfor fokusområda er det i tillegg gitt meir konkrete føringar for det vidare arbeidet med arealdelen.

Attraktivitet:	• Alle skal ha tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen. • Volda sentrum skal vere eit levande midtpunkt i kommunen med attraktive møteplassar.
Busetting:	• Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustadar, og attraktive bumiljø. • Redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene.
Volda i regionen:	• Styrke kommunikasjonen i og til Volda og Ørsta. • Styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur og opplevingsdestinasjon.
Volda sentrum:	• Volda skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for auka handel og aktivitet. • Fleire skal bu og opphalde seg i Volda sentrum.
Folkehelse:	• Barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motverkar psykiske vanskar og andre livstilssjukdommar. • Volda skal ha eit inkluderande samfunn og motverke sosiale helseforskjellar.
Klima og miljø:	• Utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport. • Volda kommune skal arbeide for ein berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald.
Tenester:	• Volda kommune skal ha eit godt omdøme. • Volda kommune skal arbeide for å førebygge utanforskap og inkludere i fellesskapen.
Samfunns tryggleik:	• Det skal vere gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen. • Utbygging skal skje i flaum- og skredsikre område og eksisterande bygningar og infrastruktur skal sikrast

Folkehelse som overordna og førande prinsipp
Volda var, som ein av grunnleggarane av "norsk nettverk av Helse- og Miljøkommuner" (no "Sunne kommuner – WHO's norske nettverk), tidleg ute med å ha helse som tema i kommuneplanen og er nytta som døme av andre kommunar seinare. At Volda blir sett på som ein aktiv kommune i folkehelsearbeid er god omdømmebygging for kommunen. Målretta folkehelsearbeid gjennom mange år kan også ha samanheng med at Volda nå gjer det godt på fleire folkehelsebarometer. Dette viser at folkehelsearbeid nytter, og det er viktig å halde fram med dette arbeidet.
Volda kommune skal ha eit "frisk-fokus" og meistringsperspektiv i alt vi gjer, og folkehelse skal vere eit gjennomgåande tema i kommuneplanen.

Kommunedelplanar
Volda kommune har 16 kommunedelplanar for mindre område i kommunen. I tillegg har kommunen fleire tematiske kommunedelplanar:
- Bustadsosial handlingsplan 2010–2014.
- Klimaplan for Volda kommune 2010–2020 med handlingsdel 2013–2016.
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljøtiltak 2014–2018.
- Kommunedelplan for trafikktrygging i Volda kommune 2014–2017 (under arbeid).
- Omsorgsplan 2014–2017.
- Rehabiliteringsplan 2005–2009.

Utval av andre fagplanar og relevante dokment:
- Byregionen Volda-Ørsta. Utfordringar og moglegheiter for regional utvikling og attraktivitet.
- Hovudnett for sykkel i Volda og Ørsta med tiltaksplan.
- Kommunal planstrategi for Volda kommune 2012–2015.
- Regional analyse for Ørsta og Volda 2014. Attraktivitetsanalyse: Befolkningsutvikling, næringsutvikling og scenarier.
- ROS-analyse, Volda kommune 2013.
- Strategi for busetjing på bygdene (saksnr. 2012/1314).
- Tettstadsanalyse Volda sentrum.
- Utfordringsnotat for Volda kommune 2015.
- Utviklingsplan Volda sentrum.
- Ørsta og Volda kommunar. Strategiar for regionalt knutepunkt i Furene/Hovdebygda.

3.4 Kommunereform

Volda og Hornindal kommune har gjort vedtak om samanslåing frå 01.01.2020. Som følgje av dette kan det vere behov for endring av tenestestruktur og behov for felles strategi for arealbruk. Volda kommune har frå før eit utstrekt samarbeid med Ørsta kommune og det kan også vere aktuelt med felles strategiar/planar for arealbruk i grenseområda mellom desse to kommunane. I kommunal planstrategi for Volda kommune 2012-2015 vart det lagt opp til å samle alle kommunedelplanane i ein samla arealdel. Forslag til samla arealdel for heile kommunen tidleg haust 2017 med slutthandsaming våren 2018, og det vil derfor vere nødvendig å prioritere dette, før ein tek til på nye delplanar for nye kommunesamanslutningar.

4 UTVIKLINGSTREKK, UTFORDRINGAR OG VIKTIGE PROBLEMSTILLINGAR

4.1 Folketal og busetting

Volda har, lik landet elles, hatt ei befolkningsvekst dei siste åra. Pr. 01.01.2016 var det 9037 innbyggarar i Volda kommune. Volda kommune har hatt ei relativ folkevekst på 8,6 % i perioden 2006–2016. For landet har folketalet auka med 12,4 % i same periode. Kommunen har jf. Samfunnsdelen målsetting om befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet. Volda ligg sentralt geografisk i høve eit akseptabelt pendlingsomland på om lag 60 000 innbyggjarar, sentrale regionfunksjonar, og bør ha eit godt grunnlag for folketalsvekst.

Opparbeiding av nye byggjefelt vil kunne stimulere til folketalsvekst. I 2015 vart det igangsett 44 og fullført 38 nye bustadar i Volda kommune. I perioden 2006-2015 er det gjennomsnittleg sett i gong 54 nye bustader årleg. Utviklinga held fram mot ei sentralisering nasjonalt, regionalt og lokalt i Volda kommune. I følgje tal frå SSB bur 71,5 % av alle innbyggarane i Volda, i område definert som tettbygd strøk. Strukturen i hushalda har endra seg dei siste tiåra, med mellom anna ein sterk auke i talet på einpersonhushald og par utan heimebuande barn.

Ein må gjere grep i arealdelen for å stimulere til auka bustadbygging som hovudsakleg må skje i og kring Volda tettstad. Det må leggast til rette for ein stor grad av mindre bueiningar i tettstaden, samtidig som ein legg til rette for den klassiske einebustaden i utkanten av tettstaden og sikrar mogelegheit for bustadetablering i alle delar av kommunen.

4.2 Offentlege og allmennyttige formål

Volda kommune har fleire store offentlege verksemder og opp mot halvparten av arbeidsstokken er sysselsett i offentleg sektor. Sjukehuset, Høgskulen, Tingretten og Volda vidaregåande skule er viktige arbeidsplassar, men også viktige funksjonar for heile regionen. Volda er frå gamalt av administrasjonssenter på Søre Sunnmøre, og dei offentlege verksemdene har auka sysselsetjinga dei siste 20 åra.

Dette gjeld særleg kommunen, sjukehuset og høgskulen. Utviklingstrekk i samfunnet peikar på at offentleg verksemd vil ha stor betyding i arbeidslivet framover, og det vil vere viktig å oppretthalde og vidareutvikle desse institusjonane. Framtidige endringar i tenestestruktur kan krevje endra arealbruk. Lokalisering av offentlege og allmennyttige funksjonar må sjåast i samanheng med målsettingar og strategiar om å redusere utslepp frå transportsektoren, tilgjenge for alle og effektiv ressursbruk. Samtidig vil lokalisering av slike funksjonar kunne bidra til at fleire vil opphalde seg i Volda sentrum og på same måte gi grunnlag for busetting også i bygdesentra.

Samfunnshuset i Volda sentrum. Foto R. Aklestad.

4.3 Landbruksnæringa

Landbruksnæringa har vore ein av grunnpilarane for busetnaden på bygdene. I Volda har om lag 1/5 av jordbruksarealet i perioden 2001 – 2014 gått ut av produksjon eller vorte omdisponert. I same periode har talet på aktive landbruksføretak i Møre og Romsdal gått ned med om lag 34 %. Tilsvarande tal for Volda er ein nedgang på 48 %. Fleire mindre føretak har gått saman i samdrifter og strukturrasjonaliseringa og effektiviseringa har vore betydeleg. Endringane har ført til ein nedgang i kjøtproduksjonen på 14 % og 25 % i mjølkeproduksjonen.
Dei dyrka areala legg grunnlaget for matproduksjonen som skjer i Volda, men ein må og ha med at areala har ein særleg verdi i beredskapssamanheng og som kulturlandskap.
Eit aktivt og levande landbruk som samstundes held kulturlandskapet i hevd krev store investeringar med behov for langsiktige rammevilkår. Det er difor viktig å verne om dei beste produksjonsareala. Kommunen kan her medverke gjennom god og langsiktig arealplanlegging.

4.4 Havbruk

Volda har ei rekkje naturgitte fortrinn for havbruk: minimal ureining, godt skjerma farvatn og eit sunt klima for produksjon av høgverdig sjømat. I kommunen sin kystsoneplan er det i dag avsett areal for 15 lokalitetar for havbruk; av dette to skjelanlegg, tre settefiskanlegg og resten matfisk (laks, aure, regnbogeaure og torsk).
Næringa har gjennomgått ei sterk rasjonalisering og strukturendring gjennom dei siste åra. Både eigarstruktur og driftsstruktur er vesentleg endra. Dette har grunnlag både i samordning gjennom sjukdomshandtering, rasjonaliseringsbehov og samordning av drift over kommunegrenser.
Reinsing av avløp og landbasert produksjon er tema som vil vere aktuelle i ein framtidig næringsutvikling. Gjeldande kystsoneplan er såleis ikkje tilpassa dei lokalitetsbehov som næringa i dag står over for. Næringa sjølv har fasa ut mange av dei anleggsområda som var avsett i gjeldande plan. Det er såleis behov for ein gjennomgang av arealbruk knytt til havbruksnæringa.

4.5 Industriverksemd og næringsaktivitet

Volda har høg arbeidsplassdekning, med ein dominerande offentleg sektor som sysselset om lag 46% av arbeidstokken. Sjølv om servicenæringane og sekundærnæringane står for største delen av det private næringslivet utgjer dette ein langt mindre del av dei sysselsette enn i resten av fylket.
Scana Volda AS er ein av dei største arbeidsplassane i Volda, og er ein del av den maritime klynga i regionen.Det har vore ei strukturendring med påfølgjande nedbemanning i den maritime næringa som følgje av oljeprisfallet. Slike strukturendringar har tidlegare vist seg å medføre tomme industribygg, eller transformering av område frå industriverksemd til handel og bustadformål, noko som det og er spor etter i Volda sentrum. Det er ei utfordring å legge til rette for industriverksemda sine skiftande behov for areal og lokalitetar.
Detaljhandelen har og gjennomgått strukturendringar, ved at det vert større vekt på storformathandel med handelsparkar og kjøpesenter utanfor sentrum. Volda sentrum har eldre bygningsmasse som gjer det utfordrande å behalde detaljhandelen i sentrumskjernen. Volda sentrum har likevel potensiale for å utviklast som handelssenter, det er til dømes fortettingspotensiale og korte avstandar mellom målpunkt.
Reislivsnæringa i Volda har gode føresetnadar for å lukkast innan kortferie og det naturbaserte opplevingssegmentet. Dei mange festivalane i regionen er også trekkplaster. I kommunen er det eit klart potensiale i å legge til rette for fleire typar overnattings- og serverings- og servicetilbod knytt til reiselivsnæringa.

4.6 Trafikk og kommunikasjonar

E39 og RV651 går gjennom kommunen og dei to store vegprosjekta Eiksundsambandet og Kvivsvegen har endra trafikkmønsteret i regionen med påfølgjande auka trafikk over Ørsta-Volda lufthamn. Etablering av Voldatunnelen vil flytte gjennomgangstrafikken vekk frå sentrumskjernen, noko som vil opne for nye moglegheiter med omsyn til sentrumsutvikling i Volda.
Volda har ein utfordrande geografi og topografi når det gjeld å få til god kommunikasjon og gode trafikkløysingar, både mellom sentrum og bygdene og internt i Volda sentrum. I samband med målsetting om å redusere fråflyttinga frå bygdene kan gode kommunikasjonar vere viktige tiltak.
Volda har utfordringar når det gjeld å sikre bygdene rastrygge vegar. Det er starta opp arbeid for bru over Voldsfjorden.
Bustadbygging oppover i dei relativt bratte fjellsidene i Volda sentrum gjer det utfordrande å få til gode og attraktive gangsamband mellom bustadområda og sentrumskjernen. På same måte gir aukande trafikkmengde gjennom allereie etablerte bustadområde utfordringar i forhold til trafikksikring og trafikkflyt. I sentrumskjernen er det kamp om areala, og det er grunn til å tro at det er potensiale for å auke kollektiv-, sykkel og gangtrafikken.

4.7 Natur, grønstruktur og strandsone

Naturen i Volda gir eit unikt utgangspunkt for naturoppleving og friluftslivstilbod. Det er eit stadig større fokus å nytte naturen til dagleg fysisk aktivitet og tilgang til slike område er viktig i eit folkehelseperspektiv. Ein samanhengande grønstruktur er viktig for innbyggaranes helse og levekår, og for å opprethalde det biologiske mangfaldet. Gode grøntområde nyttast som uformelle møteplassar og bidreg til tettstadsliv. Nærleikeplassar og grøne kilar i bustadområde er med på å auke butrivsel og fremje utandørsaktivitet.

Det er viktig å ta vare på viktige natur- og friluftsområde for framtidige generasjonar. For å utvikle og ivareta areal for friluftslivet i Volda må ein sikre både viktige friluftsområde og gode tilkomstar. Ei medviten haldning til leikeplassar, grønstruktur og snarvegar er viktig i det vidare arbeidet med kommuneplanen. Tettstadsanalysen for Volda sentrum pekar på at Volda ikkje er god nok på å ivareta koplinga mellom land og sjø. Ei kopling mellom desse elementa er identitetsskapande og kan bidra til å styrke Volda som tettstad.

Kommunen har lange fjordar med lang og til dels lite tilgjengeleg strandsone. Talet på bygg i strandsona er likevel aukande, noko som indikerer press på den tilgjengelege strandsona.

4.8 Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

Kulturlandskap og kulturminne er viktige ressursar for regional og lokal utvikling. Godt ivaretekne kulturminne og miljø er identitetsskapande og gjev opplevingsverdiar som kan vere med å styrke utviklinga i Volda. Slike element inngår ofte i aktive jordbruksareal og tilsyn og stell er ein del av den ordinære drifta.

Eit aktivt jordbruk med slått og beiting med ulike husdyr gjev aktive bygder og vakre landskap. Når areala vert haldne opne vert dei og meir attraktive for friluftsliv og bruk av ålmenta. Eit aktivt jordbruk er den beste måten å hindre gjengroing av kulturlandskapet i Volda, og særleg er beiting gunstig for floraen og som motvekt til attgroing.

Tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal minimerast. Klima- og miljødepartementet har som mål at det innan 2020 skal ligge føre oversikter over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for alle kommunane i Noreg.

Bilete frå Garvarbuda. Foto R.Aklestad

5 HOVUDMÅL OG AREALSTRATEGI FOR REVISJON AV AREALDELEN

Visjonen "Volda for alle" frå arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel vil også vere visjonen for arbeidet med arealdelen. Folkehelse, Klima og miljø og Barn og unge skal inngå som gjennomgåande perspektiv i alle hovudtema. Samfunnsdelen gir dei overordna føringane for den framtidige arealforvaltninga i kommunen og inneheld mål og strategiar innanfor åtte hovudtema; Attraktivitet, Busetting, Volda i regionen, Volda sentrum, Folkehelse, Klima og miljø, Tenester og Samfunnstryggleik.

Arealdelen skal følgje opp målsettingane og strategiane frå samfunnsdelen, men fokuset må vere retta meir mot arealbruksutfordringane, og i arealdelen vil ein fokusere spesielt på følgjande hovudtema:

- **Sentrumsutvikling og senterstruktur**
- **Busetting**
- **Offentlege og allmenne formål**
- **Fritidsbusetnad, setrar og naust.**
- **Landbruk og næringsliv**
- **Transport og kommunikasjon**
- **Grønstruktur, friluftsliv og kultur**

Med utgangspunkt i målsettingane i Samfunnsdelen er det utforma rettleiande arealstrategiar for kvart hovudtema. Desse langsiktige strategiane handlar om kva vi skal gjere/prioritere for å nå målsettingane. Arealstrategiane fastlegg prinsippa for kommunen si arealforvaltning (kva vi vil prioritere, for å oppnå måla i Samfunnsdelen), og vil vere førande for handsaming av innspel og utlegging av nye areal til utbyggingsføremål.

I dei følgjande kapitla er det for kvart hovudtema definert arealstrategiar og lista opp kva utgreiingar, kartleggingar m.v., som vil vere nødvendige for å gi tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for å avgjere den framtidige arealbruken i kommunen.

Medverknad. Foto R. Aklestad.

5.1 Sentrumsutvikling og senterstruktur

Volda sentrum er kommunen sin største tettstad og klare hovudsenter. I Samfunnsdelen er det formulert eit klart mål om at Volda sentrum skal vere midtpunktet i kommunen og eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar saman med Ørsta. Det er også eit mål at Volda sentrum skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for handel og aktivitet, der fleire skal bu og opphalde seg. Målsettingar om bymessige kvalitetar og auka busetting krev strategiar for fortetting og transformasjon av delar av sentrumskjernen, der ein må vurdere type utbygging, utnyttingsgrad og byggehøgde.

I kommunen er det fleire små bygdesenter. Det ikkje formulert noko eiga målsetting for utvikling av bygdesentra, anna enn målsetting om å redusere den negative folketalsutvikinga på bygdene. Bygdesentra sin funksjon må vurderast i arealplanen ut frå kva funksjon dei skal ha. Kommunen må ut frå dei økonomiske rammevilkåra for tenesteytinga ha ein overordna strategi for utnytting av kommunen sine ressursar, og sjå korleis ein samla sett kan gi gode tenester til alle innbyggjarane i kommunen.

I Samfunnsdelen har ei rekke strategiar som gir føringar når det gjeld fordeling av "sentrumsfunksjonar" og korleis Volda sentrum skal utviklast. Det er ikkje formulert presise føringar for kvar dei ulike funksjonane skal lokaliserast og dette vert ein del av arbeidet med arealdelen.

Arealstrategi for sentrumsutvikling og senterstruktur:

- Volda sentrum skal prioriterast som regionalt handels-, bu- og næringssentrum, med urbane kvalitetar der detaljhandel skal lokaliserast til sentrumskjernen og institusjonar med krav til utrykkingstid ikkje vert lokalisert utanfor Volda tettstad.
- Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grøne lunger og sikre eit ope sentrum mot fjorden.
- Legge til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen, som støttar opp om utvikling av eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar.

Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:

- Vurdere sentrumsavgrensing, senterstruktur, soneinndeling og funksjonsfordeling i Volda sentrum.
- Utarbeide fortettingsstrategi og plan for "miljøgate" for Volda sentrum.
- Utarbeide føresegner og retningslinjer for estetikk og bygningsmiljø i Volda kommune.



5.2 Busetting

Det er ei viktig førande målsetting at Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet. Vidare er det ei sentral målsetting i samfunnsdelen å kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktive bumiljø. Gjennom fleire av målsettingane går det klart fram at ein ønskjer auka busetting i Volda sentrum. På same vis går det klart fram at ein skal redusere fråflytting frå bygdene.

Arealstrategi for busetting:

- Volda kommune skal ha eit variert bustadtilbod og ledige tomter både i sentrum og i bygdesentra.
- Nye bustadfelt skal lokaliserast i tilknyting til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.
- Spreidd utbygging skal skje som utfylling eller forlenging av eksisterande busetting i skred- og flaumsikre område, og slik at ein ikkje punkterar samanhengande grøntområde, kjerneområde landbruk, eller restriksjonsområde med omsyn til kulturminne.

Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:

- Analyse av bustadbehov, arealbehov – kva har vi og kva treng vi.
- Revisjon av hovudplan for vatn og avløp.
- Gjennomgang av regelverk for bustadtilskot ved spreidd bustadbygging.
- Utarbeide leikeplassnorm med funksjons og utformingskrav til leike- og uteopphaldsareal.

5.3 Offentlege og allmenne formål

Fleire viktige regionale institusjonar som sjukehus, høgskule og Tingretten er lokalisert til Volda sentrum. Ein har mål om at Volda og Ørsta skal utvikle seg til å bli eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar, samtidig som ein skal styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels., kultur og opplevingsdestinasjon. Dette krev bevisste strategiar når det gjeld framtidig lokalisering av offentlege og allmenne funksjonar som kan vere med på å støtte opp om denne ønskja utviklinga.
Kommunen har også tenestar rundt om i kommunen både skular, barnehagar, pleie- og omsorgsinstitusjonar og forsamlingshus som må sjåast i samanheng med målsettinga om å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene.

Arealstrategiar for offentlege og allmenne formål:

- Offentlege funksjonar med tilhøyrande uteområde skal lokaliserast til Volda sentrum.
- Offentlege og allmenne formål utanfor Volda sentrum skal lokaliserast til bygdesentra.
- Allmenne formål i Volda sentrum skal lokaliserast i gangavstand frå sentrumskjernen med sikte på å utvikle eit sentrum med urbane kvalitetar.

Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:

- Kartlegge arealbehov for kommunale og regionale verksemder, allmennyttige formål og kommunaltekniske anlegg.
- Vurdere behov for arealbruksendringar, føresegner og retningslinjer for tilpassing av infrastruktur til framtidige klimaendringar (overvatn, havnivåstigning, stormflo m.v.).

Volda lærarskule. Foto B. Aklestad.

5.4 Fritidsbusetnad, setrar og naust.

Gjennom Samfunnsdelen er det formulert målsetting om å styrke og bygge opp om Volda-Ørsta som handles,- kultur og opplevingsdestinasjon. På same måte som ein har eit mål om å styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.
Kva val ein gjer når ein forvaltar strandsona, setrane og hytteområda, som gjerne ligg i område som er attraktive friluftslivsområde, vert derfor viktig for den framtidige arealbruken.

Arealstrategiar for fritidsbusetnad, setrar og naust :

- Nye område for fritidsbustader og naust skal i størst muleg grad utnytte eksisterande infrastruktur og organiserast i felt/naustrekker.
- Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde.
- Vorar, småbåthamner og moloar skal fungere som fellesløysingar.
- Verdifulle setremiljø skal i størst muleg grad bevarast og nybygging av hytter skal i hovudsak plasserast i felt utanfor viktige setremiljø.

Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:

- Oppdatering av "Stølsregisteret" med kartlegging og verdsetting av setremiljø.
- Kartlegging av vassdrag, strandsone og sjøareal.
- Vurdering av behov for nye område for naust og fritidsbusetnad.
- Utarbeide forslag til retningslinjer for bygging av nye hytter og naust.

5.5 Landbruk og næringsliv

Gjennom samfunnsdelen har ein fastsett ei målsetting om at Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad, der ein av strategiane er å leggje til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk, og næringar som er knytt opp mot dette.
Berekrafta no og i framtida er avhengig av jordvern og då med særleg fokus på dei beste produksjonsareala.
Det er også eit mål å styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur- og opplevingsdestinasjon og vidare er målsettinga å styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.

Arealstrategiar for landbruk og næringsliv:

- Legge til rette for bærekraftig utvikling av landbruk, skog- og fjordbruk.
- Stimulere til vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen.
- Legge til rette for næringsareal knytt til hovudvegnettet og trasèar for kollektivtransport.

Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:

- Plan for kjerneområde landbruk
- Avklare behov for næringsareal.
- Avklare behov for areal til havbruksnæringa.
- Avklare og verdisetting av jord- og skogbruksareal.
- Avklare arealbehov for overnattings- og serveringstilbod.
- Avklare behov for mineralressursar og aktuell plassering av areal for mottak og deponi for masser.

På veg til Eidskyrkja. Foto R. Aklestad

5.6 Transport og kommunikasjon

Eit effektivt tenestetilbod er avhengig av gode kommunikasjonsløysingar internt i kommunen, ikkje berre vegar, men og breiband/fibernett og straumforsyning. For å nå målet om å styrke og sikre dei regionale funksjonane som er etablert i Ørsta og Volda, og for å vidareutvikle bu- og arbeidsregionen må ein ha gode transport og kommunikasjonsløysingar. Det same gjeld om ein skal nå målet om å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene. Samtidig vil målsettinga om at utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport gjere at vi må gjere det enklare med sykkel og gange og i større grad prioritere løysingar for kollektivtrafikk. Kva løysingar ein vel for parkering i Volda sentrum vil og gi føringar for i kva grad ein vel sykkel, gange og kollektivtilbodet framfor eigen bil.

Arealstrategiar for transport og kommunikasjon:

- Sikre gode kommunikasjonar i regionen og kommunen med mål om ferjefrie fjordkryssingar.
- Sikre infrastruktur som grunnlag for god kommunikasjon.
- Legge til rette for reduksjon av klimagassutslepp knytt til transport ved å gjere kollektivtilbod, sykkel og gange meir attraktivt.
- Utvikle eit funksjonelt trafikalt køyremønster med veg, gate og parkeringsstruktur som gjer det lett å orientere seg, er trygt for alle, og inviterer til å gå og sykle i/til sentrumskjernen.
- Sikre gode trafikale forhold i bustadområda og vektlegge gang- og sykkelvegar som sikrar trygg ferdsel for barn og unge.
- Utvikle Volda som kollektivknutepunkt og betre offentleg kommunikasjonstilbod.

Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:

- Vurdering av dagens og framtidige overordna vegsystem inkl. fjordkryssingar og kollektivtrafikkløysingar.
- Kartlegging av farlei, ankringsområde for skip og fiskerihamner.
- Utarbeide hovudplan for vegsystemet i Volda sentrum inkl. løysingar for kollektivtrafikk og gang- og sykkelstrategi. Gjennomføre kollektivanalyser.
- Registrering av barn og unge sin bruk av areal i Volda sentrum og Mork.
- Utarbeiding av retningslinjer for veg- og gateutforming
- Utarbeide parkeringsstrategi for Volda sentrum(betalingsparkering, ...)

5.7 Grønstruktur, friluftsliv og kultur

Dei gode mogelegheitene for naturopplevingar og friluftsliv gjer Volda attraktiv som studie- og bustadkommune. Ei viktig målsetting i samfunnsdelen er derfor at alle skal ha tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen.
Det er viktig å ta vare på det som gjer Volda attraktiv og Volda kommune skal arbeide for ein berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald både på land, ivatn og i sjø. Dette er også i samsvar med målet om å Styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.

Arealstrategiar for grønstruktur, Friluftsliv og kultur:

- Sikre og utvikle viktige natur- og friluftsområde og legge til rette for tilgang til områda.
- Sikre og vidareutvikle grønstruktur i Volda sentrum med fokus på Utviklingsplanen og strategien "frå fjord til fjell".
- Sikre viktige kulturmiljø og kulturminne.

Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:

- Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde.
- Kartlegging av vassdrag, strandsone og sjøareal.
- Fastsetting av markagrense, grense mot jordbruksareal og byggegrense mot sjø og vassdrag.
- Utarbeide kulturminneplan og sikre viktige område for kulturminne og kulturmiljø

6 KONSEKVENSUTGREIING

Som del av arealdelen skal det gjennomførast konsekvensutgreiing, der verknader for miljø og samfunn skal skildrast for alle nye område for utbygging, og der arealbruken vert vesentleg endra i eksisterande byggeområde. Oppdatering av arealdelen i samsvar med vedtekne reguleringsplanar vert ikkje omfatta av kravet om konsekvensutgreiing. Det skal takast utgangspunkt i metodikken skissert i rettleiaren frå MD "Konsekvensutredninger, Kommuneplanens arealdel".

1. Avgrensing av utgreiingsområde/ influensområde.
2. Verdien av området.
3. Omfanget(påverknad) i forhold til 0-verdien.
4. Konsekvens. Samanstilling av verdien av området med omfanget av tiltaket.
5. Samla vurdering av konsekvens.

Vurdering av konsekvens for dei enkelte utgreiingstema og samla konsekvens for utbyggingsforslaget bør kunne etterprøvast og det skal derfor gå tydeleg fram korleis verdien av eit område og omfanget av utbygginga er vurdert og fastsett.

For dei tema der metodikken er uhensiktsmessig, skal det nyttast ein verbal vurdering av foreslått utbyggingsformål med fastsetting av konsekvensar basert på kriteria bestemt på førehand. Konsekvensutgreiinga skal i utgangspunktet baserast på eksisterande kunnskap. Innanfor enkelte fagtema og i enkelte område kan det vere behov for oppdatering av denne kunnskapen. Aktuelle utgreiingstema er basert på krav i Forskrift om konsekvensutgreiingar, med nokre relevante tilpassingar.

Alle forslag til nye/endra arealbruk skal også vurderast opp mot arealstrategiane, og ein skal vurdere den samla verknad av både kvart utbyggingsforslag, men også verknad av dei samla arealbruksendringane i forslaget til ny arealdel. I tabellane under er alle utgreiingstema lista opp. Der er det også vist til aktuelle problemstillingar, kva eksisterande kunnskap vi har, og behov for ny kunnskap.

Miljø			
Utgreiingstema	**Problemstilling**	**Eksisterande kunnskapsgrunnlag**	**Metode/utgreiingar**
Forureining	Nye utbyggingsområde kan medføre ureining, støy, klimaendringar m.m.	Registreringar, Miljødata, Støykartleggingar langs hovudvegar og i samb. med nyare reguleringsplanar.	Hovudplan for vatn og avlaup.
Landbruk og jordressursar	Tap av produksjonsareal, driftsulemper.	Gardskart, FKB-data. Data for produksjonstillegg.	Kjerneområde landbruk, synfaringar.
Naturmangfald og naturmiljø	Endra arealbruk kan endre naturmangfald og naturmiljø.	Naturbase, naturtyperegistreringar, Fiskeridirektoratets kartdatabaser.	Synfaringar.
Kulturminne og kulturmiljø	Utbygging kan gje negativ konsekvens for kulturminne-/miljø.	Askeladden. SEFRAK. Regional delplan for Kulturminne	Kulturminneplan, synfaringar.
Landskap	Ny utbygging kan endre landskap og gi nær og fjernverknad.	Høgde- og terrengdata, ortofoto.	Synfaringar.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Ny utbygging kan gi negativ konsekvens for nærmiljø, grønstruktur og utøving av friluftsliv.	Generelt kartgrunnlag.	
Energiforbruk og energiløysingar	Ny utbygging kan gi auka energiforbruk.		Konkret vurdering av lokalisering mot viktige strukturar i samfunnet elles
Klimaendringar	Utfordringar i forhold til overvasshandtering, stormflo og havnivåstigning.	Kartgrunnlag.	GIS-analyse.
Vassmiljø og verna vassdrag	Ny utbygging kan gi negative konsekvensar.	Verneforskrift.	Kartlegging av vassdrag. Synfaring.
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ny utbygging kan redusere kvaliteten og gi negative konsekvensar for strandsona langs sjø og vassdrag.	Kartgrunnlag, Kystinfo, Den norske los.	Strandsonekartlegging. Synfaring.

Samfunn			
Utgreiingstema	**Problemstilling**	**Eksisterande kunnskapsgrunnlag**	**Metode/utgreiingar**
Transport og trafikk	Nye utbyggingsområde må vere trafikksikre og fungere i forhold til vegsystemet.	Vegdatabanken, kartgrunnlag.	Trafikktryggingsplan. Hovudplan for veg.
Teknisk infrastruktur	Ny utbygging kan ha konsekvensar for eksisterande infrastruktur og gi behov for større investeringar.	Kartgrunnlag, VA-kart	Hovudplan for vatn og avlaup.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ny utbygging kan ha konsekvensar for dagens tenestestruktur og gi behov for endringar.	Generelt kartgrunnlag.	Ein må vurdere om utbyggingsområda fører til behov for investering i nye funksjonar eller infrastruktur.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Nye utbyggingsområde kan gi endra risikobilde. Kan gi endra behov for førebygging og normalisering ved uføresette hendingar.	Eksisterande ROS-analyse.	Revisjon av heilskapleg ROS-analyse og ROS-analyse av arealbruksendringar.
Folkehelse	Mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar og tilgjenge til bygningar, uteområde og tenester for alle.	Folkehelsebarometer. Generelt kartgrunnlag.	Vurdere helsekonsekvensar av nye tiltak og vektlegge Folkehelseperspektivet. Universell utforming må vurderast som eit overordna prinsipp i nye område.
Estetikk og arkitektur	Ny utbygging kan gi endra estetisk uttrykk i eit område.	Generelt kartgrunnlag	Synfaring.
Barn og unge	Utbygging kan komme i konflikt med verdiar i barn og unge sine oppvekstområde		Barnetrakk-registreringar.
Forholdet til strategiar om arealbruk			

7 ROS-ANALYSE

Kommunen har ein heilskapleg ROS-analyse som vart utarbeidd i 2013, tatt til vitande av Formannskapet i sak 156/13 den 24.09.2013. Det vil vere behov for revisjon av denne. I tillegg til heilskapleg ROS-analyse er det jf. krav om plan- og bygningsloven §4-3 krav om at det ved alle nye planar skal utarbeidast ein risiko- og sårbarheitsanalyse:

"Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap".

Det skal utarbeidast ein oversiktsanalyse(ROS) som skal vise alle risiko- og sårbarheitstilhøve som påverkar om areal er eigna til utbyggingsføremål og endringar av tilhøva i forhold til planlagt utbygging. Analysen er ei grov kartlegging av mulege risikofaktorar i kommunen for å kunne førebygge større skader på liv, helse, miljø og materielle verdiar. Det skal nyttast metode som vist i DSB sitt temahefte nr. 11: "Samfunnssikkerhet i arealplanlegging".
I tabellen under er det vist kva farekategoriar som skal kartleggast:

Naturfarar	Menneske og verksemdsbaserte farar
Skred	Handtering av farlege stoff
Flaum	Storbrann
Overvatn	Forureining
Stormflod	Ulukker med transportmidlar
Flodbølgje	Sårbare objekt
Havnivåstigning	Tilgjenge for naudetatar
Skog og grasbrann	Elektromagnetiske felt
Ustabile grunnforhold	Terror og sabotasje
Storm/orkan	

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: +47 70 05 87 00
Faks: +47 70 05 87 01
Åpningstider: 08.00–16.00

Arealdelen 2018 – 2030

Kommuneplan for Volda kommune

Godkjenning av Planprogram

Endringslogg pr. 29.11.2016:

Side	Tekst i høyringsforslag pr. 06.10.2016	Tekst i rev. A 23.11.2016	Kommentar
s.4	standardar for kommuneplanar. I Volda kommune sin planstrategi (vedteken 29.11.2012) vart det vedteken at fullstendig revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken 26.05.2016.	Lagt til tekst til slutt i 2. avsnitt: standardar for kommuneplanar. I Volda kommune sin planstrategi (vedteken 29.11.2012) vart det vedteken at fullstendig revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken 26.05.2016. Formålet med full revisjon av arealdelen er å legge til rette for å nå målsettingane om utviklinga av Volda kommune, som kjem fram i Samfunnsdelen. Sjå kap. 5.	Jf. fråsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
s. 5	2.1 Organisering Planleggar ved Sektor for Utvikling vil ha rolla som Prosjektleiar(PL) og det vil bli sett ned ei prosjektgruppe(PG) på 4-6 personar frå administrasjonen, som har ansvar for den praktiske gjennomføringa av arbeidet. Arbeidet med arealdelen vil vere tema på det administrative planmøtet og administrasjonen sitt leiarmøte og desse to gruppene vil då fungere som ei administrativ arbeidsgruppe. Formannskapet vil bli nytta som ei politisk rådslagingsgruppe og vil få høve til å kome med	2.1 Organisering Planleggar ved Sektor for Utvikling vil ha rolla som Prosjektleiar(PL) og det vil bli sett ned ei prosjektgruppe(PG) på 4-6 personar frå administrasjonen, som har ansvar for den praktiske gjennomføringa av arbeidet og utarbeider forslag til plan. Arbeidet med arealdelen vil vere tema på det administrative planmøtet og administrasjonen sitt leiarmøte og desse to gruppene vil då fungere som ei administrativ ressursgruppe som kjem med råd og innspel til PG i planprosessen. Formannskapet vil bli nytta som ei politisk rådslagingsgruppe og vil få høve til å kome med innspel og råd undervegs	Jf. fråsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

2.3 FRAMDRIFT

Tid	Planoppgåve
Juni 2016	Orientering til FSK om planprogram og planprosess.
Juni – september 2016	Utarbeiding av forslag til planprogram
Oktober – november 2016	Offentleg ettersyn og høyring planprogram
Desember 2016	Fastsetting av planprogram
Desember 2016 – august 2017	Gjennomgang og vurdering av innspel til endra/ ny arealbruk. Analyser, kartleggingar og utgreiingar. • Kjerneområde landbruk • Kartlegging av friluftslivsområder • Barnetrakk • Kulturminneplan • Hovudplan for avløp og vassforsyning • Plan for Veg og trafikk • M.v.
	Utarbeiding av 1. forslag til Arealdel ROS og KU
August 2017	Handsaming av 1. forslag og utlegging til offentleg ettersyn
August – Oktober 2017	Offentleg ettersyn og høyring Arealdelen
Oktober – november 2017	Gjennomgang og vurdering av merknader. Bearbeiding/korrigering av planforslag, KU og ROS
Desember 2017	Godkjenning/Handsaming av 2.forslag til Arealdel.
Desember 2017 - Februar 2018	Offentleg ettersyn og høyring av 2. forslag til Arealdel.
Februar – Mars 2018	Gjennomgang og vurdering av merknader. Bearbeiding/korrigering av planforslag, KU og ROS
April 2018	Godkjenning av Arealdelen.
April 2018	Kunngjering av endeleg vedtatt Arealdel.

2.3 FRAMDRIFT

Tid	Planoppgåve
Juni 2016	Orientering til FSK om planprogram og planprosess.
Juni – september 2016	Utarbeiding av forslag til planprogram
Oktober – november 2016	Offentleg ettersyn og høyring planprogram
Desember 2016	Fastsetting av planprogram
Desember 2016 – januar 2017	Gjennomgang av innspel til endra/ny arealbruk(orientering FSK)
Desember 2016 – april 2017	ROS-analyse(fastsetting FSK)
Desember 2016 – april 2017	Analyser, kartleggingar og utgreiingar. • Kjerneområde landbruk • Kartlegging av friluftslivsområder • Kulturminneplan • Hovudplan for avløp og vassforsyning • Plan for Veg og trafikk • M.v.
April – mai 2017	Vedtak av kartbaserte arealstrategiar. Vurdering og prioritering av innspel til endra/ny arealbruk (vedtak FSK)
Juni – august 2017	Konsekvensutgreiing og ROS av planforslag.
April – august 2017	Utarbeiding av 1. forslag til Arealdel
August 2017	Handsaming av 1. forslag og utlegging til offentleg ettersyn
August – Oktober 2017	Offentleg ettersyn og høyring Arealdelen
Oktober – november 2017	Gjennomgang og vurdering av merknader. Bearbeiding/korrigering av planforslag, KU og ROS av planforslag
Desember 2017	Godkjenning/Handsaming av 2.forslag til Arealdel.
Desember 2017 - Februar 2018	Offentleg ettersyn og høyring av 2. forslag til Arealdel.
Februar – Mars 2018	Gjennomgang og vurdering av merknader. Bearbeiding/korrigering av planforslag, KU og ROS av planforslag
April 2018	Godkjenning av Arealdelen.
April 2018	Kunngjering av endeleg vedtatt Arealdel.

s. 6	- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (Kgl. res. av 26.09 2014).	Lagt til i liste over andre nasjonale føringar - Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (Kgl. res. av 26.09 2014). - Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (Havressurslova) - Lov om Akvakultur	Jf. merknad frå Fiskeridirektoratet.
s. 10	4.3 Landbruksnæringa Landbruksnæringa har vore ein av grunnpilarane for busetnaden på bygdene. I Volda har om lag 1/5 av alt jordbruksareal i perioden 2001–2014 blitt omdisponert til andre formål. I same periode har talet på aktive gardsbruk i Møre og Romsdal gått ned med om lag 34 %. Tilsvarande tal for Volda er ein nedgang på 48 %. For Volda sin del har det dei siste femten åra, vore ein nedgang i kjøtproduksjon på 14 % og ein nedgang i mjølkeproduksjon på 25 % .	Endra det meste av 1. avsnitt i 4.3: 4.3 Landbruksnæringa Landbruksnæringa har vore ein av grunnpilarane for busetnaden på bygdene. I Volda har om lag 1/5 av jordbruksarealet i perioden 2001 – 2014 gått ut av produksjon eller vorte omdisponert. I same periode har talet på aktive landbruksføretak i Møre og Romsdal gått ned med om lag 34 %. Tilsvarande tal for Volda er ein nedgang på 48 %. Fleire mindre føretak har gått saman i samdrifter og strukturrasjonaliseringa og effektiviseringa har vore betydeleg. Endringane har ført til ein nedgang i kjøtproduksjonen på 14 % og 25 % i mjølkeproduksjonen.	Jf. merknad frå Landbrukskontoret for Ørsta og Volda.
s. 13	I kommunen er det fleire små bygdesenter. Det ikkje formulert noko eiga målsetting for utvikling av bygdesentra, anna enn målsetting om å redusere den negative folketalsutvikinga på bygdene. Bygdesentra sin viktigaste funksjon vil slik sett vere å sikre teneleg teneste- og servicetilbod for dei som er busett i bygdene.	Endra 2. avsnitt i 5.1 I kommunen er det fleire små bygdesenter. Det ikkje formulert noko eiga målsetting for utvikling av bygdesentra, anna enn målsetting om å redusere den negative folketalsutvikinga på bygdene. Bygdesentra sin funksjon må vurderast i arealplanen ut frå kva funksjon dei skal ha. Kommunen må ut frå dei økonomiske rammevilkåra for tenesteytinga ha ein overordna strategi for utnytting av kommunen sine ressursar, og sjå korleis ein samla sett kan gi gode tenester til alle innbyggjarane i kommunen.	Som følgje av klare føringar frå kommunestyret i september på at ein må gjere utgreiingar av tenestestrukturen.

s. 15	• Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde. • Verdifulle setremiljø skal i størst muleg grad bevarast og nybygging av hytter skal i hovudsak plasserast i felt utanfor viktige setremiljø.	Ny arealstrategi i 5.4: • Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde. • Vorar, småbåthamner og moloar skal fungere som fellesløysingar. • Verdifulle setremiljø skal i størst muleg grad bevarast og nybygging av hytter skal i hovudsak plasserast i felt utanfor viktige setremiljø.	Jf. merknad frå MDG Volda.
s. 15	5.5 Landbruk og næringsliv Gjennom samfunnsdelen har ein fastsett ei målsetting om at Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad. Det er også eit mål å styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur- og opplevingsdestinasjon og vidare er dei målsetting å styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde. Det er ingen klare målsettingar når det gjeld landbruksnæringa men det er valt ut fleire ulike strategiar som gjeld næringsliv, der også landbruks- og havbruksnæringa vert sett på som viktige for å nå målsettingane.	Endra tekst 5.5: 5.5 Landbruk og næringsliv Gjennom samfunnsdelen har ein fastsett ei målsetting om at Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad, der ein av strategiane er å leggje til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk, og næringar som er knytt opp mot dette. Berekrafta no og i framtida er avhengig av jordvern og då med særleg fokus på dei beste produksjonsareala. Det er også eit mål å styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur- og opplevingsdestinasjon og vidare er målsettinga å styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.	Jf. merknad frå Landbrukskontoret for Ørsta og Volda.
s. 15	• Avklare behov for og aktuell plassering av areal for mottak og deponi for masser.	Nytt pkt. under behov for utgreiingar kap. 5.5. • Avklare arealbehov for overnattings- og serveringstilbod. • Avklare behov for mineralressursar og aktuell plassering av areal for mottak og deponi for masser.	Jf. merknad frå Direktoratet for mineralforvaltning og Volda Maskin AS

s.16	**Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:** • Vurdering av dagens og framtidige overordna vegsystem inkl. fjordkryssingar og kollektivtrafikkløysingar. • Utarbeide hovudplan for vegsystemet i Volda sentrum inkl. løysingar for kollektivtrafikk og gang- og sykkelstrategi. • Registrering av Barnetrakk i Volda sentrum og Mork. • Utarbeiding av retningslinjer for veg- og gateutforming • Utarbeide parkeringsstrategi for Volda sentrum(betalingsparkering, ...)	Tatt inn nye utgreiingar og endra utgreiingsbehov vedr. barnetrakk. **Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:** • Vurdering av dagens og framtidige overordna vegsystem inkl. fjordkryssingar og kollektivtrafikkløysingar. • Kartlegging av farlei, ankringsområde for skip og fiskerihamner. • Utarbeide hovudplan for vegsystemet i Volda sentrum inkl. løysingar for kollektivtrafikk og gang- og sykkelstrategi. Gjennomføre kollektivanalyser. • Registrering av barn og unge sin bruk av areal i Volda sentrum og Mork.	Jf. merknader frå Kystverket, Møre og Romsdal fylkeskommune, samt tilbakemelding frå IKT.
s. 16	Det er viktig å ta vare på det som gjer Volda attraktiv og Volda kommune skal arbeide for ein berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald. Dette er også i samsvar med målet om å Styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.	Lagt til tekst i 2. avsnitt i 5.7 Det er viktig å ta vare på det som gjer Volda attraktiv og Volda kommune skal arbeide for ein berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald både på land, ivatn og i sjø. Dette er også i samsvar med målet om å Styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.	Jf. merknad frå Fiskeridirektoratet.

s. 17	**Miljø** **Utgreiingstema** / **Problemstilling** / **Eksisterande kunnskapsgrunnlag** Forureining / Nye utbyggingsområde kan medføre ureining, støy, klimaendringar m.m. / Registreringar, Miljødata, Støykartleggingar langs hovudvegar og i samb. med nyare reguleringsplanar. Landbruk og jordressursar / Tap av produksjonsareal, driftsulemper. / Gardskart, FKB-data. Data for produksjonstillegg. Naturmangfald og naturmiljø / Endra arealbruk kan endre naturmangfald og naturmiljø. / Naturbase, naturtyperegistreringar. Kulturminne og kulturmiljø / Utbygging kan gje negativ konsekvens for kulturminne-/miljø. / Askeladden. Landskap / Ny utbygging kan endre landskap og gi nær og fjernverknad. / Høgde- og terrengdata, ortofoto. Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv / Ny utbygging kan gi negativ konsekvens for nærmiljø, grønstruktur og utøving av friluftsliv. / Generelt kartgrunnlag. Energiforbruk og energiløysingar / Ny utbygging kan gi auka energiforbruk. / Klimaendringar / Utfordringar i forhold til overvasshandtering, stormflo og havnivåstigning. / Kartgrunnlag. Vassmiljø og verna vassdrag / Ny utbygging kan gi negative konsekvensar. / Verneforskrift. Strandsone langs sjø og vassdrag / Ny utbygging kan redusere kvaliteten og gi negative konsekvensar for strandsona langs sjø og vassdrag / Kartgrunnlag.	Oppdatert ”Eksisterande kunnskapsgrunnlag” for enkelte utgreiingstema: **Miljø** **Utgreiingstema** / **Problemstilling** / **Eksisterande kunnskapsgrunnlag** Forureining / Nye utbyggingsområde kan medføre ureining, støy, klimaendringar m.m. / Registreringar, Miljødata, Støykartleggingar langs hovudvegar og i samb. med nyare reguleringsplanar. Landbruk og jordressursar / Tap av produksjonsareal, driftsulemper. / Gardskart, FKB-data. Data for produksjonstillegg. Naturmangfald og naturmiljø / Endra arealbruk kan endre naturmangfald og naturmiljø. / Naturbase, naturtyperegistreringar, Fiskeridirektoratets kartdatabaser. Kulturminne og kulturmiljø / Utbygging kan gje negativ konsekvens for kulturminne-/miljø. / Askeladden. SEFRAK, Regional delplan for Kulturminne Landskap / Ny utbygging kan endre landskap og gi nær og fjernverknad. / Høgde- og terrengdata, ortofoto. Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv / Ny utbygging kan gi negativ konsekvens for nærmiljø, grønstruktur og utøving av friluftsliv. / Generelt kartgrunnlag. Energiforbruk og energiløysingar / Ny utbygging kan gi auka energiforbruk. / Klimaendringar / Utfordringar i forhold til overvasshandtering, stormflo og havnivåstigning. / Kartgrunnlag. Vassmiljø og verna vassdrag / Ny utbygging kan gi negative konsekvensar. / Verneforskrift. Strandsone langs sjø og vassdrag / Ny utbygging kan redusere kvaliteten og gi negative konsekvensar for strandsona langs sjø og vassdrag. / Kartgrunnlag, Kystinfo, Den norske los.	Jf. merknad frå Fiskeridirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune og Kystverket.

Handsaming:

Sølvi Dimmen reiste spørsmål om habilitet, ho er mor til ein mogleg framtidig brukar av bustadane. Jf. fvl. § 6. 2. ledd. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:
Sølvi Dimmen vart kjend inhabil med seks røyster, to røysta imot (Dan Helge Bjørneset og Odd Harald Sundal).

Sakshandsamar Berit Sandvik Skeide orienterte om saka.

Odd Harald Sundal kom med slikt framlegg:
Nytt punkt 2 – *Kommunestyret vil kome tilbake til formål og utforming av bygg på Doktorhaugen ved eventuelle seinare behov for tilrettelagde bustader.*

Nytt punkt 3 – *Kommunestyret vil ta omsyn til høyringssvara i saka, og ber administrasjonen snarleg be tilbydarar av sentrale tomter om å gi tilbod på utbygging av 5 bustader for utviklingshemma i privat eller offentleg regi.*

Odd Harald Sundal trekte framlegget sitt.

Odd Harald Sundal kom med nytt framlegg:

Kommunestyret vil kome attende med eiga sak før utbygging av området.

Røysting (8 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med tillegget frå Odd Harald Sundal, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

1. ***Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, detalj-reguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl., med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 21.11.2016.***

   Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre veker frå kunngjering.

2. ***Kommunestyret vil kome attende med eiga sak før utbygging av området.***

Sølvi Dimmen tok sete.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Berit Sandvik Skeide	Arkivsak nr.:	2016/1096
		Arkivkode:	2016006

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
227/16	Formannskapet	29.11.2016
177/16	Kommunestyret	15.12.2016

PLANID 2016006. DETALJREGULERINGSPLAN FOR SEVRINHAUGEN/DOKTERHAUGEN, GNR. 19, BNR. 24 MFL. HANDSAMING ETTER OFFENTLEG ETTERSYN

Administrasjonen si tilråding:
Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, detalj-reguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl., med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 21.11.2016.

Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre veker frå kunngjering.

Vedlegg:

1. Reguleringsplankart, datert 5.9.2016.
2. Reguleringsføresegner, sist datert 21.11.2016.
3. Planomtale, sist datert 21.11.2016.
4. ROS-analyse, datert 5.9.2016.
5. Søknad om rammeløyve (byggesaka).
6. Merknad frå Kommunalt råd for funksjonshemma, datert 24.10.2016.
7. Merknad frå NFU Ørsta Volda lokallag, datert 3.11.2016.
8. Merknad frå LLP, avd. Søre Sunnmøre, datert 10.11.2016.
9. Merknad frå Bjørn Sævik, datert 14.11.2016.
10. Brev frå Bjørn Sævik, registrert 5.1.2016.
11. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 11.11.2016.
12. Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 15.11.2016.
13. Sak til formannskapet 20.9.2016, f-sak 155/16.

Bakgrunn:
Volda kommune har overordna behov for å leggje til rette for utbygging av tenester for høgare omsorgsnivå nært sentralbasen ved Omsorgssenteret. Dokterhaugen er ei tomt eigd av kommunen og ligg nært til dei øvrige omsorgstenestene.

Volda kommune har behov for nye bustader for personar med utviklingshemming. Bygging av bustadane er fastlagt gjennom Omsorgsplanen 2014-2017, og ligg inne i gjeldande økonomiplan. Planframlegget legg til rette for at det kan byggjast inntil 5 bustader.

Gjennom ei vurdering av moglege tomter, er det konkludert med at det er ønskjeleg med ei samlokalisering av bustadane. Lokaliseringa på Dokterhaugen er gunstig med tanke på å utnytte felles ressursar for bemanning på Fjordsynområdet, og lokalisering i forhold til Volda sentrum.

Føremål med planarbeidet er å leggje til rette for bygging av fem bueiningar for menneske med psykisk funksjonshemming på gnr. 19, bnr. 24.

Saksopplysningar:
Planprosess
Det vart halde oppstartsmøte på Volda rådhus 28.6.2016. På møtet drøfta ein avgrensing av planområdet, konsekvensutgreiing, ROS mm. Føresetnader for det vidare arbeidet var også tema. Planarbeidet blei varsla igangsett ved annonse i avisa Møre 2.7.2016, og informasjon på kommunen si heimeside. Høyringsinstansane, grunneigarar og naboar vart varsla med eige brev, datert 29.6.2016. Frist for å kome med innspel til planarbeidet var sett til 22.8.2016. Det kom inn 6 innspel i samband med varsel om oppstart av planarbeidet.

Formannskapet vedtok i møte 20.9.2016 (f-sak 155/16), å leggje forslag til detaljreguleringsplan ut til offentleg ettersyn. Frist for å kome med innspel til planforslaget var sett til 16.11.2016.

Felles plan og byggesak
Kommunen har tidlegare lagt til rette for felles plan- og byggesak i samsvar med plan- og bygningslova, § 1-7 (jf. § 12-15 og § 21-4). På grunn av uvisse knytt til utforming av forprosjektet, er det ikkje lenger føremålstenleg med felles plan- og byggesak.

Merknader i samband med offentleg ettersyn
I samband med offentleg ettersyn kom det inn 6 merknader til planforslaget.

Kommunalt råd for funksjonshemma (datert 24.10.2016), stiller spørsmål ved om det er vurdert andre tomter for lokalisering av bustadene. Dei viser til kommunale tomter på

Bratteberg og Rotset (Bømarka). Rådet gir klart uttrykk for at dei meiner det er uheldig med fortetting av bustader på Sevrinhaugen/Dokterhaugen. Ei utbygging som skissert vil kunne gi eit institusjonsprega bumiljø. Rådet hevdar leiligheitene er små og lite eigna for rullestolbrukarar.

Kommentar:
Eigedomsavdelinga har i samarbeid med omsorgsavdelinga vurdert fleire lokalitetar med omsyn til plassering av omsorgsbustadane, deriblant ei kommunal tomt på Bratteberg. Alternativa vart lagt fram for dei pårørande, som gjekk for Dokterhaugen. Dokterhaugen er sentrumsnært med kort veg til offentleg kommunikasjon.

Det er også kort veg til butikkar og andre sentrumsfunksjonar. Dei pårørande la vekt at området framstår som eit trygt nabolag, med kort veg til offentlege døgntenester. Brukarane av bustadane har ikkje bil, og det vil vere positivt for dei å ha kort veg til funksjonar i sentrum.

Nemnde tomteareal på Rotset (Bømarka) er i kommunedelplan for Volda sentrum, lagt ut som utvidingsareal til Bømarka barnehage.

Tomta på Bømarka ligg vesentleg lenger vekk frå sentrum. Det er også lenger avstand til offentlege døgntenester. Arealet på Bømarka er i privat eige og ikkje regulert til bustadføremål. Kommunen held fast ved at ein i alle høve har behov for å sikre areal for utbygging av omsorgsbustader ved Sevrinhaugen/Dokterhaugen.

Kommunen bør vurdere om ein i kommuneplansamanheng skal sikre seg arealet ved Bømarka.

Råd for funksjonshemma har vore involvert i prosessen. I tillegg har det vore fleire møte (individuelle og felles) med pårørande til dei som har søkt om kommunal bustad. Partane har også fått tilsendt teikningar av prosjektet med moglegheit for tilbakemelding.

Planmynde har utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan etter tinging frå Eigedoms-avdelinga. Ein forutset at prosjektet tilfredsstiller krav til universell utforming.

Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU) Ørsta Volda lokallag, datert 3.11.2016, meiner det er uheldig at Volda kommune planlegg ytterlegare fortetting av omsorgsbustader. Dei viser til at det er i strid med nasjonale føringar. Samstundes oppfordrar lokallaget kommunen til å tenkje langsiktig. Laget slår fast at det vil vere behov for meir sentrumsnære areal for bustader til menneske med nedsett funksjonsevne i framtida. Laget oppfordrar kommunen til å vurdere alternativ lokalisering for prosjektet. NFU stiller spørsmål ved om kommunen har kvalitetssikra planløysinga for bustadane. Gnr. 19, bnr. 24, bør etter NFU si vurdering liggje som grøntareal for dei som bur i området.

Kommentar:
Det vert vist til kommentar til merknadene ovanfor. Det er behov for areal til sentrumsnære omsorgsbustader i dag. Difor er det viktig å få på plass detaljreguleringsplan som mogleggjer bygging av slike bustader.

Landsforeningen for pårørende innen psykisk helse, (LLP), datert 10.11.2016, meiner det er uheldig å fortette ytterlegare i området ved Sevrinhaugen/Dokterhaugen. Dei viser til at det er i strid med nasjonale føringar. LLP hevdar dei prosjekterte bustadane er små og at dei neppe oppfyller krava til areal for bruk av t.d. rullestol (jf. universell utforming). LLP meiner gnr. 19, bnr. 24 bør nyttast til aktivitets- og friluftsstad for større trivsel for dagens bebuarar.

Avslutningsvis oppmodar LLP Volda kommune å gå i dialog med tomteeigar/ev. utbyggjar, og byggje dei nye bustadane på Bømarka.

Kommentar:
Det vert vist til kommentar til merknad frå kommunalt råd for funksjonshemma ovanfor. Hove & Co på vegne av Bjørn Sævik, datert 14.11.2016, viser innleiingsvis til klagen hans på Volda kommune sitt rammeløyve (juni 2016) og merknader i samband med oppstart av reguleringsplanarbeidet (august 2016). Hove held fast ved klagen på rammeløyve og merknadene datert 24. august 2016.

Hove viser til kommunen si saksutgreiing ved utlegging til offentleg ettersyn (sak 155/16), der kommunen la til grunn at kommuneplanen sin arealdel, vedteken 18.6.2009, gjeld framom reguleringsplan for Fjordsynområdet (godkjent 30.3.2000). Hove hevdar at dette er stikk motsatt konklusjon i forhold til det ein annan klient av han formidla som syn/konklusjon frå Volda kommune si side, ein annan stad i kommunen, det plantilhøvet er tilsvarande.

Hove held fram og held fast ved at framlegget til reguleringsplan råkar eit friområde/fellesareal underlagt RPR FOR-1995-09-20-4146, jf. for eksempel pkt. 5d og 5b, samt merknader datert 24. august. Det vert også vist til Rundskriv T-1513. Hove meiner arealet er uerstatteleg og at det ikkje kan fjernast utan at det vert kompensert med fullverdig erstatningsareal. Hove slår fast at det ikkje er vist erstatningsareal og at kommuneplanen sin arealedel er underlagt same rettsreglar som reguleringsplan.

Hove meiner eigedommen til Sævik vil miste sollys (ettermiddagsol) på sentral uteplass mot vest. Vidare vil utsikten frå hovudvindauge i huset bli sterkt redusert, og utsikten frå stovevindauge vil bli bakveggen på bodene i prosjektet. Hove informerer om at Sævik sin veletablerte uteplass, vert liggjande heilt inntil omsorgsbustadane sin uteplass. Hove meiner det er uheldig, og at planar skal løyse konflikter og ikkje skape konflikter.

Hove informerer om at det går ein fjellrygg i bytet mot bnr. 25, som det må sprengast i. Sævik lurer på korleis dette er tenkt gjort utan at fjellet på nabotomta i aust vil sprekke. Sævik er uroa for at det vil verte vanskeleg å plante vegetasjon som skjerm mot nabotomta, på grunn av for lite rotfeste for vestleg vind.

Sævik meiner skisserte utbygging på Sevrinhaugen/Dokterhaugen, vil føre til eit konsentrert og stort institusjonsområde, som vil vere mindre tenleg for brukarane.

Hove slår fast at avstand frå nabogrense (bnr. 25) er langt under 4 meter. Hove hevdar det ikkje er grunnlag for slik avstand og at det ikkje vert akseptert. Sævik sin advokat påpeikar vidare at skisserte omsorgsbustader ikkje er i samsvar med § 2.1 a i forslag til reguleringsføresegner for området. Sævik meiner bygningane bryt med byggeskikken i området.

Advokat Hove viser til Bjørn Sævik sitt brev til Volda kommune 31. desember 2015, og ber om at det vert ein del av merknaden frå Sævik.

Kommentarar:
Kommunen har ingen kommentar til Hove sin påstand om forskjellshandsaming, då vi ikkje konkret kjenner til saka Hove viser til. Volda kommune held fast på vurderinga som vart gjort i saksutgreiinga til formannskapet i sak 155/16.

For ordens skuld tek vi med vurderinga frå saka ved utlegging til offentleg ettersyn.

Sitat frå sak 155/16:
«*Planområdet er i kommunedelplan for Volda sentrum (godkjent 18.6.2009) lagt ut til offentleg bygning (O5) og bustad.*



Utsnitt frå kommunedelplan for Volda sentrum

I reguleringsplan for Fjordsynområdet (godkjent 30.3.2000) er området lagt ut til byggjeområde, eldre-, omsorgsbustader (OB2) og offentleg friområde.

Utsnitt frå reguleringsplan for Fjordsynområdet

Det er kommuneplanen sin arealdel som gjeld for gnr. 19, bnr. 24. Noko som inneber at gnr. 19, bnr. 24 er lagt ut til bustadføremål. Det er difor ikkje formelt sett krav om erstatningsareal for friområde».

Til grunn for vurderinga låg at dersom det er motstrid mellom formål i planar, er det sist vedtekne plan som gjeld. Gnr. 19, bnr. 24 er lagt ut til bustadføremål og ikkje friområde. Det er difor ikkje formelt sett krav om erstatningsareal no. Eventuelt krav om erstatningsareal skulle vore framstilt i samband med omdisponering av arealet frå friområde til bustad i samband med kommunedelplan for Volda kommune i 2009.

I nærområdet er det fleire areal til leik/friområde. Øyra barnehage og Engeset barnehage like ved, er mykje nytta areal til leik og opphald for dei som bur i nærområdet, og for andre som syklar/går/køyrer til desse områda. Det er elles kort veg til park og leikeareal ved Samfunnshuset, Rådhuset og til ballplassane ved vidaregåande skule og høgskulen/Øyra skule.

Det er i reguleringsplanforslaget lagt til rette for oppføring av bygningar med mønehøgd inntil 5 meter og gesimshøgd inntil 3 meter. Grad av utnytting er sett til 40 % BYA. Det er snakk om relativt låge bygningar samanlikna med dei generelle reglane i plan- og

bygningslova sin § 29-4, der det er lagt til rette for oppføring av bygg med maksimum gesimshøgd 9 meter og maksimum mønehøgd 8 meter. Det er også vesentleg lågare enn vanleg møne- og gesimshøgd i dagens reguleringsplanar for bustadområde.

Tap av sol, utsikt og avstand til uteplass er etter kommunen si vurdering ikkje meir enn det ein i dag normalt finn i bustadfelt i tettbygd strøk. Kommunen kan ikkje sjå at naboen vert påført ulemper som overskrir kva ein kan forvente ved fortetting i sentrum av Volda.

Volda kommune føreset at grunnarbeidet på gnr. 19, bnr. 24, vil bli gjennomført på ein forsvarleg måte.

Når det gjeld avstand til nabogrense, vert det vert vist til plan- og bygningslova sin § 29-4, sitat:

> *«Hvis ikke annet er bestemt i plan etter kapittel 11 eller 12, skal byggverk ha en avstand fra nabogrense som angitt i forskrift eller som minst svarer til byggverkets halve høyde og ikke under 4 meter».*

Plan- og bygningslova slår fast at reguleringsplan kan fastlegge kortare avstand til nabogrense.

Paragraf § 2.1 i forslag til reguleringsføresegner har slik ordlyd, sitat:

> *«§ 2.1 Fellesføresegner*
> *a) Bygningar skal plasserast innanfor byggegrensene vist i plankartet. Plankart og føresegner er bindande for plassering og utforming av bygningar og vegsystem. Ved handsaming av søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygg/anlegg. Ved søknad om byggeløyve skal det ligge føre teikningar eller anna visualisering som viser bustadbygg si plassering i terrenget og i høve til kringliggande bygningar.»*

Etter kommunen si vurdering, er forprosjektet til bustadane godt i samsvar med forslag til reguleringsføresegner for området. Bustadane har saltak og ein materialbruk som ikkje skil seg frå kringliggjande bustader. I følgje teikningane knytt til forprosjektet, er det ikkje reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningane. Det ligg føre teikningar, snitt og 3D illustrasjon som viser bygningane si plassering i terrenget og i høve til kringliggjande bygningar.

I fasadene på skisserte prosjekt er det vist to typar kledning, ei liggjande trekvit kledning på veggar med vindauge og dører og mørk kledning på sideveggane, dei utstikkande skiljeveggane mellom bueiningane og som rekkverk på balkongane.

Taket er mørkt, slik at det går i eitt med den svarte trekledninga. Fasaden på felleshuset er også i svart trekledning, medan utebodene har den trekvite kledninga. Denne trekvite kledninga går også igjen i blomsterkassene ute på tunet. Etter kommunen si vurdering vil prosjektet ikkje skilje seg vesentleg ut frå kringliggjande busetnad.

Når det gjeld byggeskikk, ser ein at det er bustader frå ulike tidsrom med ulike uttrykk i området. Sevrinhaugen bufelleskap har valmtak. Det har også bustaden på gnr. 19, bnr. 25. Elles er det halvvalmtak og vanleg saltak på bustadane i området.

Momenta framført i brev av desember 2015, er etter kommunen si vurdering presentert og kommentert tidlegare i denne saka, og vert såleis ikkje nærare kommentert her. Brevet er lagt ved for ordens skuld.

Møre og Romsdal fylkeskommune (MRF), datert 11.11.2016, rår til at felles utomhus opphaldsareal blir sikra opparbeidd gjennom rekkjefølgjeføresegner. MRF informerer om at kulturavdelinga har gjennomført arkeologisk registrering i området. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.

Kommentar:
Opparbeiding av felles utomhusareal vert sikra ved at reguleringsføresegnene får følgjande tilføying: *«§ 3.1. Felles utomhus opphaldsareal. Felles utomhus opphaldsareal for o_BKB2 skal opparbeidast samstundes med oppføring av omsorgsbustadene.».*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 15.11.2016, har ingen merknader til planforslaget.

Vurdering:
Barn og unge
Forholdet til barn og unge er vurdert og ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon. I nærområdet er det fleire areal til leik/friområde. Øyra barnehage og Engeset barnehage like ved er mykje nytta areal til leik og opphald for dei som bur i nærområdet, og for andre som syklar/går/køyrer til desse områda. Det er elles kort veg til park og leikeareal ved Samfunnshuset, Rådhuset og til ballplassane ved vidaregåande skule og høgskulen/Øyra skule.

Naturmangfald
I samband med utarbeiding av plan er det gjennomført ein sjekk i Naturbasen til Miljødirektoratet og Artsdatabanken. Det er ikkje registrert artar eller naturtypar i planområdet. Etter kommunen si vurdering medfører ikkje planframlegget negative konsekvensar i høve til naturverdiar/naturmangfald.

ROS
Det er gjennomført ei generell ROS-analyse. Ein kjenner ikkje til at det er særskilte moment som medfører risiko eller sårbarheit.

Konklusjon:
Volda kommune har lagt til grunn at det er kommunedelplan for Volda sentrum, godkjent 18.6. 2009 som gjeld for området. Det inneber at gnr. 19, bnr. 24 er lagt ut til bustadføremål.

Eigedomsavdelinga har i samarbeid med omsorgsavdelinga vurdert fleire lokalitetar med omsyn til plassering av omsorgsbustadene. Etter samråd med potensielle brukargrupper, vart Sevrinhaugen/Dokterhaugen valt som lokalitet. Råd for funksjonshemma har vore involvert i prosessen. Det har og vore, både felles og individuelle møte med dei pårørande til dei som har søkt om kommunal bustad.

I ettertid har det blitt stilt spørsmål ved om kommunen har vurdert fleire alternativ til lokalisering av omsorgsbustadene, og om skisserte bustader er universelt utforma. Som det går fram av saksutgreiinga ovanfor, har kommunen vurdert alternativ til lokalisering. Kommunen har valt Sevrinhaugen/Dokterhaugen, med bakgrunn i at det er ønskjeleg med ei samlokalisering av bustader. Lokaliseringa er gunstig i høve til utnytting av felles ressursar for bemanning på Fjordsynområdet. Med omsyn til at brukarane ikkje disponerer bil, er det ein fordel at det er kort veg Volda sentrum.

Kommunen legg til grunn at omsorgsbustadane tilfredsstiller krav i høve til universell utforming. Volda kommune har stor trong for sentrumsnære omsorgsbustader. Forslag til detaljreguleringsplan legg til rette for ei god og kostnadseffektiv utnytting av arealet på gnr. 19, bnr. 24.

Denne saka omhandlar regulering der ein fastset arealformålet og rammevilkåra for seinare utbygging. For kommunen er det overordna viktig at dette sentrale området ved sentralbasen for omsorgstenestene i kommunen vert sikra til omsorgsformål. Prosessen med pårørande til brukarane i den konkrete saka om bustader til vaksne funksjonshemma må gå vidare i samband med byggjesaka, der ein endeleg må lande om brukarane skal ha bustader på denne tomta, samt kva endelege løysingar som vert å velje.

Tilråding:
Rådmannen rår i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, til at kommunestyret godkjenner detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl. med tilhøyrande reguleringsføresegner.

Rune Sjurgard	Jørgen Vestgarden
Rådmann	utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:
- Eigedom ved Jeanette Brandal / Kjell Magne Rindal.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.
- Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Klageinstans:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.



TEIKNFORKLARING

Bygningar og anlegg (§ 12-5, nr. 1)

- Bustad/tenesteyting

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5, nr. 2)

- Køyreveg
- Fortau

Omsynsoner (§ 12-6)

- Sikringsone - frisikt

Juridiske linjer og punkt

- Planen si avgrensing
- Formålsgrense
- Byggjegrense
- Regulert senterlinje veg
- Frisiktslinje
- Sikringssonegrense

Basiskartet er teikna med svak gråfarge

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart: Volda kommune
Dato for basiskart:
Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89
Høgdegrunnlag: NN 1954

Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk 1:1000
0 10 20 30 40 m

N

Volda kommune
kommune

Detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen - Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl.

Nasjonal arealplan-ID
2016007
Plantype:
Detaljplan
Forslagsstillar:
Volda kommune
Saksnummer:

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Kunngjeringsdato for planvedtak: Dato for siste revisjon av plankart:	Behandlingsorgan	Møtesaksnr	Dato	Sign
Planvedtak:	Formannskapet			
Handsaming i formannskapet - utlegging til off. ettersyn		155/16	20.9.2016	BSS
Kunngjering av oppstart av planarbeidet:			29.6.2016	BSS

PLANEN ER UTARBEIDD AV:
Volda kommune

REGULERINGSFØRESEGNER FOR DETALJREGULERINGSPLAN FOR **SEVRINHAUGEN/DOKTERHAUGEN, GNR. 19, BNR. 24 MFL.** VOLDA KOMMUNE		Plan ID **2016007**	
SAKSHANDSAMING JF. PLAN-OG BYGNINGSLOVA	SAKSNR.	DATO	SIGN
Vedtak i kommunestyret			
2. gongs handsaming i formannskapet			
Offentleg ettersyn frå 25.9.2016 - 16.11.2016			BSS
1.gongs handsaming i formannskapet – utlegging til off.ettersyn	155/16	20.9.2016	BSS
Kunngjering av oppstart av planarbeid		2.7.2016	BSS

REGULERINGSFØRESEGNER

§ 1. GENERELT

§ 1.1 Gyldigheitsområde
Reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som på plankartet er vist med reguleringsgrense. Føresegnene og plankart gjeld i tillegg til generelle krav i plan- og bygningslova.

§ 1.2 Privatrettslege avtalar
Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er godkjent, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 1.3 Andre bestemmelsar
Føresegnene kjem i tillegg til dei til kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 1.4 Reguleringsformål
Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-5 og 12-6 til følgjande formål:

Bygningar og anlegg (§ 12-5, bnr. 1)
-1803 Kombinert formål bustad og offentleg tenesteyting; o_BKB

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§12-5, nr.2)
-2011 Køyreveg, offentleg; o_SKV1 og o_SKV2
-2012 Fortau, offentleg; o_SF1 og o_SF2.

Omsynssoner (§ 12-6)
Sikringssone – frisikt (H140)

§ 2. AREALBRUK

§ 2.1 Fellesføresegner

a) Bygningar skal plasserast innanfor byggegrensene vist i plankartet. Plankart og føresegner er bindande for plassering og utforming av bygningar og vegsystem. Ved handsaming av søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygg/anlegg. Ved søknad om byggeløyve skal det ligge føre teikningar eller anna visualisering som viser bustadbygg si plassering i terrenget og i høve til kringliggande bygningar.

b) Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne sår i terreng skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast. I tilfelle der det førekjem utgravne massar skal desse leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemmande.

c) Der terrenget etter opparbeiding gjer det naudsynt med støttemur mot grannetomt eller veg, kan kommunen gje påbod om at planeringshøgder skal løftast eller gjerast lågare, eller at det vert nytta skråningar som gjer høgda på støttemurane lågare. Det vert tillate å føre opp mur i eigedomsgrense.

d) Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.

§ 2.2 Bygningar og anlegg (§ 12-5, nr. 1)

§ 2.2.1 Kombinert formål bustad og offentleg tenesteyting (o_BKB1)

a) Gjeld område der det er oppført omsorgsbustader.

b) Bebyggelsen skal plasserast innanfor byggjegrensene som er vist på plankartet. Bygningar vert tillate oppført med mønehøgd inntil 8, 5 m og gesimshøgd inntil 5,5 m.

c) Grad av utnytting er fastsett av prosent bebygd areal (%BYA). Maksimum utnyttingsgrad er sett til 30 % BYA.

e) For kvart husvære skal det vere plass til minimum 1.5 biloppstillingsplass.

f) Ved søknad av byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/anlegg.

§ 2.2.2 Kombinert formål bustad og offentleg tenesteyting (o_BKB2)

a) Innanfor området skal det oppførast omsorgsbustader.

b) Bebyggelsen skal plasserast innanfor byggjegrensene som er vist på plankartet.

Bygningar vert tillate oppført med mønehøgd inntil 5 m og gesimshøgd inntil 2,9 m.

c) Grad av utnytting er fastsett av prosent bebygd areal (%BYA). Maksimum utnyttingsgrad er sett til 39 % BYA.

g) Ved søknad av byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/anlegg.

§ 2.3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5, nr. 2)
§ 2.3.1 Køyreveg (o_SKV1 og o_SKV2)
o_SKV1 er offentleg køyreveg (Sevrinhaugen). o_SKV2 er avkøyrsle frå Sevrinhaugen til planområdet.

§ 2.3.1 Fortau (o_SF1 og o_SF2)
o_SF1 og o_SF2 er offentleg fortau langs Sevrinhaugen

§ 2.4 Omsynssone (§ 12-6)
§ 2.4.1 Sikringssone – frisiktsone (H140) (§ 12-7, nr. 4)
Frisiktsonene merka H140 må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Det skal vere fri sikt 0,5 meter over tilgrensande vegar sitt nivå.

§ 3. REKKEFØLGEBESTEMMELSAR

§ 3.1 Felles utomhus opphaldsareal

Felles utomhus opphaldsareal for o_BKB2 skal opparbeidast samstundes med oppføring av omsorgsbustadene.

Volda kommune 21.11.2016

VOLDA KOMMUNE

PLANOMTALE



DETALJREGULERINGSPLAN FOR SEVRINHAUGEN/DOKTERHAUGEN, GNR. 19, BNR. 24 MFL. I VOLDA KOMMUNE

Innhaldsliste

Innhaldsliste ..... - 2 -
1 Innleiing ..... - 4 -
1.1 Bakgrunn ..... - 4 -
1.2 Føremål med planarbeidet ..... - 4 -
1.3 Tiltakshavar, eigarforhold ..... - 4 -
1.4 Krav om konsekvensutgreiing ..... - 4 -

2 Planprosess ..... - 5 -
2.1 Oppstartsmøte ..... - 5 -
2.2 Prosess ..... - 5 -

3 Planstatus ..... - 6 -
3.1 Kommuneplan/kommunedelplan ..... - 6 -
3.2 Reguleringsplan ..... - 6 -

4 Skildring av planområdet ..... - 7 -
4.1 Lokalisering ..... - 7 -
4.2 Avgrensing av planområdet ..... - 7 -
4.3 Dagens arealbruk ..... - 8 -
4.4 Staden sin karakter ..... - 9 -
4.5 Kulturminne og kulturmiljø ..... - 9 -
4.6 Rekreasjonsverdi, uteområde, barn og unge sine interesser ..... - 10 -
4.7 Trafikkforhold ..... - 10 -
4.8 Teknisk infrastruktur ..... - 10 -
4.9 Grunnforhold ..... - 11 -
4.10 Støy ..... - 11 -
4.11 Luftforureining ..... - 11 -

5 Skildring av planlagde omsorgsbustadene ..... - 12 -
5.1 Prosess ..... - 12 -
5.2 Omsorgsbustadane ..... - 12 -

6. Skildring av reguleringsplanforslaget ..... - 14 -
6.1 Planlagt arealbruk ..... - 14 -
6.2 Reguleringsføremål ..... - 14 -
6.3 Gjennomgang av reguleringsføremål og skildring av løysingar ..... - 14 -

7 Verknader / konsekvensar av planframlegget ..... - 15 -
7.1 Overordna planar ..... - 15 -
7.2 Landskap, staden sin karakter og estetikk ..... - 15 -
7.3 Konsekvensar for naboar ..... - 15 -
7.4 Kulturminne og kulturmiljø ..... - 15 -
7.5 Naturverdiar og naturmangfald ..... - 15 -
7.6 Barn og unge sine interesser ..... - 15 -

8 Risiko og sårbarheit, ROS ..... - 16 -
8.1 Rasfare ..... - 16 -
8.2 Flaumfare ..... - 16 -
8.3 Vind ..... - 16 -

8.4 Støy ..... - 16 -
8.5 Luftforureining ..... - 16 -
8.6 Grunnforhold ..... - 16 -
8.7 Forureining i grunnen ..... - 16 -
8.8 Radon ..... - 16 -

Vedlegg:

- ROS-skjema

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Volda kommune har behov for fem nye bustader for personar med utviklingshemming. Bygging av bustadane er fastlagt gjennom Omsorgsplanen 2014-2017, og ligg inne i gjeldande økonomiplan.

Gjennom ei vurdering av moglege tomter, er det konkludert med at det er ønskjeleg med ei samlokalisering av bustadane. Lokaliseringa på Dokterhaugen er gunstig med tanke på å utnytte felles ressursar for bemanning på Fjordsynområdet, og lokaliseringa i forhold til Volda sentrum.

1.2 Føremål med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for bygging av fem bueiningar for menneske med psykisk funksjonshemming på gnr. 19, bnr. 24. Reguleringsplanen vert fremja som detaljplan, jf. Plan- og bygningslova § 12-3.

1.3 Tiltakshavar, eigarforhold

Volda kommune, ved teknisk sektor – eigedom er tiltakshavar. Planarbeidet vert utført av Sektor for Utvikling ved planleggar Berit Sandvik Skeide.

Følgjande eigedommar inngår i reguleringsplanen:

Gnr./bnr.	Heimelshavar
18/117 og 293 19/24	Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda
18/163	Stine Skjemstad, Mælan 22, 7374 Røros

1.4 Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter ”Forskrift om konsekvensutgreiing” etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagt utbygging ikkje får vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Planprogram og/eller konsekvensutgreiing er ikkje nødvendig i denne saka. Verknader av planen skal likevel skildrast i planomtalen, jf. Pbl. § 4-2.

2 Planprosess

2.1 Oppstartsmøte

Det vart halde oppstartsmøte på Volda rådhus 28.6.2016. På møtet drøfta ein avgrensing av planområdet, konsekvensutgreiing, ROS mm. Føresetnader for det vidare arbeidet var også tema.

2.2 Prosess

Planarbeidet blei varsla igangsett ved annonse i avisa Møre 2.7.2016, og informasjon på kommunen si heimeside. Høyringsinstansane, grunneigarar og naboar vart varsla med eige brev, datert 29.6.2016. Frist for å kome med innspel til planarbeidet var sett til 22.8.2016. Det kom inn 6 merknader/innspel i samband med varsel om oppstart av planarbeidet.

Formannskapet vedtok i møte 20.9.2016 (f-sak 155/16), å leggje forslag til detaljreguleringsplan ut til offentleg ettersyn. Frist for å kome med innspel til planforslaget var sett til 16.11.2016. Det kom inn 6 merknader til planforslaget.

3 Planstatus

3.1 Kommuneplan/kommunedelplan

Området er i kommunedelplan for Volda sentrum (godkjent 18.6.2009) lagt ut til offentleg bygning (O5) og bustad.



Utsnitt frå kommunedelplan for Volda sentrum

3.2 Reguleringsplan

I reguleringsplan for Fjordsynområdet (godkjent 30.3.2000) er området lagt ut til byggeområde. Eldre-, omsorgsbustader (OB2) og offentleg friområde.

Utsnitt frå reguleringsplan for Fjordsynområdet

Etter kommunen si vurdering gjeld kommuneplanen sin arealdel framom reguleringsplanen i området.

4 Skildring av planområdet

4.1 Lokalisering

Planområdet ligg i Volda kommune, nærare bestemt på nedre Egset. Frå Volda sentrum er det ca. 700 m langs offentleg veg til planområdet.

Lokalisering av planområdet

4.2 Avgrensing av planområdet

I nord grensar planområdet til Sevrinhaugen. I aust grensar området til Engesetvegen. I vest og sør grensar området til frittliggjande einebustader.



Avgrensing av planområdet

Planområdet er på ca. 6 daa.

4.3 Dagens arealbruk

Det meste av planområdet er utbygd med låge ein etasjes bygg, med unntak av parsell 19/24. Bygningane innanfor området har funksjon som omsorgsbustader for ulike grupper.



Flyfoto som viser området

Delar av Sevrinhaugen bufellesskap sett frå vegen Sevrinhaugen

Gnr. 19, bnr. 24 høyrde tidlegare til gnr. 19, bnr. 837. Eigedommen består av gammal grasmark, gamle frukttre og ein del lauvtre.

Delar av gnr. 19, bnr. 24 (huset på gnr. 19, bnr. 743 i bakgrunnen)

Delar av gnr. 19, bnr. 24 sett i retning av Sevrinhaugen bufellesskap

4.4 Staden sin karakter

Terrenget er relativt flatt. Tomta ligg mot sør. Området har god tilgang til sol. Det er vegtilkomst til området via tilkomstvegen til Sevrinhaugen bufellesskap.

4.5 Kulturminne og kulturmiljø

Etter det kommunen kjenner til er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller andre særskilte registreringar innanfor planområdet.

4.6 Rekreasjonsverdi, uteområde, barn og unge sine interesser

Arealet har ikkje vore nytta som leikeplass eller friområde på mange år. Det er ikkje teikn på tomta som tyder på at området vert nytta til rekreasjon eller leik i dag. Området er dels attvakse.

4.7 Trafikkforhold

Tilkomst til planområdet skal skje via tilkomstvegen til Sevrinhaugen bufellesskap.

Tilkomstvegen mellom Sevrinhaugen 3 og 5

4.8 Teknisk infrastruktur

4.8.1 Vatn og avløp

Vatn, avløp og overvatn skal knytast til offentleg leidningsnett i Doktervegen søraust for tomta.



Plassering av tilkoplingspunkt for vatn

4.8.2 Energiforsyning

Det er lagt til grunn at straumtilførsel til nytt bygg vert henta frå kabelskap 2118 – D1 i Doktervegen.



Plassering av tilkoplingspunkt for straum

4.9 Grunnforhold

Berggrunnen i området er ikkje kartlagt, men ut frå NGU sin database består området av gneis/migmatitt.

4.10 Støy

Området er ikkje utsett for støy ut over grenseverdiane fastsett i T-1442. Tiltaket innehar ikkje støyømfintleg busetnad.

4.11 Luftforureining

Planområdet er ikkje utsett for luftforureining.

5 Skildring av planlagde omsorgsbustadene

5.1 Prosess

I utgangspunktet søkte Eigedomsavdelinga i Volda kommune om rammeløyve for bygging av nye omsorgsbustader på Dokterhaugen. Grunneigarar og naboar vart varsla på vanleg måte. I samband med varsling, kom det inn ei klage på vedtak om rammeløyve. Klagar stilte mellom anna spørsmål knytt til planstatus i området.

Jamfør kapittel 2, er området lagt ut til bustadføremål i kommunedelplan for Volda sentrum/Mork-Furene. Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan for utbyggingsformål i planen. I reguleringsplan for Fjordsynområdet, er gnr. 19, bnr. 24 lagt ut til friområde. Etter kommunen si vurdering gjeld kommunedelplan for Volda sentrum framom reguleringsplanen.

Administrasjonen konkluderte med at ein må utarbeide reguleringsplan for å oppfylle plankravet i kommuneplanen.

5.2 Omsorgsbustadane

Prosjektet består av tre hus. Det største bygget har 5 bueiningar for personar med funksjonshemming. Det er også eit bygg som skal fungere som fellesareal for bebuarane og arbeidsplassar for personale. Samt eit bygg med utvendige boder.

Dei tre bygga er alle på eitt plan, og har eit samla areal på 444,3 m^2. Total mønehøgd er oppgitt til 5 m og gesimshøgd 2,9 m.



Utomhusplan utarbeidd i samband med søknad om rammeløyve

Bebuarhuset er tenkt plassert med minsteavstand på 4 meter frå tomtegrensa i vest, sør og aust. Bodene er plassert 1 meter frå tomtegrensa i aust. Avstanden i nord er noko mindre.

Det er planlagt etablering av 4 parkeringsplassar, herav 1 plass til handicap-parkering. Tal parkeringsplassar er fastsett ut i frå ei vurdering av behov og tilgjengelig areal på tomta. Det er ingen av bebuarane som har bil. Det er fleire parkeringsplassar på Fjordsyn sitt område.

Delar av felleshuset er tenkt plassert på gnr. 19, bnr. 24 og gnr. 18, bnr. 163. Gnr. 18, bnr. 163 er disponert av Volda kommune gjennom festekontrakt. Ein del av bodene ligg inne på gnr. 18, bnr. 293, som er eigd av Volda kommune.

Grad av utnytting er utrekna til 38,6 %.

Skisse som viser omsorgsbustadane si fasade mot sør

Perspektiv som viser prosjektet frå nordvest

6. Skildring av reguleringsplanforslaget

6.1 Planlagt arealbruk

Området skal nyttast til kombinert formål bustad og offentleg tenesteyting (omsorgsbustader), med tilhøyrande tilkomst, parkering og uteopphaldsareal.

6.2 Reguleringsføremål

Planområdet er på 6,1 daa. Av dette er 5,6 daa avsett til kombinert formål bustad og offentleg tenesteyting. Det er sett av til saman 0,3 daa til veg/avkøyrsle og 0,2 daa til fortau langs Sevrinhaugen.

Nemning	Arealformål	Areal (daa)
§ 12-5, nr.1	**Bygningar og anlegg**	
o_BKB1 og o_BKB2	Kombinert formål bustad og offentleg tenesteyting	5,6 daa
§ 12-5, nr. 2	**Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**	
o_SKV1	Offentleg køyreveg	0,2 daa
o_SKV2	Offentleg køyreveg	0,1 daa
o_SF1	Offentleg fortau	0,1 daa
o_SF2	Offentleg fortau	0,1 daa
Sum		6,1 daa

6.3 Gjennomgang av reguleringsføremål og skildring av løysingar

6.3.1 Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

Kombinert formål bustad/offentleg tenesteyting (o_BKB1)
Gjeld eksisterande omsorgsbustader. Bygningar vert tillate oppført med mønehøgd inntil 8,5 m og gesimshøgd 5,5 m. For området er utnyttingsgrad sett 30 % BYA.

Kombinert formål bustad/offentleg tenesteyting (o_BKB2)
Innanfor området skal det oppførast omsorgsbustader. Bygningar vert tillate oppført med mønehøgd inntil 5 m og gesimshøgd inntil 2,9 meter. Grad av utnytting er sett til 39 % BYA.

6.3.2 Samferdelsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5, nr. 2)

Offentleg køyreveg (o_SKV1 og o_SKV2)
o_SKV1 er delar av eksisterande offentleg køyreveg (Sevrinhaugen). o_SKV2 er eksisterande avkøyrsle frå Sevrinhaugen til planområdet.

Offentleg fortau (o_SF1 og o_SF2)
o_SF1 og o_SF2 er offentleg fortau langs Sevrinhaugen.

6.3.3 Omsynssone - frisiktsone (§ 12-6, nr. 4)
Sevrinhaugen har pr i dag ei fartsgrense på 50 km/t. Etter sektor for Utviklings si vurdering, bør fartsgrensa setjast ned til 30 km/t. I planen er det lagt inn sikttrekant i høve til fartsgrense lik 30 km/t.

7 Verknader / konsekvensar av planframlegget

7.1 Overordna planar
I kommunedelplan for Volda sentrum er planområdet lagt ut til offentleg bygning (O5) og bustad. Arealet som er lagt ut til bustadføremål i kommuneplanen, har fått endra formål til bustad/offentleg tenesteyting.

7.2 Landskap, staden sin karakter og estetikk
Utbygginga vil medføre endring i staden sin karakter, ved at ein gammal hage med frukttre med meir vert erstatta med 5 bustadeiningar. Prosjektet er ei utviding i høve til eksisterande omsorgsbustader i området. Samlokalisering har vore eit viktig moment ved plassering av bustadane.

Planlagt busetnad vert liggjande relativt låg i terrenget. Dei fem bustadeiningane skal ikkje ha mønehøgd høgare enn 5 m og gesimshøgd ikkje høgare enn 2,9 m.

7.3 Konsekvensar for naboar
Prosjektet fører til at tilgrensande naboar får busetnad nærare inn på seg enn før. Bebuarane i bustadane har ikkje bil, og det er ikkje forventa auka trafikk i området.

7.4 Kulturminne og kulturmiljø
Det er etter det kommunen kjenner til ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor planområdet.

7.5 Naturverdiar og naturmangfald
I/F 1	VTI -Nordisk Lysløpe-utviding- del 3 tidtakarb./klubbhus-	ferdig 2014	sp.m 2014
I/F 2	Mork il -kunstgrasdekke	- ferdig 2014.	sp.m 2016
I/F 3	Skiskyttaranlegg Reset - del 1	- ferdig 2015	sp.m 2015

I /F3	Skiskyttaranlegg Reset - del 2	- ferdig 2015 sp.m 2016
I/F4	Volda kommune m.fl. -ulike friluftslivstiltak Årneset - p-areal m.m	-ferdig 2016 statlege midl.
I/F5	VTI -Fotball - Fotball -treningshall (Mørehallen)	-ferdig 2015 sp.m 2016/17
I/F6	KFUM - sandvolleyballbaner	-ferdig 2013 sp.m 2014
I/F7	Volda kommune - utviding av Årneset badeplass	-ferdig statlege midl.
I/F 8	Skiskyttaranlegg Reset - del 3 (rulleskidel)	- ikkje starta opp
I/F93	Skiløype Rotevassdalen	- ferdig 2015 komm.midl.
I/F10	Volda kommune -lysanlegg turveg Årneset-stadion	-ferdig 2016 sp.m 2015
I/F11	Volda kommune -orienteringskart	- ikkje starta opp
I/F12	Volda Rideklubb - ridehall	- ikkje starta opp
I/F 13	Botnasanden -planavklaring/sikring	- plan under arbeid
I/F 14	Turveg Rotevatnet planlegging/sikring	- plan under arbeid
I/F 15	Folkestaddalen - div. friluftslivstiltak -turveg	- ferdig 2015 sp.m 2015
	Folkestad il - 7-er bane Kunstgras. (fornya søknad)	- ferdig 2016 ikkje sp.m enno
	VTI-Allianse – tilbygg klubbhus Volda stadion	- ferdig 2016 ikkje sp.m enno

og desse aktuelle nærmiljøanlegga:

N 1	Volda skatepark del 1	- ferdig 2015 sp.m 2014/15
N 2	Volda skatepark del 2	- ferdig 2015 sp.m 2015/16
N 1	Volda skatepark del 3	- ferdig 2015 sp.m 2015/16
N 4	Vestsida il - rehabilitering - kunsgrasdekke i ballbinge	- ferdig 2016 sp.m 2016
N 5	Øyra skule - aktivitetspark del 1	- under planl.
N 6	Øyra skule - aktivitetspark del 2	- under planl.
N 7	Folkestad skule - aktivitetsareal	- ikkje fremja søknad
N 8	Folkestad il aktivitetsareal v/ Folkestadvatnet	- ikkje fremja søknad
N 8	Dalsfjord skule - aktivitetsareal	- gjennomf. utan tilskot
N 9	Bratteberg - tiltak i friområde	- ikkje fremja søknad

Etter tildeling av spelemidlar i 2014 - 16 står vi såleis att med berre fylgjande anlegg frå den opprinnelege prioriteringslista som ikkje har blitt sett i gang:

Folkestad il aktivitetsareal v/ Folkestadvatnet	- under planlegging
Botnasanden -planavklaring/sikring	- plan under arbeid
Turveg Rotevatnet planlegging/sikring	- plan under arbeid
Skiskyttaranlegg Reset - del 3 (rulleskidel)	- ikkje starta opp
Volda kommune -orienteringskart	- ikkje starta opp
Volda Rideklubb - ridehall	- ikkje starta opp
Bordtennishall	- ikkje starta opp

Mykje er såleis blitt gjennomført og mange gode aktivitetstilbod er etablert i kommunen i samsvar med intensjon i plan.

Langsiktige oppgåver.

I kommunedelplanen var det i pkt 7.1 elles lista opp ulike langsiktige tiltak som det var registrert behov for, men som ikkje var kome så langt i planlegging eller finansiering att dei truleg ikkje ville bli aktualisert i planperioden.

("Langsiktige tiltak: - større tiltak som ikkje er funne plass til i handlingsprogrammet for komande fireårs-periode, men som bør vere aktuelle som langsiktige mål for utviklinga i kommunen, i ikkje prioritert rekkefølgje.")

Mellom dei langsiktige prosjekta var også hallsituasjonen i kommunen peika på,. Her er registrert eit sterkt behov for nye speleflater til ulike hallidrettar, og ulike mulege prosjekt nemnde.
Vi er no gjennom ulike prosessar kome noko nærare ei realisering av nytt hall-prosjekt i kommunen etter initiativ frå Volda Campus Arena as og ved kommunestyret sitt vedtak i sak 143/16 den 24.11.2016.
Ut frå dette er det lagt grunnlag for vidare planlegging av ny hall i Volda sentrum.
Prosjektet er ikkje kome så langt at det gir grunnlag for idrettsfunksjonell godkjenning no, eller som søknadsprosjekt for spelemidlar i 2017. Det vil likevel vere eit viktig og positivt signal om prosjektet får prioritert plass i kommunedelplanen sitt handlingsprogram.

Vi har no justert opp denne lista ved å ta bort gjennomførte tiltak og tilføre nye registreringar som har kome til i perioden. Her har vi også teke med ulike ikkje avklara tiltak knytt til hall-situasjonen i kommunen.

Saman med dei ikkje gjennomførte prioriterte tiltaka har vi no fylgjande oversyn over slike aktuelle tiltak:
(ikkje prioritert liste).

Turveg Rotevatnet - planavklaring opparbeiding	*plan under arbeid*
Folkestad il aktivitetsareal v/ Folkestadvatnet	*under planlegging*
Volda kommune -orienteringskart	*ikkje starta opp*
Skiskyttaranlegg Reset - del 3 (rulleskidel)	*ikkje starta opp*
Volda Rideklubb - ridehall	*ikkje starta opp*
Botnasanden -planavklaring opparbeiding	*plan under arbeid*
Utbygging av hall-kapasiteten i kommunen	
Volda Campus Arena -ny idrettshall	*under planlegging*
Voldahallen- utbetringsprosjekt Volda kommune/MR.Fylke	*ikkje avklara*
Volda kommune: utbetring salar/garderober V.Ungd.sk.	*ikkje avklara*
Statsbygg - Idrettsbygget/Symjehallen-	*ikkje avklara*
Volda kommune/Statsbygg? - ny symjehall i Volda	*ikkje avklara*
Volda skisenter:	
skipark -anlegg , slope og ski leik. Ulike tiltak for barn og unge	*under planlegging*
Idrettsbygg Skianlegg - servicebygg-redningsbygg	*under planlegging*
Skianlegg -utviding av trasear og løypetrase for frikjøring -	*under planlegging*
Nytt skitrekk mot Grøthornet	*ikkje avklara*
Snøproduksjonsanlegg	*ikkje avklara*
Bordtennishall	*ikkje avklara*
Skøytebane/hall	*ikkje avklara*
Volda kommune - Delanlegg friidrett -i tilknyting til skuleomr.	*ikkje avklara*
Ski/turløype Reset til Dalen.	*ikkje avklara*
Skogsveg/turveg /skiløype- mellom Prestesetra og Heltneelva med tilknyting til Reset og til bustadområda	*ikkje avklara*
Småbåtplassar - Utbygging av småbåthamnkapasiteten, tilrettelegging for småbåtbruk gjennom etablering av gjestehamner og oppankringsplassar	*ikkje avklara*
Øyraelvprosjektet:	
Rehabiliteringsplan for deler av eksisterande tursti-lys	*under planlegging*
Utvikling Presteholmen og vidareføring mot sentrum	*under planlegging*
Volda kommune – Berknes-friluftsområde opparbeiding"	*ikkje avklara*
Bratteberg - tiltak i friområde	*ikkje avklara*
Hjartåbygda skyttarlag- Standplassbygg-fleire skiver mv	*under planlegging*

Det er ut frå kommunedelplanen ingen ting i vegen for at desse anlegga, - om dei vert aktualisert gjennom godkjende planar og dokumentert finansiering -, kan prioriterast inn ved årleg rullering av handlingsprogram.
Kommunedelplanen legg opp til at slike nye tiltak skal kunne rullerast inn. Frå plandokumentet vil eg sitere:
"*Det skal og vere rom for å prioritere inn nye tiltak ut frå initiativ frå lag/organisasjonar ved den årlege handsaming av spelemiddelsøknader.*
Innanfor området idrett og friluftslivstiltak og nærmiljøanlegg vil den endelege prioriteringa såleis skje årleg i samband med handsaming av søknader om tilskot frå spelemidlane.
Prioriteringa mellom tiltaka i plan er såleis ikkje absolutt, men vil kunne endrast ved den årlege prioriteringa"

Tilhøve til kommuneplanen sin samfunnsdel:
Nye tiltak som vert foreslått teke inn er viktige tiltak retta inn mot barn og unge.
Tiltaka er elles godt tilpassa dei intensjonar som ligg i kommuneplanens samfunnsdel om :

- *å auke tilgangen til attraktive idrett og fritidstilbod som stimulerer til auka fysisk aktivitet, og tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen .*
- *kan styrke samarbeidet, stimulere og legge til rette for auka innsats frå frivillige lag i arbeidet med kultur og fritidsaktivitetar for alle.*
- *Ivareta og styrke eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i frivillig arbeid.*
- *Prioritere førebyggjande tiltak og tidleg innsats overfor barn og unge.*
- *kunne tilby sunne og inkluderande oppvekst- og bumiljø.*
- *kunne bidra til å heve standarden på leike- og aktivitetsområda i kommunen*
- *Legge til rette for meir fysisk aktivitet og styrke og utvide rusfrie møteplassar for ungdom.*
- *Stimulere lag og organisasjonar til å legge til rette for inkludering.*
- *gjennom å utvikle nye arenaer for kultur og idrettsliv, og synleggjere tilboda lokalt og regionalt kan det også bidra til å styrke Volda sitt omdøme som attraktiv bukommune i regionen.*

Helse og miljøkonsekvensar:
Positivt, jf. intensjonar i kommuneplanens samfunnsdel og målsetting i kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv.

Økonomiske konsekvensar:
Kommunen har allereie avsett midlar til delfinansiering av aktivitetsparken ved Volda stadion i budsjett 2016 og i framlegg til budsjett 2017. Kommunen vil også gje idrettslaga bruksrett til areala her.
Det er søkt kommunal garanti for eigenkapitalbehovet til nokre av dei aktuelle prosjekta. Ut frå framlagd dokumentasjon for økonomi synest dette vere forsvarleg, og i samsvar med intensjon og føresetnader i kommunedelplan. Sak om kommunal garanti vert fremja som eiga sak.
Kommunestyret har også i sak 143/16 den 24.11.2016 gjort vedtak om årleg tilskot til låne-finansiering for ny idrettshall.
I budsjett for 2017 er det også sett av midlar til friluftslivstiltak, som kan dekke behov for eigenkapital til nytt anlegg - lysanlegg Øyraelva til Volda stadion. Dette er ei vidareføring av anlegg gjennomført i 2015/16 Lys turveg Årneset -Volda stadion.
Dei nye tiltaka som vert prioritert inn vil såleis, ut over ein relativt kortsiktig kommunal garanti, ikkje ha nye vesentlege konsekvensar for kommunal økonomi.

Dette er i hovudsak lags-initierte tiltak som i hovudsak vil bli finansiert over laga sin eigen økonomi og ved tilskot frå spelemidlar, men der kommunen sitt økonomiske bidrag og garanti for lån er utløysande faktor.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Lysanlegg langs slike viktige turvegar/g.s,vegar er svært viktig for trygg ferdsel og trivsel.
Elles ingen kjende.

Vurdering og konklusjon:

Det er positivt at nye prosjekt vert aktualisert og detaljplanlagt slik at dei kan realiserast.
At dette også gjeld anlegg med nye og kanskje utradisjonelle aktivitetar, der nye grupper vert engasjert både i utbygging og som brukarar av anlegga, er også positivt og i tråd med intensjon i plan.
Det er også viktig at ein gjennom jamnleg rehabilitering opprettheld ein tilfredsstillande bruksmessig og tryggleiksmessig kvalitet i eksisterande anlegg.
At ein no også kanskje har lagt grunnlag for ny hall i kommunen er svært gledeleg.
Dette vil dekke opp noko av det store behovet som vi veit fins i kommunen, der Volda er ein av dei største klubbane i fylket innan handball og volleyball (både i breidde og i topp).

Nye sentrale føringar , jf. m.a innspel frå helsedirektoratet og frå Fylkeskommunen, (sjå vedlegg) peikar på friluftsliv- og det nære friluftsliv- lavterskeltilbod som viktige prioriteringar i høve til bruk av spelemidlane framover.
Volda kommune har hatt fokus på denne prioriteringa også i gjeldande kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv.
I gjeldande plan heiter det såleis m.a:

"Planen tek elles høgde for at ein stadig større del av fysisk aktivitet er uorganisert og at dette skjer på andre arenaer enn det som tidlegare har vore tradisjon.
Vektlegging av fysisk aktivitet og idrett i førebyggande helsearbeid har eit stadig aukande fokus. Ein vil såleis også i komande periode planlegge og tilrettelegge for aktivitet ut frå eit mosjon og helseperspektiv til liks med den tradisjonell idrettsanleggs-tenkinga.
Satsing på tilrettelegging av sentrumsnære friområde/friluftsområde og auka satsing på nærmiljøanlegg, vert søkt prioritert.
For å stimulere til vidare utvikling og for å oppretthalde den store frivillige innsatsen i anleggsutvikling og tilrettelegging for fysisk aktivitet trengs det også eit sterkt offentlege engasjement på området.
"Ei kommunal krone til idrett og friluftslivsarbeid tilskot løyser ut ei samla investering på 10 kroner gjennom lagsretta tiltak, ved eigenkapital, dugnadsarbeid og statlege tilskot"– altså er slike kommunale bidrag ei svært god investering sett i høve til kommunen sitt mål om å tilrettelegge for auka fysisk aktivitet og betra folkehelse."

Sentralt i ei slik satsing står no m.a. dei viktige nærmiljøanlegga og friluftslivsanlegga ved Volda stadion og i elvadalen samt området rundt nye Øyra skule.
Når reguleringsplan er på plass vil også planlagt turveg rundt Rotevatnet ha ein sentral plass i slik tilrettelegging av lavterskel tur og rekreasjonstilbod.

I prosessen har ein også hatt drøfting og god dialog med Idrettsrådet. Etter styremøte har Idrettsrådet ved e-post den 17.11.2016 gitt fylgjande tilråding:
"Idrettsrådet ynskjer Volda Campus Arena (eller kva namnet no måtte bli) inn som punkt 5 på lista over idrettsanlegg som skal realiserast slik at det er mogeleg for grupperinga som arbeider med dette å få førehandsgodkjenning og komme vidare med arbeidet.

Idrettsrådet er samde i prioriteringa som er føreslegen mtp nærmiljøanlegg."

Tilrådinga i saka er såleis i samsvar med innstillinga frå idrettsrådet.
Idrettrådet si tilråding var basert på ei førebels tilråding/utkast til sak frå kommuneadministrasjonen. Det var der utegløymt to aktuelle prosjekt, og desse er no teke inn i tilrådinga. (Vestsida IL - garasje trakkemaskin og friluftslivstiltak- lys langs turveg Øyraelva -Stadion-parken-Myravegen.). To aktuelle prosjekt for søknad om tilsot frå spelemidlane i 2017.

Framlegg til endra prioritering av handlingsprogram i kommunedelplan for "fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-18" vert tilrådd godkjent.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Volda idrettsråd v/Olav Fure
VTI-allidrett
VTI-Fotball
Volda Friluftsforeining
Folkestad il v/ Even Lillenes
Økonomisjef Henrik Skovly
Teknisk sektor – v/Rune Totland
Utvikling –T.Stensøe

Volda Kommune

Kommunedelplan for:

Fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, 2014-18.

Plan eigengodkjent av Volda kommunestyre i sak PS 22/2014, den 27.02.2014

POLITISK VEDTAK:

KOMMUNEDELPLAN FOR FYSISK AKTIVITET OG ANLEGG FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG NÆRMILJØ.

HOVUDRULLERING AV PLAN, 2014-2018

Kommunestyre sak PS 22/14, den 27.02. 2014 , vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 11-15 vert "Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-18", godkjent slik det går fram av plandokument datert 11.02.2014, med fylgjande vedlegg:

- handlingsprogram 2014 – 18

- retningsliner for merking skilting i natur og friluftsområde i Volda kommune.

Volda kommunestyre vil sjå positivt på om det blir fremma ein privat plan for gangveg rundt Folkestadvatnet.

FØREORD

Kommunedelplanen skal vere eit samordnande styringsverkty for kommunen i arbeidet med å stimulere til og legge til rette for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i kommunen, og gjennom dette bidra til ei positiv utvikling i kommunen sett i eit folkehelseperspektiv.

Planen skal vere eit viktig dokument for politikarar og administrasjonen, idrettsrådet, lag og organisasjonar i arbeidet med å stimulere til auka fysisk aktivitet og god folkehelse for innbyggarane i kommunen og som:

- helse og trivselsfremjande tiltak
- synleggjering av idrett og friluftsliv som vesentleg del av det utvida kulturbegrep
- grunnlag for kartlegging og vurdering av behov innanfor utbygging av anlegg og som aktivitetsfremjande tiltak
- synleggjering av kommunen sine verkemiddel på området
- synleggjering av lag og organisasjonar sine viktige bidrag og verkemiddel/ mulegheiter innan området
- samla oversikt over anlegg og aktivitet i kommunen

Planen skal stette statlege og fylkeskommunale vilkår for tildeling av spelemidlar til utbygging av anlegg og tilskot til aktivitetsfremjande tiltak, og vere styrande for kommunen sine prioriteringar på fagfeltet, m.a ved prioritering av spelemiddelsøknadar.

I plan er også teke inn framlegg til retningsliner for merking og skilting i turområda i Volda/Ørsta. Desse vil bli godkjent gjennom plangodkjenninga, og skal leggast til grunn for det vidare arbeidet med tilrettelegging og skilting i kommunen sitt område.

Planen vil også vere viktig som informasjonsgrunnlag for Fylkeskommunen i vidare arbeid med handlingsprogram for fysisk aktivitet og regional delplan for Folkehelse.

Kommunedelplanen bygg på overordna mål i Kommuneplanen, tidlegare prioriteringar i plan for idrett og friluftsliv, , kommunen sine mål og retningsliner som miljøkommune og som prosjektkommune i prosjekt *"Helse i plan*", samt innspel gjennom planprosessen.
Viktige grunnlagsdokument er elles: Stortingsmelding nr. 14 (1999-2000) *Idrettslivet i endring,* Tilstandsrapport 2003- *om idrett og fysisk aktivitet i Norge*, og Fylkesdelplan for Idrett og friluftsliv.
Lov om folkehelse og *Folkehelsemeldinga* (Meld. St.34) *God Helse-felles ansvar,* legg også viktige føringar for planen og det vidare arbeidet i kommunen.

Planen er utarbeidd i samsvar med Veileder V-0798B frå Ku/Kir.dep – *"Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet*", *"Kompetanseutvikling i skulen*" –*"kunnskapsløftet*" – intensjon om tiltak for auka fysisk aktivitet i skulesamanheng.
Vedteken Kommunedelplan skal inngå i kommuneplansystemet og intensjon, og handlingsplan skal leggjast til grunn for kommunen sine prioriteringar innanfor fagområdet.

Volda, den 10.03.2014

Volda kommune
Sektor for Utvikling

Innhaldsliste. **Side**

Kommunestyrevedtak –godkjenning av plan 2
Føreord 3
Innhaldsliste 4
Vedleggsliste 5
0.1 Bakgrunn 6
0.2 Planfaktorar - Rullering 7
0.3 Tilpassing 9
1.1 Organisering 11
1.2. Rammer 11
1.2.1 Statleg nivå 12
1.2.2 Regionalt nivå 13
1.2.3 Kommunalt nivå 14
2.0 Målsetting 18
2.1. Hovudmål 18
2.2. Delmål (handlingsmål) 19
2.2.1 miljøomsyn og landskapsvern 19
2.2.2 Strategiar 19
3.0. Evaluering av Handlingsplan for idrett og friluftsliv 2008-2012 21
3.1 status ved utgang av planperiode..... 21
4.0. Verkemiddel i gjennomføring etter plan 24
Offentleg tilrettelegging av aktivitetsareal 24
Spelemidlar 25
Kommunale garantiar for lån 26
Moms – kompensasjon 26
Aktivitetsmidlar gjennom idrettskretsen 26
Aktivitetsmidlar gjennom God Helse-programmet 26
Eigeninnsats lag og organisasjonar..... 26
Sponsing 26
Kulturmidlar 26
Retningsliner for merking/skilting i natur og friluftsområde..... 27
4.1 Prinsipp for godkjenning av utbyggingsplanar 27
4.2 Oppfølging av anlegg 27

5.0 Handlingsprogram 2014 – 2018 28
5.1 Prioritering av tiltak (jf. målsettingar i plan) 28
6.0 Prioritering av tiltak og anlegg- handlingsprogram for perioden 29
6.1 Kontinuerlege organisasjonsutviklande tiltak 30
6.2 Kontinuerlege aktivitetsskapande tiltak 30
6.3 Prioritering av anleggstiltak 31

7.0 Årleg Rullering 32
7.1 Langsiktige oppgåver –tiltak 33

Vedlegg til plandokumentet:

Vedlegg 1 – Prioritert handlingsprogram 2014 – 18 anlegg/tiltak
Vedlegg 2 - Anleggsregisteret – Anleggsstatus-behov og planar.
Vedlegg 3 – Retningsliner for merking og skilting i natur og friluftsområde

Ikkje prenta vedlegg som er lagt til grunn for planarbeidet.

1. Gjeldande plan med handlingsprogram
2. Godkjent planprogram
3. Høyringsuttaler til oppstart av rulleringsarbeid.
4. Forskrifter og reglar for stønad av spelemidlane til anlegg for idrett og friluftsliv og nærmiljøanlegg

0.1 Bakgrunn:

Tidlegare plandokument:

1995 - første kommunedelplan for Idrett, nærmiljø og friluftsliv for Volda kommune.
Planperioden var 1995 -1999.
1999 - hovudrullering av plan, godkjent av Kommunestyret i oktober 1999.
Ny planperiode 1999 – 2003.
2003 - hovudrullering av plan, godkjent av Kommunestyret i februar 2004.
Ny planperiode 2004 -2008.
2008 - hovudrullering av plan, godkjent av Kommunestyret i januar 2009.
Ny planperiode 2008 -2012.
2013 Justert Handlingsprogram – Formannskapet (planutval) – januar 2013.

I samsvar med gjeldande syklus for planrullering (4års intervall) skulle planen rullerast i 2013, med sikte på nytt handlingsprogram for perioden 2013 – 2017. Vi er noko forseinka i prosessen og handlings-programmet vart revidert ved årleg rullering i 2013. Vi legg difor til grunn at planframlegget vert fremja for perioden 2014 -18.

Kommunedelplan for Fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø – Framlegg til ny plan – og nytt handlingsprogram for perioden 2014-18.

0.2 Planfaktorar- rullering:

Plan for idrett - og friluftsliv er integrert del av det kommunale plansystemet og skal fungere som eit styringsverkty i arbeidet med å legge tilhøva til rette for menneskeleg trong og behov for fysisk utfalding, trivsel og god folkehelse i heile kommunen. Omsynet til barn og unge skal stå sentralt i planarbeidet.

Gjennom dei prioriterte tiltaka i handlingsdelen, skal planen bidra til å skape grunnlag for auka fysisk aktivitet, og gjennom dette stimulere til betra helse og trivsel mellom innbyggarane i kommunen. Planen er såleis knytt opp mot føringar gitt gjennom kommuneplan og kommunen sitt engasjement som miljøkommune, folkehelsesatsinga og som prosjektkommune i prosjekt *"Helse i plan",* der fysisk aktivitet er skissert som eit av dei viktigaste satsingsområda.

Jf. Også idrettsmeldinga og ny folkehelselov.

Planen er eit samordnande styringsverkty for denne delen av kommunen sitt ansvarsområde. Den vil vere eit viktig dokument for idrettsrådet, politikarane og administrasjonen, då den peikar ut dei viktigaste satsingsområda som skal prioriterast for å stimulere til auka fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og som bidrag til betra folkehelse i kommunen både på kort og lang sikt.

Vidare skal planen vere ein reiskap for innbyggarane i Volda kommune og dei lag og foreiningar som organiserer og legg til rette for auka fysisk aktivitet gjennom idrett og friluftsliv i kommunen, gje grunnlag for prioritering av kommunal tilrettelegging av areal og ressursar innan fagområdet, og vere grunnlag for prioritering av tilskot frå spelemidlane til anlegg i kommunen.

Planen skal vere retningsgjevande for kommunal prioritering ved sikring av areal til natur-, frilufts – og friområde, og søknader om tilskot til slik sikring av grunn ved bruk av kommunale midlar og tilskotsordninga frå MD (Miljødirektoratet/Fylkesmannen).

Folketalsutvikling/alderssamansetning:

Folketalet i Volda har dei seinaste åra hatt ei positiv utvikling.



Tabell folketalsutvikling i Volda 2000 – 2012. (tal pr. 01.01. kvart år)

Alder	2012	2013	2014	2015	2016	2020	2025	2030	2035	2040	Auke %
0 – 5 år	610	628	635	638	653	760	816	817	799	795	30,32
6 – 12 år	761	**757**	**772**	779	802	813	919	997	1012	991	30,22
13 – 15år	395	368	342	341	327	351	343	408	443	445	12,65
16 –19 år	522	554	541	540	528	472	502	504	582	612	17,24
20 –44 år	2 726	2 745	2 809	2 825	2865	3022	3166	3234	3231	3246	19,07
45 – 66 år	2 388	2 415	2 410	2 424	2429	2472	2438	2476	2597	2693	12,77
67 – 79 år	817	841	886	931	988	1108	1227	1259	1269	1337	63,64
80 år <	474	468	466	460	446	454	528	670	777	859	44,81
Innb. Tot.	**8693**	**8776**	**8861**	**8938**	**9038**	**9452**	**9939**	**10365**	**10710**	**10978**	**26,28**

**Tal pr. 01.01.12 Framskriving av folketalet fram mot 2040 fordelt på aldersgrupper.*

Tabellen ovanfor er basert på MMMM-alternativet (middels nasjonal vekst), som føreset at fruktbarheit, levealder, innanlandsk flytting og nettoinnvandring held seg på eit mellomnivå. Vi vil då få ein relativt stor auke i folketalet fram mot 2040. Samla sett får vi ein auke frå 2012 – 2040 på 26,28 prosent.
Vi ser ein positiv auke i barnetalet for gruppa 0 – 12 år. Elles er det utsikt til ei relativt stabil utvikling i aldersgruppa 13-15 år, 16-19 og 20-66 år.
Det er utsikt til dramatisk auke i gruppa 67 – 79 år og for gruppa 80< fram mot 2040, der særleg gruppa 80< kan gi store utfordringar i pleie- og omsorgssektoren. Dette er imidlertid utviklinga i eit langt perspektiv og situasjonen vil variere i perioden.

For samanlikninga sin del, tek vi og føre oss LLML-alternativet (låg nasjonal vekst) for den same perioden som MMMM-tabellen ovanfor:

Alder	2012	2013	2014	2015	2016	2020	2025	2030	2035	2040	Auke %
0 – 5 år	610	626	628	626	635	687	688	674	657	641	5
6 – 12 år	761	757	766	778	797	795	846	852	835	808	6,2
13 – 15 år	395	368	340	341	324	345	332	372	373	365	- 7,6
16 – 19 år	522	553	536	536	523	464	487	477	514	507	-2,9

20 – 44 år	2 726	2 735	2 787	2 793	2810	2906	2988	3013	2978	2904	6,5
45 – 66 år	2 388	2 413	2 409	2 420	2422	2448	2389	2376	2443	2495	4,5
67 – 79 år	817	841	884	931	983	1101	1210	1228	1229	1275	56
80 år <	474	468	466	459	441	442	502	623	700	749	58
Innb. Tot.	**8693**	**8361**	**8816**	**8884**	**8935**	**9188**	**9442**	**9615**	**9729**	**9744**	**12,1**

**Tal pr. 01.01.12* (Kjelde for alle tal: SSB, tabell 09482).

Det er ein relativ stabil utvikling i perioden, men ein stor nedgang i ungdomskullet 13-15 år, og ein stor auke i talet på 67-79 åringar i planperioden.

Volda er også ein viktig student/ skulestad med om lag 2000 fastbuande studentar. (samla sett har høgskulen om lag 4000 studentar inkl. nettstudentar).
Samla folketalet i Volda kommune er såleis godt over 10000 i 10 månader av året. Store delar av studentgruppa er i alderen 19-25 år. Ei aldersgruppe med store behov og stor aktivitet både knytt til organisert og uorganisert aktivitetar.

Undersøkingar viser at natur-, naturoppleving-, friluftsliv og aktivitetar knytt til dette, er aktuelle og viktige kriteria også for val av Volda som studiestad.

Dei fleste studentar og størstedelen av innbyggjarane bur i Volda sentrum.
Folketalet fordeler seg (pr. 1.01.2013) med 6059 innbyggarar pluss dei fleste studentar i Volda Sentrum, og elles slik:

Sentrum/Vikebygda	6059
Mork/Lid	739
Hjartåb/Austefjorden	481
Fylsvik/Bjørkedslen	288
Folkestad/Dale	402
Steinsv/Åmelf/Insels/Dravl	328
Ulvestad/Velsvik	347

0.3 Tilpassing

Gjennom planprosess er det viktig for kommunen å få fanga opp nye behov som har kome til i perioden. Nye signal/behov initiert gjennom nasjonale føringar, endringar i kommunal strategi, og endra behov knytt til demografiske endring og generell samfunnsutvikling.
Stor endring i folketalsutviklinga mellom Volda sentrum og bygdene gjer at ein også i høve tiltak innan dette fagfeltet må tilpasse seg utviklinga. Behova for tilrettelegging , tiltak og kapasitetsauke knytt til

anlegg for fysisk aktivitet er såleis klart størst i sentrumsområdet, både ut frå dagens anleggssituasjon og sett i høve til folketalsutvikling.

Samtidig ser ein at veksten i folketalet i stor grad kjem mellom dei aller yngste og dei eldre. Dette er ei utvikling som også bør gi grunnlag for komande prioriteringar. Når andelen eldre veks, vil det vere svært viktig at denne gruppa opprettheld den fysiske og psykiske helsa, og i størst mogeleg grad kan greie seg sjølve.
Aktivitetar og tiltak må tilpassast til dette, gjennom avveging mellom organisert idrett, uorganisert idrett og friluftsaktivitetar. Tilrettelegging av gode bumiljø-, gode og trygge kommunikasjonstilhøve-, og tilpassa aktivitet for alle grupper vil vere ein viktig del av det førebyggande folkehelsearbeidet i kommunen.
Gode vegar som gir tryggleik til og frå barnehage-, skule -, arbeidsstad – og fritidsaktivitetar vil vere med på å auke den kvardagslege aktiviteten til både unge, vaksne og eldre.
Dette tilseier auka satsing på dei bustadnære aktivitetsareala og nærfriluftsområda.

Den satsing som allereie i tidlegare planar er initiert i skule og barnehage om tilrettelegging for auka fysisk aktivitet, kosthald og helse må vidareutviklast.

Klare signal gjennom td. ny Helse og omsorgstenestelov, Folkehelselov, folkehelsemeldinga og kommunen sin eigen prosess knytt til "Helse i plan", har kome til, og stadfestar ei erkjenning av behov for auka fysisk aktivitet og større aktivitetsnivå i alle deler av befolkninga.
Behova for auka aktivitet i skulen og mellom barn i skulealder og i barnehagealder gir behov for utvida kunnskap innan fagområdet. Meir avsett tid til fysisk aktivitet og tilrettelegging av fasilitetane ved skular og barnehagar. Gymsalar-, symjeanlegg,- uteområda ved skular og barnehagar, og dei nærliggande områda rundt desse og i nærområda der folk bur, vil vere sentrale verkemiddel for å ivareta dette.
Skule og barnehageområda bør såleis også ha funksjon som nærmiljøanlegg, og det bør stimulerast til samarbeid om utvikling av områda mellom skule (kommune-/fylkeskommune- og stat) og grendalag-, idrettslag-, velforeiningar o.a.

Resultata frå gjennomført spørjeundersøking i skulane i mai 2012, gir også klare indikasjonar og ønskjer om prioritering og satsing innan fagfeltet.
Friluftsaktivitetar og ballspel som fotball og handball er det som barn og unge i Volda viser mest interesse for. Resultatet viser at så mykje som 73% i denne aldersgruppa deltar på organisert idrett. Mange av desse har også aktivitet knytt til uorganisert idrett.
Friluftsaktivitetar utgjer 39% av det totale, medan fotball utgjer ein andel på 19,3% også av uorganisert idrett. På landsbasis viser det seg at 75% av befolkninga hald på med friluftsaktivitetar minst ein gong i månaden, og ca. 67% driv på med eigenorganisert idrett minst ein gong i månaden.

Gjennomført spørjeundersøking viser også at satsing på friluftslivsanlegg som turvegar, skiløyper, badeplassar m.m, bør forsterkast. Dette bør likevel ikkje redusere satsing på ordinære anlegg som hallar og baner, der behovet framleis er stort og der nye tiltak bør prioriterast.

Konklusjonane frå tidlegare "framtidskveldar", innspel frå lag og organisasjonar, og sentrale undersøkingar, viser også klart at ulike former for friluftsliv er klart det som skårar best i høve til tal aktive og kva befolkninga i alle aldersgrupper etterspør meir av.

Det er i stor grad også innan dette området at kommunen kan vere ein aktiv bidragsytar, gjennom kommunal planlegging-, sikring og tilrettelegging av sentrum- og bustadnære friluftsområde, etablering av lågterskeltilbod og tilrettelegging for individuell utøving av friluftsliv i nærområdet.

Tilrettelegging for friluftsliv i alle former og på alle nivå og etablering av nærmiljøanlegg gjerne knytt til skuleområda, samt etablering av gode gang/sykkelsamband til skule/arbeid og fritidstilbod som kan gje fysisk aktivitet i kvardagen, må såleis sjåast som det viktigaste og mest samfunnsnyttige sett i høve til nasjonale og lokale mål om å stimulere til auka fysisk aktivitet og betra folkehelse.

1.1 Organisering (rullering):
Planseksjonen i kommunen har gjennomført planarbeidet i samråd med Idrettsrådet i kommunen – arbeidet starta opp i Mars 2012.
Det er tilrettelagt for medverknad i planprosessen frå lag og organisasjonar med interesser innan idrett og friluftsliv m.a. gjennom skriftleg melding om planoppstart-, og kunngjering i pressa.

Det er etablert tverrfagleg arbeidsgruppe som koordinerer planprosessen, med personar frå plan-, kultur-, landbruk-, kommunalteknisk-, helse-, folkehelsekoordinator, barnerepresentanten i formannskapet, skuleavdelinga i kommunen, samt representant for idrettsrådet.
Det er vidare gjennomført drøftingar av planinnhald, behovsvurdering og satsingsområde i møte med idrettsrådet og ungdomsrådet i kommunen. Gjennom brei medverknad har ein hatt som mål å få ein plan som samsvarer best mogleg med faktiske behov og interesser, og som ivaretek intensjonen i Plan og bygningslova kap 11. Arbeidet er kopla tett opp mot intensjon i kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, inkludert dei nyast gjennomførte kommunedelplanane i arealdelen, kdp Volda sentrum – inkl. Mork og Vikebygda, og kdp Folkestad/Folkestaddalen.

Det er utforma planprogram, som også har vore ute til offentleg ettersyn før godkjenning i Formannskapet juni 2012.
Kommunen har i prosessen sikra god medverknad og tverrfagleg forankring gjennom:

- etablering av tverrfagleg arbeidsgruppe
- prosess i regi av Idrettsrådet
- spørjeundersøking mot lag og organisasjonar og mot skular

Dette for at planen skal samsvare best mogleg med faktiske behov og interesser.

Det vert vidare lagt opp til brei høyring ved offentleg ettersyn, der alle lag og organisasjonar samt skular og grendeutval m fl vert inviterte til å kome med innspel til planframlegget.

1.2 Rammer
Rammene for kommunedelplanen kjem frå ulike nivå.
Frå nasjonalt/statleg nivå gjennom lover og forskrifter, rikspolitiske retningsliner og stortingsmeldingar m.v
På fylkesnivå er Fylkesplanen rettleiande og fylkeskommunen har etablert retningsliner for fordeling av spelemidlar.
Kommunen har eigne vedtekne mål, blant anna gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel og gjeldande kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett-, friluftsliv og nærmiljø.

1.2.1 Statleg nivå:
Staten har som mål å leggje til rette for at flest mogleg skal kunne utøve idrett og fysisk aktivitet. I St.melding nr 14 (1999-2000) "*Idrettslivet i endring*" vart det framheva at staten gjennom sin idrettspolitikk har eit særleg ansvar for barn og ungdom i aldersgruppe 6 – 19 år. Noko av målet med fordeling av spelemidlane er at det skal vere tilnærma lik tilgang på anlegg uavhenging av kvar ein bur, og at flest mogleg skal få høve til å drive med idrett og fysisk aktivitet.
Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005- 2009 "*Saman for fysisk aktivitet*" er ei nasjonal mobilisering for betre folkehelse og trivsel gjennom auka fysisk aktivitet.
I St. melding nr 8 (1998-1999) "*Deltaking og likestilling*" er integrering og inkludering av alle eit overordna mål. Slik tilrettelegging er også ein føresetnad for tilskot frå spelemidlane.

St.meld.26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen, seier at anlegg for idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet i kommunane, herunder friluftsliv, skal vere fyrsteprioritet for den statlege idrettspolitikken dei næraste åra, og satsinga på slike anlegg skal aukast.

Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for barn- og unge og RPR for samordna areal- og transport-planlegging legg vekt på løysingar som kan gje korte avstandar og koordinering med kollektivtransporttilbodet.

Ny Folkehelselov tok til å gjelde frå 2012 og slår fast at kommunane skal kartlegge innbyggarane si helse og gjennom dette få oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorar som kan påverke denne. Friluftsliv og tilgang til natur spelar ei svært viktig rolle for helsetilstanden. Kartlegging og verdsetting av kommunen sine friluftsområde er såleis eit viktig bidrag i ei slik oversikt.

Den statlege friluftspolitikken, Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv 2014-2020 bygger på tidlegare St.melding nr. 39 (2000-2001) Friluftsliv, ein veg til høgare livskvalitet, og har følgjande fire nasjonale mål:

- Alle skal ha moglegheit til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles
- Område av verdi for friluftslivet skal sikrast og forvaltast slik at naturgrunnlaget vert teke i vare
- Allemannsretten skal haldast i hevd
- Planlegging i kommunar, fylker og regionar skal medverke til å fremje eit aktivt friluftsliv og skape helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenlege nærmiljø.

Friluftsliv gir gode opplevingar og betre folkehelse. Dette vert framheva både i Folkehelsemeldinga God Helse - felles ansvar (St.melding 34 2012-2013) og i den nasjonale friluftslivs-strategien. Strategien sitt hovudmål er å auke tal aktive i friluftsliv i og ved byer og tettstadar, og viktigaste målgruppe er barn og unge, personar med innvandrarbakgrunn, personar med nedsett funksjonsevne og personar som er lite fysisk aktive.

Friluftslova stadfestar ålmenta sin rett til fri ferdsel i utmark og set grenser og rammer for friluftsutøvarane. Frå 2012 er retten til ferdsel utvida til også å gjelde privat veg over innmark, når vegen fører til utmark. Gjeldande politikk legg til grunn at friluftsliv er "*opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturoppleving*".

Det som skil friluftsliv frå idrett og andre former for fysisk aktivitet utandørs er at aktiviteten skal gå føre seg i natur eller grøne omgjevnader, at den normalt ikkje skal vere konkurransebasert og at natur-opplevinga skal vere ein motivasjon for aktivitet.

I rettleiar for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (Kultur og kirkedepartementet 2007) er det fastsett følgjande minstekrav til innhaldet i slike planar:

- *Målsetjing for kommunen si satsing på idrett og fysisk aktivitet, irekna friluftsliv*
- *Målsetjing for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv*
- *Resultatvurdering av førre plan, med statusoversikt*
- *Analyse av langsiktige og kortsiktige behov for både anlegg og aktivitet*
- *Det skal gjerast greie for samanhengen med andre planar i kommunen*
- *Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg*
- *Økonomiplan knytt til drift og vedlikehald av eksisterande og planlagde anlegg*
- *Uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg*
- *Lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg, område for friluftsliv og arealbehov for planlagde anlegg og friluftslivsområde bør framgå av kart.*

Skal planen vere eit reelt styringsverktøy må den i tillegg vere:

- *realistisk i høve økonomi*
- *behov må vurderast i høve aktivitetsutvikling og forventa etterspurnad*
- *sikre ein omfattande medverknadsprosess og samordna/ tverrsektorielt planarbeid*
- *fokus på fysisk aktivitet, irekna friluftsliv*.

1.2.2 Regionalt nivå

I gjeldande fylkesplan (2009-2012) er det lagt vekt på sektoransvarsprinsippet, samt å sikre at folkehelsearbeidet får ei sterk forankring politisk og i areal- og samfunnsplanlegginga. I Møre og Romsdal fylkeskommune sitt høyringsdokument til regionale planstrategi, vert det vist til den nye folkehelselova som pålegg både fylkeskommunen og kommunane å utarbeide oversikt over helsetilstanden og kartlegge faktorar som verkar inn på helsa til innbyggjarane. I utkast til ny fylkesplan 2013-16 er folkehelse, barn og unge gjennomgåande perspektiv, og dette vert vidareført i Regional delplan for folkehelse som nyleg har vore ute på høyring.

Møre og Romsdal Fylke, kulturutvalet har utarbeidd retningsliner for fordeling av spelemidlar som legg vekt på at anlegg skal ha ein profil som legg til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet, der anlegga er tilpassa aktivitetsprofilen i befolkninga.

Frå fylket si prioritering av spelemidlar for 2012 (sak Ku-19/12) tek vi fram:

- friluftsliv og rehabilitering av idrettsanlegg,
- anlegg med spesielt stor regional verdi og anlegg for "nye" aktivitetar
- interkommunale anlegg
- etterslep etter store anlegg må avgrensast mest mogleg
- anleggssentra vert prioritert
- maksimalt 4 nye kunstgrasbaner

1.2.3 Kommunalt nivå

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er ein tematisk delplan og såleis ei utfylling og vidare detaljering i høve til gjeldande samfunnsdel av kommuneplanen. Revidering av planen er prioritert i kommunen sin planstrategi. Handlingsdelen skal og fungere som eit grunnlag for kommuneplanen sin arealdel og til kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett i planperioden.
Planen skal vere retningsgjevande for kommunal prioritering ved sikring av areal til natur-, frilufts – og friområde, og søknader om tilskot til slik sikring av grunn ved bruk av tilskotsordninga frå Direktoratet for Naturforvaltning. (DN/Fylkesmannen).

Føresetnader:
Planarbeidet er organisert i samsvar med reglane i Plan- og bygningslova. Hovudsiktemålet med dette er:
• *Å markere at planarbeidet også innafor dette fagområdet er eit offentleg ansvar.*
• *Å sikre at dette feltet vert ivareteke på ein tilfredsstillande måte innanfor den generelle kommuneplanlegginga, og at planlegginga set anlegg og område inn i eit heilskapleg perspektiv - der ein også tek omsyn til nærmiljø, bukvalitet og friluftsinteresser.*
• *Å sikre at ein gjennomfører ein brei og god planprosess, slik Plan- og bygningslova krev.*
• *Å legge tilhøva best mogleg til rette for ein kvalitativ god plan, som kan fungere som eit styringsverkty for eit framtidsretta arbeidet innan feltet.*
• *Å prioritere satsingar på kort og lang sikt slik at dette stimulerer til -, og gir høve til auka fysisk aktivitet innan friluftsliv og idrett for alle innbyggarane i kommunen.*
• *Å fordele ansvar for planlegging, tilrettelegging, utbygging, drift og vedlikehald av anlegga i kommunen.*

Kommunale rammevilkår:
Intensjon i kommuneplanen sin samfunnsdel om tilrettelegging for fysisk aktivitet og god helse for innbyggarar i alle aldrar i kommunen skal ligge til grunn for kommunen sin prioritering på området.
Aktivt arbeid mot bruk/utnytting av tilskotsordningar som spelemidlar til anlegg-, aktivitetsmidlar til lag og organisasjonar-, frå tilskot til sikring og tilrettelegging av friluftsområde (Miljødirektoratet) skal nyttast for å styrke satsinga på området.
Aktiv deltaking i *God Helse*-nettverket og *Sunne kommuner* skal bidra til auka kompetanse og motivasjon til vidare satsing på fagfeltet.

Volda kommune vil medverke direkte i idrettsarbeid og tilrettelegging for fysisk aktivitet gjennom:

- Kommunal planlegging
- Kartlegging av friluftsområdet og aktivitetstilbod
- Sikring av areal til idrettsanlegg - og friluftsføremål
- Etablering av godt sykkelvegnett og trygge skulevegar
- Utforming av gode uteområde/aktivitetsareal ved barnehagar og skular
- Opparbeiding av offentlege friområde
- Opparbeiding og vedlikehald av leikeplassar/aktivitetsareal i buområda
- Opparbeiding av turstiar
- Drift av Voldahallen
- Drift av skuleanlegga inkl. symjehallane
- Garanti for lån /forskottering av spelemidlar til lag/organisasjonar ved bygging av anlegg
- Hjelp til utarbeiding av spelemiddelsøknader og utbygging i regi av lag/organisasjonar.

- Lågterskel aktivitetstiltak initiert av God Helse-programmet
- Oppretthalde folkehelsekoordinatorstilling i kommunen
- Auka satsing på fysisk aktivitet og naturoppleving i skule og barnehage
- Auka informasjon knytt til naturoppleving og friluftsliv i kommunen.
- (ev. tilskot til lag og organisasjonar om dette kjem inn att på økonomiplan/budsjett i planperioden).

Kommunal planlegging og sikring av areal:
I samsvar med Plan- og bygningslova skal arealdelen i Kommuneplanen gi retningsliner for arealforvaltninga og angi natur- og friluftsområde, område for særskilt bruk og areal som skal bandleggjast for nærare gitte føremål.
Sikring av areal til idrett og friluftsområde/tiltak har vore - og skal vere ein vesentleg del av kommunen sitt bidrag til etablering av nye anlegg. Påpeika arealbehov i kommunedelplan for Fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv skal sikrast gjennom kommuneplanen sin arealdel.

Drift av Voldahallen og skuleanlegga i kommunen .
Idrettslag og foreiningar nyttar Voldahallen og dei kommunale skulane sine idrettsbygg, og leigesatsane er låge. Dette vert å rekne for ei indirekte stønadsordning, og har stor verdi for dei laga som ikkje har eigne anlegg. Kommunen har og alle kostnader knytt til drift og vedlikehald av gang/sykkelvegnettet i kommunen, turvegar, badeplassar og andre offentlege friområde.

Kommunale garantiar for spelemidlar:
Når andre enn kommunen står som eigar, er det i forskriftene for spelemiddeltilskot for ein del anleggstype sett krav om at kommunen garanterer for tilbakebetaling av spelemidlane ved evt. misleghald. (jf. Forskriftene pkt 2.4.3 og reglane om drift/misleghald i pkt. 2.5).
Dette gjeld følgjande type anlegg med samla tilskot (sum over 10 år) på over kr.2.000.000:
• Fleirbrukshallar og spesialhaller (fotballhaller, ishall, ridehall, symjehall, bowling- og tennishall)
• Alpinanlegg, • Golfanlegg, • Motorsportsanlegg, • Kunstisbaner

Kommunale garantiar for lån/eigenkapital:
Kommunen har tradisjon for å yte stønad til laga gjennom kommunal garanti ved låneopptak til eigenkapital og til eventuell forskottering av spelemidlar. Dette er ofte eit krav frå långjevar/ finansinstitusjonar for å gje lån og for å sikre eit rimeleg rentenivå.

I dei siste tre planperiodane har ingen kommunale garantiar til slike anlegg blitt gjort gjeldande. Dette skuldast både betre organisering i laga og ein strengare søknadskontroll, med krav til dokumentasjon ved godkjenning av søknader.
Kommunale garantiar på over kr. 500.000 må godkjennast av Fylkesmannen.

Her er ei liste over innestående kommunale garantiar til idrettslag/anlegg gitt av Volda kommune:

Lag og foreiningar (kst-sak)	Garantibeløp pr. 31.12	Garantien utgår
V.T.I. fotball (0114/06)	109 444	30.09.2013
V.T.I. fotball (0114/06)	358 047	15.04.2015

V.T.I. fotball(0114/06)	2 283 274	01.01.2023
Volda skisenter as (0145/07)	662 827	25.04.2020
Volda skisenter as (0145/07)	1 139 115	15.04.2017
Volda skisenter as byggjelån (0145/07)	1 169 201	13.12.2020
Volda Rideklubb (137/11)	854 000	25.12.2020
Utrøna Seglarlag, sjøsportsanlegg(138/11)	(15.12.2011) 833 000	15.12.2031
V.T.I. Allidrett, tidtakarbu /lager på Reset (142/11)	700 000	01.12.2014
VTI Allidrett Skiskytterstadion(60/12)	(24.05.2012) 3 270 000	24.05.2032
Mork IL kunstgrasbane (173/12)	(20.11.2012) 800 000	20.11.2032
Volda Rullarlag (skatepark) (86/13	(20.06.2012) 2.860.000	20.06.2023
VTI Fotball – fotballhall (113/13)	(29.08.13) 13.000.000	29.08.2038

Samla garanti – beløp kr. 28.038.908

Tilskot frå spelemidlane:
Tilskot til anleggsutbygging - (Kulturdepartementet /fordeling gjennom M.R. Fylkeskommune).
Tilskot frå spelemidlane utgjer ein vesentleg del av grunnlaget for utbygging av idrettsanlegg.
Det vert normalt ytt inntil 33% tilskot til utbygging av ordinære idrettsanlegg og inntil 50 % tilskot til Nærmiljøanlegg og ein del friluftslivsanlegg som har heilårsbruk. Det er i dag og mogeleg med tilskot til utstyr til visse anlegg og driftstilskot for større anlegg.
Idrett og Kultur er frå 2014 lova ein større del av overskotet frå Norsk Tipping, og det er ei viss forventning om at den totale potten til idrettsanlegg og aktivitetsretta tiltak vil auke i åra som kjem.

Det har lenge vore eit betydeleg etterslep i tilgjengelege midlar i høve til søknadsmengd. Dette vil nok framleis vere situasjonen dei første åra i komande planperiode. For større anlegg vil ein ut frå dette måtte forvente eit etterslep for tilskot til godkjende søknader på opp til 2-3 år, og ei fordeling av tildelte spelemidlar over 2 år til større anlegg.

Spelemiddeltilskot til tiltak i Volda i perioden 1999 -2003: kr. 4.159.000
Spelemiddeltilskot til tiltak i Volda i perioden 2004- 2007: kr. 3.184.000
Spelemiddeltilskot til tiltak i Volda i perioden 2008- 2013: kr. 8.173.000

Aktivitetsretta midlar:
Aktivitetsmidlar til laga, -tilskot frå Kulturdep./fordelt via M.R. Idrettskrets:
Sidan 2000 har Kulturdep. ytt midlar til Idrettsforbundet øyremerka til aktivitetstiltak retta mot barn og unge. Dette vert no administrert gjennom Idrettskretsane og Idrettsråda i den einskilde kommune. 10% av tildelte spelemidlar til Fylka skal settast av til slike tilskot. Dette er eit svært godt bidrag som er med på å sikre laga sin drift og gje auka prioritering på tiltak som gjeld aldersbestemte klasser, rekruttering, tiltak mot fråfall, tilrettelegging for funksjonshemma, leiar/trenaropplæring og andre integreringstiltak. Aktivitet i høve målgruppa barn og unge skal vektleggast som kriterium for tilskot.

Ordninga har gitt følgjande direkte tilskot til idrettslaga i Volda kommune i perioden 2000 – 2007:

2000 – 2004	-	kr.	734.523,-
2004 – 2007	-	kr.	963.995,-
2008 – 2012	-	kr.	1.598.811.-
(For 2013 – ligg det an til		kr.	314.220.-)

Når Spelemiddelandelen til idretten skal aukast dei komande åra ligg det an til ein betydeleg auke også når det gjeld desse midlane. Idretten har sjølv også teke opp spørsmål om å auke %-andelen til desse aktivitetsmidlane frå 10 til 12 %. Dette kan gje auka tilskot til laga komande år.

Kommunale kulturmidlar:
Det er ikkje innanfor rammer til kultur og idrettsformål i økonomiplan sett av kommunale midlar til tilskot til lag/organisasjonar i noverande eller komande planperiode.

SMIL- midlar:
Kommunen har frå 2004 fått delegert vedtaksmynde til dei såkalla SMIL-midlane. Desse midlane som primært skal gå til spesielle miljøtiltak knytt til jordbruket, kan også nyttast til fleire typar tiltak i kulturlandskapet, som stiar, turvegar og informasjonstavler mv.
Det er utarbeidd retningsliner for bruken av midlane og desse er administrert av det lokale landbruksmyndet.

Vidare vert mykje tilrettelegging for idrett og friluftsliv ivareteke gjennom friluftslivstiltak og tilrettelegging i friområde i regi av kommunen.

Etablering av ordning med Frisklivssentralen, Aktiv i Volda og stilling som folkehelsekoordinator, gir grunnlag for initiering av nye lågterskeltilbod . Tiltak som Ti turmål, trilleturar for småbarnsforeldre , HelseKorpset Volda, med ansvar for m.a sittedansgruppe, seniordans, turgrupper , er slike viktige tiltak.

2.0 Målsetting for planen.
Gjeldande kommuneplan for Volda har følgjande målsetjing for å utvikle fysisk aktivitet som delaktivitet innanfor kultursektoren og som bidrag til betra folkehelse:

"å *legge tilhøva til rette, slik at alle som ynskjer det får høve til å delta i idrett, fysisk fostring og friluftsliv i nærleiken av bustaden sin og ut frå eigne behov."*

og *"å legge til rette for eit positivt og byggande miljø og stimulere til utfalding og eigenaktivitet hos barn og unge."*

I handlingsprogrammet vert det lagt vekt på *"ei sterkare satsing på idrett og tilrettelegging for eit aktivt friluftsliv"* for å nå desse måla. Desse intensjonane vert søkt vidareført og omforma til konkrete Retningsliner og tiltak gjennom kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv. Kommunen skal legge til rette for at folk skal kunne ta ansvar for eiga helse ved å bruke naturen og nærmiljøet der dei bur, oppheld seg og ferdast til dagleg, slik som kort avstand til enkle og gode turmoglegheiter. Kommunen, lag og organisasjonar skal saman syte for at det finst lågterskeltilbod og friluftsaktivitetar som innbyggarane kan dyrke og utvikle vidare gjennom deltaking i organiserte aktivitetar eller ved eigenaktivitet.

2.1 Hovudmål:
Ei god folkehelse gjennom auka fysisk aktivitet, trivsel og livskvalitet:
Volda kommune skal, gjennom ei medviten tilrettelegging for idrett, friluftsliv og nærmiljøtiltak, medverke til auka fysisk aktivitet og gjennom dette også auke trivselen og livskvaliteten for alle aldersgrupper i alle delar av kommunen.

Særlege omsyn:
Det er kommunen sitt ansvar å sikre areal til slike føremål.
Det bør i planperioden i tillegg til tilrettelegging for dei ordinære idrettsanlegga, leggast særleg vekt på utvikling av nærmiljøtiltak i/ved bustadområda, utvikling av barnehage,- og skuleområda som gode aktivitetsareal som kan stimulere til auka fysisk aktivitet både i barnehagen og skulen sin regi og i fritida.
Utvikling av tur- og badeområde som grunnlag for fremjing av friluftsliv og mosjonsidrett.
Det helsefremjande aspektet ved tilrettelegging av tiltak og utvikling av anlegg skal vektleggast.

2.2 Delmål. (handlingsmål)

- Kommunen skal kartlegge og ha oversikt over friluftsområde i tråd med folkehelselova §5: Oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar

- *Kommunen skal legge til rette for eit aktivt idretts- og friluftsliv ved å ta del i planlegging og prosjektering av slike anlegg.*

- *Det er eit kommunalt ansvar å verne om og sikre områder for slik aktivitet/slike anlegg gjennom arealplanlegginga i samsvar med Plan og bygningslova.*

- *Skulen, idretten og friluftslivet sine behov for areal og anlegg bør samordnast så langt det er råd. Skuleanlegga bør kunne utnyttast også utanom skuletida og ha funksjon som nærmiljøanlegg for områda der skulen ligg.*

- *Det må vere eit krav til framtidige reguleringsplanar og områdeplanar, at dei tek omsyn til behov for nærmiljøanlegg i bustadfelta og generelle friluftsinteresser, og at slike tiltak inngår som integrert del av-, og vert finansiert saman med feltutbygginga.*

- *Kommunen må vidareføre det vellykka arbeidet med å bygge ut turstinettet i Volda, slik at det utgjer eit attraktivt system av grøne ferdselsårer i busettinga, skogen og i kulturlandskapet.*

- *I forlenginga av dette bør det opprettast tursti- og løypenett i utmark for vinter- og sommarbruk, der start- og endepunkta er lett tilgjengelege.*

- *Turvegnettet bør saman med gang- og sykkelvegane gi god og trygg tilkomst til utmark, sjø og vassdrag og binde saman bustadområda med idrettsanlegg, skular og barnehagar.*

- *Det skal takast omsyn til uorganiserte grupper sine behov for areal og anlegg til fysisk aktivitet, og kommunen skal medverke til å gjere areal og anlegg tilgjengelege for funksjonshemma.*

-Kommunen skal gjennom God-helseprogrammet ta initiativ overfor lag/organisasjonar og kommunale institusjonar-, med informasjon og stimuli til etablering av lågterskeltilbod (alternative tilbod – ikkje konkuranseretta), som lekk i eit helse og miljøskapande arbeid, som lekk i det helseførebyggande arbeidet og i høve til integrasjon av ulike grupper.

-Gjennom God-helseprogrammet skal kommunen vidareføre arbeidet som er sett i gang knytt til lågterskeltilbod for auka fysisk aktivitet.

-Det skal framleis vere eit særs viktig og sterkt fokus på tema kosthald/ ernæring retta mot ulike grupper, der ein skal gje informasjon inn mot idrettslaga, mot skular og barnehagar og andre utsette grupper.

2.2.1 Miljøomsyn og landskapsvern - delmål:

- Det er ei klar målsetjing at anlegg og aktivitetar innan idrett, nærmiljø og friluftsliv skal planleggjast og gjennomførast ut frå omsynet til natur og miljø gjennom m.a:

- *særleg vern om strandsoner og opne vassdrag og sikring av tilkomsten til desse for flest mogleg grupper utan at det går ut over verneomsynet.*
- vektlegging av *estetikk, miljø og landskap i all planlegging og utbygging*
- *universell utforming skal vere vurdert og så langt mogeleg teke omsyn til i all planlegging og opparbeiding av anlegg for idrett og friluftsliv*
- *idrettsanlegg og offentlege plassar som sosiale arenaer og møtestader skal vektleggast*

2.2.2 Strategiar

Viktige strategiar i planperioden (2014-2018)for å nå målsetjinga for anleggsutbygging og auka aktivitet, herunder tilrettelegging også for uorganiserte fysiske aktivitet i eit folkehelseperspektiv:

- *gjennom kommuneplanen sin arealdel og detaljplanar legge grunnlag for aktuelle anlegg og for sikring av areal.*

- *bistå lag/organisasjonar med sikring av areal til aktuelle anlegg i tråd med plan*

- *vidareføre ordninga med kommunal garanti for lån/forskottering av spelemidlar.*

- *fokus på auka fysisk aktivitet og læring i høve natur og friluftsliv i skule og barnehage*

- *utvikling av skule og barnehageområda til areal som stimulerer til auka fysisk aktivitet både i skuletida og som nærmiljøanlegg*

- *stimulere til og invitere til samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og samhandling med desse om anlegg og aktivitetstiltak og til vedlikehald av slike anlegg.*

- *sikre trygge samanhengande gang- og sykkelvegar (gjennom å følgje opp prioriteringane i trafikktryggingsplan og sykkelstrategi)*

- aktivt arbeide for å dra nytte av spelemiddelordningane til anlegg og Miljødirektoratet sine ordningar for sikring av grunn og tiltak i sikra friluftsområde, m.a gjennom avsetting av midlar til kommunal eigenandel i økonomiplan/budsjett.

- sikre og vidareutvikle viktige nærfriluftsområde i og rundt Volda sentrum og - vidareføre og stimulere til merking av turstiar i kommunen i høve til kommunen sin merkemal og nasjonal Merkehandbok.

- vidareføre gratis bruk av gymnastikksalane på kvardagar for lokale lag og treningsgrupper

- arbeide for betre hallkapasitet i Volda

- etablere eit permanent skateanlegg i Volda sentrum.

- etablere helseløype i Volda sentrum

- utarbeide naudsynte forvaltningsplanar for statleg sikra friluftsområde

3.0 Evaluering av handlingsplan i tidlegare plan (2008-12):

3.1: Status ved utgangen av planperiode:
I planperioden har handlingsprogrammet fungert godt og gitt nødvendige avklaringar og grunnlag for kommunen sin årlege prioritering av søknader.
Dei prioriterte prosjekta i handlingsprogrammet er i stor grad gjennomført, og ein har også oppnådd tilskot frå spelemidlane til prosjekta stort sett i samsvar med planintensjonen.
Dette viser at planmessig og langsiktig arbeid gir resultat, og at kommunen sitt arbeid med kommune-delplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv er ein viktig faktor i dette arbeidet.

God samanheng med andre planar i kommunen og forankring til laga gjennom Idrettsrådet er også viktig som grunnlag for kommunen sine prioriteringar og den positive gjennomføringsstatus som ein kan vise til her. At alle anlegg som kjem inn på prioritert plass i idrettsplan også er sikra i kommuneplanen sin arealdel og/eller reguleringsplanar er ein annan viktig faktor for rask realisering og har bidrege til at anlegga i stor grad er realisert som forventa etter plan.
Handlingsprogrammet har vore rullert årleg i perioden i samråd med lag/ organisasjonar og Idrettsrådet og med etterfylgjande politisk handsaming i planutvalet (formannskapet) og i Forvaltningsstyret. Dette har gitt endringar undervegs, der det også er gitt rom for at nye tiltak kunne kome til.
Kommunal bistand til sikring av grunnavtalar og innløysing av grunn,(jf. areala ved Volda skisenter, i Rotevassdalen, ved Volda stadion, Årneset med badeplass-, naustanlegg og sandvolleybaner, mfl), viser tydeleg korleis dette kan slå positivt ut med omsyn til utløysing av innsats frå lag og organisasjonar og i høve til å oppnå tilskot utanfrå, frå spelemidlar og andre tilskotsmidlar.

Nærmiljøanlegga er i stadig aukande grad kopla til skulane sine uterom, og her har kommunen også gitt positivt bidrag ved å stå som utbyggar/søkjar.

I kategorien friluftlivstiltak har alle dei anlegg som har søkt midlar i perioden fått tilskot, og tiltaka er gjennomførte. I tillegg har ein fått gjennomført ein del tiltak utan tilskot frå spelemidlar (t.d tur/skiløype i Rotevassdalen).
Men mykje står også att på dette området. For å få sikra og tilrettelagt dei friluftsområda/-friområda som er avsett i kommuneplanen sin arealdel er det behov for detaljplanlegging-, og kommunal eigenandel til slike formål. Manglande kommunale midlar til eigenandel gjer at ein ikkje har fått utnytta desse tilskotsordningane i særleg grad i perioden.

Det prioriterte arbeidet med skilting og merking av turstiar, er kome godt i gang gjennom tilskot frå m.a Gjensidigestiftelsen, eigne folkehelsemidlar, lågterskel God Helsemidlar frå fylkeskommunen, tildelte spelemidlar og nært samarbeid med lag og organisasjonar. (td. grendalag-, Friluftsforeninga Volda-, Volda Rotary m.fl). Arbeidet er ikkje ferdig, og vil bli vidareført i komande planperiode.
Også arbeidet med nytt turkart for Volda sentrum vart fullført i 2013- eit flott bidrag for å synleggjere mulegheitene for og stimulere til friluftsliv i sentrumsnære områder i Volda.

Det er i samarbeid med Ørsta kommune utarbeidd utkast til retningsliner for merking i tur og fjellområda i kommunane. Retningslinene er vedlegg til planen og vil gjennom planvedtaket no bli vedtatt som gjeldande kommunale retningsliner.

Nye anlegg legg grunnlag for og skaper meir aktivitet, men drift og vedlikehald krev også meir ressursar. For dei lagseigde anlegga ser dette ut til å gå bra, etter som desse i stor grad er baserte på dugnadsdrift og ved treningsavgifter.
For kommunale anlegg ser ein klart at slike "ikkje lovpålagde" oppgåver lett fell gjennom i kamp om små ressursar i tronge økonomiske rammer.(inngår som del av kommunalteknisk sektor).

Nye typar anlegg i nye tider og trendar fell ikkje naturleg inn i dei tradisjonelle idrettslaga sine behov og aktivitetar. Dersom nye anlegg, spesielt nærmiljøanlegg og anlegg for leik, trim og trivsel og friluftslivstiltak skal realiserast, vert kommunen meir enn før utfordra til å ta initiativ og ansvar for bygging og drift av slike anlegg. Ei viktig utfordring i dette vil vere å skape alliansar med frivillige, med lag og organisasjonar om drifting og vedlikehald av slike anlegg/tiltak slik at dette ikkje åleine er avhengig av kommunal drift/kostnad.
Gjennom ordninga med folkehelsekoordinator har ein i perioden hatt eit godt fundament for slikt kommunalt bidrag.

I vedteke handlingsprogram for perioden 2007-12 (13) var det med i alt 22 anlegg for idrett/friluftsliv og 6 nærmiljøanlegg.
Korleis prosjekta er realisert går fram av figuren nedanfor. Her viser også nye tiltak som har kome til i perioden og den prioritering desse har fått gjennom årlege prioriteringar i kommunen i samråd med Idrettsrådet.

Fylgjande anlegg er gjennomført og ev. gitt tilskot frå spelemidlane i perioden;

Namn på anlegg	Samla kostnad	Tilskot frå spelemidlane
Volda skisenter - planavklaring og sikring av grunn, (til alpinanlegg, lysløype og skileikomr.) gjennomført.	222.000 årleg	0
Volda skisenter - utskifting trekk/påstign.stasj.- - gjennomført.	2.300.000	700.000
Volda skisenter - nye nedfartsløyper opparbeiding - gjennomført.	2.200.000	700.000
VTI – Nordisk - Utbygging av ski/lysløype Reset, del II og III -- gjennomført.	1.896.000	632.000
Dalsfjord skule/Dalsfjord fotballklubb – ombygging av skule/fotball anlegg til kunstgras. - gjennomført.	2.160.000	720.000
Volda Kommune -Tur/skiløype Reset – Kleppesetra - gjennomført.	564.000	188.000
Volda skisenter - skileikanlegg/barnetrekk, - gjennomført.	2.200.000	700.000
Bratteberg skule - ballbinge	450.000	200.000
Volda Kommune -Tur/skiløype Rotevassdalen, gjennomført delvis 2011/12	250.000	0
Volda Rideklubb/Vestri - Ridebane i/ved Volda sentrum, Opparbeiding bane/tilkomstveg , - gjennomført.	1.130.000	389.000
Dalsfjord grendalag -Åmelfot – tilrettelegging for utfartsområde- gjennomført.,	150.000	50.000
Volda Skyttarlag - samarbeidsprosjekt alle skyttarlaga i Sollidalen og HV, om lagshus. – gjennomført	3.000.000	
Straumshamn grendalag – Ballbinge Straumshamn	450.000	200.000
Folkestad Skule - Ballbinge ved Folkestad skule	500.000	200.000
Volda kommune – turveg Stadion – Årneset	1.155.000	385.000
Volda Jeger og sportsfiskarlag – aktivitetsnaust Rotevatnet	370.000	123.000
Volda Ungdomsskule - Aktivitetsområde -Nytt dekke (handballbane og Basketbane -	gjennomført.	Utan tilskot
Volda kommune Øyra skule - aktivitetsareal	500.000	200.000
Utrøna seglarlag – areal og bygg til aktivitetsnaust vest for Munken, arbeid i gang	1.300.000	433.000
Volda TIL-Nordisk –skistadionanlegg/klubbhus	2.200.000	søknad 2013

Volda Vidaregåande skule –sandhandballbane	400.000	200.000
Mork IL – omlegging av grusbane- kunstgras/Grus.	1.524.000	Søknad 2013
Volda kommune – turkart volda sentrum	240.000	83.000
Volda kommune -Badeplassen Munken – volda sentrum - planlegging/sikring av grunn/ - opparbeiding av anlegg	384.000	128.000
Volda kommune/Volda Rullarlag - skaterampe/anlegg del1	500.000	200.000
Volda kommune/Volda Rullarlag - skaterampe/anlegg del 2	500.000	søknad2013/14
Volda kommune/Volda Rullarlag - skaterampe/anlegg del 3	500.000	søknad2013/14
Volda kommune - Turveg Rotevatnet - planlegging	Gjennomført planprosess	Ferdig plan 2014

Tiltak i plan - ikkje gjennomført i perioden:
Lid skule nærmiljøanlegg – ballbinge og aktivitetsareal med lengde/høgdegrop m.m
Volda skisenter – snøproduksjonsanlegg
Folkestad grendautval - Folkestaddalen –friluftslivstiltak
Volda kommune –friområde/ friluftsområde: areal avsett i kommuneplan/reguleringsplan for sikring/opparbeiding:

- Turveg Rotevatnet - sikring av grunn-, opparbeiding/anlegg
- Friluftsområdet Øyraelvprosjektet /Presteholmen – tilknyting mot sentrum
- Botnasanden - Friområdet –badeplass – sikring av grunn/-opparbeiding
- Friområde Kråkeneset Lid – plan, sikring av grunn-, opparbeiding/anlegg
- Årneset/badeplass Utvikling av område– anlegg holme m.m

Hallkapasiteten i Kommunen:
Av større anlegg som ikkje har blitt realisert i perioden er elles utvikling av Voldahallen/- eller annan utvikling av hallkapasiteten i kommunen.
Kommunen har ikkje kome vidare med utvikling på dette området i siste planperiode. Ulike modellar og planar har vore utforma, men konkrete utbyggingsprosjekt og naudsynt finansiering er ikkje lansert.
Kapasiteten i Voldahallen-, i Idrettsbygget (statsbygg)-, og ved dei mindre skulesalane i Volda sentrum er såleis sprengt.

4.0 Virkemiddel i gjennomføring etter plan:

Offentleg tilrettelegging og sikring av aktivitetsareal:
Utfordringane sett i eit folkehelseperspektiv tilseier at tilrettelegginga for fysisk aktivitet stadig vil få eit sterkare fokus og bli eit auka offentleg ansvar.
Tilrettelegginga av dei uformelle arenaer i nærmiljøanlegg-, bustadnære natur og friområde-, turstiar-, parkar og eit godt gang og sykkelvegnett , samt opprusting og auka bruk av skuleanlegga vil vere viktige faktorar i dette arbeidet.
Den økonomiske innsatsen for kommunalt engasjement i slik utbygging/-tilrettelegging vert samordna gjennom kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett.
Dette vil saman med offentlege arealplanar- og avsette midlar til grunnerverv og opparbeiding av anlegg gje føresetnadane for kommunalt engasjement og utbygging i planperioden.
Allemannsretten og friluftsloven sikrar ålmenta sin rett til fri ferdsel og opphald i utmark, og det skal normalt ikkje vere naudsynt med offentlig råderett over areala for å ivareta disse rettane.
Behovet for statleg sikring eller kommunal leige av areal til friluftsføremål er først aktuelt der behovet for tilrettelegging og bruk går utover den retten som ligg til allemannsretten i friluftslova, td bruk av areal som er innmark.
Der det er behov for slik sikring eller tilrettelegging kan staten gjennom ulike bidragsordningar i regi av Miljødirektoratet (tidlegare DN-Direktoratet for Naturforvaltning) yte tilskot.
Dette gjeld både til sikring –herunder tilskot /bidrag til prosessar knytt til sikring, og til tiltak i sikra områder.
For regionalt viktige friluftslivsområde kan staten medverke med inntil 100 prosent og for lokalt viktige friluftslivsområde inntil 50 prosent. MD kan også tilby gratis advokatbistand for å avklare juridiske og økonomiske spørsmål i slike prosessar.
I friluftslova er det også gitt opning for at kommune eller Dep kan gjere tiltak i utmark for å sikre viktige ferdselsruter, turvegar og skiløyper.
Friluftslova § 35. *(Tiltak og inngrepsløyve for å lette ferdsel i utmark)*

> *"Kommunen kan varde og merke opp ruter og turstier i utmark, og den kan på bestemte steder bygge klopper eller bruer og sette i verk andre tiltak for å lette ferdselen langs ruter og turstier i utmark.*
> *Kommunen kan gi organisasjoner som har til formål å fremme reise- og friluftsliv, rett til å varde og merke opp ruter og turstier i utmark.*
> *Departementet kan gi regionale organisasjoner som har til formål å fremme reise- og friluftsliv, rett som nevnt i første ledd for ruter og turstier som berører flere kommuner.*
> *Rett til å varde og merke opp ruter og turstier i utmark kan utøves uten forutgående skjønn. Tilsvarende gjelder rett til å bygge klopper eller bruer og sette i verk andre tiltak for å lette ferdselen langs ruter og turstier i utmark dersom kommunen eller departementet i det enkelte tilfelle bestemmer det."*

Mange av friluftsområda ligg i utmark og i fjellområde, i kommuneplanens arealdel karakterisert som LNF-område, sone A. Friluftsområda er gjennom dette sikra mot utbygging, men konfliktar i høve til jordbruk-/skogbruk-interesser er ikkje i alle høve spesifikt avklara.
Slik avklaring og sikring av friluftslivsdelen som overordna bør vurderast for dei viktigaste friluftsområda gjennom revisjon av kommuneplanen sin arealdel (t.d området rundt sentrum, Resetområdet, Rotevassdalen, Folkestaddalen, Grøndalen m.fl).

I tilknyting til friområde og friluftsområde vil det også vere behov for tilrettelegging av areal til parkering.

Behov for areal til leik, idrett og friluftsliv må sikrast ein sentral plass i samband med planlegging av nye bustadområde, gjennom kommuneplanen sin arealdel og etterfylgjande detalj- og reguleringsplanar.
Ved handsaming av planar for skogsvegar og vurdering av tilskot til slike, bør også tiltaket sin verknad i høve tilrettelegging for friluftsliv vurderast. Det bør stimulerast til ordningar som sikrar god samla nytte av tiltaka og samanbinding av ulike vegsystem, som sikrar samanhengande bruksvegar/stiar for friluftsliv. Krav i høve til standard og utforming for skogsvegar må også sjåast i høve til at vegane skal/vil ha slik bruk.

Spelemidlar
Kostnadane ved utbygging av anlegg for idrett og friluftsliv vert finansiert ved hjelp av kommunale, fylkeskommunale og statlege midlar samt eigenkapital og stor grad av lokal dugnadsinnsats.
Det er eit stort behov for ein eigen post i budsjettet til friluftstiltak som kan dekkje opp kommunale eigendelar der ein søkjer om og får tildelt tilskot. Mangelen på slike budsjetterte midlar gjer at gjennomføring av prioriterte tiltak kan vere vanskeleg, og at tiltak må utsettast i tid. Ein risikerer då også å gå glipp av potensielle eksterne midlar.
Dei fleste tiltak må vere prioritert i kommunedelplanen for å få tilskot frå spelemidlane.
Elles er vegleiar V-0732 frå Kulturdep. det førande dokument knytt til reglar om kven som kan søkje, kva det kan søkjast tilskot til og korleis planlegging og søknadsfremjing skal gjennomførast.
Før søknad om tilskot frå spelemidlar kan fremjast er det krav om idrettsfunksjonell førehands-godkjenning av prosjektet. Det er kommunen som gir slik godkjenning for dei aller fleste typar anlegg. Mynde til slik godkjenning er gjennom denne planen delegert til administrasjonen. Før godkjenning kan det bli innhenta fråsegn frå fylkeskulturavdelinga.
Dei anlegg som skal godkjennast av Departementet (ikkje delegert til kommune) går fram av opplisting i pkt 2.5.2 i vegleiar V-0732 frå KD.
www.idrettsanlegg.no
Kommunale garantiordning for lån er eit av dei viktigaste bidrag frå kommunen si side for å fremje laga sine utbyggingsprosjekt og må vidareførast som viktige verkemiddel i høve til anleggsutbygging i lagsregi. Gjennom god planlegging og økonomivurdering knytt til alle søknader har kommunen ikkje dei siste 20 åra opplevd behov for realisering av kommunale garantiar.
Moms-kompensasjon
Det er innført ordning med delvis statleg momskompensasjon for lagseigde anlegg som får tilskot frå spelemidlane. Dette er eit viktig bidrag til samla finansiering av anlegg. Til no har anlegg som har søkt fått full momskompensasjon.
Der det er anlegg som vert gjennomført i kommunal regi, eller for anlegg som vert gjennomført i samarbeid mellom lag/organisasjonar og kommunen, vil kommunen kunne nytte momskompensasjon som del av finansiering av tiltaket. Ein føresetnad for dette, er at det er utarbeidd avtale om felles bygging/drift av anlegget, at kommunen står som formell anleggseigar eller søkjar ved søknad om tilskot frå spelemidlane, og at anleggsrekneskap vert ført over kommunen sitt rekneskap som eige prosjekt.
www.idrettsanlegg.no
Aktivitetsmidlar fordelt gjennom Idrettsråd/idrettskrets gjev årleg tilskot ut frå aktivitet, og er ein sterk stimulans til aktivitetsfremjande tiltak i laga. Ordninga er særleg retta mot born og unge.
Aktivitetsmidlar gjennom God Helse-programmet vil i planperioden vere eit viktig stimuli i arbeidet mot tilrettelegging av lågterskeltilbod, og utvikling av tilbod til nye grupper. Dette vil og kunne vere midlar

som blir nytta i informasjon inn mot t.d. idrettslaga med sikte på etablering av slike nye tilbod, og til anna informasjonsarbeid knytt til t.d idrett- kosthald, og anna haldningsskapande arbeid.
folkehelsekoordinator Volda kommune

Eigeninnsats lag og organisasjonar: Den største ressursen innan utbygging av anlegg og utøving av fysisk aktivitet er klart den økonomiske innsats og dugnadsinnsatsen som laga sjølv bidreg med gjennom eigenkapital til utbygging og drift, og dugnadsinnsats i samband med dette. Dette utgjer 2/3 av anleggsutbygginga og mest alle driftskostnader.

Sponsing ved økonomisk bidrag frå det lokale næringsliv gjennom direkte tilskot, gåver og rabattar, bidreg også sterkt til å styrke det økonomiske grunnlaget for laga sine utbyggingsaktivitetar og drift.

Kulturmidlar frå kommunen ville vere ei viktig direkte støtte til laga sine utbyggingar og drift. Det har imidlertid ikkje vore slike midlar i økonomiplan/busjett sidan 1999, og det synest ut frå kommunal økonomi no gir heller ikkje grunnlag for avsette midlar til slike tilskot i planperioden.

Retningsliner for merking , skilting og tilrettelegging i natur og friluftsområde:
Det er utarbeidd retningsliner for merking /skilting av turstiar og for utforming av informasjonsskilting knytt til natur og friluftsområda i Volda og Ørsta kommunar. Desse skal ligge til grunn for tiltak etter plan. (Jf. vedlegg 3 til plan.) www.merkehandboka.no
http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur/Kulturtilskot/Friluftslivstilskot
med lenke til søknadsskjema:
https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/Soknader/Info.aspx?id=7&soknadsaar=2014

4.1 Prinsipp for godkjenning av utbyggingsplanar og grunnlag for spelemiddelsøknad:

(Idrettspolitisk førehandsgodkjenning av idrettsanlegg)

Ved søknad om tilskot frå spelemidlane skal det ligge ved førehandsgodkjente planar.
Det er kommunen som har mynde til å godkjenne planar for dei fleste typar idrettsanlegg, med unntak av større hallanlegg og spesialanlegg. For desse er godkjenningsansvaret lagt til Kulturdepartementet. Kulturdepartementet gjev forskrifter for kommunen si handsaming av planar og søknader om tilskot frå spelemidlane. Slik søknad om sentral godkjenning skal sendast via kulturavdelinga i Fylkeskommunen.
Den kommunale godkjenninga skal omfatte:

- *Idrettspolitiske tilhøve*
- *Idrettsfaglege tilhøve*
- *Anleggstekniske tilhøve*
- *Estetiske og miljømessige sider ved planane*
- *Økonomisk grunnlag*

Førehandsgodkjenning av planar kan skje når som helst gjennom heile året. Idrettsavdelinga i Fylkeskommunen si kulturavdeling er rådgjevarar for kommunen i slike saker. Førehandsgodkjenning av anleggsplanar som skal godkjennast av kommunen er gjennom denne planen delegert til administrasjonen.

I samarbeid med Idrettsrådet skal kommunen bidra til utvikling av kompetansen i laga gjennom informasjon og opplæring innan området planlegging av anlegg og utforming av spelemiddelsøknader.

4.2 Oppfølging av anlegg

Etter gjeldande forskrifter for anlegg som får stønad frå spelemidlane, har kommunen eit overordna ansvar for spelemiddelanlegga i tillegg til utarbeiding av kommunedelplan for idrett og friluftsliv i kommunen, gjennom fylgjande:

- *årleg oppgradering av anleggsregisteret*
- *krav om kommunal garanti for ein del større anlegg*
- *rettleiing til lag og organisasjonar i prosjektering og søknadshandtering*
- førehandsgodkjenning *(idrettspolitisk godkjenning) av anleggsplanar og søknader*
- *ansvar for utbetaling av tildelte spelemidlar*
- *revisjonskontroll av anleggsrekneskap*
- *kontroll av og attestasjon på at anlegg er utført i samsvar med godkjende planar*
- *ansvar for at tilgjenge til anlegga fungerer etter intensjonen, og at vilkår for drift og vedlikehald av anlegga vert oppfylt.*

5.0 Handlingsprogram 2014- 2018.

Handlingsprogrammet skal gi ei oversikt over kommunens status og behov sett med omsyn til tiltak retta mot fagområdet idrett og friluftsliv, og ei prioritering mellom anleggstiltak som er planlagd utbygd i komande fireårsperiode. Planen bør også sjå på behova og mogelege tiltak på lengre sikt.
Tiltaka i handlingsprogrammet er oppsett i prioritert rekkefylgje.
For at eit anlegg skal få spelemidlar som delfinansiering, er det eit formelt krav at eit prosjekt er prioritert i handlingsprogrammet i kommunedelplanen.
Alle søknadsprosjekt skal vere førehandsgodkjent før tilskotssøknad kan sendast inn og før arbeid kan settast i gang.
Det er som vedlegg til plan utarbeidd eit x-el rekneark med oversyn over prioriterte anlegg, der ein har synleggjort kostnadsbilete og fordeling mellom kommunale bidrag, forventa tilskot frå spelemidlane og eigenandel.
Jf. Vedlegg 1. – Handlingsprogram 2014 – 18.

5.1 Prioritering av tiltak: *(jf. målsettingar i plan):*

Prioriteringa*r av kommunale midlar til anlegg/drift innan fagområdet og prioritering av søknader om tilskot frå spelemidlane skal gjerast med grunnlag i denne kommunedelplanen, gjeldande retningsliner frå Kulturdep. og etter samråd med Idrettsrådet i kommunen.*

Aktivitetar *som er i samsvar med NIF si grunnhaldning til barne- og ungdomsidrett, mosjons- og trimtiltak og aktivitetar som er retta mot særskilde risikogrupper i lokalmiljøet skal prioriterast.*

Kommunen *vil sikre areal til prioriterte idretts- og friluftslivsanlegg etter denne kommunedelplan, og skal bistå laga med grunnerverv til anlegg prioritert i planen innanfor rammer avsett i økonomiplan/-årsbudsjett.*

***Kommunen** vil innanfor økonomisk rammer i økonomiplan og budsjett etter nærare vurdering stille naudsynte kommunale garantiar for eigenkapitallån og lån til forskottering av spelemidlar for prioriterte anlegg i plan.*

***Kommunen** vil sjå til at skulen, idretten og friluftslivet sine behov for areal og anlegg vert samordna så langt råd. Skuleanlegga skal kunne utnyttast også utanom skuletida og ha funksjon som nærmiljøanlegg for områda der skulen ligg. Kombinasjonsanlegg i samarbeid mellom kommune og grendalag/idrettslag skal prioriterast.*

***Kommunen** vil i planperioden vidareføre arbeidet med tilrettelegging for mosjon og friluftsliv gjennom utvikling av gang/sykkelvegar-, og tursti-nett i Volda, slik at det utgjer eit attraktivt system av ferdselsårer for vinter- og sommarbruk i bustadområda, til frå bustad og skule/-arbeidsplass og fritidsaktivitetar.*

***Kommunen** vil ved førehandsgodkjenning og ved godkjenning etter PBL sjå til at forskriftene sin intensjon om tilrettelegging for funksjonshemma vert ivareteke. Kommunalt Råd for funksjonshemma skal høyrast. Ansvar for førehandsgodkjenning av planar som skal godkjennast av kommunen er delegert til administrasjonen.*

***Kommunen** skal gjennomføre ei årleg rullering av handlingsprogrammet i plan i samråd med idrettsrådet. Ansvar for den årlege rulleringa vert lagt til Forvaltningsstyret og vil vere samordna med årleg handsaming av søknader om tilskot frå spelemidlane.*

***Kommunale anleggsmidlar** skal nyttast inn mot ålmennyttige tiltak som t.d. sikring og opparbeiding av friområde, etablering av turstiar og løypenett, badeplassar og andre aktivitetsareal på offentlege område.*

***Kommunen-Skogforvaltninga**: skal ved handsaming av planar for skogsvegar og vurdering av tilskot til slike, sjå til at tiltaket sin verknad i høve tilrettelegging for friluftsliv vert vurdert.*
Det skal stimulerast til løysingar som sikrar god samla nytte av tiltaka, t.d.samanbinding av ulike vegsystem, som sikrar samanhengande bruksvegar/stiar for friluftsliv. Krav i høve til standard og utforming må også sjåast i høve til at skogsvegar skal/vil ha slik felles bruk.

***Felles retningsliner for merking , skilting og tilrettelegging i natur og friluftsområdennomgang for** Volda og Ørsta kommunar skal ligge til grunn for tiltak etter plan. (Jf. vedlegg 3 til plan.)*

6.0. Prioritering - framlegg til nytt handlingsprogram for perioden 2014 – 2018:

Ei viktig utfordringa ved utarbeiding av plan for fysisk aktivitet og utbygging av anlegg for idrett og friluftsliv er å få fram god oversikt over status for eksisterande anlegg-, og sikre god avklaring av behov-, for så å kunne samordne og målrette prioriteringane mot dei viktigaste utbyggingstiltaka. Dette er naudsynt dersom ein skal få til ei effektiv styring av den kommunale innsatsen, og sikre eit godt og påreknelig grunnlag for prioriteringar av søknader om spelemiddeltilskot. Som vedlegg til saka ligg ei slik anleggsoversikt. Denne er ikkje fullstendig, men gir likevel ei samla godt oversyn for anleggssituasjonen og er eit godt grunnlag vidare arbeid med planen, og prioriteringar tilknytt denne.

Det er mange faktorar som spelar inn i høve til dei lags-initierte tiltaka. Planen er såleis også open for endringar og skal vere fleksibel i høve til prioritering- /rangering mellom prosjekt, då dette ofte kan svinge fort ut frå satsinga frå laga si side.
Det er lagt opning for nye aktivitetar som dukkar opp, og teke høgde for at anlegg der aktiviteten er redusert/borte kan omdefinerast og gjevast endra bruk.
Planen tek elles høgde for at ein stadig større del av fysisk aktivitet er uorganisert og at dette skjer på andre arenaer enn det som tidlegare har vore tradisjon.
Vektlegging av fysisk aktivitet og idrett i førebyggande helsearbeid har eit stadig aukande fokus. Ein vil såleis også i komande periode planlegge og tilrettelegge for aktivitet ut frå eit mosjon og helseperspektiv til liks med den tradisjonell idrettsanleggs-tenkinga.
Satsing på tilrettelegging av sentrumsnære friområde/friluftsområde og auka satsing på nærmiljøanlegg, som t.d auka bruk og oppgradering av skuleområda i tråd med intensjon i læreplan, vert søkt prioritert**.**
For å stimulere til vidare utvikling og for å oppretthalde den store frivillige innsatsen i anleggsutvikling og tilrettelegging for fysisk aktivitet trengs det også eit sterkt offentlege engasjement på området.
"Ei kommunal krone til idrett og friluftslivsarbeid tilskot løyser ut ei samla investering på 10 kroner gjennom lagsretta tiltak, ved eigenkapital, dugnadsarbeid og statlege tilskot"– altså er slike kommunale bidrag ei svært god investering sett i høve til kommunen sitt mål om å tilrettelegge for auka fysisk aktivitet og betra folkehelse.

Behova for opprusting av skule- og barnehageområda som viktige aktivitetsarenaer og nærmiljøanlegg er understreka. Intensjonane i læreplan og levereglar i skule og barnehage om dagleg fysisk aktivitet, om bruk og læring i naturen er viktige element som krev klare formuleringar nedfelt i rutinar.
Dei aktivitetsskapande lågterskeltilboda i regi av t.d. God Helse –programmet har vist seg som ein positiv tilvekst og eit tilbod som mange nyttar. Dette bør vidareutviklast.

6.1 Kontinuerlege organisasjonsutviklande tiltak:

Fokus på haldningsskapande arbeid i lag, barnehage og skule:
Barn –vaksne – rollemodellar - ansvar idrettslaga i samråd med Idrettsrådet
Mot – kampanjar - ansvar idrettslag/skular i samråd med Idrettsrådet
Integrering - mangfald i aktivitetstilbod/nivå.
Fråfallstiltak - td. Ikkje konkurranseretta aktivitetar i regi av laga.
Opplæring og rekruttering av leiarar/trenarar:
Grunnkurs for leiarar – organisasjonskunnskap. Ansvar idrettslaga i samråd med Idrettsrådet
Trenar/aktivitetsleiarkurs. Ansvar idrettslaga i samråd med Idrettsrådet

Utveksling av erfaringar mellom laga – lære av kvarandre. Ansvar idrettslaga/idrettskretsen i samråd med Idrettsrådet

Stilling som idrett –(kultur)sekretær i kommunen.

Ein viktig funksjon for å stø opp under idrettslagsarbeidet og utviklingstiltak i laga. Viktig også som bindelekk mellom kommunen og lag/organisasjonar. Kommunen har ikkje slik stilling i dag. *Frivilligsentralen bør omorganiserast til å ta denne rolla.*

6.2 Kontinuerlege aktivitetsskapande tiltak:

Stø opp under aktiviteten i laga gjennom rammeføresetnader som:

- *Tilskot til drift gjennom spelemiddelordninga. Ansvar NIF/Idrettskrets og Idrettsrådet*
- *Sikring av areal til idrettsanlegg og utbygging av anlegg. Ansvar kommunen/laga.*
- *Utnytting av ordninga med momskompensasjon for anlegg der utbygging skjer i samarbeid mellom kommunen og lag/organisasjonar.*
- *utvikling av nære friluftsområde/turstiar og løypenett for å stimulere til auka fysisk aktivitet. Ansvar kommunen i samarbeid med lag/organisasjonar.*
- *Aktivt nytte mulegheitene etter friluftslova for å legge til rette for viktige tur og skiløyper i utmarka i dei viktigaste utfartsområda.*
- *Oppretthalde og utvikle aktivitetstilbod i regi av God Helse-programmet. Ansvar kommunen i samarbeid med ulike lag/org.*
- *Satsing på fysisk aktivitet som helse- og læringsutviklande tema i skular og barnehagar. Ansvar kommunen/skulane/barnehagane*
- *Etablering av gode og sikre skulevegar, gang/sykkelvegnett som stimulerer til å gå og sykle i kvardagen.*
- *Utarbeide mal for utforming og innhald på leikeplassar i bustadområda. (felles mal for kommunane på S.S under utforming.)*

6.3 Prioritering av anleggstiltak:

Prioriteringslista i pkt. 61.3 går langt ut over dei rammer som er realistiske å få gjennomført og sikra tilskot til i perioden 2014-18.

I reknearket , vedlegg 1 til plan – Handlingsprogram 2014-2018 er det sett opp ei prioritert liste fordelt over åra 2014 – 18.

Innan for dei samla opplista tiltaka vil det vere rom for endringar gjennom årleg rulleringsprosess ved handsaming av søknader om tilskot frå spelemidlane, og ut frå kva rammer frå spelemidlane som årleg vert tildelt M.R.Fylke .

Ordinære Idrett og Friluftslivs - anlegg:

(Ordinære anlegg er anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet- gjeld også rehabilitering av anlegg)

1. **VTI – Nordisk:** Utbygging av ski/lysløype Reset, del III
2. **Mork Il – Kunstgrasdekke:** 7-er bane på Langemyra
3. **VTI-Skiskyting:** nyanlegg skiskyting del 1
   nyanlegg skiskyting del 2
4. **Volda Kommune –Tilretteleggingstiltak i tur/friluftslivsområda rundt sentrum:**
   Ulike delprosjekt knytt til -Skilting, orienteringstavler, gapahukar, bålplassar, nye stiar/turløyper og samanhengande Tur/skiløype Engeset – Reset. Fleire mindre anlegg. (årleg prioritering).

5. **VTI-Fotball:** Fotballhall
6. **Voldahallen:** nymerking av Volleyballbane
7. **Årneset – badeplass:** Vidareutvikling
8. **VTI-Skiskyting:** nyanlegg skiskyting del 3
9. **Rotevassdalen** – langsiktig tilrettelegging for ski/turløyper gjennom utarbeiding av reguleringsplan, sikring av grunn
10. **Lys turveg** Vikebygdvegen til Årneset og til Volda stadion
11. **VTI/Volda kommune:** orienteringskart (sentrum-skulekart, Reset - Rotevassdalen, Klepp-Nordalen, Morkaåsen-Hovdeåsen)
12. **Rideklubb/Vestri:** Ridehall
13. **Botnasanden: planavklaring -**sikring av grunn
14. **Turveg Rotevatnet:** planavklaring sikring av grunn
15. **Folkestad grendautval:** Folkestaddalen – diverse friluftslivstiltak
16. **Bordtennishall**

Nærmiljøtiltak:

1. **Volda Kommune/ Volda Rullarlag:** skateboardanlegg del 1.
2. **Volda Kommune/ Volda Rullarlag:** skateboardanlegg del 2.
3. **Volda Kommune/ Volda Rullarlag:** skateboardanlegg del 3
4. **Vestsida il:** rehabilitering av dekke i ballbinge
5. **Øyra skule:** Aktivitetspark (3 ulike prosjekt, eit til erstatning for eks. anlegg pluss to nye)
6. **Renovering og opparbeiding av nærleikeplassar/friluftsområde i bustadfelta:** samarbeid mellom kommunen og grendautvala
7. **Folkestad Skule:** nærmiljøanlegg, aktivitetsareal
8. **Dalsfjord skule:** aktivitetsareal
9. **Bratteberg –** tilretteleggingstiltak i friområde(tursti, akebakke/ aktivitet og trivselsareal

Andre tiltak:
Gang/Sykkelveg mellom Ørsta og Volda (Egset – Furene)(finansierast over statlege vegmidlar)

Innløysing/opparbeiding av friområde /friluftsområde.
Aktuelle prosjekt for søknad til Miljødirektoratet (tidlegare DN Direktoratet for Naturforvaltning).

- Areal til Botnasanden badeplass
- Areal til skiløyper i Rotevassdalen
- Areal til turveg rundt Rotevatnet
- Friområde Andaneset (jf Kommunedelplan V-sentrum)

7.0 Årleg rullering:

Innanfor området idrett og friluftslivstiltak og nærmiljøanlegg vil den endelege prioriteringa skje årleg i samband med handsaming av søknader om tilskot frå spelemidlane. Prioriteringa mellom tiltaka i plan er såleis ikkje absolutt, men vil kunne endrast ved den årlege prioriteringa

avhengig av i kva grad det einskilde prosjekt vert klarert planmessig-, om det økonomiske grunnlag og rett til bruk av grunn m.m er avklara.
Prioritering av dei kommunale anlegga vil vere avhengig av kva midlar som vert stilt til disposisjon gjennom økonomiplan/årlege budsjett.
Kommunen har sikra grunn til areal for ny Fotballhall og for Skateanlegg ved Volda stadion. Utbygging av Fotball hallen skjer no i eigen regi av VTI-Fotball, med eit årleg driftsbidrag frå kommunen.
Det er også sett av midlar til planlagt skatepark for utbygging i planperioden, der utbygginga vil bli gjennomført i samsvar med avtale inngått mellom kommunen og Volda Rullarlag.

Det er elles i planperioden sett av midlar til miljøtiltak/friluftslivstiltak med kr. 300.000 pr år..
Dette kan nyttast til kommunale tiltak eller i samarbeid med innsats frå lag/organisasjonar for auka utnytting i fellesprosjekt. Desse midlane gir grunnlag for søknad om tilskot frå spelemidlar, og kan dra nytte av frivillig innsats frå lag/organisasjonar som gjer at samla ramme vert minst 3-dobla.
Idrettskretsen hevdar ut frå sine erfaringstal at kvar offentleg krone til slike tiltak/anlegg utløyser inntil 9 kr frå andre og i frivillig innsats (1 : 10 regelen).
Det er i tidlegare periode sett av midlar til eigenkapital for nærmiljøtiltak pr. år (min. kr.250.000 i eigenandel) i kommunal regi. Dette bør vidareførast.
Det er lagt inn grunnlag for slike anlegg i etableringar i uteområda for ny Øyra skule.
Ut over det er det ikkje sett av eigne midlar til idrett og friluftsformål i perioden 2014-2018.
Det er heller ikkje i økonomiplan sett av midlar til kommunal innløysing av friområde.
Statleg delfinansiering gjennom ordninga som Miljødirektoratet organiserer er ut frå dette ikkje særleg aktuelt i perioden. Ein må likevel arbeide for tilnærming til ordninga, gjennom godt plangrunnlag og søknader knytt til mogeleg innløysing og bidrag til prosessgjennomføring. Eventuelle tilsegn om slik bistand blir å ta med inn i vurderingar knytt til neste års budsjett/ og økonomiplan. Jf prioriteringar i denne planen.
Det skal og vere rom for å prioritere inn nye tiltak ut frå initiativ frå lag/organisasjonar ved den årlege handsaming av spelemiddelsøknader, og også å gjere endringar ut frå offentleg pålegg for utbetringar/-oppgradering av anlegg.

7.1 Langsiktige oppgåver.

Med utgangspunkt i dei behova som er avdekka i tidlegare plan og gjennom innspel no ved revisjon, har vi sett opp ei uprioritert liste med ei oversikt over dei mest aktuelle utbyggingsoppgåvene innanfor idretts-, nærmiljø- og friluftssektoren dei komande ti til tolv åra.
Av større tiltak som ikkje er funne plass til i handlingsprogrammet for komande fireårsperiode, men som bør vere aktuelle som langsiktige mål for utviklinga i kommunen er registrert og sett opp i ikkje prioritert rekkefølgje:

Ordinære Idrett og Friluftslivs - anlegg:

- Utbygging av hall-kapasiteten i kommunen
- Volda kommune/ev lag: - ny hall Øyra
- Volda kommune: utbetring salar/garderober V.Ungdomsskule
- VTI-Fotball – rehabilitering av Kunstgrasbane
- Volda kommune – Voldahallen: utbetringsprosjekt.
- Volda skisenter: nye nedfartsløyper opparbeiding

VTI- Nordisk/Skiskyting- Rulleskiløype: Reset
Folkestad il: kunstgrasbane
Volda skisenter: snøproduksjonsanlegg
Volda kommune - Delanlegg friidrett -i tilknyting til skuleområde
Plan for Skøytebane/hall?
Velferdsbygg/klubbhus ved Sollidalen skytebane(fellestiltak V/Ø/H)
Austefjord il - skianlegg Grøndalen

Friluftlivsanlegg/friområder:
Ski/turløype Reset til Dalen.
Skogsveg/turveg /skiløype- mellom Prestesetra og Heltneelva m tilknyting til bustadområde
Lys turveg Vikebygdvegen til Årneset og til Volda stadion og vidare rundt Rotevatnet
Turveg Rotevatnet: - opparbeiding
Botnasanden: sikring av grunn
Småbåtplassar - Utbygging av småbåthamnkapasiteten. Tilrettelegging for småbåtbruk gjennom etablering av gjestehamner og oppankringsplassar
Øyraelvprosjektet: vidareutvikling Presteholmen og vidareføring mot sentrum
Volda kommune – Berknes-friluftsområde opparbeiding

Innløysing/opparbeiding av friområde /friluftsområde.
Friområde langs Øyraelva (på begge sider og mot sentrum og mot Årneset
Botnasanden: sikring av grunn
Turveg Rotevatnet: planmessig avklaring sikring av grunn
Friområde/friluftsområde Kråkeneset på Lid
Friområde Lærarskulen til Håmyra (jf Kommunedelplan V-sentrum)
Friområde langs Heltneelva (jf Kommunedelplan V-sentrum)
Friområde langs Rotevasselva (jf Kommunedelplan V-sentrum)
Friområde Morkavika (jf Kommunedelplan V-sentrum)
Friområde Egsetvika (jf Kommunedelplan V-sentrum)
Areal til vinterutfartsparkering ved Setreveg til Folkestaddalen (jf. Kommunedelplan Folkestad)

0000000000000000000000000000000000000000000000000

HANDLINGSPROGRAM FOR AKTIVITETSTILTAK OG UTBYGGING AV ANLEGG FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG NÆRMILJØ I VOLDA KOMMUNE FOR PERIODEN 2014 - 2018

Volda 11.02.2014

Anlegg, tilrettelegging		Stad/grend	Kommunalt engasjement		Anleggs kostnad	Annleggstart - gjennomføring/ finansiering																	
						2013			2014			2015			2016			2017			2018		
			planl.	inl.	1000kr	K	SM	PR	K	SM	PR	K	SM	PR	K	SM	PR	K	SM	PR	K	SM	PR
NYE ANLEGG FOR IDRETT OG FRILUFTSLIV:																							
I/F 1	VTI -Nordisk Lysløpe-utviding - del 3 tidtakarbygg klubbhus,.	Reset	2011	2010	2200			2200		700													
I/F 2	Mork il -kunstgrasdekke	Mork			1300			1300		400													
I /F3	Skiskyttaranlegg Reset - del 1	Reset	2012	2010	3500			2500		1000													
I/F3	Skiskyttaranlegg Reset del 2	Reset	2011	2010	2200			2200					700										
I/F4	Volda kommune m.fl. -ulike friluftslivstiltak	Sentrum	2014						250	200	100												
I/F5	VTI -Fotball - Fotball -treningshall	Sentrum	2013	2013	13000	grunn		6000			7000		1400			1400							
I/F6	Voldahallen - ny oppmerking Volleyballbane	Sentrum	2013	ok	50						50												
I/F7	Volda kommune - Åmeset badeplass utviding aktivitetsareal				200																		
I/F8	Skiskyttaranlegg Reset del -3	Reset	2012	2010	3100						1300			800		1000							
I/F9	Skiløype Rotevassdalen-fullføring	Rotevassdalen	ok	ok	500							Planlegging					100	100		100	100	100	
I/F10	Volda kommune - lys tursti Åmeset stadion	sentrum	ok	2014	600										300	300	100						
I/F11	Volda kommune -orienteringskart	sentrum	2014		400						100		100	200									
I/F12	Volda Rideklubb - ridehall	Vikebygda	2008	2009	6 000											1000	2000		1000	2000			
I/F13	Botnasanden -planavklaring/sikring	Sentrum	2014		1500				Planlegging									200	300		200	300	
I/F14	Turveg Rotevatnet planlegging/sikring	Sentrum	2014						Planlegging											1000	2100	1400	
I/F15	Folkestaddalen - div. friluftslivstiltak	Folkestad		0k	400														200	200			
I/F16	Bordtennishall	Volda							Planlegging														
	Sum nye idrettsanlegg i perioden				34950	0	0	14200	300	2300	8550	0	2200	1000	300	3700	2200	300	1500	3300	2400	1800	0

FRAMLEGG TIL HANDLINGSPROGRAM FOR AKTIVITETSTILTAK OG UTBYGGING AV ANLEGG OG OMRÅDE FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG , NÆRMILJØ I VOLDA KOMMUNE I PERIODEN 2014 - 2018

Volda 11.02.2014

Side 2

						2013			2014			2015				2016			20127			2018	
NÆRMILJØANLEGG:			planl.	innl.		K/F	SM	PR	K/F	SM	PR	K/F	SM	PR	K/F	SM	PR	K/F	SM	PR	K/F	SM	PR
N 1	Volda skatepark del 1	Sentrum	2012	ok	600		200	400															
N 2	Volda skatepark del 2	Sentrum	2012	ok	1000					300	600			100									
N 3	Volda skatepark del 3	Sentrum	2012	ok	800						200		300	300									
N 4	Vestsida il - rehabilitering dekke i ballbinge	Ulvestad	2013	ok	600					300	300												
N 5	Øyra skule - Aktivitetsparkdel 1	Sentrum	2014	ok	600							300	300										
	Øyra skule - Aktivitetspark del 2	sentrum	2014	ok	600							300				300							
N 6	Folkestad skule	Folkestad	2014	ok	600																		
N 7	Folkestad il - aktivitetsareal folkestadvatnet	Folkestad	2014	ok	600																		
N 8	Dalsfjord Skule - aktivitetsareal	Dravlaus	2014	ok	400																		
N 9	Bratteberg - tiltak i friområde	Bratteberg	2014	ok	600																		
	Sum nærmiljøanlegg i perioden				6400	0	200	400	0	600	1100	600	600	400	0	300	0	0	0	0	0	0	0
	Sum - alle typer anlegg				41350	0	200	14600	300	2900	9650	600	2800	1400	300	4000	2200	300	1500	3300	###	1800	0

Bokstavforklaring - avkortingar:

I: Idrettsanlegg nye og rehabilitering av eksisterande

F: Friluftlivsanlegg

N: Nærmiljøanlegg

K/F: Kommunale midlar ev. andre off. tilskot

SM: Spelemidlar

PR: private midlar/ lag og organisasjonar

Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområde - DEL II
BEHOV FOR SIKRING AV NYE OMRÅDER i Volda kommune

1: lite behov for sikring 2: 3: middels behov for 4: 5: stort behov for sikring	**Behov for statleg sikring**	**Andre sikringsmåtar**
I og ved by og tettsteder Viktige ferdselsårer: stier, leder, grøntstruktur	**Behovs-rangering, sikring: 5** **Botnasanden badeplass ved Rotevatnet** Beskrivelse: Badeplassen *Botnasanden* i den austlegaste delen av Rotevatnet er eit attraktivt friluftsområde i kommunen. Området utgjer ilag med friluftsområdet på *Årneset* (i den andre enden av vatnet) eit av tyngdepunkta i grønstrukturen kring Volda sentrum. Reguleringsstatus: friområde. Reguleringsplan godkjent i 2004. Bør innløysast innan 2014 Aktuelle tilretteleggingstiltak: Parkeringsplass, sanitæranlegg, skjøtsel av vegetasjon	**Andre sikringsmåtar:** Kommunal innløysing, leigeavtale 

Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområde - DEL II
BEHOV FOR SIKRING AV NYE OMRÅDER i Volda kommune

Behovs-rangering, sikring: 2

Elvadalen, Volda sentrum

Beskrivelse:
Elvadalen med Øyraelva utgjer eit hovudelement i grønstruktueren i Volda sentrum. Kommunen har gjennomført betydelege tilretteleggingstiltak i området.
For å hindre gjennbygging av areala langs begge sider av elva er det behov for å sikre meir areal til friluftsformål.

Reguleringsstatus: friområde
Eige: privat

Aktuelle tilretteleggingstiltak:
Vegetasjonsskjøtsel, sti

Andre sikringsmåtar:
Kommunal innløysing, leigeavtale


Niven 560 moh
Kometland
Til Dinglavatnet,
Kleppåsen
Melshorn 807 moh
Volda sentrum
Prestesætra
Elvadalen
Til Rotsethornet
Til Reset
Årneset
Rotevatnet
Vikebygda
Bukta
Vassbotnen
631
2003 © Volda kommune

Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområde - DEL II
BEHOV FOR SIKRING AV NYE OMRÅDER i Volda kommune

Behovs-rangering, sikring: 1

Heltneelva friområde

Beskrivelse:
Viktig del av grønkorridor/ferdselsåre gjennom byggefelta i sentrum mellom områda ved Rotevatnet/Årneset og fjellet ovanfor.

Aktuelle tilretteleggingstiltak:
Skjøtsel av vegetasjon, stiar, kvilebenkar

Andre sikringsmåtar:
Kommunal innløysing, leigeavtale



Behovs-rangering, sikring: 3

Skiløypetrasè Rotevassdalen

Beskrivelse:
Skiløypetrasè mellom Krøvelseidet og Rotevassdalen i grenseområda mellom kommunane Ørsta og Volda.
Lengd: 4,5 km. Lågterskel skiløypetilbod med høg bruksfrekvens.
Lett terreng, attraktivt for alle grupper av befolkninga, spesielt for småbarnsfamiliar der skiferdigheiter skal øvast.
Det er ønskjeleg med planmessig forankring vedr bruken av areala, då det har vist seg vanskeleg å etablere langsiktige avtalar.

Aktuelle tilretteleggingstiltak:
Kommunen vil no gjennomføre bygging av parkeringsplass på statleg sikra grunn i området der starten på løypa er lokalisert.
Det vil også bli gjort drenerings- og planeringstiltak i skiløypa med økonomisk støtte frå to lokale bankar.

Andre sikringsmåtar:
Kommunal innløysing, leigeavtale



Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområde - DEL II
BEHOV FOR SIKRING AV NYE OMRÅDER i Volda kommune

Behovs-rangering, sikring: 3

Turveg ved Leiteland, Rotset

Beskrivelse:
I eit område aust for Volda stadion er det behov for å utvide friområdet slik at turvegen i området kan leggast nærare Rotevatnet.
Aktuelle tilretteleggingstiltak:
Bygging av turveg i ei strekning på om lag 200m

Andre sikringsmåtar:
Kommunal innløysing, leigeavtale

Behovs-rangering, sikring: 5

Kråkeneset, Lid

Beskrivelse:
Attraktivt friluftsområde knytt til sjø beliggande i området Lid/Berkneset. Eitt av få relativt flate friluftsområde knytt til sjø. Svaberg for soling, fisking, bading, kajakk.

Reguleringsstatus: friområde
Eige: privat

Aktuelle tilretteleggingstiltak:
Bygging av parkeringsplass, tilrettelegging for rørslehemma, sanitæranlegg, kulturminnefokus, (fleire gravrøyser på området)

Andre sikringsmåtar:
Kommunal innløysing, leigeavtale



Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområde - DEL II
BEHOV FOR SIKRING AV NYE OMRÅDER i Volda kommune

Behovs-rangering, sikring: 2

Åseneset, Mork/Ekset

Beskrivelse:
Friområde knytt til sjø der det er aktuelt å legge til rette for bading, fisking o.l. Området ligg i nær tilknytning til Mork rehabiliteringssenter. - universell utforming

Aktuelle tilretteleggingstiltak:
Bygging av tursti, fiskebrygge o.l.

Reguleringsstatus: friområde
Eige: privat

Andre sikringsmåtar:
Kommunal innløysing, leigeavtale



Behovs-rangering, sikring: 2

Strandfjøra, Volda sentrum

Beskrivelse:
Sentrumsnært friområde
Aktuelle tilretteleggingstiltak:
Sti, skjøtsel av vegetasjon, parkeringsplass

Reguleringsstatus: friområde
Eige: privat

Andre sikringsmåtar:
Kommunal innløysing, leigeavtale



Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområde - DEL II
BEHOV FOR SIKRING AV NYE OMRÅDER i Volda kommune

Behovs-rangering, sikring: 1

Løvikneset

Beskrivelse:
Attraktivt friområde i Dalsforden.

Aktuelle tilretteleggingstiltak:
Skjøtsel

Reguleringsstatus: friområde
Eige: privat

Andre sikringsmåtar:
Kommunal innløysing, leigeavtale



Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområde - DEL II
BEHOV FOR SIKRING AV NYE OMRÅDER i Volda kommune

Andre viktige kategorier: nye eller gamle

Behovs-rangering, sikring: 1

Friområde ved Vikebygdelva

Beskrivelse:
Friområde langs Vikebygdelva. Grønkorridor nært byggefeltet i Heltne/Bratteberg og Vikebygd skule.

Aktuelle tilretteleggingstiltak:
Skjøtsel av vegetasjon, stiar

Reguleringsstatus: friområde
Eige: privat

Andre sikringsmåtar:
Kommunal innløysing, leigeavtale



Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområde - DEL II
BEHOV FOR SIKRING AV NYE OMRÅDER i Volda kommune

Behovs-rangering, sikring: **2**

Andaneset friområde

Beskrivelse:
Sentrumsnært friområde med gangavstand frå store delar av Volda sentrum. Aktuelle aktivitetar: fiske, turgåing, rekreasjon

Aktuelle tilretteleggingstiltak:
Stiar, parkering

Reguleringsstatus: friområde
Eige: privat

Andre sikringsmåtar:
Kommunal innløysing, leigeavtale



	Bergsvegen – Fransplassen Tursti - rås	
	Flæda – Løvika (badeplass sjø) Tursti, benkar/bord, informasjonstavle, vegatesjonsrydding	
	Reitefeltet tursti Tursti, benkar/bord, informasjonstavle, vegatesjonsrydding	
Supplering		

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2012/1039
		Arkivkode:	Q12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
251/16	Formannskapet	13.12.2016
179/16	Kommunestyret	15.12.2016

TILLEGGSUTGREIING TIL KVU RV.15 STRYNEFJELLET MED HEILÅRSVEG PÅ FV. 63 TIL GEIRANGER, HØYRING

Administrasjonen si tilråding:

1. **Volda kommune sluttar seg til Statens vegvesen sine vurderingar og tilråding om konsept B1 Skåre-Breidalen, inkludert arm til Opplendskedal (Geiranger) som nytt traseval for Rv15.**

2. **Volda kommune ber om at Regjeringa snarast fattar vedtak om konseptval B1 med arm til Opplendskedal (Geiranger) , og at reguleringsarbeidet vert starta opp så raskt som mogleg.**

Vedleggsliste:

- Rv. 15 Strynefjellet med fv. 63 heilårsveg til Geiranger - høyring 2016.pdf
- Notat Vurdering B4 september 2016.pdf
- Revidert tilleggsutgreiing KVU Strynefjellet sendt til Sd august 2016.pdf
- Kart over B1 konsept.

Uprenta saksvedlegg:

- Konseptvalutgreiing (KVU) for Rv. 15 Strynefjellet.

Samandrag av saka:

Våren 2012 sende SVV konseptvalutgreiing (KVU) for rv 15 Strynefjellet ut på høyring. Etter høyringa har ein arbeidd med ei tilleggsutgreiing (2014) og revidert tilleggsutgreiing (2015/16) til KVU-en. Den reviderte tilleggsutgreiinga vart levert Samferdsledepartementet i august -16.

Departementet vil gjennomføre ekstern kvalitetssikring (KS1) på den reviderte tilleggsutgreiinga. I samband med dette ynskjer SVV også ei høyring av tilleggsutgreiinga. I tilleggsutgreiinga er det meir utdjupande forklaringar til dei forkasta alternativa i sjølve KVU-en frå 2012.

Høyringsfristen for tilleggsutgreiinga er sett til **23.12.2016.**

Rådmannen vil tilrå at Volda kommune sluttar seg til Statens vegvesen sine vurderingar og tilråding om konsept B1 Skåre-Breidalen, inkludert arm til Opplendskedal (Geiranger) som nytt traseval for Rv15 og at reguleringsarbeidet vert starta opp så rask som mogleg.

Saksopplysningar/fakta:

Formålet med prosjektet er å bygge ut Rv. 15 til full standard og å sikre god regularitet heile året.

Frå 2009 til 2010 vart det gjennomført arbeid med kommunedelplan med konsekvensutgreiing (KU) for Rv. 15 over Strynefjellet frå Hjelledalen i Stryn kommune til Breidalen i Skjåk kommune.

Statens vegvesen Region vest utarbeidde planprogrammet, medan Stryn og Skjåk kommune var ansvarleg planstyresmakt for arbeidet med kommunedelplanen og for konsekvensutgreiinga (KU).

Planarbeidet hadde fokus spesielt på to område:

- Betre vinterregularitet: Spesielt viktig er det å sikre veg mot snøskred i Grasdalen.
- Utbetring av tunnelane: Det er trong for ei sikkerheitsoppgradering og utviding av tunnelprofil.

Målet med planprosessen var å sjå tiltaka i samanheng, og også sjå på nye vegliner som alternativ til utbetring av eksisterande veg.

I mars 2010 fekk Vegdirektoratet i oppdrag frå Samferdsledepartementet å gjennomføre ei intern utgreiing, ei konseptvalutgreiing (KVU) for rv15 Strynefjellet. Her skal strekninga sjåast i samanheng med KVU-en på E39 Skei-Moa, og samspelet med andre aust-vest korridorar.

KVU-en vart sendt på høyring våren 2012 og prosess med KS1 (kvalitetssikring tidleg fase) vart gjennomført av Metier/Møreforsking. Etterpå har det vore arbeidd med tilleggsutgreiing (2014) og revidert tilleggsutgreiing (2015/2016). KVU-en og tilleggsutgreiingane skal gje ei brei fagleg vurdering av interesser knytt til transportsystemet over Strynefjellet, inkl. arm til Geiranger.

Arbeidet som vart lagt ned i kommunedelplanen vil inngå som del av materialet som skal vurderast i KVU for Rv 15 Strynefjellet. Statens vegvesen tilrår no at ein går rett på reguleringsplan med konsekvensutgreiing. Mesteparten av strekninga går i fjell.

Samferdselsdepartementet har varsla at dei også vil gjennomføre ekstern kvalitetssikring (KS1) av denne tilleggsutgreiinga. Ved førre KS1 prosess var ikkje arma til Geiranger med i utgreiinga. KS1 skal gjennomførast for prosjekt med statleg investeringsramme over 750 mill. kr. Ny Rv15 løysing blir såleis svært godt utgreidd.

Høyringa no gjeld den siste utgreiinga: Revidert tilleggsutgreiing. Høyringsfristen er 23.12.2016 og skal vere skriftleg.

Utfordringa med dagens strekning på Rv15 Skåre-Breidalen er at tunnelane er for smale slik at større køyretøy slit med å møtast på fleire delar av strekninga. Ofte er det full stans. Dette er ikkje berre eit framkomstproblem for tungtransporten, men også i høve stor turisttrafikk og faste kollektivruter. I tillegg vert strekninga ofte stengd grunna ras eller fare for ras. Tungtrafikkandelen er om lag 22 % og trafikken i turistsesongen er langt høgare enn årsgjennomsnittet. Dette viser at Rv15 er svært viktig både for reiselivsnæringa og næringslivet elles, som næringsmiddel- og stålindustri.

I mandatet til revidert tilleggsutgreiing til KVU i sept.-14 var rammekravet frå Samferdsledept. endra i høve første tilleggsutgreiing. SVV ser på dette som eit uttrykk for at departementet ikkje ønskjer å nytte midlar til mellombels oppgradering av tunnelane over Strynefjellet, og at ein i staden bør få ei fullgod løysing med ein gong. Etter tilrådinga frå SVV vert alternativ B1 lagt til grunn for det vidare arbeidet. Dette alternativet vil stette dei mål og krav som Samferdselsdepartementet har sett m.a. til god framkomst/mindre stigning for næringstransporten, tilnærma 100 % vinterregularitet også for kollektivtransporten, og betring for trekkruter til villreinstamma inn mot kalvingsområde i Breidalen.

For å kunne gje eit ferjefritt heilårssamband både austfrå og frå Sunnfjord/Nordfjord og Søre Sunnmøre til Verdsarvområdet (Geiranger) kan ei arm mellom Opplendskedal og Rv 15 knytast på B1 konseptet via kryssløysing i Rv15 tunnelen. Vegdirektoratet har avvikshandsama og godkjent kryss som konsept basert på utarbeidd risiko- og beredskapsanalyse. Dette i samband med den reviderte tilleggsutgreiinga. Type kryss skal avgjerast i det vidare planarbeidet.

Konsept B1 stettar fullt ut dei mål og krav som vart sette til utgreiinga. Løysinga inneber ein Rv15 tunnel på om lag 16 km med stigning opp mot 5 % , samt eit flatt parti der det kan etablerast ei arm til Geiranger. Den arma som har fall mot Opplendskedal på under 3% er berekna å verte 7,6 km lang.

Ei arm til Geiranger kan også kombinerast med konsept B2. Konsept B2 som kan delast i 2 byggesteg er også tilfredsstillande på krav og mål, men dette konseptet vil totalt sett verte dyrare og Rv15 blir 7,3 km lengre enn ved konsept B1. Konseptet er også dårlegare på samfunnsøkonomi enn B1. Lengre veg betyr større miljøutslepp. Ein vil heller ikkje ha ein rastrygg veg før også byggesteg 2 er gjennomført. I tillegg vil problema med stigning frå Skåre og oppover først verte løyste i byggesteg 2. Sjølv om det tidlegare var tilslutnad til B2, bør ein no halde fast ved tilrådinga frå Statens vegvesen og gå inn for konsept B1, og med arm til Opplendskedal. Det er viktig at det no vert etablert ei fullgod løysing med ein gong.

For å unngå oppgradering av dagens tunnelar etter krava i tunnelsikkerheitsforskrifta innan 2019, bør arbeidet med reguleringsplan med konsekvensutgreiing (KU) for dette alternativet startast snarast. For transport mellom Nordvestlandet og Austlandet som i dag nyttar Rv15 vil det vere uhaldbart om tunnelane må stengast for trafikk dersom ingen ting vert gjort. For næringslivet kan det få store negative konsekvensar.

Det må i samband med reguleringsarbeidet gjerast grundigare geologiske undersøkingar for plassering av tunnelinnslaga. Konsept B1 vil ha små anleggstekniske og trafikale problem i byggeperioden.

I vedteke handlingsprogrammet til gjeldande Nasjonale Transportplan ligg det inne om lag 800 mill. på kapittel 1320 postane 30 og 31 til oppstart av ny løysing. Ut frå dei rammer som fagetatane fekk til høyringsforslaget for ny NTP 2018-2029, vart det ikkje funne rom til denne framtidsretta løysinga som Statens vegvesen/Vegdirektoratet no tilrår. Det må no arbeidast målretta og samla inn mot Regjeringa og Stortingsmeldinga om NTP 2018-2029. Denne Stortingsmeldinga planlegg Regjeringa å legge fram til våren og med handsaming i Stortinget i juni 2017.

Samfunnsdelen i kommuneplanen:
Vil styrke kommunikasjonane til og frå Volda.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen direkte for Volda kommune

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådmanndgjevar


Opplendskedalen
431
63
Djupvatnet
7,6 km / 2,8 %
B1
930
Breiddalen
Breiddals-
vatnet
15
Grotli
648
Langvatnet
Nørdre Lægervatnet
Skjerdingsdalen
Glomsdalen
Grasdalen
16 km / 4,8 %
B1
258
16,6 km / 4,6 %
156
Skora
Hjelledalen
15
Folva
Hjelle
Sunndalen
B1, med arm til Opplendskedalen
B1, utan arm til Opplendskedalen
0
2
4
6
8
10
12
14
16
18 Kilometer

Statens vegvesen

Sjå adresseliste

Behandlende enhet:	Saksbehandler/telefon:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Region vest	Nils Magne Slinde / 57655810	15/214307-34		17.10.2016

Rv. 15 Strynefjellet med fv. 63 heilårsveg til Geiranger – høyring av revidert tilleggsutgreiing

Vi sende våren 2012 "Konseptvalutgreiing (KVU) rv. 15 Strynefjellet" på høyring med høyringsfrist 20. juni 2012. Etterpå har det vore arbeidd med tilleggsutgreiing og revidert tilleggsutgreiing. Den siste vart levert no i august 2016 og Samferdselsdepartementet vil gjennomføre KS1 (Ekstern kvalitetssikring) på denne reviderte tilleggsutgreiinga. KS1 skal gjennomførast for prosjekt med statleg investeringsramme over 750 mill.kr.

I samband med dette er det også ønskjeleg med ny høyring. Vi sender den reviderte tilleggsutgreiinga til dei same partane som fekk høyringa i 2012. Det er blitt bedt om ei meir utdjupande forklaring av dei forkasta alternativa i den reviderte tilleggsutgreiinga. Dette er gjort i eige notat datert 29. september. Dette notatet er også lagt ved.

Høyringa er organisert slik at alle høyringsuttaler skal sendast til Statens vegvesen Region vest innan **23. desember 2016**:

Statens vegvesen
Askedalen 4
6863 Leikanger

eller på e-post til firmapost-vest@vegvesen.no .

Merk uttalen med "KVU rv. 15 Strynefjellet". Vi legg ved elektronisk eksemplar av rapporten. I tillegg finn de den på: http://www.vegvesen.no/Vegprosjekter/rv15strynefjellet

Styring og strategistaben
Med helsing

Tone Oppedal

Nils Magne Slinde

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030

firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Likelydende brev sendt til
Avinor, Dronning Eufemias gate 6, 0191 OSLO
Bremanger kommune, Postboks 104, 6721 SVELGEN
Eid kommune, Rådhusvegen 11, 6770 NORDFJORDEID
Fjord1 AS, Postboks 354, 6902 FLORØ
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Fylkesmannen i Oppland, Postboks 987, 2626 LILLEHAMMER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
Gloppen kommune, Grandavegen 9, 6823 SANDANE
Gode Vegar AS, Tinggata 3, 6783 STRYN
Hornindal kommune, Postboks 24, 6761 HORNINDAL
Kystverket Vest, 6025 ÅLESUND
LO i Sogn og Fjordane, Postboks 128, 6801 FØRDE
Lom kommune, Sognefjellsvegen 6, 2686 LOM
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE
Natur og ungdom, Postboks 4783, 0506 OSLO
Naturvernforbundet (1)
Norddal kommune, Postboks 144, 6211 VALLDAL
Nordfjordkryssingen AS, Rådhusvegen 11, 6770 NORDFJORDEID
Norges Automobil-Forbund, Postboks 6682 Etterstad, 0609 OSLO
Norges Lastebileierforbund
NorWay Bussekspress, Karl Johans gt. 2, 0154 OSLO
Oppland fylkeskommune, Postboks 988, 2626 LILLEHAMMER
Selje kommune, 6740 SELJE
Skjåk kommune, Moavegen 30, 2690 SKJÅK
Sogn og Fjordane Bondelag,
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER
Stranda kommune, Øyna 13, 6200 STRANDA
Stryn kommune, Tonningsgata 4, 6783 STRYN
Volda kommune, Stormyra 2, 6100 VOLDA
Vågsøy kommune, Postboks 294, 6701 MÅLØY
Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6153 ØRSTA

Region vest

Styring og strategistab
Juni 2016

Statens vegvesen

KVU rv. 15 Strynefjellet

Revidert tilleggsutgreiing inkl. fv. 63 heilårsveg til Geiranger

Statens vegvesen

Forord

På oppdrag frå Samferdselsdepartementet laga Statens vegvesen «Tilleggsutgreiing KVU Strynefjellet datert 30. mars 2014. Utgreiinga var ei tilleggsutgreiing til «KVU rv. 15 Strynefjellet» datert 22. mars 2012. Metier/Møreforskning har med grunnlag i KVU'en levert KS1-evaluering 9.1.2013. 5. september 2014 og 14. juli 2015 ba Samferdselsdepartementet om ei revidert utgåve av tilleggsutgreiinga som inkluderer heilårsveg til Geiranger og alle identifiserte alternativ innafor konsept B.

Formålet med tilleggsutgreiinga er å gjennomføre meir detaljerte undersøkingar enn det som vart gjennomført i KVU'en med sikte på å kome fram til ein tilrådd trasé frå Hjelledalen i Stryn kommune til Breidalen i Sjåk kommune. Den tilrådde traséen skal både løyse problema med fokk og skred, med dagens utilstrekkelege tunnelstandard og framkomstproblem for tungtrafikken på stigninga frå Skora til Ospelitunnelen. I tillegg skal vi greie ut korleis det kan etablerast eit heilårs fylkesvegsamband til Geiranger.

Målet med utgreiinga er såleis å kome med tilråding til ei langsiktig løysing for rv. 15 over Strynefjellet som inkluderer heilårsveg til Geiranger.

Denne rapporten omfattar framlegg til løysingar med kostnadsoverslag og tilråding. Den må lesast som eit tillegg til den tidlegare utarbeidde KVU'en, innkomne høyringsforslag samt KS1-rapporten frå Metier/Møreforskning. I den grad det er nye eller tilleggsopplysningar om ulike tema som vi meiner har betydning for val av alternativ, er dei tekne inn i rapporten. Elles er det vist til KVU'en der temaet er behandla.

Innhald

0. Samandrag ... 3
0.1 FØREMÅL ... 3
0.2 VURDERTE LØYSINGAR ... 3
0.3 OPPSUMMERING OG TILRÅDING ... 4
0.4 VIDARE ARBEID ... 6
1. Bakrunn og mål for planarbeidet ... 7
1.1 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET ... 7
1.2 MÅL OG RAMMER FOR PLANARBEIDET ... 7
1.3 PLANOMRÅDE OG DAGENS VEG ... 8
2. Situasjonen i dag ... 10
2.1 PROBLEMSKILDRING ... 10
2.2 VEG OG TRAFIKK ... 11
2.3 HØGFJELLSPROBLEMATIKK/REGULARITET/SKREDFARE ... 12
2.4 GEOLOGI I OMRÅDET ... 12
2.5 VERNEOMRÅDE, VERNEPLAN VEG, KULTURMINNE ... 12
3. Vegstandard ... 13
4. Vurderte alternativ ... 14
4.1 B1 ... 14
4.2 B2 ... 15
4.3 B2 REDUSERT ... 17
4.4 B3 ... 18
4.5 HEILÅRSVEG TIL GEIRANGER ... 19
4.6 VEGEIGARSKAP ... 22
4.7 MASSEDEPONI ... 23
4.8 FORKASTA ALTERNATIV I OMRÅDET SKORA - OSPELITUNNELEN ... 24
5. Prissette konsekvensar ... 26
5.1 KOSTNADSBEREKNING ... 26
5.2 ULUKKER OG TUNNELRISIKO ... 28
5.3 TRAFIKKAVVIKLING/ULEMPER I BYGGEFASEN ... 28
5.4 KØYRETID ... 28
5.5 EFFEKT-BEREKNING ... 28
6. Ikkje prissette konsekvensar (Miljøtema) ... 31
6.1 VURDERING AV KONSEKVENSAR FOR LANDSKAPSBILDE ... 31
6.2 NÆRMILJØ OG FRILUFTSLIV ... 32
6.3 NATURMANGFALD INKLUDERT OMSYN TIL VILLREIN ... 32
6.4 KULTURMINNE OG KULTURMILJØ ... 34
7. Måloppnåing ... 35
8. Drøfting og tilråding ... 37
8.1 OPPSUMMERING AV KONSEKVENSAR ... 37
8.2 TILRÅDING ... 39
8.3 VIDARE ARBEID ... 40
9. Vedlegg ... 41
9.1 VEDLEGG 1: ANSLAG-RAPPORT AV 20.3.2014 OG 15.12.2015 ... 41
9.2 VEDLEGG 2: GEOLOGISK RAPPORT AV 12.01.2016 ... 41
9.3 VEDLEGG 3: TRAFIKKNOTAT DATERT 3.12.2015 ... 41
9.4 VEDLEGG 4: VD - TILRÅDING STANDARD FOR TUNNELAR OVER STRYNEFJELLET MED LENGDE > 10 KM 41
9.5 VEDLEGG 5: RISIKOVURDERING, MULTICONSULT / HOJ CONSULTING, MARS 2016 ... 43
9.6 VEDLEGG 6: BEREDSKAPSANALYSE, MULTICONSULT, 15.MARS 2016 ... 43
9.7 VEDLEGG 7: PRISSATTE KONSEKVENSAR (EFFEKT-BEREKNING), 4.4.2016 ... 43

9.8 VEDLEGG 8: KART OVER ALTERNATIV B1 (MED OG UTAN ARM TIL FV. 63 GEIRANGER) 43
9.9 VEDLEGG 9: KART OVER ALTERNATIV B2 43
9.10 VEDLEGG 10: KART OVER ALTERNATIV B3 43

0. Samandrag

0.1 *Føremål*

Føremålet med tilleggsutgreiinga i 2014 var å finne ein optimal trasé frå dagens veg v/ Folva-Skora som:

- Løyser problema med dagens tunnelar
- Løyser fokk-/skredproblem på strekninga (Grasdalen, Breiddalen, Napefonna, Gotiskarfonna)
- Fjernar stigningsproblema frå Skora opp til Ospelitunnelen.

Men Samferdselsdepartementet presiserer at det ikkje vert sett absolutte krav til dei konkrete løysingane i forkant av denne reviderte tilleggsutgreiinga. Dette inneber konkret at rammene ovanfor som departementet ga Statens vegvesen som grunnlag for tilleggsutgreiinga i 2014, ikkje skal leggjast til grunn for denne reviderte tilleggsutgreiinga.

Vidare gav Samferdselsdepartementet desse rammene 14. juli 2015:

- Løysinga skal, med dei gjevne føresetnadene, prioritere lågast muleg total kostnad høgt ved utgreiing av alternativ.
- Arm til Geiranger skal utgreiast som eit fylkesvegsamband.

Vegdirektoratet har i tillegg (i vedlegg 4) gjeve krav til tunnelar med utgangspunkt i KVU-ens konsept B1 og B2 (primært krav til profil i høve lengde og stigning).

0.2 *Vurderte løysingar*



Figur 1: Oversiktskart

0.3 *Oppsummering og tilråding*

Konsekvensane for alternativa er kort oppsummert i tabellen under.

Tabell 1: Oppsummerte konsekvensar av alternativa på rv. 15.

Prissette konsekvensar

	0+	B1	B2	B2 red.	B3
Anleggskostnader i mill. 2016-kr	300 *)	3 850	4 700	2 600	2 800
Netto nytte		- 3 040	-4 574	- 2 409	- 2 648
Netto nytte/budsjettkr.		- 0,82	- 1,00	- 0,99	- 1,02

Måloppnåing tilleggsutgreiing

Vegnormalstandard tunnelar	0	+ + + +	+ + + +	+ + +	+ + + +
Fjerne alle skred-/snøproblem	0	+ + + +	+ + + +	+ +	+
Fjerne stigningsproblema Skora- Ospelitunnelen	0	+ + + +	+ + + +	0	0
Villrein	0	+ +	+ +	+ +	0

Oppfylling av krav i KVU

Trafikantkostnader i byggeperioden	- - - -	0	0	- -	-
Regularitet over Strynefjellet	0	+ + +	+ + +	+ +	+
Kostnadseffektiv transport	0	+ + + +	+ + +	+ +	+ +
Villrein	0	+ +	+ +	+ +	0
Konfliktar med natur, kultur og miljø	0	-	0	0	- - -
Utslepp av klimagassar	0	+ +	+ +	+	+
Risikonivå i tunnel	0	+ + +	+ + +	+ + +	+ + +
Etappevis utbygging	0	0	+ +	0	+

*) ekskl. skredoverbygg Grasdalen (250 - 300 mill. kr).

Tabell 2: Oppsummerte konsekvensar av alternativa på fv. 63.

	Fv. 63 med alt. B1	Fv. 63 med alt. B2 / B2 red	Fv. 63 med alt. B3	Fv. 63 Tunnel til Breiddalen	Fv. 63 Tunnel til Skjerdingsdalen
Anleggskostnader	1 600	1 500	1 900	2100	2100
Netto nytte	-1 420 *)	-1 270 *)	-1 980 *)	-2 249	-2 275
Netto nytte/budsjettkr.	-0,81 *)	-0,77 *)	-0,97 *)	-1,00	-0,99

*) Vi har stipulert effekten av å byggje fv.63 åleine etter at rv. 15 er utbetra. Sidan vi ikkje veit noko om rekkefølgje og tidsforløp for ei slik stegvis utbygging, er det uråd å rekne på dette. Tala ovanfor er komne fram ved å trekke effektane frå riksvegdelen frå effekten for samla utbygging av riks og fylkevegen (meir informasjon om dette i kap 5.5).

Tabellane nedafor viser alle vurderte konsekvensar gradert med ei fargeskala der mørkast brunt er mest negativt og mørk grøn er mest positivt:

	0+	B1	B2	B2 red.	B3
Anleggskostnader (mill. 2016-kroner)	300 *)	3 850	4 700	2 600	2 800
Netto nytte (mill. 2016-kroner)		- 3 040	- 4 574	- 2 409	- 2 648
Netto nytte/budsjettkr.		- 0,82	- 1,00	- 0,99	- 1,02
Landskapsbilde	0	0	-	-	--
Nærmiljø og friluftsliv	0	0	-	0	0
Naturmiljø inkl omsyn til villrein	0	--	-	0	--
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	-	-	--
Vegnormalstandard tunnelar	0	+ + + +	+ + + +	+ + +	+ + + +
Fjerne alle skred-/snøproblem	0	+ + + +	+ + + +	+ +	+
Fjerne stigningsproblema Skora- Ospelitunnelen	0	+ + + +	+ + + +	0	0
Trafikantkostnader i byggeperioden	- - - -	0	0	- -	-
Regularitet over Strynefjellet	0	+ + +	+ + +	+ +	+
Kostnadseffektiv transport	0	+ + + +	+ + +	+ +	+ +
Utslepp av klimagassar	0	+ +	+ +	+	+
Risikonivå i tunnel	0	0,16	0,22	0,19	0,15
Etappevis utbygging	0	0	+ +	0	+

	Fv. 63 med alt. B1	Fv. 63 med alt. B2	Fv. 63 med alt. B3	Fv. 63 Tunnel til Breiddalen	Fv. 63 Tunnel til Skjerdingsdalen
Anleggskostnader	1 600	1 500	1 900	2 100	2 100
Netto nytte (kun for fv.63)	-1 420	-1 270	-1 980	-2 249	-2 275
Netto nytte/budsjettkr.	-0,81	-0,77	-0,97	-1,00	-0,99
Landskapsbilde	-	--	---	-	---
Nærmiljø og friluftsliv	-	-	-	-	-
Naturmiljø inkl omsyn til villrein	--	-	--	--	--
Kulturminne og kulturmiljø	-	--	---	--	---

Tilråding for rv. 15:

Berre alternativ B1 og B2 tilfredsstiller mål/krav i tilleggsoppdraget frå februar 2014. B2 er dyrare, gir lenger veg for trafikantane og har dårlegare samfunnsøkonomi enn B1. I brev datert 5. september 2015 presiserer Samferdselsdepartementet at det ikkje vert sett absolutte krav til dei konkrete løysningane i forkant av denne reviderte tilleggsutgreiinga. Dette inneber konkret at rammene frå februar 2014, ikkje skal leggjast til grunn for den reviderte tilleggs-utgreiinga.

Vi vurderer desse to ambisjonsnivåa som to ulike konsept. Det eine aksepterer dagens veg med stignings-, skred- og fokkproblem. Då vil alternativ 0+ kunne aksepterast dersom ein ser vekk frå dei anleggstekniske og trafikale problema som ein ombygging av dagens tunnelar vil

medføre. I tillegg føreset dette permanent fartsgrense 60 km/t med automatisk fartskontroll (streknings-ATK). Vi oppfattar at ei slik løysing er vanskeleg å få aksept for hjå trafikantane. I tillegg vil ei slik løysing ut frå vår faglege vurdering, berre løyse ein avgrensa del av problema med dagens rv. 15 over Strynefjell.

Statens vegvesen meiner difor at dersom ein skal ruste opp Strynefjelletstunnelane, må alle problema løysast samtidig. Dette er bakgrunnen for følgjande tilråding:

Statens vegvesen rår til at B1 vert vald som alternativ for å oppnå full måloppnåing.

Dersom det også i eit langt perspektiv kan aksepterast at:

- stigninga/slyngparti frå Skora til Ospelitunnelen ikkje vert utbetra.
- at ein fortsatt kan leve med problema med skred frå Napefonna, Gotiskarfonna og Kleivane.
- at ein kan akseptere fortsatt bruk av Ospelitunnelen,

kan det vere eit muleg alternativ å bygge B2 redusert for å få ned investeringskostnadane. Ein føresetnad for eit slikt val må vere at eit eventuelt byggesteg 2 av B2 ligg langt fram i tid, sidan B2 både er dyrare og dårlegare enn B1. B2 redusert vil løyse problema med dårlege tunnelar, betre vinterregulariteten på rv. 15, løyse skredproblema i Grasdalen og gje mindre anleggstekniske og trafikale problem i byggeperioden enn 0+.

B3 bør ikkje byggast. Alternativet er like dyrt som B2 redusert, løyser færre problem og har i hovudsak dei same ulempene.

Tilråding for fv. 63 Heilårsveg til Geiranger:
Alle alternativa som er utgreidde for fv. 63 gir fullgod løysing når det gjeld heilårsveg til Geiranger. Vegen frå Opplendskedalen til Geiranger er smal og svingete og vil gje ein del utfordringar på vinterstid, men vinteropen vil den vere.

Omsyn til lågaste anleggskostnad og akseptabel risiko i tunnelane og best på ikkje prissette konsekvensar, er grunngjeving for følgjande tilråding:

Statens vegvesen rår til fv. 63 vert bygd med tunnel frå Opplendskedalen til B1 eller B2 avhenging av val på rv. 15. Dersom ikkje rv. 15 skal byggjast ny, ser vi ikkje stor fagleg skilnad på direktetunnel til Breidalen eller Skjeringsdalen.

0.4 *Vidare arbeid*

Ut frå tilrådinga vert alternativ B1 lagt til grunn for det vidare arbeidet. For å unngå at ein må oppgradere dagens tunnelar etter krava i tunnelsikkerheitsforskifta innan fristen 2019, bør ein starte opp med reguleringsplan med KU for dette alternativet så snart som mogleg. I dette reguleringsplanarbeidet må også innslag for tunnelen ved Skora avklarast etter grundigare geologiske undersøkingar. Vidare planarbeid for fv. 63 kan takast vidare i pågåande kommunedelplanarbeid i regi av Stranda kommune, men dette må avgjerast av fylkeskommunane som er vegeigarar.

1. Bakrunn og mål for planarbeidet

1.1 *Bakgrunn for planarbeidet*

I «KVU rv. 15 Strynefjellet» har Statens vegvesen opprinneleg kome med følgande tilråding:
På kort sikt meiner vi at tunnelane bør oppgraderast etter konsept 0+ for å sikre sikkerheitsgodkjenning.

På lang sikt rår vi til at konsept B3 vert vald. Konsept B3 må evt. kunne optimaliserast i høve til bruk av eksisterande tunnelar. Dette må avklarast gjennom vidare planlegging.

I høyringsuttalene er det eit stort sett samstemmig ønske om å få realisert byggetrinn 1 av B2 (tunnel frå Skjerdingsdalen til Lægervatn) først, evt. med oppfølging byggetrinn 2 seinare for å få alle problema løyste. Med bakgrunn i dette, endra Statens vegvesen tilrådinga:

SVV mener primært at endelig valg av B-varianter bør skje gjennom kommunedelplanlegging etter PBL.

KS1-konsulenten tilrår *«Det anbefales derfor at Statens vegvesen går videre og utreder alternativ B4, B3/0++ og B3 i neste fase før endelig val av konsept besluttes»*.
B4 i denne tilrådinga er eit alternativ som ikkje er utgreidd i KVU'en som er ein variant av B1/B2 med tunnel frå Øvstefoss bru til Lægervatn.

I arbeidet med behandling av «KVU rv. 15 Strynefjellet» har Samferdselsdepartementet gjeve uttrykk for at dei ønskjer ikkje å nytte midlar til midlertidig oppgradering av tunnelane over Strynefjellet, men at ein bør søke etter ei fullgod løysing med ein gong. 0++ er etter det eit uaktuelt alternativ. Dei har òg kome med ei utfyllande presisering av måla med prosjektet, noko som endrar premissane for val av alternativ. Dei har i denne samanheng bedt om meir detaljerte berekningar av nokre av alternativa.

I brev datert 5. september 2014 og 14. juli 2015 frå Samferdselsdepartementet har Statens vegvesen fått bestilling på ei revidert utgåve av tilleggsutgreiing for KVU rv. 15 Strynefjell. Den reviderte utgreiinga skal inkludere alle identifiserte relevante alternativ innanfor konsept B og etaten skal gi sin tilråding om val av alternativ.

Samferdsledepartementet skriv at tilleggsutgreiinga vil bli underlagt ekstern kvalitetssikring så snart den er ferdigstilt.

Med dette som bakgrunn, har vi utarbeidd denne reviderte tilleggsutgreiinga.

1.2 *Mål og rammer for planarbeidet*

Samferdselsdepartementet ba i brev av 17.2.2014 om ei tilleggsutgreiing:
«*Tilleggsutredningen skal gi tilråding om langsiktig løsning for rv. 15 over Strynefjell. Det skal legges til grunn en kostnadseffektiv og tjenelig løsning, som sikrer tilfredsstillende regularitet for trafikk vinterstid og som i tillegg sikrer god fremkommelighet for næringstrafikken. Hensynet til verneområder og villrein skal ivaretas.»*

Vi har i tillegg fått presisert rammene planarbeidet vi skal arbeide innanfor for å oppnå målet:

- Problema med dagens tunnelar skal løysast.

- Vi skal løyse fokk-/skredproblem på strekninga (Grasdalen, Breidalen, Napefonna, Gotiskarfonna).
- Vi skal fjerne stigningsproblema frå Skora opp til Ospelitunnelen for å få akseptabel framkomst for tungtrafikken.
- Løysinga skal, med dei gjevne føresetnadane, prioritere lågast muleg kostnad høgt ved utgreiing av alternativ.

5. september 2014 bad Samferdselsdepartementet om ei revidert utgåve av tilleggsutgreiinga. Her går det fram at:

«Formålet med en revisjon av tilleggsutredningen skal være å gi et beslutningsgrunnlag der alle identifiserte relevante alternativer innenfor konsept B vurderes. I dette ligger at det ikke settes absolutte krav fra Samferdselsdepartementet til de konkrete løsningene i forkant av analysen. Dette innebærer konkret at de tilleggsrammer som departementet ga Statens vegvesen som grunnlag for foreliggende tilleggsutredning, jf. utredningenes punkt 1.2, ikke skal legges til grunn for en revidert tilleggsutredning. En revidert tilleggsutredning skal inkludere en samfunnsøkonomisk analyse av de ulike alternativene. Statens vegvesen bes om å gi sin tilrådning om valg av alternativ.»

14. juni 2015 bad Samferdselsdepartementet i tillegg om at:

- Tilleggsutgreiinga skal også sjå på eventuelle løysingar som legg til rette for eventuell framtidig heilårsveg til Geiranger. Det vert samstundes føresett at ein eventuell heilårsveg til Geiranger vil vere eit fylkeskommunalt prosjekt.
- Kostnadsanslag i tilleggsutgreiinga skal være oppdatert i høve tidlegare vurderingar.
- Utgreiinga skal inkludera ein samfunnsøkonomisk analyse av dei ulike alternativa, og analysen må utførast slik at den er direkte samanliknbar for alle alternativ som inngår.

1.3 *Planområde og dagens veg*

For å betre oversikten over oppdraget, er planområdet synt i figur 2.

Figur 2: Oversiktskart rv. 15, Måløy – Otta

Figur 3 viser dagens rv. 15 frå Hjelle i Stryn kommune til Grotli i Skjåk kommune med fv. 63 mot Geiranger i Stranda kommune. For at alternativa skal kunne samanliknast, er alternativa

på riksveg 15 berekna frå Folva til Lægervatn i Breiddalen og for fv. 63 frå «Knuten» nord i Opplendskedalen (vist Ørjasætra i figur 3) til kryss med rv. 15.



Figur 3: Rv. 15 Stryn (Hjelle) – Grotli og fv. 63 Geiranger – Lægervatn i Breiddalen.

Store delar av rv. 15 i Sogn og Fjordane er bygd ut på tidleg nittital med breidde på 7 - 7,5 m og minimumskurvatur med radius på ca. 200m. Vegen frå Folva opp til Skora har denne standarden, og den må reknast som brukbar ut frå den trafikkmengde og funksjon vegen har. Ved Skora startar eit slyngparti på 4,5 km opp til Ospelitunnelen. Stigninga varierer, men lange parti ligg på ca. 6 – 7 %. Denne delen av vegen er til ulempe særleg for tungtrafikken både sommars- og vinterstid. I KVU'en vart det ikkje lagt inn som krav at dette problemet måtte løysast. I tilleggsutgreiinga i 2014 ønskte Samferdselsdepartementet at også dette problemet vert løyst.

Skred- og fokksnøproblematikk samt problem med tunnelstandard på rv. 15 er beskrive i KVU på side 15, 17 og 18.

Fv. 63 frå Geiranger til Lægervatn har ein vegbreidde på 5 – 7 m (einfeltsveg). Stigninga varierer, men er oppe i 9 % i oppstigninga frå Opplendskedalen til Djupvasshytta. Høgaste punkt på vegen er 1038 moh. Vegen er utsett for både stein og snøskred og er mellom anna av den grunn vinterstengt frå Opplendskedalen til krysset med rv. 15 ved Lægervatn i Breiddalen.

2. Situasjonen i dag

2.1 *Problemskildring*

Bakgrunn og generell informasjon om planarbeidet ligg i KVU'en. Det er likevel behov å gå nærare inn på eit par tema i samband med denne reviderte tilleggsutgreiinga.

Kvifor så lange tunnelar?
Terrenget frå Skora og opp til Lægervatn er svært bratt, og mange stadar skredfarleg. Det er ikkje muleg å legge ein vegtrasé i dagen på lengre delar av denne strekninga dersom ein set krav til god framkomst for tungtrafikken.

Skora ligg om lag 160 meter over havet (moh) og rv. 15 ved Lægervatn om lag 930 moh. Maksimal tillat stigning i tunnel er 5%. For å overvinne ei stigning på 770 m med ein stigning på 5%, treng ein ei strekning på 15,4 km. Det vil seie at uavhengig av kva trasé ein måtte velje for ein slik tunnel, er ein oppe i ei slik minimumslengde.

Dersom vi ønskjer ei løysing som skal kome ut i dagen i Skjerdingsdalen, har vi tilsvarande problemstilling: Skjerdingsdalen ligg om lag 590 moh og Folva om lag 80 moh. For å overvinne stigninga opp til Skjerdingsdalen med maks. 5% stigning, må vi så langt som ned til Folva for å få det til. Tunnelen vert då i overkant av 10 km. Det må leggast til at å trekke vegen opp i dalsida i dagen mellom Folva og Skora for å vinne høgde, ikkje kan gjerast på grunn av skredfare i området.

På fv. 63 ligg tunnelinnslaget i Opplendskedalen om lag 430 moh. Dette gjer at tunnelane kan koplast til rv. 15 i alle alternativ med stigning under 5 %. Vi har føresett at det ikkje er mogleg å etablere ein heilårsveg som veg i dagen mellom rv. 15 og Opplendskedalen både ut frå omsyn til skredfare og vêrtilhøva frå Lægervatn til Djupvasshytta.

Start- og sluttpunkt for utgreiing av alternativa i denne planutgreiinga.
Med utgangspunkt i at rv. 15 i dag har ein tilfredsstillande standard i høve til trafikkmengde og funksjon opp til Skora og aust for Lægervatn, har vi konsentrert alternativsanalysen om strekninga mellom Skora og Lægervatn. Eit unnatak for dette er altså alternativ som skal kome ut i dagen i Skjerdingsdalen. Som synt ovanfor, får vi ikkje det til utan at tunnelen vert forlenga ned til Folva.

For at dei samfunnsøkonomiske berekningane skal vere samanliknbare, er alternativa berekna med start ved Folva og avslutning ved Lægervatn. For B1 betraktar vi imidlertid dagens veg frå Folva og opp til Skora som tilstrekkeleg god også for framtidig trafikk, og det er difor ikkje lagt inn utbetring av denne.

For fv. 63 har vi rekna alle alternativa frå «Knuten» nordvest i Opplendskedalen. Sidan det er heilårsveg til Geiranger som skal utgreiast, vil det vere tilfredstilt til dette punktet. Fylkesvegen på om lag 5,5 km frå Knuten og ned til Geiranger har også sine utfordringa med smal, bratt og svingete veg, men det er ikkje vurdert i denne utgreiinga.

2.2 *Veg og trafikk*

Trafikk for rv.15 over Strynefjellet fram til 2011 er beskrive i KVU'en.
Ved opninga av Kvivsvegen har det vore ein viss auke i trafikken som synt i figur 4, men utviklinga flatar no ut.

I vedlegg 1 i KVU'en ligg resultat frå berekningar med transportmodell (RTM/NTM). Dei syner forventa ÅDT i 2040 på ca. 1500. Vi har vald å nytte 2040 som prognoseår slik at det enkelt skal kunne samanliknast med KVU-en. Vi har utarbeida ei ny vurdering av trafikkutviklinga med både opprusting av rv. 15 og bygging av heilårsveg til Geiranger (vedlegg 7). Denne viser ein trafikkvekst på om lag 185 % på Strynefjellet (tellepunkt Ospelitunnelen). Dette tilsvarar ein ÅDT på ca. 1600 i 2040. Vi har også sett på eventuell effekt av å byggje ny E39 Byrkjelo – Grodås, men dette har liten innverknad på trafikkutviklinga på rv. 15. Val av rv. 7 Hardangervidda eller rv. 52 Hemsedal som hovudveg mellom aust og vestlandet kan ha ein del innverknad på trafikken på rv. 15 Strynefjellet, men det har vi ikkje teke omsyn til.

Fv. 63 til Geiranger er i dag vinterstengt og det er difor vanskeleg å berekne trafikkutviklinga her. Berekningane vi har gjort viser ein trafikkvekst på opp mot 229 % fra 2014 til 2040 med ny rv. 15 og heilårsveg til Geiranger. Ut frå eit anslag på trafikken i vintermånedane (når dagens veg er vinterstengt) reknar vi med ein ÅDT på om lag 900 – 1000 kjt / døgn i 2040. Av dette antek vi at i underkant av 600 kjøyretøy vil bruke den nye tunnel, medan i overkant av 400 vil fortsette å bruke eksisterande veg.



Figur 4 Trafikk over Strynefjellet 2011 - 2015

Det er viktig å merke seg at tungtrafikkandelen over Strynefjellet er på 22%. Dette er ein liten nedgang i høve åra 2010 -2013 då andelen låg på 26 %, men likevel langt over det som er vanleg for vegnettet elles som har ein tungbilandel på 10 – 15 %. Vidare er det stor sesongmessig variasjon i trafikken. Også i sommarmånadane med høgast trafikk er tungtrafikkandelen høg, mellom anna på grunn av høgt innslag av turbussar.

Når det gjeld fordeling melom lette og tunge tek vi utgangspunkt i dagens fordeling mellom lette/tunge. Då blir det om lag 24 % tunge på rv. 15 og 14 % - 18 % tunge på fv. 63.

2.3 Høgfjellsproblematikk/regularitet/skredfare

Dette temaet er beskrive i KVU'en samt omtale i den geologiske rapporten (vedlegg 2).

Sidan det er stor semje om at det ikkje er mogleg å etablere ein heilårsveg til Geiranger langs eksisterande trase, har vi ikkje brukt ressursar på å utgreie det noko meir.

2.4 Geologi i området

I samband med tilleggsutgreiingane er det utarbeidd ein oppdatert geologisk rapport (vedlegg 2). Denne er også revidert og supplert med vurderingar knytt til fv. 63. Rapporten er basert på tidlegare geologiske rapportar, tidlegare gjennomførte målingar samt nye visuelle observasjonar. Det er også gjort enkelte fjellkontrollgravingar for påhoggsområde sør i Skjerdingsdalen som har stadfesta djupne til fjell. Rapporten er som sagt lagt ved denne planutgreiinga, men oppsummerte hovudpunkt er:

- Lia nordvest for Skora gard er skredfarleg og ikkje eigna til vegbygging. Samstundes er partiet rundt Jøl bru både skredfarleg og med oppknust fjell som gjer det ueigna for brukryssing over elva og påhogg for tunnel.
- Fjellsida søraust for Skora har både store skredmassar og skredfare. Den geologiske rapporten tilrår ikkje tunnelpåhogg her.
- Påhogg i Hjelledalen kan vere aktuelt sørvest for Skora gard. Det vil truleg vere behov for lang portal og voll for å sikre mot skredfare.
- Kryssing av Skjerdingsdalen som synt i alternativ B2 er truleg mogleg, men påhoggsområde i nord må vurderast sikra mot steinsprang og påhogg sør i dalen må truleg sikrast mot blant anna snøskred. Begge påhoggsområda må grunnundersøkast.
- Påhogg i Breidalen kan etablerast, men det bør vere ein relativt lang portal supplert med voll for å minimalisere problem med drivsnø og snøfokk.
- For fv. 63 i Opplendskedalen vert alternativet sentralt i dalen tilrådd i det vidare arbeid av omsyn til skredfare.
- Alternative tunnelinnslag som er komne fram i eller etter arbeidet med KVU-en er vurderte ut frå skredomsyn.
- Alternativ B3 har ikkje fått ei eiga geologisk vurdering fordi dette alternativet føl eksisterande veg og tunnel med kjende skred og geologiske tilhøve.

2.5 Verneområde, verneplan veg, kulturminne

Store delar av Strynefjellet er enten nasjonalpark, landskapsvernområde eller naturreservat. I tillegg er området viktig for villrein. Opplendskedalen og fv. 63 inngår i verdsarvområde Geirangerfjorden (Vestnorsk fjordlandskap). Både den gamle Strynefjellsvegen og dagens rv. 15 er freda. Temaet er omtala i KVU'en. Det er i tillegg utarbeidd rapportar frå Asplan Viak om kulturminne og kulturmiljø som er synt til i kjeldetilvisninga i KVU'en. Det same gjeld NINA sin rapport 227 om villreinen i Ottadalsområdet. I samband med revidering av tilleggsutgreiinga har vi gjort meir omfattande vurderingar på tema landskapsbilete, nærmiljø og friluftsliv, naturmangfald inkludert omsyn til villrein, kulturminne og kulturmiljø. Vurderingane er oppsummert i kapittel 6 og grunnlaget er tilgjengeleg i eigne notat.

3. Vegstandard

Vegnormalane N100 Veg- og gateutforming og N500 Vegtunneler er førande for val av standard ved bygging av ny veg. Sidan det her i all hovudsak vil dreie seg om bygging av tunnelar, vil det vere normal N500 Vegtunnelar som gjev dei overordna føringane. Endeleg utbyggingsstandard vert fastsett gjennom meir detaljert planlegging i seinare fasar, men er viktige premissar i KVU-arbeidet for kostnads- og effektberekningar.

Tunnel

Vegnormal N500 Vegtunneler gjev føringar for utforming av tunnelar opp til 10 km lengde. For tunnelar > 10 km skal standard vurderast spesielt for kvart enkelt tilfelle.

I samband med tilleggsutgreiinga i 2014 gjorde Vegdirektoratet ei grundig vurdering av dei aktuelle tunnelløysingane i alternativa B1 og B2 (Vedlegg 4). Konklusjonen er at sett i lys av den relativt beskjedne ÅDT'en kan tunnelane byggast som eittløpstunnelar. B1 og B2 frå Folva til Skjerdingsdalen må imidlertid byggast med krabbefelt oppover på grunn av stigning opp mot 5%. Det krev tunneltverrsnitt T13. Sidan tunnelane er så lange, har vi i alternativ B1, B2 og B2 redusert, vald å seksjonere tunnelen med bruk av ventilasjonssjakter opp til friluft. Det er også aktuelt å vurdere separat tilkomsttunnel til midten av dei lengste tunnelane for å reduserer byggjetida.

Frå 1. januar 2015 vart tunnelsikkerheitsforskrifta for fylkevegtunnelar gjeldande. Dette inneber at også tunnelar på fylkesvegnettet skal sikkerheitsgodkjennast av Vegdirektoratet før bygging og før opning. Vi har lagt N500 til grunn for utforming av fv. 63 slik at krava til sikkerheitsgodkjenning skal vere tekne vare på. Dette er stadfesta av Vegdirektoratet i fråviksbehandlinga basert på utarbeidd risiko- og beredskapsanalyse.

Kryss i tunnel

Sidan både rv. 15 og tre av alternativa for fylkesveg 63 går i tunnel, krevst det kryss i tunnel for å kople desse to vegane saman. Ut frå vegnormalane er det ikkje tillat med kryss i tunnel. Vegdirektoratet har vurdert dette ut frå krava i vegnormalane og konklusjon er at kryss i tunnel kan takast vidare som konsept, men det må vurderast i samanheng med ein fråviks-behandling, risikovurdering og beredskapsplan seinare i prosessen der også lengde, stigning og evakuering vert vurdert. Vi har utarbeidd eit eige notat om moglege løysingar for kryss i tunnel som viser korleis dette kan gjerast. Dette er lagt til grunn for kostnadsberekninga som er utført. Kostnadane med krysset er plassert på fylkesvegen. Meir detaljering og avklaring av standard må gjerast i seinare planfasar.

Veg i dagen

I alternativ B1 vil det vere aktuelt å bygge ei kortare vegstrekning vest for tunnelpåhogg ved Skora. Denne vegstrekninga skal byggast med standard H2 (breidde 8,5 m). Elles må vegstandarden tilpassast tunneltverrprofil.

For veg i dagen på fv. 63 gjeld vegnormalane N100 Veg- og gateutforming. Sidan trafikkmengda er under 1500 køyretøy pr døgn i gjennomsnitt er vegklasse Hø1 med vegbreidde 6.5 m lagt til grunn.

4. Vurderte alternativ

4.1 *B1*

Det er fleire moglege variantar av påhogg ved Skora for alternativ B1. Utan gode geologiske undersøkingar med seismiske målingar/grunnboringar for å finne djupne av urmassar og fjelloverdekning for tunnelen, bør ein ikkje velje alternativ i detalj no. Alle aktuelle alternativ vil ha ein tunnellengde på om lag 16 km og same stigning. Kostnadsskilnaden mellom dei ulike alternativa vert vurdert som marginal i denne samanheng. Dersom B1 vert vald, bør detaljert vurdering av stad for påhogg ved Skora skje etter grundige geologiske vurderingar i samband med utarbeiding av reguleringsplan.

Tabell 3 Nøkkeldata for B1

	Utan arm til fv. 63	Med arm til fv. 63
Lengde ny veg	18 400 m	19050
Lengde veg i dagen	2 050 m	2050
Lengde fjelltunnel	15 800 m	16450
Lengde tunnellportal	200 m	200
Bruer	350 m	350
Anslegen byggetid	6 år	6 år

Alle lengder er «sannsynleg verdi» i ANSLAG-rapporten



Figur 5 Kart over alternativ B1 med og utan arm til fv. 63 mot Geiranger

Miljøtema
B1 opnar for reintrekk over Breiddalen der rv. 15 i dag er ein barriere for slikt trekk. Det vert ikkje nye inngrep i Skjerdingsdalen som har stor kulturminneverdi. Trafikken i Skjerdingsdalen vert minimal etter bygging av B1.

Trafikkavvikling
Det er ingen spesielle trafikkavviklingsproblem i samband med realisering av dette alternativet.

Oppfylling av mål.
B1 oppfyller føringane frå Samferdselsdepartementet fullt ut. Vi reknar med at vinter-regulariteten for Strynefjellet etter denne traséen vil ligge veldig nær 100%. Tunnelen på ca. 16 km har stigning opp mot 5%, men med krabbefelt for saktegåande trafikk vil den vere tilfredsstillande både med omsyn til framkomst og tryggleik.

Dersom ein reduserer krava til vinterregularitet i Breiddalen, er det mogleg å forkorte tunnelen i denne enden ved å la tunnelen kome ut på same staden som i dag. Dette kan gje ein redusert kostnad på om lag 200 mill. kr. Men dette vil hindre høve til reintrekk over Breiddalen og stigninga i tunnelen vil bli over 5% noko som neppe er tilrådeleg.

4.2 B2

Det er utført supplerande geologiske vurderingar (vedlegg 2) som viser at det ikkje bør vere spesielle problem med kryssing av Skjerdingsdalen.

Tabell 4 Nøkkeldata for B2

Lengde ny veg	25 550 m
Lengde veg i dagen	2 550m
Lengde fjelltunnel	22 550 m
Lengde tunnelportal	280 m
Bruer	170 m
Byggetid	6 år

Alle lengder er «sannsynleg verdi» i ANSLAG-rapporten



Figur 6 Kart over alternativ B2 / B2 redusert med arm til fv. 63 mot Geiranger

Miljøtema

B2 opnar for reintrekk over Breiddalen der rv. 15 i dag er ein barriere for slikt trekk. Det vert gjort inngrep i Skjerdingsdalen med ei dagsone på 500 – 700 m og nytt kryss.

Trafikkavvikling

Det er ingen spesielle trafikkavviklingsproblem i samband med realisering av dette alternativet.

Oppfylling av mål.

B2 oppfyller føringane frå Samferdselsdepartementet. Vi reknar med at vinterregulariteten for Strynefjellet etter denne traséen vil ligge veldig nær 100%. Tunnelen frå Folva har over 10 km med stigning opp mot 5%, men med krabbefelt for saktegåande trafikk vil den vere tilfredsstillande både med omsyn til framkomst og tryggleik. Tunnelen frå Skjerdingsdalen til Lægervatn kan byggast med berre 2,7% stigning og treng då ikkje krabbefelt. Totalt er B2 ca. 7,3 km lenger enn alt. B1.

Dersom ein reduserer krava til vinterregularitet i Breiddalen, er det mogleg å forkorte tunnelen i denne enden ved å la tunnelen kome ut på same staden som i dag. Dette kan gje ein redusert kostnad på om lag 200 mill. kr. Men dette vil hindre høve til reintrekk over Breiddalen.

4.3 *B2 redusert*

I dette alternativet vert tunnelen frå Folva til Skjerdingsdalen ikkje bygd slik det er tenkt i alternativ B2. I Skjerdingsdalen koblar ein seg inn på dagens veg og nyttar Ospelitunnelen og dagens veg ned til Skora. Ospelitunnelen må då utbetrast slik at den får standard i samsvar med tunnelsikkerheitsforskrifta.

Tabell 5 Nøkkeldata for B2 redusert

Lengde ny veg	13 890 m
Lengde veg i dagen	1 690 m
Lengde ny tunnel	11 910 m
Lengde utbetring tunnel	2 550 m
Lengde tunnelportal	200 m
Bruer	110 m
Byggetid	3 ½ år

Alle lengder er «sannsynleg verdi» i ANSLAG-rapporten

Miljøtema

B2 redusert opnar for reintrekk over Breiddalen der rv. 15 i dag er ein barriere for slikt trekk. Det vert gjort inngrep i Skjerdingsdalen med tilpassing til dagens veg.

Trafikkavvikling

I dette alternativet må Ospelitunnelen (2.550 m) oppgraderast for at den skal bli i samsvar med tunnelsikkerheitsforskrifta. Dette vil føre til omfattande trafikkproblem i den perioden denne oppgraderinga pågår. Vi har ein del erfaring frå vedlikehaldsarbeidet som har vore gjort tidlegare, og i praksis vil ein berre kunne drive anleggsarbeid frå 15.9. til 15.5. Stengings-regime og kostnader for trafikantane er utdjupa i KVU-rapporten. Forhåpentleg vil det vere mogleg å gjennomføre dette arbeidet i løpet av eitt år.

Oppfylling av mål.

B2 redusert oppfyller ikkje alle føringane Samferdselsdepartementet har sett til denne tilleggsutgreiinga. Alternativet vil fjerne skredproblema i Grasdalen, fokkproblem Breidalen og problem med dagens Oppljos- og Grasdalstunnelar. Ospelitunnelen vert opprusta, men ikkje til vegnormalstandard.

Stigninga/slyng frå Skora opp til Ospelitunnelen og skredproblem med Napefonna og Gotiskarfonna vert ikkje løyste. I tillegg vil standarden for Ospelitunnelen avhenge av kor store utbetringstiltak ein vil gjere i denne. Det kan bety same vegbreidde og tunnelhøgde som i dag og truleg redusert fart med automatisk trafikkontroll for å få eit akseptabelt risikonivå i samsvar med tunnelsikkerheitsforskrifta (jf. risikoanalyse frå Hoj Consulting i KVU-rapporten frå 2012).

Dersom ein reduserer krava til vinterregularitet i Breiddalen, er det mogleg å forkorte tunnelen i denne enden ved å la tunnelen kome ut på same staden som i dag. Dette kan gje ein redusert kostnad på om lag 200 mill. kr. Men dette vil hindre høve til reintrekk over Breiddalen.

4.4 *B3*

Alternativet inneheld ny Ospelitunnel og ny tunnel parallelt med dagens Grasdals- og Oppljostunnel.

Tabell 6 Nøkkeldata for B3

Lengde ny veg	14 420 m
Lengde veg i dagen	2 070 m
Lengde fjelltunnel	12 010 m
Lengde tunnelportal	280 m
Bruer	60 m
Byggetid	3 år

Alle lengder er «sannsynleg verdi» i ANSLAG-rapporten



Figur 7 Kart over alternativ B3 med arm til fv. 63 mot Geiranger

Miljøtema.
Inga betring i forhold til dagens situasjon for villreinen. Det vert inngrep i Skjerdingsdalen gjennom bygging av ny veglinje.

Trafikkavvikling
Arbeidet er føresett å kunne utførast parallelt med dagens tunnelar og bør kunne gjennomførast utan store trafikkproblem, sjølv om det vil vere aktuelt med tverrslag inn i dagens tunnelar for rømmingsvegar.

Oppfylling av mål.

B3 oppfyller ikkje føringane Samferdselsdepartementet har sett til denne tilleggsutgreiinga. Alternativet vil fjerne skredproblema i Grasdalen og problem med dagens tunnelar. Stigninga/slyng frå Skora opp til Ospelitunnelen og skredproblem med Napefonna og Gotiskarfonna vert ikkje løyste. Fokkproblema i Breidalen vil heller ikkje verte løyste.

4.5 *Heilårsveg til Geiranger*

I Opplendskedalen har vi teke utgangspunkt i planprogram for kommunedelplan for fv. 63 som vart sendt ut på høyring hausten 2015. Det ser ut til å vere stor semje om at dette er den beste plasseringa for fylkesvegen. Våre eigne vurderingar innan geologi, skred, landskap og andre ikkje prissette konsekvensar, forsterkar dette. Vi har difor ikkje brukt ressursar på å utgreie fleire veglinjer i Opplendskedalen i dette arbeidet. For å få ein mest mogleg naturleg avslutning av veglinja har vi føresett ny veg til Knuten som ligg i nordvestre enden av Opplendskedalen om lag 1400 m frå tenkt tunnelstart. Dette kan om ønskjeleg kortast noko ned, men sidan det er god tilgang på tunnelstein vil ein slik veg kunne byggjast relativt rimeleg. Dersom vi kortar ned til om lag 700 m vil dette gje ei innsparing på om lag 20 mill. kr.

Alle tunnelalternativa for fv. 63 kan koplast til rv. 15 alternativa B1, B2 og B3 med stigning < 3 % utan ekstra felt for saktegåande køyretøy. Ut frå små trafikkmengder tilrår risikoanalysen for tunnelane at det også er tilstrekkeleg med tofeltstunnel for direktetunnelane frå Opplendskedalen til Breiddalen og Skjerdingsdalen.

Det er ikkje mogleg å ha kryss i tunnel i alternativ 0+ pga av stigninga i Grasdalstunnelen som er for stor til at det er tilrådeleg å plassere eit kryss eller rundkøyring inne i tunnelen. Dersom vi flyttar krysset til Oppljostunnelen, vert tunnelen på fv. 63 over stigningskravet 5%.

Fv. 63 i B1
Tunnelen på rv. 15 frå Skora til Breiddalen må flatast ut i kryssområdet med fv. 63 for å få ei tilfredsstillande utforming. Denne utflatinga gjev noko ekstra tunnellengde på rv.15 (frå 16 km til 16,6 km), men dette fører samtidlig til kortare fv. 63 sidan justeringa av rv. 15 skjer mor Geiranger. Meirkostnaden, som er på om lag 100 mill. kr for forlenging av rv. 15 for å få til kryss med fv. 63, er lagt på fylkesvegen.

Tabell 7 Nøkkeldata for fv. 63 til Geiranger i alternativ B1

Lengde ny veg	9 230 m
Lengde veg i dagen	1 640 m
Lengde fjelltunnel	7 510 m
Lengde tunnelportal	50 m
Bruer	30 m
Anslegen byggetid	3 ½ år

Alle lengder er «sannsynleg verdi» i ANSLAG-rapporten

Fv. 63 i B2

Tunnelen på rv. 15 frå Skjerdingsdalen til Breiddalen har stigning < 3 % og treng difor ikkje flatast ut i kryssområdet med fv. 63 for å få ei tilfredsstillande utforming. På grunn av stigning < 3% har rv. 15 ikkje ekstra felt for saktegåande køyretøy og dette forenklar eit eventuelt kryss med fv. 63 vesentleg. Krysset vert difor langt billegare enn i alternativ B1 (om lag 50 – 60 mill. kr). Dette saman med at det ikkje er behov for utflating av tunnelen på rv. 15 i kryssområdet, veg opp for ekstrakostnaden som auka tunnellengde i høve B1 utgjer.

Tabell 8 Nøkkeldata for fv. 63 til Geiranger i alternativ B2

Lengde ny veg	10 225 m
Lengde veg i dagen	1 640 m
Lengde fjelltunnel	8535 m
Lengde tunnelportal	50 m
Bruer	30 m
Anslegen byggetid	4 år

Alle lengder er «sannsynleg verdi» i ANSLAG-rapporten

Fv. 63 i B3

Tunnelen på rv. 15 frå Skjerdingsdalen til Breiddalen har stigning > 3 % og treng difor flatast ut i kryssområdet med fv. 63 for å få ei tilfredsstillande utforming. Men dette har ikkje betydning for tunnellengda på rv. 15 då denne utflatinga kan korrigerast på slutten av tunnelen der den har mindre stigning (langs Oppljostunnelen). Men stigning > 3 % gjer at rv. 15 har ekstra felt for saktegåande køyretøy i kryssområdet noko som gjev eit meir omfattande kryss (som i alternativ B1). Saman med lengre fylkesvegtunnel gir dette ei dyrare løysing for fv. 63.

Tabell 9 Nøkkeldata for fv. 63 til Geiranger i alternativ B3

Lengde ny veg	11 560 m
Lengde veg i dagen	1 640 m
Lengde fjelltunnel	9 840 m
Lengde tunnelportal	50 m
Bruer	30 m
Anslegen byggetid	4 ½ år

Alle lengder er «sannsynleg verdi» i ANSLAG-rapporten



Figur 8 Kart over alternative løysingar for fv. 63 heilårsveg til Geiranger

Fv. 63 som direkte tunnel til Breiddalen og Skjerdingsdalen

I tillegg til løysingar som føreset kryss i tunnel, har vi også vurdert løysingar med direkte tunnel frå Opplendskedalen til rv. 15 i Breiddalen og Skjerdingsdalen. Alternativa er å føre tunnelen frå Opplendskedalen fram til Breiddalen eller Skjerdingsdalen og etablere eit kryss i dagen ved Lægervatn eller i Skjerdingsdalen. Vi har sett på to alternativ. Begge tek utgangspunkt i same vegsystem og tunnelplassering i Opplendskedalen som for alternativa kopla mot B1, B2 og B3 på rv. 15.

Alternativ til Lægervatn: Dette alternativet går med 4,9 % stigning til tunnelutgang ved Lægervatn aust for der krysset mellom rv. 15 og fv. 63 er i dag. Alternativet kan kombinerast med både alternativ B1, B2 og B3,Vi har gjort geologiske og skredtekniske vurderingar av denne staden og det bør vere mogleg å få til eit kryss her. Ulempa er at krysset vert plassert på ein stad med ein del snøfokkproblem som kan gje stengingar.

Alternativ til Skjerdingsdalen: Det andre alternativet går med 1,8 % stigning til tunnelutgang i Skjerdingsdalen. Alternativet kan vanskeleg kombinerast med alternativ B1 sidan dette medfører at dagens riksveg 15 må haldast open heile året. Det er ikkje store snøfokkproblem i Skjerdingsdalen, men stigningstilhøva ut i dagen kan bli utfordrande. Dette må ein kome

tilbake til i detaljplanlegginga. Men løysinga er mogleg å få til innafor rammene vegnormalane set.

Tabell 10 Nøkkeldata for fv. 63 til Geiranger utanom rv. 15

	Fv. 63 Opplendskedalen - Breiddalen	Fv. 63 Opplendskedalen – Skjerdingsdalen
Lengde ny veg (m)	12 950	12900
Lengde veg i dagen (m)	2640	2140
Lengde fjelltunnel (m)	10080	10530
Lengde tunnelportal (m)	200	200
Bruer (m)	30	30
Anslegen byggetid	3 ½ - 5 år	3 ½ – 5 år

Alle lengder er «sannsynleg verdi» i ANSLAG-rapporten

Miljøtema.
Tilhøva for villreinen vil bli som for B-alternativa for alternativa med kryss i tunnel. Ved direkte tunnel til Breiddalen vil ikkje tilhøva for villreinen bli forbetra viss krysset vert plassert for langt mot vest (i nærleiken av der krysset mellom fv. 63 og rv. 15 er i dag). Opplendskedalen er ein del av verdsarvområdet Geirangerfjorden og alle alternativa vil gje inngrep i dalen. Sjå elles kapittel 6 for vurderinga av ikkje prissette konsekvensar.

Trafikkavvikling
Arbeidet bør kunne gjennomførast utan store trafikkproblem.

Oppfylling av mål.
Alle løysingane som er foreslegne for fv. 63 oppfyller føringane frå Samferdsels-departementet om ein heilårsveg til Geiranger. Men alternativet til Breiddalen kan få noko stenging pga snøfokk.

4.6 *Vegeigarskap*

Sidan fylkesveg 63 er eit fylkeskommunalt prosjekt, kan det vere av interesse å sjå korleis dei ulike alternativa fordeler seg mellom fylka. Dersom ein ser føre seg ein kostnadsdeling ut frå tunnellengde, kan dette gje ein indikasjon på det.

Alternativ	**Møre og Romsdal**	**Sogn og Fjordane**	**Oppland**
B1 med arm	80 %	20 %	0 %
B2 med arm	60 %	40 %	0 %
B3 med arm	55 %	45 %	0 %
Tunnel til Breiddalen	70 %	0 %	30 %
Tunnel til Skjerdingsdalen	50 %	50 %	0 %

Tabell 11: Fordeling på vegeigarar etter tunnellengde på fv. 63

I seinare planfasar må det avklarast kva status eksisterande rv. 15 over Strynefjell skal ha både når det gjeld vegeigarskap, bruk, vernestatus og opningstider.

Dersom det ikkje vert samtidig utbygging av rv. 15 og fv. 63, må ein i alternativ B1, B2 og B3 avklare kven som skal ta dei førebelse kostnadane med tilrettelegging for kryss i tunnel. For B1 og B3 utgjer dette om lag 150 mill. kr og for B2 50 mill. kr

4.7 Massedeponi

Alle alternativ vil generere eit stort behov for massedeponi. Totalt vil alt. B1 gje om lag 2,7 mill. m^3 sprengt stein (utlagt i fylling) og fullt utbygd vil B2 gje om lag 3 mill. m^3. Tunnel til Opplendskedal vil gje eit tillegg på om lag 0,9 – 1,7 mill. m^3.

Massedeponi må avklarast i samband med reguleringsplanen for veganlegget og vil verte avgjort i nært samarbeid med miljøvernmyndigheiter og kommunane. Transportlengde for massane har stor innverknad for kostnadane, og vi har difor vore nøydt til å anta moglege massedeponi sjølv om det ikkje vil vere avklart på dette planstadiet.
Vi har vurdert følgande mulege plasseringar av massane:

- På Skora gard. Landbruksområdet ligg i dag lågare enn elva gjennom dalen og elveforbyggingar hindrar overfløyming. Ein kan tenke seg å ta av matjorda og heve terrenget med tunnelmasse før ein legg matjorda tilbake. På grunn av den korte transportavstanden vil dette vere kostnadseffektivt sjølv om det er kostnader med tilrettelegging av arealet etter fyllinga.
- Dumping av masser i Djupevatnet (vest for Lægervatn mot Geiranger), i Langevatnet og i Breiddalsvatnet.
- Plassering av masser i Grasdalen. Her er plassert betydelege masser i samband med utbygging av dagens tunnelar. Med hensiktsmessig arrondering kan ein plassere ytterlegare massar utan å øydelegge terrenget for mykje.
- Plassering av masser i terrenget i området aust og vest for Grotli. Om mogleg bør det gjerast på ein måte som gjer massane nyttige til samfunnsnyttige føremål.
- Plassering i Opplendskedalen ved Kopahola sørvest i dalen ved foten av Flydalshornet eventuelt lengre nordvest i Opplendskedalen. Bruken av dette området må tilpassast skredfaren i området.

I kostnadsberekninga (ANSLAG) har vi rekna med at delar av massane vert lagt ut ved Skora med opparbeiding av nytt jordbruksland og delar er køyrt til massedeponi. Dette er rekna likt for alle alternativ. I praksis vil det vere lettare (og billegare) å deponere massane i låglandet for alternativ B1 og B2, enn for alternativ B2 redusert og B3 som kjem ut i Skjerdingsdalen. Dette vil kunne føre til litt mindre kostnadsskilnad mellom B1/B2 og B2 redusert/B3 enn det som kjem fram i ANSLAG. I tillegg har vi skjematisk korrigert tala for bruk av masse i vegbygginga. Vi har ikkje gått meir detaljert til verks på dette då det gir relativt små utslag i høve totalkostnaden.

4.8 Forkasta alternativ i området Skora - Ospelitunnelen

Det er gjort eit alternativssøk for å finne mulege variantar samstundes som ein får ned tunnellengda og med det kostnaden. Dette er også ei oppsummeringa av nokre alternativ som er komne fram i høyrings- og KS1-arbeidet med KVU-en. Skissa nedanfor viser dette skjematisk.



Figur 9: Forkasta løysingar ved Skora - Ospeli

Jøl bru

Ved å føre vegen opp i lia nordvest for Skora og følgje fjellsida i ei djup skjæring fram til Jøl bru, er det muleg å vinne så mykje høgde at tunnellengda for B1 vert redusert frå 16 km til i overkant av 14 km. Men den geologiske vurderinga viser at lia bak Skora gard er skredfarleg og at kryssinga ved Jøl bru er både skredfarleg og vanskeleg på grunn av oppsprukke/knust fjell. Alternativet er forkasta av omsyn til skredfare og vanskelege geologiske tilhøve.

B4

KS1-konsulenten for KVU-en har tilrådd eit alternativ som går frå Øvstefoss bru (eit stykke ovanfor Jøl bru) og opp til Lægervatn. Dette alternativet har ei tunnellengde på ca. 13 km. Dersom dette alternativet skal tilfredsstille føringane om å fjerne stigningsproblema frå Skora opp til Ospelitunnelen for å få akseptabel framkomst for tungtrafikken, må ein fortsette rett over dalen og inn i tunnel på sør-sida. Dette er ikkje muleg på grunn av skredfare frå Napefonna. Alternativet kan difor ikkje vere eit byggesteg 1 fram mot ei framtidig fullgod løysing.

Sjølv om ein skulle akseptere at dagens veg opp til Øvstefoss bru er av tilstrekkeleg kvalitet, er alternativet ikkje akseptabelt fordi det ikkje er mogleg å få til eit tilfredsstillande kryss med dagens rv. 15. Alternativet er difor forkasta på grunn av manglande måloppnåing og ikkje tilfredsstillande kryss med dagens veg.

Ein liknande variant er eit alternativ som går frå Ospeli ved tunnelinnslaget i sørenden av dagens Ospelitunnel og til Lægervatn. Dette vil gje ein tunnel på om lag 11 km. Men denne løysinga gjer det heller ikkje mogleg å tilfredsstille føringane når det gjeld skredproblem på strekninga (Napefonna, Gotiskarfonna) eller med å fjerne stigningsproblema frå Skora opp til Ospelitunnelen for å få akseptabel framkomst for tungtrafikken. Det vil også vere utfordrande å få til kryss med dagens rv. 15 og fylkesveg 258 over gamle Strynefjell Alternativet er difor forkasta på grunn av manglande måloppnåing og vanskeleg terreng med omsyn til kryssutforming ved sørenden av Ospelitunnelen.

Fv. 63 i Opplendskedalen

For fv. 63 i Opplendskedalen har det vore naturleg å ta utgangspunkt i skissa som ligg til grunn for planprogrammet til kommunedelplanen som Stranda kommune har hatt ute på høyring hausten 2015. Det kan vere mogleg å finne andre tunnelinnslag i Opplendskedalen. Men sidan tunnellengdene ikkje vil variere vesentleg, kan endeleg plassering av tunnelen eventuelt gjerast i kommunedelplanarbeidet som Stranda kommune har starta opp. Vi viser elles til gologisk rapport i vedlegg 2 som drøftar desse løysingane.

5. Prissette konsekvensar

5.1 *Kostnadsberekning*

Som ein del av revidert tilleggsutgreiing, er det utarbeidd nytt kostnadsoverslag etter ANSLAG-metoden for alle alternativa.

I samband med tilleggsutgreiinga, vart det også gjennomført ANSLAG på dei vurderte alternativa. I tillegg har vi eit forenkla ANSLAG som vart gjort i samband med KVU-utgreiinga og KS1-konsulenten si kostnadsvurdering i KS1-rapporten.

Dei ulike overslaga er utført med ulik kroneverdi, mva., tunnelprofil o.a. I det følgande er det gjort ei omrekning for å gjere dei samanliknbare. Det er nytta følgande omrekningsfaktorar:

- Prisomrekning frå 2011-kr. til 2014-kr: 7,5% (SSB 8,3 %)
- Prisomrekning frå 2014-kroner til 2016 – kroner: 5,7 %
- Mva. 9 %, ny mva. 25%
- Kostnadsauke pr. lm tunnel for overgang frå T 9,5 til T 13: 20%

5.1.1. KVU-berekningane

KVU-berekningane er gjennomført etter ein forenkla ANSLAG-metode og dokumenterte i vedlegg til KVU-rapporten. Det er nytta 7% mva., T 9,5 i tunnelprofil og prisnivå 2011:

Tabell 12 Berekning frå KVU-dokumentet (mill. 2011-kr)

	B1	B2	0+	B2 redusert	B3
Kostnad	1835	2295	186 *)	1347 **)	1405

*) Fråtrekt snøoverbygg Grasdalen (250 - 300 mill. kr).
**) Berekna 250 mill. for oppgradering Ospelitunnelen

Omrekna til 2016-kroner, full mva. og T13-profil på B1 og Folva – Skjerdingsdalen på B2, gjev dette:

Tabell 13 Justert berekning frå KVU-dokumentet i mill. 2016-kroner

	B1	B2	0+	B2 redusert	B3
Kostnad	2952	3400	280 *)	2073 **)	2261

*) Fråtrekt snøoverbygg Grasdalen (250 - 300 mill. kr).
**) Berekna 250 mill. for oppgradering Ospelitunnelen

Usikkerheit i berekningane er på +/- 40%

5.1.2. KS1-konsulenten sine berekningar

KS1-konsulenten har gjennomført ei sjølvstendig usikkerheitsanalyse med utgangspunkt i Statens vegvesen sine einingsprisar. Denne er gjennomført i 2011-kroner, men med 25% mva. Den konkluderer med ein forventa kostnad noke høgare enn i KVU'en:

Tabell 14 Berekning frå KS1-konsulenten (mill. 2011-kr)

	B1	B2	0+	B2 redusert	B3
Kostnad	2459	3173	224 *)	**)	1753

*) Fråtrekt snøoverbygg Grasdalen (250 - 300 mill. kr).
**) Ikkje berekna av KS1-konsulent

Omrekna til 2016-kroner, full mva. og T13-profil, gjev dette:

Tabell 15 Justert berekning frå KS1-konsulenten i mill. 2016-kroner

	B1	B2	0+	B2 redusert	B3
Kostnad	3 353	3 999 ***)	285 *)	**)	2 230

*) Fråtrekt snøoverbygg Grasdalen (250 - 300 mill. kr).
**) Ikkje berekna av KS1-konsulent
***) Summen er ikkje spesifisert hjå KS1-konsulenten. Den er her berekna ut frå %-vis fordeling på T9,5 og T13-profil

Usikkerheitsprofil på berekningane er beskrive i KS1-rapporten.

5.1.3. ANSLAG 15.12. 2015

Det er gjennomført nytt kostnadsanslag etter ANSLAGS-metodikk på alle aktuelle alternativ i samband med revidert tilleggsutgreiing. Kostnadane er til dels vesentleg høgare enn tidlegare. Dette skuldast mellom anna at det metodisk er lagt på usikkerheitstillegg m.a. på grunn av mulege endringar til krav til utforming når prosjektet skal gjennomførast. Dette er ein faktor som berre delvis er med i dei andre kostnadsrekningsmetodane. Totalt utgjer dette usikkerheitstillegget ca. 17%. Prisane er i tillegg oppdatert i høve det marknaden leverer i dag.

Tabell 16 ANSLAG 15.12.2015 i mill. 2016 -kroner

	B1	B2	0+	B2 redusert	B3
Berekna kostnad	3 838	4 681	280 *)	2 628	2 814

*) Fråtrekt snøoverbygg Grasdalen (250 - 300 mill. kr).

Usikkerheitsvurdering ved ANSLAG'et er dokumentert i ANSLAG-rapportane.

5.1.4. Samla vurdering kostnader

Ei samla oppstilling av kostnadsberekningane frå dei ulike fasane er vist i tabellane nedanfor.

Tabell 18 Samla oppstilling forventa kostnader i mill. 2016-kroner

	B1	B2	0+	B2 redusert	B3
KVU-berekning	2 952	3 400	280 *)	2 073 **)	2 261
KS1-berekning	3 353	3 999 ***)	285 *)	**)	2 230
ANSLAG 15.12.2015, avrunda til nærmaste 50-mill.kr	3 850	4 700	300 *)	2 600	2 800

*) Fråtrekt snøoverbygg i Grasdalen (250 - 300 mill. kr).
**) Ikkje berekna av KS1-konsulent
***) Summen er ikkje spesifsert hjå KS1-konsulenten. Den er berekna ut frå %-vis fordeling på T9,5 og T13-profil

Tabell 17 Fv. 63 heilårsveg til Geiranger ANSLAG 15.12.2015 i mill. 2016 - kroner

	Fv. 63 i alt. B1	Fv. 63 i alt. B2	Fv. 63 i alt. B3	Tunnel til Breiddalen	Tunnel til Skjerdingsdalen
Berekna kostnad, runda av til næraste 50-mill. kr	1 600	1 500	1 900	2 100	2 100

Usikkerheiten i kostnadstala er +/- 40 %. Det betyr at kostnaden for alternativ B1 kan ligge mellom 2 300 – 5 350 mill. kr og fv. 63 i alternativ B1 mellom 1000 – 2250 mill. kr.

5.2 Ulukker og tunnelrisiko

Alternativa med full måloppnåing blir utforma i samsvar med vegnormalane og det er ikkje forutsett særlege skilnader i den generelle ulukkesrisiko. Ulukkeskostnadane for alle alternativ er berekna i EFFEKT.

Multiconsult har utført risikoanalyse (vedlegg 5) og beredskapsanalyse (vedlegg 6) for dei ulike alternativa. Risikoen er vurdert til å variere frå 0,15 – 0,22 drepne pr år for dei ulike alternativa. Det er val av fartsgrense som gir det største bidraget til risikotalet. I våre berekningar er det føresett 90 km/t fartsgrense sidan dette gir det mest konservative anslaget på risiko. Risikotalet kan redusertast med om lag 60 % om fartsgrensa vert sett til 80 km/t (dvs. risikotal frå 0,1 – 0,13 drepne pr år). Endeleg fastsetting av fartsgrense og risiko inkludert avbøtande tiltak må fastsetjast i seinare planfasar.

5.3 Trafikkavvikling/ulemper i byggefasen

I KVU'en er det gjort ei vurdering av kostnader i byggefasen for dei alternativa som gjev vesentlege ulemper for den daglege trafikken. Sjå også kapittel 4.1 – 4.5. I Effektberekninga er pris på venting og heft for trafikantane sett til 65 mill. kr.

5.4 Køyretid

Køyretid for dei ulike alternativa inngår som element i EFFEKT-berekninga. I denne utgreiinga er det i tillegg drege ut som eige element for å syne skilnader på alternativa. Køyretida er berekna frå Folva til Lægervatn, Geiranger til Folva og Geiranger til Lægervatnet. Tabell 18 viser køyretidene på rv. 15. Meir informasjon om dette er å finne i vedlegg 7 «Prisatte konsekvensar».

Tabell 18 Køyretid Folva - Lægervatn

	Lengde (km)	Køyretid lett (minutt)		Køyretid tung (minutt)	
		Vestover	Austover	Vestover	Austover
0+	26,7	28	29	30	33
B1	21,6 – 22,3	15-16	17	16-17	19-20
B2	25,6	17	18	18	21
B2 redusert	25,2	22	23	24	27
B3	26,9	23	24	25	28

5.5 EFFEKT-berekning

Dei samfunnsøkonomiske berekningane er gjennomførde ved hjelp av EFFEKT 6.6. Resultat frå køyringane er lagt ved denne rapporten i vedlegg 7 «Prissatte konsekvensar» Trafikktall er henta frå oppdatert trafikknotat datert 3.12.2015 (Vedlegg 3). I samband med berekning av EFFEKT, vert det gjort ein del føresetnader ved innlegging av inngangsdata :

- Samanlikningsår er 2025 med 40 år som berekningsperiode. Trafikktal for 2040 er korrigert for dette. Dette betyr at vi har utarbeidd trafikkprognose for 2040 slik at det kan samanliknast med KVU-en, men i Effektberekningane er prognose for trafikk forlenga til 2065.
- 0-alternativet samsvarar med KS1-konsulentane sitt 0+. Her er det lagt inn ein eingongskostnad under drift og vedlikehald for oppgradering av eksisterande tunnelar (280 mill. kr). Det er også lagt inn pris på venting og heft for trafikantane (65 mill. kr). Det er rekna med ein gjennomsnittsfart på 60 km/t for 0+ på strekninga Ospeli – Langvatnet.

- I B1 er det rekna med drift av eksisterande veg og tunnel til Skjerdingsdalen.
- I samband med revisjon av tilleggsutgreiinga har vi teke omsyn til at det kan vere mogleg å skilte tunnelar med 90 km/t fartsgrense, men dette avheng av om ein aksepterer den auka risikoen dette medfører (jf. kap. 5.2). Ut frå dette er 90 km/t lagt til grunn i dei samfunnsøkonomiske berekningane. Fartsgrenser vert ikkje fastlagt i KVU-systemet. Dersom fartsgrensa vert sett til 80 km/t, vil trafikantnytten bli noko lågare enn berekna samtidig som risikoen for ulykker vert redusert.



Figur 10: Samanstilling av prissette konsekvensar

Tabell 19: Resultat frå EFFEKT-køyring (i mill. 2016-kr)

	Nytte trafikantar og transportbrukarar	Kostnader for det offentlege	Netto Nytte	Netto Nytte pr. budsjettkrone
B1	1 454	-3 694	-3 040	-0,82
B2	1 054	-4 584	-4 574	-1,00
B2 redusert	591	-2 437	-2 409	-0,99
B3	572	-2 598	-2 648	-1,02
B1 med ny fv. 63	2 155	-5 441	-4 460	-0,82
B2 med ny fv. 63	1 808	-6 249	-5 835	-0,93
B2 - redusert med ny fv. 63	1 317	-4 087	-3 693	-0,90
B3 med ny fv. 63	1 100	-4 646	-4 631	-1,00
Tunnel fv. 63 Opplendskedalen til Breiddalen (T9,5)	512	-2 245	-2 249	-1,0
Tunnel fv. 63 Opplendskedalen til Breiddalen	543	-2 294	-2 275	-0,99
Fv. 63 til B1 uten B1 *)	**702**	**-1 747**	**-1 420**	**-0,81**
Fv. 63 til B2 / B2-redusert uten B2 *)	**730**	**-1 664**	**-1 270**	**-0,77**
Fv. 63 til B3 uten B3 *)	**528**	**-2 048**	**-1 980**	**-0,97**

*) Vi har stipulert effekten av å byggje fv.63 åleine etter at rv. 15 er utbetra. Sidan vi ikkje veit noko om rekkefølgje og tidsforløp for ei slik stegvis utbygging, er det uråd å rekne på dette. Tala ovanfor er komne fram ved å trekke effektane frå riksvegdelen frå effekten for samla utbygging av riks og fylkevegen.

Resultata frå dei EFFEKT-køyringane som er gjort i denne tilleggsutgreiinga kan ikkje samanliknast med EFFEKT-køyringane i KVU'en. Sidan 2011 har EFFEKT-programmet vorte oppgradert fleire gongar med nye parametrar og reknerutinar som har stor innverknad på resultatet.

Generelt er denne type berekningar følsomme både for grunnlagsdata og føresetnader som vert nytta og for parametrar og rutinar internt i programmet. Dersom same datasett og programversjonar vert nytta, vil ein likevel vanlegvis få fram eit godt bilete av samanlikning av lønsemd for ulike alternativ for same prosjekt, så lenge alternativa inneheld tilnærma like karakteristikkar.

Stenging/kolonnekøyring av veg for skred og skredfare og vinterstengt veg er ikkje rekna inn i EFFEKT-berekningane. For alle alternativa vil betring av regulariteten føre til betre total NettoNytte og NettoNytte/Budsjettkrone.

Oppsummert er dei ulike alternativa relativt like når vi samanliknar dei samfunnsøkonomiske effektane som er berekna.

6. Ikkje prissette konsekvensar (Miljøtema)

6.1 *Vurdering av konsekvensar for landskapsbilde*

Prosjektet ligg delvis i landskapsregion *Indre bygder på Vestlandet* (LR 23), i underregionane Stryn og Stranda/Synnylven, og delvis i *Høgfjellet i Sør-Norge* (LR 16), i underregionen Tafjordfjella/Trolltindane (Puschmann 2005). LR 23 Indre bygder på Vestlandet er kjenneteikna av djupskorne U-dalar og fjordar omkransa av høge fjell og tindar (Puschmann 2005). LR 16 Høgfjellet i Sør-Norge er kjenneteikna av glasiale og alpine storformer, ofte i form av avrunda eller storkupert hei/vidde (Puschmann 2005).

Konsekvensar av konsepta B1, B2 og B3 for landskapsbiletet er i KVU datert 22. mars 2012 høvesvis vurdert som ubetydeleg (0), liten negativ (-) og middels negativ (--). Det er ikkje kome fram opplysingar som endrar desse vurderingane. Alternativ B1 utan arm til Opplendskedalen kjem best ut då ein unngår inngrep i Skjerdingsdalen og Opplendskedalen.

Med heilårsveg til Geiranger vil det i tillegg verte tunnelinnslag og ny veg i dagen i Opplendskedalen, og ein grip dermed inn i verdsarvområde Geirangerfjorden (Vestnorsk fjordlandskap) som har nasjonal og internasjonal opplevingsverdi. Landskapet i sjølve Opplendskedalen har ikkje same inntrykksstyrken som resten av verdsarvområdet, sjølv om det ligg tett opp til eit internasjonalt verdifullt og særmerkt landskap. Opplendskedalen er likevel sårbar for inngrep, og planlegging av tunnelinnslag, ny veg i dagen og evt. massedeponi vil krevje god planlegging og landskapstilpassing.

Veglinja bør helst liggje på fyllingar i overgangen mellom innmark og skog, og bør i størst mogleg grad følgje småformene i landskapet, utan lange skjeringar. Ein bør unngå å leggje vegen på tvers av Opplendskedalen og elva der. Sjølv med god landskapstilpassing vil nye inngrep vere uheldig for den landskapsmessige heilskapen i verdsarvområde Geiranger-fjorden. Samla sett er derfor alle konsepta med arm til Opplendskedalen vurdert som meir negative enn utan arm til Opplendskedalen (tabell 20).

Tabell 20 Samla vurdering av konsekvensar for landskapsbilde

	B1	B2	B2 redusert	B3
Utan arm til Opplendskedalen	0	-	-	--
Med arm til Opplendskedalen	-	--	--	---

Alternativet med direkte tunnel frå Opplendskedalen til Breiddalen (fv. 63) er vurdert til å ha **liten negativ konsekvens (-)** for landskapsbildet, grunna inngrep i Opplendskedalen som nemnt over.

Direkte tunnel frå Opplendskedalen til Skjerdingsdalen (fv. 63) er vurdert til å ha **middels til stor negativ konsekvens (---)** for landskapsbilete. Avhengig av omfanget, som ikkje er klargjort på dette tidspunktet, kan inngrepa vil vere svært uheldig og gje store negative verknader for landskapsbiletet i Skjerdingsdalen.

6.2 *Nærmiljø og friluftsliv*

Vi har gjort ei overordna konsekvensvurdering av deltemaet nærmiljø og friluftsliv for alle relevante alternativ i konsept B i KVU-en, med vurdering av heilårsveg til Geiranger. Den aktuelle strekninga går frå Breiddalen i Skjåk kommune (Oppland) til Hjelledalen i Stryn kommune (Sogn og Fjordane) og Opplendskedalen i Stranda kommune (Møre og Romsdal).

Konsepta B1, B2 og B3 (utan arm til Opplendskedalen) er i KVU datert 22. mars 2012 vurdert til å ha ubetydeleg konsekvens (0) for nærmiljø og friluftsliv. Konsept B2 fører til endringar i nærmiljøet kring Folven som kan ha negativ konsekvens. Vurderinga av B2 er derfor endra til liten negativ konsekvens (-).

Med arm til Opplendskedalen i Stranda kommune, vil ein gripe inn i verdsarvområde Geirangerfjorden, som har turist- og friluftsinteresser av nasjonal kvalitet. Som eit nytt heilårssamband til Geiranger kan tunnelen samstundes gje auka tilgang til turist- og friluftsområdet i Geiranger/Stranda, og lengre sesong. Reelt omfang av tiltaka og konsekvens av inngrepet for friluftsliv i verdsarvområdet er derfor usikkert.

I alle vurderingane er det lagt til grunn at delar av eksisterande rv.15 og fv. 63 kan haldast opne i sommarsesongen for å sikre tilgang til nasjonale turistvegar og viktige friluftsområde ved Dalsnibba, Tafjordfjella, Skjerdingsdalen og Tystigebreen (Gamle Strynefjellsvegen). Dersom dette ikkje vert tilfelle, kan alternativa få større negativ konsekvens for friluftslivet.

Samla sett er det liten skilnad mellom alternativa i konsept B når det gjeld konsekvensar for nærmiljø og friluftsliv (tabell 21). Alternativ B1, B2 redusert og B3 utan arm til Opplendskedalen kjem best ut då ein unngår direkte inngrep i nærmiljøa i Opplendskedalen og ved Folven i Hjelledalen.

Tabell 21 Samla vurdering av konsekvensar for nærmiljø og friluftsliv

	B1	**B2**	**B2 redusert**	**B3**
Utan arm til Opplendskedalen	0	-	0	0
Med arm til Opplendskedalen	-	-	-	-

Alternativet med direkte tunnel frå Opplendskedalen til Breiddalen (fv. 63) er vurdert til å ha **liten negativ konsekvens (-)** for nærmiljø og friluftsliv, hovudsakleg på grunn av verknader for nærmiljøet i Opplandskedalen. Dei reelle konsekvensane for friluftsliv er usikre og vil mellom anna kunne påverkast av endra tilgang til viktige friluftsområde.

Direkte tunnel frå Opplendskedalen til Skjerdingsdalen (fv. 63) er vurdert til å ha **liten negativ konsekvens (-)** for nærmiljø og friluftsliv, hovudsakleg på grunn av verknader for nærmiljøet i Opplandskedalen. Traseane fører til nye/større inngrep i regionalt/nasjonalt viktige friluftsområde både i Opplendskedalen og Skjerdingsdalen, men dei reelle konsekvensane for friluftsområda er noko usikre.

6.3 *Naturmangfald inkludert omsyn til villrein*

I KVU'en er det omtala behov og konsekvensar for villreinen i området. Vi har i samband med revidert tilleggsutgreiing gjort ein ny vurdering av naturmangfald for alle aktuelle alternativ som eit fagleg grunnlag for KVU'en for rv.15 Strynefjellet inkl. heilårsveg til Geiranger. Den aktuelle strekninga går frå Breiddalen i Skjåk kommune (Oppland) til

Hjelledalen i Stryn kommune (Sogn og Fjordane), med ein sidearm til Opplendskedalen i Stranda kommune (Møre og Romsdal).

Det er mange registreringar og store naturverdiar knytte til utgreiingsområdet. Med utgangspunkt i kjende opplysningar frå databasar og rapportar, er det gjort ei grov vurdering av moglege verknadar for naturmangfald.

I Hjelledalen er det tre aktuelle område for omlegging av vegen og tunnelinnslag. For naturmiljø er alternativt B1 i område ved Skora vurdert til å ha dei største negative verknadane, så Folva og legst Ospeli. Ved Skora er det både utvald naturtype, jf. naturmangfaldlova Kapittel IV, og regionalt viktige naturtypar. Strynevassdraget er verna og har status som nasjonalt laksevassdrag.

I Skjerdingsdalen er det viktig å gå klar av ein del verdifulle område vest for noverande rv. 15. Der er det difor alternativ B3 som kjem dårlegast ut.

På Strynefjellet er det heilt klart ein fordel å få tunnelinnslaget legst mogleg mot aust, og seinare opning om våren/sommaren av noverande fv. 63, av omsyn til villreinen. Alternativ B1 og B2 kjem difor best ut der. I dei samla vurderingane vert den positive verknaden for villreinen på Strynefjellet trekt ned av dei negative konsekvensane i Hjelledalen for desse alternativa.

I Opplendskedalen har alle alternativa lik løysing. Her er det verna vassdrag, og det kan vere noko påverknad av ein freda art. Samtidig vil ein arm til Opplendskedalen med påkopling i tunnel ha positive verknadar for villreinen på Strynefjellet, noko som veg tungt.

Tabell 22 Samla vurdering av konsekvensar for naturmangfald

	B1	**B2**	**B2 redusert**	**B3**
Utan arm til Opplendskedalen	-- (---)	-	0	--
Med arm til Opplendskedalen	--	-	0	--

Alternativt B2 redusert er vurdert til å ha liten eller ingen konsekvens (0), og direktetunnel frå Opplendskedalen til Breiddalen eller Skjerdingsdalen vil ha middels negativ konsekvens (--).

Omfang og konsekvensar er vurdert ut i frå dagens kjennskap til naturverdiane i område og ei veglinjeføring som grovt skissert utan tilkomstvegar og andre følgjetiltak. Det er relativt god kjennskap til villreinen. Mykje av kunnskapen om naturmangfaldet er likevel av eldre dato, og det er sannsynleg at statusen til ein del naturtypar kan bli endra (opp eller ned) med oppdatert kunnskap. Det er difor mogleg at seinare/nyare kunnskap kan gje endringar i vurderingane.

For å redusere konfliktgraden er det viktig å unngå inngrep i verna vassdrag, og den naturlege kantsona til desse. Val av løysingar, t.d. lang bru, kan gje monaleg mindre negativ konsekvens. Ulike tilpassingar kan også redusere konsekvensane for andre naturverdiar.

Det er ikkje gjort vurderingar av massedeponi, tverrslag og liknande følgjeinngrep.

6.4 *Kulturminne og kulturmiljø*

I samband med tilleggsutgreiinga har vi gjort ei ny vurdering av kulturminne og kulturmiljø. Dette inngår som eit fagleg grunnlag for tilleggsutgreiing til konseptvalutgreiing (KVU) for rv. 15 Strynefjellet, og tek utgangspunkt i fagrappport frå Asplan Viak frå 2010 og tidlegare vurderingar gjort i KVU datert 22. mars 2012. Det er gjort ei overordna konsekvensvurdering av deltemaet kulturminne og kulturmiljø for alle relevante alternativ i konsept B i KVU-en, med vurdering av heilårsveg til Geiranger. Den aktuelle strekninga går frå Breiddalen i Skjåk kommune (Oppland) til Hjelledalen i Stryn kommune (Sogn og Fjordane) og Opplendske-dalen i Stranda kommune (Møre og Romsdal).

Konsekvensar av Konsepta B1, B2 og B3 for kulturminne og kulturmiljø er i KVU datert 22. mars 2012 høvesvis vurdert som ubetydeleg (0), liten negativ (-) og middels negativ (--). Dette er konklusjonane også etter denne reviderte tilleggsutgreinga. Til skilnad frå den opphavlege KVU-en, blir det i denne reviderte tilleggsutgreiinga meir detaljert gjort greie for kvar det største konfliktpotensialet ligg.

Det er mange kulturminne med stor verdi innan det aktuelle området for å byggja ny rv. 15 med tunnel under Strynefjellet. Både gamle (fv. 258) og nye (rv. 15) Strynefjellsvegen, samt Geirangervegen (fv. 63) er forskriftsfreda. Alle vegane har nasjonal verdi, og det er strenge restriksjonar på kva som kan gjerast av endringar på desse vegane. I tillegg til dei forskriftsfreda vegane, vil ein ny veg til Geiranger gripa inn i verdsarvområde Geirangerfjorden (Vestnorsk fjordlandskap). Ut over dette, er det særleg i Skjerdingsdalen ein har kulturmiljø med stor verdi med stølsmiljø frå førhistorisk og nyare tid. Også gardane Grov/Gutdal/Folva har kulturmiljø med stor verdi.

Der ein planlegg å endra/utvida eksisterande rv. 15 Strynefjellet og fv. 63Geirangervegen, vil ein kunne få store konsekvensar for desse vegmiljøa som er av nasjonal verdi. Føresetnadane for å forskriftsfreda vegmiljøa fell vekk, og konsekvensane vil såleis vera negative. Dersom ein planlegg tiltak som kjem i konflikt med hensikta og føremålet med vernet, må det søkast løyve av vernemynde.

Samla vurdering av kulturminne og kulturmiljø går fram av tabellen under. Sidan omfanget ved dei ulike tiltaka er uklårt, vil det også vera stor usikkerheit rundt konsekvensane. Det er difor viktig å understreka at konsekvensane som blir presentert i dette dokumentet er gjort på bakgrunn av den kunnskapen ein i dag har om dei ulike tiltaka.

Tabell 23 Samla vurdering av konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø

	B1	**B2**	**B3**
Utan arm til Opplendskedalen	0	-	--
Med arm til Opplendskedalen	-	--	---

Etter den samla vurderinga, kjem Konsept B1 utan arm til Opplendskedalen ut som det beste alternativet i forhold til kulturminne og kulturmiljø. I tillegg er det gjort ei vurdering av ny direktetunnel frå Opplendskedalen til Breiddalen (fv. 63). Alternativet er vurdert til å ha **middels negativ konsekvens (--)** for kulturminne og kulturmiljø. Det er også vurdert ein tunnel frå Opplendskedalen til Skjerdingsdalen. Dette alternativet er vurdert til å ha store negative konsekvensar (---) for kulturminne og kulturmiljø. Desse alternativa er vurdert uavhengig av val av alternativ for rv. 15.

7. Måloppnåing

Måloppnåinga er målt i høve til oppdraget frå Samferdselsdepartementet definert i brev datert 17. februar 2014, 5. september 2014 og 14. juni 2015:

Målet er i tilleggsbestillinga frå 17. februar 2014 definert slik:
«Tilleggsutredningen skal gi tilråding om langsiktig løsning for rv. 15 over Strynefjell. Det skal legges til grunn en kostnadseffektiv og tjenelig løsning, som sikrer tilfredsstillende regularitet for trafikk vinterstid og som i tillegg sikrer god fremkommelighet for næringstrafikken. Hensynet til verneområder og villrein skal ivaretas»

Vi har i tillegg fått presisert følgjande i samband med tilleggsutgreiinga i 2014:

- *Problema med dagens tunnelar skal løysast.*
- *Vi skal løyse fokk-/skredproblem på strekninga (Grasdalen, Breidalen, Napefonna, Gotiskarfonna).*
- *Vi skal fjerne stigningsproblema frå Skora opp til Ospelitunnelen for å få akseptabel framkomst for tungtrafikken.*

Men i brev datert 5. september 2015 presiserer Samferdselsdepartementet at det ikkje vert sett absolutte krav til dei konkrete løysningane i forkant av denne reviderte tilleggsutgreiinga. Dette inneber konkret at rammene ovanfor som departementet ga Statens vegvesen som grunnlag for tilleggsutgreiinga i 2014, ikkje skal leggjast til grunn for denne reviderte tilleggs-utgreiinga.

14. juni 2015 bad Samferdselsdepartementet om ei revidert utgåve av tilleggsutgreiinga. Her går det fram at:

- *Tilleggsutgreiinga skal også sjå på eventuelle løysingar som legg til rette for eventuell framtidig heilårsveg til Geiranger. Det vert samstundes føresett at ein eventuell heilårsveg til Geiranger vil vere eit fylkeskommunalt prosjekt.*
- *Kostnadsanslag i tilleggsutgreiinga skal være oppdatert i høve tidlegare vurderingar.*
- *Utgreiinga skal inkludera ein samfunnsøkonomisk analyse av dei ulike alternativa, og analysen må utførast slik at den er direkte samanliknbar for alle alternativ som inngår.*

Måloppnåing i høve dei ulike bestillingane vert difor relativt omfattande. Vi oppsummerer i høve alle bestillingane i tabellane nedanfor slik at alle forhold er kjente i den vidare behandlinga både av KVU-en og tilleggsutgreiingane. I kap. 8 er det nærare grunngjeving for dei vurderingane som er gjort.

Oppsummert kan vi konkludere slik:

- B1 og B2 tilfredsstiller måla som er sett for tilleggsutgreiinga. Dei andre alternativa gjer det ikkje.
- Når det gjeld fv. 63 oppfyller alle alternativa kravet til heilårsveg til Geiranger, men dersom ein vel direktetunnel til Breiddalen må tunnelavslutning og kryss utformast slik at det ikkje vert for store problem med snøfokk.

Tabellane nedafor viser alle vurderte konsekvensar gradert med ei fargeskala der mørkast brunt er mest negativt og mørk grøn er mest positivt:



Tabell 24: Måloppnåing i revidert tilleggsutgreiing

	0+	B1	B2	B2 red.	B3
Anleggskostnader (mill. 2016-kroner)	300 *)	3 850	4 700	2 600	2 800
Netto nytte (mill. 2016-kroner)		- 3 040	- 4 574	- 2 409	- 2 648
Netto nytte/budsjettkr.		- 0,82	- 1,00	- 0,99	- 1,02
Landskapsbilde	0	0	-	-	--
Nærmiljø og friluftsliv	0	0	-	0	0
Naturmiljø inkl omsyn til villrein	0	--	-	0	--
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	-	-	--
Vegnormalstandard tunnelar	0	+ + + +	+ + + +	+ + +	+ + + +
Fjerne alle skred-/snøproblem	0	+ + + +	+ + + +	+ +	+
Fjerne stigningsproblema Skora- Ospelitunnelen	0	+ + + +	+ + + +	0	0
Trafikantkostnader i byggeperioden	- - - -	0	0	- -	-
Regularitet over Strynefjellet	0	+ + +	+ + +	+ +	+
Kostnadseffektiv transport	0	+ + + +	+ + +	+ +	+ +
Utslepp av klimagassar	0	+ +	+ +	+	+
Risikonivå i tunnel	0	0,16	0,22	0,19	0,15
Etappevis utbygging	0	0	+ +	0	+

	Fv. 63 med alt. B1	Fv. 63 med alt. B2	Fv. 63 med alt. B3	Fv. 63 Tunnel til Breiddalen	Fv. 63 Tunnel til Skjerdingsdalen
Anleggskostnader	1 600	1 500	1 900	2 100	2 100
Netto nytte (kun for fv.63)	-1 420	-1 270	-1 980	-2 249	-2 275
Netto nytte/budsjettkr.	-0,81	-0,77	-0,97	-1,00	-0,99
Landskapsbilde	-	--	---	-	---
Nærmiljø og friluftsliv	-	-	-	-	-
Naturmiljø inkl omsyn til villrein	--	-	--	--	--
Kulturminne og kulturmiljø	-	--	---	--	---

8. Drøfting og tilråding

8.1 *Oppsummering av konsekvensar*

Prissette konsekvensar rv. 15

	0+	B1	B2	B2 red.	B3
Anleggskostnader (mill. 2016-kroner)	300 *)	3 850	4 700	2 600	2 800
Netto nytte (mill. 2016-kroner)		- 3 040	- 4 574	- 2 409	- 2 648
Netto nytte/budsjettkr.		- 0,82	- 1,00	- 0,99	- 1,02

*) Fråtrekt snøoverbygg Grasdalen (250 - 300 mill. kr).

Prissette konsekvensar fv. 63

	Fv. 63 med alt. B1	Fv. 63 med alt. B2	Fv. 63 med alt. B3	Fv. 63 Tunnel til Breiddalen	Fv. 63 Tunnel til Skjerdingsdalen
Anleggskostnader	1 600	1 500	1 900	2100	2100
Netto nytte	-4 460	-5 835	-4 631	-2 249	-2 275
Netto nytte/budsjettkr.	-0,82	-0,93	-1,00	-1,00	-0,99

Ikkje prissette konsekvensar

	0+	B1	B2	B2 red.	B3
Landskapsbilde	0	0	-	-	- -
Nærmiljø og friluftsliv	0	0	-	0	0
Naturmangfald inkl omsyn til villrein	0	- -	-	0	- -
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	-	-	- -

Ikkje prissette konsekvensar fv. 63

	B1 med fv. 63	B2 med fv. 63	B3 med fv. 63	Fv. 63 Tunnel til Breiddalen	Fv. 63 Tunnel til Skjerdingsdalen
Landskapsbilde	-	- -	- - -	-	- - -
Nærmiljø og friluftsliv	-	-	-	-	-
Naturmangfald inkl omsyn til villrein	- -	-	- -	- -	- -
Kulturminne og kulturmiljø	-	- -	- - -	- -	- - -

Måloppnåing tilleggsutgreiing

	0+	B1	B2	B2 red.	B3
Vegnormalstandard tunnelar	0	+ + + +	+ + + +	+ + +	+ + + +
Fjerne alle skred-/snøproblem	0	+ + + +	+ + + +	+ +	+
Fjerne stigningsproblema Skora- Ospelitunnelen	0	+ + + +	+ + + +	0	0
Villrein	0	+ +	+ +	+ +	0

Oppfylling av krav i KVU

Trafikantkostnader i byggeperioden	- - - -	0	0	- -	-
Regularitet over Strynefjellet	0	+ + +	+ + +	+ +	+
Kostnadseffektiv transport	0	+ + + +	+ + +	+ +	+ +
Villrein	0	+ +	+ +	+ +	0
Konfliktar med natur, kultur og miljø	0	-	0	0	- - -
Utslepp av klimagassar	0	+ +	+ +	+	+
Risikonivå i tunnel		0,16	0,22	0,19	0,15
Etappevis utbygging	0	0	+ +	0	+

Konsept	Positive effektar	Negative effektar
0+	- Utbetra tunnelar i samsvar med tunnelsikkerheitsforskrifta. - Anleggskostnadene er lågast med 300 mill. kr. (med bygging av skredoverbygg i Grasdalen til ca. 250 - 300 mill. ekstra, vil Grasdalen sikrast).	- Vegbreidde på ca 5,5 m på rv. 15 i tunnelane - Skilta fart 60 km/t over 13,3 km - Ikkje sikring av Napefonna, Gotiskarfonna, Kleivane og Breiddalen - Ikkje betring av stigningsforholda - Det vert store problem og kostnader for trafikantane i byggeperioden (ca. 2 år)
B1	- Vi oppnår vegnormalstandard på strekninga Skora – Lægervatn - Vi får god framkomst ved å sikra Grasdalen, Napefonna, Gotiskarfonna, Kleivane og Breiddalen. - Stigningsforholda vert tilfredsstillande - Ikkje vesentlege problem for trafikantane i anleggsperioden - Best samfunnsøkonomisk nytte - Fjernar trafikk frå Skjerdingsdalen	- Det er ikkje muleg med etappevis utbygging. - Høg anleggskostnad (3 850 mill. kr.) - Må oppretthalde dagens vegsamband til Skjerdingsdalen i sommarhalvåret
B2	- Vegnormalstandard Folva – Lægervatn - Sikrar Grasdalen, Breiddalen, Napefonna og Gotiskarfonna - Kan byggast ut etappevis. - Ikkje vesentlege problem for trafikantane i anleggsperioden	- Høgast anleggskostnad (4 700 mill. kr.) - Må oppretthalde dagens vegsamband til Gamle Strynefjellsvegen - 4 km lenger veg frå Folva til Lægervatn enn B1.
B2 redusert	- Vegnormalstandard på strekninga Skjerdingsdalen – Lægervatn - Sikring av Grasdalen og Breiddalen - Lågare anleggskostnad enn B1 og B2 alternativ (2 600 mill. kr.)	- Ikkje sikring av Napefonna, Gotiskarfonna og Kleivane - Vi får ikkje betring i stigningsforholda opp til Ospelitunnelen. -
B3	- Vegnormalstandard Ospelitunnelen – Lægervatn - Sikring av Grasdalen, - Anleggskostnad 2 800 mill. kr. - Ikkje vesentlege problem for trafikantane i anleggsperioden (forutsatt ny Ospelitunnel) - Muleg delvis utnytting av eksisterande tunnelar til rømmingsveg. - Etappevis utbygging (bygger først tunnel frå Skjerdingsdalen til Breiddalen, deretter ny Ospelitunnel, evt. kan konseptet kombinerast med oppgradering av Ospelitunnelen).	- Ikkje sikring av Breiddalen og Napefonna, Gotiskarfonna og Kleivane - Vi får ikkje betring i stigningsforholda opp til Ospelitunnelen.

8.2 *Tilråding*

Tilråding for rv. 15:
Berre alternativ B1 og B2 tilfredsstiller mål/krav i tilleggsoppdraget frå februar 2014. B2 er dyrare, gir lenger veg for trafikantane og har dårlegare samfunnsøkonomi enn B1. I brev datert 5. september 2015 presiserer Samferdselsdepartementet at det ikkje vert sett absolutte krav til dei konkrete løysningane i forkant av denne reviderte tilleggsutgreiinga. Dette inneber konkret at rammene frå februar 2014, ikkje skal leggjast til grunn for den reviderte tilleggs-utgreiinga.

Vi vurderer desse to ambisjonsnivåa som to ulike konsept. Det eine aksepterer dagens veg med stignings-, skred- og fokkproblem. Då vil alternativ 0+ kunne aksepterast dersom ein ser vekk frå dei anleggstekniske og trafikale problema som ein ombygging av dagens tunnelar vil medføre. Denne ombygginga vil krevje heilt stengt veg i lange periodar (2 – 4 år). I tillegg føreset dette permanent fartsgrense 60 km/t med automatisk fartskontroll (streknings-ATK). Vi oppfattar at ei slik løysing er vanskeleg å få aksept for hjå trafikantane. I tillegg vil ei slik løysing ut frå vår faglege vurdering, berre løyse ein avgrensa del av problema med dagens rv. 15 over Strynefjell.

Statens vegvesen meiner difor at dersom ein skal ruste opp Strynefjelletstunnelane, må alle problema løysast samtidig. Dette er bakgrunnen for følgjande tilråding:

Statens vegvesen rår til at B1 vert vald som alternativ for å oppnå full måloppnåing.

Dersom det også i eit langt perspektiv kan aksepterast at:
- stigninga/slyngparti frå Skora til Ospelitunnelen ikkje vert utbetra.
- at ein fortsatt kan leve med problema med skred frå Napefonna, Gotiskarfonna og Kleivane.
- at ein kan akseptere fortsatt bruk av Ospelitunnelen,

kan det vere eit muleg alternativ å bygge B2 redusert for å få ned investeringskostnadane. Ein føresetnad for eit slikt val må vere at eit eventuelt byggesteg 2 av B2 ligg langt fram i tid, sidan B2 både er dyrare og dårlegare enn B1. B2 redusert vil løyse problema med dårlege tunnelar, betre vinterregulariteten på rv. 15, løyse skredproblema i Grasdalen og gje mindre anleggstekniske og trafikale problem i byggeperioden enn 0+.

B3 bør ikkje byggast. Alternativet er like dyrt som B2 redusert, løyser færre problem og har i hovudsak dei same ulempene.

Tilråding for fv. 63 Heilårsveg til Geiranger:
Alle alternativa som er utgreidde for fv. 63 gir fullgod løysing når det gjeld heilårsveg til Geiranger. Vegen frå Opplendskedalen til Geiranger er smal og svingete og vil gje ein del utfordringar på vinterstid, men vinteropen vil den vere.

Omsyn til lågaste anleggskostnad og akseptabel risiko i tunnelane og best på ikkje prissette konsekvensar, er grunngjeving for følgjande tilråding:

Statens vegvesen rår til fv. 63 vert bygd med tunnel frå Opplendskedalen til B1 eller B2 avhenging av val på rv. 15. Dersom ikkje rv. 15 skal byggjast ny, ser vi ikkje stor fagleg skilnad på direktetunnel til Breidalen eller Skjeringsdalen.

Dersom det ikkje vert samtidig utbygging av rv. 15 og fv. 63, må ein i alternativ B1, B2 og B3 avklare kven som skal ta dei førebelse kostnadane med tilrettelegging for kryss i tunnel. For B1 og B3 utgjer dette om lag 150 mill. kr og for B2 50 mill. kr.

8.3 *Vidare arbeid*

Ut frå tilrådinga vert alternativ B1 lagt til grunn for det vidare arbeidet. For å unngå at ein må oppgradere dagens tunnelar etter krava i tunnelsikkerheitsforskifta innan fristen 2019, bør ein starte opp med reguleringsplan med KU for dette alternativet så snart som mogleg. I dette reguleringsplanarbeidet må også innslag for tunnelen ved Skora avklarast etter grundigare geologiske undersøkingar. Vidare planarbeid for fv. 63 kan takast vidare i pågåande kommunedelplanarbeid i regi av Stranda kommune, men dette må avgjerast av fylkeskommunane som er vegeigarar.

9. Vedlegg

9.1 *Vedlegg 1: ANSLAG-rapport av 20.3.2014 og 15.12.2015*

Ligg ved som eigne dokument: *Kostnadsoverslag etter Anslagsmetoden – 20.3.2014 og 15.12.2015*

9.2 *Vedlegg 2: Geologisk rapport av 12.01.2016*

Ligg ved som eige dokument:

9.3 *Vedlegg 3: Trafikknotat datert 3.12.2015*

Ligg ved som eige dokument.

9.4 *Vedlegg 4: VD - Tilråding standard for tunnelar over Strynefjellet med lengde > 10 km*

Vegnormalane dekker ikkje krav til tunnelar med lengde > 10.000 m (dei skal vurderast sæskilt). I samband med tilleggsutgreiinga har fagfolk i Vegdirektoratet gjort ei vurdering av standard for tunnelane på Strynefjellet som får lengde > 10000 m:

Strynefjellstunnelene – valg av tunnelklasse
I forbindelse med tilleggsutredningen for KVU Strynefjellet er det behov for å avklare antall tunnelløp i forhold til krav til nødutganger, og hvilke andre krav som må gjelde for lange tunneler.
Forutsetninger:

- *Lengder: B1: 16 km, B2: 10 km og 12 km (hhv. B2 og B1)*
- *Stigning: B1: 4,9 %, B2: 5 % og 2,7 % (eller 4,2 %) (hele lengden for alle tunnelene)*
- *ÅDT prognose: ca. 2 000 kjt.*

Antall løp
Tunnelsikkerhetsforskriften stiller ikke krav til nødutganger (separate rømningstunneler eller to ordinære tunnelløp) for tunneler lengre enn 500 meter med ÅDT lavere enn 4 000 kjt. Kravene i HB 021 Vegtunneler er sammenfallende med forskriften. Det framgår av HB 021, kap. 4.4 at valg av tunnelklasse skal vurderes spesielt for tunneler lengre enn 10 km. Dette vil sannsynligvis bli nærmere beskrevet i neste revisjon av håndboka, men det er lite som tyder på at kravene vil bli skjerpet utover det som gjelder generelt for tunneler med ÅDT lavere enn 4 000 kjt. Det kan imidlertid bli aktuelt med forsterkede krav for å sikre trygg og rask evakuering av lange tunneler. Dette behandles ikke i denne omgang (evt. kostnader antas å være marginale) med unntak av krav til ventilasjon, jf. siste kapittel i notatet.
For Haukelitunnelene som har litt høyere prognosetrafikk enn Strynefjellet, men lavere enn 4 000 kjt, er det også lagt til grunn bare ett tunnelløp uten nødutganger/rømningstunneler, jf. vår vurdering datert januar 2012. Avhengig av traséen for de nye tunnelene, kan det på et senere planstadium vurderes om det er mulig, uten store kostnader, å koble de nye tunnelene til de gamle, slik at de kan fungere som rømningstunneler. Dette vil imidlertid være uaktuelt dersom det blir behov for å bruke disse til sjaktventilasjon, jf. vurdering av ventilasjon nedenfor.
<u>Konklusjon:</u> For Strynefjellet legges det til grunn at tunnelene bygges med bare et tunnelløp uten nødutganger/rømningstunneler ettersom ÅDT-prognosen er betydelig lavere enn 4 000 kjt.

Tunnelprofil
I hht. HB 021 skal valg av tunnelklasse/profil vurderes særskilt for tunneler lengre enn 10 km. En slik vurdering kan ikke gjøres på den korte tiden vi har til rådighet. Arbeidet med revisjon av HB 021 er i startfasen, noe som kan føre til at valg av tunnelklasse/tunnelprofil for lange tunneler beskrives i ny utgave av håndboken. Behandling av enkeltsaker tilsier at tunnelprofil for lange tunneler vil bli det samme som for tunneler kortere enn 10 km. Selv om det er ulike oppfatninger om dette, så bør vi inntil videre legge til grunn T9,5 for Strynefjellet.
<u>Konklusjon:</u> Tunnelprofil T9,5 legges til grunn for videre planlegging av Strynefjellstunnelene. Se for øvrig vår vurdering vedrørende forbikjøringsfelt nedenfor.

Stigning - forbikjøringsfelt eller avbøtende tiltak
Stigningen er gjennomgående, noe som betyr at lengden av stigningene varierer fra 10 km til 16 km. Det må derfor vurderes om det er behov for tiltak for å redusere risikoen for forbikjøringsulykker pga. saktegående tunge kjøretøy, og for å redusere risikoen for brann i tunge kjøretøy. Etablering av forbikjøringsfelt kan være aktuelt og/eller avbøtende tiltak.
På dette punktet har ikke tunnelsikkerhetsforskriften noe entydig krav utover krav til vurdering, jf. omtale i neste avsnitt. I HB 021 unntas veg i tunnel fra de normale kravene til forbikjøringsmuligheter som gjelder for veg i dagen som beskrevet i HB 017. Det stilles imidlertid krav til etablering av forbikjøringsfelt i stigninger for tunneler med ÅDT større enn 2500 kjt. når stigningen er større eller lik 5 pst. over en lengde mer enn 1 km. I utgangspunktet betyr dette at det ikke er krav til forbikjøringsfelt i de aktuelle tunnelene i KVU Strynefjellet. Det er imidlertid viktig å merke seg tunnelsikkerhetsforskriftens krav til «ekstra og/eller forsterkede tiltak for å forbedre sikkerheten på grunnlag av en risikoanalyse» når stigningen er større enn 3 %. Stigningens lengde vil ha stor betydning for en slik vurdering, samt andelen tungtrafikk. Det kan ikke utelukkes at en slik vurdering kan medføre etablering av forbikjøringsfelt i de aktuelle tunnelene ettersom stigningene er svært lange, men med unntak for den som bare har 2,7 % stigning (dersom man ikke velger alternativet med 4,2 % av hensyn til rømning). Alternativt vil risikoanalysen resultere i anbefaling av avbøtende tiltak som ikke vil ha nevneverdige betydning for kostnader i KVU'en.
Konklusjon: I tilleggsutredningen bør det legges til grunn et tunnelprofil med forbikjøringsfelt (T13) i de tunnelene som er brattere enn 3 % (dvs. de to variantene med 4,2 – 5 %), men med forbehold om utfallet av en risikoanalyse som må gjennomføres på et senere planstadium (KDP).

Ventilasjon
Brann i lange ett-løps tunneler med toveis trafikk er problematisk ved selvberging. I verste fall kan halve tunnelen være fylt med røyk, og kanskje ennå mere dersom det ikke er mulig å ventilere den korteste vegen ut fra brannstedet. Kravet i tunnelsikkerhetsforskriften er tverrventilasjon, med åpning for langsgående ventilering bare når det treffes konkrete tiltak som spesifisert i forskriften. Med grunnlag i HB 021 har Norge lagt til grunn bare langsgående ventilering som hovedprinsipp.
Konklusjon: Ved så lange tunneler som på Strynefjellet bør utforming av brannventilasjon, vurderes nærmere. Det er ikke mulig å gjøre dette i løpet av kort tid, men i tilleggsutredningen bør det, med forbehold, tas høyde for ventilasjon via 1-2 sjakter. Dette kan kanskje kombineres med bruk av de gamle tunnelene avhengig av traséen på de nye tunnelene. Sjaktventilasjon vil også være gunstig for ventilasjon av eksos, selv om dette kanskje ikke er så relevant pga. lav trafikk.

Tiltak vedrørende eventuell kolonnekjøring
Dersom de alternativene som nå vurderes, skulle tilsi kolonnekjøring i begrenset omfang, minner vi om tidligere innspill til avbøtende tiltak som kan ha betydning for tilleggsutredningen dersom det er aktuelt med oppstilling av kolonne inne i tunnelene (antar at dette er lite sannsynlig:

- *Varsling av kolonneoppstillingsområde*
- *Brannsikringstiltak i forhold til mange kjøretøy på et område*
- *Økt profil på grunn av gangtrafikk*
- *Rømningsmulighet (dårlig vær)*
- *Snunisjer (for entreprenør)*
- *Belysning*
- *Etc.*

Gudmund Nilsen/Arild Søvik/Jan Eirik Henning, 6. mars 2014

9.5 *Vedlegg 5: Risikovurdering, Multiconsult / HOJ Consulting, mars 2016*

Ligg ved som eige dokument.

9.6 *Vedlegg 6: Beredskapsanalyse, Multiconsult, 15.mars 2016*

Ligg ved som eige dokument.

9.7 *Vedlegg 7: Prissatte konsekvensar (EFFEKT-berekning), 4.4.2016*

Ligg ved som eige dokument.

9.8 *Vedlegg 8: Kart over alternativ B1 (med og utan arm til fv. 63 Geiranger)*

Ligg ved som eige dokument.

9.9 *Vedlegg 9: Kart over alternativ B2*

Ligg ved som eige dokument.

9.10 *Vedlegg 10: Kart over alternativ B3*

Ligg ved som eige dokument.

Statens vegvesen
Region vest

Askedalen 4 6863 LEIKANGER
Tlf: (+47 915) 02030
firmapost-vest@vegvesen.no

Statens vegvesen

Saksbehandler/telefon:
Nils Magne Slinde / 90154550
Vår dato: 29.09.2016
Vår referanse:

Notat

Til: Vegdirektoratet
Fra: Region vest
Kopi til:

Meir detaljert skildring av forkasta løysingar i revidert tilleggsutgreiing for KVU rv. 15 Strynefjellet

Departementa har bede om ein meir detaljert skildring, vurdering og grunngjeving av dei løysingane som er forkasta i kapittel 4.8 i den reviderte tilleggsutgreiinga. Dette gjeld mellom anna alternativet B4 som kom fram i KS-prosessen, men vi har i tillegg teke med ei løysing ved bruk av eksisterande tunnelpåhogg i sørenden av Ospelitunnelen. Dette gir tre forkasta løysingar som vi i dette notatet har gjort nærare greie for. Vi har vurdert alternativa både med omsyn til veg- og trafikktekniske tilhøve, geologi og skredfare, måloppnåing og kostnad.

Kartet til høgre som er henta frå kapittel 4.8 på side 24 i revidert tilleggsutgreiing, viser dei tre forkasta løysingane. I dette notatet kallar vi dei:

- B4 med tunnel frå Øvste-brufossen
- B4 med tunnel frå Jøl bru (lengst vest på kartet)
- B3 med direktetunnel til Langvatnet (lengst aust på kartet til høgre).



Sidan vi for alle desse løysingane vil måtte få løyve til fråvik frå vegnormalane, finn vi det rett å legge til grunn fartsgrense 80 km/t. Dei andre alternativa er utforma slik at det vil vere mogleg med 90 km/t. Det kan vere eit alternativ å redusere fartsgrensa til 60 km/t, men

sidan det er i strid med gjeldande fartsgrensekriterium, har vi kun gjort ei enkel vurdering av dette.

Figuren til høgre er henta i frå geologirapporten som ligg ved revidert tilleggsutgreiing i vedlegg 2 (side 7, kap 2.4). Vi tek opp att dei geologiske vurderingane som er gjort og supplerer i tillegg med meir detaljerte veg- og trafikktekniske vurderingar.

Alternativ B4 med tunnelpåhogg ved Øvstebrufoss (km 13,300)

Alternativet er vist på kart i eige vedlegg. Ein utsnitt av kartet er teke inn nedanfor.



For dette alternativet er det gjort følgjande geologisk vurdering i vedlegg 2:

> *«Det er registrert berg i dagen ved dagens veg. Oppover i dalsida er det lausmassar, med gamal ur. Det ligg fleire store blokk i terrenget, med storleik opp i ca. 7m3. Det er gamal skog utan synlege skadar, i tillegg til relativt tett vegetasjon av yngre skog og buskar. Eksponert berg syner banda gneis. Terrenget er relativt bratt, 20-30 grader.*
>
> *Det er registrert fleire skredhendingar frå Gotiskarfonna, der dagens veg i dette påhoggsområdet har blitt råka. Hovudproblemet er fonnvind/snødrev frå snøskred som oftast*

stoppar nede i dalen/elva. I mars 1990 er det ei registrering på snøskred i området (uvist utløysingsområde, står Kleivane). I februar 2007 gjekk det fleire snøskred som førde til mindre mengder på dagens veg og fonnvind. Området anbefalast ikkje som påhoggsområde grunna fare for snøskred frå Gotskarfonna og fonnvind opp mot vegen. Frekvensen på skred frå Gotiskarfonna, registrert i Norsk Vegdatabank, er ikkje innafor akseptkriteriane for skred på veg. Det er trulig ikkje store mektigheiter med lausmassar i området, men det er ikkje utført grunnundersøkingar som kan verifisere dette. Bratt terreng med lausmassar gjer at det også kan bli utfordringar knytt til stabilisering av lausmassar. Steinsprangfaren i påhoggsområde vurderast som låg, men det er fleire registreingar på dagens veg ned mot Hjelledalen. I tillegg er det problematikk knytt til Napefonna, vest for Gotiskarfonna, som kan føre til fonnvind og snøsky mot dagens veg i Hjelledalen. I 2007 blei det registrert 4 skredhendingar frå Napefonna til eksisterande veg. Ved Napefonna blir det drive aktiv skredkontroll med sprenging gjennom vinteren.»

Denne geologiske vurderinga gjer det forsvarleg å etablere eit tunnlpåhogg i dette området. Jamvel om alternativet ikkje løyser problema med snøskred, vert ikkje situasjonen dårlegare enn i dag. Men dette slår naturlegvis ut på dårlegare måloppnåing.

Vi har gjort ei veg- og trafikkteknisk vurdering og ei kostnadsvurdering med oppdaterte prisar slik at alternativet kan vurderast meir detaljert. Skissa nedanfor viser ei kryssløysing som er det næraste vi klarar å få til eit kryss og ein tunnel frå svingen nedanfor Øvstebrufossen (km 13,3). Ut frå geologiske tilhøve vil dette vere mogleg å bygge. Det vil kunne bli kortare stopp i byggearbeida i skredutsette periodar, men det har kort varigheit.



Det er fleire avvik i utforminga i høve krav som er gitt i vegnormalane. Vegdirektoratet må i tilfelle gje følgjande fråvik dersom denne løysinga skal kunne byggjast:

- Krav til stigning i kryssområde er maks 5 %, her er stigninga på eksisterande veg mellom 7 og 8 %. Dette er eit vesentleg fråvik som vi ikkje vil kunne tilrå ut frå omsyn til tryggleiken i krysset.
- Avstand frå tunnelopning til midtpunktet av forkøyrsregulerte T-kryss skal vere minst 2 ganger stoppsikt dvs. 254 m i dette tilfellet. Slik det er teikna her er avstanden 120

m. Dette er eit vesentleg fråvik som vi ikkje vil kunne tilrå ut frå omsyn til tryggleiken i krysset.

- Krav til minste horisontalkurveradius i kryss er 400 m. Kurva i krysset her har radius 90. Dette er eit vesentleg fråvik som vi ikkje vil kunne tilrå ut frå omsyn til tryggleiken i krysset.
- Krav til minste horisontalradius generelt på veg som skal byggjast for 80 km/t er 230 m. Kurven her har radius 90 m. Dette tilsvarar eit fartsnivå på 50 – 60 km/t. Dersom ein innfører fartsgrense 50 km/t kombinert til automatisk fartskontroll (fotoboksar), vil vi kunne tilrå ei slik kurve ut frå omsyn til trafikktryggleiken, men sidan dette er sterkt i strid med gjeldande fartsgrensekriterium, reknar vi eit slikt fråvik som lite aktuelt.
- Eit T-kryss slik det er vist her skal utformast med hjørneavrunding der radius er minimum 12 m. Her er skissert ei løysing med radius lik 5 m. Dette er det maksimale det er plass til viss ikkje fyllinga krysset ligg på, skal kome ned i vegsløyfa under som ligg 30 høgdemeter lågare. Med bruk av muring eller betongkonstruksjonar kan truleg radiusen aukast til 10 – 12 m. Dette er det ikkje teke høgde for i kostnadsoverslaget. Vi er usikre på om det er tilrådeleg å gje slikt fråvik mellom ein ny riksveg og eksisterande veg som vil vere nasjonal turistveg med ein god del trafikk i sommarhalvåret.
- Krav til sikt i krysset er 10 * 1,2 * stoppsikt. Stoppsikt i 80 km/t er 127 m ved 6 % fall på vegen dvs. at ein 10 m inn i krysset skal sjå 153 m langs riksvegen i begge retningar. Dette medfører at siktsona her går noko inn i tunnelen og rekkverket nedom krysset må tilpassast ei slik siktsone. Det bør vere mogleg å få til slik at vi vil kunne tilrå fråvik.
- Venstresving frå ny rv. 15 til gamlevegen er ein situasjon med mange konfliktpunkt og difor høg risiko. T-kryss slik det er vist her burde vore utforma med øy i sideveg og venstresvingefelt (i alle fall passeringslomme). Øy i sideveg er vanskeleg å få til sjølv med bruk av muring eller betongkonstruksjonar. Venstresvingefelt / passeringslomme vil vere uforsvarleg å etablere i ei kurve med horisontalradius 90 m. Denne kryssutforminga vil difor føre til alvorlege kryssulukker fordi dei som skal til venstre inn på gamle Strynefjellsveg vil skape kø inn i tunnelmunninga. Sidan dette er ein lang tunnel med langt samanhengande fall (14 km med 3 – 5 % fall), vil det komme til å skje alvorlege ulukker både i krysset og i tunnelmunninga på grunn av påkøyring bakfrå. Vi vil fråråd at det vert gjeve fråvik for slik kryssutforming slik det er vist her.

Det må også nemnast at alternativet vil vere krevjande anleggsteknisk. Løysinga vil krevje 15 – 20 m høge fjellskjeringar på oversida av vegen og sidan det er 80 m frå vegen ned til botn av juvet nedanfor Øvstefossen, er det stor risiko for at eksisterande veg vil kunne rase ut å bli stengt i lang tid.

Vi har teikna ut alternativet på same kartgrunnlag som dei andre alternativa i revidert tilleggsutgreiing. Vi har gjort ei kostnadsvurdering av alternativet med dei same prisane som er brukt i anslaget i tilleggsutgreiinga. Vi kom då fram til ein kostnad på kr. 2,9 mrd. kr. Ein

eventuell arm til Geiranger vil bli som for fleire av dei andre alternativa på om lag 1, 6 – 1,7 mrd.kr.
Alternativet vil ha måloppnåing på same nivå som for alternativ B3, men er noko betre når det gjeld å fjerne stigningsproblema frå Skora til Ospelitunnelen sidan stigninga vert redusert frå 300 høgdemeter til 250 høgdemeter.

Konklusjon:
Utforming av kryss og nærleik til tunnelmunning, gjer at vi ikkje kan tilrå at det blir gjeve fråvik frå vegnormalane for alle dei fråvika som er lista opp ovanfor. Løysinga må difor forkastast sidan den vil vere uforsvarleg å etablere. Jamvel med redusert fart til 60 km/t og automatisk trafikkontroll, vil systemet vere så dårleg utforma at det vil kunne medføre dødsulukker.

Alternativ B4 med tunnel ved Jøl bru

Alternativet er det same som for alternativet med påhogg ved Øvstefossen bru, men påhogget er flytta noko lengre mot Stryn (dvs. vestover) og ligg 270 moh. Sidan traséane er om lag like, har vi ikkje laga eige kart for dette.
For dette alternativet er det gjort følgjande geologisk vurdering i vedlegg 2:

> *«I rapportens del 1 er det beskrive kort om berggrunnen ved Jøl bru og skredfaren i nær-liggande områder (kapittel 4.1, 4.2 og 6). Påhogget er tenkt på nordaust sida av juvet ved Jøl bru, som er eit område med bratt terreng, noko tynn morene og skredmateriale (ref.6). Veg i dagen må krysse juvet før ein går inn i påhogg, noko som kan vere utfordrande. Dette blant anna med tanke på uviss stabilitet i berggrunn for brufundament. Ura nordaust for juvet går opp mot bratte hamrar før fjellsida stig bratt vidare opp Ospelifjellet. Det er ei registrering på stein frå skjering rett sør for påhoggsområdet (NVDB), men ingen i området for eksisterande bru. Her fangar truleg juvet opp skred. Det vurderast til å vere fare for steinsprang og stein-skred i det tenkte påhoggsområdet, grunna relativt oppsprukke berggrunn med slepper og bratt skrentete berg i bakkant av området. Det vurderast å ville vere krevjande å oppretthalde god HMS under anleggsdrift,i tillegg til at det truleg ikkje er eit gunstig område i forhold til trafikk på eksisterande veg under oppstart av eit anlegg. Dette alternativet anbefalast ikkje, hovudsakelig med tanke på skredfare i påhoggsområdet.»*

Ein slik geologisk vurdering som rår i frå alternativet både med omsyn til steinsprangfare for dei vegfarande, problem med HMS i byggjeperioden og ustabil berggrunn for brufundament, gjer at vi ser dette som eit uaktuelt alternativ å gå vidare med. Men vi har gjort ei vegteknisk vurdering og ei kostnadsvurdering med oppdaterte prisar slik at alternativet kan vurderast dersom ein vel å sjå vekk frå geologitilhøva.

Skissa nedanfor viser ei kryssløysing som er det næraste vi klarar å få til eit kryss og ein tunnel frå Jøl bru. Dersom vi ser vekk frå HMS i byggjeperioden, vil det vere mogleg å bygge eit rasoverbygg over elva som vil gje fullgod sikring mot steinsprang for trafikken på vegen (vist med skravur på skissa). Dette er det teke omsyn til i kostnadsoverslaget.



Det er fleire avvik i utforminga i høve krav som er gitt i vegnormalane. Vegdirektoratet må i tilfelle gje følgjande fråvik dersom denne løysinga skal kunne byggjast:

- Krav til stigning i kryssområde er maks 5 %, her er stigninga på eksisterande veg mellom 5 og 6 %. Dette er ikkje noko stort avvik og vi vil kunne tilrå at ein vurderer fråvik.
- Avstand frå tunnelopning til midtpunktet av forkøyrsregulerte T-kryss skal vere minst 2 ganger stoppsikt dvs. 254 m i dette tilfellet. Slik det er teikna her er det i underkant av dette, men dette let seg løyse i seinare detaljplanlegging.
- Eit T-kryss slik det er vist her skal utformast med hjørneavrunding der radius er minimum 12 m. Her er skissert ei løysing med radius 5 m. Dette er det maksimale det er plass til viss vi ikkje skal kome ut i juvet (som på dette punktet er om lag 50 m djupt). Vi er usikre på om det er tilrådeleg å gje slikt fråvik mellom ein ny riksveg og eksisterande veg som vil vere nasjonal turistveg med ein god del trafikk i sommarhalvåret.
- Krav til sikt i krysset er 10 * 1,2 * stoppsikt. Stoppsikt i 80 km/t er 127 m ved 6 % fall på vegen dvs. at ein 10 m inn i krysset skal sjå 153 m langs riksvegen i begge retningar. Dette kan vere mogleg å få til, men det føreset at det ikkje er rekkverk mellom ny og gammal rv. 15. Sidan ny og gammal veg ligg like ved kvarandre for å unngå å komme ut i juvet, er vi usikre på om det er tilrådeleg å sløyfe rekkverk mellom vegane her.
- Venstresving frå ny rv. 15 til gamlevegen, er ein situasjon med mange konfliktpunkt og difor høg risiko. T-kryss slik det er vist her burde vore utforma med øy i sideveg og venstresvingefelt (i alle fall passeringslomme). Øy i sideveg er uråd å få til i kryss med så liten hjørneavrunding og venstresvingefelt / passeringslomme vil vere svært krevjande å få til i så sidebratt terreng. Denne kryssutforminga vil difor føre til alvorlege kryssulukker fordi dei som skal til venstre inn på gamle Strynefjellsveg kan skape kø inn i tunnelmunninga. Sidan dette er ein lang tunnel med langt samanhengande fall (14 km med 3 – 5 % fall), vil det komme til å skje alvorlege ulukker både i krysset og i tunnelmunninga på grunn av påkøyring bakfrå. Vi vil fråråd at det vert gjeve fråvik for slik kryssutforming slik det er vist her.

I tillegg må det nemnast at også dette alternativet vil vere svært krevjande anleggsteknisk. Løysinga vil krevje 25 – 30 m høge fjellskjeringar på oversida av vegen og sidan det er 50 m

frå vegen ned til botn av juvet, er det stor risiko for at eksisterande veg vil kunne rase ut å bli stengt i lang tid.

Det er naturlegvis eit alternativ å flytte veglinja lengre frå juvet (mot nord), men då må vegen forlengast ned mot Skåre for å få tilfredsstillande stigning fram til samankopling med eksisterande veg. Tilsvarande kan tunnelen forlengast under Jølelva, men då må tunnelen flyttast lengre mot nord for å få tilfredsstillande fjelloverdekning og stigning under 5%. Alternativet går då i retning av alternativ B1 når det gjeld utforming.
Vi har teikna ut alternativet på same kartgrunnlag som dei andre alternativa med tunnelinnslag ved Øvstebrufossen, men tunnellengda på riksvegtunnelen er relativt like i dei to alternativa (300 – 500 m lengre tunnel til Jøl bru pga ekstra høgdeskilnad som må kompenserast).

Vi har gjort ei kostnadsvurdering av alternativet med dei same prisane som er brukt i anslaget. Vi kom då fram til ein kostnad på kr. 3,2 mrd. kr. Ein eventuell arm til Geiranger vil bli som for fleire av dei andre alternativa på om lag 1,6 – 1,7 mrd.kr.

Alternativet vil ha god måloppnåing når det gjeld å fjerne skredproblema frå Napefonna og Gotiskarfonna. Alternativet vil ha delvis måloppnåing når det gjeld å fjerne stignings-problema mellom Skora og Ospelitunnelen sidan stigning vert redusert frå 300 høgdemeter til 100 høgdemeter.

Konklusjon:
Utforming av kryss og nærleik til tunnelmunning, gjer at vi vil fråråd denne løysinga ut frå veg- og trafikktekniske omsyn. Men dersom ein aksepterer høgare risiko og ein del alvorlege ulukker i krysset og i tunnelmunninga, kan løysinga aksepterast. For å redusere risikoen for ulukker, kan ein i tillegg innføre redusert fartsgrense 60 km/t (inkl. automatisk fartskontroll med fotoboksar), noko som vi vurderer som eit uaktuelt tiltak på ein ny veg.
Men alternativet kan ikkje aksepterast ut frå fare for steinsprang i byggjeperioden. Sidan det ikkje vil vere mogleg å få til ein akseptabel HMS for byggjearbeida, held vi fast på at løysinga må forkastast.

Alternativ B3 med direktetunnel frå Ospelitunnelen til Langvatnet i Breiddalen

I revidert tilleggsutgreiing har vi også forkasta eit alternativ som går frå Ospeli ved tunnelinnslaget i sørenden av dagens Ospelitunnel og til Lægervatn. Dette vil gje ein tunnel på om lag 11 km. I revidert tilleggsutgreiinga sa vi at løysinga ikkje gjer det mogleg å tilfredsstille føringane når det gjeld skredproblem på strekninga (Napefonna, Gotiskarfonna) eller med å fjerne stigningsproblema frå Skora opp til Ospelitunnelen for å få akseptabel framkomst for tungtrafikken. Det vil også vere utfordrande å få til kryss med dagens rv. 15 og fylkesveg 258 over gamle Strynefjell. Alternativet vart difor forkasta på grunn av manglande måloppnåing og vanskeleg terreng med omsyn til kryssutforming ved sørenden av Ospelitunnelen.



Vi ser at grunnlaget for å forkaste denne løysinga er mindre klart og har difor også vurdert dette på nytt saman med alternativ B4. Vi har gjort ei veg- og trafikkteknisk vurdering og ei kostnadsvurdering med oppdaterte prisar slik at alternativet kan vurderast meir detaljert.

Skissa til høgre viser ei kryssløysing med ny bru /rasoverbygg som koplar på eksisterande tunnel til ny rv. 15. Ny rv. 15 brukar eksisterande bru og starten av eksisterande tunnel. Dette fordi vi vurderer det som uråd å etablere eit nytt påhogg aust for eksisterande tunnelpåhogg ut frå topografiske forhold og konflikt med gamle Strynefjellsveg.



Det er naturlegvis også mogleg at ny. rv. 15 vert lagt vest for eksisterande bru og tunnelpåhogg, men dette vil krevje at tunnelane må krysse kvarandre noko som er lite gunstig ut frå stigningstilhøva i den nye tunnelen. Detaljutforminga her kan avklarast i seinare planfasar.

Det er også her fleire avvik i utforminga i høve krav som er gitt i vegnormalane. Vegdirektoratet må i tilfelle gje følgjande fråvik dersom denne løysinga skal kunne byggjast:

- Avstand frå tunnelopning til midtpunktet av forkøyrsregulerte T-kryss skal vere minst 2 ganger stoppsikt dvs. 230 m i dette tilfellet. Slik det er teikna her er avstanden 120 m. Dette er eit vesentleg fråvik som vi ikkje vil kunne tilrå ut frå omsyn til tryggleiken i krysset. Men situasjonen her er likevel langt betre enn ved Øvstebrufossen sidan både horisontalkurvatur og stigning er tilfredsstillande.
- Eit T-kryss slik det er vist her skal utformast med hjørneavrunding der radius er minimum 12 m. Her er skissert ei løysing med radius 5 m. Dette er det maksimale det er plass til viss ikkje fyllinga krysset ligg på, skal kome ned i vegsløyfa under som ligg 20 høgdemeter lågare. Med bruk av muring eller betongkonstruksjonar kan truleg radiusen aukast til 10 – 12 m. Dette er det ikkje teke høgde for i kostnadsoverslaget. Sidan dette vert avkøyring berre til gamlevegen til Skjerdingsdalen og Grasdalen med svært avgrensa trafikk, vil vi tru det kan vere forsvarleg å gje fråvik for ei slik løysing. Ei anna løysing er å flytte krysset inn i Oppljostunnelen eller å innføre lysregulering i sideveg for dei få køyretøya som kjem gamlevegen. Ulempa med lysregulering vil vere opphoping av kø inn i tunnelmunninga på ny rv. 15. Detaljert løysing må avklarast i seinare planfasar, men bør vere mogleg å løyse.
- Krav til sikt i krysset er 10 * 1,2 * stoppsikt. Stoppsikt i 80 km/t er 115 m (utan fall på rv.15) dvs. at ein 10 m inn i krysset skal sjå 138 m langs riksvegen i begge retningar. Dette medfører at siktsona her går noko inn i tunnelen og rekkverket ovanfor krysset må tilpassast ei slik siktsone. Det bør vere mogleg å få til slik at vi vil kunne tilrå fråvik.
- Venstresving frå ny rv. 15 til gamlevegen, er ein situasjon med mange konfliktpunkt og difor høg risiko. Sidan det er svært avgrensa med trafikk til sidevegen her, bør det vere tilrådeleg å gje fråvik for eventuelt krav om øy i sideveg. Her vil behovet for venstresvingefelt / passeringslomme også vere langt mindre, men det vil vere mogleg å få til ei passeringslomme utan store kostnader. Risikoen med venstresving vil også vere langt mindre sidan dei venstresvingane på rv. 15 køyrer i slak stigning oppover.

Også her må det nemnast at alternativet vil vere krevjande anleggsteknisk. Løysinga vil krevje etablering av tunnelpåhogg i ei bratt fjellside, men sidan dette er gjort i området tidlegare, reknar vi med dette er mogleg å få til, men kanskje ikkje akkurat slik det er vist på skissa ovanfor.

Rv. 15 over Strynefjellet er verna av riksantikvaren. Det må difor avklarast om det vil vere mogleg å etablere eit nytt tunnelpåhogg så nær eit verneobjekt. Dette er nærare omtala på side 6 i eige notat om kulturmiljø og kulturminne.

Vi har teikna ut alternativet på same kartgrunnlag som dei andre alternativa i revidert tilleggsutgreiing.

Vi har gjort ei kostnadsvurdering av alternativet med dei same prisane som er brukt i anslaget i tilleggsutgreiinga. Vi kom då fram til ein kostnad på kr. 2,5 mrd. kr. Ein eventuell arm til Geiranger vil bli som for fleire av dei andre alternativa på om lag 1, 6 – 1,7 mrd.kr.

Alternativet vil ha måloppnåing på same nivå som for alternativ B3, men er noko betre når det gjeld konsekvens for landskapsbilde og kulturminne og kulturmiljø i Skjerdingsdalen . Også for dette alternativet, vil det vere aktuelt å redusere fartsgrensa til 60 km/t for å redusere risikoen i kryssområdet.

Konklusjon: Utforming av kryss og nærleik til tunnelmunning og konflikt med freding av gamle Strynefjellsveg, gjer at vi held fast på at denne løysinga vert forkasta.

Oppsummering

Kostnader

Sidan vi forstår at bakgrunnen for å vurdere dei forkasta alternativa på nytt er å finne fram til rimelegare løysingar, har vi sett saman alle kostnadstala i tabellen nedanfor.

	B1	B2	0+	B2 red.	B3	B3 direkte tunnel	B4 Jøl bru	B4 Øvste-brufoss
ANSLAG 15.12.15, avrunda til nærmaste 50-mill.kr	3 850	4 700	300 *)	2 600	2 800	2 500	3 200	2 900

*) Fråtrekt snøoverbygg i Grasdalen (250 - 300 mill. kr).

Usikkerheiten i overslaga er som tidlegare +/- 40 %. Det vil seie at for eit overslag på 3 mrd. kr vil kostnaden ligge mellom 1,8 – 4,2 mrd. kr.
Kostnad for fv. 63 Arm til Geiranger er for alle alternativa 1,6 – 1,7 mrd. kr i tillegg. Også for desse er usikkerheiten +/- 40 % slik at kostnaden vil ligge mellom 1,0 og 2,4 mrd. kr.

Tilråding

Dei forkasta alternativa er noko rimelegare enn nokre av dei andre alternativa. Men vi kan ut frå skredfare og veg- og trafikktekniske omsyn, ikkje tilrå nokon av dei forkasta alternativa. Valet står mellom å utbetre eksisterande tunnelar eller å byggje nytt. Med dei målsettingane som er gjevne for prosjektet, held vi difor fast på vår tilråding om B1.

Statens vegvesen

Saksbehandler/telefon:
Nils Magne Slinde / 90154550
Vår dato: 29.09.2016
Vår referanse:

Notat

Til: Vegdirektoratet
Fra: Region vest
Kopi til:

Meir detaljert skildring av forkasta løysingar i revidert tilleggsutgreiing for KVU rv. 15 Strynefjellet

Departementa har bede om ein meir detaljert skildring, vurdering og grunngjeving av dei løysingane som er forkasta i kapittel 4.8 i den reviderte tilleggsutgreiinga. Dette gjeld mellom anna alternativet B4 som kom fram i KS-prosessen, men vi har i tillegg teke med ei løysing ved bruk av eksisterande tunnelpåhogg i sørenden av Ospelitunnelen. Dette gir tre forkasta løysingar som vi i dette notatet har gjort nærare greie for. Vi har vurdert alternativa både med omsyn til veg- og trafikktekniske tilhøve, geologi og skredfare, måloppnåing og kostnad.

Kartet til høgre som er henta frå kapittel 4.8 på side 24 i revidert tilleggsutgreiing, viser dei tre forkasta løysingane. I dette notatet kallar vi dei:

- B4 med tunnel frå Øvste-brufossen
- B4 med tunnel frå Jøl bru (lengst vest på kartet)
- B3 med direktetunnel til Langvatnet (lengst aust på kartet til høgre).



Sidan vi for alle desse løysingane vil måtte få løyve til fråvik frå vegnormalane, finn vi det rett å legge til grunn fartsgrense 80 km/t. Dei andre alternativa er utforma slik at det vil vere mogleg med 90 km/t. Det kan vere eit alternativ å redusere fartsgrensa til 60 km/t, men

sidan det er i strid med gjeldande fartsgrensekriterium, har vi kun gjort ei enkel vurdering av dette.

Figuren til høgre er henta i frå geologirapporten som ligg ved revidert tilleggsutgreiing i vedlegg 2 (side 7, kap 2.4). Vi tek opp att dei geologiske vurderingane som er gjort og supplerer i tillegg med meir detaljerte veg- og trafikktekniske vurderingar.



Alternativ B4 med tunnelpåhogg ved Øvstebrufoss (km 13,300)

Alternativet er vist på kart i eige vedlegg. Ein utsnitt av kartet er teke inn nedanfor.



For dette alternativet er det gjort følgjande geologisk vurdering i vedlegg 2:

> *«Det er registrert berg i dagen ved dagens veg. Oppover i dalsida er det lausmassar, med gamal ur. Det ligg fleire store blokk i terrenget, med storleik opp i ca. 7m3. Det er gamal skog utan synlege skadar, i tillegg til relativt tett vegetasjon av yngre skog og buskar. Eksponert berg syner banda gneis. Terrenget er relativt bratt, 20-30 grader.*
>
> *Det er registrert fleire skredhendingar frå Gotiskarfonna, der dagens veg i dette påhoggsområdet har blitt råka. Hovudproblemet er fonnvind/snødrev frå snøskred som oftast*

702

stoppar nede i dalen/elva. I mars 1990 er det ei registrering på snøskred i området (uvist utløysingsområde, står Kleivane). I februar 2007 gjekk det fleire snøskred som førde til mindre mengder på dagens veg og fonnvind. Området anbefalast ikkje som påhoggsområde grunna fare for snøskred frå Gotskarfonna og fonnvind opp mot vegen. Frekvensen på skred frå Gotiskarfonna, registrert i Norsk Vegdatabank, er ikkje innafor akseptkriteriane for skred på veg. Det er trulig ikkje store mektigheiter med lausmassar i området, men det er ikkje utført grunnundersøkingar som kan verifisere dette. Bratt terreng med lausmassar gjer at det også kan bli utfordringar knytt til stabilisering av lausmassar. Steinsprangfaren i påhoggsområde vurderast som låg, men det er fleire registreingar på dagens veg ned mot Hjelledalen. I tillegg er det problematikk knytt til Napefonna, vest for Gotiskarfonna, som kan føre til fonnvind og snøsky mot dagens veg i Hjelledalen. I 2007 blei det registrert 4 skredhendingar frå Napefonna til eksisterande veg. Ved Napefonna blir det drive aktiv skredkontroll med sprenging gjennom vinteren.»

Denne geologiske vurderinga gjer det forsvarleg å etablere eit tunnlpåhogg i dette området. Jamvel om alternativet ikkje løyser problema med snøskred, vert ikkje situasjonen dårlegare enn i dag. Men dette slår naturlegvis ut på dårlegare måloppnåing.

Vi har gjort ei veg- og trafikkteknisk vurdering og ei kostnadsvurdering med oppdaterte prisar slik at alternativet kan vurderast meir detaljert. Skissa nedanfor viser ei kryssløysing som er det næraste vi klarar å få til eit kryss og ein tunnel frå svingen nedanfor Øvstebrufossen (km 13,3). Ut frå geologiske tilhøve vil dette vere mogleg å bygge. Det vil kunne bli kortare stopp i byggearbeida i skredutsette periodar, men det har kort varigheit.

703



Det er fleire avvik i utforminga i høve krav som er gitt i vegnormalane. Vegdirektoratet må i tilfelle gje følgjande fråvik dersom denne løysinga skal kunne byggjast:

- Krav til stigning i kryssområde er maks 5 %, her er stigninga på eksisterande veg mellom 7 og 8 %. Dette er eit vesentleg fråvik som vi ikkje vil kunne tilrå ut frå omsyn til tryggleiken i krysset.
- Avstand frå tunnelopning til midtpunktet av forkøyrsregulerte T-kryss skal vere minst 2 ganger stoppsikt dvs. 254 m i dette tilfellet. Slik det er teikna her er avstanden 120

m. Dette er eit vesentleg fråvik som vi ikkje vil kunne tilrå ut frå omsyn til tryggleiken i krysset.

- Krav til minste horisontalkurveradius i kryss er 400 m. Kurva i krysset her har radius 90. Dette er eit vesentleg fråvik som vi ikkje vil kunne tilrå ut frå omsyn til tryggleiken i krysset.
- Krav til minste horisontalradius generelt på veg som skal byggjast for 80 km/t er 230 m. Kurven her har radius 90 m. Dette tilsvarar eit fartsnivå på 50 - 60 km/t. Dersom ein innfører fartsgrense 50 km/t kombinert til automatisk fartskontroll (fotoboksar), vil vi kunne tilrå ei slik kurve ut frå omsyn til trafikktryggleiken, men sidan dette er sterkt i strid med gjeldande fartsgrensekriterium, reknar vi eit slikt fråvik som lite aktuelt.
- Eit T-kryss slik det er vist her skal utformast med hjørneavrunding der radius er minimum 12 m. Her er skissert ei løysing med radius lik 5 m. Dette er det maksimale det er plass til viss ikkje fyllinga krysset ligg på, skal kome ned i vegsløyfa under som ligg 30 høgdemeter lågare. Med bruk av muring eller betongkonstruksjonar kan truleg radiusen aukast til 10 - 12 m. Dette er det ikkje teke høgde for i kostnadsoverslaget. Vi er usikre på om det er tilrådeleg å gje slikt fråvik mellom ein ny riksveg og eksisterande veg som vil vere nasjonal turistveg med ein god del trafikk i sommarhalvåret.
- Krav til sikt i krysset er 10 * 1,2 * stoppsikt. Stoppsikt i 80 km/t er 127 m ved 6 % fall på vegen dvs. at ein 10 m inn i krysset skal sjå 153 m langs riksvegen i begge retningar. Dette medfører at siktsona her går noko inn i tunnelen og rekkverket nedom krysset må tilpassast ei slik siktsone. Det bør vere mogleg å få til slik at vi vil kunne tilrå fråvik.
- Venstresving frå ny rv. 15 til gamlevegen er ein situasjon med mange konfliktpunkt og difor høg risiko. T-kryss slik det er vist her burde vore utforma med øy i sideveg og venstresvingefelt (i alle fall passeringslomme). Øy i sideveg er vanskeleg å få til sjølv med bruk av muring eller betongkonstruksjonar. Venstresvingefelt / passeringslomme vil vere uforsvarleg å etablere i ei kurve med horisontalradius 90 m. Denne kryssutforminga vil difor føre til alvorlege kryssulukker fordi dei som skal til venstre inn på gamle Strynefjellsveg vil skape kø inn i tunnelmunninga. Sidan dette er ein lang tunnel med langt samanhengande fall (14 km med 3 - 5 % fall), vil det komme til å skje alvorlege ulukker både i krysset og i tunnelmunninga på grunn av påkøyring bakfrå. Vi vil fråråd at det vert gjeve fråvik for slik kryssutforming slik det er vist her.

Det må også nemnast at alternativet vil vere krevjande anleggsteknisk. Løysinga vil krevje 15 - 20 m høge fjellskjeringar på oversida av vegen og sidan det er 80 m frå vegen ned til botn av juvet nedanfor Øvstefossen, er det stor risiko for at eksisterande veg vil kunne rase ut å bli stengt i lang tid.

Vi har teikna ut alternativet på same kartgrunnlag som dei andre alternativa i revidert tilleggsutgreiing. Vi har gjort ei kostnadsvurdering av alternativet med dei same prisane som er brukt i anslaget i tilleggsutgreiinga. Vi kom då fram til ein kostnad på kr. 2,9 mrd. kr. Ein

704

eventuell arm til Geiranger vil bli som for fleire av dei andre alternativa på om lag 1, 6 - 1,7 mrd.kr.
Alternativet vil ha måloppnåing på same nivå som for alternativ B3, men er noko betre når det gjeld å fjerne stigningsproblema frå Skora til Ospelitunnelen sidan stigninga vert redusert frå 300 høgdemeter til 250 høgdemeter.

Konklusjon:
Utforming av kryss og nærleik til tunnelmunning, gjer at vi ikkje kan tilrå at det blir gjeve fråvik frå vegnormalane for alle dei fråvika som er lista opp ovanfor. Løysinga må difor forkastast sidan den vil vere uforsvarleg å etablere. Jamvel med redusert fart til 60 km/t og automatisk trafikkontroll, vil systemet vere så dårleg utforma at det vil kunne medføre dødsulukker.

Alternativ B4 med tunnel ved Jøl bru
Alternativet er det same som for alternativet med påhogg ved Øvstefossen bru, men påhogget er flytta noko lengre mot Stryn (dvs. vestover) og ligg 270 moh. Sidan traséane er om lag like, har vi ikkje laga eige kart for dette.
For dette alternativet er det gjort følgjande geologisk vurdering i vedlegg 2:

> *«I rapportens del 1 er det beskrive kort om berggrunnen ved Jøl bru og skredfaren i nærliggande områder (kapittel 4.1, 4.2 og 6). Påhogget er tenkt på nordaust sida av juvet ved Jøl bru, som er eit område med bratt terreng, noko tynn morene og skredmateriale (ref.6). Veg i dagen må krysse juvet før ein går inn i påhogg, noko som kan vere utfordrande. Dette blant anna med tanke på uviss stabilitet i berggrunn for brufundament. Ura nordaust for juvet går opp mot bratte hamrar før fjellsida stig bratt vidare opp Ospelifjellet. Det er ei registrering på stein frå skjering rett sør for påhoggsområdet (NVDB), men ingen i området for eksisterande bru. Her fangar truleg juvet opp skred. Det vurderast til å vere fare for steinsprang og steinskred i det tenkte påhoggsområdet, grunna relativt oppsprukke berggrunn med slepper og bratt skrentete berg i bakkant av området. Det vurderast å ville vere krevjande å oppretthalde god HMS under anleggsdrift,i tillegg til at det truleg ikkje er eit gunstig område i forhold til trafikk på eksisterande veg under oppstart av eit anlegg. Dette alternativet anbefalast ikkje, hovudsakelig med tanke på skredfare i påhoggsområdet.»*

Ein slik geologisk vurdering som rår i frå alternativet både med omsyn til steinsprangfare for dei vegfarande, problem med HMS i byggjeperioden og ustabil berggrunn for brufundament, gjer at vi ser dette som eit uaktuelt alternativ å gå vidare med. Men vi har gjort ei vegteknisk vurdering og ei kostnadsvurdering med oppdaterte prisar slik at alternativet kan vurderast dersom ein vel å sjå vekk frå geologitilhøva.

Skissa nedanfor viser ei kryssløysing som er det næraste vi klarar å få til eit kryss og ein tunnel frå Jøl bru. Dersom vi ser vekk frå HMS i byggjeperioden, vil det vere mogleg å bygge eit rasoverbygg over elva som vil gje fullgod sikring mot steinsprang for trafikken på vegen (vist med skravur på skissa). Dette er det teke omsyn til i kostnadsoverslaget.

705



Det er fleire avvik i utforminga i høve krav som er gitt i vegnormalane. Vegdirektoratet må i tilfelle gje følgjande fråvik dersom denne løysinga skal kunne byggjast:

- Krav til stigning i kryssområde er maks 5 %, her er stigninga på eksisterande veg mellom 5 og 6 %. Dette er ikkje noko stort avvik og vi vil kunne tilrå at ein vurderer fråvik.
- Avstand frå tunnelopning til midtpunktet av forkøyrsregulerte T-kryss skal vere minst 2 ganger stoppsikt dvs. 254 m i dette tilfellet. Slik det er teikna her er det i underkant av dette, men dette let seg løyse i seinare detaljplanlegging.
- Eit T-kryss slik det er vist her skal utformast med hjørneavrunding der radius er minimum 12 m. Her er skissert ei løysing med radius 5 m. Dette er det maksimale det er plass til viss vi ikkje skal kome ut i juvet (som på dette punktet er om lag 50 m djupt). Vi er usikre på om det er tilrådeleg å gje slikt fråvik mellom ein ny riksveg og eksisterande veg som vil vere nasjonal turistveg med ein god del trafikk i sommarhalvåret.
- Krav til sikt i krysset er 10 * 1,2 * stoppsikt. Stoppsikt i 80 km/t er 127 m ved 6 % fall på vegen dvs. at ein 10 m inn i krysset skal sjå 153 m langs riksvegen i begge retningar. Dette kan vere mogleg å få til, men det føreset at det ikkje er rekkverk mellom ny og gammal rv. 15. Sidan ny og gammal veg ligg like ved kvarandre for å unngå å komme ut i juvet, er vi usikre på om det er tilrådeleg å sløyfe rekkverk mellom vegane her.
- Venstresving frå ny rv. 15 til gamlevegen, er ein situasjon med mange konfliktpunkt og difor høg risiko. T-kryss slik det er vist her burde vore utforma med øy i sideveg og venstresvingefelt (i alle fall passeringslomme). Øy i sideveg er uråd å få til i kryss med så liten hjørneavrunding og venstresvingefelt / passeringslomme vil vere svært krevjande å få til i så sidebratt terreng. Denne kryssutforminga vil difor føre til alvorlege kryssulukker fordi dei som skal til venstre inn på gamle Strynefjellsveg kan skape kø inn i tunnelmunninga. Sidan dette er ein lang tunnel med langt samanhengande fall (14 km med 3 - 5 % fall), vil det komme til å skje alvorlege ulukker både i krysset og i tunnelmunninga på grunn av påkøyring bakfrå. Vi vil fråråd at det vert gjeve fråvik for slik kryssutforming slik det er vist her.

I tillegg må det nemnast at også dette alternativet vil vere svært krevjande anleggsteknisk. Løysinga vil krevje 25 - 30 m høge fjellskjeringar på oversida av vegen og sidan det er 50 m

706

frå vegen ned til botn av juvet, er det stor risiko for at eksisterande veg vil kunne rase ut å bli stengt i lang tid.

Det er naturlegvis eit alternativ å flytte veglinja lengre frå juvet (mot nord), men då må vegen forlengast ned mot Skåre for å få tilfredsstillande stigning fram til samankopling med eksisterande veg. Tilsvarande kan tunnelen forlengast under Jølelva, men då må tunnelen flyttast lengre mot nord for å få tilfredsstillande fjelloverdekning og stigning under 5%. Alternativet går då i retning av alternativ B1 når det gjeld utforming.
Vi har teikna ut alternativet på same kartgrunnlag som dei andre alternativa med tunnelinnslag ved Øvstebrufossen, men tunnellengda på riksvegtunnelen er relativt like i dei to alternativa (300 - 500 m lengre tunnel til Jøl bru pga ekstra høgdeskilnad som må kompenserast).

Vi har gjort ei kostnadsvurdering av alternativet med dei same prisane som er brukt i anslaget. Vi kom då fram til ein kostnad på kr. 3,2 mrd. kr. Ein eventuell arm til Geiranger vil bli som for fleire av dei andre alternativa på om lag 1,6 - 1,7 mrd.kr.

Alternativet vil ha god måloppnåing når det gjeld å fjerne skredproblema frå Napefonna og Gotiskarfonna. Alternativet vil ha delvis måloppnåing når det gjeld å fjerne stignings-problema mellom Skora og Ospelitunnelen sidan stigning vert redusert frå 300 høgdemeter til 100 høgdemeter.

Konklusjon:
Utforming av kryss og nærleik til tunnelmunning, gjer at vi vil fråråd denne løysinga ut frå veg- og trafikktekniske omsyn. Men dersom ein aksepterer høgare risiko og ein del alvorlege ulukker i krysset og i tunnelmunninga, kan løysinga aksepterast. For å redusere risikoen for ulukker, kan ein i tillegg innføre redusert fartsgrense 60 km/t (inkl. automatisk fartskontroll med fotoboksar), noko som vi vurderer som eit uaktuelt tiltak på ein ny veg.
Men alternativet kan ikkje aksepterast ut frå fare for steinsprang i byggjeperioden. Sidan det ikkje vil vere mogleg å få til ein akseptabel HMS for byggjearbeida, held vi fast på at løysinga må forkastast.

707

Alternativ B3 med direktetunnel frå Ospelitunnelen til Langvatnet i Breiddalen

I revidert tilleggsutgreiing har vi også forkasta eit alternativ som går frå Ospeli ved tunnelinnslaget i sørenden av dagens Ospelitunnel og til Lægervatn. Dette vil gje ein tunnel på om lag 11 km. I revidert tilleggsutgreiinga sa vi at løysinga ikkje gjer det mogleg å tilfredsstille føringane når det gjeld skredproblem på strekninga (Napefonna, Gotiskarfonna) eller med å fjerne stigningsproblema frå Skora opp til Ospelitunnelen for å få akseptabel framkomst for tungtrafikken. Det vil også vere utfordrande å få til kryss med dagens rv. 15 og fylkesveg 258 over gamle Strynefjell. Alternativet vart difor forkasta på grunn av manglande måloppnåing og vanskeleg terreng med omsyn til kryssutforming ved sørenden av Ospelitunnelen.



Vi ser at grunnlaget for å forkaste denne løysinga er mindre klart og har difor også vurdert dette på nytt saman med alternativ B4. Vi har gjort ei veg- og trafikkteknisk vurdering og ei kostnadsvurdering med oppdaterte prisar slik at alternativet kan vurderast meir detaljert.

708

Skissa til høgre viser ei kryssløysing med ny bru /rasoverbygg som koplar på eksisterande tunnel til ny rv. 15. Ny rv. 15 brukar eksisterande bru og starten av eksisterande tunnel. Dette fordi vi vurderer det som uråd å etablere eit nytt påhogg aust for eksisterande tunnelpåhogg ut frå topografiske forhold og konflikt med gamle Strynefjellsveg.



Det er naturlegvis også mogleg at ny. rv. 15 vert lagt vest for eksisterande bru og tunnelpåhogg, men dette vil krevje at tunnelane må krysse kvarandre noko som er lite gunstig ut frå stigningstilhøva i den nye tunnelen. Detaljutforminga her kan avklarast i seinare planfasar.

Det er også her fleire avvik i utforminga i høve krav som er gitt i vegnormalane. Vegdirektoratet må i tilfelle gje følgjande fråvik dersom denne løysinga skal kunne byggjast:

- Avstand frå tunnelopning til midtpunktet av forkøyrsregulerte T-kryss skal vere minst 2 ganger stoppsikt dvs. 230 m i dette tilfellet. Slik det er teikna her er avstanden 120 m. Dette er eit vesentleg fråvik som vi ikkje vil kunne tilrå ut frå omsyn til tryggleiken i krysset. Men situasjonen her er likevel langt betre enn ved Øvstebrufossen sidan både horisontalkurvatur og stigning er tilfredsstillande.
- Eit T-kryss slik det er vist her skal utformast med hjørneavrunding der radius er minimum 12 m. Her er skissert ei løysing med radius 5 m. Dette er det maksimale det er plass til viss ikkje fyllinga krysset ligg på, skal kome ned i vegsløyfa under som ligg 20 høgdemeter lågare. Med bruk av muring eller betongkonstruksjonar kan truleg radiusen aukast til 10 - 12 m. Dette er det ikkje teke høgde for i kostnadsoverslaget. Sidan dette vert avkøyring berre til gamlevegen til Skjerdingsdalen og Grasdalen med svært avgrensa trafikk, vil vi tru det kan vere forsvarleg å gje fråvik for ei slik løysing. Ei anna løysing er å flytte krysset inn i Oppljostunnelen eller å innføre lysregulering i sideveg for dei få køyretøya som kjem gamlevegen. Ulempa med lysregulering vil vere opphoping av kø inn i tunnelmunninga på ny rv. 15. Detaljert løysing må avklarast i seinare planfasar, men bør vere mogleg å løyse.
- Krav til sikt i krysset er 10 * 1,2 * stoppsikt. Stoppsikt i 80 km/t er 115 m (utan fall på rv.15) dvs. at ein 10 m inn i krysset skal sjå 138 m langs riksvegen i begge retningar. Dette medfører at siktsona her går noko inn i tunnelen og rekkverket ovanfor krysset må tilpassast ei slik siktsone. Det bør vere mogleg å få til slik at vi vil kunne tilrå fråvik.
- Venstresving frå ny rv. 15 til gamlevegen, er ein situasjon med mange konfliktpunkt og difor høg risiko. Sidan det er svært avgrensa med trafikk til sidevegen her, bør det vere tilrådeleg å gje fråvik for eventuelt krav om øy i sideveg. Her vil behovet for venstresvingefelt / passeringslomme også vere langt mindre, men det vil vere mogleg å få til ei passeringslomme utan store kostnader. Risikoen med venstresving vil også vere langt mindre sidan dei venstresvingane på rv. 15 køyrer i slak stigning oppover.

Også her må det nemnast at alternativet vil vere krevjande anleggsteknisk. Løysinga vil krevje etablering av tunnelpåhogg i ei bratt fjellside, men sidan dette er gjort i området tidlegare, reknar vi med dette er mogleg å få til, men kanskje ikkje akkurat slik det er vist på skissa ovanfor.

Rv. 15 over Strynefjellet er verna av riksantikvaren. Det må difor avklarast om det vil vere mogleg å etablere eit nytt tunnelpåhogg så nær eit verneobjekt. Dette er nærare omtala på side 6 i eige notat om kulturmiljø og kulturminne.

Vi har teikna ut alternativet på same kartgrunnlag som dei andre alternativa i revidert tilleggsutgreiing.

Vi har gjort ei kostnadsvurdering av alternativet med dei same prisane som er brukt i anslaget i tilleggsutgreiinga. Vi kom då fram til ein kostnad på kr. 2,5 mrd. kr. Ein eventuell arm til Geiranger vil bli som for fleire av dei andre alternativa på om lag 1, 6 - 1,7 mrd.kr.

709

Alternativet vil ha måloppnåing på same nivå som for alternativ B3, men er noko betre når det gjeld konsekvens for landskapsbilde og kulturminne og kulturmiljø i Skjerdingsdalen . Også for dette alternativet, vil det vere aktuelt å redusere fartsgrensa til 60 km/t for å redusere risikoen i kryssområdet.

Konklusjon: Utforming av kryss og nærleik til tunnelmunning og konflikt med freding av gamle Strynefjellsveg, gjer at vi held fast på at denne løysinga vert forkasta.

Oppsummering

Kostnader

Sidan vi forstår at bakgrunnen for å vurdere dei forkasta alternativa på nytt er å finne fram til rimelegare løysingar, har vi sett saman alle kostnadstala i tabellen nedanfor.

	B1	B2	0+	B2 red.	B3	B3 direkte tunnel	B4 Jøl bru	B4 Øvste-brufoss
ANSLAG 15.12.15, avrunda til nærmaste 50-mill.kr	3 850	4 700	300 *)	2 600	2 800	2 500	3 200	2 900

*) Fråtrekt snøoverbygg i Grasdalen (250 - 300 mill. kr).

Usikkerheiten i overslaga er som tidlegare +/- 40 %. Det vil seie at for eit overslag på 3 mrd. kr vil kostnaden ligge mellom 1,8 - 4,2 mrd. kr.
Kostnad for fv. 63 Arm til Geiranger er for alle alternativa 1,6 - 1,7 mrd. kr i tillegg. Også for desse er usikkerheiten +/- 40 % slik at kostnaden vil ligge mellom 1,0 og 2,4 mrd. kr.

Tilråding

Dei forkasta alternativa er noko rimelegare enn nokre av dei andre alternativa. Men vi kan ut frå skredfare og veg- og trafikktekniske omsyn, ikkje tilrå nokon av dei forkasta alternativa. Valet står mellom å utbetre eksisterande tunnelar eller å byggje nytt. Med dei målsettingane som er gjevne for prosjektet, held vi difor fast på vår tilråding om B1.

710

Handsaming:
Ordføraren kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting (27 røysteføre):

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 24.11.2016
Saka vert utsett.

Handsaming:

Hild Våge kom med framlegg om Oddny Vatnehol og Svein Arnesen som møtefullmektig.
Åshild Vik kom med framlegg om Sindre Kvangarsnes som møtefullmektig.

Hild Våge kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting:

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Valnemnda - 24.11.2016

Saka vert utsett.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Sonja Håvik	Arkivsak nr.:	2015/2353
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
18/16	Valnemnda	24.11.2016
154/16	Kommunestyret	24.11.2016
19/16	Valnemnda	15.12.2016
	Kommunestyret	

VAL AV MØTEFULLMEKTIG I FORLIKSRÅDET FOR PERIODEN 01.01.17-31.12.20.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vel følgjande …… og ……. som møtefullmektig i forliksrådet for perioden 01.01.17-31.12.20.

Vedleggsliste:
Informasjon – møtefullmektig i forliksrådet.

Uprenta saksvedlegg:
Forskrift om forliksrådene: https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2005-12-16-1521

Saksopplysningar/fakta:
Etter forliksrådforskriften, 16. desember 2005 §3, skal det vere eit utval av faste møtefullmektigar i kvart forliksråd. Møtefullmektigane vert oppnemnd av kommunen for inntil fire år av gongen. Tal på møtefullmektigar skal tilpassast kommunen sitt innbyggjartal, som eit minimum skal det vere tre medlemer i utvalet. Volda kommune har tidlegare hatt tre møtefullmektigar: Oddny Vatnehol, Solfrid Teigen og Ove Bjerkvik.

Ove Bjerkvik og Solfrid Teigen ynskjer ikkje attval i vervet som møtefullmektig neste periode.

Forliksrådforskrifta har følgjande vilkår for den som skal veljast:
- Må vere over 25 år
- Ha alminneleg god samfunnsmessig kunnskap
- Beherske godt skrifteleg og munnleg norsk språk

- Vere upartisk – dette vil seie at medlemene i utvalet skal vere uavhengig av andre interesser enn partens, slik at deira handlingar ikkje vert påvirka av uvedkommande omsyn, herunder eigne interesser.

Justis- og politidepartementet legg til at det er ein fordel at den som vert oppnemnd til utvalet har kunnskap om forliksrådet si verksemd.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ingen

Økonomiske konsekvensar:
Ingen

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Servicekontoret for vidare arbeid

INFORMASJON OM Å VÆRE
MØTEFULLMEKTIG I FORLIKSRÅDET

Det skal være et utvalg av faste møtefullmektiger ved hvert forliksråd, i henhold til forskrift om forliksrådene av 16. desember 2005 § 3.

Om møtefullmektigen
Møtefullmektigene oppnevnes av kommunen hvert fjerde år. Flere kommuner kan gå sammen om et felles møtefullmektigutvalg. En møtefullmektig behøver ikke være bosatt i kommunen. I spørsmålet om en part har møteplikt kan sekretariatet gi veiledning om bestemmelsene i tvisteloven §§ 6-6 og 6-7, men avgjørelse på dette punkt hører under forliksrådet. Sekretariatet skal til enhver tid ha en oppdatert oversikt med navn og kontaktinformasjon på møtefullmektigene og skal gi parter som ønsker å benytte møtefullmektig, nødvendig veiledning slik at parten kan kontakte en fullmektig.

Som fast møtefullmektig kan oppnevnes enhver person som er over 25 år med alminnelig god samfunnsmessig kunnskap og som godt behersker skriftlig og muntlig norsk språk, jf. forliksrådsforskriften § 3 annet ledd. Det anses å være en fordel at de som oppnevnes, har noe kunnskap om forliksrådets virksomhet. Møtefullmektigen bør kunne få veiledning om forliksrådets virksomhet og forliksrådsbehandlingen ved å henvende seg til det aktuelle forliksråd og sekretariat. Informasjon finnes også på www.regjeringen.no

Møtefullmektigens forhold til parten
Det er viktig å understreke at møtefullmektigen i forliksrådsbehandlingen kun representerer den parten som oppdraget kommer fra. Ved oppnevningen skal møtefullmektigene gjøres kjent med at de i den enkelte sak skal være uavhengig av andre interesser enn partens slik at deres handlinger ikke påvirkes av utenforliggende hensyn.

Møtefullmektigens ansvar knyttes til fullmakten. I forbindelse med en fullmakt foreligger det et oppdrag mellom en oppdragsgiver og en fullmektig. Fullmektigens ansvar går konkret ut på at en fullmektig som har påtatt seg et oppdrag fra en fullmaktsgiver, er bundet av de rammer som oppdraget gir. Det er viktig at det på forhånd avklares mellom parten og møtefullmektigen hva fullmakten innebærer og hvor langt møtefullmektigen kan strekke seg for eventuelt å få til et forlik under meklingen. I enkelte tilfeller kan det være hensiktsmessig at en slik fullmakt gjøres skriftlig, men det er ikke noe krav om dette. Fullmektigen kan ikke gå ut over fullmaktens rammer. Fullmektigen er bundet av fullmakten og vil kunne pådra seg erstatningsansvar ved å gå ut over fullmakten. Det vil være den konkrete fullmaktens rekkevidde som er avgjørende. Parten har selv et ansvar for å være tydelig overfor møtefullmektigen om hvor langt fullmakten går, og hva han ønsker oppnådd ved forliksrådsbehandlingen. Dersom parten ikke oppfyller dette ansvaret, må møtefullmektigen på eget initiativ ta spørsmålet opp med parten. Fullmaktsforholdet bør avklares i god tid før møtefullmektigen skal møte i forliksrådet.

Det er også viktig å merke seg at det er forskjell mellom fullmektigens såkalte legitimasjon og selve fullmaktens rekkevidde. En møtefullmektig som opptrer i forliksrådet har utad full adgang til å binde fullmaktsgiveren dersom annet ikke konkret fremgår av fullmakten. Fullmektigen er på denne måten legitimert til å binde oppdragsgiveren. Fullmektigens handling eller opptreden i forliksrådet vil være avgjørende for fullmaktsgiverens plikter i etterkant av møtet. Det innebærer at fullmektigen kan nedlegge påstand og inngå forlik.

Møtefullmektigen må sørge for å få alle relevante dokumenter fra parten og på forhånd sette seg godt inn i disse.

Møtefullmektigens opptreden i forliksrådet
Møtefullmektigen skal av parten få en skriftlig møtefullmakt som legges frem for forliksrådet. Av denne skal det gå frem at møtefullmektigen har anledning til å møte på vegne av parten. Under forliksrådsbehandlingen må møtefullmektigen hele tiden være klar over at han/hun representerer partens interesser. Møtefullmektigen har ikke anledning til å gå utover partens påstander uten at parten har samtykket til dette. Møtefullmektigen har heller ikke anledning til å inngå forlik uten partens samtykke. Dersom parten har gitt møtefullmektigen fullmakt til å inngå forlik, må innholdet av forliket være i overensstemmelse med partens ønsker.

Dersom møtefullmektigen opptrer i strid med partens interesser, kan parten holde møtefullmektigen ansvarlig for dette.

Godtgjørelse
Godtgjørelse til møtefullmektig er ½ av rettsgebyret og dekkes av vedkommende part selv. Det kan legges ned påstand i forliksrådet om at dette er en sakskostnad som kreves dekket av motparten, men parten er alltid ansvarlig for selv å gjøre opp med fullmektigen.

Forliksrådets opptreden i forhold til møtefullmektigen
Det er viktig at forliksrådet skjønner ansvaret fullmektigen kan påta seg og ikke presser en fullmektig til å gå lenger enn det denne har anledning til. Det er imidlertid uheldig om det møter fullmektiger i forliksrådet som ikke har anledning til å inngå forlik. Forliksrådet kan i henstille til fullmektigen om å få en utvidet fullmakt. Det ikke noe i veien for at en fullmakt kan utvides muntlig under møtet slik at fullmektigen faktisk kan gå lenger enn det fullmakten opprinnelig ga anledning til. Men forliksrådet kan ikke avvise en fullmektig som ikke har adgang til å inngå forlik eller bare inngå forlik av en bestemt art. En fullmektig med fullmakt, om enn begrenset, vil oppfylle fullmaktgiverens møteplikt og kan kreve dom, jf. tvisteloven § 6-10 eller be om innstilling av saken, jf. tvisteloven § 6-11.

SFN 9. desember 2014

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

NOTAT

Valnemdna

Sak: Lagrettemedlemmer og meddommere samt skjønnsmedlemmer og forliksråd for perioden 2017-2020

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2015/2353	*14106/2016*	*033*	*SVK/INGJOH*	*08.12.2016*

GODTGJERSLE TIL MØTEFULLMEKTING OG LØN UNDER OPPLÆRING AV MØTEFULLMEKTIGE

På møte i valnemnd 24. november 2016 blei det stilt følgjande spørsmål

- Er det korrekt at møtefullmektig ikkje får løn under opplæring?
- Får møtefullmektig møtegodtgjersle?

Administrasjonen har undersøkt dette, og finn at det ikkje er organisert ei eiga opplæring for møtefullmektige, men møtefullmektigen må vende seg til det aktuelle forliksråd/sekretariat for å få rettleiing om forliksrådet si verksemd og forliksrådshandsaminga.

Når det gjeld godtgjersle til møtefullmektig så skal den dekkast av den part som nyttar møtefullmektigen. Det kan leggast ned ein påstand i forliksrådet om at dette er ein sakskostnad som blir kravd dekt av motparten, men parten er alltid ansvarleg for sjølv å gjere opp med fullmektigen.

Med helsing

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Vedlegg: Informasjon om å vere møtefullmektig

INFORMASJON OM Å VÆRE
MØTEFULLMEKTIG I FORLIKSRÅDET

Det skal være et utvalg av faste møtefullmektiger ved hvert forliksråd, i henhold til forskrift 21. desember 2007 nr. 1605 til tvisteloven (tvistelovforskriften)

Om møtefullmektigen
Møtefullmektigene oppnevnes av kommunen for inntil fire år om gangen. Møtefullmektigene har i utgangspunkt til oppgave å møte for parter uten personlig møteplikt i forliksrådet der parten ber om å bli representert av en møtefullmektig. I spørsmålet om en part har møteplikt kan sekretariatet gi veiledning om bestemmelsene i tvisteloven §§ 6-6 og 6-7, men avgjørelse på dette punkt hører under forliksrådet. Sekretariatet skal til enhver tid ha en oppdatert oversikt med navn og kontaktinformasjon på møtefullmektigene og skal gi parter som ønsker å benytte møtefullmektig, nødvendig veiledning slik at parten kan kontakte en fullmektig.

Som fast møtefullmektig kan oppnevnes enhver person som er over 25 år med alminnelig god samfunnsmessig kunnskap og som godt behersker skriftlig og muntlig norsk språk, jf. tvistelovforskriften § 3 annet ledd. Det anses å være en fordel at de som oppnevnes, har noe kunnskap om forliksrådets virksomhet. Møtefullmektigen bør kunne få veiledning om forliksrådets virksomhet og forliksrådsbehandlingen ved å henvende seg til det aktuelle forliksråd og sekretariat.

Møtefullmektigens forhold til parten
Det er viktig å understreke at møtefullmektigen i forliksrådsbehandlingen kun representerer den parten som oppdraget kommer fra. Ved oppnevningen skal møtefullmektigene gjøres kjent med at de i den enkelte sak skal være uavhengig av andre interesser enn partens slik at deres handlinger ikke påvirkes av utenforliggende hensyn.

Møtefullmektigens ansvar knyttes til fullmakten. I forbindelse med en fullmakt foreligger det et oppdrag mellom en oppdragsgiver og en fullmektig. Fullmektigens ansvar går konkret ut på at en fullmektig som har påtatt seg et oppdrag fra en fullmaktsgiver, er bundet av de rammer som oppdraget gir. Det er viktig at det på forhånd avklares mellom parten og møtefullmektigen hva fullmakten innebærer og hvor langt møtefullmektigen kan strekke seg for eventuelt å få til et forlik under meklingen. I enkelte tilfeller kan det være hensiktsmessig at en slik fullmakt gjøres skriftlig, men det er ikke noe krav om dette. Fullmektigen kan ikke gå ut over fullmaktens rammer. Fullmektigen er bundet av fullmakten og vil kunne pådra seg erstatningsansvar ved å gå ut over fullmakten. Det vil være den konkrete fullmaktens rekkevidde som er avgjørende. Parten har selv et ansvar for å være tydelig overfor møtefullmektigen om hvor langt fullmakten går, og hva han ønsker oppnådd ved forliksrådsbehandlingen. Dersom parten ikke oppfyller dette ansvaret, må møtefullmektigen på eget initiativ ta spørsmålet opp med parten. Fullmaktsforholdet bør avklares i god tid før møtefullmektigen skal møte i forliksrådet.

Det er også viktig å merke seg at det er forskjell mellom fullmektigens såkalte legitimasjon og selve fullmaktens rekkevidde. En møtefullmektig som opptrer i forliksrådet har utad full adgang til å binde fullmaktsgiveren dersom annet ikke konkret fremgår av fullmakten. Fullmektigen er på denne måten legitimert til å binde oppdragsgiveren. Fullmektigens handling eller opptreden i forliksrådet vil være avgjørende for fullmaktsgiverens plikter i etterkant av møtet. Det innebærer at fullmektigen kan nedlegge påstand og inngå forlik.

Møtefullmektigen må sørge for å få alle relevante dokumenter fra parten og på forhånd sette seg godt inn i disse.

Møtefullmektigens opptreden i forliksrådet
Møtefullmektigen skal av parten få en skriftlig møtefullmakt som legges frem for forliksrådet. Av denne skal det gå frem at møtefullmektigen har anledning til å møte på vegne av parten. Under forliksrådsbehandlingen må møtefullmektigen hele tiden være klar over at han/hun representerer partens interesser. Møtefullmektigen har ikke anledning til å gå utover partens påstander uten at parten har samtykket til dette. Møtefullmektigen har heller ikke anledning til å inngå forlik uten partens samtykke. Dersom parten har gitt møtefullmektigen fullmakt til å inngå forlik, må innholdet av forliket være i overensstemmelse med partens ønsker.

Dersom møtefullmektigen opptrer i strid med partens interesser, kan parten holde møtefullmektigen ansvarlig for dette.

Godtgjørelse
Godtgjørelse til møtefullmektig tilsvarer maksimalsatsen for møtegodtgjøring i henhold til tvisteloven § 6-13 første ledd bokstav a og e. Det er ½ R med tillegg av merverdiavgift. Godtgjøringen skal dekkes av den part som benytter møtefullmektigen. Det kan legges ned påstand i forliksrådet om at dette er en sakskostnad som kreves dekket av motparten, men parten er alltid ansvarlig for selv å gjøre opp med fullmektigen.

Forliksrådets opptreden i forhold til møtefullmektigen
Det er viktig at forliksrådet skjønner ansvaret fullmektigen kan påta seg og ikke presser en fullmektig til å gå lenger enn det denne har anledning til. Det er imidlertid uheldig om det møter fullmektiger i forliksrådet som ikke har anledning til å inngå forlik. Forliksrådet kan i henstille til fullmektigen om å få en utvidet fullmakt. Det ikke noe i veien for at en fullmakt kan utvides muntlig under møtet slik at fullmektigen faktisk kan gå lenger enn det fullmakten opprinnelig ga anledning til. Men forliksrådet kan ikke avvise en fullmektig som ikke har adgang til å inngå forlik eller bare inngå forlik av en bestemt art. En fullmektig med fullmakt, om enn begrenset, vil oppfylle fullmaktgiverens møteplikt og kan kreve dom, jf. tvisteloven § 6-10 eller be om innstilling av saken, jf. tvisteloven § 6-11.

SFN 14. november 2016

PS 181/16 Orienteringssaker

Orienteringssaker

OS 50/16 Flytting av brakker ved Engesetvegen 28

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kjell Magne Rindal	Arkivsak nr.:	2016/1422
		Arkivkode:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
50/16	Kommunestyret	15.12.2016

FLYTTING AV BRAKKER VED ENGESETVEGEN 28

Administrasjonen si tilråding:

Bustadmodulen i Engesetvegen 28 skal fjernast, tomt skal være attendeført og tilsådd innan 01.07.2017 etter godkjenning av bebuarar som grensar til bygget.

Vedlegg:
Referat frå møte med grannane til Engesetvegen 28.

Samandrag av saka

Bakgrunnen for saka er at det etter kommunestyret sitt vedtak vart sagt frå representantar frå grannar til Engesetvegen 28 for å signalisere at ein ville vere open for å drøfte ein tidsplan for fjerning av modulane. Kommunen har pressa økonomi, og administrasjonen fann det rett å drøfte denne opninga og få dette avklart. Formannskapet har signalisert at dette er fornuftig dersom det ligg føre dokumentasjon på ein tidsplan der ein kan unngå meirkostnader med mellomlagring og risiko for skade på bygningane.

Saksopplysningar

I 2013 vart det etablert midlertidige husvære i Engesetvegen 28 (tomt ved Gamle gymnas), etter vedtak i KS 25.10.2012, sak 133/12. Etter akutt behov ved avvikling av husværa Volda kommune leigde av helseføretaket. Helseføretaket melde at husværa var oppsagt med verknad frå 1. april 2013.

Kommunen v/eigedomsavdelinga søkte midlertidig dispensasjon for inntil 5 år for å plassere paviljong på tomt 18/22 og litt inn på18/14. Området er regulert til småhusbygging. For å redusere omfang av bygget vart det redusert frå 6 til 4 bueiningar.

Volda kommune gav den 12.02.13, under sak nr. 23/13, mellombels dispensasjon i inntil 5 år for plassering av midlertidige husvære på gnr. 18 bnr. 22. Vedtaket vart påklaga, og den 04.07.13 stadfesta fylkesmannen kommunen sitt vedtak, med den endring at dispensasjon vart gitt for inntil 3 år.

Dispensasjonen gikk ut på førsommaren (2016). Det har vore arbeidd med alternative bustadtilbod til bebuarane. Alle bebuarar i paviljongen er flytta ut, slik at kommunen ikkje lenger har buande personar no etter at dispensasjonen er gått ut.

Administrasjonen rådda til følgjande forslag til vedtak i K-sak 125/16:

«1. Kommunestyret godkjenner flytting av 4 mellombelse bustader i Engesetvegen 28 (ved Gamle gymnas) for re-etablering på kommunal tomt i Smalebakken/ Røyslidvegen.

2. Samla kostnad til flytting og oppattbygging er rekna til kr 3 750 000 inkl mva. og vert finansiert ved momkompensasjon kr 450.000 (del kommunal bustad 60%) og låneopptak kr 3.300.000.

Kapitalkostnadene er planlagt dekt ved auka leigeinntekter. Prosjektet vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan med desse føresetnadene.»

Kommunestyret vurderte saka og gjorde slikt vedtak:

«Den bustadsosiale sida av saka må utgreiast betre, kommunestyret ber såleis rådmannen om å leggje fram ei sak der dette vert fagleg vurdert.

- *Dei 4 bueiningane vert rivne straks og midlertidig lagra.*
- *Kostnaden ved rivinga vert å kome attende til i seinare løyvingssak*
- *Kva desse 4 bueiningane seinare skal nyttast til vil kommunestyret gjere vedtak om når den aktuelle saka frå rådmannen vert handsama.»*

I OS 186/16 i formannskapet vart det reist spørsmål kring naboar si innstilling til at kommunen kan bruke noko meir tid.

«*Dan Bjørneset reiste spørsmål om dei mellombelse bustadane i Engesetvegen på sist formannskapsmøte, den 15.11.16. I møtet fekk formannskapet informasjon om at eigarane av Gamle gymnas var positive til at dei mellombelse brakkene kan verte ståande til kommunen har klargjort kva dei skal brukast til. Dette meiner Dan Bjørneset ikkje er i samsvar med det han har fått opplyst i etterkant av møtet. Rådmannen informerte om at grannane og eigarane av Gamle gymnas vert kalla inn til møte, der spørsmålet vil verte drøfta.»*

Møte mellom naboar (alle som grensar til Engesetvegen 28) vart halde 05.12.2016, referat ligg vedlagt i saken. Det er vist stor velvilje frå naboar trass i belastninga det har vore å hatt bygget der i dei siste 3 åra. Naboar godtek at kommunen brukar noko meir tid på gjennomføring av flytting av brakker og attendeføring av tomt. Absolutt frist er sett til 01.07.2017 under føresetnad at tiltaket blir gjennomført sjølv om alternativ bruk ikkje er fastsett.

Vurdering og konklusjon

Vurdering av alternative lokasjonar for modulane vil verte arbeidd med i form av notat og prosess for formannskapet før saka vert lagt fram for endeleg handsaming i formannskap og kommunestyre.

Sjølv om dette er eit arbeid som må ha høg prioritet vil ein ha behov for litt tid til dette. Rådmannen synest det er fornuftig dersom ein kan unngå ekstraordinære kostnader med mellomlagring av bygningane, og samtidig unngå risiko for skade på bygga. Rådmannen vil derfor rå til at det vert arbeidd etter ein plan der ein flyttar bygningane direkte til ny byggjeplass innan seinast 1. juli 2017.

Økonomiske konsekvensar

Kommunestyret slepp å løyve ekstra pengar til mellombels flytting/lagring.

Rune Sjurgard	Kjell Magne Rindal
Rådmann	eigedomssjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Orienteringssak for kommunestyret 15. desember

VOLDA KOMMUNE
Eigedom

Besøksadr.: Stormyra 2, 6100 Volda
Telefon: 70058700
www.volda.kommune.no

Møtereferat

Møtestad:	Volda rådhus møterom 144 (A) (Voldsfjorden)
Møtedato/-tid:	Måndag 05.12.2016 – 1600-1700
Deltakarar:	Gnr/bnr 18/75 – Knut Hunnes, 18/65 – Odd Ragnar Hunnes, 18/22 Per Svein Krøvel, 18/16_234 – Svein Arnesen, 18/12 – Sverre Engeset Foldal, 18/376 – Martin Øye Barstad og 18/14_22 - Stiftelsen gamlegymnas Ikkje møtte: 18/112 – MRFK – Trond Hjelset, gitt uttalelse pr. e-post. 18/355 – Ottamarka burettslag v/ Knut Eliassen gitt muntlig uttalelse

DERES REFERANSE VÅR REFERANSE ARKIVNR JOURNALNR DATO

Møte kring flytting av brakker ved Engesetvegen 28

Følgjande innkalling til møtet var:

«Hei alle saman

Som de sikkert er kjent med skal brakkene ved Engesetvegen 28 skal flyttast vekk og området skal setjast attende til opphavlig stand.

I samband med dette ynskjer kommunen å komme i dialog med naboane, for diskusjon kring gjennomføring av flyttinga.

Vonar alle saman har høve til å stille på eit møte ***måndag 05.12.2016 kl 1600*** *på Volda rådhus, møterom A.»*

Innkalling vart sendt til alle bebuarar via e-post, det var ein kommentar til innkalling frå Per Svein Krøvel som trudde han ikkje hadde motteke denne, men fikk den gjennom stiftelsen. Eller ok innkalling.

Det vart gjort greie for historikk bak Engesetvegen 28, samt orientering om planar kommunen hadde for bustadane etter bruk der. Kommunestyret ynskjer at administrasjonen skal utgreie ny alternativ bruk. Brakkene skal uansett ikkje være på noverande plassering og området skal tilbakeførast.

Naboar vart orientert om at ein ynskjer ei uttale frå alle saman på korleis ein ser på tidsfrist kring flytting. Dette heng saman med at kommunen skal kunne flytte og finne alternativ bruk utan å måtte mellomlagre desse, grunnlag bak dette er økonomiske og praktiske forhold (klima/frost/snø osv)

Det vart orienter om at MRFK – ved rektor Trond Hjelset ikkje har innvendingar om lengre tid på flytting av brakkene no som dei står tomme. Det er heller ikkje merknad for at kommunen bruker lenger tid på flytting frå Ottamarka burettslag, dette med same grunngjeving.

Samla naboskap uttrykt frustrasjon over valet som var gjort med bygginga av brakkene og presiserte at dette har vore ei stor belastning. Ein er glad for at denne tida er over, det er godt å sjå at gangvegen igjen blir brukt. Samla synast naboar at det er ei akseptabel løysing at kommunen får frist til 01.07.2017 med fjerning og tilbakeføring av tomt. Kommunen takkar naboar for dette synet og viser til at denne moglegheita skyldast deira velvilje overfor kommunen.

Stiftelsen gamle gymnaset vil ta dette opp i eige styremøte og kjem attende til kommunen innan 09.12.2016

Dato
05.12.2016

Referent
Kjell-Magne Rindal
eigedomssjef

Denne e-posten vert å journalføre og leggje som vedlegg på saka om bygningane ved Engesetvegen. Dette betyr at saka kjem opp i formannskapet tysdag 13. desember og går vidare som orienteringssak for kommunestyret 15. desember.

MVh

Rune

Fra: Kjell Magne Rindal
Sendt: 7. desember 2016 13:25
Til: Rune Sjurgard
Emne: Vs: Vedr. brakkene ved Gamlegymnaset

Mvh
Kjell-Magne Rindal

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

-------- Opprinnelig melding --------
Fra: Kari Aslaug Hasle <kari.Hasle@hivolda.no>
Dato: 07.12.2016 12:56 (GMT+01:00)
Til: Kjell Magne Rindal <Kjell.Magne.Rindal@volda.kommune.no>
Ko: "Norleif Bjørneseth (norleif.bjorneseth@tussa.com)" <norleif.bjorneseth@tussa.com>, '"psk@vikorsta.no"' <psk@vikorsta.no>, sveinarnesen1948@gmail.com, benedikte@interiorarkitektane.no, 'Gunnar Andenes' <gunnar.andenes@gmail.com>, Eivind Olav Indresøvde <ei@hivolda.no>, Karen Brænne <karenb@hivolda.no>, '"oyvhund@gmail.com"' <oyvhund@gmail.com>
Emne: Vedr. brakkene ved Gamlegymnaset

Hei, og takk for sist!
Styret for stiftinga Gamlegymnaset i Volda har vedteke følgjande som tilbakemelding til Volda kommune på bakgrunn av orienteringsmøtet måndag 5. desember:
Styret for stiftinga Gamlegymnaset arbeider for at skulebygning og hage skal førast tilbake og haldast ved like til gagn for kulturlivet i Volda. Styret ønskjer å vidareføre det positive samarbeidet med Volda kommune, og aksepterer difor 1. juli 2017 som endeleg frist for at brakkene skal vere flytta og tomta ferdig opparbeidd og tilsådd.

Med vennleg helsing
Kari Aslaug Hasle
Telefon: 70 07 51 22 Mobil: 957 20 630
www.hivolda.no

DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Ordførar Stig Olav Lødemel
Hornindal kommune
Postboks 24
6761 Hornindal

Deres ref	Vår ref	Dato
	16/5095-2	6.12.2016

Kontakt med ein fylkesmann i prosessen knytt til etablering av ny kommune

Takk for e-post. Du tek opp ei utfordring og ein mogeleg tidstjuv for den nye kommunen etter samanslåing av Hornindal og Volda. Eg er samd med deg; det er verken ynskjeleg eller formålstenleg at den nye kommunen skal måtte avklare utfordringar/problemstillingar knytt til samanslåingsprosessen med to fylkesmenn etter at Stortinget har fatta vedtak.

Departementet har vore i kontakt med fylkesmannen i Møre og Romsdal og fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Etter stortingsvedtaket vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal vere rett fylkesmann for Hornindal/Volda i spørsmål som gjeld samanslåing. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ynskjer å vere orientert om samanslåingsprosessen fram til 2020. Korleis den dialogen bør vere, ber eg fylkesmennene om å avklare, i dialog med dykk.

Å endre ansvarleg fylkesmann i anna arbeid retta mot kommunar, vil krevje ein større og meir omfattande prosess. Kontakta mellom dei to embeta og Hornindal og Volda i saker som klagesakshandsaming, tilsyn, beredskap, plan- og arealforvaltning med vidare, må i utgangspunktet følgje same line som i dag fram til ny kommune er på plass i 2020.

Dagens fylkesmannsstruktur er òg til vurdering. Regjeringa tek sikte på å fastsette ein ny fylkesmannsstruktur med verknad frå 1. januar 2019. I samband med denne prosessen, vil eg òg sjå nærare på embetstilknyting for kommunane. I perioden fram til ny fylkesmanns- og kommunestruktur gjeld, vil eg be dei to embeta ha særleg merksemd om utfordringar og leggje til rette for gode løysingar i dialog og samhandling med Hornindal og Volda.

Postadresse: Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo
Kontoradresse: Akersg. 59 Telefon: 22 24 68 00 Telefaks: 22 24 27 40
Org. nr.: 972 417 858

Eg ynskjer lukke til med arbeidet!

Med helsing

Jan Tore Sanner

Kopi:
Volda kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

KOPI

Se vedlagte saksdokumenter.

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

NOTAT

Formannskapet

Sak: Grendalag: organisering og oppgåver

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2016/1849	*13817/2016*	*020*	*SVK/INGJOH*	*29.11.2016*

GRENDALAGA: ORGANISERING OG OPPGÅVER

Viser til vedtak i kommunestyret 25.08.2016, sak PS 99/16, der det vart gjort slikt vedtak:

> ***Volda kommune godkjenner val av nye medlemer og varamedlemer for grendautvala for 2016.***
>
> ***Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det. Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.***
>
> ***Kommunestyret ber formannskapet om å legge strategi for styrking av grendalaga og kontakten med disse.***

Det har ikkje vore nok kapasitet i haust til å kunne få gjort det arbeidet som er nødvendig for å lage ei utredning om korleis grendelaga si rolle kan styrkast, og korleis ein kan sikre betre kontakt mellom dei og Volda kommune. Det bør også vurderast om organiseringa av grendalaga skal sjåast i samanheng kommunereformarbeidet Volda-Hornindal.

Ein prosess om styrking av grendalaga og kontakten med desse vil derfor bli sett i gang til vinteren og med sikte på ei sak før sommaren 2017.

Med helsing

Rune Sjurgard
rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Kopi:
Kommunestyret

VOLDA KOMMUNE

NOTAT

Til kommunestyret

Sak: Interne prosessar - organisering, delegering og styringssystem - politisk organisering

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2012/536	*13175/2016*	*031*	*ADM/ASBMOL*	*14.11.2016*

INTERNE PROSESSAR - ORGANISERING, DELEGERING OG STYRINGSSYSTEM - POLITISK ORGANISERING - UTSETT IVERKSETJING.

Viser til vedtak i kommunestyret den 25.08.2016, sak PS 95/16, der det vart gjort slikt vedtak:

1. ***Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:***
   a. ***Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)***
   b. ***Tenesteutval for barn og kultur (TOK)***

   Utvala skal ha sju medlemer pluss varamedlemer.
   I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.
   Endringa skjer frå 01.01.2017

2. ***Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.***

For at vi skal få dei nye Tenesteutvala til å fungere etter intensjonane (jfr. ovannemnde sak), er vi avhengige av at kommunestyret får gjort endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket.

I tillegg må kommunestyret velge medlemer og varamedlemer til begge Tenesteutvala.

Rådmannen og staben har i haust ikkje hatt kapasitet til å kunne få gjort det arbeidet som trengst for å få dei nye tenesteutvala opp å gå slik intensjonen er. Rådmannen ser det slik og ber om at iverksetjinga av ovannemnd vedtak må utsetjast inntil ein får utarbeidd reglement og delegering som fylgje av vedtaket . Vonaleg vil det skje i løpet av 1. halvår 2017 og ein vil i samband med sak då, kome med framlegg om ny iverksetjing av vedtaket.

Med helsing

Asbjørn Moltudal
rådgjevar

PS 182/16 Delegerte saker frå avdelingane

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 182/16 Løyve til tiltak, støttemur Gbr 18/178

DS 183/16 Løyve til tiltak, plastring av fjøre Gbr 3/5

DS 184/16 Igangsettingsløyve Gbr 19/877

DS 185/16 Løyve til tiltak, planering av område Gbr 6/4

DS 186/16 Ramme og- igangsettingsløyve, stadionparken Gbr 30/337

DS 187/16 Ferdigattest Gbr 30/8

DS 188/16 Ferdigattest Gbr 19/559

DS 189/16 Ferdigattest, tilbygg Gbr 18/148

DS 190/16 Ferdigattest, påbygg Gbr 20/36

DS 191/16 Løyve til tiltak, veg/parkering Gbr 35/3